HERØY KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Kommunestyret |
| **Møtestad:** | Kommunestyresalen Herøy rådhus |
| **Dato:** | 30.04.2015 |
| **Tid:** | 16:30 |

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 23.04.2015

Arnulf Goksøyr
ordførar

**SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 40/15 | Godkjenning av innkalling og sakliste. |
| PS 41/15 | Protokoll frå førre møte. |
| PS 42/15 | Delegerte saker |
| PS 43/15 | Referatsaker |
| PS 44/15 | Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda - slutthandsaming |
| PS 45/15 | Offentleg ettersyn. Detaljreguleringsplan for Lanternen marina |
| PS 46/15 | Herøy helse- og omsorgssenter. Godkjenning av grunnavtale mellom Herøy kommune og eigarar av gnr 37 bnr 119, gnr 37 bnr 139 og gnr 38 bnr 80 |
| PS 47/15 | Svar på høyring - Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi |
| PS 48/15 | Kystpilegrimsleia |
| PS 49/15 | Forvaltningsrevisjonsrapport - Spesialundervisning i grunnskulen |
| PS 50/15 | Godkjenning av låneopptak i Husbanken- startlån 2015 |
| PS 51/15 | Retningsliner for tildeling av startlån |
| PS 52/15 | Val av ny varamedlem i forliksrådet. |
| PS 53/15 | Val av ny varamedlem i forliksrådet. |
| PS 54/15 | Årsmelding for kontrollutvalet 2014 |
| PS 55/15 | Val og delegering av val til røystestyra |

| | |
|---|---|
| | Delegerte saker frå avdelingane |
| DS 103/15 | Børre Oddmund Waagan - 79/129 - IG tømrerarbeid og mindre endring fasade og plan |
| DS 104/15 | Kjøp av gnr 45 bnr 155 i Dragsund, Herøy kommune |
| DS 105/15 | Hallvar Vassvik 48/7 - Frådeling av grunneigedom til bustadføremål |
| DS 106/15 | Per Arne Måløy 46/71 - Ferdigattest |
| DS 107/15 | Christina og Leif Ove Vorren 45/168 - Løyve til oppføring av einebustad |
| DS 108/15 | Mellombels bruksløyve - 37/257 og 280 |
| DS 109/15 | Trond Vegard Vatne og Ines Vatne 12/289 - Løyve til tiltak |
| DS 110/15 | Herøy Vasslag - 29/148, 151 og 214 - Legging ny vassledning |
| DS 111/15 | Tømrer Service AS 45/163 - Løyve til oppføring av tomannsbustad med garasje |
| DS 112/15 | Heidi Synnøve Skjeret Kvalsvik - 6/10 - Hagestue |
| DS 113/15 | Tanja Ørnhaug Solem - 38/54- Carport |
| DS 114/15 | Johan Skorpen 3/58 - Løyve til oppføring av frittliggende garasje |
| DS 115/15 | Lisa og Christian Holm - 5/58 - Einebustad |
| DS 116/15 | David Sollibakke - 35/154 sekjson 11 - Carport |
| DS 117/15 | Marianne Nærø og Christer Torvik 24/16 - Ferdigattest |
| DS 118/15 | Sigmund Aksnes 56/106 - Ferdigattest |
| DS 119/15 | Truls Are Voldsund Torvik og Natalia Gjerde - 26/231 - Igangsettingsløyve |
| DS 120/15 | Kirsti Myklebusthaug og Lene Solemsaunet - 12/157 - Einebustad med frittliggane garasje |
| DS 121/15 | Erik Iversen m fl - 5/65 - Bruksendring |
| DS 122/15 | Skjenkebevilling - søknad om bevilling for eitt bestemt arrangement |
| DS 123/15 | Møre barne- og ungdomsskule 45/141 - Løyve til oppføring av tilbygg |
| DS 124/15 | Julie A. Kvalsund og Ole M.Furø - 4/51 - Tilbygg |
| DS 125/15 | Synnøve Leine- 26/118 - tilbygg,altan,garasje |
| DS 126/15 | Herøy kommune - 29/89, 148 og 159 - Parkeringsplass |
| DS 127/15 | Mantas Prabisas - 12/309 - Garasjebygg |
| DS 128/15 | Oddvar Torvik 17/4 Frådeling av 3 parsellar til bustadføremål |
| DS 129/15 | Knut Ove Aspevik 50/4 - fradeling av naustområde |
| DS 130/15 | Mellombels bruksløyve - 12/319 seksjon A |

| | |
|---|---|
| DS 131/15 | Alf-Sigmund Hjelmeset 29/32 - Igangsetjingsløyve for oppføring av einebustad |
| DS 132/15 | Truls Are Voldsund Torvik og Natalie Gjerde - 26/231 - Einebustad |
| DS 133/15 | Mix Video Vest avd. Eggesbønes 37/217 - Ferdigattest |
| DS 134/15 | Alf-Sigmund Hjelmeset 29/32 - Rammeløyve for oppføring av einebustad med to utleigeeiningar |
| DS 135/15 | Herøy Vasslag SA /Roar Evensen - 11/100 m fl - VA og ledningsanlegg Sævik |
| DS 136/15 | Ferdigattest - 19/17 |
| DS 137/15 | Ferdigattest - 12/30 |
| DS 138/15 | Laila og Stig Lillerovde 40/50 - Løyve til oppføring av bustadhus |
| DS 139/15 | Mellombels bruksløyve - 29/124 - IVan Myklebusthaug |
| DS 140/15 | Sunnmørshus AS 30/83 - Løyve til oppføring av to tomannsbustadar på gnr 30 bnr 83 og 84. |
| DS 141/15 | Tommy Tandberg 48/3 - Løyve til oppføring av einebustad med garasje |
| DS 142/15 | Thomas Notøy - 16/113 - Tilbygg |
| DS 143/15 | Lars Erik Torvik Eikenæs 28/4 - Løyve til bruksendring og fasadeendring |
| DS 144/15 | Ferdigattest - 12/309 seksjon nr 1 og 2 |
| DS 145/15 | Ferdigattest tribunetak - 29/151 |
| DS 146/15 | Mellombels bruksløyve - 60/430 - seksjon 1+2 |
| DS 147/15 | Mellombels bruksløyve - 40/74 |

| | |
|---|---|
| | Referatsaker |
| RS 11/15 | FV 654 Skarabakken -Søknad om forskottering |
| RS 12/15 | Representantskapsmøte IKA |
| RS 13/15 | SSR - Neste møte i repr.skapet + ferdigsignert protokoll frå 7/11-2014 |

PS 40/15 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 41/15 Protokoll frå førre møte.

PS 42/15 Delegerte saker

PS 43/15 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2013/552 |
| | | Arkiv: | L12 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 71/15 | Formannskapet | 21.04.2015 |
| 44/15 | Kommunestyret | 30.04.2015 |

## DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG FV10 MOLTUSTRANDA - SLUTTHANDSAMING

**Møtebehandling:**

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 21.04.2015**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

**Tilråding frå rådmannen:**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga

**Vedlegg:**

01 – Plankart, sist revidert 12.02.2015
02 - Føresegner, sist revidert 12.02.2015
03 - Planomtale med vedlegg, sist revidert 12.02.2015
04 - F-sak 144/14 – vedtak om offentleg ettersyn
05 - Innspel til offentleg ettersyn
- Innspel frå NVE 20.10.2014 og 02.02.2015
- Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune 11.11.2014
- Innspel frå Rolf Bjørnar Moltu 13.11.2014
- Innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 12.11.2014
- Innspel frå Statens Vegvesen 13.11.2014
- Innspel frå Landbrukskontoret 20.11.2014
- Innspel frå Geir Moltubakk 07.01.2015

06 - Innspel til avgrensa høyring
- Innspel frå Sjøsiden Eiendomsselskap 16.02.2015
- Innspel frå Ørjan Lillestøl 20.02.2015
- Innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 12.03.2015
- Innspel frå Kristian Driveklepp 12.03.2015
- Innspel frå Geir Moltubakk 13.03.2015
- Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune 17.03.2015

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda. Området er hovudsakleg lokalisert langs fylkesveg 10 og er i kommuneplanen frå 2004 sett av til gang- og sykkelveg. Planforslaget viser også eit forslag til ny og framtidsretta løysing for Nygjerdevegen – som er ein viktig og avgjerande samleveg for det mest sentrale bustadområde på Moltustranda.

Oppstart av arbeid med planlegging av ny gang- og sykkelveg i området blei kunngjort i juni 2013, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentleg uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 10 innspel frå både offentleg og private.

Herøy kommune gjennomførte 12.09.2013 eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule om planarbeid for ny gang- og sykkelveg gjennom bygda. Til dette møte kom det om lag 23 personar. I møtet informerte kommunen om planarbeidet, samstundes som deltakarane fekk stille spørsmål og kome med sin synspunkt knytt til kommunen sitt arbeid. Referat frå møtet følgjer som vedlegg til planomtalen. I samband med varsel om oppstart og utarbeiding av planforslag har det blitt gjennomført ei arkeologisk registrering. Rapport frå dette arbeidet følgjer som vedlegg til planomtalen. Planforslaget for gang- og sykkelveg må sjåast i samanheng med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt, då desse to planane har samanfallande plangrenser og vert fremja på same tid.

Formannskapet handsama planforslag i F-sak 144/14 og gjorde vedtak om legge planforslaget ut til høyring og offentleg ettersyn i seks veker. Til offentleg ettersyn kom det 7 innspel. Med bakgrunn i innspelet som kom frå Statens Vegvesen Region Midt, blei det vurdert at det måtte gjerast endringar i planforslaget av omsyn til krav

knytt til fylkesvegar.

Endringar etter offentleg ettersyn:

Plankart:

*1. Nye juridiske linjer rundt bygg med «Bygg som inngår i plan».*

*2. Lagt på frisiktsoner i avkøyrsler mot Fylkesvegen etter krav frå Statens Vegvesen.*

*3. Gitt avkøyrsler namn o_V1-13, f_V1-3*

*4. Endre formålet «Anna veggrunn – grøntstruktur» til «Anna veggrunn – tekniske anlegg etter krav frå Statens Vegvesen*

*5. Utvida anna veggrunn til 3.0 meter på nordsida av FV10 etter krav frå Statens Vegvesen.*

*6. Innskrenka avkøyrsler til 3.0 meter på nordsida av FV10 etter krav frå Statens Vegvesen.*

*7. Endre grensesnitt mellom planforslag og gjeldande reguleringsplan Tarberg-Moltumyr. Betre samanheng med regulert gangveg.*
*Forlenga gangveg på sørsida av FV10 frå Myrabakken og vestover. Lagt til «Anna veggrunn – tekniske anlegg».*
*Endra start på eksisterande Nygjerdeveg til 3.0 meter frå formålsgrense FV10 og sørover er endra til offentleg formål.*

*8. Endra busslomme med gangveg og areal for busskur og «Anna veggrunn – tekniske anlegg» på nordsida av FV10.*

*9. Endra plassering av planlagt gangfelt ved Moltu skule.*

Føresegner:
*Endre § 6 om frisiktsoner, avkøyrsler og anna veggrunn. Tekst som er endra er markert med raudt i føresegnene.*

Planomtale:
*ROS-analyse, utviding av dokument og tekst pga motsegn frå NVE. Markert med raudt i vedlagt planomtale.*

Dei ovannemnde endringane har blitt innarbeidd i revidert planforslag av 12.02.2015, som blei sendt på ei avgrensa høyring til råka grunneigarar og naboar og offentleg mynde. Til den avgrensa høyringa kom det 6 innspel til dei endringane som låg føre.

Rådmannen vil nedanfor presentere innspela som har kome til offentleg ettersyn og avgrensa høyring. For detaljar kring planforslaget, viser ein til dei vedlagte plandokumenta og F-sak 144/14.

## INNSPEL TIL OFFENTLEG ETTERSYN

### 01. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 20.10.2014 og 02.02.2015:

NVE viser til at det i skreddatabasen (www.skrednett.no) ligg store deler av planområdet innanfor aktsemdskart snøskred, noko som også er synt til i ROS- analysen. Det er ikkje gjort noko vidare vurderinga av skredfaren i planomtalen.

Jamfør NVE sine retningslinjer 2/2011 *Flaum- og skredfare i arealplanar* skal den reelle skredfaren vere avklart på reguleringsplannivå. Det betyr at det må gjerast ei nærare vurdering av den reelle skredfaren for dei områda der ein ønskjer å opne for utbygging eller der det er eksisterande busetnad. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse og det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10). Skredfaren må avklarast for framtidige og eksisterande byggområde. Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før planen kan godkjennast. Dersom det er trong for sikringstiltak, eller at ovanforliggande skog er viktig for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik, rår dei til at dei aktuelle områda vert teke inn i planen.

NVE fremjar motsegn (jf. PBL § 5 -4) til reguleringsplan gangveg Moltu. Grunnlaget for motsegna er at det ikkje er utført kartlegging av skredfaren som kan dokumentere at områda FS1 og F1 er tilstrekkelege trygge for skred jamfør tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK10) § 7-3.

Vurdering:
*På grunn av ein «glipp» fekk ikkje NVE tilsendt ROS-analysen i heile sitt omfang. Herøy kommune sende brev til NVE med fullstendig ROS-analyse og ei ytterlegare vurdering/presisering av dei lokale tilhøva på staden – både i høve skredfare og byggegrunn. I høve risiko og sårbarheit, er det gjort ei utdjuping av dette i planomtalen, ein viser her til avsnitt markert med raud tekst i planomtalen.*

*NVE har med brev av 02.02.2015 trekt motsegna knytt til skredfare basert på opplysningar og dokumentasjon frå Herøy kommune.*

02. Møre og Romsdal fylkeskommune, 11.11.2014:
Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar i samband med prosjektet. Det blei funne ein rest av eit dyrkingslag (ID 178218) innanfor det varsla planområdet. Forslaget som er ute til offentleg ettersyn er likevel justert slik at kulturminnet ikkje fell innanfor planen. Dei har difor ingen merknader til planen.

I tillegg til veg og gangveg, har planen både bustader og forretningsareal. Planen inne-ber ingen annan tydeleg intensjon enn stadfesting av eksisterande situasjon for desse to arealkategoriane, men kart og føresegner opnar likevel for noko meir. Dette burde vore synleggjort i planomtalen. Framlegget er likevel slik at det frå fylkeskommunen si side kan godkjennast.

Vurdering:
*Innspelet vert teke til vitande. Planforslaget er justert noko mot nord etter offentleg ettersyn og sendt på ei avgrensa høyring. Revidert planforslag er slik ein vurderer det, ikkje i konflikt med registrert kulturminne.*

03. Rolf Bjørnar Moltu, 13.11.2014:

Brev nr 1:
Han ser frem til att Moltustranda skal få gang og sykkelveg. Han som grunneigar er innstilt på å strekke seg litt for og få dette til. Men det er eit par punkt han vil nemne;
I området vest for skulen har han den einaste gode innkøyrselen for dei beitemarkane. Så for han er det viktig at denne innkøyrselen ikkje blir sperra.
På stykket mellom Ryssevik og Nerlid så meinar han at om vegen skal utvidast med 2-3 meter så må det la seg ordne. Men å omregulere halve stykket finner han unødvendig for ei utviding av vegen. Skal ein utvide vegen med 3 meter, så må det vere nok å omregulere den delen. Men som sagt ser han fram til å få betre gang- og sykkelsti på Moltu, så der forventar ha at ein kjem til semje.

Brev nr 2:
Protesterer på den planlagde nye traseen for Nygjerdevegen. Moltu hevdar at ein slik trase vil umogleggjere vidare gardsdrift og dyrehald. Det blir hevda at dette vil få verknader i form av nedlegging av gardsbruk og dei andre gardsbruka som Moltu i dag driftar.

Vurdering:
*Brev 1:*
*På nordsida av vegen er det ikkje regulert meir areal enn kva som er naudsynt for å oppnå formålet med reguleringsplanen. Etter offentleg ettersyn har det blir naudsynt å utvide areal for «anna veggrunn» til eit belte på 3.0 meter, slik at vegløysinga er i samsvar med Statens Vegvesen sine krav til fylkesvegar. Denne justeringa har vore sendt på ei avgrensa høyring*.

*Brev 2:*
*Dagens Nygjerdeveg har, slik den i dag ligg føre, ikkje ei tilfredstillande utforming med tanke på framtidig vekst og utvikling av bustadområdet på Moltustranda. Vegen har ikkje tilfredstillande breidde eller stigningsforhold for å vere ein framtidig hovudtilkomst for dei sentrale delane av bustadområdet på Moltu. Vegen har heller ikkje tilfredstillande siktforhold i krysset mellom Nygjerdevegen eller Moltuvegen (fylkesvegen)*

*Ny trase for Nygjerdevegen er i planforslaget teikna inn aust for tunet til Rolf Bjørnar Moltu. Her er vegen teikna inn med fortau, to køyrefelt og stigningsforhold (1:10) i samsvar med krava i kommunal vegnorm. Det siste som gjeld stigningsforhold er avgjerande for å sikre god beredskap, slik at utrykningskøyretøy kan kome seg opp og fram i terrenget til etablerte og nye bustadfelt. I krysset mot Moltuvegen, vil vegen få vesentleg betre siktforhold enn kva som er tilfelle for dagens situasjon. I sum vil ny løysing medføre ei vesentleg betring av trafikksituasjonen i området.*

*Rådmannen viser til at ei løysing for ny hovudtilkomst til dei mest sentrale bustadområda på Moltustranda, er svært viktig for vidare vekst og utvikling med nye bustadtomter. Fleire bueiningar i dei øvre og midtre delane av bygda, vil skape meir belastning på eksisterande vegnett og skape eit behov for ein meir framtidsretta tilkomstveg. Rådmannen meiner skissert løysing med Nygjerdevegen vil vere svaret på eit slikt behov. Ny veg vil vere ei berekraftig løysing for ny hovudtilkomst til bustadområda i bygda, auke den generelle trafikktryggleiken i området og styrke beredskapen gjennom betre framkomst for utrykningskøyretøy.*

04. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 12.11.2014:

Fylkesmannen viser til at NVE har motsegn til planen, då det ikkje er gjort ei kartlegging av skredfare for FS1 og F I. Dette må avklarast før planen kan eigengodkjennast. Utover dette ser dei berre positivt på planforslaget, og kan ikkje sjå at det vil medføre konfliktar med andre ålmenne interesser.

Vurdering:
*Innspelet vert teke til vitande. NVE har med brev av 02.02.2015 trekt motsegna knytt til skredfare basert på opplysningar og dokumentasjon frå Herøy kommune.*

05. Statens Vegvesen Region Midt, 14.11.2014:
Med sikte på ei meir heilskapleg og eintydig regulering i høve til avkøyrselsløysingar m.m. bør planområdet utvidast langs sørsida av gs-vegen, slik at planen omfattar meir av tilgrensande arealbruk utanfor regulert vegføremål.

Det inneber at planen bør femne om areal som ligg innanfor reguleringsforslaget for Myrabakken bustadfelt (jf. brev av 17.9.14 frå kommunen). Sett frå Vegvesenet sin ståstad burde reguleringsforslaga gangog sykkelveg langs fylkesvegen og bustadfelt Myrabakken med fordel ha vore utarbeidd og fremja som ein og same plan.

Langs nordsida av fylkesvegen bør plangrensa justerast slik at det langs fylkesvegen vert regulert ei sone til annan veggrunn i minst 3 m breidde. Og elles bør planavgrensinga justerast og tilpassast slik at tilstrekkeleg areal til skråningsutslag (fylling/skjering) vert vist og omfatta av planen.

Der det i planframlegget er nytta arealføremålet *grøntareal* på anna veggrunn på sideareal langs offentlege vegar, bør føremålet endrast til *tekniske anlegg,* i og med areala omfattar grøfteareal, skråningsutslag, areal for plassering av skilt m.m.

Etter det vi kan sjå er ikkje planforslaget heilt tilpassa og samordna med reguleringa i reg.planen Tarberg-Moltumyr. Framlegget må gjennomarbeidast meir på dette punkt, og planen må eventuelt utvidast til å omfatte deler av tilgrensande plan, slik at regulert arealbruk heng i hop og er avklarande der dei to reguleringsplanane grenser til kvarande. Gjennom det vidare planarbeidet bør det i tilknyting til busslomma vurderast og avklarast nærare behovet for leskur med tilhøyrande plattformareal.

I planforslaget er avkøyrsle til private eigedomar regulert som offentieg vegareal. Avkøyrslene til private eigedomar må regulerast som private, og då slik at føremålsgrensa mellom offentleg vegareal og privat areal i utgangspunktet vert lagt i ein avstand på 3 m frå kant offentleg veg. Og når det gjeld avkøyrsle må det gjennom planen gå klart og eintydig fram kva eigedomar/areal (gnr. og bnr.) som skal knytast til dei ulike avkøyrslene.

Frisiktsoner i tilknyting til avkøyrsle bør innarbeidast i planen. Og i alle høve bør det i planomtalen gjerast nærare greie for siktkrav i avkøyrsle. Det bør elles i planomtalen gjerast greie for tekniske krav til teknisk utforming av avkøyrsle frå fylkesvegen.

Sett frå vår ståstad er plankartet noko mangelfullt/uklart framstilt i høve til ein del viktig basisinformasjon. Det gjeld m.a; - eksisterande fylkesveg bør gå tydlegare fram, - profil- /pelnummer på regulert veglinje bør leggast inn, - eigedomar innanfor og inntil planområdet bør vere påført matrikkelnummer.

I planføresegnene — under § 6 — står det m. a. *«...I vegareal kan det leggjast VA-leidningar,el-fiber og telekablar. .»* Tiltak med legging av rør og kablar m.m. på/i vegeigedom-/anlegg må i kvart einskild høve avklarast gjennom løyve og samtykke frå aktuell vegeiar/-haldar.

Statens vegvesen føreset etter dette at forslaget til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg på Moltustranda vert meir gjennomarbeidt og endra i tråd merknadane/kommentarane vi har framheve i brevet her, før planforslaget vert lagt fram til slutthandsaming og vedtak etter § 12-12 i plan- og bygningslova.

Vurdering:
*Rådmannen viser til at ein må sjå på intensjonen bak dei to reguleringsplanane som blir fremja. Planforslaget for gang- og sykkelvegen og Myrabakken grensar til kvarandre og har til ei viss grad mange felles interesser og utfordringar som skal løysast. Med bakgrunn i intensjonen bak dei to planforslaga, ynskjer ein soleis likevel at dei to planane vert fremja som to saker. Kommune har gjennom dialog*

*med Statens Vegvesen hatt fokus på avkøyrselsforholda langs fylkesvegne gjennom arbeid med begge planane. I plan for Myrabakken er det gjort endringar i plandokumenta knytt til avkøyrsler og vurderingar kring dette tema. Ein viser her til ovannemnde opplisting og revidert tekst markert med raudt i føresegner og planomtale. Ein har ikkje motteke uttale frå Statens Vegvesen Region Midt ved avgrensa høyring. Rådmannen føreset soleis at dei ovannemnde justeringane som blei presentert ved avgrensa høyring er akseptert av Statens Vegvesen som tilfredstillande i høve deira brev ved offentleg ettersyn.*

06. Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 20.11.2014:

Landbruk vil peike på at ein må ta omsyn til eksisterande tilkomstar til dyrka mark. Det gjeld spesielt tilkomsten vest for skulen.

I tidlegare innspel til reguleringsplanen datert 19.07.2012 peika vi på omsynet til jordvernet. Dei ser at det vert teke i vare når det gjeld gang- og sykkelvegen langs med FV 10.

Det er lagt inn ny tilkomst til Nygjerdevegen – V2 inklusive gang- og sykkelveg, som del av planframlegget. Landbrukskontoret meiner det er ei sers uheldig løysing med omsyn til jordvern og ulemper for landbruksdrifta i området. Det blir vist til at Landbrukssjefen har vore på synfaring saman med grunneigar Rolf Moltu den 15.10.14. Moltu er ein aktiv gardbrukar som driv med utegangarsau. V2 inklusive gang- og sykkelveg tek dyrka og dyrkbar mark, og delar av tilkomsten mellom fjøs og innmark/ beite. Sjølv om utegangarsauen går på beite i utmarka store delar av året, er dei på innmarka med tilkomst til fjøs vinterstid og i lamingsperioden. Det er krav om at småfe skal ha tilgang til *trygt tilhaldsrom utanom normal beitesesong* (ref. Dyrevelferdslova). Landbrukskontoret vil rå ifrå plassering av ny V2 inklusive gang- og sykkelveg som detaljreguleringa syner. Jordvern og ulemper for landbruksdrifta i området må takast omsyn til.

Vurdering:
*Ny veglinje for Nygjerdevegen er i kommuneplanens arealdel frå 2014 vist på plankartet som framtidig veglinje i eit område som er lagt ut til bustadformål. Dette inneber at kommunestyre i Herøy har bestemt at området skal nyttast til bustadformål framfor LNF-område eller andre typar arealformål. Rådmannen viser til kommentarar/vurderingar til innspel nr 3 over som grunngjeving for ny Nygjerdeveg.*

*Med bakgrunn i ovannemnde og med tilvising til overordna kommuneplan, ser rådmannen det slik at landbruksinteressene i dette området blir ei særinteresse som ikkje er i samsvar med den arealbruken som kommunestyret har lagt til grunn for området i perioden 2014-2025. Rådmannen er av ei slik oppfatning at ny Nygjerdeveg er så viktig for utvikling av bustadområda på Moltu, at den blir overordna dei eventuelle særinteressene som er i området i dag. Nygjerdevegen er hovudtilkomst for dei sentrale bustadområda på Moltu og det er soleis av overordna interesse at det blir sikra areal til ein ny hovudtilkomstveg. Rådmannen meiner desse interessene må gå framfor evt landbruksinteresser i området. Innspelet frå Landbrukskontoret sitt innspel blir soleis ikkje teke til følgje.*

07. Geir Moltubakk, 07.01.2015:
Viser til at det burde vere mogleg å rette opp/flytte vegen mot nord slik at det blir unødvendig å bruke grunn på sørsiden av dagens veg. Vegen går nå i ein sving inn mot Moltubakk sin eigedom. Eventuelle ledninger/kabler kan leggast under gangvegen.

Vurdering:
*Rådmannen viser til at reguleringsplanen i svært liten grad vil råke Moltubakk sin eigedom. Det er teke omsyn til dei momenta som Moltubakk påpeiker ved at senterlinja til vegen er flytta lenger mot nord enn kva som er tilfelle for dagens vegtrase. Dette av omsyn til vegkurvatur. Inngrep i Moltubakk sin eigedom er avgrensa til om lag 22 m2 med «anna veggrunn – tekniske anlegg» som vert sideareal i form av grøft/skulder/mur i tilknyting til nytt fortau.*
*I reguleringsføresegnene ligg det føre følgjande formulering: «I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekablar. Det vert tillate med etablering av naudsynte kummar, fundament, stolpar og mindre skap som har direkte tilknyting til offentleg infrastruktur».*

**INNSPEL TIL AVGRENSA HØYRING**

08. Sjøsiden Eiendomsselskap, 16.02.2015:
Viser til mottatt reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10.
Utfra dei mottatte kart og beskrivelse så er det vanskeleg og sjå klart om tiltaket kjem i konflikt med grensene til eigedom gnr 60. bnr 183, og 132. Det ser også ut til at avkjørsel frå denne eigedomen ikkje er inntegnet. Ber om informasjon om dette.

Vurdering:
*Det er teikna inn avkøyrsle til eigedom gnr 60 bnr 31 og bnr 53 som vist på plankartet. Desse ligg innanfor eit belte på 3.0 frå regulert grense for vegareal og vert difor regulert som offentlege.*

*I planforslaget ligg det løysingar som inneberer at fleire eigedomar må nytte seg av felles avkøyrsler langs fylkesvegen (FV10). Etter krav frå Statens Vegvesen har ein blitt nøydd til å gjere endringar i planforslaget som var ute til offentleg ettersyn, mellom anna utviding av areal for «anna veggrunn – tekniske anlegg» til 3.0 meter. Revidert planforslag er sendt på ei avgrensa høyring. Arealet «anna veggrunn – tekniske anlegg» vil for enkelte eigedomar medføre konflikt med etablert parkeringsplassar nord for FV10. Det er teke med i føresegnene at areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida. Utover dette må eigedomane som blir råka finne alternative løysingar for sitt parkeringsbehov.*

09. Ørjan Lillestøl, 20.02.2015:
Flott at arbeidet med gangveg no er starta. Der er særleg trongt mellom eigedomane gnr 60 bnr 347 og gnr 60 bnr 148. Det er ikkje plass til å flytte vegen mot nord (mot husa), då dette er parkering/oppstillingsplass for bilar. Det er knapt slik det er. Regner helder ikkje med at det er planen, men det kom ikkje fram i kartet på en god måte, følte derfor for å presisere dette.

Vurdering:
*Rådmannen viser til at det er regulert inn ei felles avkøyrsle for desse eigedomane.*
*I planforslaget ligg det løysingar som inneberer at fleire eigedomar må nytte seg av felles avkøyrsler langs fylkesvegen (FV10). Etter krav frå Statens Vegvesen har ein*

*blitt nøydd til å gjere endringar i planforslaget som var ute til offentleg ettersyn, mellom anna utviding av areal for «anna veggrunn – tekniske anlegg» til 3.0 meter. Revidert planforslag er sendt på ei avgrensa høyring. Arealet «anna veggrunn – tekniske anlegg» vil for enkelte eigedomar medføre konflikt med etablert parkeringsplassar nord for FV10. Det er teke med i føresegnene at areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida. Utover dette må eigedomane som blir råka finne alternative løysingar for sitt parkeringsbehov.*

*Rådmannen kan ikkje sjå at planforslaget medfører særskilte vanskar knytt til parkeringstilhøva for bnr 347. For eigedom gnr 60 bnr 148 vil det ved breiddeutviding av fylkesvegen vere ei utfordring knytt til parkering etter reguleringsføresegnene. Ein legg til grunn at bnr 148 har tilkomst til eit areal på vest og nordsida av bygget på eigedomen, og at det i dette området er moglegheiter for å opparbeide parkeringsareal i tilknyting til vegen som fører til garasjedelen i underetasjen.*

10. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 12.02.2015:
Ingen merknad

Vurdering:
Teke til vitande.

11. Kristian Driveklepp, 12.03.2015:
På vegne av Gunnar Moltumyr 60/54, vil han kome med merknad til bemerke reguleringsplanforslaget. Han trur dette vil forringe eigedomen og skape ulemper for dei to avkøyrslene til eigedomen. Han trur at ved å flytte senterlinja lenger ned, vil det ikkje komme i konflikt og det vil bli eit meir oversiktleg kryss til Myrabakken med større siktsoner. Det er også mogleg å fylle masser inn til dagens mur, slik at vegskulderen fyller muren og det blir asfaltert helt inn til muren, med kumrister inne langs muren for overvann. Han trur dette vil bli et bedre og rimeligere alternativ for byggherren.

Vurdering:
*Det er teikna inn ei felles avkøyrsle til eigedom gnr 60 bnr 31 og bnr 52 og 54 som vist på plankartet. I planforslaget ligg det løysingar som inneberer at fleire eigedomar må nytte seg av felles avkøyrsler langs fylkesvegen (FV10).*

*Etter krav frå Statens Vegvesen har ein blitt nøydd til å gjere endringar i planforslaget som var ute til offentleg ettersyn, mellom anna har ein blitt nøydd til å endre linjeføringa og vegkurvaturen for fylkesvegen vest for Myrabakken, slik at denne oppnår ei geometrisk utforming i samsvar med vegnormalen. Senterlinja til vegen er ved revidert planforslag tilpassa slik at den møter senterlinja i plan for gangveg på strekninga Tarberg – Moltumyr.*

12. Geir Moltubakk, 13.03.2015:
Innspelet er liklydande med det som kom ved offentleg ettersyn. Moltubakk viser til at det burde vere mogleg å rette opp/flytte vegen mot nord slik at det blir unødvendig å bruke grunn på sørsiden av dagens veg. Vegen går nå i ein sving inn mot Moltubakk sin eigedom. Eventuelle ledninger/kabler kan leggast under gangvegen.

Vurdering:

*Rådmannen viser til at reguleringsplanen i svært liten grad vil råke Moltubakk sin eigedom. Det er teke omsyn til dei momenta som Moltubakk påpeiker ved at senterlinja til vegen er flytta lenger mot nord enn kva som er tilfelle for dagens vegtrase. Dette av omsyn til vegkurvatur. Inngrep i Moltubakk sin eigedom er avgrensa til om lag 22 m2 med «anna veggrunn – tekniske anlegg» som vert sideareal i form av grøft/skulder/mur i tilknyting til nytt fortau.*
*I reguleringsføresegnene ligg det føre følgjande formulering: «I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekablar. Det vert tillate med etablering av naudsynte kummar, fundament, stolpar og mindre skap som har direkte tilknyting til offentleg infrastruktur».*

13. Møre og Romsdal fylkeskommune, 17.0.2015:
Ingen merknad

Vurdering:
Teke til vitande.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen viser til at planforslaget skal legge til rette for nytt fortau langs fylkeveg 10, frå Moltu skule, forbi Myrabakken og fram til den går saman med plangrensa for vedtatt reguleringsplan «FV10 Tarberg — Moltumyr». Målet er å betre tilhøva for mjuke trafikantar og gi desse ein tryggare ferdsel langs fylkesvegen gjennom det mest tettbygde området på Moltu. Ein vurderer det slik at ei løysing med fortau i staden for full gang- og sykkelveg, vil vere den rette løysinga for mjuke trafikantar i dette området. Dette av omsyn til mellom anna trafikkmengd, fartsgrense, talet på gåande og syklande, avkøyrsler m.m. I tillegg er det tett busetnad i området. Sistnemnde gjer det utfordrande å finne gode løysingar som ivaretek mjuke trafikantar, samstundes som ein ikkje grip for sterkt inn i eksisterande etablerte bustadtomter som grensar til vegen

Rådmannen viser til at utarbeiding av reguleringsplanar for fylkesvegar er eit utfordrande arbeid og at det er særskilte krav frå Statens Vegvesen si side til desse veganlegga. Dette er noko som mellom anna er med på å «låse» ei rekkje løysingar og val i planforslaget. Ein viser her til at det i etterkant av offentleg ettersyn har vore naudsynt å gjere endringar i planforslaget etter krav frå Statens Vegvesen. Desse endringane er lista opp over, og er endringar som har medført at planforslaget måtte sendast på ei avgrensa høyring. I innspela som har kome til avgrensa høyring, er det særskilt forholda i høve parkering på nordsida som har vore eit gjentakande tema. Rådmannen viser til vurderingane av innspela over, og vil på generelt grunnlag påpeike at areala kan nyttast til parkering inntil det blir aktuelt med breiddeutviding av fylkesvegen. Etter ei evt breiddeutviding av fylkesvegen må grunneigarane som blir råka finne alternative løysingar for parkering på sine eigedomar.

Det er også eit mål med dette planarbeidet å sikre areal for ny hovudtilkomst til dei øvre delane av bygda. Dette medfører ei ny veglinje for Nygjerdevegen som erstatning for deler av dagens vegtrase. Når det gjeld forslag til ny veglinje for Nygjerdevegen og dei innspela som har kom til den, vil rådmannen understreke at ein ser den nye veglinja som heilt naudsynt av omsyn til den bustadutviklinga som det no blir lagt til rette for i området, både av offentleg og privat karakter. Ny veg er også tenkt for å betre trafikktryggleik og beredskap i for nye og eksisterande bustader på Moltu.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette

arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse. Arealbruken ei vesentleg betring av trafikktryggleiken for denne delen av kommunen. Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere eit grunnlag for seinare realisering av eit trafikktryggingstiltak som kan sikre ein tryggare skulevegar på Moltustranda. Dette er også i samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommunen sin strategi for mjuke trafikantar. Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er klart for sluttbehandling.

Konsekvensar for folkehelse:
**Ingen**
Konsekvensar for beredskap:
**Ingen**
Konsekvensar for drift:
Ingen
Konsekvensar for økonomi:
**Ingen**

Fosnavåg, 23.03.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg




## TEIKNFORKLARING

**Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)**
- Bustader - frittliggjande småhus
- Forretningar

**Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)**
- Køyreveg
- Fortau
- Gang-/sykkelveg
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Kollektivhaldeplass

**Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008**
- Regulerings- og utbyggingsplanområde
- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Byggjegrense
- Bygningar som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert fotgjengarfelt
- Målelinje/avstandslinje
- Stenging av avkjørsel

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

**Eierform:**

o_ = Offentleg formål

f_= Felles privat formål

**Kartopplysninger**

Kilde for basiskart: Geovekst AS
Dato for basiskart: Februar 2015
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 meter
Kartmålestokk 1000
0 10 20 30 40 m

N

Herøy 1515 kommune

# DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3

## Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: **201308**
Forslagstiller: **Herøy kommune**
Kartprodusent: **Utviklingsavdelinga**

| | Revisjon av plankart | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| A | | | |
| B | | | |
| C | | | |

| SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN | SAK | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| **Kommunestyrets vedtak:** | | | |
| 2. gongs behandling i Formannskapet | | | |
| Offentlig ettersyn ................fra............................til.......................... | | | |
| 1. gongs behandling i Formannskapet | | | |
| Kunngjering av oppstart planarbeidet | | | |

| PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga | PLANNR. | TEGNNR. | SAKSBEH. |
|---|---|---|---|
| | 201308 | 002 | AZT |

# REGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG MOLTUSTRANDA FV10 – MOLTU SKULE TIL MYRABAKKEN

PlanID: Arkiv: Eigengodkjening: Dato:

## § 1 - GENERELT

### § 1.1 – GYLDIGHEITSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast – og plasserast – slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

### § 1.2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentral og kommunale lover og føresegner.

### § 1.3 – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

### § 1.4 – UNIVERSELL UTFORMING

Det skal sikrast universell utforming på minimum følgjande punkt:

- Gang- og sykkelvegen sitt areal gjennom undergongen skal vere utforma slik at røyrslehemma kan nytte anlegget.

### § 1.5 – AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjende, skal arbeidet straks stoggast og det skal takast kontakt med kulturminnemynde.

### § 1.6 – FRISIKT

Frisiktlinjer i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar den frie sikta. Areal innanfor frisiktlinja skal planerast ned til 0.5 meter over tilgrensande vegar sitt nivå.

## § 2 – FELLESFØRESEGNER

### § 2.1 TERRENGINNGREP

Område for anlegg skal ha ei utforming med best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som mogleg.

**§ 2.2 – STØY**
For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindauge til ei side der støynivået er Lden=55 dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda. Viser elles til desse føresegnene sine § 15 vedkomande rekkjefølgje

**§ 2.3 – GRAD AV UTNYTTING OG BYGGJEGRENSER**
Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

## § 3 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr 1):

Bustader - frittliggjande småhusbebyggelse, FS1
Forretning, F1

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2):

Køyreveg, o_V1-13 og f_V1-3
Fortau, F
Gang/sykkelveg, GV
Annan veggrunn – grøntareal
Annan veggrunn - tekniske anlegg
Kollektivhaldeplass, busslomme

## § 4 – AREALBRUK

Planområdet er regulert i eit vertikalnivå og areala skal her nyttast til det som går fram av plankartet og desse føresegnene.

# § 5- BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr 1):

### 5.1. GENERELT

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for

tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:

FS - område: maksimum BYA 35 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 $m^2$ pr. bilplass.

Som minste oppphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av min. 20$m^2$ eigna areal for leik. Arealet skal gå fram at situasjonsplan.

**5.2 BUSTADER – FRITTLIGGJANDE SMÅHUSBEBYGGELSE, FS1**

I område merka FS1 kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

I område merka FS skal nye bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal nye garasjar ikkje byggjast større enn 45 $m^2$ grunnflate og då berre i ei høgd. Nye garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m.
Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

**5.3 FORRETNING, F1**

I området F1 kan det byggjast forretning. Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggjegrenser. Det skal leggast til rette for HC-parkering.

Forretningsbygg kan førast opp med gesimshøgde som ikkje overstig 6.5 m og mønehøgde som ikkje overstig 8.5 meter.

## § 6 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2):

I trafikkområdet skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, gang- og sykkelveg, murar, skjeringar og fyllingar (skråningar).

o_V1-13 er offentleg køyrevegar.
f_V er felles private køyrevegar.

Området F er offentlege fortau.

Annan veggrunn - tekniske anlegg sideareal til formålet køyrveg (V1-2) og kan nyttast til tekniske anlegg, grøft/skulder/mur og skråning.

Areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for Fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida.

Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle og kryss mot fylkesvegen skal det vere frisikt over 0.5 meter frå vegnivå. Utover dette gjeld Statens Vegvesen sine krav til avkøyrsler i handbok N100.

Avkøyrsler skal ikkje leggast til veg med fortau eller gang-/sykkelveg med mindre det er vist avkøyrsel eller avkøyrselspil på plankartet.

Ved etablering av nye og utbetring av eksisterande avkøyrsler, skal desse utformast etter Statens Vegvesen sine krav til avkøyrsler i handbok N100.

f_V er felles private vegar for kringliggjande eigedomar.

Areal vist som busslomme er offentleg kollektivhaldeplass i tilknyting til Fylkesveg 10.

I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekablar. Det vert tillate med etablering av naudsynte kummar, fundament, stolpar og mindre skap som har direkte tilknyting til offentleg infrastruktur.

Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.
Der det er større nivåskilnader i overgang mellom arealformåla vert det tillate med oppføring av murar.

Mindre endringar i skråningsutslag som går ut over arealføremålet vil kunne skje som følgje av uføresette forhold, som til dømes grunnforhold eller feil i kartgrunnlaget. Areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har.

** Revidert 12.02.2015

***

Reguleringsplan godkjent av kommunestyret i K-sak XX/XX, XX.XX.XX

**Fosnavåg, __________**

________________________

**Ordførar**

# HERØY KOMMUNE

# Plan-ID: 201308



**REGULERINGSPLAN FOR GANG OG SYKKELVEG – FYLKESVEG 10 MOLTUSTRANDA**

**PLANOMTALE** **SEPTEMBER 2014**

**Revidert 12.02.2015.**

## INNHALD

**1 - BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET................................................................ 3**
Formålet med planarbeidet ..........................................................................................
Tidlegare vedtak i saka...................................................................................................
Planprosess ...................................................................................................................
Konsekvensutgreiing………………………………………………………………………

**2 - OMTALE AV PLANOMRÅDET - EKSISTERANDE TILHØVE.................................. 4**
Lokalisering og arealbruk...............................................................................................
Leidningar i grunnen og høgspenningsanlegg...................................................................
Overordna planar og retningsliner………………………………………………………

**3 - OMTALE AV PLANFRAMLEGGET ....................................................................... 6**
Normalprofil ...................................................................................................
Planlagd arealbruk.........................................................................................
Føresegner og omsynssoner……………………………………………………………….
Risiko og sårbarheit……………………………………………………………………….

**4 - KONSEKVENSAR AV PLANFRAMLEGGET ..........................................................7**
Støy ...................................................................................................................................
Landskap .........................................................................................................................
Konsekvensar for landbruk ..............................................................................................
Trafikktryggleik.................................................................................................................
Naturmangfald…………………………………………………………………………………
Barn- og unge…………………………………………………………………………………
Estetikk og miljø………………………………………………………………………………
Kulturminne…………………………………………………………………………………..
Avkøyrsler……………………………………………………………………………………..

**5 - MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN…………………………………………………...10**

**6 – VEDLEGG………………………………………………………………………………..10**

# 1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

## 1.1 Formål med planen

Målet med planarbeidet er å leggje ny gang og sykkelveg frå Moltu skule og langs Fylkesveg 10 til den sentrale delen av Moltustranda. Resultatet av planprosessen skal vere eit grunnlag for å realisere eit trafikksikkert tilbod for gåande og syklande på vegstrekninga. Dette er ein offentleg reguleringsplan. Framlegget er utarbeidd av utviklingsavdelinga (planavdelinga) i Herøy kommune påvegne av Formannskapet (planutvalet).

## 1.2 Tidlegare vedtak i saka

Gang- og sykkelvegstrekninga inngår som planlagd gang- og sykkelveg i arealdelen i kommuneplanen, vedteken i Herøy kommunestyre den 16.12.2004. Tiltaket er prioritert i Herøy kommune si planprioritering for 2013.

## 1.3 Planprosess

Varsel om planoppstart vart kunngjort 14.06.2013 i Vestlandsnytt og på kommunen sine nettsider med frist for innspel til planarbeidet den 01.06.2013. Brev med melding om oppstart har også vore sendt grunneigarar og offentlege høyringsinstansar for uttale.

Det er vidare gjennomført informasjons- og medverknadsmøte den 12.09.2013 på Moltu skule.
Referat frå møte følgjer planomtalen som vedlegg.

## 1.4 Konsekvensutgreiing

Herøy kommune har vurdert det slik at planarbeidet ikkje utløyser krav om KU (konsekvensutgreiing), då tiltaket er i tråd med overordna plan, samt at det ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jfr. Plan- og bygningsloven §§ 4-2 og 12-2 tredje ledd, samt § 4-2 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Som ein del av planarbeidet vil det bli gjennomført ei ROS- analyse (Risiko og sårbarheitsanalyse), samt at ein vil avklare om det er behov for andre utgreiingar / analyser som ein del av planomtalen.

# 2. OMTALE AV PLANOMRÅDET - EKSISTERANDE TILHØVE

## 2.1 Lokalisering og arealbruk

Planområdet er lokalisert på nordsida av Gurskøya, langs FV10 i Herøy kommune. Avgrensing av planområdet er vist med svart stipla linje (plangrense) på plankartet og strekk seg frå Moltu skule til Myrabakken.

Området er prega av tett bebyggelse orientert langs eksisterande Fylkesveg 10 som går gjennom bygda. Det er etablert gang- og sykkelveg for ein kort del av strekninga i dag. Tett bebyggelse og mange avkøyrsler til Fylkesvegen skaper utfordringar for planlegging av ny gang- og sykkelveg i dette området.

Det er i dag lokalisert daglegvare forretning (Coop Marknad Moltu) og skule som grensar til planområdet.

## 2.2 Leidningar, tekniske anlegg høgspenningsanlegg

Ein er ikkje kjent med at det er lokalisert høgspenningsanlegg innanfor planområdet. Vassleidning for Moltustranda Vassverk går gjennom planområdet. Leidningane kjem frå ovanliggjande områder og ligg i tidlegare utbygd gangveg frå butikken til skulen med tilhøyrande kummar. Når det gjeld leidningar for offentleg avlaup er dette prioritert og under planlegging som eit eige prosjekt i regi av kommunen. Ein har ikkje oversikt over el-teleleidningar i området.

## 2.3 Overordna planar og retningsliner

### Kommuneplanens arealdel 2004




I gjeldande kommuneplan er det langs FV 10 lagt opp til at det kan etablerast gangveg. Tilgrensande areal i planen er avsett til bustadformål i kommuneplan frå 2004.

### Kommunedelplan for Fylkesveg 10 av 1993



Kommunestyret har i K-sak 144/93, vedteke «Kommunedelplan for Fylkesveg 10 HP 02 Moltustranda» som inneberer ei omlegging av dagens Fylkesveg 10 og plassering av gangveg på nordsida av vegen.

# 3. OMTALE AV PLANFRAMLEGGET

## 3.1 Normalprofil




Løysinga bygger på ei dimensjonering ut i frå Statens vegvesen sine vegnormalar H017. Utgangspunktet er her er fartsgrense og ÅDT. Planforslaget inneheld ei køyrebanebreidde på 6.0 m med grøft/skulder på 0.5 m og 0.25 m tilhøyrande einsidig fortau på 2.5 m. Grøft/skulder for fortau mot sør vert tilpassa eksisterande avkøyrsler og murar langs vegtrasen. For deler av strekninga vert det teke med i reguleringsplan eksisterande gang- og sykkelveg som er etablert frå butikken til skulen.

## 3.2 Planlagd arealbruk

Arealformåla i planforslaget er køyrveg, annan veggrunn-tekniske anlegg, annan veggrunn-grøntareal, fortau og parkering. Desse formåla med tilhøyrande linjeføring går fram av plankartet. Det er avsett eigne soner for frisikt i avkøyrsler.

## 3.3 Føresegner og omsynssoner

Det er i eige vedlegg føresegner som skal utdjupe løysingane i plankartet og som samla vil vere juridiske dokument som skal gjelde for arealbruken i området. Det er teke inn eigne føresegner som skal regulere frisikt i avkøyrsler.

### 3.4 Risiko og sårbarheit (ROS)

Området som her er under regulering er i samsvar med overordna kommuneplan. Området er prega av etablert busetnad som omkransar dei ikkje utbygde areala som no skal utviklast til bustadformål.

Snøskred
Det kan visast til vedlagt overordna ROS-analyse som på generelt grunnlag understrekar at det i området ikkje er særskilt fare for snøskred, grunna geografiske, topografiske og meteorologiske forhold. Planområdet har eit vanleg vestlandsk kystklima, prega av mykje milde vintrar frå sørvest (SV) og som gir lite snø og ingen oppsamling av snø i fjellsida. Denne fjellsida ligg i le for austlege vindar, som av erfaring fører med seg lite nedbør. Når det gjeld historiske data, ligg det ikkje føre dokumentasjon i databasar eller tilgjengeleg kjelder som tyder på at det har vore hendingar knytt til snøskred i dette området. Det er ikkje teikn til at det har gått skred i området. Ein finn heller ikkje skildringar eller skredhendingar som nolevande kjenner til, og det er ingen historikk er registeret i skrednett sine databasar.

Marine avsetningar
Når det gjeld forholdet til dei marine avsetningane i planområdet, viser ein til at kommunen i samband med utarbeiding av plan har gjennomført synfaringar i området. Det er her ikkje observert teikn til at det skal vere særskilt risiko knytt til byggjegrunnen i dette området. Desse opplysningane kan stadfestast ved at det den 12.11.2014 er gitt løyve til oppføring av ei større garasje på gnr 60 bnr 441, og at det ved synfaring knytt til dette byggjearbeidet ikkje er avdekka ustabil byggjegrunn i området. Samtalar med tiltakshavar for denne tomta har heller ikkje gitt opplysningar om at det skal vere særskilt risiko knytt til bruk av dei marine avsetningane som byggjegrunn. Med bakgrunn i desse opplysningane så vurderer ein det slik at det er tilstrekkeleg tryggleiksnivå knytt til bruk av grunnforholda til bustadformål i dette området.

Med bakgrunn i ovannemnde vurderingar og vedlagt dokumentasjon, vurdere ein planområdet til å ha tilstrekkeleg tryggleiksnivå for utbygging til bustadføremål etter TEK10.

Det er utarbeidd eiga risiko og sårbarheitsanalyse for denne reguleringsplanen. Analysen følgjer som vedlegg til denne planomtalen.

# 4. KONSEKVENSAR AV PLANFRAMLEGGET

## 4.1 Støy

Plangrepet tilfører ikkje området nye støykjelder. Det er difor ikkje gjennomført støymålingar i området.

## 4.2 Landskap

Løysingane innanfor planområdet vil ikkje medføre vesentlege endringar i landskapet. Området er flatt og medfører i hovudsak ei endring av hovudvegsystemet (Fylkesvegen) der ein tek sikte på ei endring i dagens vegbane, og fastsetting av areal til bygging av fortau. Unntaket vil her vere ny løysing for starten på Nygjerdevegen. I Planforslaget blir det lagt opp til ei flytting av vegen frå dagens kryss og lengre mot aust for å oppnå betre framkomst til dei øvre områda i bygda. Ein vonar at løysinga spesielt vil gi ei betring av beredskapen, då med ein enklare tilkomst for utrykningskøyretøy på vinterstid med tidvis glatt vegbane. Løysinga med ny Nygjerdeveg vil generer utslag i terrenget. Det er i føresegene teke inn bestemmelsar som gir høve til bruk av murar og som set krav om tilplanting av skråningar med stadeigen vegetasjon for å dempe dei visuelle verknadane av denne vegløysinga.

## 4.3 Konsekvensar for landbruk

Planområdet omfattar areal som har arealtype fulldyrka jord. Areala har formål som bustad, offentleg formål og forretning/kontor i kommuneplanens arealdel. Ein har i planarbeidet søkt å gjere grep for å minimalisere inngrep i desse areala. Grunna tett bebyggelse i området, vil ein måtte gjere løysingar som inneberer flytting av senterlinje og utviding av vegbane for å få plass til ei løysing med fortau innanfor eit avgrensa handlingsgrom (tett bebyggelse). Inngrep og konsekvensar for landbruk vil soleis vere minimale i denne saka.

## 4.4 Trafikktryggleik

Løysingane i planområdet vil styrke trafikktryggleiken for mjuke trafikantar langs fylkesveg 10 på Moltustranda. Gjennom å skilje gåande og syklande frå biltrafikken med fortau, vil trafikkbilete bli differensiert og meir oversiktleg for den samla trafikken i dette området. Plangrepet vil vesentleg styrke trafikktryggleiken og bidra til ein tryggare skuleveg.

**4.5 Naturmangfald**
Det er ikkje kjent at det eksisterer utvalde naturtypar, prioriterte artar, verneområder, inngrepsfrie naturområder eller kulturminner innanfor planområdet. Desse opplysningane er basert på tilgjengeleg kunnskap i databasen til Direktoratet for Naturforvaltning og tilgjengelege kartdatabaser.

**4.6 Barn- og unge**
Etter ei samla vurdering vil løysingane i dette planforslaget kunne styrke interessene til barn og unge, då realisering av nytt fortau på strekninga vil skape ein tryggare ferdselsåre langs FV10 til/frå skuleområdet på Moltustranda.

**4.7 Estetikk og miljø**
Løysingane i planforslaget vil ikkje generere større skjeringar/fyllingar. Det er teke med punkt i føresegne om at der slike terrengutslag gjer seg gjelande, skal desse tilplantast med stadeigen vegetasjon.
Større nivåskilnader i terrenget kan regulerast ved bruk av murar.

**4.8 Kulturminne**
Det er ikkje registrerte automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført arkeologiske registreringar innanfor planområdet i august/september 2014.

**4.9Avkøyrsler**

Reguleringsplan for gangveg Moltu må sjåast i samanheng med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt. Planforslaga tek sikte på å rydde opp i eksisterande avkøyrselsforhold langs fylkesvegen. Det er i plankartet for Myrabakken vist kva avkøyrsler som skal stengast ved realisering av nytt fortau på sørsida av fylkesvegen. Desse avkøyrslene skal stengast når gangvegen er etablert og ny tilkomst til dei eigedomane som får stengt avkøyrsler skal skje gjennom ny bustadveg i Myrabakken bustadfelt frå sør f_V4».

Frisikt i avkøyrsler for planområdet si utstrekning langs fylkesveg 10 skal vere etter Statens Vegvesen sine krav i handbok N100.

## 5. MEDVERKNAD I PLANARBEIDET

Det har i alt kome 10 innspel til planarbeidet. Desse går fram av vedlegg til denne planomtalen og er kommentert handsama av kommunen i eige vedlegg.

## 6. VEDLEGG

V1 – ROS-analyse
V2 - Innspel til planarbeidet
V3 - Merknadsskjema – behandling av innspel til planoppstart
V4 - Referat frå informasjon- og medverknadsmøte 12.09.2013.
V5 - Rapport frå arkeologiske registeringar i området

Utviklingsavdelinga

# SAKSPROTOKOLL

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2013/552 |
| | | Arkiv: | L12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 144/14 | Formannskapet | 16.09.2014 |

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR NY GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELER AV FV10 PÅ MOLTUSTRANDA - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

**Tilråding frå rådmannen:**

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag for ny gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 på Moltustranda, datert 05.9.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Særutskrift:

- Offentlege uttaleinstansar
- Grunneigarar, tverrbuarar og naboar til planområdet

**Møtebehandling:**
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

## Vedtak i Formannskapet - 16.09.2014

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag for ny gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 på Moltustranda,  datert 05.9.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

**Vedlegg:**
01 – Plankart, datert 05.09.2014
02 - Reguleringsføresegner, datert 05.09.2014
03 - Planomtale med vedlegg, datert 05.09.2014

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda. Området er hovudsakleg lokalisert langs fylkesveg 10 og er i kommuneplanen frå 2004 sett av til gang- og sykkelveg. Planforslaget viser også eit forslag til ny og framtidsretta løysing for Nygjerdevegen – som er ein viktig og avgjerande samleveg for det mest sentrale bustadområde på Moltustranda.

Oppstart av arbeid med planlegging av ny gang- og sykkelveg i området blei kunngjort i juni 2013, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentleg uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 10 innspel frå både offentleg og private. .

Herøy kommune gjennomførte 12.09.2013 eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule om planarbeid for ny gang- og sykkelveg gjennom bygda. Til dette møte kom det om lag 23 personar. I møtet informerte kommunen om planarbeidet, samstundes som deltakarane fekk stille spørsmål og kome med sin synspunkt knytt til kommunen sitt arbeid. Referat frå møtet følgjer som vedlegg til planomtalen.

Til varsel om oppstart av planarbeid, mottok kommunen krav frå Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, om at det måtte gjennomførast arkeologiske registreringar i området. Dette arbeidet blei gjennomført i slutten av august, byrjinga av september 2014. Ein har ikkje motteke rapport frå arbeidet med arkeologiske registreringar.

Planforslaget for gang- og sykkelveg må sjåast i samanheng med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt, då desse to planane har samanfallande plangrenser og vert fremja på same tid.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei mest sentrale elementa i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen.

**Vurdering og konklusjon:**

**Planforslaget**

Bustad
I FS1- området (frittliggjande småhusbebyggelse) er det teke med eksisterande bebyggelse som blir nytta til bustad. Innanfor dette området kan det frådelast totalt 3 tomter med dei elementa som planen viser.

Forretning

Her inngår eksisterande lokal matvarebutikk (Coop marknad Moltu) som er gitt noko større handlingsrom mot vest. Det er her vist byggjegrense mot fylkesveg på 25 meter.

Vegar
Det er planlagt ei vegløysing med skulder 0.5 meter + køyrebaner totalt på 6.0 meter + skulder 0.25 + fortau 2.5 meter + annan veggrunn 2.0 meter. Dimensjonert med utgangspunkt i Statens Vegvesen sin vegnormal handbok 017.
Ny veglinje for Nygjerdevegen er vist i plan etter kommunal vegnorm.
Eksisterande Nygjerdeveg er tenkt omklassifisert til bustadveg (felles privat) og er planlagt stengt for gjennomgangstrafikk av omsyn til trafikktryggleiken i området.

Fortau
Nytt fortau langs fylkesvegen er planlagt frå eksisterande Nygjerdeveg og forbi Myrabakken til plangrensa. Her heng planen saman med eldre plan «Tarberg – Moltumyr) som ikkje er fullt ut realisert.

Gang- og sykkelveg
Eksisterande etablert gang- og sykkelveg frå lokalbutikken til skulen er teke med i planforslaget, slik at arealbruken vert stadfesta og slik at ein ser samanhengen knytt til løysingar for gåande og syklande i området.

Annan veggrunn – tekniske anlegg og grøntareal
Dette er planlagt som offentleg areal planlagt til skråning, skjæring, fylling, skulder, grøft eller mur i tilknyting til fylkesveg eller kommunal veg i området.

Busslomme
Etablert busslomme er teke med i plan og utvida noko i høve Statens Vegvesen sin vegnormal.

**Vurdering**

Planforslaget skal legge til rette for ny gang- og sykkelveg frå Moltu skule til grense mot reguleringsplan «FV10 Tarberg — Moltumyr». Målet er å betre tilhova til mjuke trafikantar og gi desse ein tryggare ferdsel langs Fylkesveg 10. Det er også ei målsetting med planarbeidet å legge grunnlag for ein ny tilkomst til dei øvre delane av bygda, som erstatning for deler av dagens tilkomstveg (Nygjerdevegen).

I planarbeidet har ein nytta Statens Vegvesen si «Handbok 017» som utgangspunkt. I løysingar for gåande og syklande langs FV10, har ein i planforslaget valt å regulere ei fortausløysing i tillegg til breiddeutviding av eksisterande fylkesveg. Det er planlagt ei vegløysing med skulder 0.5 meter + køyrebaner totalt på 6.0 meter + skulder 0.25 + fortau 2.5 meter + annan veggrunn 2.0 meter. Sistnemnde varierer noko grunna tilgrensande  eksisterande busetnad i området.

Rådmannen vurderer det slik at ei løysing med fortau i staden for full gang- og sykkelveg, vil vere den rette løysinga for mjuke trafikantar i dette området.
Dette av omsyn til mellom anna trafikkmengd, fartsgrense, talet på gåande og syklande, avkøyrsler m.m. I tillegg er det tett busetnad i området. Sistnemnde gjer det utfordrande å finne gode løysingar som ivaretek mjuke trafikantar, samstundes som ein ikkje grip for sterkt inn i eksisterande etablerte bustadtomter som grensar til vegen.

Når det gjeld forslag til ny veglinje for Nygjerdevegen, ser ein denne som heilt naudsynt av omsyn til den bustadsatsinga som ein no legg til rette for i området, mellom anna i Myrabakken. Ny veg er også tenkt for å betre tryggleik og beredskapen i området, slik at utrykkingskøyretøy lettare kan ta seg fram til dei øvre og sentrale delane av bygda.

**Konklusjon**

Området er lagt ut til bustadføremål i kommuneplanen sin arealdel frå 2004. Som følgje av planen sitt innhald kjem ikkje planarbeidet inn under reglane i forskrift om konsekvensutgreiingar.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse.

Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd. Arealbruken ei vesentleg betring av trafikktryggleiken for denne delen av kommunen. Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere eit grunnlag for seinare realisering av eit trafikktryggingstiltak som kan sikre ein tryggare skulevegar på Moltustranda. Dette er også i samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommunen sin strategi for mjuke trafikantar.

Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Konsekvensar for folkehelse:
**Positivt.**
Konsekvensar for beredskap:
**Ingen særskilte**
Konsekvensar for drift:
**Ingen særskilte**

Fosnavåg, 08.09.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

①

Ⓔ

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 14. juni 2013 08:07
**Til:** Arkiv
**Kopi:** Aleksander Nykrem Tarberg
**Emne:** FW: Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV 10

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN

| | | | |
|---|---|---|---|
| Reg. nr. 2013/552 | | Saksbeh. AZT | |
| 14 JUNI 2013 | | | |
| Ark kode P | L12 | | |
| Ark kode S | | | |
| J nr | | Dok nr | 2 |
| Kassasjon | | | |

Helsing

**HERØY KOMMUNE**
Postmottak

*7008 1300*

www.heroy.kommune.no

**Fra:** Sjøsiden Eiendomsselskap A/S [mailto:perdyb@tussa.com]
**Sendt:** 13. juni 2013 17:31
**Til:** postmottak
**Emne:** Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV 10

Innspel til reguleringsplanen FV 10 Moltustranda.
Sjå vedlagt dokument.

Mvh
Sjøsiden Eiendomsselskap as
6095 Bølandet
Per Helge Dybvik
Mob 41587522

1

Til

Herøy Kommune

Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Bølandet. 13.06.2013

Att

Aleksander Zahl Tarberg

# Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV 10.

Viser til telefonsamtale i dag 13.6.2013 ang reguleringsplanen, og sender som avtalt innspel på dette.

Slik det er skissert på tilsendte tegninger, så vil det ikke lenger være mulighet og bruke parkeringsplassen foran bygningen. Dette er parkeringsplass til leietakere, og delvis også til turister som selskapet driver med. Skulle parkeringsmuliheter forsvinne, vil også grunnlaget for drift bli vesentlig forringet.

Ber derfor om at dette blir nøye vurdert i den videre prosessen med planarbeidet.

Mvh

Sjøsiden Eiendomsselskap as

6095 Bølandet

Per Helge Dybvik

(2)

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 14.06.2013 | 39532/2013/REGULERINGSPLAN/1515 | Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94 | 02.07.2013 |

# Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gang- og sykkelveg langs Fv 10 - strekninga Tarberg-Moltumyr - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Automatisk freda kulturminne**
Vi er ikkje kjent med automatisk freda kulturminne i eller ved planområdet. Delar av planområdet ser ut til å ha potensiale for slike funn, og vi varslar med dette at det kan verte aktuelt å sette krav om nærare arkeologisk registrering, jf. lov om kulturminne § 9, i samband med reguleringsplanen. Jamfør kml. §10 er det tiltakshavar som lyt dekke kostnadane ved registreringa. Vi vil vurdere § 9 og eventuelt omfanget av § 10 gjennom ei synfaring i området, og vil kome attende med nærare uttale etter dette.

Vi gjer merksam på at vi vil måtte fremje motsegn til planar som vert lagt ut til offentleg ettersyn utan at § 9 er oppfylt og eventuelle påviste automatisk freda kulturminne er ivareteke på ein god måte i planen.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Fagsaksbehandlar
Automatisk freda kulturminne: Trond Eilev Linge, arkeolog/rådgjevar, tlf. 71 25 88 40

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Postadresse: Fylkeshuset, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundveien 9 • Telefon: 71 25 80 00 • Telefaks: 71 24 50 01
e-post: post@mrfylke.no • www.mrfylke.no

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2013/552 ACT
- 3 JULI 2013
L12
5

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region midt | Hallvard Sæverud - <tomt> | 2013/071720-002 | | 02.07.2013 |

## Fv. 10 Moltustranda i Herøy kommune - gang - og sykkelveg - varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Uttale

Viser til skriv frå Herøy kommune med varsel om oppstart av reguleringsarbeid for m.a. gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 Moltustranda, udatert skriv registert motteke her 13.6.2013.

Statens vegvesen stiller seg positiv til at det gjennom varsla planarbeid vert teke sikte på å betre tilhøva til mjuke trafikantar og gje desse ein tryggare ferdsel langs fylkesvegen.
Vi føreset at planlegginga vert basert på gjeldande vegnormalar med tilhøyrande rettleiarar og retningslinjer.

Utover dette har vi i denne omgang ikkje særlege innspel og merknader til varsla planarbeid. Nærare detaljer vert å kome attende til når framlegg til reguleringsplan ligg føre etter regelverket i plan- og bygningslova.

Plan- og trafikkseksjoen
Med helsing

Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN
Reg nr 2013/552 Saksbeh ACT
18 JULI 2013
Ark kode P 212
Ark kode S
J nr Dok nr 6
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274

6099 Fosnavåg

Oslo, 17. juli 2013

**Innspill til; Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10**

Med bakgrunn i mottatte underlag til arbeidet med plan for gang- og sykkelvei på Moltustranda, oversender jeg her mine synspunkter og innspill.

Slik jeg tolker underlaget så har kommunen valgt å slå sammen to ulike tiltak til ett. Det første en etterlengtet sikring av skoleveien fra Myrabakken og inn til skolen, og det andre en forbedret tilkomst til Nygjerdevegen fra fylkesveien. Når disse to tiltakene er valgt samlet i et felles planarbeid, vil jeg utfordre kommunen til å tenke løsninger utover det angitte planområde. Mine etterfølgende synspunkter og innspill strekker seg derfor utover det varslede planområdet, som markert på denne skissen:



I den opprinnelige planen fra Statens vegvesen er gang- og sykkelveien lagt på nedsiden (nordsiden) av fylkesvegen, noe jeg antar i sin tid ble vurdert som den enkleste løsningen for strekningen fra Myrabakken og forbi bedehuset, da veien her er smal og bebyggelsen ligger tett inntil veien. Selv om biltrafikken er relativt begrenset per i dag, så vil jeg mene at dette er den minst trafikksikre løsningen. Her legges det opp til at alle myke trafikanter fra bygda trekkes ned til fylkesvegen – for så å måtte krysse fylkesvegen, og dermed skape kryssing av veien langs hele strekningen. Med andre ord, det er ikke tatt hensyn til hvilken side av veien befolkningen bor på Moltustranda, da fortauet er valgt lagt til motsatt side (nordsiden).

I forbindelse med et tidligere tomtesalg ble jeg av kommunen bedt om å endre arronderingen, grunnet kommunens "planer" om en fremtidig vei fra midt i Myrabakken og vestover til Nygjerdevegen. En slik vei bør vurderes som alternativ rute for myke trafikanter fra bygda og vestover til både skole og butikk, og mitt innspill viser denne i forlengelse til den antatte omlegging av tilkomst til Nygjerdevegen opp fra fylkesveien. Derfor spiller jeg inn dette som en utvidelse av planområdet, for vurdering som hovedtrase for gående og syklende. Dette vil også kunne redusere behovet langs fylkesveien til et smalere fortau (med tanke på kun gående) på sørsiden av fylkesveien, enn om det tas høyde for både gående og syklende.

Mellom eiendommene 60/229 og 60/236 er det på min eiendom et ca. 5 meter bredt belte som kan være en alternativ trase, for å slippe å berøre eiendommen 60/229 langs fylkesveien. Denne plasseringen vil i tillegg lede gående og syklende på baksiden av butikken, og dermed unngå kryssende biltrafikk inn og ut av parkeringsplassen.

På denne skissen har jeg tegnet inn mine alternative forslag til gang- og sykkelveier, samt stiplet inn en alternativ forbindelse mellom nordre og søndre trase:



I Vestlandsnytt den 8. november i 2011 etterlyste ordfører Goksøyr og handelsforeningen "sjønære hyttefelt" i Herøy. Til kommuneplanen 2013-2025 har jeg med bakgrunn i dette spilt inn omregulering av mitt areal (Gnr. 60 / Bnr. 35) nedenfor (nordsiden av) fylkesveien som egnet området. Opprinnelig plan fra Statens vegvesen med gang- og sykkelvei på nordsiden av fylkesveien vil redusere tilgjengelig areal, og dermed gjøre det mer utfordrende å finne en landskapsmessig god utnyttelse av arealet. På motsatt side (sørsiden) av fylkesveien er det derimot tilgjengelig areal med rikelig bredde for gang- og sykkelvei, og dette er samme side som dagens gang- og sykkelvei ligger fra Nygjerdevegen og inn til skolen.

Jeg vil også minne kommunen om at jeg velvillig har akseptert plassering av avløpsanlegg med slamskiller i vestre ende av dette området nedenfor fylkesveien. Dette reduserer allerede tilgjengelig areal for eventuell utvikling, og en gang- og sykkelvei vil bety ytterligere reduksjon i hele områdets lengde langs fylkesveien.

Jeg håper mine innspill kan være til nytte i kommunens videre planarbeid, og kanskje åpne for alternative løsninger utover det i utgangspunktet angitte planområde. Samtidig ønsker jeg her å vise min positive vilje til utnyttelse av min eiendom for utvikling av bygda, både hva angår infrastruktur, boliger og næring.

Med vennlig hilsen

Endre Moltu Grønnhaug

Adresse: Olav Nygards veg 172
0688 Oslo
Mobil: 934 80 257
Mail: groennh@online.no

Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

(5)

Herøy kommune
Utviklingsavdelingen
Postboks 274

6099 FOSNEVÅG

Telefon: 70 08 64 70
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside:www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref: Vår ref: AKL Dato: 19.07.2012

**Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV10**

Del av planarealet har arealklasse "fulldyrka jord ". Dyrka og dyrkbar jord har sterkt vern. Jordlova §9 forbyr å nytte slik jord til anna enn landbruksføremål. Omsyn til samfunnsinteresser kan likevel tale for omdisponering. Føremålet med planen vil ha slik interesse og det bør gjevast løyve til omdisponering.

Med helsing
Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

(8) (6)

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorinngeniør Lars Kringstad, 71 25 85 4150

Vår dato
19.07.2013
Dykkar dato
13.06.2013

Vår ref.
2013/4000/ASBU/421.4
Dykkar ref.
~~Ant adrett~~ utr-aug

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr 2013/552 Saksbh AZT
22 JULI 2013
Ark kode P L12
Ark kode S
J nr Dok nr 8
Kassasjon

**Herøy kommune. Detaljregulering - reguleringsplan gang- og sykkelveg langs Fv 10 Moltustranda. Fråsegn til melding om oppstart.**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader ved oppstart av planarbeidet:

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til at det blir sett i gong eit arbeid for å sikre mjuke trafikkantar på denne strekninga.

Deler av planområdet er dyrka mark. Vi oppmodar om god arealutnytting ved at ein i størst mogleg grad søkjer å avgrense bruken av dyrka mark.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f)
fung. samordnar

Lars Kringstad
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fagsaksbehandlar**
Landbruk: fylkesagronom Kristin Eide, tlf 71 25 81 35

**Kopi:**
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Til

Herøy Komm.
P. b. 274
6099 FOSNAVÅG

(E) (7)

29/7.13

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2013/552 Saksbeh. AZT
29 JULI 2013
Ark kode L12
Ark kode S
Jnr 9 Løpenr
Kassasjon

Viser til brev fra Dere vedr. oppstart av reguleringsplan-arbeid for gang og sykkelvei langs FV 10 Moltustr.

Vi har oppfatta det slik at gang/sykkelvegen skal leggast på nordsida av hovedveg. Det blir også frå Dere hevda at tryggleiken for born/unge og bygdefolk ellers er hovud fokus. Det har i dette krysset vært påkøyrsel av barn og utallige nestenulykker spesielt vinterstid, der born krysser vegen på akebrett.

Vi stiller derfor spørsmål om Dere har tatt hensyn til tryggleiken, når brukerne må krysse hovedvei på fleire punkt for å benytte gang/sykkelvei. Dette oppfattes for oss som lite gjennomtenkt!!

Den parkeringsplassen vi har mot hovedveg pr. idag er allereide et minimum. Ulemper vinterstid v/snøbrøyting med skade på biler, isklumper og snøsørpe som blir slengt både mot husvegg og vinduer er også en negativ faktor for oss.

For vår eigedom Gnr. 60 Br. 73 blir ikkje dette valg akseptert.

Vi ser fram til videre diskusjon i saka.

Med helsing

Torgeir Olav Skorpen.

Inger Skorpen.

Herøy Kommune
Postbox 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
Servicetorget
Pb 274
6099 FOSNAVÅG
Innlevert 31.07.13 (E)

(8) 31.07.13

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2013/552 AZT
- 1 AUG. 2013
L12
10

Ang: Reguleringsplan gang- og sykkelveg
Moltustranda FV10

Gjeld synspkt. på og rundt området på 60/22(
då denne vil verte berørt ved utbygging av
gang- / sykkelveg.
Ønskjer sjølvsagt at det ikkje vert nødvendig å
ta så mykje av nåværande hage på vår tomt
Etter mitt synspkt. bør både veg og gang/sykkelsti
leggast litt nærmare sjøen for å rette opp vegen
utover mot bedehuset.
Går likevel utfrå at delar av vår tomt vert
teken bort. Dersom det vert nødvendig vil vi gjerne
ha det kompensert ved å istadenfor overta
stykket bak huset (mellom 60/229 og 60/236)
som ein gong i tida var tenkt til veg.
Vi har dessutan både støypt kant rundt
huset, og har beplantning langs med heile vegen.
Så dersom det vert aktuelt å fjerne dette,
må det settast i stand på same måte som før,
med anten ein støypt kant eller ein oppmurt kant

langs med heile gang/sykkel vegen.
Sjå vedlagt kart, merka av med X.

Helsing frå
Sigrid Aud Moltumyr
Nygjerdev. 2
6076 Moltustranda

(9)

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 1. august 2013 08:06
**Til:** Arkiv
**Kopi:** Jarl Martin Møller; Aleksander Nykrem Tarberg
**Emne:** FW: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10

Helsing


**HERØY KOMMUNE**
Postmottak

*7008 1300*

www.heroy.kommune.no


**Fra:** Geir Moltubakk [mailto:gmoltubakk@yahoo.com]
**Sendt:** 31. juli 2013 21:14
**Til:** postmottak
**Emne:** Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

**Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10**

Forbi min eiendom går det allerede en vei som blir benyttet til gang- og sykkelvei - veien til den nedlagte "Videokiosken". Kanskje det er en ide og forlenge denne veien - tid og penger spart.
Fylkesveien går nå i en stor bue/sving forbi meg - denne bør etter mitt syn rettes/flyttes mot nord/vest hvis en eventuell ny gang- og sykkelvei kommer på sør/øst siden av fylkesveien.

Mvh
Geir Moltubakk
60/114


HERØY KOMMUNE
09.06.2013 1:2500
Det kan forekomme feil i kartet
0 25 50 75 100 m

(10)

**Aleksander Nykrem Tarberg**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Ole Magne Rotevatn |
| **Sendt:** | 5. august 2013 13:15 |
| **Til:** | Aleksander Nykrem Tarberg |
| **Emne:** | VS: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moldtustranda FV10 |

Helsing

**OLE MAGNE ROTEVATN**
Planleggar

*7008 1300 / 7008 1353*

www.heroy.kommune.no

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 5. august 2013 13:15
**Til:** Arkiv
**Kopi:** Ole Magne Rotevatn
**Emne:** FW: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moldtustranda FV10

Helsing

**HERØY KOMMUNE**
Postmottak

*7008 1300*

www.heroy.kommune.no

**Fra:** Camilla Storøy Hermansen
**Sendt:** 5. august 2013 13:11
**Til:** postmottak
**Emne:** Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moldtustranda FV10

Uttale frå Barnerepresentanten:

Barnerepresentanten ser positivt på all etablering av gong- og sykkelvegar og trygging av skulevegar. Når det gjeld Moltu, ønskjer barnerepresentanten også ei tryggare kryssing av vegen frå noverande gongveg og over til skulen. Her bør det etablerast opphøgd overgongsfelt.

Camilla Storøy Hermansen, barnerepresentant

**VEDLEGG 3 TIL PLANOMTALE FOR «GANG- OG SYKKELVEG MOLTUSTRANDA FV10» PLAN-ID: 201308**

BEHANDLING AV INNSPEL TIL PLANARBEIDET – VARSEL OM OPPSTART

| | **Avsendar og dato** | **Innspel** | **Vår vurdering** |
|---|---|---|---|
| 1 | Sjøsiden Eiendomsselskap v/ Per Helge Dybvik 14.06.2013. | Grunneigar hevdar det ikkje lenger vil vere mogleg å nytte parkeringsplassen framfor bygget etter tilsendt teikningar. Det blir vist til at dette er parkeringsplassar for leigetakarar og delvis for turistar som selskapet opererer mot. Grunneigar påpeikar at dersom parkeringsmoglegheitene skulle forsvinne, vil også grunnlaget for drift bli «vesentleg forringa». Grunneigar ber om at dette blir vesentleg vurdert i den vidare planprosessen. | *Planforslaget er utforma med intensjon om at ikkje skal kome i konflikt med dei parkeringsplassane det blir vist til. Det er teke inn i føresegnene at det kan etablerast mur innanfor områda som er vist som «annan veggrunn – grøntareal». Vidare detaljar kring dette må løysast gjennom byggjeplanar / detaljprosjektering når vegen skal realiserast.* |
| 2 | Møre og Romsdal fylkeskommune (MRfylke) 02.07.2013 | Fylkeskommunen er ikkje kjent med automatisk freda kulturminne i eller ved planområdet. Delar av planområdet ser ut til å ha potensiale for slike funn, og dei varslar med dette at det kan verte aktuelt å sette krav om nærare arkeologisk registrering.<br>Det er tiltakshavar som lyt dekke kostnadane ved registreringa. Fylkeskommunen vil vurdere § 9 og eventuelt omfanget av § 10 gjennom ei synfaring i området, og vil kome attende med nærare uttale etter dette. Fylkeskommune gjer merksam på at vi vil måtte fremje motsegn til planar som vert lagt ut til offentleg ettersyn utan at § 9 er oppfylt og eventuelle påviste automatisk freda kulturminne er ivareteke på ein god måte i planen | *Arkeologiske registreringar er gjennomført og det er ikkje registrert funn i området. Rapport er enno ikkje motteke frå Fylkeskommunen.* |
| 3 | Statens Vegvesen Region Midt (STV), 03.07.2013 | Statens vegvesen stiller seg positiv til at det gjennom varsla planarbeid vert teke sikte på å betre tilhøva til mjuke trafikantar og gje desse ein tryggare ferdsel langs fylkesvegen. Vi føreset at planlegginga vert basert på gjeldande vegnormalar med tilhøyrande rettleiarar og retningslinjer. Utover dette har vi i denne omgang ikkje særlege innspel og merknader til varsla planarbeid. Nærare detaljer vert å kome attende til når framlegg til reguleringsplan ligg føre. | *Innspelet er teke til vitande.* |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 4 | Endre Moltu Grønhaug<br>18.07.2013 | Påpeikar at ei løysing med gang- og sykkelveg på nordsida av FV10, slik den er vist i eldre plan, vil vere den minst trafikksikre løysinga. Det vert vist til at mjuke trafikantar frå bygda blir trukke ned til Fylkesvegen, for så å måtte krysse vegen. Det er, i eldre plan, ikkje teke omsyn til kva side av vegen befolkninga er busett på Moltustranda.<br><br>Grønhaug viser til noko han hevdar er ein tidlegare plan med veg frå midten av Myrabakken til Nygjerdevegen, og ber om at dette blir vurdert som alternativ rute for mjuke trafikantar.<br><br>Grunneigar viser også til eit 5 meter breidt belte mellom 60/229 og 236 som ein alternativ trase for gåande og syklande i området.<br><br>Grønhaug viser til at ein gang- og sykkelveg på nordsida av FV10 vil kome i konflikt med grunneigar sitt innspel til kommuneplan om omregulering av bnr 35 til «sjønært hyttefelt» | *Løysing for gåande og syklande (mjuke trafikantar) er i dette planforslaget lokalisert på sørsida av fylkesvegen – og vist med fortau som løysing. På denne måten vil ein unngå kryssing av vegen i høve hovudtyngda av bebyggelsen og allereie etablert gangveg på deler av strekninga*<br><br>*Denne løysinga blir ikkje vurdert som aktuell, då ein ser det som eit vesentleg viktig poeng at ferdselsareal blir lokalisert langs hovudfartsåra i området og at den også skal ta omsyn til gjennomgangstrafikk av mjuketrafikantar*<br><br>*Ettersom det er planlagt ei fortausløysing på sørsida av fylkesvegen, så kan ein ikkje sjå at gangvegen her vil vere i konflikt med Grønhaug sine byggjeplanar på gnr 60 bnr 35.* |
| 5 | Søre Sunnmøre Landbrukskontor<br>19.07.2013 | Landbrukskontoret viser til at del av planområdet har arealklasse «fulldyrka jord». Dyrka og dyrkbar jord har sterkt vern. Jordlova §9 forbyr å nytte slik jord til anna enn landbruksføremål. Omsyn til samfunnsinteressene kan likevel tale for omdisponering. Føremålet med planen vil ha slik interesse og det bør gjevast løyve til omdisponering. | *Innspelet er teke til vitande.* |
| 6 | Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 22.07.2013. | Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til at det blir sett i gong eit arbeid for å sikre mjuke trafikkantar på denne strekninga. Deler av planområdet er dyrka mark. Det vert oppmoda om god arealutnytting ved at ein i størst mogleg grad søkjer å avgrense bruken av dyrka mark. | *Det er forsøkt teke omsyn til innspelet frå Fylkesmannen ved planlegging av ei løysing for gåande og syklande i området. I planforslaget er det valt ei mindre arealkrevjande løysing med fortau. Innspelet er teke til følgje i planutforminga.* |
| 7 | Jogeir Olav Skorpen<br>Inger Skorpen<br>29.07.2013 | Grunneigar av gnr 60 bnr 73 har oppfatta det slik at at gang- og sykkelvegen skal ligge på nordsida av FV10. Vidare blir det påpeika at trafikktryggleiken for | *Ein viser til at løysinga som er planlagt inneberer etablering av fortau på sørsida av fylkesvegen. Det blir vidare vist til vurdering av innspel nr 4.* |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | born/unge og bygdefolk elles er hovudfokus. Grunneigar viser til at det i krysset (ved Myrabakken?) har vore fleire påkøyrslar av barn og uttalige nestenulykker vinterstid, der born krysser vegen på akebrett. Det blir stilt spørsmål om kommune har teke omsyn til tryggleiken, når brukarane må krysset hovudvegen på fleire punkt for å nytte gang- og sykkelvegen? Grunneigar viser til at parkeringsplassen dei har mot vegen i dag allereie er eit minimum og at dei opplever ulemper vinterstid med skade på biler, husvegg og vindauge grunna snøbrøyting. Grunneigar vil ikkje akseptere ein gang- og sykkelveg på nordsida av FV10. | *Ein kan ikkje sjå at planforslaget vil kome i konflikt med parkeringsplassane på eigedomen. Øvrige moment i innspelet frå Skorpen vert ikkje ytterlegare kommentert her, då ikkje kan sjå at dette har relevans i plansamanheng.* |
| 8 | Sigrid Moltumyr<br>01.08.2013 | Gjeld eigedom gnr 60 bnr 229. Grunneigar ynskjer at det ikkje vert naudsynt å ta så mykje areal av noverande hage på deira tomt. Grunneigar meiner at veg og gang- og sykkelveg bør leggast litt nærare sjøen for å rette opp vegen utover mot bedehuset.<br><br>Grunneigar går ut frå at deler deira tomt vert teken bort. Dersom dette blir naudsynt, vil dei gjerne ha det kompensert med å overta stykket bak huset. Grunneigar viser til at dei har støypt kant rundt huset og har beplantning lang heile vegen. Dersom det vert aktuelt å fjerne dette, må det setjast i stand på same måte som før, med anten ein støypt kant eller ein oppmurt kant langs heile gang- og sykkelvegen. | *Planforslaget legg opp til at noko av arealet til eigedom gnr 60 bnr 229 blir regulert til offentleg vegareal (fortau m.m). I etterkant av godkjend reguleringsplan og i samband med realisering av vegprosjektet, vil ein kome nærare attende til detaljar kring avgrensing av veg mot eigedomen. Førebels er det lagt til rette for eit noko smalare areal med «anna veggrunn» som også kan vere mur mot tilstøytande hageareal.*<br><br>*Det er ønske om at det blir oppretta dialog med grunneigar kring løysingar med grunnerverv.*<br><br>*For å oppnå ei best mogleg veglinje med omsyn til sikt, framkomst og trafikktryggleik, har ein ikkje valt å flytte senterlinja vesentleg mot sjø for denne delen av planområdet.*<br><br>*Innspelet vert delvis teke til følgje.* |
| 9 | Geir Moltubakk<br>31.07.2013 | Grunneigar av gnr 60 bnr 114. Han viser til at det forbi eigedomen i dag, allereie går ein veg som blir nytta til gang- og sykkeveg; vegen til den nedlagde «Videokiosken». Grunneigar stiller spørsmål om det let seg gjere å forlenge denen vegen? Det blir vidare vist til at Fylkesvegen i dag går i ein stor bue/sving forbi eigedomen, og at denne bør flyttast nord/vest dersom det kjem ein ny gang- og sykkeveg på | *Planforslaget inneberer ei justering av senterlinja av dagens veg forbi Moltubakk m.fl sin eigedom. For å oppnå naudsynt radius (R) på linjeføringa til ny senterlinje, har det vore naudsynt å flytte denne noko mot nord. Dette vil medføre at køyrevegen får noko lenger avstand frå eigedomen til Moltubakk, men at det samstundes vert lagt til rette for fortau der deler av eksisterande vegbane er i dag mot bnr 114.* |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | sør/austsida av FV10. | *Innspelet er teke til følgje.* |
| 10 | Barnerepresentanten 05.08.2013 | Barnerepresentanten ser positivt på all etablering av gong- og sykkelvegar og trygging av skulevegar. Når det gjeld Moltu, ønskjer barnerepresentanten også ei tryggare kryssing av vegen frå noverande gongveg og over til skulen. Her bør det etablerast opphøgd overgongsfelt. | *Det blir vist til at kommune har sett i gong arbeid med kryssingspunkt for fotgjengarar ved Moltu skule. Ein har søkt og fått løyve frå Statens vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune til å legge til rette for eit «tilrettelagt kryssingspunkt» ved skulen. Dette vert også regulert inn i plan.*<br><br>*Innspelet er delvis teke til følgje.* |

Utviklingsavdelinga, september 2014.

## Referat frå informasjons- og medverknadsmøte om ny gang- og sykkelveg på Moltustranda (FV10)

| | | |
|---|---|---|
| Dato: | 12.09.2013 | Deltakarar: Aleksander Zahl Tarberg (Planleggar) |
| Tid: | 18 – 20.00 | Ida Marie Herre (Ingeniør) |
| Stad: | Moltu skule, gymsalen | Frammøte: ca 23 personar. |

-----------------------------------------------------------------------------------------

- Møte starta med at planleggar frå Herøy kommune orienterte om bakgrunnen for planarbeidet gjennom ein power point presentasjon. Her blei det orientert om korleis arbeidet er forankra i vedtak og overordna planar, samt korleis planområdet er avgrensa og kva som er bakgrunnen for plangrensa.
- Det blei orientert om planprosessen vidare og kvifor ein ynskjer å halde eit ope møte med grunneigarane. Ein understreka at dette møtet blei sett på som eit viktig ledd i å sikre medverknad frå dei som blir råka og dei som evt blir framtidige brukarar av gangvegen.
- Det blei vist til foreløpig skisse som viser ei løysing med flytting av senterlinja på vegen, samt breiddeutviding og ensidig fortau.
- Ein vil i det komande planarbeidet søkje å avklare om fortau vil vere den beste løysinga for området med tanke på dei eksisterande forholda langs Fylkesveg 10 med tett bebyggelse og murar plassert tett inn mot vegbana.
- Det kom fram synspunkt i frå dei frammøtte på at den avkøyrsla som går ned mot den «gamle kiosken» må samkøyrast med planarbeidet.
- Det blei stilt spørsmål om dei murane langs vegtrasen vil vere eit problem for å få på plass gode løysingar, også stilt spørsmålsteikn ved om desse må fjernast.
  Her blei det svart at foreløpig skisse viser at ved å flytte senterlinja på vegen for eit kortare strekk, så vil ein unngå å måtte gjere inngrep i den største muren. Mindre murar vil likevel vere i faresona for å måtte fjernast. Ein vil sjå nærare på desse forholda i planprosessen før ein konkluderer. Nokre stader er dei oppsette murane så dårlege at dei må fjernast innan kort tid grunna fare for nedras.
- Frå nokre blei det stilt spørsmål om kva tidsperspektiv ein ser føre seg før dette kan realiserast. Planleggar orienterte om at ein pr no ikkje kan seie noko om byggestart, då dette er avhengig av politisk prioritering hjå Møre og Romsdal fylkeskommune., før tiltaket går vidare til Statens Vegvesen som fagetat for byggeprosjektering, anbod og evt oppstart.
- Dei politiske representantane (Høgre) som hadde møtt opp, orienterte litt om den politiske prosessen og ventetid. Her blei det vist til at prosjektet er i konkurranse med veldig mange andre viktige saker på fylkesnivå. Det vil difor ikkje vere enkelt å få aksept for prioritet og midlar til realisering. Dei politiske representantane nemnde trafikktryggingsmidlar som aktuelle tiltak, men også RDA-mildar og evt kommunal forskottering som aktuell løysing.
- Nokre av dei frammøtte stilte spørsmål resten av fylkesveg 10? Det blei vist til at ein såg behov for at det må tenkast langsiktig og heilheitleg på Moltu. Det blei etterlyst ein samanhengande plan med gangveg frå Tarberg til kryss mot Legane. Det kom fram sterke meiningar om at bygda ikkje blir prioritert av kommunen. Mange var samde i dette punktet, og vil ha gangveg frå skulen og innover til krysset mot Legane.

- Foreldre som hadde møtt fram vist til at det er totalt 16 skuleborn som har skuleveg frå Munkestranda i dag, og etterlyser tiltak med ny gangveg frå Legane til Skulen.
- Planleggar orienterte om at ein i ny trafikktryggingsplan vil tilrå eit tiltak med overgangsfelt ved skuleområdet. Dvs eit felt som blir fysisk oppmerka og skilta som kryssingspunkt.
- Planleggar orienterte om at resten av fylkesveg 10 frå Moltu skule til kryss mot Legane, er ein vesentleg meir omfattande prosess enn det arbeidet som no er oppstarta. Her må Statens vegvesen tyngre på bana i forhold til ei omlegging og nybygging av Fylkesveg 10. Det blei vist til kommunedelplan frå 1993.
- Planleggar påpeika at målsettinga med planleggingsarbeidet på sikt vil vere å kome seg fram til krysset mot Legane med ein reguleringsplan som kan avklare arealbruken for ny veg og gang- og sykkelveg. Dette vil ein arbeide mot på sikt i tråd med tidlegare vedtak i Formannskapet.
- Rektor på Moltu skule stilte spørsmål om det kan gjerast tiltak mens ein ventar på ny gangveg. Her blei det skissert ønske om fartsreduserande tiltak i form av fysisk «dump» og oppmerka gangfelt og skilting av overgangsfelt ved skuleområdet.
- Frå politisk hald blei det understreka at det tidlegare er gjort vedtak om at administrasjonen skal planlegge vidare fram til krysset mot Legane.
- Det kom fram meiningar om at ein i bygda er bekymra for den aukande trafikken langs FV10, og spesielt i høve talet på større køyretøy som passerer Moltu om vinteren, då desse har problemer med å forsere Leikongbakkane grunna glatt føre.
- Det kom innspel om at ein bør starte opp arbeidet med å bygge ny vegløysing for Nygjerdevegen snarast råd. Vist til vegløysing frå 1963.
- Det blei stilt spørsmål ved om det verkeleg er naudsynt med arkeologisk registrering. Nokre uttrykte misnøye med at dette vil kunne forseinke prosessen med planarbeidet.
- Det kom innspel om at politikarane i kommunen (og frå Moltu) må arbeide vidare med å finne løysingar for finansiering av ny gangveg på Moltu.
- Enkelte som hadde møtt fram framheva at dei meinte at behova knytt til veg på Moltu ikkje blir prioritert
- Ein av grunneigarane i området kom med innspel om at grunneigarane langs vegen må vere positive til arbeidet som no er starta opp, slik at ein kan kome fram til konstruktive løysingar. Det blei også sagt at grunneigarane må vere med å legge press på planen slik at planområdet blir utvida og slik at prosessen med denne planen blir prioritert.
- Grunneigaren drøfte seg i mellom i salen om at det vil stå saman, snakke seg i mellom om løysingar, gå ut i pressa og legge press på politikarane for å dette prosjektet prioritert.

Ref

Aleksander Zahl Tarberg.

**Møre og Romsdal fylkeskommune**
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00
E-post: post@mrfylke.no
www.mrfylke.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ein tydeleg medspelar

Arkeologisk rapport 2014

# Fv10 Moltustranda/Myrabakken bustadfelt

Moltustranda, gnr 60 i Herøy

Kristoffer Rantala



## CALIBRATION OF RADIOCARBON AGE TO CALENDAR YEARS

(Variables: C13/C12 = -23.1 o/oo : lab. mult = 1)

| | |
|---|---|
| **Laboratory number** | **Beta-391746** |
| **Conventional radiocarbon age** | **2240 ± 30 BP** |
| **2 Sigma calibrated result**<br>**95% probability** | **Cal BC 390 to 340 (Cal BP 2340 to 2290)**<br>**Cal BC 325 to 205 (Cal BP 2275 to 2155)** |
| Intercept of radiocarbon age with calibration curve | Cal BC 360 (Cal BP 2310)<br>Cal BC 265 (Cal BP 2215) |
| 1 Sigma calibrated results<br>68% probability | Cal BC 375 to 350 (Cal BP 2325 to 2300)<br>Cal BC 295 to 230 (Cal BP 2245 to 2180)<br>Cal BC 220 to 210 (Cal BP 2170 to 2160) |




**Database used**
INTCAL13

**References**


**Mathematics used for calibration scenario**
A Simplified Approach to Calibrating C14 Dates, Talma, A. S., Vogel, J. C., 1993, Radiocarbon 35(2):317-322
**References to INTCAL13 database**
Reimer PJ et al. IntCal13 and Marine13 radiocarbon age calibration curves 0–50,000 years cal BP. Radiocarbon 55(4):1869–1887.



**Beta Analytic Radiocabon Dating Laboratory**
4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • Email: beta@radiocarbon.com



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ein tydeleg medspelar

Arkeologisk rapport 2014

# Fv10 Moltustranda/Myrabakken bustadfelt

Moltustranda, gnr. 60 i Herøy kommune


Kristoffer Rantala

BETA ANALYTIC INC.
DR. M.A. TAMERS and MR. D.G. HOOD
4985 S.W. 74 COURT
MIAMI, FLORIDA, USA 33155
PH: 305-667-5167 FAX:305-663-0964
beta@radiocarbon.com

## REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSES

Mr. Kristoffer Dahle — Report Date: 10/7/2014

Møre og Romsdal fylkeskommune — Material Received: 10/1/2014

| Sample Data | Measured Radiocarbon Age | 13C/12C Ratio | Conventional Radiocarbon Age(*) |
|---|---|---|---|
| Beta - 391746 | 2210 +/- 30 BP | -23.1 o/oo | 2240 +/- 30 BP |

SAMPLE : KP1 KRR 2014
ANALYSIS : AMS-Standard delivery
MATERIAL/PRETREATMENT : (charred material): acid/alkali/acid
2 SIGMA CALIBRATION : Cal BC 390 to 340 (Cal BP 2340 to 2290) and Cal BC 325 to 205 (Cal BP 2275 to 2155)

Høeg – Pollen 876 842 262 MVA
Helge Irgens Høeg,
Gloppeåsen 10,
3261 LARVIK

Skaiti, 27/9-14.

Til Kristoffer Dahle, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 MOLDE.

Analyse av 12 kullprøver fra Møre og Romsdal.

*KP 1, KRR. 2014, Dyrkingslag, Moltu, Herøy.*
Det ble bestemt 40 biter. Av disse var 33 *Betula* (bjerk) (1,2 g sendt Beta), 2 *Sorbus* (rogn) (0,1 g) og 5 *Pinus* (furu) (0,3 g).

Prøvene til Beta ble postlagt i dag morges.

Helge Irgens Høeg



# Innhald

Innhald ..... 5
Figurliste ..... 6
Forord ..... 7
1.0 Samandrag ..... 8
2.0 Bakgrunn og formål med undersøkinga ..... 9
3.0 Området ..... 9
4.0 Kulturhistorisk riss ..... 11
4.1 Automatisk freda kulturminne ..... 11
4.2 Nyare tids kulturminne ..... 11
4.3 Lausfunn ..... 11
5.0 Strategi og metode ..... 12
5.1 Visuell overflateregistrering ..... 12
5.2 Maskinell sjakting ..... 12
5.3 Manuell prøvestikking ..... 12
6.0 Undersøkinga ..... 13
6.1 Synlege strukturar ..... 13
6.2 Sjakter ..... 14
6.3 Prøvestikk ..... 18
| K2 | Liten | Få og små | Få og små |
| K3 | Farlig | Alvorlige skader | Alvorlige skader |
| K4 | Alvorlig | Alvorlige skader / noen døde | Materielle ødeleggelser |
| K5 | Katastrofal | Store skader / mange døde | Store materielle ødeleggelser |

### Tabell 2: Inndeling i sannsynsklassar

| Sannsynlighets-kategori | Grad av sannsynlighet | Frekvens (predikert antall hendelser pr tidsrom) |
|---|---|---|
| S1 | Lite/minst sannsynlig | Mindre enn én hendelse på 1000 år |
| S2 | Mindre sannsynlig | Mellom én hendelse pr 100 år og én hendelse pr 1000 år |
| S3 | Sannsynlig | Mellom én hendelse på 10 år og én hendelse pr 100 år |
| S4 | Meget sannsynlig | Mellom én hendelse på ett år og én hendelse pr 10 år |
| S5 | Svært/mest sannsynlig | Mer enn én hendelse pr ett år |

**Ei heilskapsvurdering gir S1 for sannsynlighet:**

- Ein har ikkje observert snøskred i området og ein kjenner ikkje til slike hendingar
- Vi snakkar om låge mengder snø med lite omfang
- Topografi med stein og skog gir stor friksjon mot underlaget
- Utspringshøgde gir liten bevegelsesenergi og kort utløpsdistanse
- Ikke gått snøskred som dagens bebuarar i området kjenner til
- Ikke funne dokumentert hending i Skrednett sin database
- Ingen spor i terrenget etter nyare snøskred
- Topografien flater ut gjennom planta skog, bebyggelse og vidare mot planområdet
- Vegetasjon; kystlyng, mindre krattskog og noko planta sitkagran
- Klimatiske forhold gir svært låg risiko for snøskred i dette området

## Risikodiagram

Etter vurdering av konsekvens og sannsyn kan risiko definerast ut fra ei systematisering av kategoriane. Denne analysen nyttar eit risikodiagram som vist i tabell 3.

**Tabell 3: Risikodiagram**

| RISIKODIAGRAM FOR UØNSKEDE HENDELSER, SKRED | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| SANNSYNLIGHET | KONSEKVENS | | | | |
| | K1<br>Ubetydelig | K2<br>Liten | K3<br>Farlig | K4<br>Alvorlig | K5<br>Katastrofalt |
| **S5 – Svært/mest sannsynlig** | | | | | |
| **S4 – Meget sannsynlig** | | | | | |
| **S3 – Sannsynlig** | | | | | |
| **S2 – Mindre sannsynlig** | | | | | |
| **S1 – Lite sannsynlig** | Myrabakken bustadfelt | | | | |

**Låg risiko**

Avbøtende tiltak gjennomføres bare når kost/nytte-vurderingen tilseier det.

**Middels risiko**

Akseptabel risiko. Avbøtende tiltak iverksettes dersom effekten er stor og ulempene/kostnadene små.

**Høy riskiko**

Uakseptabel risiko. Avbøtende tiltak er nødvendig.

Kombinerer vi sannsynlighet og konsekvens S1 og K1, ser vi at vi kjem på låg risiko i diagrammet. Avbøtande tiltak gjennomførast berre når kost/nytt-vurderingane tilseier det.



▬▬▬▬▬▬ Avgrensing av planområde

# Risikoevaluering

**Sammenligning av identifisert risiko med kriterier for akseptabel risiko**.

Risikoen er vurdert som låg og ein vurderer det difor ikkje som aktuelt å gjennomføre tiltak utanfor planområdet i eit kost/nytt-perspektiv.

**Oppsummering**

Planområdet er alt bebygd i sør og i dei områda som er omfatta av aktsemdskarta.
Det er ikkje spor etter snøskred i planområdet. Steinmateriale som er observert ligg på marine avsetningar og stammer frå lokalt fjell.

Utløpsområde har ur, steinmateriale, lyng og skog som vil ha preventiv verknad på lengde av utløpsdistanse for eit evt snøskred. I dette området er deler av utspringsområde og øvre deler av utløpsområde planta med tett sitkagran-skog som vil ha svært preventiv verknad på utløpsdistanse.

<u>Klimatiske forhold:</u>

*Stasjonen ligger i Herøy kommune, 38 m o.h. Den er nærmeste offisielle målestasjon, 0,2 km fra punktet Svinøy. Stasjonen ble opprettet i juni 1955. Stasjonen måler temperatur og vind. Det mangler normaler for nedbør. Det kan mangle data i observasjonsperioden.*

***Siste 30 døgn:*** *Snittemperaturen var 12,0 grader, 0,9 grader over normalen. Høyeste temperatur var 23,1 grader (7. juli), og laveste var 7,1 grader (21. juni). Høyeste vindhastighet var 17,8 m/s (7. juli).*

***Siste 12 hele måneder:*** *Høyeste temperatur var 23,1 grader (7. jul. 2014) og laveste -3,1 grader (13. jan. 2014).*

**Utspring av snøskred frå Storehanen 471 m.o.h og til planområdet vurderer ein ikkje representerer nokon fare av omsyn til dei lokale klimatiske og topografiske forholda på staden. Låg fallhøgde, steinur og planta skog gjer at ein vurderer evt utspring ikkje representerar noko fare i planområdet.**

**Med bakgrunn i ovannemnde vurderer ein det nominelle sannsynet for snøskred (farenivået) mot byggverk og tilhøyrande uteareal til å vere under grenseverdien 1/1000 pr år. Etter denne vurderinga tilfredsstiller lokaliteten sikkerheitsklasse S1 i TEK 10 § 7-3.**

**Konklusjon**

Denne vurderinga omfatter fare for snøskred ved Myrabakken bustadfelt på Moltustranda.

Konklusjonen byggjer på vurdering av aktsomhetskart snøskred, lausmassekart, topografisk kart, flybilder, synfaring i området og lokal kunnskap.

Risikovurdering viser at prosjektet ut fra ei geofagleg vurdering har ein akseptabel risiko. Nominelle sannsynet for steinsprang (farenivået) mot byggverk og tilhørende uteareal vurderes til å være under grenseverdien 1/1000 pr år, slik at sikkerhetsplanområdet tilfredsstiller klasse S1 i TEK 10 § 7-3.



**Utsnitt av NVE sine aktsemdskart. Utløpsområde snøskred.**

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

| Emne | | Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold? | Nei | Ja |
|---|---|---|---|---|
| Naturgitte forhold | a | Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred? | | X |
| | b | Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø? | X | |
| | c | Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)? | X | |
| | d | Er området utsett for flaum/flaumskred? | X | |
| | e | Er det registrert radon i grunnen? | X | |
| | f | Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus? | X | |
| | g | Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo? | X | |
| | h | Anna (spesifiser)? | | |
| Omgivnad | a | Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is? | X | |
| | b | Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)? | X | |
| | c | Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggande område? | X | |
| | d | Anna(spesifiser)? | | |
| Verksemdsrisiko | a | Omfattar området spesielt farlege anlegg? | X | |
| | b | Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko for området? | X | |
| Brann-/ulykkes-beredskap | a | Har området utilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)? | X | |
| | b | Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy? | | X |
| Infrastruktur | a | Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området? | X | |
| | b | Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området: | X | |
| | c | Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området:<br>- til skole/barnehage?<br>- til nærmiljøanlegg (idrett etc.)? | X | |
| | d | Er det transport av farleg gods til/gjennom området? | X | |
| Kraftforsyning | a | Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner? | X | |
| | b | Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster? | X | |
| | c | Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området? | X | |
| Sårbare objekt | a | Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området:<br>-elektrisitet ?<br>-teletenester?<br>-vassforsyning?<br>-renovasjon/spillvatn? | X | |
| | b | Er det vassforsyning/drikkevatn i området | X | |
| | c | Er det spesielle brannobjekt i området? | X | |
| | d | Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området? | X | |
| Er området påverka/ forureina frå tidligare bruk | a | Gruver: opne sjakter, steintippar etc.? | X | |
| | b | Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.? | X | |
| | c | Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering? | X | |
| | d | Anna (spesifiser)? | | |
| Ulovleg verksemd | a | Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål? | X | |
| | b | Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken? | X | |

Sjekklista er gjennomgått den 17/7-14 av sign: Aleksander Zahl Tarberg

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 02.02.2015
Vår ref.: 201405138-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 27.01.2015
Dykkar ref.: Aleksander Zahl Tarberg

Sakshandsamar:
Terje Systad

# Trekkjer motsegn til ny gang- og sykkelveg Moltustranda - Herøy kommune (MR)

Vi syner til Dykkar brev dagsett 06.1.2015. Herøy kommunen ber NVE om å trekke vår motsegna som gjeld reguleringsplan for gang- sykkelveg Moltustranda. I tillegg til gang- og sykkelveg opna planen opp for bygging av frittliggande småhus (FS1) og forretningsbygg (F1). Bakgrunnen for motsegna var at planområdet låg innanfor utløpsområdet til dei landsdekkande aktsemdskarta for snøskred i Skrednett (www.skrednett.no). Ved offentleg ettersyn av planen låg det ikkje ved tilstrekkeleg dokumentasjon på skredfaren.

Generelt rår NVE til at ein nyttar skredkyndige personar til å vurdere skredfaren. Jamfør NVE sine retningslinjer 2/2011 "*Flaum- og skredfare i arealplanar*" kan ein i nokre tilfelle på reguleringsplannivå kunne avkrefte potensielle fareområde. Dette kan skje når ein har opplysningar som tilseier at det aktuelle området ikkje er fareutsett. Det må i tilfelle givast ei konkret grunngjeving for dette som kan etterprøvast.

Herøy kommune har no sendt inn meir detaljert opplysingar på kvifor dei ikkje reknar planområdet som utsett for snøskred. I grunngjevinga legg dei vekt på forhold som klima, topografi og vegetasjon. Slik NVE vurderer saka er grunngjevinga til Herøy kommunen innanfor det handlingsrommet kommunen har til å kunne avkrefte potensiell skredfare, jamfør NVE sine retningslinjer. Vi vil likevel understreke at NVE ikkje kvalitetssikrar konklusjonane i ei skredvurdering.

Med bakgrunn i Herøy kommune si vurdering av skredfaren vel NVE å trekkje motsegna til reguleringsplan for gang- og sykkelveg Moltustranda.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
Overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## Aleksander Zahl Tarberg

**Fra:** Jarl Martin Møller
**Sendt:** 17. november 2014 08:42
**Til:** Aleksander Zahl Tarberg
**Emne:** VS: Reguleringsplan gangveg Moltu

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2013/552 Saksbeh AZT
- 7 JAN. 2015
Ark.kode P L12
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 32
Kassasjon

Helsing

JARL MARTIN MØLLER
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 17. november 2014 08:05
**Til:** Arkiv
**Kopi:** Jarl Martin Møller
**Emne:** FW: Reguleringsplan gangveg Moltu

Helsing

HERØY KOMMUNE
Postmottak

*7008 1300*

www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** Geir Moltubakk [mailto:gmoltubakk@yahoo.com]
**Sendt:** 16. november 2014 12:35
**Til:** postmottak
**Emne:** Reguleringsplan gangveg Moltu

Det burde være mulig å rette opp/flytte veien mot nord slik at det blir unødvendig å bruke grunn på sørsiden av dagens vei (?) Veien går nå i en sving inn mot min eiendom. Eventuelle ledninger/kabler kan legges under gangveien.

Mvh
Geir Moltubakk
Moltuvegen 357
Gards- og bnr. 60/114

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2013/552 | L12 | 20.11.2014 |

## LANDBRUKSFAGLEG UTTALE

Saka gjeld detaljregulering for ny gang- og sykkelveg på Moltustranda. Vi vil peike på at ein må ta omsyn til eksisterande tilkomstar til dyrka mark. Det gjeld spesielt tilkomsten vest for skulen.

I tidlegare innspel til reguleringsplanen datert 19.07.2012 peika vi på omsynet til jordvernet. Vi ser at det vert teke i vare når det gjeld gang- og sykkelvegen langs med FV 10.

Det er lagt inn ny tilkomst til Nygjerdevegen – V2 inklusive gang- og sykkelveg, som del av planframlegget. Vi meiner det er ei sers uheldig løysing med omsyn til jordvern og ulemper for landbruksdrifta i området. Underteikna var på synfaring saman med grunneigar Rolv Moltu den 15.10.14. Moltu er ein aktiv gardbrukar som driv med utegangarsau. V2 inklusive gang- og sykkelveg tek dyrka og dyrkbar mark, og delar av tilkomsten mellom fjøs og innmark/ beite. Sjølv om utegangarsauen går på beite i utmarka store delar av året, er dei på innmarka med tilkomst til fjøs vinterstid og i lamingsperioden. Det er krav om at småfe skal ha tilgang til *trygt tilhaldsrom utanom normal beitesesong* (ref. Dyrevelferdslova).

Vi vil rå ifrå plassering av ny V2 inklusive gang- og sykkelveg som detaljreguleringa syner. Jordvern og ulemper for landbruksdrifta i området må takast omsyn til.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

ei båtlengd føre

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no




0 10 20 30m

Målestokk 1 : 1500 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 23.09.2014

GÅRDSKART 1515-60/5

Tilknyttede grunneiendommer:

60/5

skog+ landskap

Markslag (AR5) 13 klasser

| TEGNFORKLARING | AREALTALL (DEKAR) | |
|---|---|---|
| Fulldyrka jord | 7.5 | |
| Overflatedyrka jord | 0.0 | |
| Innmarksbeite | 3.9 | 11.4 |
| Skog av særs høg bonitet | 0.0 | |
| Skog av høg bonitet | 27.9 | |
| Skog av middels bonitet | 20.6 | |
| Skog av lav bonitet | 0.0 | |
| Uproduktiv skog | 0.0 | 48.5 |
| Myr | 1.3 | |
| Åpen jorddekt fastmark | 87.5 | |
| Åpen grunnlendt fastmark | 17.4 | 106.2 |
| Bebygd, samf, vann, bre | 4.0 | |
| Ikke klassifisert | 0.0 | 4.0 |
| Sum: | 170.1 | 170.1 |

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser

□ Eiendomsgrenser

Ⓔ 13/552

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2013/552 | Saksbeh. AZT
14 NOV. 2014
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. | Dok.nr.
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Hallvard Sæverud - <tomt> | 2013/071720-005 | 2013/552 | 11.11.2014 |

# Fv 10- Herøy kommune - Reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg på Moltustranda - Offentleg ettersyn - Uttale

Viser til brev av 17.9.2014 frå Herøy kommune. Jamfør elles telefonsamtale av 6. d.m. med planleggar Aleksander Zahl Tarberg.

Saka gjeld offentleg ettersyn av forslag til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs delstrekning av fylkesvegen gjennom Moltustranda i Herøy kommune.

Statens vegvesen er i all hovudsak positiv til reguleringa av gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, men vi har ein del merknader/kommentarar til ein del detaljer i planforslaget. Det gjeld m.a;

1. Med sikte på ei meir heilskapleg og eintydig regulering i høve til avkøyrselsløysingar m.m. bør planområdet utvidast langs sørsida av gs-vegen, slik at planen omfattar meir av tilgrensande arealbruk utanfor regulert vegføremål. Det inneber at planen bør femne om areal som ligg innanfor reguleringsforslaget for Myrabakken bustadfelt (jf. brev av 17.9.14 frå kommunen). Sett frå Vegvesenet sin ståstad burde reguleringsforslaga gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og bustadfelt Myrabakken med fordel ha vore utarbeidd og fremja som ein og same plan.

2. Langs nordsida av fylkesvegen bør plangrensa justerast slik at det langs fylkesvegen vert regulert ei sone til annan veggrunn i minst 3 m breidde. Og elles bør planavgrensinga justerast og tilpassast slik at tilstrekkeleg areal til skråningsutslag (fylling/skjering) vert vist og omfatta av planen.

3. Der det i planframlegget er nytta arealføremålet *grøntareal* på anna veggrunn på sideareal langs offentlege vegar, bør føremålet endrast til *tekniske anlegg,* i og med areala omfattar grøfteareal, skråningsutslag, areal for plassering av skilt m.m.

./.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

4. Etter det vi kan sjå er ikkje planforslaget heilt tilpassa og samordna med reguleringa i reg.planen Tarberg-Moltumyr. Framlegget må gjennomarbeidast meir på dette punkt, og planen må eventuelt utvidast til å omfatte deler av tilgrensande plan, slik at regulert arealbruk heng i hop og er avklarande der dei to reguleringsplanane grenser til kvarande. Gjennom det vidare planarbeidet bør det i tilknyting til busslomma vurderast og avklarast nærare behovet for leskur med tilhøyrande plattformareal.

5. I planforslaget er avkøyrsle til private eigedomar regulert som offentleg vegareal. Avkøyrslene til private eigedomar må regulerast som private, og då slik at føremålsgrensa mellom offentleg vegareal og privat areal i utgangspunktet vert lagt i ein avstand på 3 m frå kant offentleg veg. Og når det gjeld avkøyrsle må det gjennom planen gå klart og eintydig fram kva eigedomar/areal (gnr. og bnr.) som skal knytast til dei ulike avkøyrslene.

6. Frisiktsoner i tilknyting til avkøyrsle bør innarbeidast i planen. Og i alle høve bør det i planomtalen gjerast nærare greie for siktkrav i avkøyrsle. Det bør elles i planomtalen gjerast greie for tekniske krav til teknisk utforming av avkøyrsle frå fylkesvegen.

7. Sett frå vår ståstad er plankartet noko mangelfullt/uklart framstilt i høve til ein del viktig basisinformasjon. Det gjeld m.a; - eksisterande fylkesveg bør gå tydlegare fram, - profil-/pelnummer på regulert veglinje bør leggast inn, - eigedomar innanfor og inntil planområdet bør vere påført matrikkelnummer.

8. I planføresegnene – under § 6 – står det m. a. *«…I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekablar. .»* Tiltak med legging av rør og kablar m.m. på/i vegeigedom-/anlegg må i kvart einskild høve avklarast gjennom løyve og samtykke frå aktuell vegeiar/-haldar.

**Konklusjon:**
**Statens vegvesen føreset etter dette at forslaget til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg på Moltustranda vert meir gjennomarbeidt og endra i tråd merknadane/kommentarane vi har framheve i brevet her, før planforslaget vert lagt fram til slutthandsaming og vedtak etter § 12-12 i plan- og bygningslova.**

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Gitte Beiermann
kst. seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

(E) 13/1 14

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2013/552 Saksbeh. ARO
13 NOV 2014
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr.
Kassasjon

**<u>Innspel til "Reguleringsplan gangveg på Moltu".</u>**

Eg ser frem til att Moltustranda skal få gang og sykkelveg. Eg er som grunnelgar innstilt på og strekke meg litt for og få dette til. Men det er eit par punkt eg vil nemne. I området vest for skulen har eg den einaste gode innkøyrselen for dei beitemarkane. Så for meg er det viktig at denne innkøyrselen ikkje blir sperra.

På stykket mellom Ryssevik og Nerlid så meinar eg at om vegen skal utvidast med 2-3 meter så må det la seg ordne. Men og omregulere halve stykket finner eg unødvendig for en utviding av vegen. Skal man utvide vegen med 3 meter, så må det være nok om omregulere den delen.

Men som sagt ser eg frem til å få bedre gang og sykkelsti på Moltu, så der forventer eg at vi kommer til enighet.

MVH

Rolf Bjørnar Moltu

Rolf Bjørnar Moltu

**Herøy kommune**

Velg karttype:

Grunnkart

**Søk**

**Velg søk**

-- Velg søk --

**Søke i kartet**

Du får fram mer informasjon og detaljerte kart ved å søke, eller ved å zoome deg inn i kartet ved help av zoomverktøyet (plusstegnet) på oppgavelinja øverst i kartbildet.

1:3064 Vis infobokser




Kartkoordinater [N:6911667, Ø:325309] 1:3064 EUREF89 Sone 32

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

(F) 13/552


Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468


Vår dato 11.11.2014
Dykkar dato 17.09.2014

Vår ref. 2013/4000/JOEI/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg


HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2013/552 Saksbeh. AZT
12 NOV. 2014
Ark.kode P L12
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr.
Kassasjon


## Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan gang- og sykkelveg langs Fv 10 Moltustranda
## Fråsegn ved offentlig ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER**

**Risiko og sårbarheit**

Vi viser til at NVE har motsegn til planen, då det ikkje er gjort ei kartlegging av skredfare for FS1 og F1. Dette må avklarast før planen kan eigengodkjennast. Utover dette ser vi berre positivt på planforslaget, og kan ikkje sjå at det vil medføre konfliktar med andre ålmenne interesser.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

**Kopi:** Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

## Reguleringsplan gangveg på Moltu.

Eg ser frem til att Moltustranda skal få gang og sykkelveg. Eg er som grunneigar innstilt på og strekke meg litt for og få dette til. Men det er eit par punkt eg vil nemne. I området vest for skulen har eg den einaste gode innkøyrselen for dei beitemarkane. Så for meg er det viktig at denne innkøyrselen ikkje blir sperra.

På stykket mellom Ryssevik og Nerlid så meinar eg at om vegen skal utvidast med 2-3 meter så må det la seg ordne. Men og omregulere halve stykket finner eg unødvendig for en utviding av vegen. Skal man utvide vegen med 3 meter, så må det være nok om omregulere den delen.

Men som sagt ser eg frem til å få bedre gang og sykkelsti på Moltu, så der forventer eg at vi kommer til enighet.

MVH

Rolf Bjørnar Moltu

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2013/552 | 17.09.2014 | 59944/2014/REGULERINGSPLAN/1515 | Johnny Loen, 71 25 82 88 | 11.11.2014 |

-

# Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gang- og sykkelveg langs Fv 10 - Tarberg - Moltumyr - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Automatisk freda kulturminne**
Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar i samband med prosjektet. Det blei funne ein rest av eit dyrkingslag (ID 178218) innanfor det varsla planområdet. Forslaget som er ute til offentleg ettersyn er likevel justert slik at kulturminnet ikkje fell innanfor planen. Vi har difor ingen merknader til planen.

**Planfagleg vurdering**
I tillegg til veg og gangveg, har planen både bustader og forretningsareal. Planen inne-ber ingen annan tydeleg intensjon enn stadfesting av eksisterande situasjon for desse to arealkategoriane, men kart og føresegner opnar likevel for noko meir. Dette burde vore synleggjort i planomtalen. Framlegget er likevel slik at vi kan tilrå eigengodkjenning.

**Konklusjon**
Planen kan for vår del eigengodkjennast.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

| | |
|---|---|
| Ingunn Bekken Sjåholm | Johnny Loen |
| Ass. fylkesplansjef | Plansamordnar |

<u>Fagsaksbehandlar</u>
Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2013/552 | 12.02.2015 | 9615/2015/REGULERINGSPLAN/1515 | Johnny Loen, 71 25 82 88 | 17.03.2015 |

-

# Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gang- og sykkelveg langs Fv 10 - strekninga Tarberg-Moltumyr, Moltustranda - fråsegn ved avgrensa høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje merknader til at planen vert eigengodkjent.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

| | |
|---|---|
| Ole helge Haugen<br>Fylkesplansjef | Johnny Loen<br>Plansamordnar |

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Helsing
**HERØY KOMMUNE**
*7008 1300*
www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** Geir Moltubakk [mailto:gmoltubakk@yahoo.com]
**Sendt:** 13. mars 2015 11:09
**Til:** postmottak
**Emne:** Reguleringsplan for gang og sykkelveg - Fylkesveg 10 Moltustranda. Planomtale september 2014, revidert 12.02.2015

Herøy kommune, Utviklingsavdelinga.

Jeg er usikker på hvilken praktisk betydning/forskjell den reviderte reguleringsplanen utgjør, men vil gjenta det som jeg har skrevet tidligere:
Det burde være mulig å rette opp/flytte veien mot nord slik at det blir unødvendig å bruke grunn på sørsiden av dagens vei (?). Veien går nå i en sving inn mot min eiendom.
Eventuelle ledninger/kabler kan legges under gangveien.

Mvh
Geir Moltubakk
Moltuvegen 357
Gards- og bnr. 60/114

Helsing
**HERØY KOMMUNE**
*7008 1300*
www.heroy.kommune.no

**Fra:** Kristian Driveklepp [mailto:kristian.driveklepp@gmail.com]
**Sendt:** 12. mars 2015 22:57
**Til:** postmottak
**Emne:** Saksnr: 2013/552 Gang og sykkelveg FV10 Moltustranda

Hei

Anmerkning til detaljreguleringsplan for gang og sykkelveg FV10 Moltustranda
På vegne av Gunnar Moltumyr 60/54, vil jeg Kristian Driveklepp bemerke reguleringsplan forslaget for gang og sykkelveg FV10 Moltustranda for eiendom 60/54. Jeg trur dette vil forringe eiendommen og skape ulemper for de to innkjøringen til eiendommen. Jeg trur at ved å flytte senterlinjen lenger ned, vil det ikke komme i konflikt og det vil bli et mer oversiktlig kryss til Myrabakken med større siktsoner. Det er også mulig og fylle masse inn til dagens mur, slik at vegskulderen fyller muren og det blir asfaltert helt inn til muren, med kumrister inne langs muren for overvann. Jeg trur dette vil bli et bedre og rimeligere alternativ for Byggherren.

Mvh
Kristian Driveklepp
Tlf 917 75 659
Korsavegen 4
6102 Volda

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
09.03.2015
Dykkar dato
12.02.2015

Vår ref.
2013/4000/JOEI/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr.
Saksbeh.
10 MARS 2015
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr.
Dok.nr.
Kassasjon

**Herøy kommune**
**Detaljregulering - reguleringsplan gang- og sykkelveg langs Fv 10 Moltustranda**
**Fråsegn til avgrensa høyring**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

**Kopi:** Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Hei ☺

Flott at arbeidet med gang veg no er starta.

Der er særleg trangt mellom 60/347 og 60/148.

Det er ikkje plass til å flytte vegen mot nord (mot husa). Då dette er parkering oppstillingsplass for biler.
Knapt slik det er.  Regner helder ikkje med at det er planen, men det kom ikkje fram i kartet på en god måte,
følte derfor for å presisere dette ☺.

Med vennleg helsing
Ørjan Lillestøl

importer
Helsing

**JARL MARTIN MØLLER**
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 16. februar 2015 08:02
**Til:** Arkiv
**Kopi:** Jarl Martin Møller
**Emne:** VS: Saksnr 2013/552

Helsing
**HERØY KOMMUNE**
*7008 1300*
www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** Sjøsiden Eiendomsselskap A/S [mailto:perdyb@tussa.com]
**Sendt:** 15. februar 2015 15:30
**Til:** postmottak
**Emne:** Saksnr 2013/552

Viser til mottatt reguleringsplan gang- og sykkelveg moltustranda FV10.
Utfra dei mottatte kart og beskrivelse så er det vanskelig og sjå klart om tiltaket kommer i konflikt med grensene til Gnr 60. bnr 183, og 132.
Det ser også ut til at avkjørsel fra denne eiendom ikke er inntegnet.
Ber om informasjon om dette.
Mvh
Sjøsiden Eiendomsselskap
Per Helge Dybvik

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | BSS | Arkivsaknr: | 2013/7 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | L12 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 74/15 | Formannskapet | 21.04.2015 |
| 45/15 | Kommunestyret | 30.04.2015 |

## OFFENTLEG ETTERSYN. DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 42, BNR. 1 MFL. (LANTERNEN MARINA)

**Møtebehandling:**

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 21.04.2015**

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, å leggje framlegg til detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina), ut til offentleg ettersyn i seks veker.

**Tilråding frå rådmannen:**

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, å leggje framlegg til detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina), ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Særutskrift:

- AG Plan og Arkitektur AS, Webjørn Svendsensgt. 12, 6150 Ørsta
- Kåre Leif Jensholm, 6070 Tjørvåg

**Vedlegg, prenta:**

1. Reguleringsplankart, datert 24.2.2015.
2. Føresegner, datert 18.3.2015.
3. Planomtale, datert 18.3.2015.
4. Vedlegg A1 til planomtalen, datert 21.2.2015 (Vurdering av innspel/merknader).
5. Vedlegg A2 til planomtalen (innkomne merknader).
6. Vedlegg B1 til planomtalen (sjekkliste ROS), datert 21.2.2015.
7. Vedlegg B2 til planomtalen (sjekkliste natur-, kultur og samfunnsmessige forhold), datert 21.2.2015.
8. Vedlegg B3 til planomtalen (sjekkliste naturmangfald) , sist datert 18.11.2014.

**Bakgrunn:**
AG Plan og Arkitektur AS søkte på vegne av Kåre Leif Jensholm om oppstart av reguleringsplanarbeid for heile Jensholmen 31.11.2012.

Etter fleire møte vart det fastsett at reguleringsplanarbeidet på Jensholmen skulle delast i to planar, ein for Jensholmen Småbåtlag (vest på Jensholmen) og ein for Lanternen (aust på Jensholmen).

Hausten 2014 vart det utarbeidd skisse med forslag til disponering av planområdet med tilhøyrande planfagleg vurdering knytt til inngrep i friområde. Skissene vart lagt fram for formannskapet 4.11.2014 (f-sak 193/14) og det vart vedteke at ein kunne gå vidare med føreslegne disponering og plangrunnlag.

Planarbeidet vart kunngjort igongsett medio november 2014.

Målet med planarbeidet har vore å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for fleire naust/sjøbuder på austsida av Jensholmen.

**Saksopplysningar:**
<u>Planforslaget:</u>
Kåre Leif Jensholm ønskjer å leggje til rette for fleire naust på austsida av Jensholmen i tilknyting til eksisterande naust.

Byggjeareala i planframlegget er lagt ut til småbåtanlegg på land (BBS), naust med hems (BKB), og eitt mindre område for serviceanlegg for småbåtanlegg (BAA) som allereie er bygt. I tillegg er det vist parkeringsplassar (SPP), annan veggrunn (SVG), tilplanta vegskjering (GKG) og småbåthamn i sjø (VS).

Småbåtanlegg på land (BBS)
BBS gjeld landdelen til småbåthamna. Det kan leggjast til rette for kai, brygge, samt tilkomst til tilhøyrande funksjonar. Innanfor området kan det etablerast parkeringsplassar på vilkår av at dei ikkje vert til hinder for nødvendig ferdsel i og gjennom området eller for nausta og servisebygget sin bruk.

Naust med hems (BKB)
Det er i planen lagt til rette for 10 område for naust (BKB1-BKB10). Seks av desse områda er nye (BKB1-BKB6). Maksimum høgd skal ikkje overskride 5 m. Nausta skal oppførast med grunnflate 5x10 m og byggjast saman med tilstøytande naust. Nausta skal vere i tradisjonell stil med trekledning.
Naust skal ha ei enkel utforming utan arker, kvistar og andre takopplett, balkongar, karnapp eller andre fasadeelement. Nausta skal ikkje innreiast med sikte på å bli brukt til varig opphald/overnatting/fritidshusføremål.

Eksisterande naust innanfor planområdet inngår i planen (BKB7-BKB10).



Forslag til reguleringsplan for Lanternen marina

Serviceanlegg for småbåtanlegg (BAA)
BAA omfattar eksisterande servicebygg for småbåthamn. Bygget inneheld funksjonar som lager, kontor, sanitæranlegg, møterom mm.

Parkeringsplassar (SPP1 og SSP2)
Det er lagt til rette for to private parkeringsplassar, SSP1 og SSP2. Parkeringsplassane er felles for naustområda BKB1-10 og småbåthamna aust for planområdet. I gjeldande reguleringsplan for Jensholm (08.09.1989) er det stilt krav om at det skal vere p-plass til 1 bil pr. 3 båtplassar. Kravet er lagt til grunn i planen som no ligg føre. Konsulent har føresett at dei som kjøper naust eller budareal også har båtplass i småbåthamna. Innanfor SSP1 og SSP2 er det vist til saman 114 plassar, som tilfredsstiller parkeringskrav for 342 båtplassar.

Annan veggrunn - grøntareal (SVG)
Formålet utgjer del av høgdedrag som vert sprengt vekk for å gi plass til utbygging av parkeringsplass SSP2, og uttak av masser til etablering av molo nordaust for

planområdet. Fjellskjeringa skal framstå som grøn og beplantast med stadeigen vegetasjon.

Tilplanta fjellskjering (GKG)
Område for uttak av masser (sprenging, graving) og planering tilpassa tilgrensande nautsområde. Etter uttak av masser skal området framstå som ei grøn skråning med stadeigen vegetasjon.

Småbåthamn (VS)
Delar av eksisterande småbåthamn inngår i planen. Det er i dag etablert flytebrygger i området som del av tilgrensande småbåthamn. Arealet skal nyttast til molo, båtopptrekk, landgang og flytebryggjer (med forankring) og tilhøyrande båtferdsel

Innspel til planarbeidet ved oppstart:
Plankonsulent har vurdert og kommentert innspela til planarbeidet. Nedanfor følgjer ei oppsummering av innspela og plankonsulent sin kommentar.

Mørenett, datert 20.11.2014, varslar at dei har låg- og høgspentkablar og fiberkabel i området. Det må takast omsyn til kablane og om nokon av dei må flyttast/leggjast om, må utbyggjar bere kostnadene.

Kommentar:
Omsyn til eksisterande anlegg vert avklara nærare i planarbeidet.

Kystverket (K), datert 24.11.2014, informerer om at strøklengda er meir enn 2 km ved nordvestleg vêrlag. Kystverket oppmodar om å vise spesiell merksemd på faren for stryping av bølgjer i hjørnet mellom rota på moloen og holmen.

Kommentar:
Plankonsulent har avklara potensiell bølgjehøgd og søkt innarbeidd nødvendige omsyn i planframlegget. Planen si form mot sjø er forsøkt tilpassa bølgjevandring langs molo.

Det er vidare lagt til grunn at tiltakshavar i påfølgjande byggjesak tek nødvendige omsyn ihht TEK  10, kap. 7.

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum (SBS), datert 18.12.2014, har ingen merknad til planarbeidet. Dei gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotn blir råka av tiltak, må arbeidet straks stoggast og museet må ev. godkjenne vidare arbeid i området.

Kommentar:
Det er teke inn eiga føresegn i bestemmelsane til planen, som ivaretek momenta som SBS påpeikar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM), datert 18.12.2014, meiner det er viktig at ein tek omsyn til landskapskvalitetane og får til ei tilpassa god utbygging på Jensholmen. FM viser til naturmangfaldlova og minner om at det må gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurdering av saka.

FM minner vidare om at det må gjennomførast ROS-analyse.

Kommentar:
Tilhøvet til natur- og miljøvern og samfunnstryggleik er vurdert/belyst. Det er utarbeidd sjekkliste for naturmangfald. Sjekklista viser ingen vesentlege konfliktar.

Fylkesmannen si sjekkliste for ROS er fylt ut. Konsulent har utgreidd potensiell signifikant bølgjehøgd for 20 og 200 returperiode for bølgjer. Dette er drøfta mot framtidig havnivå.

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRF), datert 19.12.2014, har ikkje vesentlege merknader til at det vert sett i gang reguleringsplanarbeid for området. MRF minner om at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring.

Kommentar:
Konsulent registrerer at MRF ikkje set fram krav om arkeologisk registrering, men minner om meldeplikta dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 23.12.2014, har ingen innspel til planarbeidet.

**Vurdering og konklusjon:**
Planmaterialet som ligg føre, er etter rådmannen si vurdering godt gjennomarbeidd og i henhald til kommunen sine krav.

Tiltaket vart innleiingsvis i planprosessen vurdert etter «Forskrift om konsekvensutgreiing» etter plan- og bygningslova, og det vart konkludert med at tiltaket ikkje hadde vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, slik at KU var nødvendig.

Planomtalen skildrar planen med tilhøyrande problemstillingar på ein god måte. Rådmannen vil særleg trekkje fram to viktige moment i planen: havstigning og bølgjefare. Etter kommunen si vurdering har plankonsulent nytta tilgjengeleg informasjon og gjort ei fagleg god vurdering knytt til temaene.

Naturmangfald
Det er registrert konflikt i høve til beiteområde for sjøfugl og at det er registrert raudlisteart (strandsnipe)i området. Ornitolog Alv Ottar Folkestad har kome med uttale til saka. Folkestad ser på Jensholmen som eit etablert område med opparbeidd infrastruktur, og ser ikkje at utbygging på det sentrale landarealet vil medføre konsekvensar for hekkande sjøfugl.

Barn og unge
Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon.

ROS
Det er gjennomført ei generell ROS-analyse. Området er sårbart for ekstremvêr/stormflo. Det er teke omsyn til framtidig havnivå og problemstillingar knytt til bølgjeproblematikk er drøfta.

**Konklusjon:**
Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, til at forslag til detaljplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina) vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Fosnavåg, 18.03.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide




# TEIKNFORKLARING

PBL§ 12-5 REGULERINGSFØREMÅL OG 11-8 OMSYNSSONER

1 BYGNINGAR OG ANLEGG
(PBL § 12-5 nr. 1)

- BBS — SMÅBÅTANLEGG PÅ LAND
- BKB — NAUST MED HEMS
- BAA — SERVICEANLEGG FOR SMÅBÅTANLEGGET

2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
(PBL § 12-5 nr. 2)

- SVT — ANNAN VEGGRUNN - TEKNISK ANLEGG
- SVG — ANNAN VEGGRUNN - GRØNTAREAL
- SPP — PARKERINGSPLASSAR (PÅ GRUNNEN)

3 GRØNTSTRUKTUR
(PBL § 12-5 nr. 3)

- GKG — TILPLANTA FJELLSKJERING

4 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE
(PBL § 12-5 nr. 2)

- VS — SMÅBÅTHAMN

LINJESYMBOL

- Planen si grense
- Føremålsgrense
- Eigedomsgrense som opphevast
- Byggjegrense
- Planlagte naustbygg
- Eksisterande naustbygg
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje
- Regulert kant køyrebane
- Måle- og avstandslinje

PUNKTSYMBOL

- Avkøyrsel inn- og utkøyring

ILLUSTRASJON (ikkje juridisk bindande)

- Inndeling parkeringsplassar
- HC-parkering
- Skjering-/fyllingsareal Vist skråningsutslag kan bli justert som følgje av nærmare bonitering ved detaljprosjektering (byggjeplan)

METER
0 10 20 50

N

| GEODETISK DATUM | HØGDEREFERERANSE | EKVIDISTANSE | KARTGRUNNLAG |
|---|---|---|---|
| EUREF89 UTM-sone 32 | NN1954 | 1 m | Grunnkart Herøy kommune |

| REVISJONAR: | DATO | SIGN |
|---|---|---|
| | | |

| SAKSHANDSAMING: | DATO | SAK | DATO | SIGN |
|---|---|---|---|---|
| Planutval | | | | |
| Offentleg ettersyn | | | | |
| Kommunestyret, eigengodkjenning | | | | |

HERØY kommune

## REGULERINGSPLAN (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR: "LANTERNEN MARINA" I HERØY KOMMUNE

| Forslagstillar: LANTERNEN AS | Tegn: EAH Ktr.: KG | Dato: 24.2.2015 | Målestokk: 1:1000 (A3) |
|---|---|---|---|

Utarbeidd av:

**AG Plan og Arkitektur AS**

Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no

Nasjonal arealplan-ID: 201301

Teikningsnummer: 2094-100

Revisjon:

# REGULERINGSPLAN FOR "LANTERNEN MARINA”

| Nasjonal arealplan-ID: | Kartnr. i kartarkivskap nr. 1 | Eigengodkjenningsdato | Eigengodkjend av: |
|---|---|---|---|
| 1515201301 | XXX | xx.xx.2015 | Herøy kommunestyre |

**Områdeomtale/plangrense:**
I nord: Grensar til sjøareal
I sør: Grensar til gnr. 42 bnr. 8 og del av gnr.
I aust: Grensar til sjøreal
I vest: Grensar til eller går dels innpå gnr. 42 bnr. 1 og 6

## §§ 1-3 GENERELT

## § 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

## § 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

## § 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

## § 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

<u>Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)</u>

- Småbåtanlegg på land (BBS)
- Naust med hems (BKB)
- Serviceanlegg for småbåtanlegget (BAA)

<u>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)</u>

- Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)
- Annan veggrunn - grøntareal (SVG)
- Parkeringsplassar (SPP)

<u>Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)</u>

- Tilplanta fjellskjering (GKG)

<u>Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL. § 12-5, nr. 6)</u>

- Småbåthamn (VS)

## § 5 - FELLESFØRESEGNER

**a.** Bygg på areala BAA og BKB skal plasserast innanfor regulert byggegrense(r). Byggegrense er samanfallande med formålsgrense. Maks BYA =100%. Takutstikk kan kome utanfor. Parkering dekkast på anna område.

**b.** Alle inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bygg skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

**c.** Innanfor byggeområda kan det oppførast trafokioskar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittliggjande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.
**d.** Dersom det under arbeid kjem fram funn eller strukturar som kan vere automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stoggast og arkeolog ved Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast. Ved slike funn i sjøområda skal det meldast frå til Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum.

## AREALBRUK:

## § 6 – BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

**Generelt:**
Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Utvendige fargar skal godkjennast av kommunen.
For servicebygg og naust gjeld krav om at bygningsdel under kote 2,79 NN54 skal ha berande bygningsdel i betong ev. anna materiale som toler sjøvatn og verknadene frå stormflo.

**1. Småbåtanlegg på land (BBS)**
Området BBS gjeld landdelen til småbåthamna. Det skal byggjast kai, bryggje, samt legge til rette for tilkomst til tilliggande funksjonar. Det kan etablerast kran for båtopptak. Området skal nyttast til snuareal i tilknyting til nausta og båtopptrekket. Tilkomst til bryggeanlegga kan gjerast ved terrassering av støttemur/plastring. Det skal til ei kvar tid vere fri passasje innanfor skisserte område for tilkomstveg frå SPP2, gjennom BBS og ned til moloen/hamna, jfr. plankart.

**2. Naust med hems (BKB)**
I område merka BKB skal det byggjast naust i ein etasje med hems. Maksimalhøgda skal ikkje vere over 5,0 meter. Dei 53 nausta skal plasserast som vist innanfor føremåla. For nye naust i BKB1-6 skal grunnflate vere 5x10m. Nausta skal byggjast saman med tilstøytande naust. Nausta skal ikkje ha kvist/takoppløft. Nausta kan underdelast i mindre einingar (lager) med eigne inngangar. Det er ikkje særskilt krav om parkering knytt til området, jf §8 pkt. 3.

**3. Servicebygg for småbåtanlegget (BAA)**
Servicebygg (BAA) skal innehalde funksjonar for småbåthamna si drift. Funksjonane lager, kontor, sanitæranlegg, møterom mm. kan inngå. Det er ikkje særskilt krav om parkering knytt til området, jf §8 pkt. 3.

## § 7 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

**a.** Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.

**b.** Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

**c.** Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

**d.** Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

## § 8 –SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)

**1. Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)**
I område for annan veggrunn SVT (teknisk anlegg) skal det byggast plastring/bølgjevern mot sjø ved parkeringsplass SPP1.

**2. Annan veggrunn – grøntareal (SVG)**
I område for annan veggrunn (grøntareal) skal det byggjast skjeringar, fyllingar og grøft ved opparbeiding av parkeringsplass SPP2. Området skal framstå som grønt og tilplantast med stadeigen vegetasjon.

**3. Parkeringsplassar (SPP)**
I område merka SPP skal det etablerast parkeringsplassar på grunnen. SPP1 og SPP2 er felles for naustområda BKB1-10 og småbåthamn aust om planområdet vist i reguleringsplan Jensholmen (08.09.1989). Ein føreset at kjøpar av naust/budareal også har båtplass i småbåthamna. På parkeringsplassane skal det vere plass til ein (1) bil pr. 3 båtplassar. Parkeringsareala skal opparbeidast samstundes med utlegging av flytebrygger i småbåthamna.

## § 9 - GRØNTSTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 3)

**Område GKG – tilplanta fjellskjering:**
Innan området kan det byggjast skjeringar og grøft ved utgraving, sprenging og planering. Området skal etter masseuttak framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon.

## § 10 - BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, nr. 6)

**Småbåthamn (VS):**
I området kan det etablerast privat småbåthamn med tilhøyrande funksjonar (del av molo, båtopptrekk, landgong og flytebryggjer med tilhøyrande forankring). I tillegg kjem tilhøyrande båtferdsel i sjø. Ved utforming av hamna skal ein ta omsyn til at mindre fiskebåtar skal kunne ha båtplass i hamna. Planen skal godkjennast av Kystverket, NPM-utvalet og kommunen.

## § 11 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 NR. 10)

**a.** Parkeringsplassane SPP1 og SPP2 skal opparbeidast samstundes og i takt med utlegging av flytebrygger i småbåthamna og bygging av naust i BKB-områda, jf. §8 pkt. 3.
**b.** Før bygging av naust i områda BKB1 og BKB2 kan tillatast skal nødvendig del av parkeringsplass SPP1 og tilhøyrande sikring mot sjøside vere etablert.

Herøy kommune, xx/xx/2015

| | |
|---|---|
| ordførar | rådmann |

AG Plan og Arkitektur AS
Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

Ørsta 18.3.2015

**Herøy kommune**
**Formannskapet**
**Rådhuset**
**6099 Fosnavåg**

# Framlegg til reguleringsendring for
# Lanternen Marina
# Herøy kommune




Planområde

---

**AG Plan og Arkitektur AS**
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

# AG Plan og Arkitektur AS

| | |
|---|---|
| Oppdraget sitt namn: | Lanternen Marina |
| Dokumentet sitt namn: | Planomtale |
| Saksnr: | 2094 |
| Nasjonal arealplan-ID: | 1515201301 |
| Oppdragsgjevar: | Lanternen AS |
| Oppdragsgjevar sin representant: | Kåre Leif Jensholm |
| AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar: | Kåre Gjengedal (sivilingeniør/planleggar) |
| Medarbeidarar: | Jorunn Beate Lillebø Lande (sivilarkitekt)<br>Eldar A. Hansen (GIS-ingeniør) |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Revisjon nr.1 | 18.3.2015 | 22 | Nokre mindre justeringar etter avkl. med Utviklingsavd. | KG/JBLL | KG | Kåre Jensholm |
| Utarbeida | 24.2.2015 | 22 | | KG/JBLL | KG | Kåre Jensholm |
| | Dato | Tall sider rapport (+ appendix) | | Utarbeida | Kontrollert | Godkjent |

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

| Oppdragsnr. | Dokumentnr | Filnamn |
|---|---|---|
| 2094 | 1 | P:prosjekt/2094_Lanternen/Prosjektmappe/Plandata_ Tekstdokument/Planomtale.doc |

# Innhald

1. Samandrag ... 5
2. Nøkkelopplysningar ... 6
3. Bakgrunn ... 7
3.1. Bakgrunn ... 7
3.2. Føremål med planen ... 7
3.3. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold ... 7
3.4. Utbyggingsavtale ... 7
3.5. Krav om konsekvensutgreiing ... 7
4. Planprosessen ... 8
4.1. Saka si gong ... 8
4.2. Forvarsling ... 8
4.3. Møte med særskilde grupper ... 8
5. Planstatus og rammer ... 8
5.1. Overordna plan ... 8
5.2. Gjeldande reguleringsplanar ... 8
5.3. Temaplanar ... 9
5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar ... 9
6. Skildring av planområdet ... 9
6.1. Lokalisering ... 9
6.2. Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk ... 10
6.3. Staden sin karakter/landskap ... 10
6.4. Kulturminne og kulturmiljø ... 11
6.5. Naturverdi ... 11
6.6. Rekreasjonsverdi ... 12
6.7. Landbruk ... 12
6.8. Trafikkforhold ... 12
6.9. Borns interesser ... 12
6.10. Teknisk infrastuktur ... 12
6.11. Grunnforhold ... 13
6.12. Støy ... 13
6.13. Luftforureining ... 13
6.14. ROS eksisterande situasjon ... 13
6.15. Næring ... 13
7. Skildring av planforslaget ... 14

7.1. Planlagt arealbruk ........ 14
7.2. Reguleringsføremål ........ 14
7.3. Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar ........ 14
7.4. Tilknyting til infrastruktur ........ 16
7.5. Universell utforming ........ 16
7.6. Arkitektur - estetikk ........ 16
7.7. Naturmangfaldlova ........ 16
7.8. Born og unge sine interesser ........ 17
7.9. Renovasjon ........ 17
7.10. ROS ........ 17
7.11. Krav om rekkefølgje ........ 19
7.12. Økonomiske konsekvensar for kommunen ........ 19
7.13. Føresegnene ........ 20
7.14. Plankart (2094-100) ........ 20
8. Verknadane av planen ........ 20
8.1. Natur og miljø ........ 20
8.2. Landskap, estetikk, inngrep ........ 20
8.3. Born og unge ........ 20
8.4. Samfunnstryggleik ........ 20
9. Innkomne innspel ........ 20
10. Avsluttande kommentar ........ 21

**Vedlegg A:** A1: Vurdering av innspel/merknader
A2: Innkomne skriv

**Vedlegg B:** ROS-vurdering (Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit)
Sjekkliste natur-, kultur og samfunnsmessige forhold
Sjekkliste naturmangfald

**Vedlegg C:** Referat oppstartsmøte, dat 23.1.2013
Spørsmål om oppstart (revisjon 2), dat 31.5.2013
Vedtak om oppstart Herøy kommune, dat 20.8.2013
Skriv til Herøy kommune – disponering av planområde, dat 16.10.2014
Vedtak om oppstart Herøy kommune, 04.11.2014
Utsendte dokument i samband med forvarsling dat 18.11.2014

# 1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for fleire naust/sjøbuder på Jensholmen.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. PBL § 12-3.

Planområdet inngår i reguleringsplanen Jensholmen som trådde i kraft 8.9.1989.

Grunnen i området er i privat eige.

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

Tiltakshavar er Lanternen AS ved Kåre Leif Jensholm .

Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS.

| Føremål | Areal (daa) |
|---|---|
| **Bygningar og anlegg** | |
| Småbåtanlegg på land | 4,6 |
| Naust med hems | 2,9 |
| Serviceanlegg for småbåtanlegg | 0,2 |
| **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur** | |
| Annan veggrunn – teknisk anlegg | 0,6 |
| Annan veggrunn – grøntareal | 0,6 |
| Parkering | 3,7 |
| **Grøntstruktur** | |
| Tilplanta fjellskjæring | 1,1 |
| **Bruk og vern av sjø- og vassdrag** | |
| Småbåthamn | 0,5 |
| **Sum areal planframlegg** | 14,2 |

# 2. Nøkkelopplysningar

| | |
|---|---|
| Kommunedel: | Tjørvåg |
| Stad/adresse: | 6070 Tjørvåg |
| Forslagstillar: | Lanternen AS v/ Kåre Leif Jensholm |
| Eksisterande planstatus: | I gjeldande reguleringsplan: naust, friluftsområde på land, køyreveg, parkering, småbåtanlegg (land), småbåthamn (sjø) |
| Planområdet sitt areal i daa: | 14,2 daa |
| Viktigaste fremma reguleringsformål: | Småbåtanlegg på land, naust, parkeringsplass |
| Aktuelle problemstillingar: | Naustplassering, masseuttak, tilkomst |
| Kunngjering (Vestlandsnytt): | 21.11.2014 |
| Varslingsdato berørte partar (brev): | 18.11.2014 |
| Frist for merknad: | 5.1.2015 |
| Medverknad utover varsling: | N |
| Krav om konsekvensutgreiing (j/n): | N |

# 3. Bakgrunn

## 3.1. Bakgrunn

Tiltakshavar har som målsetting at Jensholmen skal verte Sunnmøres største båthamn. Anlegget vil rette for at fleire kan nytte fritid og feriere ved sjøen i Herøy/på ytre Sunnmøre. Med bakgrunn i dette har ein starta reguleringsarbeid for å leggje til rette for fleire naust/sjøbuder nordaust på Jensholmen.

Realisering av småbåthamna er avhengig av god tilgang på naust. Naust vert sett på som ein viktig del av det å halde båt. Ved realisering av nausta får ein frigitt lausmassar som kan nyttast som fylling. Der er mangel på massar i området og nedplanering av tenkte naustområde vil gje eit godt bidrag. Dei skråningane som oppstår er føresett tilplanta og reetablert med stadeigen vegetasjon. Tiltakshavar ønskjer snarleg realisering av småbåthamna med tilhøyrande naust- og parkeringsanlegg.

## 3.2. Føremål med planen

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for naust tilhøyrande småbåthamna.
Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. PBL § 12-3.

## 3.3. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold

Tiltakshavar er Lanternen AS ved Kåre Leif Jensholm.

Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS ved Kåre Gjengedal, Jorunn Beate Lillebø Lande og Eldar Hansen.

Det regulerte området er i privat eige.

## 3.4. Utbyggingsavtale

Ikkje aktuelt.

## 3.5. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka. Det ligg heller ikkje føre merknader til slikt syn, jf forvarslinga.

# 4. Planprosessen

## 4.1. Saka si gong

Søknad om oppstart av planarbeid for heile Jensholmen vart sendt inn til Herøy kommune 31.11.2012. Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 23.1.2013 i samsvar med PBL § 12-8. Det er også seinare halde møte (25.4.2013) med kommunen for å drøfte utviding av planområdet gjeldande nord/vest for Lanternen. Revidert søknad om oppstart blei sendt inn til kommunen 14.6.2013. Herøy formannskap gjorde følgjande vedtak, jf. F-sak 142-13 datert 20.8.2013:

*«Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-8, at det vert gjeve løyve til oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan/reguleringsendring for Lanternen Marina AS gnr. 42 bnr. 1 med fleire».*

Det vart stilt vilkår for vidare planarbeid.

I juni 2014 fekk ein klarsignal frå Herøy kommune på at reguleringsarbeidet på Jensholmen kunne delast i to planar, ein for Jensholmen Småbåtlag (vest på Jensholmen) og ein for Lanternen (aust på Jensholmen). Hausten 2014 har det vore utarbeidd ei skisse til disponering av planområdet med ei tilhøyrande planfagleg vurdering grunna inngrepa friområde. Saka var oppe i formannskapet 04.11.2014 (f-sak 193/14) og det vart vedteke at ein kunne gå vidare med føreslått disponering og plangrense.

## 4.2. Forvarsling

Det blei varsla oppstart av planarbeidet ved annonse i avisa Vestlandsnytt 21.11.2014 og skriv til berørte partar 18.11.2014, med frist for å kome med innspel sett til 5.1.2015. Det kom inn til saman 7 merknader/innspel. Desse er kommenterte/vurderte i vedlegg A1, jf også kapittel 8 i planomtalen.

## 4.3. Møte med særskilde grupper

Det har ikkje vist seg å vere behov for møter med særskilde grupper, jfr. innkomne skriv i høve forvarsling.

# 5. Planstatus og rammer

## 5.1. Overordna plan

Området er i kommuneplanen sin arealdel 2013-2025 vist som regulert område der reguleringsplan framleis skal gjelde.

## 5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet inngår i reguleringsplanen Jensholmen som trådde i kraft 8.9.1989. Området er i gjeldande plan lagt ut til friluftsområde, småbåthamnanlegg (på land og sjø) og vegareal/parkeringsplass.




### 5.3. Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med verknad for saka.

### 5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Rapportane «Havnivåstigning – Estimater av framtidig havstigning i norske kystkommuner (2009)» og «Håndtering av HAVNIVÅSTIGNING i kommunal planlegging - rapport utarbeidd for DSB er søkt lagt til grunn. Jf elles TEK10.

## 6. Skildring av planområdet

### 6.1. Lokalisering

Planområdet ligg i Herøy kommune, nærare bestemt på Jensholmen i Tjørvåg og ligg lett tilgjengeleg inntil fylkesveg 654 som utgjer fastlandsforbindelsen for Herøy kommune. Jensholmen ligg også rett sør for hovudskipsleia og er strategisk plassert i høve ferdsel på sjøen. Frå Fosnavåg sentrum er det ca. 8,5 km langs fylkesveg 654 til planområdet.




*Fosnavåg sentrum* *Fylkesveg 654* *Jensholmen*

### 6.2. Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Eksisterande busetnad i området består hovudsakleg av Lanternen AS sitt anlegg, som består av kafé/selskapslokale/catering, hytteutleige/bubilplassar, båtplassar, båtutleige, naustrekkjer og sightseeing/havfisketur med M/K Lanternen. Det er opparbeidd teknisk infrastruktur i området som tilkomstvegar og parkeringsplassar. Herøy Dykkerklubb har klubblokale på Jensholmen og Jensholmen båtlag disponerer småbåtanlegget med naustrekkjer og brygger mm vest på Jensholmen.

### 6.3. Staden sin karakter/landskap

Jensholmen er ei lita øy som ligg idyllisk til i sjønære omgjevnadar midt mellom Gurskøya og Leinøya i Herøy kommune. Jensholmen er i stor grad planert og utbygd men mot nord er det framleis eit høgdedrag med opprinneleg terreng og stadeigen vegetasjon som framstår som kystlandskap. Dette skjermar den utbygde delen av Jensholmen mot nord. Aust om fylkesvegen er der også eit lite høgdedrag med opprinneleg terreng og stadeigen vegetasjon som skjermar. Utbygginga på Jensholmen har underordna seg topografien i området.



*Ortofoto som viser dagens situasjon på Jensholmen*

## 6.4. Kulturminne og kulturmiljø

Så langt vi kjenner til er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Heller ikkje vedtaksfreda kulturminne, verneverdige bygningar/miljø eller Sefrak-registrerte bygningar. Det er ikkje sett fram krav om arkeologisk registrering som del av forvarsling av planarbeidet, men ein minner om at ved funn av potensielle kulturminne på land eller i sjø pliktar ein å melde frå til kulturavdelinga i fylket eller til Stiftelsen Bergens Sjøfarstmuseum.

## 6.5. Naturverdi

Planområdet inngår ei større sone for artsførekomstar, nærmare bestemt hekkande sjøfugl. Sona er relativt stor (2623 daa) og omfattar Nautøya, Stegleholmen, Fugleholmen, Petterholmen og Jensholmen. Sjøfuglane det gjeld er grågås, siland, ærfugl, fiskemåke, sildemåke, gråmåke, svartbak, makrellterne og rødnebbterne. Sona er vurdert som kategori C, lokalt viktig. Innanfor denne sona er det også gjort observasjon av den raudlista fuglen strandsnipe, registrert 24.6.2012. Vi kjenner ikkje til at Jensholmen er særskild sårbar i høve desse artane.

Herøy kommune er opptekne av å bevare kystlandskapet mot hovudskipsleia som går nord for Jensholmen jfr. saksprotokoll frå Møte i formannskapet 04.11.2014. I I planarbeidet skal det leggjast vekt på å finne løysingar som sikrar avbøtande tiltak i høve skissert terrenginngrep.

### 6.6. Rekreasjonsverdi

Jensholmen innbyr til rekreasjon i form av sjøretta/maritime opplevingar og det er i dag eit stort småbåtmiljø knytt til småbåtanlegga (småbåthamnene og nausta). Viser også til pkt 6.2.

### 6.7. Landbruk

Det er ikkje landbruksareal på Jensholmen.

### 6.8. Trafikkforhold

Noverande avkøyrsel til fylkesveg nr. 654 er føresett oppretthalden.

### 6.9. Borns interesser

Det er ikkje registrert at born har særskilde interesser i planområdet.

### 6.10. Teknisk infrastuktur

Mørenett AS opplyst at det er kabelanlegg i grunnen (fiber, høg- og lågspent).




*Kabelkart Mørenett*

## 6.11. Grunnforhold

Berggrunnen i området består hovudsakleg av glimmergneis, medan lausmassekart viser bart fjell (kjelde: NGU).

## 6.12. Støy

Fylkesveg nr. 654 har ei fartsgrense på 80 km/t og ein årsdøgntrafikk på 3750 køyrety. Arealbruken inngår ikkje i støyfølsam bruk. Planområdet er såleis ikkje utsett for støy ut over grenseverdiane fastsett i T-1442.

## 6.13. Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining.

## 6.14. ROS eksisterande situasjon




ROS-vurderinga har ikkje avdekka særlege forhold anna enn omsyn som må takast i høve tilgrensande sjø. Sjølve planområdet ligg truleg noko skjerma av Stegleholmen, Fugleholmen, Petterholmen og Nautøya. Frå vestnordvest vil likevel bølgjer kunne nå inn mot planområdet. Her er ei strøklengde på ca 2 km. Verknadene er søkt avklara, jf pkt. 7.12 og ROS-vurdering.

## 6.15. Næring

Tiltaket er ikkje knytt til næringsmessige forhold. Det må likevel nemnast at tiltaket aukar levekårskvaliteten ved at friluftsliv knytt til sjø får betre vilkår. Anlegget slik det no samla vil framstå er eit viktig bidrag for å oppretthalde og utvikle busetnad og næringsliv i kommunen.

# 7. Skildring av planforslaget

## 7.1. Planlagt arealbruk

Hovudmålet med planframlegget er å legge til rette for fleire naust på austsida av Jensholmen. Arealbruken i planen er knytt til naust og dei arealfunksjonane som høyrer til, jf. småbåtanlegget som er regulert aust om planområdet. Det fastsette regelverket (føresegnene) for bygging av naust og parkeringsplassar er så langt råd ført vidare frå tidlegare plan. Kommunen har fastsett plangrensa og eksisterande naust inngår i planen for å vise heilskapen på dei tiltaka som gjeld landanlegget til hamna.

Byggjeareala i planframlegget er naust med hems (BKB), småbåtanlegg på land (BBS) og eitt mindre område for serviceanlegg for småbåtanlegget (BAA) som allereie er bygd. I tillegg kjem parkeringsplassar (SPP), annan veggrunn (SVG), tilplanta fjellskjering (GKG) og småbåthamn i sjø (VS).

.

## 7.2. Reguleringsføremål

Areala er delt i følgjande område:

| Føremål | Areal (daa) | Utnytting, BYA % |
|---|---|---|
| **Bygningar og anlegg** | | |
| Småbåtanlegg på land | 4,6 | |
| Naust med hems | 2,9 | 100 |
| Serviceanlegg for småbåtanlegg | 0,2 | 100 |
| **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur** | | |
| Annan veggrunn – teknisk anlegg | 0,6 | |
| Annan veggrunn – grøntareal | 0,6 | |
| Parkering | 3,7 | |
| **Grøntstruktur** | | |
| Tilplanta fjellskjæring | 1,1 | |
| **Bruk og vern av sjø- og vassdrag** | | |
| Småbåthamn | 0,5 | |
| **Sum areal planframlegg** | 14,2 | |

## 7.3. Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Småbåtanlegg på land (BBS)

Området BBS gjeld landdelen til småbåthamn aust om planområdet vist i reguleringsplan for Jensholmen (08.09.1989) (heretter omtalt som småbåthamn). Det kan leggjast til rette for kai, bryggje, samt tilkomst til funksjonane. Det skal til ei kvar tid vere fri passasje innanfor skisserte område for tilkomstveg frå SPP2, gjennom BBS og ned til moloen/hamna, jfr. plankart.

Naust med hems (BKB)

Det er i planen lagt til rette for til saman 10 område for naust (BKB-område).

Eksisterande etablerte naust innanfor planområdet inngår i planen som områda BKB7-BKB10. Det er ikkje tillate å bygge på nausta. Nye naust kan førast opp som følgje av brann eller naturskade.

Det er i planen lagt til rette for 6 nye naustområde, BKB1-BKB6. Maksimalhøgd skal ikkje overstige 5 m. Nausta skal oppførast med grunnflate på 5x10m og byggjast saman med tilstøytande naust som vist. Det har vist seg å vere behov for mindre naust/sjøbuder til lagring av fiskeutstyr, båtutstyr etc. og ein ønskjer å legge til rette for at naust kan underdelast i fleire seksjonar.

Nausta skal vere i tradisjonell stil med trekledning. Naust skal gjevast ei enkel utforming utan arker, kvistar og andre takopplett, balkongar, karnapp eller andre fasadeelement. Nausta kan nyttast til oppbevaring av reiskapar, båtar og anna sjørelatert utstyr. Nausta skal ikkje innreiast med sikte på å bli brukt til varig opphald/overnatting/ fritidshusføremål. Nausta kan underdelast i mindre seksjonar med eigne inngangsdører. Bygningskonstruksjonar under kote 2,79 skal vere i betong eller annan steinkonstruksjon som toler bølgjeslag. Vi legg elles til grunn at naustdel innan områda BKB1 og BKB2 som grensar til parkeringsplassen SPP1 vert nærmare vurdert i forhold til rennande sjø som følgje av at bølgjer kan slå over bølgjevernet ved parkeringsplassen (jf. 200 års returperiode).

Servicebygg for småbåtanlegget (BAA)

BAA omfattar eksisterande servicebygg for småbåthamn. Bygget inneheld funksjonar som lager, kontor, sanitæranlegg, møterom mm. Parkering på regulert parkeringsplass.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2)
Generelt:
Planområdet er knytt til fylkesveg nr. 654, via ein intern tilkomstveg.

Tilkomst til naustområda BKB1-BKB10 skal skje i området som er regulert til småbåtanlegg på land (BBS), vist på plankartet med linjer for senterlinje og regulert køyrebanekant. Det er ikkje vist eige føremål for køyreveg i planframlegget, men det er vist køyreveg mellom tilkomstveg og parkeringsplass SPP2 i retning molo og SPP1. Parkering på regulert parkeringsplass.

Parkeringsplassar (SPP)
Det er lagt til rette for to private parkeringsplassar, SPP1 og SPP2. Parkeringsplassane er felles for naustområda (BKB1-10) og småbåthamna aust om planområdet. I reguleringsplan Jensholm (08.09.1989) er det stilt krav om at det skal vere p-plass til 1 bil pr 3 båtplassar. Dette kravet vert lagt til grunn i ny plan. I høve parkeringsdekning føreset ein at dei som kjøper naust eller budareal også har båtplass i småbåthamna. På parkeringsplassane er vist HC plassar.
På område SPP1 er vist 21 plassar. På område SPP2 er vist 93 plassar. Til saman 114 p-plassar som tilfredsstiller parkeringskrav for 342 båtplassar i hht føresegnene.

Annan veggrunn - grøntareal (SVG)
SVG utgjer del av høgdedrag som vert sprengt vekk for å gi plass til utbygging av parkeringsplass SPP2 og uttak av massar til etablering av molo nordaust om planområdet. I området kan etablerast grøft mellom skjering og parkeringsplass. Fjellskjeringa skal framstå som grøn og beplantast med stadeigen vegetasjon. Jfr. pkt 6.5.

Grøntstruktur (PBL. § 12-5, nr. 3)

Område GKG – tilplanta fjellskjering:

Innan området kan det byggjast skjeringar og grøft ved utgraving, sprenging og planering tilpassa tilgrensande naustområde. Området skal etter masseuttak framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon.

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL. § 12-5, nr. 6)

Småbåthamn (VS)

Innanfor området VS kan det leggjast til rette for privat småbåtanlegg i sjø. Arealet skal nyttast til molo, båtopptrekk, landgang og flytebryggjer (med forankring) og tilhøyrande båtferdsel.

Det er i dag etablert flytebryggjer  i området som del av tilgrensande småbåthamn.

### 7.4. Tilknyting til infrastruktur

Området er som i dag knytt til fylkesveg nr 654 via intern adkomstveg.

Det er i planframlegget ikkje sett av areal til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg. Men det er i føresegnene opna for at det innanfor byggjeområda kan setjast opp mindre nødvendige bygningar til slikt føremål. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

### 7.5. Universell utforming

Det vert vist til PBL §§ 1-1 og 29-3, jf. også TEK10. Ein føreset at PBL og TEK10 vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen. Så langt det passar bør vidare formings-/funksjonskrava i NS 111001-1,2:2009 (Universell utforming) nyttast.

### 7.6. Arkitektur - estetikk

I planframlegget er omfanget av dei nye bygningsvoluma mindre enn dei eksisterande. Bygningshøgd og funksjon er oppretthalden. Allereie bygde naust er såleis bestemmande for utforminga av dei nye. Dette gjev heilskap i området.

Eit estetisk poeng er at fjellskjeringar/utsprengde område vert utforma på slik måte at skråning kan gjevast eit grønt uttrykk og då tilplanta med stadeigen vegetasjon.

### 7.7. Naturmangfaldlova

Vi viser til vedlagte sjekkliste for naturmangfald – vedlegg C.

Kunnskap (§8):
Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldslova i denne saka.

Førevar prinsippet (§9):
Planframlegget inngår i ei sone for artsførekomstar. På det tidlege stadiet i dette reguleringsarbeidet blei temaet diskutert med ornitolog Alv Ottar Folkestad.

Folkestad uttalte då at han ser på Jensholmen som eit etablert område med opparbeidd infrastruktur, og ser ikkje at utbygging på det sentrale landarealet vil medføre konsekvensar for hekkande sjøfugl. Samtidig understreka han at strandsona nord i friluftsområdet kan vere sårbar.

I ettertid av dette har planområdet blitt nedjustert i areal og samtidig er konsentrasjonen av tiltaket trekt meir austover mot eksisterande naust, før Herøy kommune godkjente at tiltakshavar kunne gå i gang med planarbeidet.  Med bakgrunn i dette ser vi ikkje på inngrepet i planframlegget som vesentleg for naturmangfaldet på Jensholmen.

Samla belastning (§10):
Det er i Herøy kommune registrert om lag 160 andre artsførekomstområder. Sett i samanheng med dette vert den samla belastninga ikkje oppfatta som vesentleg.

Overvaking (§11):
Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.

Alternativ lokalisering (§12):
Alternativ lokalisering av utbygginga er ikkje aktuelt. Kommunen har nyleg revidert kommuneplanen og der er alternativ vurdert.

Konklusjonen er at den samla belastninga av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

### 7.8. Born og unge sine interesser

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon.

### 7.9. Renovasjon

Det er ikkje lagt til rette for felles oppsamlingspunkt (returpunkt) for avfall.

### 7.10. ROS

Havstigning

I rapporten «Havnivåstigning – Estimater av framtidig havstigning i norske kystkommuner (2009)» - rapport utarbeidd for DSB, så er kote 2,69 kritisk nivå for 100-års stormflo år 20100 relativt til år 2000. Etter «Håndtering av HAVNIVÅSTIGNING i kommunal planlegging - rapport utarbeidd for DSB er det vist til at Gjenntaksintervall 20 år har høgd -15 cm og gjenntaksintervall 200 år har høgd +10 cm.

Bygge- og anleggsareala ligg under den kritiske 200 års høgda i høve stormflo inkl. omsyn til landheving og havstigning. Naust vil i alminnelegheit kome inn under sikringsklasse F1, dvs 20 års gjenntaksintervall. Sidan omfanget av naust er så vidt stort som i denne saka legg vi likevel til grunn sikringsklasse F2. For naust har vi såleis med krav om at bygningsdel under kote 2,79 skal ha berande bygningsdel i betong ev. anna materiale som toler sjøvatn og verknadene frå stormflo.

Parkeringsplass reknar vi å kome inn under sikringsklasse F1, dvs 20 års gjenntaksintervall. Dei moglege skadane vil med tenleg sikring vere av mindre karrakter. Kritisk høgde vert for slikt anlegg kote 2,44.

Bølgjefare

Kystverket har peika på at det må visast merksemd på faren for stryping av bølgjer i hjørnet mellom moloen og holmen. Vi har søkt å avklare bølgjeverknaden med meteorologisk institutt. Dei har vurdert både 200 års bølgja og 20 års bølgja. Meteorologisk inst. finn det vanskeleg å gje nøyaktige estimat av bølgjehøgdene ved Jensholmen. Men dei konkluderer med at vind med 200 års returverdi (jf sikringsklasse F2) kan ha vindhastigheit inntil ca 35 m/s. Med inntil 2 km strøklengde er signifikant bølgjehøgd (Hs) stipulert til ca 1,7 m. For 20 års returverdi (jf sikringsklasse F1): vindhastigheit inntil ca 28 m/s som gjev signifikant bølgjehøgd (Hs) lik ca 1,3 m.




*Som det går fram av vindrosa, så er aktuell vindretning den med minst styrke (285° - 0°).*

*Vist normal vindstyrke er mindre enn 15,3 m/s .*

Vi har vidare sett på Kystdirektoratet si handbok for dimensjonering av mindre hamneanlegg. Basert på utrekningane for signifikant bølgjehøgde (metrologisk inst.) og fig side 66 i nemnde handbok, så ser vi at molo med brystvern bør ligge 1,5 x signifikant bølgjehøgd (Hs) over høgste høgvatn (her 2,44 NN54, jf klimahøgd).

Parkeringsplass reknar vi å ligge i sikringsklasse F1, dvs returverdi lik 20 år. Vi må vidare kunne legge til grunn at naustområda BKB1 og BKB2 vil vere tilstrekkeleg skjerma mot bølgjer ved slikt vern grunna avstanden mellom brystvern og naust - som vil vere minst 25 meter på strekning som har omtala strøklengde. Vi finn difor ikkje grunn til å stille særskilde krav til vernet av nausta i høve bølgjer frå sjøsida anna enn at parkeringsplassen SPP1 med tilhøyrande vern mot sjø, må vere bygd før naust i BKB1 og BKB2 kan førast opp.

Som følgje av at bølgjer etter 200 års returverdi kan slå over plastrings-/brystningsvernet vil det likevel vere tenleg å vurdere materialbruken til bygningsdel som vender mot parkeringsplass i høve sjøvatn som skal renne ut av området. Vi legg til grunn at slik vurdering vert gjort i byggesak.

Med sjøhøgd lik 2,44 m (jf havstigning), 1,3 m høge bølgjer, så bør topp brystvern ligge på kote 4,4 m NN54. Vert å endeleg fastslå i byggesak som følgje av detaljprosjektering. Etter sjøkartverket sine høgder er kote 1,13 NN54 høgste astronomiske tidevatn.




*Skisse: Typisk snitt mot sjø, parkeringsplass – vestside, etter Kystdirektoratet si handbok for dimensjonering av mindre hamneanlegg.*

Vi kan elles nemne at den nye moloen i Haugsbygda i Sande kommune vert bygd på kote 3,85 og med brystvern lik 1 m, dvs høgd 4,85 mot sjøside. Dette området ligg eksponert mot «storhavet».

<u>Andre forhold</u>

Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering, jf. skjema C. Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje andre forhold knytt til risiko eller sårbarhet som skulle tale i mot fremja arealbruk.

### 7.11. Krav om rekkefølgje

Vi har i føresegnene teke med at:

- Parkeringsplassane SPP1 og SPP2 skal opparbeidast samstundes og i takt med utlegging av flytebrygger i småbåthamna og bygging av naust i BKB-områda.
- Før bygging av naust i områda BKB1 og BKB2 kan tillatast skal nødvendig del av parkeringsplass SPP1 og tilhøyrande sikring mot sjøside vere etablert.

### 7.12. Økonomiske konsekvensar for kommunen

Det regulerte området er i privat eige.

Så langt vi kan sjå vil ikkje kommunen ha innløysingsplikt etter reglane i plan- og bygningslova for arealbruken innan planen.

### 7.13. Føresegnene

Føresegnene gir utfyllande bestemmingar for dei enkelte areala sin bruk. I hovudsak følgjer føresegnene tidlegare vedtekne føresegner for området. For bygningstiltak er byggeareal og volumkrav nokså klart definerte og avgrensa. Det er vidare sett vilkår om korleis dei ulike areala skal framstå etter utbygging.

### 7.14. Plankart (2094-100)

Planen er utarbeidd på bakgrunn av grunnkart levert av Herøy kommune.

Planen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin rettleiar "Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister". Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2009.

Programvare brukt til framstilling av digitale data er AutoCAD MAP 3D 2015 saman med Novapoint 18.40 (basis, arealplan og virtual map) levert av Vianova Systems AS.

# 8. Verknadane av planen

### 8.1. Natur og miljø

Tiltaka som følgjer planen grip ikkje inn i vesentlege forhold knytt til natur og miljø. Plansjekk av naturmangfald har ikkje avdekka vesentleg konflikt, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. Viser elles til kapittel 7.9 i planomtalen.

### 8.2. Landskap, estetikk, inngrep

Tiltaka som følgjer av planen vil gripe inn og endre landskapet. Deler av holmen vert planert og utbygd med naust. Noverande areal til parkering mot fylkesvegen vert utvida, nordvestre del av holmen som allereie er noko oppfylt vert meir oppfylt og nytta til parkering. Masser vert tekne ut bak naustområde. Her vert endringar, men planen sikrar at området ferdig utbygd vil framstå ryddig og med skråningar som er tilplanta med stadeigen vegetasjon. Så langt vi ser vil utbyggar både av eigeninteresser og som følgje av planen opparbeide området på slik måte at landskapsrommet – trass endring – vil framstå som eit tiltalande område.

### 8.3. Born og unge

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område sin bruk gjer til at barn og unge sin tilkomst til sjø og sjøliv kjem vesentleg dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon.

### 8.4. Samfunnstryggleik

Ein vurderer planområdet til å ha tilfredsstillande beredskap i høve krisesituasjonar når vasskjelde og leidningsnett med tilstrekkeleg kapasitet for sløkkevatn er etablert.

# 9. Innkomne innspel

**Følgjande merknader kom inn som følgje av forvarsling og annonsering:**

1) Mørenett AS dat. 20.11.2014
2) Kystverket dat. 24.11.2014

3) Fiskeridirektoratet dat. 26.11.2014

4) Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum dat. 18.12.2014

5) Fylkesmannen i Møre og Romsdal dat. 18.12.2014

6) Møre og Romsdal fylkeskommune dat. 19.12.2014

7) Noregs vassdrags- og energidirektorat dat. 23.12.2014

**Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:**

- Mørenett AS gjer merksam på at det i grunnen ligg høg- og lavspentkablar samt fiber.
- Kystverket gjer merksam på faren for bølgjestryping.
- Sjøfartsmuseet: Opplyser om plikt til å melde frå til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal ber om at ein legg vekt på natur- og miljøvern, samt samfunnstryggleiken.
- Møre og Romsdal fylkeskommune legg ikkje fram krav om arkeologisk registrering, men minner om plikt til å melde frå ved funn av potensielle kulturminne.

**Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:**

- Omsyn til eksisterande høg- og lavspentkablar må gjerast i tilknyting til utbygging, ev flytting av anlegg avklarast med kabeleigar
- Utfordringar kring bølgjer er søkt avklara og omtala. Planen si avgrensing mot sjøside har no form som i varetek bølgjevandring langs molo.
- Det er i planframlegget lagt inn eiga føresegn om plikt til å melde frå ved funn av potensielle kulturminne.
- Natur- og miljøvern og samfunnstryggleik er utgreia i planframlegget.

# 10. Avsluttande kommentar

Så langt vi kan sjå ligg det ikkje føre vesentlege merknader til den tenkte arealbruken. Vi har teke til vitande innspel og søkt avklara desse, og sett naudsynte krav i føresegnene for å sikre ei tilfredsstillande vidare utbygging av naustområde og parkeringsanlegget tilhøyrande den tidlegare godkjente småbåthamna.

Så langt vi kan sjå vil den no planlagde utbygginga stette viktige fellesfunksjonar i kommunen. Planen meiner vi legg til grunn omsyn på slik måte at landskapet i ettertid framstår på ein tiltalande måte.

*Utsnitt av plankart, sjå neste side:*

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar, RIF rådgivar

Jorunn Beate Lillebø Lande
Master i Arkitektur

*Fagansvarleg areal-, infrastruktur- og samferdselsanlegg*

*Utsnitt av plankart, nedskalert:*



Ørsta 21.02.2015

# Vedlegg A1:

## "REGULERINGSENDRING LANTERNEN MARINA"

## VURDERING AV MERKNADER VED VARSLING

Planarbeidet vart varsla i hht plan- og bygningslova ved annonse i Vestlandsnytt 21.11.2014 samt skriv til grunneigarar, naboar og kommunale/statlege mynde datert 18.11.2014. Frist for merknad var 05.01.2014.

**Følgjande merknader kom inn som følgje av varslinga:**

1) Mørenett AS — dat. 20.11.2014
2) Kystverket — dat. 24.11.2014
3) Fiskeridirektoratet — dat. 26.11.2014
4) Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum — dat. 18.12.2014
5) Fylkesmannen i Møre og Romsdal — dat. 18.12.2014
6) Møre og Romsdal fylkeskommune — dat. 19.12.2014
7) Noregs vassdrags- og energidirektorat — dat. 23.12.2014

## Utdrag frå og kommentar til dei enkelte merknadane:

1. Mørenett AS

**Utdrag:**

*Mørenett har både lav- og høgspentkablar gjennom reguleringsområdet og dette er vist på vedlagde kart. I tillegg finst det ein fiberkabel gjennom området. Det må takast hensyn til desse kablane ved opparbeiding av området og om nokon av desse må flyttast/omleggast i samband med utbygging, så må utbyggjar koste dette.*

**Kommentar:**

Merknaden takast til vitande. Omsyn til eksisterande anlegg vert avklara i planarbeidet.

2. Kystverket

**Utdrag:**

*Ved nordvestleg verlag er strøklengda meir enn 2 km. Vi oppmodar om å vise spesiell merksemd på faren for stryping av bølgjer i hjørnet mellom rota på moloen og holmen. Det har lita hensikt å eventuell sprenge vekk fjell her dersom same massa må nyttast til å fylle opp/heve moloen i overgangen mot land for å gje vern for bygg på innsida.*

**Kommentar:**

Vi har avklara potensiell bølgjehøgd og søkt innarbeidd nødvendige omsyn i planframlegget. Vi legg vidare til grunn at tiltakshavar i byggesak tek nødvendige omsyn i hht TEK 10 kap 7. Planen si form mot sjø er forsøkt tilpassa bølgjevandring lang molo. .

3. Fiskeridirektoratet

**Utdrag:**

*Vi har vurdert tiltaket i forhold til fiskeri- og havbruksinteresser, samt marint biologisk mangfold. Vi kjenner ikke til at det i nærheten av planområdet er spesielle fiskeri- og havbruksinteresser eller marint biologisk mangfold som kan bli skadelidende av tiltaket.*

*Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal kan ikke se at planforslaget har vesentlige konsekvenser for de interesser direktoratet skal ivareta, og har således ingen merknader til planforslaget.*

**Kommentar:**
Ingen merknadar.

4. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
**Utdrag:**

*Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Jønsholmen i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.*

*Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.*

**Kommentar:**
Følgjande tekst vert innarbeidd i føresegnene:

*Dersom det under arbeid kjem fram funn eller strukturar som kan vere automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stoggast og arkeolog ved Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast. Ved slike funn i sjøområda skal det meldast frå til Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum.*

5. Fylkesmannen i Møre og Romsdal
**Utdrag**

*Natur- og miljøvern:*
*Jensholmen er betydeleg utbygd frå før til småbåthamn og naust. Vi meiner det er god arealpolitikk å samle inngrep mest mogleg og at ei vidare utbygging her er ei god løysing. Planområdet er eksponert både mot riksvegen og mot Røyrasundet. Det er difor viktig at ein tek omsyn til landskapskvalitetane og får til ei tilpassa god utbygging. Vi vil vise til naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i § § 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.*

*Samfunnstryggleik:*
*Vi minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i planar av denne storleiken.*

**Kommentar:**
Forholdet til natur- og miljøvern og samfunnstryggleik er vurdert/belyst.
Ad. natur. og miljøvern: Viser til eige vedlegg, sjekkliste for naturmangfald. Viser også til planomtalen.Vi ser ingen vesentlege konfliktar.
Ad: samfunnstryggleik: Fylkesmannen si sjekkliste for ROS er nytta i denne saka, viser til eige vedlegg.
Vi har vidare fått greidd ut potensiell signifikant bølgjehøgd for 20 og 200 returperiode for bølgjer. Vi har drøfta dette mot framtidig havnivå. Dette er nærmare omtala i planomtalen pkt 7.12.

6. Møre og Romsdal fylkeskommune

**Utdrag:**

*Automatisk freda kulturminne:*
*Vi har ingen merknad til planforslaget. Vi gjer likevel merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.*

*Planfagleg vurdering:*
*På detaljkartet som ligg ved oversendinga er det markert ein molo/fylling i nordkant av planområdet som ikkje er å sjå på flyfoto. Vi er uviss på kva som er det verkelege situasjonen, men registrerer at gjeldande plan legg til rette for slik molo. Vi har elles ikkje merknader til at ein legg til rette for fleire naust. Dette vil kunne motverke spreidd naustbygging andre stader i kommunen*

*Konklusjon:*
*Vi har ikkje vesentlege merknader til at det vert sett i gang reguleringsprosess, og heller ikkje til intensjonane med reguleringa.*

**Kommentar:**
Vi registrerer at fylkeskommunen ikkje legg fram krav om arkeologisk registrering, men minner om meldeplikta dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne. Når det gjeld usikkerheita rundt dagens/gjeldande situasjon skyldast dette at grunnkartet er frå 2014, medan flyfotoet er frå 2010 og viser såleis ikkje fyllinga i nord.

7. Noregs vassdrags- og energidirektorat

**Utdrag:**
*NVE har ingen innspel til planarbeidet.*

**Kommentar:**
Ingen merknadar.

**Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:**

- Mørenett AS gjer merksam på at det i grunnen ligg høg- og lavspentkablar samt fiber.
- Kystverket gjer merksam på faren for bølgjestryping.
- Sjøfartsmuseet: Opplyser om plikt til å melde frå til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal ber om at ein legg vekt på natur- og miljøvern, samt samfunnstryggleiken.
- Møre og Romsdal fylkeskommune legg ikkje fram krav om arkeologisk registrering, men minner om plikt til å melde frå ved funn av potensielle kulturminne.

**Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:**

- Omsyn til eksisterande høg- og lavspentkablar må gjerast i tilknyting til utbygging, ev flytting av anlegg avklarast med kabeleigar
- Utfordringar kring bølgjer er søkt avklara og omtala. Planen si avgrensing mot sjøside har no form som i varetek bølgjevandring langs molo.
- Det er i planframlegget lagt inn eiga føresegn om plikt til å melde frå ved funn av potensielle kulturminne.
- Natur- og miljøvern og samfunnstryggleik er utgreia i planframlegget.

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar RIF

(1)

**Eldar Andre Hansen**

---

**Fra:** AG Plan og Arkitektur AS Firmapost
**Til:** Norleif Nordal
**Emne:** SV: 14/10300-1 - Reguleringsarbeid for "Lanternen Marina"

---

**Fra:** Norleif Nordal [mailto:Norleif.Nordal@Morenett.no]
**Sendt:** 20. november 2014 12:48
**Til:** AG Plan og Arkitektur AS Firmapost
**Emne:** 14/10300-1 - Reguleringsarbeid for "Lanternen Marina"

Mørenett har både lav- og høgspentkablar gjennom reguleringsområdet og dette er vist på vedlagde kart. I tillegg finst det ein fiberkabel gjennom området. Det må takast hensyn til desse kablane ved opparbeiding av området og nokon av desse må flyttast/omleggast i samband med utbygginga, så må utbyggjar koste dette.

Vennleg helsing

Mørenett

Norleif Nordal
Ingeniør Plan
Mørenett AS

+47 913 49 904
norleif.nordal@morenett.no

*Denne meldinga er berre meint for mottakaren, og kan innehalde fortrulege opplysningar eller annan privat informasjon.*
*Viss du får denne meldinga ved ein feil, ver vennleg å varsle avsendar og slett originalen.*

Dato: 20.11.2014
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2094
Kopi til: Saksdok.




- Utkoblet kabel
- 230 V kabel
- 400-1000 V kabel
- 5-11kV kabel
- 22kV kabel
- Fiberkabel
- Rør
- 22kV Nettstasjon
- 230V Kabelskap
- Veilys

Alle ledning/trasear må oppfattast som orienterande.
Graving nærmare trasear enn 3 m, er på eige ansvar.
Kontakt MØRENETT AS for kabelpåvising.

N

Dato: 2014.11.20

Sign: NORLEIF

# Reguleringsarbeid for "Lanternen Marina"

Målestokk 1:1000

2

KYSTVERKET
Midt-Norge

Dato: 25.11.2014
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2094
Kopi til: Saksdok.

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Sendt pr e-post

| Deres ref.: | Vår ref.: | Arkiv nr: | Saksbehandler: | Dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 2011/2506-3 | 413.2 | Oddbjørn Sæther | 24.11.2014 |

## Kommentar - Oppstartsvarsling reguleringsarbeid Jensholmen aust - Lanternen Marina - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til oversending 18.11.2014.

*Varselet gjeld reguleringsarbeid på austre del av Jensholmen. Målet med planarbeidet er å leggje til rette for fleire naust og ny tilkomst til småbåthamna på nordaustsida av reguleringsområdet. Planen vil endre deler av tidlegare reguleringsplan Jensholmen frå 1989, sist endra 2010.*

Kystverket har følgjande kommentar:

Ved nordvestleg verlag er strøklengda meir enn 2 km. Vi oppmodar om å vise spesiell merksemd på faren for stryping av bølgjer i hjørnet mellom rota på moloen og holmen. Det har lita hensikt å eventuelt sprenge vekk fjell her dersom same massa må nyttast til å fylle opp/ heve moloen i overgangen mot land for å gje vern for bygg på innsida.

Elles ikkje andre avgjerande moment så langt i prosessen.

Med hilsen

Oddbjørn Sæther
Senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og utan sigatur*

Eksterne kopimottakere:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset | 6404 | MOLDE |
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset | 6404 | MOLDE |

3

Dato: 1.12.2014
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2094
Kopi til: Saksdok.

FISKERIDIREKTORATET

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

| | |
|---|---|
| Saksbehandler: | Ole Einar Jakobsen |
| Telefon: | 94135463 |
| Seksjon: | Region Møre og Romsdal forvaltningsseksjon |
| Vår referanse: | 14/11486 |
| Deres referanse: | |
| Vår dato: | 26.11.2014 |
| Deres dato: | 18.11.2014 |

## HERØY KOMMUNE MØRE OG ROMSDAL - UTTALELSE TIL VARSEL OM OPPSTART AV PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN FOR LANTERNEN MARINA PÅ JENSHOLMEN

Det vises til oversendelse av 18.11.2014 fra AG Plan og Arkitektur AS med melding om oppstart av privat reguleringsarbeid på Jensholmen i Herøy kommune.

### Formål og planstatus

Formålet med planen er å legge til rette for flere naust og ny tilkomst til eksisterende småbåthavn øst for Jensholmen.

Området er regulert, og planforslaget innebærer en mindre endring da arealbruksformålene i gjeldende plan i hovedsak er tenkt videreført.

### Innspill fra Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal

Vi har vurdert tiltaket i forhold til fiskeri- og havbruksinteresser, samt marint biologisk mangfold. Vi kjenner ikke til at det i nærheten av planområdet er spesielle fiskeri- og havbruksinteresser eller marint biologisk mangfold som kan bli skadelidende av tiltaket.

Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal kan ikke se at planforslaget har vesentlige konsekvenser for de interesser direktoratet skal ivareta, og har således ingen merknader til planforslaget.

Med hilsen

Kristin Skarbøvik
konstituert regiondirektør

Ole Einar Jakobsen
konstituert seksjonssjef

**Mottakerliste:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| AG Plan og Arkitektur AS | Webjørn Svendsen gate 12 | 6150 | ØRSTA |

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Miljøvernavdelinga | 6404 | MOLDE |
| Kystverket Midt-Norge | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |

4

**Eldar Andre Hansen**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Tord Kristian Karlsen <Tord.Karlsen@bsj.uib.no> |
| **Sendt:** | 18. desember 2014 13:46 |
| **Til:** | post@mrfylke.no |
| **Kopi:** | Eldar Andre Hansen |
| **Emne:** | RE: Herøy - Detaljplan - Lanternen Marina |

# Vedr. Herøy - Detaljplan - Lanternen Marina. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post dagsett 18.11.2014.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Jønsholmen i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Dato: 19.12.2014
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2094
Kopi til: Saksdok.

Venleg helsing
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Tord K. Karlsen
Saksbehandlar marinarkeologi
Direkte telefon: 55549604.
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no
Nettside: http://www.bsj.uib.no/

BERGENS SJØFARTSMUSEUM
MARINARKEOLOGI

**From:** eldar.hansen@agplan.no [mailto:eldar.hansen@agplan.no]
**Sent:** Tuesday, November 18, 2014 1:42 PM
**To:** Anders.roynstrand@mrfylke.no; eldar.hansen@agplan.no; post@mrfylke.no; postmottak@fmmr.no; firmapost-midt@vegvesen.no; post@kystverket.no; postmottak@fiskeridir.no; rv@nve.no; marinarkeologi@bsj.uib.no; postmottak@heroy.kommune.no; firmapost@tussa.no; kontor@landbrukskontoret.no
**Subject:** Herøy - Detaljplan - Lanternen Marina

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

5

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
18.12.2014
Dykkar dato
18.11.2014

Vår ref.
2014/7076/JOEI/421.4
Dykkar ref.

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Dato: 22.12.14
Saksbeh.: JALL/KA
Ark.nr./Prosjnr.: 2094
Kopi til: Saksdok.

**Herøy kommune**
**Detaljregulering - reguleringsplan Lanternen Marina**
**Fråsegn ved varsel om oppstart av planarbeid**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

## INNSPEL TIL PLANARBEIDET

### Natur- og miljøvern

Jensholmen er betydeleg utbygd frå før til småbåthamn og naust. Vi meiner det er god arealpolitikk å samle inngrep mest mogleg og at ei vidare utbygging her er ei god løysing. Planområdet er eksponert både mot riksvegen og mot Røyrasundet. Det er difor viktig at ein tek omsyn til landskapskvalitetane og får til ei tilpassa god utbygging.

Vi vil vise til naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

### Samfunnstryggleik

Vi minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i planar av denne storleiken.

Sjekklista ligg under Fylkesmannen si heimeside på følgjande nettadresse: sjekkliste.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

**Kopi:** Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

6

Dato: 19.12.2014
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2094
Kopi til: Saksdok.

Møre og Romsdal fylkeskommune

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 18.11.2014 | 73584/2014/REGULERINGSPLAN/1515 | Johnny Loen, 71 25 82 88 | 19.11.2014 |

# Herøy kommune - detaljregulering - reeguleringsplan - Lanternen Marina - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Automatisk freda kulturminne**
Vi har ingen merknad til planforslaget. Vi gjer likevel merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.

Saken har vore oversendt Bergen sjøfartsmuseum med sikte på avklaring vedrørande marine kulturminne. Museet melder i sitt svar at dei ikkje kjenner til kulturminne som kan kome i konflikt med planen, men viser på generelt grunnlag til aktsemdsplikta etter kulturminnelova.

**Planfagleg vurdering**
På detaljkartet som ligg ved oversendinga er det markert ein molo/fylling i nordkant av planområdet som ikkje er å sjå på flyfoto. Vi er uviss på kva som er det verkelege situasjonen, men registrerer at gjeldande plan legg til rette for slik molo.

Vi har elles ikkje merknader til at ein legg til rette for fleire naust. Dette vil kunne motverke spreidd naustbygging andre stader i kommunen

**Konklusjon**
Vi har ikkje vesentlege merkander til at det vert sett i gang reguleringsprosess, og heller ikkje til intensjonane med reguleringa.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

(./.)

7

Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

AG Plan og Arkitektur as
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Dato: 5.1.2015
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2094
Kopi til: Saksdok.

Vår dato: 23.12.2014
Vår ref.: 201406457-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 18.11.2014
Dykkar ref.: Kåre Gjengedal

Sakshandsamar:
Terje Systad
22959559/tes@nve.no

# Innspel til oppstart av privat reguleringsarbeid - Detaljplan - Lanternen Marina - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 18.11.2014. Saka gjeld oppstart av reguleringsplan for Laternen Marina. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for fleire naust og ny tilkomst til småbåthamn aust for Jensholmen.

NVE har ingen innspel til planarbeidet.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

**Namn på tiltak/plan**: Detaljplan for "Lanternen Marina" i Herøy kommune

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

| Emne | | Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold? | Nei | Ja |
|---|---|---|---|---|
| Naturgitte forhold | a | Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred? | X | |
| | b | Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø? | X | |
| | c | Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?<br>*Ikkje som vi eller tiltakshavar kjenner til. Vi legg til grunn at TEK sine krav til byggegrunn vert undersøkt/avklara ved prosjektering.* | | |
| | d | Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar? | X | |
| | e | Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus? | X | |
| | f | Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?<br>*Framtidig havnivå er teke omsyn til. Sameleis er bølgjeproblematikk drøfta i saka, jf planomtalen pkt 7.12 . Ved dimensjonering av konstruksjonar på bygning må bygningsmessige forhold vurderast for bygningsdel som kan vere utsett (jf F2 og 200 års havnivå og bølgjer). Viser elles til klipp frå E-post nedst.* | | X |
| | g | Treng det takast særskilte omsyn til radon? | X | |
| | i | Anna (spesifiser)? | X | |
| Omgivnad | a | Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken? | X | |
| | b | Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)? | X | |
| | c | Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område? | X | |
| | d | Anna (spesifiser)? | X | |
| Verksemdsrisiko | a | Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg? | X | |
| | b | Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder utgjere risiko? | X | |
| Brann/ulykkes-beredskap | a | Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)? | X | |
| | b | Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy? | X | |
| Infrastruktur | a | Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området? | X | |
| | b | Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko? | X | |
| | c | Er det transport av farleg gods til/gjennom området?<br>*Utanfor planområdet ligg FV654 der det er registrert transport av farleg gods.* | X | |
| Kraftforsyning | a | Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner?. | X | |
| | b | Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster? | X | |
| | c | Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området? | X | |
| Vassforsyning | a | Er det mangelfull vassforsyning i området? | X | |
| | b | Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga? | X | |
| Sårbare objekt | a | Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området:<br>- elektrisitet ?<br>- teletenester?<br>- vassforsyning?<br>- renovasjon/spillvatn? | X | |
| | b | Er det spesielle brannobjekt i området? | X | |
| | c | Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området? | X | |
| Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk | a | Gruver: opne sjakter, steintippar etc.? | X | |
| | b | Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.? | X | |
| | c | Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering? | X | |
| | d | Anna (spesifiser)? | X | |
| Ulovleg | a | Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål? | X | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| verksemd | b | Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken? | X | |

Sjekklista er gjennomgått den 21/ 2 - 2015 av *sign*: EH/KG [signature]

| Emne/kommentar | Bilde |
|---|---|
| Naturgitte forhold | |
| Området grensar til sjø.<br><br>*Kommentar:*<br>*Må ta omsyn til havnivå og havbølgjer.* | <br><br>Sunnmørskart |
| Infrastruktur | |
| Fylkesveg 645, transport av farleg gods.<br><br>*Kommentar:*<br>*Nye tiltak vil ligge i god avstand frå fv654.* | <br>DSB |

<u>Naturgitte forhold: bølgjer</u>. Vurdering av meteorologisk institutt:

«På grunn av komplisert topografi og fare for at litt havdønning kan nå inn til området er det vanskeleg å gi nøyaktige estimat av bølgjehøgder ved Jensholmen ved hjelp av enkle utrekningar. Lokalt er det ei effektiv strøklengde på ca 2km ved vind frå vestnordvest. Vi har ikkje vindmålingar som er heilt representative for det aktuelle området, men ut frå målingar i nærleiken anslår vi 200 års returverdi frå vestnordvest til ca 35 m/s. Detter gir signifikant bølgjehøgd på ca 1.7m for den lokale vindsjøen. I tillegg kan det komme inn noko dønning, men det er vanskeleg å vurdere høgda på eventuelle dønningar som når heilt inn til Jensholmen. 20 års returverdi for vind anslår vi til ca 28m/s. Med 2km strøklengde gir det signifikant bølgjehøgd på ca 1.3m. Desse bølgjehøgdene gjeld i ytre delen av den raude ramma som er merka av på kart nr 2 og 3 i vedlegget. Bølgjehøgda vil avta innover i området.
For å få meir nøyaktige estimat av ekstreme bølgjehøgder ved Jensholmen må ein setje opp ein finskala bølgemodell for området. Det er eit meir omfattande arbeid.

Helsing
Magnar Reistad, Meteorologisk institutt »

## Sjekkliste natur-, miljø- og samfunnsmessige forhold, ut frå tigjengelege offentlege databaser (GIS-baser, NGU, NVDB, NVE, Naturbase, osv):

| Emne | | Registreringar i databaser gjeldande for planområdet? | |
|---|---|---|---|
| | | Nei | Ja |
| a | Særleg verdifult landskap, naturmiljø, kulturminne eller kulturmiljø som er verna eller freda ... | X | |
| b | Viktige inngrepsfrie naturområde ... trua artar eller deira leveområde | | X |
| c | Større naturområde som er særleg viktige for utøvelse av friluftsliv ... | X | |
| d | Konflikt med gjeldande rikspolitiske bestemmelsar ... | X | |
| e | Konflikt med utøvelsen av samisk utmarksnæring ... | X | |
| f | Større omdisponering av landbruk-, natur- og friluftslivsområde ... | X | |
| g | Auke i tal personar som utsettast for høg belastning av luftforureining, støy eller lukt, eller kan føre til vesentleg forureining til jord, vatn eller sediment ... | X | |
| h | Medfører risiko for alvorlege ulykker, ras, skred og flom ... | X | |
| i | Konsekvensar for befolkninga si helse ... | X | |
| j | Konsekvensar for befolkninga si tilgjengelegheit til uteområde ... | X | |
| k | Kan få vesentlege miljøverknader i ein annan stat ... | X | |

| **Planframlegget vil innebere endringar i forhold til:** | **Endring** | |
|---|---|---|
| | Nei | Ja |
| Kommuneplan (kommuneplanen viser til reguleringsplanen) | | |
| Eksisterande reguleringsplan | | X |

### Nedanfor er teke med kartutsnitt og omtale/kommentarar til tema som har registreringar i det aktuelle planområdet (jf avkryssa for «Ja» ovanfor).

| **Emne/kommentar** | **Kartutsnitt** |
|---|---|
| a. Særleg verdifult landskap... | |
| b. Viktig inngrepsfri natur... | |
| c. Større naturområde...<br><br>Jensholmen inngår i ei større sone for artsforekomster, jf sjekkliste for naturmangfald. Gjeld beiteområde for sjøfugl.<br><br>Det er registrert 19 artsforekomstar på Jensholmen. Ein (1) av desse, strandsnipe, ligg på rødlista innanfor kategorien NT (nær trua).<br><br>Kommentar: Saka er drøfta med Alf Ottar Folkestad som uttaler seg slik, jf. oppsummering på side 3. |  |
| d. Rikspolitiske bestemmelsar... | |
| e. Samisk utmarksnæring... | |

| | |
|---|---|
| f. Større omdisponering av landbruk.... | |
| g. Forureining... | |
| h. Risiko for ulykker.... | |
| i. Konsekvensar for helse... | |
| j. Tilgang til uteområde... | |
| k. Miljøverknader annan stat... | |

| Gjeldande reguleringsplan | |
|---|---|
| Området inngår i reguleringsplanen Jensholmen (plan-ID 198903), godkjent 8.9.1989. Del av området er i gjeldande plan lagt ut til friluftsområde, fritidsbebyggelse, småbåthamn (på land og sjø) og parkeringsplass.<br><br>Kommentar.<br>*Medfører endringar i gjeldande plan knytt mot sjøareal og friluftsareal.* |  |

## Oppsummering av vesentlege verknader for miljø og samfunn

relatert til "Forskrift om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningsloven" av 26. Juni 2009 - § 4.

| | **Punkt** | Nei | Ja |
|---|---|---|---|
| a | er lokalisert i eller kjem i konflikt med område med særleg verdifult landskap, naturmiljø, kulturminne eller kulturmiljø som er verna eller freda, førebels verna eller freda eller foreslått verna eller freda, eller der det er stor sannsynlegheit for å finne automatisk freda kulturminne som inngår i eit kulturmiljø med stor tidsdjupne. | X | |
| b | er lokalisert i eller kjem i konflikt med viktige inngrepsfrie naturområde eller utgjer ein trussel mot trua naturtype, trua artar eller deira leveområde, mot prioriterte artar eller deira funksjonsområde, mot utvalgte naturtype, eller mot andre område som er særleg viktige for naturen sitt mangfald. *Konflikta gjeld beiteområde for sjøfugl og at ein (1) av desse artane, strandsnipe, ligg på rødlista innanfor kategorien NT (nær trua). Registreringane er gamle og saka er drøfta med ornitolog Alf Ottar Folkestad. Folkestad uttalte at han ser på Jensholmen er eit etablert område med opparbeidd infrastruktur, og ser ikkje at utbygging på det sentrale landarealet vil medføre konsekvensar for hekkande sjøfugl. Samtidig understrekar han at strandsona nord/nordvest i friluftsområdet kan vere sårbar.* *Plangrensa i planframlegget er vesentleg avgrensa mot friluftsområdet i nord/nordvest i høve dei tidligare planane, jf. avklaringar med kommunen før oppstart av planarbeidet.* | | X |
| c | er lokalisert i større naturområde som er særleg viktige for utøvelse av friluftsliv, herunder markområde, eller i viktige vassdragsnære område som ikke er avsatt til utbyggingsformål eller i overordna grøntstruktur og viktige friområde i byar og tettstadar, og der planen eller tiltaket kjem i konflikt med friluftslivsinteresse. | X | |
| d | kjem i konflikt med gjeldande rikspolitiske bestemmelsar eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 eller statlege planretningslinjer, statlege planbestemmelsar eller regionale planbestemmelsar gitt i medhald av lov av 27. juni 2008 nr. 71. | X | |
| e | kan kome i konflikt med utøvelsen av samisk utmarksnæring, eller er lokalisert i reindriftas særverdiområde eller minimumsbeite og kan kome i konflikt med reindriftsinteresser, eller på ein annan måte kan kome i konflikt med reindriftas arealbehov. | X | |
| f | inneber større omdisponering av landbruk-, natur- og friluftslivsområde eller område som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd. | X | |
| g | gir vesentleg auke i antall personar som utsettast for høg belastning av luftforurensning, støy eller lukt, eller kan føre til vesentleg forurensning til jord, vatn eller sediment, eller kan føre til vesentleg auke av utslepp av klimagass, eller kan føre til vesentleg stråling. | X | |
| h | medfører risiko for alvorlege ulykker, ras, skred og flom. | X | |
| i | kan få konsekvensar for befolkninga si helse eller helsa si fordeling i befolkninga. | X | |
| j | kan få vesentlege konsekvensar for befolkninga si tilgjengelegheit til uteområder, bygningar og tenester. | X | |
| k | kan få vesentlege miljøverknader i ein annan stat. | X | |

(*kommentar er vist med kursiv skrift*)

21.2.2015
Kåre Gjengedal Eldar Hansen
Sign.

**SJEKKLISTE NATURMANGFALD** **Dato: 16.11.2014**

| Nr. | Moment | Vurdering/kommentar |
|---|---|---|
| 1. | Kva økosystem, naturtypar og artar vert råka av planen? | Sjekkliste viser at planområdet inngår i eit artsførekomstområde, viser til punkt 5 nedanfor. |
| 2. | Kva effekt vil planen ha på landskap, økosystem, naturtypar og artar. | Viser til vurderingane gjort på dei neste sidene. |
| 3. | Korleis er tilstanden for dei aktuelle økosystema, og utviklinga i tal lokalitetar av naturtypane og bestandane av artane på landsbasis og lokalt (på staden)? | Det er registrert om lag 160 andre artsførekomstområder i Herøy kommune. |
| 4. | Ligg det føre faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet? | Litteratur: «Registrering av hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal 1994» frå 1996 av Alv Ottar Folkestad.<br><br>Gjeld registreringa i punkt 5 nedanfor. |
| 5. | Vil planen påverke trua og nær trua artar på Norsk rødliste for artar 2010? | Planområdet inngår ei sone for artsførekomstar, nærmare bestemt hekkande sjøfugl. Sona er relativt stor (2623 daa) og omfattar Nautøya, Stegleholmen, Fugleholmen, Petterholmen og Jensholmen. Sjøfuglane det gjeld er grågås, siland, ærfugl, fiskemåke, sildemåke, gråmåke, svartbak, makrellterne og rødnebbterne. Sona er vurdert som kategori C, lokalt viktig. Innanfor denne sona er det også gjort observasjon av den raudlista fuglen strandsnipe, registrert 24.6.2012.<br><br>*Kjelder:* *www.artsdatabanken.no*<br>*www.naturbase.no* |
| 6. | Vil planen påverke trua og nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011? | Nei.<br><br>*Kjelder:* *www.artsdatabanken.no*<br>*www.naturbase.no* |
| 7. | Vil planen påverke registrerte naturtypar eller prioriterte artar? | Nei.<br><br>*Kjelde:* *www.naturbase.no* |
| 8. | Vil planen påverke verneområder, nærområder til verneområder, marint beskytta områder eller verna vassdrag (jf. | Nei.<br><br>*Kjelde:* *www.naturbase.no* |

| | | |
|---|---|---|
| | Verneplan for vassdrag)? | www.nve.no (NVE Atlas) |
| 9. | Vil planen påverke tilstanden i sjø eller vassførekomstar? | Ikkje utover artsførekomstsona omtala i punkt 5, denne sona omfattar også sjøareal.<br><br>*Kjelde: http://vannmiljo.miljodirektoratet.no* |
| 10. | Vil planen påverke registrerte kulturlandskap? | Nei.<br><br>*Kjelde: www.naturbase.no* |
| 11. | Vil planen påverke miljøregistreringar i skog? | Nei.<br>*Kjelde: www.skogoglandskap.no* |
| 12. | Vil planen påverke inngrepsfrie naturområde (INON)? | Nei.<br><br>*Kjelde: www.dirnat.no/inon* |
| 13. | Er det kunnskapsmangel? | Så langt vi kjenner til er det ikkje vesentlege "opne hol" i kunnskapsgrunnlaget for planområdet vedkomande naturmangfald i tilgjengelege databasar og rapportar. |

**VURDERING**

Kunnskap (§8):

Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldslova i denne saka.

Førevar prinsippet (§9):
Planframlegget inngår i ei sone for artsførekomstar. På det tidlege stadiet i dette reguleringsarbeidet blei temaet diskutert med ornitolog Alv Ottar Folkestad.

Folkestad uttalte då at han ser på Jensholmen som eit etablert område med opparbeidd infrastruktur, og ser ikkje at utbygging på det sentrale landarealet vil medføre konsekvensar for hekkande sjøfugl. Samtidig understreka han at strandsona nord i friluftsområdet kan vere sårbar.

I ettertid av dette har planområdet blitt nedjustert i areal og samtidig er konsentrasjonen av tiltaket trekt meir austover mot eksisterande naust, før Herøy kommune godkjente at tiltakshavar kunne gå i gang med planarbeidet. Med bakgrunn i dette ser vi ikkje på inngrepet i planframlegget som vesentleg for naturmangfaldet på Jensholmen.

Samla belastning (§10):
Det er i Herøy kommune registrert om lag 160 andre artsførekomstområder. Sett i samanheng med dette vert den samla belastninga ikkje oppfatta som vesentleg.

Overvaking (§11):
Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.

Alternativ lokalisering (§12):
Alternativ lokalisering vart vurdert av kommunen i kommuneplanen. Det ligg ikkje føre alternativ.

Konklusjonen er at den samla belastninga av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

18.11.2014 siste revisjon 18.11.2014
Kåre Gjengedal Eldar Hansen
Sign.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2015/97 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 611 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 75/15 | Formannskapet | 21.04.2015 |
| 46/15 | Kommunestyret | 30.04.2015 |

## HERØY HELSE- OG OMSORGSSENTER. GODKJENNING AV GRUNNAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG EIGARAR AV GNR 37 BNR 119, GNR 37 BNR 139

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 21.04.2015**

1. Herøy kommunestyre godkjenner grunnavtalar med gnr 37 bnr 119 og 139.

2. Grunnkjøpa vert finansiert med midlar avsett til grunnkjøp i budsjett for 2015.

**Tilråding frå rådmannen:**

3. Herøy kommunestyre godkjenner grunnavtalar med gnr 37 bnr 119 og 139.

4. Grunnkjøpa vert finansiert med midlar avsett til grunnkjøp i budsjett for 2015.

**Særutskrift:**

| | | |
|---|---|---|
| Vegard Ryan | Eggesbøvegen 3 | 6092 Fosnavåg |
| Arne Dalstrøm | Eggesbøvegen 5 | 6092 Fosnavåg |

Utviklingsavdelinga
Eigedomsavdelinga
Økonomiavdelinga
Anleggs- og driftsavdelinga

**Vedlegg:**

1 – Grunnavtale med gnr 37 bnr 119 m/vedlagt kartutsnitt
2 - Grunnavtale med gnr 37 bnr 139 m/vedlagt kartutsnitt
4 - Flyfoto over området M 1:1000

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune skal bygge omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon og base for heimetenesta i området ved Herøy omsorgssenter – blå avdeling på Eggesbønes. Byggeprosjektet skal erstatte dagens institusjonstilbod og arbeidsplasslokalitetar ved Herøy omsorgssenter – gul avdeling.

For å møte framtidig arealbehov for utvikling av helsesenteret, bad eigedomsavdelinga utviklingsavdelinga om å gå i forhandlingar med grunneigarane av gnr. 37 bnr. 119 og bnr. 139 om erverv av naudsynt tilleggsareal.

Det blei gjennomført verditaksering av areala.

Utviklingsavdelinga har, gjennom forhandlingar med grunneigarane, kome til semje om eit avtaleutkast der kommunen tilbyr å erverve eit stripeareal frå bnr 119 og 139 til ein marknadspris på 600,- kr/m2. Dette er akseptert av grunneigarane. Avtalane sikrar kommunen rett til bruk av grunnen i området.

For eigedom gnr 38 bnr 80 har heimelshavar ytra ynskje om å selje heile eigedomen. Herøy kommune er i forhandlingar med eigar av bnr 80 om ein opsjonsavtale som gir kommunen rett til å kjøpe eigedomen til avtalt tidspunkt og pris. Ein ser det som naturleg at det blir fremja ei eiga sak om dette til kommunestyret.

Rådmannen vil peike på at utviklingsavdelinga også arbeider med reguleringsplan, for å sikre ei omregulering av det arealet som no blir erverva, slik ein kan skape rammer for vidare utvikling av helse- og omsorgssenterområdet, med mellom anna nytt tilbygg til blå avdeling.

**Vurdering og konklusjon:**

Utvikling av helse- og omsorgssenter på Eggesbønes er ei viktig sak for Herøy kommune. Med bakgrunn i nytt tilbygg og framtidige planar for heildøgns omsorgsfunksjon og base for heimetenesta som erstatning for dagens institusjonstilbod og arbeidsplasslokalitetar ved Herøy omsorgssenter – gul avdeling.

Verditaksering som er innhenta ligg til grunn for grunnervervet.

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner avtalane slik dei no ligg føre.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
**Ingen**
<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
**Ingen**
<u>Konsekvensar for drift:</u>
<u>Ingen</u>

Konsekvensar for økonomi:
**Kjøp av areal vil belast kommunen sine midlar til grunnerverv negativt.**

Fosnavåg, 08.04.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2015/97 Saksbeh. ATT
20 JAN. 2015
Ark.kode P 37/119
Ark.kode S
Dok.nr. 1
Kassasjon

**AVTALE**
Om
Grunnkjøp/innløysing av eigedom
mellom
Herøy kommune (kjøpar)
og eigar av gnr. **37** , bnr. **119** (seljar)

1. Seljar sel og overdreg deler av gnr 37 bnr 119 til kjøpar, slik eigedomen går fram av vedlagde kartutsnitt, datert 14.01.2015

2. Kjøpesummen skal vere kr 600 pr. m2.

3. Kjøpar kan ta arealet i bruk straks og det skal betalast 4 % rente frå grunnen vert teken i bruk til utbetaling skjer.

4. Kjøpar vert ved avtalen gjeven rett og plikt til å søkje avtaleareala frådelte og klargjorde for overskøyting. Kjøpar dekkjer kostnadene ved dette.

5. Kjøpesummen forfell til kontant oppgjer mot skøyte klar for heftefri tinglysing. Den eksakte kjøpesummen vil følgje av storleiken på det arealet som no skal delast frå og seljast.

Fosnavåg ...........2014

Herøy kommune

Eigar av gnr.37 bnr. 119

Arne Dalstrøm

**Vedlegg:**

1 – Kartutsnitt, datert 14.01.2015 .

# Erverv av areal frå 37/139 og 119

1:500

14.01.2015




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2015/97 Saksbeh. AZT
21 JAN. 2015
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 2

**AVTALE**
Om
Grunnkjøp/innløysing av eigedom
mellom
Herøy kommune (kjøpar)
og eigar av gnr. **37** , bnr. **139** (seljar)

1. Seljar sel og overdreg deler av gnr 37 bnr 139 til kjøpar, slik eigedomen går fram av vedlagde kartutsnitt, datert 14.01.2015

2. Kjøpesummen skal vere kr 600 pr. m2.

3. Kjøpar kan ta arealet i bruk straks og det skal betalast 4 % rente frå grunnen vert teken i bruk til utbetaling skjer.

4. Kjøpar vert ved avtalen gjeven rett og plikt til å søkje avtaleareala frådelte og klargjorde for overskøyting. Kjøpar dekkjer kostnadene ved dette.

5. Kjøpesummen forfell til kontant oppgjer mot skøyte klar for heftefri tinglysing. Den eksakte kjøpesummen vil følgje av storleiken på det arealet som no skal delast frå og seljast.

Fosnavåg 21/1-2015 ~~2014~~

Vegard Rygen

Herøy kommune Eigar av gnr.37 bnr. 139

**Vedlegg:**

1 – Kartutsnitt, datert 14.01.2015 .

# Erverv av areal frå 37/139 og 119

1:500

14.01.2015




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

1:1000

08.04.2015




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

kommuneflate

*DEK Kvalitet*

Abc Gårds- og bruksnummer

Sikker grense - koordinatfesta

Usikker grense - ikkje koordinatfesta

Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | ENG | Arkivsaknr: | 2013/784 |
| | | Arkiv: | C50 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 20/15 | Komite for næring, kultur og idrett | 20.04.2015 |
| 47/15 | Kommunestyret | 30.04.2015 |

## SVAR PÅ HØYRING - REGIONAL DELPLAN FOR KULTURMINNER AV REGIONAL OG NASJONAL VERDI

**Møtebehandling:**

Komite for næring, kultur og idrett nemnde fylgjande kulturminne som kan vurderast i planen:

Forsvarsminne/krigsminne:
- Bergsøy, Heid, skyttergraver (3)
- Kvalsvik, Børa utkikkspunkt/vaktpost i grop/mur
- Fosnavåg, Ura, bomberom (opent)
- Fosnavåg, Ura, bombekrater (2)
- Fosnavåg, Ura, oppholdsstad «gulosten» - hule
- Voldneset, radiopost. Vart sidan flytta til ein hellar i Vanykven/Skåratinden

Skulehistorisk minne:
- Nerlandsøy skule

Handelsminne:
- Flusund, Straumen, butikk, Marie Våge

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 20.04.2015**

Kommunestyret tolkar lista over kulturminne som ei liste over «dei viktigaste» og kjenner ikkje til andre kulturminne som burde vore med på denne lista.

Kommunestyret vurderer dei føreslåtte hovudmåla og resultatmåla som eit godt grunnlag for framtidige handlingsprogram.

**Tilråding frå rådmannen:**

Kommunestyret tolkar lista over kulturminne som ei liste over «dei viktigaste» og kjenner ikkje til andre kulturminne som burde vore med på denne lista.

Kommunestyret vurderer dei føreslåtte hovudmåla og resultatmåla som eit godt grunnlag for framtidige handlingsprogram.

Særutskrift:
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Utviklingsavdelinga
Kulturavdelinga

**Vedlegg:**
Fylgjebrev
Høyringsdokument
Oversikt over kulturminne i Herøy

**Saksopplysningar:**
Hovudføremålet med *planen* er å utvikla strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal som flest muleg er samde om.
Planprosessen skal vere med på å heve kunnskapen og medvitet om regionen sine kulturarvverdiar.
Arbeidet tek sikte på å utvikle felles verdiforståing og samhandling, og skape eit betre samspel mellom vern, bruk og verdiskaping. Eit viktig mål med planen er ei oversikt over kulturminne frå nyare tid som har regional og nasjonal verdi, og lage mål for korleis dei kan takast vare på. Ei slik oversikt vil gjere fylkeskommunen si forvaltning av fagansvaret meir føreseieleg og vil fungere som eit grunnlag for prioriteringar og vernetiltak. Med avgrensa ressursar til restaurerings- og vernetiltak er det viktig å gjere dei rette prioriteringane. Det er også viktig at heile samfunnssystemet har kjennskap til kva kulturminne og kulturmiljø som har ekstra høg verdi og må behandlast etter det til eksempel arealforvaltning og byggesakshandsaming.

Føremålet med *høyringsrunden* er å gje svar på:
- Er føreslåtte kulturminna/kulturmiljø rette og/eller er det andre som også bør vere med her?
- Vil forslaga kunne kome i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn?
- Er dei føreslåtte hovudmåla og resultatmåla gode nok som grunnlag for framtidig handlingsprogram?

Etter høyringsrunden skal innspel vurderast av styringsgruppe, prosjektgruppe og referansegruppe og planforslaget endrast/reviderast der ein finn grunn for det. Revidert planforslag skal leggjast fram for fylkestinget 15.-17. juni 2015 til endeleg avgjerd.

For Herøy vert det føreslått å verne 21 nye kulturminne og kulturmiljø. Tre med nasjonal- og 18 med regional vekting.

Planen gir ikkje kulturminne og kulturmiljø automatisk noko formell vernestatus. For dei objekta som i planen er vekta til nasjonal verdi vil Riksantikvaren bli oppmoda om å vurdere fredning etter Kulturminnelova. I Herøy gjeld dette:
- Vikane, Bergsøya. Kulturmiljø med gårdstun og landbruksminne.
  *Fiskarbonden sin arv er ei viktig historie som er lite synleg på fredningslista. Vikane er eit autentisk anlegg med stor tidsdjupne.*
- Losjehuset, Myrvåg. Kulturminne som kulturinstitusjon, forsamlingslokale og organisasjonslivsminne.
  *Minner frå eit organisert, friviljug arbeid er forsamlingshus for ulike organisasjonar.*
- Herøy gard. Kulturmiljø med prestegard og museum.
  *Større kulturmiljø.*

For resten av objekta må kommunen gjere ei vurdering av vern etter Plan- og bygningslova med påfølgjande implementering i kommunale planar.

**Vurdering og konklusjon:**
Ser ein historisk på kulturminnevernet si utvikling, vil ein finne at det i starten var mest fokus på gjenstandar – og gjerne raritetar som ein kunne vise fram som attraksjonar. Sidan har den kulturpolitiske haldninga i samfunnet fått fokus på at det er viktig å avspegle mest mogleg full breidde av historia i det vi tek vare på kulturminne. Det skulle ikkje lenger berre vere det særeigne og spesielle, det mest prangande og estetisk høgverdige som skulle vektleggast. Alle sider av samfunnsutviklinga skulle vise att i verna kulturminne. Ivaretaking av større, samanhengande miljø vil utan tvil vere betre grunnlag for historieforståing enn lausrivne enkeltelement. I planforslaget er det difor lagt vekt på å ta fram større samanhengande kulturmiljø som er særleg verneverdige.

Kommentar til regional delplan for kulturminne:
Herøy kommune tolkar lista over kulturminne som ei liste over «dei viktigaste» og kjenner ikkje til andre kulturminne som burde vore med på denne lista.

Vi vurderer dei føreslåtte hovudmåla og resultatmåla som eit godt grunnlag for framtidige handlingsprogram.

Konsekvensar for folkehelse:
God forvaltning og formidling av kulturarven vår vil erfaringsmessig bidra til at fleire oppsøkjer desse. Opplevinga av kulturminner og kulturmiljø synliggjer historia og arven vår, og bidrar til god mental folkehelse. Erfaringar frå kulturmiljøet på gamle Herøy, helleristninga på Rødskar og gravrøysene på Løsetstranda er eksempel på at kulturminner og –miljø er attraktive stadar å oppsøkje fm ulik fysisk aktivitet.

Konsekvensar for beredskap:
Vern, og vern gjennom bruk kan bidra til å redusere faren for hærverk, skade og ikkje ynskja hendingar for enkeltpersonar og nærmiljø til kulturminna.

Konsekvensar for drift:
Liste med objekt som vert føreslått verna i Herøy må leggjast til grunn ved utarbeiding av lokal kulturminneplan.
Elles ingen konsekvensar ut over planlagt drift.

Konsekvensar for økonomi:
Ingen ut over planlagt økonomi.

Fosnavåg, 12.04.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Eileen Gjerde |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Møre og Romsdal
fylkeskommune

adresseliste

FYLKESORDFØRAREN

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | | 8387/2015/M&R | Jens Peter Ringstad | 09.02.2015 |

## Forslag til regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi - invitasjon til andre gongs høyring og offentleg ettersyn.

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vedtok 23.02.2015 i sak FU-14/15, med heimel i Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 8-3 å legge forslag til *regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi* til høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfristen er 15.april, 2015.

Hovudføremålet med planen er å utvikle strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal som flest mogleg er samde om.
Fylkeskommunen, kommunane, regionalt næringsliv, private eigarar, skuler, museum og friviljuge organisasjonar treng oversikt til sitt samarbeid og sine prioriteringar. Planen vil bli lagt til grunn for fylkeskommunen sine innspel til kommunal planlegging og elles for prioritering av vernetiltak, restaureringsarbeid, formidling og tilskotsforvaltning.
Vedteken plan gir ikkje kulturminne og kulturmiljø nokon formell vernestatus.
Plandokumentet omfattar ein plandel og vedlegg med liste over kulturminne og kulturmiljø.

*Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi* har fokus på tema som fylkeskommunen, kommunane, statlege og friviljuge aktørar på regionalt nivå har verkemiddel til å gjere noko med. Planforslaget inneheld også forslag til forbetringar i samarbeidet og samhandlinga med statlege instansar.
Listene i vedlegg 1 er ordna kommunevis alfabetisk etter kommunenamn. For kvar kommune er listene todelte med ei oversikt over kulturminne og kulturmiljø som har formelt vern og ei oversikt over kulturminne og kulturmiljø som er foreslått verna.
Delen med formelt vern inneheld i tillegg til dei nemnde 290 automatisk freda kulturminna, oversikt over 92 kulturminne og kulturmiljø som er vedtaksfreda etter Kulturminnelova og har nasjonal verdi. Her er også 22 kyrkjer frå perioden 1650 – 1850 som har status som verna og 38 kyrkjer frå perioden etter 1850 som har status som «listeførte». Tilsaman 26 kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid er med i landsverneplanar (vegvesenet, NVE, Jernbaneverket o.a.). Listene inneheld også 101 område der kulturminne frå nyare tid er regulerte til bevaring etter Plan- og bygningslova.

**Vidare handsaming av planforslaget.**
Etter høyringsrunden skal innspel vurderast av styringsgruppe, prosjektgruppe og referansegruppe og planforslaget endrast/biderast der ein finn grunn for det. Revidert planforslag skalleggast fram for fylkestinget 15. – 17. juni 2015 til endeleg avgjerd.

Planforslaget vil i hovudsak bli utsendt elektronisk. Men til dei høyringsinstansane vi ikkje har registrert e-post adresse til, vil dette brevet bli utsendt på papir. Planforslaget og alle vedlegg vil derimot vere tilgjengelege kun på nett.
Planforslaget med vedlegg vil vere tilgjengeleg på http://mrfylke.no/medverknad


Postadresse: Fylkeshuset, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundveien 9 • Telefon: 71 25 80 00 • Telefaks: 71 25 87 21
e-post: post@mrfylke.no • www.mrfylke.no

Vi vil oppmode kommunane til å legge ut planforslaget på sine heimesider, og dersom ein har ressursar til det: sende ut varsel til alle personar som er eigarar av objekt som planen omhandlar.

Høyringsuttaler kan sendast til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 Molde

Send gjerne høyringsuttalar på e-post til post@mrfylke.no eller bruk høyringsportalen på nettstaden til fylkeskommunen (www.mrfylke.no)
Merk fråsegna med Høyringsuttale planforslag regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi.

Kontaktpersonar i samband med høyringa er:
Arkitekt Jens Peter Ringstad, jens.peter.ringstad@mrfylke.no, tlf. 712 58 836 / 913 28057
Fylkeskultursjef Heidi-Iren Wedlog Olsen, heidi-iren.wedlog.olsen@mrfylke.no, tlf. 712 58 831 / 482 81547

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

Adresseliste

Nasjonale, regionale og kommunane:

Kommunane i Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postmottak@fmmr.no
Mørebenken, Stortinget
Ungdomspanelet i Møre og Romsdal

Statens vegevesen, region Midt
Kystverket Midt-Norge, post@kystverket.no
Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal, postmottak@fiskeridir.no
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), region Vest, region Midt-Norge, nve@nve.no
Jernbaneverket, postmottak@jbv.no
Statskog SF, post@statskog.no
Avinor AS, post@avinor.no

Møre Bispedømmeråd, more.bdr@kirken.no
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, moreromsdal@naturvernforbundet.no
Møre og Romsdal jeger- og fiskeforening, m.romsdal@njff.org
Kristiansund og Nordmøre Turistforening, turist@knt.no
Molde og Romsdal Turistforening, post@mrtur.no
Ålesund-Sunnmøre Turistforening, info@aast.no
Fortidsminneforeningen, Møre og Romsdal fylkesavdeling, stavkirkenikvernes@gmail.com
Fortidsminneforeningen, lokallag MR Sunnmøre, sunnmore.avdeling@gmail.com
Fortidsminneforeningen, lokallag MR Romsdal, sverre@pluss.no
Fortidsminneforeningen, lokallag MR Nordmøre, oyvind.silseth@kristiansund.kommune.no

Stiftinga Sunnmøre Museum, post@sunnmore.museum.no
Romsdalsmuseet, post@romsdalsmuseet.no
Nordmøre Museum, post@nordmore.museum.no
Kulturkvartalet, post@kulturkvartalet.nett

Forbundet kysten, forbundet@kysten.no
Romsdal kystlag, post@romsdalkystlag.no
Sunnmøre kystlag, grethe.brusdal@alesund.kommune.no
Landslaget for Lokalhistorie, siv.r.kolstad@ntnu.no
Kulturvernforbundet, post@kulturvern.no

Sunnmøre historielag, line@sunnmore.museum.no
Romsdal sogelag, post@romsdal.sogelag.no
Nordmøre historielag, r-kulbo@online.no
Storfjordens venner, post@storfjordens-venner.no
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, post@verdsarvfjord.no

Riksantikvaren, postmottak@ra.no
Bergen Museum, post@um.uib.no
NTNU, Vitenskapsmuseet, post@vm.ntnu.no
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, post@bsj.uib.no

Friluftsrådet for Ålesund og omland, frifaao@online.no
Nordmøre og Romsdal friluftsråd, post@utenordvest.no

Kommunenes Sentralforbund, Møre og Romsdal, ks@ks.no
Sunnmøre regionråd, post@sunnmoreregionrad.no
Romsdal regionråd, brittrr@romsdalregionrad.no
Nordmøre regionråd (ORKidé), post@nnr.no

Lokale:

Stiftinga Sunnmøre museum sine avdelingar:
Aalesunds Museum, post@aalesunds.museum.no
Godøy Kystmuseum, post@godoy.kystmuseum.no
Norsk Møbelfaglig Senter, nmfs@mobelfagligsenter.no
Sykkylven Naturhistoriske Museum, post@natur-museum.no
Ytste Skotet, epost@skotet.no
Landbruksmuseet for Møre og Romsdal, Gjermundnes, post@landbruksmuseet.mr.no
Herøy Kystmuseum, post@heroykystmuseum.no
Brudavolltunet-Ørsta Bygdetun, post@brudavolltunet.no
Sivert Aarflot-museet, post@bygdetunet.no
Volda Bygdetun, grethe@bygdetunet.no
Dalsfjord Fyrmuseum, frode@dalsfjord.fyrmuseum.no

Nordmøre museum sine avdelingar:
Gamle Kvernes bygdemuseum, magna.bergem@fmmr.no
Tingvoll museum, marianne.nystad@nordmore.museum.no
Surnadal museum, maja@nordmore.museum.no
Sunndal bygdemuseum, jarle.stavik@nordmore.museum.no
Smøla museum, rannei.botten@nordmore.museum.no
Rindal bygdemuseum, kari.elin.bolme.lofaldli@nordmore.museum.no
Geitbåtmuseet/ Husasnotra, lisabeth.s.fiske@nordmore.museum.no
Kråksundet, ingvild.bakk@nordmore.museum.no
Gjemnes bygdemuseum, olav.nilssen@gjemnes.kommune.no

Vanylven sogelag, webmaster@vanylven.kommune.no
Sande sogelag, 6084 Larsnes
Herøy sogelag, johan.moltu@gmail.com
Ulstein Sogelag, akselhauge@tussa.com
Stiftinga Volda sogelag, post@bygdetunet.no
Hjørundfjord kulturvernlag, synnove.hill@hotmail.com
Hjørundfjord Sogelag, jarle.walseth@tussa.com
Ørsta Sogelag, einar.oyehaug@tussa.com
Hovdebygda Soge- og velferdslag, Grete Ringset, Enokmarka, 6160 Hovdebygda
Follestaddalen Sogelag, e.o.driveklepp@tussa.com
Vartdalstranda Sogelag, Ivar Arne Vartdal, 6170 Vartdal
Sula sogelag, post@sulasogelag.org
Giske sogelag, Leiv Urtegård, 6052 Giske
Vigra Sogelag, mail@severinhaugen.no
Haram kulturhistoriske lag, Sindre Rogne, 6293 Longva
Vatne Sogelag, Per John Bjørkevoll, Vestrefjord, 6265 Vatne
Skodje sogelag, leder@sogelag.com
Ørskog historielag, post@orskog.historielag.org
Stordal sogelag, john.kristian.hjelle@mimer.no
Stranda sogelag, johan.steffen@c2i.net
Sykkylven sogenemnd, sykkylven@sogenemnd.no
Velledalen sogelag, 6220 Straumegjerde

Fræna sogelag, Steinar Helseth, Granvegen 25, 6445 Malmefjorden
Hustad sogelag, hustadsogelag@yahoo.no
Nordre Bjørnsund velforening, trg@frontgroup.no
Midsund slekts- og historielag, kjell Magerøy, 6475 Midsund
Rauma historielag, Liv Jorun Bårdsnes Horgheim, 6300 Åndalsnes
Mittetdalen historielag, Dale, 6363 Mittet
Vestnes Sogelag, arvid.blindheim@icloud.com

Rindal heimbygdslag, Randi Stave Bolme, 6657 Rindal
Stangvik Historielag, einar.gronnes@gmail.com
Bøfjorden Historielag, berntboe@gmail.com
Todalen Historielag, john.moe@talgo.no

Smøla historielag, malervik60@gmail.com
Aure historielag, magne.vaag@gmail.com
Halsa historielag, Monika Berg Hendset, 6697 Valsøyfjorden
Tingvoll Sogelag, arhagen2@online.no
Freiøya historielag, Enggt.11, 6509 Kristiansund
Averøy historielag, v/ Jacob Arne Dahlen, Bremsnes, 6530 Averøy
Gjemnes historie- og museumslag, v/Lars Bjerkeset, 6631 Batnfjordsøra
Eide Historielag, jonny.lyngstad@eide.kommune.no

Herøy kystlag, robert@voldnes.no
Herøy museumsbåtlag, dag.hennum@hotmail.com
Bjørkedal kystlag, keipen@online.no
Vestnes kystlag, 6390 Vestnes
Tingvoll kystlag, arhagen2@online.no
Straumsnes utrorslag, olav.ulseth@live.no
Mellemverftet fartøyvernforening, paul@wiik.net
Kystlaget Geitbåtens venner, gear@online.no
Stene notlag, teigengard@averoy.online.no
Otnesbrygga veteranbåtklubb, dlervik@online.no
Imarsundet kystlag, oeorm@online.no

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

# Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi

## Høringsdokument

**Jens Peter Ringstad**

**02.02.2015**

Høyringsutkast for Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi. Planen er prioritert i Regional planstrategi 2012-2016 (T-7/12) og skal medverke til eit meir føreseieleg kulturminnevern i Møre og Romsdal. Planen gir eit oversyn over sentrale utfordringar for kulturminnevernet i Møre og Romsdal, samt oversyn over kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi i Møre og Romsdal og sett mål for kulturminnevernet.



**Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi.**

I tillegg til dette hovudheftet har planen tre vedlegg :

Vedlegg 1, Om kulturminna i planen og grunnlag for utval m/liste over kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi på Xl-ark.

Vedlegg 2, Juridiske verkemiddel i kulturminnevernet

Vedlegg 3, Sentrale omgrep og definisjonar



**Kontaktpersonar:**

- Heidi-Iren Wedlog Olsen, fylkeskultursjef, tlf.71 25 88 31
- Bjørn Ringstad, fylkeskonservator, tlf.71 25 88 41
- Jens Peter Ringstad, arkitekt, tlf.71 25 88 36 Mobil: 913 28 057



*Ansikt frå Ungdomshuset Skogvang I Aure. Huset bygt i 1936. Usmykking i treskurd av billedhoggeren Kristoffer Leirdal frå Aure.*
*Foto:Norske Lagsbruk*

# Innhald


INNLEIING ... 3

1. GRUNNLAG FOR PLANARBEIDET

Mål for planarbeidet ... 5

Nasjonale og regionale rammer for planen ... 5

Plandokumentet sin rettsverknad ... 6

Høyringsprosess ... 6

Medverknad ... 6

2. KULTURMINNE I MØRE OG ROMSDAL ... 8

Møre og Romsdal si kulturhistorie ... 8

Sentrale utfordringar for kulturminnevernet i Møre og Romsdal ... 20

3. KORLEIS VERNE? ... 23

Juridiske verkemiddel i kulturminnevernet ... 23

Økonomiske verkemiddel i kulturminnevernet ... 25

Den faglege rådgivingsfunksjonen til fylkeskonservatoren ... 26

4. MÅLSETJING FOR DENNE PLANEN ... 28

Grunngjeving for vern

Regionale og nasjonale mål ... 28

Verdisetting av kulturminne og kulturmiljø ... 30

Kulturminner av regional verdi ... 32

Kulturminner av nasjonal verdi ... 35

5. HOVUDMÅL OG RESULTATMÅL ... 39

Klimaendringar ... 39

Miljøvenleg ressursutnytting ... 39

Tap av kulturminne ... 39

Verdsarv ... 40

Kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid med nasjonal verdi ... 40

Automatisk freda kulturminne ... 41

Kulturminne og kulturmiljø av regional verdi ... 42

6. GJENNOMFØRING AV PLANEN ... 43

Sentrale aktørar og samarbeidspartar i kulturminnevernet ... 43

Korleis skal vi samarbeide? ... 46

Korleis samarbeid om kulturminne og kulturmiljø som ikkje har formelt vern i dag? ... 48

Kjelder ... 49

Vedlegg ... 50

# INNLEIING

Ser ein historisk på kulturminnevernet si utvikling, vil ein finne at det i starten var mest fokus på gjenstandar – og gjerne raritetar som kunne visast fram som attraksjonar. Å ta vare på og vise fram det særeigne og spesielle har hatt fokus i lang tid. Når det gjeld aktuelle objekt, har det utvikla seg frå små, innsamla gjenstandar til større gjenstandar, til bygningar framleis "innsamla" og plassert på ny stad. Etter kvart vektla ein verdien av å kunne ta vare på bygningar på opphavleg stad. Og ein såg verdien av å ta vare på ei samling av fleire bygningar som stod i ein samanheng fysisk og funksjonelt. I tillegg til bygningar kom også andre element i miljøet som vegar, murar, vegetasjon, landskap og liknande i fokus. Omgrepet kulturmiljø kom på dagsorden i kulturminnevernet.

Den kulturpolitiske haldninga i samfunnet fekk etter kvart fokus på at det er viktig å avspegle mest mogleg full breidde av historia i det vi tek vare på som kulturminne. Det skulle ikkje lenger berre vere det særeigne og spesielle, det mest prangande og estetisk høgverdige som skulle vektleggast. Men alle sider ved samfunnsutviklinga skulle vise att i verna kulturminne. Eit viktig føremål med kulturminnevernet er å sikre førstehands kjelder for dokumentasjon og forståing av vår historie. Ivaretaking av større, samanhengande miljø vil utan tvil vere eit betre grunnlag for historieforståing enn "lausrevne" enkeltelement. I planforslaget er det derfor lagt vekt på å ta fram større samanhengande kulturmiljø som er særleg verneverdige.

Det er relativt ambisiøst å ta mål til ein plan som skal gi oversikt over alle kulturminne i Møre og Romsdal av regional og nasjonal verdi. Sjølv om ein har hatt ein lang og omfattande innspelsfase med mange høve til fange opp aktuelle objekt som har ført til ei liste over ca. 1.200 kulturminne og kulturmiljø, er det umogleg å garantere ei "komplett liste". Ein slik plan må vere dynamisk i høve til at ein ikkje har klart å fange opp alt og i høve til at vurderinga av kva som har regional og nasjonal verdi kan endre seg over tid. Det må derfor vere rom for å legge til og trekke frå gjennom rulleringar ved visse mellomrom. I si sakshandsaming må fylkeskommunen også ha rom for at dei får "på bordet" saker som omhandlar kulturminne som ikkje har vore gjenstand for vurdering til denne planen, men likevel kan vise seg å ha regional eller nasjonal verdi.

Når dette er nemnt vil ein likevel meine at ein gjennom denne planen har fått eit meir "forutsigbart" kulturminnevern i Møre og Romsdal.



*Frå Gjørva, Geiranger.*

# GRUNNLAG FOR PLANARBEIDET

## *Mål for planarbeidet*

Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi har som hovudføremål å utvikle strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal som flest mogleg er samde om.

Det er vidare eit mål at planprosessen skal vere med på å heve kunnskapen og medvitet om regionen sine kulturarvverdiar. Arbeidet tek sikte på å utvikle felles verdiforståing og samhandling og skape eit betre samspel mellom vern, bruk og verdiskaping.

Planen skal gi ein presentasjon av eit utval viktige automatisk freda kulturminne og ei oversikt over kulturminne frå nyare tid som har regional og nasjonal verdi og lage handlingprogram for korleis dei kan takast vare på. Ei slik oversikt vil gjere fylkeskommunen si forvaltning av fagansvaret meir føreseieleg og vil fungere som eit grunnlag for prioriteringar av vernetiltak og restaureringsarbeid. Med avgrensa ressursar til restaurerings- og vernetiltak, er det viktig å gjere dei rette prioriteringane. Det er også svært viktig at heile samfunnssystemet har kjennskap til kva kulturminne og kulturmiljø som har ekstra høg verdi og må behandlast etter det i til eksempel arealforvaltning og byggesakahandsaming. Fylkeskommunen, kommunane, regionalt næringsliv, private eigarar, skoler, museer og friviljuge organisasjonar treng oversikter til sitt samarbeid og sine prioriteringar.

Planen vil bli lagt til grunn for fylkeskommunen sine innspel til kommunal planlegging og elles for prioritering av vernetiltak, restaureringsarbeid, formidling og tilskotsforvaltning.

Kommunane vil bli oppmoda om at vedteken plan med oversikt over kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi skal vurderast for innarbeiding i kommuneplan og detaljplanar.

## *Nasjonale og regionale rammer for planen*

I planprogrammet for Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi (U-168/12) er det gjort greie for sentrale nasjonale og regionale rammer for arbeidet.

### *Sentrale regionale rammer*

- Regional planstrategi 2012-2016, T-7/12
- Fylkesplan 2013-2016, T-74/12

### *Sentrale nasjonale rammer*

- *Lov om kulturminner* (kulturminneloven) (år)
- *Naturoppsynslova* (1996)
- *Om forvalting av naturens mangfald* (Naturmangfaldsloven) (2009)
- *Forvalting av kyrkje, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*, Rundskriv nr T-3/00
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (kongelig res. 24.06.11)
- NOU 2002:1 *Fortid former framtid. Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk*.
- St.meld. nr.16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*
- St.meld. nr.22 (2004-2005) *Kultur og næring*
- Meld. St. 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste*

### *St.meld.nr.16 (år) og Meld. St. Meld. St. 35:*

- Strategisk mål: Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv.
- Nasjonalt resultatmål 1: Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø som fylgje av at dei blir fjerna, øydelagde eller forfell, skal minimaliserast. Innan 2020 skal tapet ikkje overstige 0,5 prosent årleg.
- Nasjonalt resultatmål 2: Freda og fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
- Nasjonalt resultatmål 3: Den geografiske, sosiale,etniske, næringsmessige og tidsmessige breidda i dei varig verna kuturminna og kulturmiljøa skal bli betre, og eit representativt utval skal vere freda innan 2020.

### *Kunnskapsløftet*

I 2010 etablerte Riksantikvaren prosjektet *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga. Prosjektet er eit resultat av* Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon Dokument 3:9 (2008–2009) *Riksrevisjonens undersøking av korleis Miljøverndepartementet varetek det nasjonale ansvaret sitt for freda og verneverdige bygningar,* kor det vart peika på mangelfullt kunnskapsgrunnlag i kulturminneforvaltninga.

Prosjektet har som mål å skaffe betre oversikter, styrke samarbeidet mellom forvaltningsnivåa, og å styrke den kommunale kompetansen på kulturminnefeltet mellom anna gjennom at kommunane lager eigen kulturminneplanar. Ein ynskjer også å utvikle eit betre miljøovervakingsprogram for verneverdige kulturminne.

## *Plandokumentet sin rettsverknad*

Etter plan- og bygningslovane skal regionale planar leggast til grunn for regionale organs verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, pbl. § 8-3.

Planen gir ikkje kartfesta rammer eller retningsliner for framtidig utbygging.

Planen gir ikkje kulturminne og kulturmiljø automatisk nokon formell vernestatus. For nokre objekt som i planen er vekta til nasjonal verdi vil Riksantikvaren bli oppmoda om å vurdere freding etter Kulturminnelova.  For resten av objekta (dei aller fleste) må kommunane gjere ei vurdering av vern etter Plan- og bygningslova.  Vegen vidare blir då implementering i kommunale planar.

## *Høyringsprosess*

Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi er utarbeidd med heimel i pbl. § 8-1 og prosessreglane i kapittel 8.

Planarbeidet starta opp med at planprogrammet vart lagt ut til høyring av fylkesutvalet i sak U-112/12 og kunngjort i regionale aviser. Planprogrammet vart endeleg fastsett i sak u-168/12.

Planutkastet vart lagt ut til høyring i sak U-1/14. Høyringsfrist var sett til 3.april 2014. Det kom inn 46 høyringsfråsegner.

Planforslaget blei lagt fram for fylkestinget 16.juni 2014 som sak T-27/14.  dei gjorde vedtak om at planforslaget måtte omarbeidast og sendast ut på ny høyring

## *Medverknad*

Arbeidet har vore gjenstand for diskusjon og dialog med kommunar, regionale stateetatar

og andre aktørar i regionen. Som ein del av utarbeidinga av planutkastet er det gjennomført

- 5 fellesmøte med kommunane i perioden februar-mars 2013. I alt møtte 29 av 36 kommunar.
- 5 opne møte om regional delplan i april 2013, i Skei, Ulsteinvik, Skodje, Kristiansund og Molde. Her møtte representantar frå lag og organisasjonar i regionen.
- Skriv til kommunane i juni 2013, med vedlagt utkast til oversikt over aktuelle objekt. Kommunane vart oppmoda om merknader til føreslegne objekt og forslag til suppleringar av listene. Etter fristen den 21. august var det kome innspel frå 11 kommunar.
- Møte med Sunnmøre Regionråd 01.02.13, Romsdal Regionråd 07.06.13 og Nordmøre Regionråd 15.02.2014.
- Møte med ungdomspanelet 08.04.2014.
- Møte med ROR, Rauma og Vestnes kommune 24.09.2014
- I Januar 2015 blei kvar enkelt kommune i Møre og Romsdal invitert til separate møter i kommunane med gjennomgang av objektlistene med foreslåtte kulturminne og kulturmiljø i planforslaget. Det blei gjennomført 23 slike møter.

I høyringsperioden er følgjande aktivitetar vore nytta:

- Presentasjon av planforslaget i:
- Møte med regionråd i fylket
- Møte med ungdomspanelet
- I media
- På Internett



*Frå Øksendalsøra, Sunndal kommune. Foto: utlånt av Bjørn Ringstad.*

# 2. KULTURMINNE I MØRE OG ROMSDAL

## Møre og Romsdal si kulturhistorie[1]

### Eldre steinalder (9000 – 3200 år før Kristi fødsel)

For om lag 11 – 12.000 år sidan blei Møre og Romsdal isfritt etter siste istid. Menneska kom raskt etter på jakt etter rein. Dei første spora etter desse første menneska i fylket vår blei funne ved Voldvatnet i Kristiansund i 1909 ("Fosnakulturen"). Seinare funn og granskingar viser at veidefolket har bevega seg over relativt store avstandar ut og inn i fylket på jakt og fangst.

Ca. 6050 år før Kr. blei fylket vårt råka av ei stor naturkatastrofe. Ca.400 km lengde og ca.5500 kubikkkilometer av Storegga ute i havet (10-12 mil frå land) rasa ut og laga store flodbølgjer inn over land. På kysten var bølgjehøgda 10-12 meter og inne i fjordane opp til 40-50 meter. Dette førte til store øydeleggingar og endringar av landskapet som det er klare spor etter.

### Yngre steinalder (3200 – 1800 år før Kristi fødsel)

I denne perioden blei folket bufaste og starte med jordbruk. Jorda blei rydda og nytta til dyrking. Langhus blei bygde for å huse folk og dyr. Jakt og fiske var framleis viktig for livberginga.

Veidemotiv er avbilda i bergkunst frå denne perioden. På Honhammer i Tingvoll ligg den største samlinga av bergmåleri i landet. Reiskap av skifer og flint (importert frå Danmark) utvikla seg og blei meir brukt. I offerfunn i vatn og myr er det registrert m.a. flintskiver og økser.

### Bronsealder (1800 – 500 år før Kristi fødsel)

Namnet fortel om ei teknisk nyvinning med framstilling og bruk av bronse. Men det er gjort få funn i landet vårt av bronse-gjenstandar. I Møre og Romsdal er det kjent

[1] Kort kulturhistorisk oversikt med vekt på særtrekk som planen skal avspegle.

.

ca 35 slik funn. Det mest spesielle er eit bronsesverd funne på Blindheim i Ålesund kommune. Gullringen som er avbilde på kommunevåpenet til Aukra er frå denne perioden og funnen på Aukratangen. Dei bufaste menneska utvikla husbygging og jordbruksdrift. Ardpløgde åkrar og spor etter langhus er funn frå denne perioden. Gravskikken i perioden har sett tydelege spor i landskapet med store gravrøyser på bergryggar og nes langs kysten.



*Frå Skjerdingen, Vatne i Haram. Foto: Astor Furseth.*

## *Jarnalder (500 år før Kristi fødsel – 1000 år etter Kristi fødsel)*

Som namnet fortel var framstilling og bruk av jarn det nye og viktige. Dette materialet fekk etter kvart ei mykje større nytte og eit langt større omfang enn bronsen hadde i førre "tidsalder".

Utvinning av jern har ikkje vore ei stor verksemd i vårt fylke, men vi finn spor etter anlegg for slik verksemd på Nerås i Vestnes og på Ørskogfjellet. Byggeskikken utvikla seg og spor etter jarnalderhus finn vi mange stader i heile fylket, og i ulik storleikar. Etter ei omfattande undersøking på Auregarden i Sykkylven, fann ein spor etter om lag 20-30 hus i storleik frå fire til 60 meter lengde. Jarnalderfolket hadde tydeleg god kontakt med omverda. I "Haramshaugen" blei det i 1968 gjort eit av dei rikaste gullfunna i Nord-Europa frå omkring år 400 e.Kr. Grava inneheld gullgjenstandar med ei vekt på over 600 g. På denne tida blei det bygt store gravmonoment med tverrmål tverrmål på opptil 35-40 meter og stor høgde som "Ellefsrøysa" på Godøya i Giske.

Særleg i yngste delen av tidsperioden som også blir kalla vikingtid (800 – 1030 e.Kr.) var kontakta med omverda viktig. Funn i graver frå denne perioden er spesielt for kvinnene smykke og for mennene våpen. Gravene inneheld også importgjenstandar. Særleg gjeld dette funn i store gravmonument med Kristendommen blir innført (om lag år 950-1000) og mellom anna opphøyrer dei gamle gravskikkane. Det blir anlagt felles gravplassar og gravene inneheld ikkje lenger gåver (Villa, Vestnes og Veøy, Molde).

På øya Kuli på Smøla har ein funne ein bauta-stein med runeinnskrift. Her er namnet Noreg og kristninga av landet nemnt for første gong i "skriftlege" kjelder.

## *Mellomalder (1000 – 1537 etter Kristi fødsel)*

Dei første kristne kyrkjene blei truleg bygt på 1000-talet. Ingen av desse er tekne vare på. Men ei av dei aller første i landet blei bygt på Veøya.  Dei eldste kyrkjene vi har i fylket vårt er seks steinkyrkjer frå 1100-talet. Noreg blei samla til eit rike og fekk ei fastare styreform. Det bleietablert ein del senter rundt om i landet. Vi fekk kaupangane i Borgund og på

Veøya. Dette var senter for både religion og handel og ein forløpar for det vi seinare kalla byar.

I 1349 kom Svartedauden til landet og til vårt fylke. Pesten halvete folketalet og førde til store endringar i samfunnet. Det skulle ta ca. 300 år før alle gardane som då blei lagt aude, var rydda på nytt. Kaupangane mista sin aktivitet og posisjon. Når handelen tok seg opp att, skjedde det i fiskeværa i ein periode med rikt fiske og gode prisar på tørrfisken hos Hanseatane i Bergen. Bud vaks fram som det viktigaste handelssenteret mellom Trondheim og Bergen på slutten av mellomalderen. Fleire av fiskeværa i fylket blei etablerte i denne perioden. I indre strøk blei Devold (i Rauma) teken i bruk som marknadsplass og møteplass mellom fjord og innland.



*Kulisteinen, Smøla. Foto: Postkort.*

## *Nyare tid (1536 – 1945)*

Fiskeria var ulikt organisert rundt om i fylket. Medan det på Nordmøre og delvis i Romsdal ver væreigarordningar, var resten av fylket prega av ei “friare “ stilling for fiskarane.

Først mot slutten av 1700-talet var folketalet det same som før Svartedauden (1348). I mellomtida hadde tyngdepunktet i busetnaden flytta seg meir til kystområda. Men på slutten av 1500-talet fekk fisket mindre å seie og folketalet tok seg opp i fjordane. Ein ny næringsveg kom også til. Skogen kunne omsetjast med sagbruks-verksemd og trelasthandel. Her hadde Møre og Romsdal mykje å tilby og eksport av trelast medførte band til Holland og England.

Sagbruk ved vassdrag og trelasthandel ved gode hamner vaks fram som i Molde og på Lille-Fosen. Begge fekk bystatus i 1742 og sistnemnde måtte byte namn til Christiansund. Her var ikkje minst klippfisk og skipsfart viktige næringar medan Molde også var ein administrasjonsby for amtet og fekk på slutten av 1800-talet ein betydeleg turisttrafikk.

På Sunnmøre var ein meir “desentralisert” modell med strandstader og etter kvart handelsstader rundt omkring i fogderiet. Ålesund vaks ikkje fram som by før på 1800-talet og fekk bystatus i 1848. Byen blei etter kvart den viktigaste fiskeribyen i landet.

Ei viktig utvikling i komunikasjonane i Møre og Romsdal var bygginga av “Den Trondhjemske postvei” mellom Bergen og Trondheim gjennom vårt fylke i 1780-åra. Vi fekk ein trasé med ridevegstandard som kunne nyttast til reiser tvers gjennom fylket frå Sunnylven til Rindal. Og snart blei det bygt utgreiningar til mellom anna Kristiansund og Borgund.

Den 3.april 1841 starta den første dampskipsruta mellom Kristiansand og Trondheim med stoppstader i Herøy, Ålesund og byane Molde og Kristiansund. Og 29.juli same året kunne Ivar Aasen reise frå Skodje og ut til Ålesund og gå om bord D/S “Nordcap” med nedteikningane sine av “den søndmørske dialekt” og herbariet han hadde samla medan han var huslærar på Solnør for å vise dette fram for biskop Jacob Neumann i Bergen. I 1856 kom dei første dampskipa i lokaltrafikk i Møre og Romsdal. Enkle kaier blei bygde også rundt i bygdene og langs fjordane.



*Frå Solnør, Skodje. Foto: Berit Rønsen.*

For at skip skulle kunne ferdast mest mogleg trygt langs kysten blei det etabler ei losordning og bygt ut fyrstasjonar. Den eldste fyrstasjonen i vårt fylke er Runde frå 1826. Utover på 1800-talet kom det til mange fyrstasjonar på kysten av Møre og Romsdal.

I 1851 kom “Lov om kirker og kirkegaarde” som gav påbod om at det måtte vere sitte-plass for 3/10 av soknet sine innbyggarar i kyrkja. Dette første til ein stor aktivitet med bygging av nye kyrkjebygg. Berre i 1860-åra fekk vi 15 nye kyrkjer i fylket.

Utviklinga på 1800-talet i Møre og Romsdal gjekk elles i store tekk som i resten av landet. Vi fekk haugianerrørsla, bondeopposisjon, utvandring til Amerika, omlegging i jordbruket

med store innmarksutskiftingar, oppløysing av dei gamle tunskipnadane og overgang frå naturalhushald til pengehushald. Dei første turistane kom til fylket og nokre få bygde seg fritidshus for å få gode friluftsopplevingar. Fast skule blei innført med lov i 1860 og ein svært desentralisert modell med små grendaskular blei utbygt.



*Frå Flåvær skule, Herøy. Foto: Bjørn Ringstad.*

Ei historie som bør nemnast er at i 1859 starta Berte Rønes opp som jordmor i Skodje og Vatne med bustad i Tennfjorden. Ho hadde jordmorutdanning frå Oslo og var mellom dei første med fagutdanning som dreiv slik praksis på bygda i Møre og Romsdal.

Ei sterk interesse for leiting etter malm og oppstarting av bergverksdrift var tilstades også i vårt fylke på 1800-talet. Nokre stader blei det starta utvinning, men det blei aldri dei store verksemdene med unntak av Raudsand i Nesset. Seinare har vi fått gruvedrift (olivin) ved Åheim i Vanylven (1948).

På slutten av 1800-talet og utover vaks det fram mange friviljuge organisasjonar for ulike rørsler som fråhaldssak, målsak, misjon og ungdom. Dei bygde sine hus for samkomer.



*Bedehus.*

Gjennom fiskeria hadde folk i fylket vårt skaffa seg kompetanse på å ferdast på havet med båt. Denne kompetansen blei vidareført også til andre verksemder som ishavsfangst og kvalfangst.

Rundt hundreårsskiftet kom mange store omskiftingar og nyvinningar som Møre og Romsdal tok del i. Industriverksemder blei etablerte og utvikla seg; ein del til store bedrifter. Litt av grunnlaget var her tidleg og omfattande utbygging av kraftverk frå 1876 og framover.

O.A. Devold står som den fremste representanten for den første industrialiseringa i fylket. Etter ein start i Ålesund, blei ullvare- og tekstilbedrifta i 1860-åra flytta til Langevåg. I 1883 bygde Devold sitt første kraftverk og installerte elektrisk lys i fabrikklokala med glødlampar fire år etter at T.A. Edison hadde funne opp kulltrådlampen og året etter at Edison hadde montert den første glødelampebelysninga i New York City. I 1916 bygde Devold eit nytt kraftverk som kunne drive alle maskinene i fabrikken.

I 1919 var Møre og Romsdal det fylket i landet som hadde flest kraftstasjonar. 185 anlegg gav straum til 800 elektromotorar og lys til 86.000 glødelampar. Og i 1923 fekk vi landets første 110kv leidning frå den nye kraftstasjonen i Tafjord til Nørve i Ålesund.

I 1911 blei Enge Kraftverk etablert i Valsøy-fjorden og det vaks fram eit industrimiljø på Enge med mellom anna Enge Tresliperi som blei etablert i 1912. Ved hundreårsskiftet blei forbrenningsmotoren teken i bruk til framdrift av båtar og fiskeflåten blei etter kvart motorisert. Dette var viktig i fiskerifylket Møre og Romsdal og vi var med og tidleg ute. Nokre stader blei det etablert slippar og verkstader der ein monterte importerte motorar, men på Finnøya starta Nils Finnøy motorfabrikk i 1902. Hit kom "lærlingar" frå mange kantar av fylket som etter god innføring i faget, drog tilbake og starta eiga industriverksemd.

Fiskarane hadde bruk for fiskevegn som liner, garn og nøter, og ein eigen industri for slike produkt vaks fram mellom anna i 1915 på Dyrkorn i Stordal kommune. Råstoffet frå fiskebåtane skulle takast hand om og foredlast. I tillegg til tradisjonell tilverking av tørrfisk, klippfisk og saltfisk, fekk vi hermetikk-fabrikkar, sildoljefabrikkar og fryseri.

Kvalfangst og selfangst blei også viktige næringar for mange i M&R. Steinshamn på Harøya var tyngdepunkt for kvalfangsten og Brandal på Hareidlandet for selfangsten.



*Kraftstasjon Tafjord 1, Tafjord. Norddal.*

I 1904 blei trebyen Ålesund ramma av ein katastrofe. Bybrannen la heile sentrum med 800 hus i oske og 12400 menneske vart huslause. Men på rekordtid blei det bygt ein ny by i mur og Jugendstil. Ein av mur-meisterane som kom til Ålesund i 1904 var H. Schmidt frå Slesvig-Holstein i Nord-Tyskland. Han etablerte anlegg for produksjon av sementstein for mur og taktekking på Blindheim i Sykkylven. Etter at gjenreisings-arbeidet var avslutta i Ålesund, starta han "typehus"-produksjon også for bygdene.

Gode kommunikasjonar var viktig for samfunnsutviklinga, men også ei stor utfordring å få til i vårt oppdelte fylke med fjell og fjordar. Transport av personar og gods blei flytta over frå sjø til land. Vegar og jarnbane måtte utbyggast. Den første bussruta i Norge blei starta på strekninga Molde – Batnfjords-øra i 1908 med ny vegtrasé over Fursetfjellet. Jarnbanesamband var det store i tida. Etter lang tids planlegging og mange forslag, blei Raumabanen bygt fram til Åndalsnes i 1924.

Ein del av vår historie som i si tid var meint som eit positivt tiltak, men som ettertid kan stilla spørsmål ved er Svanviken Arbeidskoloni i Eide kommune som blei anlagt i 1908 for å endra "omreisande" til fastbuande borgarar.

I 1916 fekk vi ein ny bybrann. Den austlegaste delen av Molde sentrum brann ned til grunnen. Også her blei det innført murtvang for gjennoppbygginga.

Som tidlegare nemnt fekk vi ei stor industriutbygging i fylket knytt til utbygging av elektrisk kraft. På Sunnmøre fekk vi ein blomstrande utvikling av møbelindustri med svært mange små fabrikkar. Men nokre vaks seg også store som ein av pionerane, P.I. Langlos fabrikker på Stranda som i 1940 var den største møbelbedrifta i Skandinavia.  Vi fekk også ei betydeleg konfeksjonsindustri rundt omkring i fylket med tyngdepunkt i Romsdal.

Landbruket har gjennom heile hundreåret vore i utvikling og endring. Særleg i 1930-åra var det stor aktivitet med oppdyrking og etablering av bureisingsbruk mange stader i fylket.

I mellomkrigstida var fiskeria svært viktig for kystbefolkninga i fylket. I 15 av kyst-kommunane i fylket dreiv over 60 prosent av mannfolka fiske.

Eit heller dristig og spektakulært veganlegg stod ferdig i 1936 mellom Valldalen i Norddal og Isterdalen i Rauma. Veganlegget fekk namnet Trollstigen og blei ein populær turistveg.

Aprildagane i 1940 er eit mørkt kapittel i landet si historie. Møre og Romsdal vart ikkje spart for tyskarane sine åtak. Det gjekk hardast ut over Kristiansund, Molde, Åndalsnes og Veblungsnes. Dei siste trebyane våre blei utsletta. I Kristiansund brann 724 bygningar ned og 117 blei skada. I nokre aprildagar var Molde "landet sin hovudstad" med konge, kronprins, regjering, framande diplomatar og Norges Bank si gullbehaldning, og tyskarane prøvde å gjere reint bord. Møre og Romsdal fekk ein hard start på fem dystre år.

Okkupasjonsmakta sette raskt i gang med å bygge sine festningsanlegg for å halde kontrollen. Dei nytta krigsfangar som budde i fangeleirar rundt om ved dei aktuelle anlegga. "Festung Norwegen" blei anlagt med eit nettverk av kystfort og forsvarsstillingar i heile fylket som del av planen. Motstandsrørsla hadde på si side kun nokre få, enkle "krypinn" for si verksemd.

Dei fem krigsåra var samfunnet på mange måter på "sparebluss". Det var mangel på mange slags varer og ikkje tid for dei store nyetableringane. Til å avhjelpe bustadnauda i dei bomba byane fekk ein importert hus frå Sverige som blei oppsett i samla grupper kalla "svenskby". Brente Steders Regulering (BSR) starta ein omfattande og detaljert planlegging av gjenreising av dei øydelagde byane. Vi fekk einskaplege og "gjennomdesigna" byområde i Kristiansund og Molde.



*Finnøy Motorfabrikk, Sandøy. Foto: Romsdalsmuseet*



*Frå Hjellens notbøteri, Leitevågen, Ålesund. Foto: Silje Holiløkk.*

### *Vår næraste historie (frå andre verdskrig til i dag)*

Etterkrigstida representerte for Møre og Romsdal, som for heile landet, fortsatt samfunnsutvikling, og særskilt var det ein økonomisk framgang å spore.

Etter krigen blei dei siste restane av ei aktiv seterdrift gjennom langt tid nedtrappa og lagt ned mange stader. Slått av teigar i utmark blei også avvikla. Oppbevaring av fôr til husdyra blei endra fleire gonger og dette har påvirka utforming av uthusbygningane frå store løer for tørrhøy til ulike siloløysingar og fram til dagens rundballe og no med dyra enkelte stader samla i store samdriftsfjøs.

Sildefisket var eit eventyr på Vestlandet frå 1947 til 1956. Men frå 1957 begynte vinter-sildfisket å svikte, og etter 1967 vart det jamt slutt. Sildestammen blei nesten heilt utrydda.

Nye næringar har kome til. Tidleg i 1950-åra vart det fyrste oppdrettsanlegget for fisk starta opp. Det var oppdrett av regnbueørret på Vik i Sykkylven. I åra som fylgde vart fylket langt framme innanfor fiskeoppdrett. Frå dammar på land har verksemda flytta seg ut i sjøen for no å delvis vende tilbake på land.

I 1969 starta dei tre første DH-skulane opp i Norge. Den ein blei lagt til Molde og fekk lokalar i Gjestestova i Romsdalsgata.



*Gjestestova, dei første lokalitetane til DH i Molde. Faksimile frå avisa Fylket.*

Noko som i stor grad kjenneteiknar fylket, og i særleg grad Sunnmøre, er evnen ein har hatt til å tilpasse seg dei nye næringane etter kvart som dei gamle har fått svekka betyding.

Gjennomgåande har det i etterkrigstida gått frå utvikling av lokal industri til meir og meir retting mot eksportmarknaden både når det gjeld skipsbygging, skipsutstyr og møbel.

Etter 1950 vaks det og fram døme på storindustri i fylket. Aluminiums-verket Sunndal Verk må nemnast her. Aluminiums-produksjonen starta i 1954 i Sunndal, og i 1986 vart verksemda fusjonert med Norsk Hydro. Verksemda førte til betydeleg økonomisk vekst, tilflytting og utvikling av lokalsamfunnet. I 1963 opna Sunndal Butikksenter som eit av dei første i landet. Det er imidlertid ikkje til å kome frå at aluminiumsverksemda førte til sterk forureining, sjølv om vi ikkje kan sjå at det skapte like mykje debatt som den tilsvarande verksemda i Årdal.

Utbygging av kommunikasjonane var viktig også i denne perioden etter krigen. Ei stor nyvinning var bygginga av flyplass på Vigra utanfor Ålesund som stod ferdig i 1958.

Riksnyheitene sommaren 1970 var prega av den store naturvernaksjonen som gjekk føre seg i Eikesdalsfjella; "Kampen om Mardøla".

I 1970-åra starta ein nedovergåande spiral for sekundærnæringane, innanfor industri, bergverk og bygg og anlegg. Samstundes passerte gruppa tenesteytande næringar 50 % av samla sysselsetting.

Fiskevær på Mørekysten blei avfolka, Grip i 1960-åra og Bjørnsund tidleg på 1970-talet. Norsk økonomi gjekk frå å vere ein industri- til ein tenesteøkonomi. Vedvarande økonomisk vokster etter andre verdskrigen ga kraftig auke i realinntekter og kjøpekrafta auka

kraftig. Igjen fekk utviklinga innverknad for byane og tettstadane si utforming.

I denne utviklinga er Ålesund ein av få byar langs norskekysten som makta å oppretthalde vokster innanfor fiskerinæringa. Ålesund og Sunnmørsregionen har utvikla ein av få nokonlunde komplette næringsklyngar innanfor denne næringa. Med ei stor havfiskeflåte, ein samansett tilverkings-industri, reiskaps- og verftsindustri, utstyrsindustri, utviklings- og finansierings-verksemder og liknande. Offshoreverksemda har og hatt positive ringverknadar på aktiviteten i området.

Olje- og gassindustrien har dei siste tretti åra vore av stor betyding for fylket, som til dels har vorte eit sentrum i denne verksemda. I 1978 vedtok Stortinget at Kristiansund skulle vere base for olje- og gassverksemda utanfor kysten av Møre og Romsdal og Trøndelag. Anlegget på Vestbase blei opna i 1980. På 1990-talet starta Statoil opp storstilt utbygging på Tjeldbergodden i Aure kommune på Nordmøre, etter at det i 1992 vart vedtatt at naturgass frå Heidrunfeltet skulle førast i land på Tjeldbergodden for storskala metanol-produksjon. Ved opninga i 1997 var Tjeldberg-odden den største metanolfabrikken i Noreg.

I same periode vart det gjort undersøkingar av Hydro på den norske sokkelen med fokus på prøveboring etter gass.

Prøveboringar i 1997 ga det største funnet av gass på norsk sokkel sidan Troll. Det vart vedtatt at gassen skulle førast i land på Aukra. Ormen-Langefeltet ligg 120 km nordvest for Mørekysten. Aukrautbygginga var Noregs største industriprosjekt nokon sinne. Anlegget vart offisielt opna i 2007, vel ti år etter at det store anlegget på Tjeldbergodden gjekk i gang. Aukraanlegget er planlagt utvida, så det er grunn til å tru at dette er ein industri som vil bre om seg i enda større grad enn i dag.

Samferdel har vore av uvurderleg betyding for samfunnsutviklinga, ikkje minst for industri-utbygginga i fylket. Møre og Romsdal er eit typisk ferjefylke. Ferja som transportmåte lever i beste velgåande, men det har skjedd ei gradvis nedbygging over tid, og ferjetrafikken synest å vere under sakte avvikling. Allereie har fleire ferjestrekningar vorte erstatta av tunell eller bru, og stadig sterkare krav til ferjelause strekningar er mellom anna eit argument i kampen for å skape tilflytting til regionen.

# *Sentrale utfordringar for kulturminnevernet i Møre og Romsdal*

## *Innbyggarane i Møre og Romsdal har for lite kjennskap til og kunnskap om kulturminna sine*

Kulturminna våre er viktige kjelder til forståing av historia, eigne røter og identitet. For at flest mogleg av innbyggarne i fylket skal få kjennskap til historia si, knyte kontakt til "røtene" sine og oppleve sterk lokal identitet er kjennskap til kulturminna rundt oss viktig. I den samanheng er det vesentleg at folk får lett tilgjengeleg oversikt over kva kulturminne ein har i sitt miljø, at ein gjer kulturminna tilgjengelege og formidlar kunnskap om kulturminna. Ei betre forståing av kulturminneverdiane vil føre til større interesse for og vilje til vern.

## *Kulturminnevernet er for lite forutsigbart og treng betre prioriteringar*

Når ein evaluerer kulturminnevernet per i dag, kjem ein til at mykje er bra, men ein kan gjere forbetringar på fleire felt. For at samfunnet skal forhalde seg til kulturminnevernet med forståing og respekt er eit viktig grunnlag at kulturminnevernet er føreseieleg. Dei som forvaltar samfunnet sine interesser og verdiar må ha god kjennskap til kva kulturminne som er verneverdige og at nokre kulturminne har meir verdi enn andre. Med avgrensa ressursar både i mannskap og økonomi må ein gjere klare prioriteringar og sette inn "innsatsen" slik at dei viktigaste verdiane blir sikra for ettertida.

## *Staten dekker for liten del av utgiftene til arkeologiske registreringa*

Hovudregelen i Kulturminnelova er at tiltakshaver skal bere utgiftene både ved arkeologisk registrering og utgraving. Sidan det er samfunnet og ikkje de einskilde tiltakshaver som har behov for å sikre kunnskap det arkeologiske kulturminne representerer, blir det stadig stilt spørsmål ved om at det då ikkje er samfunnet som også må bere kostnadane ved undersøkingane. Møre og Romsdal fylkeskommune er av den oppfatning at det er ein vesentleg forskjell på ei registrering som kartlegg kva som finst i eit område og ei utgraving som inneber fysisk øydelegging av kulturminne. Staten bør i langt større grad dekkje utgiftene ved arkeologiske registreringar av vanleg normal storleik.

## *Regionalt nivå har for lite mynde til å avgjere dispensasjonssaker for automatisk freda kulturminne*

Dersom Møre og Romsdal fylkeskommune hadde fått overført meir mynde til å fatte dispensasjonsvedtak og ferdigstille nødvendige arkeologiske arbeid, ville det forenkle, effektivisere forvaltninga og gjere det billegare for tiltakshavar/kommunar ved handsaming/sluttføring av ulike typar utbyggingstiltak/reguleringsplanar.

### *Vi har for lite økonomiske verkemiddel til kulturvern på regionalt og lokalt nivå*

Det er viktig å ha økonomiske ressursar som tilskot til istandsetjingsprosjekt for kulturminne og kulturmiljø av regional verdi. Skal ein til dømes få til "spleiselag" der fleire (som Kulturminnefondet, kommunen, private eigarar o.a.) tek del, er det viktig at fylkeskommunen har ein eigen budsjettpost som kan brukast som del av finansiering for å inspirere til innsats og utløyse andre midlar.

Også på lokalt nivå ser ein at dersom ein har ordningar med økonomiske verkemiddel til kulturverntiltak er det lettare å gjennomføre gode tiltak.

### *Utfordringar særleg for etterreformatoriske kulturminne som ikkje er bygningar/ etterreformatorisk arkeologi*

Landskapet har mange spor som viser til korleis folk har levd og virka gjennom ulike tidsperiodar.  Steingardar, geiler, moldgardar, brufar, klopper, vegar, råser, stiar, vorar, støer, tufter etter hus som er borte, vardar, vetar, merkesteinar i lendet og langs veg, sendesteinbrot, rydningsrøyser, terrassemurar, bøgardar, hagardar, bytesteinar osb er døme på slike spor.  Desse spora går inn i meiningsfulle heile som viser til historiske og geografiske særtrekk.

Gjennom å ratifisere Maltakonvensjonen har Norge forplikta seg til også å sikre den arkeologiske kulturarven som ikkje blir fanga opp av automatisk freding. Dette kan til dømes gjelde spor i bygrunn, rester etter anlegg eller tufter etter bygningar. Slike kulturminne kan supplere dei skriftlege kjeldene, og fortel om mellom anna tidleg byutvikling og handel, nye næringar og sosiale tilhøve  i tida etter 1536.

### *Klimaendringar som påverkar kulturminne*

Møre og Romsdal er eit kystfylke som har vore hardt råka av uvær med orkan og storm dei siste åra. Dette har gått hardt utover kulturlandskapet, kulturmiljø og kulturminne. Mange bygningar er blitt skadd eller blitt revne ned. Kraftige bølger og ekstremflo påfører strandlina erosjonsskader. Det er påvist større råteskadar på bygningar pga. mildare klima, høgare fuktigheit og gjengroing. Skadane har gitt samfunnet store utfordringar og kostnadar.

For å redusere klimaendringane, må det satsast meir på gjenbruk og fornybar energi som vindkraft og vasskraft. Det kan medføre truslar i høve til kulturminne med vindturbinar i landskapet, endringar i vassdrag, kabelframføring og bygging av master.

Pga. høgare middeltemperatur smelter breane og arkeologiske lokalitetar kjem fram i dagen. Når desse kjem i kontakt med lys og luft vil dei fort bli øydelagde. Dette er også ei utfordring for forvaltninga av kulturminne.

### *Flytting: fråflytting og tilflytting/ vekst i folketal*

Fråflytting som vi har særleg i tynt busette område på landsbygda fører til at verneverdige bygningar og landskap går ut av bruk og mister tilsyn og vedlikehald. Tilflytting til sentrale strøk og vekst i folketalet fører til større press på kulturlandskap og eksisterande busetnad med truslar om riving og fortetting som kan medføre tap av kulturminneverdiar.

### *Behov for kvalifiserte handverkarar og tilgang på byggjetilfang*

Dersom ein skal oppnå gode resultat med restaurering av bygningar og anlegg er ein avhengig av å kunne bruke kvalifisete handverkarar til slike oppgåver. Pr. i dag har ein for få slike fagpersonar til oppgåvene i vårt fylke.

Like viktig som handverkarane er tilgang til rette type materialar og anna tilfang til byggearbeidet. Ved utskifting av skadde eller øydelagde deler er det viktig å kunne erstatte desse med nøyaktig kopi når det gjeld materialtype, kvalitet og tilverking.



*Frå Massinastua, Skotheimsvik i Fræna kommune, restaurert sponvegg. Fræna. Foto: Henry Ståle Farstad.*

# 3. KORLEIS VERNE?

Det er tre sentrale verkemiddel i kulturminnevernet. Dette er

- Juridiske verkemiddel
- Økonomiske verkemiddel
- Rådgiving

## *Juridiske verkemiddel i kulturminnevernet*

### *Lov om kulturminne*

Det er eit nasjonalt ansvar å ivareta kulturminne som ressurs, som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernas både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en heilskapleg miljø- og ressursforvaltning

Med kulturminne meinar ein alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Med kulturmiljø meiner ein område der kulturminne inngår som del av en større heilskap eller samanheng.

Lov om kulturminne er staten sitt verkty i kulturminnevernet. Lova fastset at alle kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda og gir heimel til å vedtaksfreda yngre kulturminne og kulturmiljø. Fylkeskommune har delegert mynde til å gjere vedtak om mellombels freding og gi dispensasjonar i høve til vedtaksfreda bygningar og anlegg.

### *Plan- og bygningslova*

Føremålet med plan- og bygningslova er at den skal fremje bærekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Lova er kommunane sitt verkty i kulturminnevernet.

Planlegging etter lova skal bidra til å samordna statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Og dei skal sikre openheit, føreseielegheit og medverknad for alle partar det vedkjem.

Plan- og bygningslova er det viktigaste verktyet for å kunne ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø, særleg dei frå nyare tid. Som planmyndigheit har kommunane ei sentral rolle i forvaltinga av kulturarven.

Plan- og bygningslova gir heimel til å sette av areal til omsynssoner for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. Lova har i § 31-1 heimel til å stille krav til bevaring av eksteriør på verneverdige bygningar og § 29-2 omhandlar visuelle kvalitetar i seg sjølv og i høve til omgivnadane.

Fylkeskommunen si rolle i høve til slike saker er å vere fagleg rådgivar. Fylkekommunen har også mynde til å gå til motsegn til planforslag og klagerett i byggesaker.

### *Rundskriv nr.T-3/00, Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*

Rundskrivet er utarbeidd av Miljøverndepartementet i samarbeid med Kirke-, utdannings og forsknings-departementet i 2000.

Rundskrivet omhandlar i pkt. 2.3 om verneverdige kyrkjer bygd i perioden 1650-1850 og listeførte kyrkjer bygd etter 1850. Det blir stadfesta at kyrkjer bygt i perioden 1650-1850 blir rekna som særleg verneverdige som kulturminne.

Kyrkje bygt etter 1850 kan ha ein særleg verneverdi pga spesielle arkitektoniske eller kulturhistoriske forhold knytt til bygninga og omgivnader, og/eller som følgje av at inventaret har særleg antikvarisk interesse. Desse listeførte kyrkjene frå etter 1850 skal forvaltast på same måte som kyrkjene bygt i perioden 1650-1850.  Rundskrivet omhandlar også omgivnader til kyrkjebygg og gravminne. Sjå meir om gravminne i vedlegg 2.

### *Naturoppsynslova*

Lov om statleg naturoppsyn vart vedteke 21.06.96. Føremålet var ei overordna og samla regulering av naturoppsynet. Lova heimlar oppsyns- og tilsynsmynde med bestemmelser gitt i, eller i medhald av friluftslova, motorferdelslova, kulturminnelova, viltlova, laks- og innlandsfiskelova, naturmangfaldlova, markalova, delar av forureiningslova og småbåtlova.

### *Naturmangfaldslova*

Lov av 3.april 2009 *Om forvaltning av naturens mangfold* (naturmangfaldloven) omfattar all natur, og er gjeldande for alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller har avgjerdsmynde i saker som kan ha konsekvensar for naturmangfaldet.  Lova er på grunnlag av dette meint å gjelde på tvers av sektorar, og til å betre samordninga av den samla forvaltinga av naturmangfaldet

Vedlegg 2 til planen viser ei utdjuping av dei juridiske verkemiddela og ei oversikt over kva kulturminnetypar som etter det juridiske lovverket har eit formelt vern.

## *Økonomiske verkemiddel i kulturminnevernet*

| Type tilskot | Frå kven | Nyttast til kva | Søknadsfrist |
|---|---|---|---|
| Statsbudsjettet Kap.1429 | | | |
| Post 72.1 | Riksantikvaren | Arkeologiske undersøkingar, mindre | ingen |
| Post 72.2 | Riksantikvaren | Freda bygg og anlegg | 1.desember |
| Post 72.3 | Riksantikvaren | Mellomalderbygningar- og anlegg | 1.desember |
| Post 72.4 | Riksantikvaren | Kystkultur (freda/ fredingsverdige) | 1.desember |
| Post 72.5 | Riksantikvaren | Freda og andre særleg verdifulle Kulturmiljø og landskap | 1.desember |
| Post 72.6 | Riksantikvaren | Tiltak for arkeologiske kulturminne | 1.desember |
| Post 72.8 | Riksantikvaren | Tekniske- og industrielle kulturminne | 1.desember |
| Post 72.9 | Riksantikvaren | Tiltak i verdsarvområda | 1.desember |
| Post 73 | Riksantikvaren | Brannsikring- og beredskapstiltak | 15.januar |
| Post 74 | Riksantikvaren | Fartyvern | 15.januar |
| Post 77 | Riksantikvaren | Verdiskapingsarbeid | 15.januar |
| Kap.1432 | | | |
| Post 50 | Norsk Kulturminnefond | Kulturminnevern | 1.november |
| | | | |
| Statleg | Statens Landbruksforvaltning (SLF) | Utvalde kulturlandskap | |
| Statleg | SLF/ kommunane | Spesielle miljøtiltak i jordbruket-SMIL | |
| Statleg | SLF/ kommunane | Regionalt miljøprogram | |
| Statleg | Miljødirektoratet | Tiltak i naturvernområder | |
| Statleg | Landbruks- og mat dep. | Tiltak i verdsarvområda | |
| Organisasjon | Norsk Kulturarv | "Ta eit tak" og "Rydd eit kulturminne" | |
| Organisasjon | Stiftelsen UNI | Sikringstiltak på kulturminne | ingen |
| Offentleg fond | Opplysningsvesenets fond | Istandsetjing av prestegardar | ingen |
| Statleg | Kystverket | Istandsetjing av fyrstasjonar o.a. | |
| Fylkes-kommunen | Møre og Romsdal fk. | Kulturverntiltak | 1.november |
| Kommunalt | Kommunane | Ulike ordningar/ kulturtilskot | |

### *Andre økonomiske verkemiddel: fritak frå eigedomsskatt*

I samband med innføring eller endring av ordning for eigedomsskatt i kommunane har kvar einskild kommune heimel til å vedta regel for unntak av freda bygningar.

## *Den faglege rådgivingsfunksjonen til fylkeskonservatoren*

### *Fylkeskonservatoren sin kompetanse*

- Fylkeskonservatoren har ein spesialkompetanse innanfor fagområdet bygningsvern og kulturlandskapsskjøtsel som kommunane i Møre og Romsdal ikkje har i sine plan- og byggesaksadministrasjonar.
- Fylkeskonservatoren har ein nærleik til lokal kunnskap og ein oversikt over fagområdet innanfor regionen som Riksantikvaren på nasjonalt nivå ikkje kan ivareta.
- Fylkeskonservatoren yter faglege råd både til kommunane i saksbehandlinga deira og til tiltakshavarar som står framfor endringar eller istandsetting av bygningar.
- Fylkeskonservatoren kan formidle relevant erfaring og kunnskap gjennom kurs, foredrag og rettleiingsmateriale retta mot kommunane, i skulen, til historielag og andre med interesse for vern og historie. Det er ein ambisjon å auke rådgiving gjennom slik formidling.
- Fylkeskonservatoren har ikkje eigen handverkarkompetanse, men kan vise vidare eller trekkje inn handverkarar på musea eller andre miljø med nødvendig kompetanse i saker der det krevst meir inngåande kunnskap på materialbruk eller byggemetode.
- Fylkeskonservatoren kan ikkje erstatte eventuelle behov for å engasjere annan arkitektfagleg konsulenthjelp. Der det ligg til rette for det, kan fylkeskonservatoren sine arkitektar likevel søkje å illustrere alternative løysingar som konstruktive innspel i prosessen fram mot vedtak i byggesaker.



*Troskot i stein, Sylte. Vanylven. Foto: Toril Moltubakk.*

## *Fylkeskonservatoren si rådgiving*

Fylkeskonservatoren vurderer graden av bygningar sin verneverdi med grunnlag i nasjonalt omforeinte vernekriteria. Ein del fagleg rådgiving vil vere av generell karakter. Nokre hovudprinsipp er:

- å ikkje skifte ut meir enn nødvendig, men reparere og bruke opp att material og bygningselement i størst muleg grad
- å tilbakeføre der det finst dokumentasjon for tidlegare eller opphavleg utforming og materialbruk ved uheldige endringar
- å samtidig vere merksam på den verdien som kan ligge i dei historiske spora frå endringar gjennom tida.

### *Prioritering i rådgivinga*

Fylkeskonservatoren må prioritere kulturminne og kulturmiljø som har ein verdi utover det lokale eller saker der vi i medhald av lov eller reguleringar har eit særleg ansvar. Det gjeld:

- freda kulturminne og kulturmiljø
- kulturminne, kulturmiljø og -landskap som har nasjonal eller regional verdi
- bygg, anlegg og område regulert til bevaring gjennom Plan- og bygningslova
- saker som vedkjem bebyggelse eldre enn 1850
- kulturminne og kulturmiljø som er samanfallande med andre verneomsyn; ulike typar landskapsvern og verdsarvområde

Der den lokale motivasjonen er tilstades, kan fylkeskonservatoren så langt vi har tilgjengeleg kapasitet gi konkrete vurderingar og innspel også i andre saker når vern av bygg, anlegg eller miljø er tema.

Også bygg og anlegg frå etter 1900 representerer kulturhistorie som kan ha interesse både lokalt og regionalt. Fylkeskonservatoren engasjerer seg med rådgiving i saker som gjeld nyare bebyggelse med vesentleg verneverdi.

### *Kvalitet i rådgivinga*

Kvaliteten i rådgivinga er avhengig av korleis saka er førebudd frå kommunen eller tiltakshavarar og kva for dokumentasjon som følgjer saka. Godt førebudde saker gjer fylkeskonservatoren i stand til å yte meir effektiv og betre fagleg rådgiving.

Synfaring vil ofte vere ønskjeleg for å få ei god forståing av både av det enkelte kulturminnet og det heilskaplege miljø som enkeltobjekta er ein del av. Synfaring gir gjerne betre grunnlag for å forstå tiltakshavar sine planar for kulturminnet og kan dessutan vere heilt nødvendig for å vurdere bygningen eller anlegget sin faktiske tilstand. Likevel må god fotodokumentasjon i mange saker erstatte synfaringar av omsyn til fylkeskonservatoren sin kapasitet.



*Frå Birkelund, Frei. Kristiansund. Foto: Bjørn Ringstad.*

# 2. MÅLSETJINGA FOR DENNE PLANEN

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd. Men ikkje alle kulturminne er verneverdige. Eit verneverdig kulturminne er eit kulturminne eller kulturmiljø som har gjennomgått ei kulturminnefagleg vurdering og er identifisert som verneverdig ut frå eit sett med vernekriteriar.

Ei viktig målsetjing med denne planen er å kome fram til kva vi har av verneverdige kulturminne som kan vektast til å vere av regional eller nasjonal verdi.

Det er viktig å vere klar over at dette er fyrste generasjon av liste over kulturminne av regional og nasjonal verdi i Møre og Romsdal og at den vil bli supplert og justert.

## *Grunngjeving for vern*

Kulturminna er ein viktig og vesentleg del av vår kulturarv. Dei fortel oss om korleis mennesket har teke landet i bruk, utnytta ressursane og utvikla stadig meir avanserte teknikkar for å kunne bearbeide råmateriala. Frå tida før vi fekk skriftspråk, er kulturminna den einaste kunnskapskjelda og i mange høve den einaste førstehands kjelda vi har til historia. Gjennom opplevinga av kulturminna får vi vite korleis våre forfedre budde, livnærte seg og forsvarte seg. Ritual og gudsdyrking blir kjende gjennom avbildingar på stein og

tre.  Pryd- og bruksgjenstandar skildrar ein kunstnarisk evne som ofte forbløffar.

Kulturminna stadfestar og illustrerer historia. Dei fortel om livleg samkvem med omverda og i enkelte høve om ei sterk påverknadskraft utanfrå.  Likt med andre land har vi ein kulturarv vi kallar vår eigen og som er unik for oss.  Kulturminna har stor verdi for oss som historieforteljarar og som vitne om samfunnstilhøva og det kulturnivået som rådde her i landet på den tida dei blei anlagt. Vi må vise våre forfedre den respekt at vi hegnar om slik minne.

Kulturminne finn vi over alt i dei menneskeskapte omgivnadane i by og bygd. Dei inngår i det store kulturlandskapet og gir oss visuelle og estetiske opplevingar i kvardagen.  Landskapet er stadig i endring og vil fortsette med det.  Derfor er det viktig av til tek vare på eksempel frå vår tid – framtida sine kulturminne.  Vår evne til å sjå samtida sine verdiar og verne om dei, gjenspeglar på mange måtar dagens kulturnivå.

Tradisjonelt har kunnskaps- og kjeldeverdi vore viktig grunngjeving for vern.  Vi har gjerne ei oppfatning om at mykje av vår kunnskap er svært gamal, men slik er det ikkje på alle felt.  Før ein grov ut Gokstadskipet i 1880, var vår kjennskap til vikingane sine farty avgrensa til skildringar i sagalitteraturen. Funnet av Osebergskipet i 1904 blei på mange måtar ei stadfesting på nasjonal identitet. Skipet og dei mange gjenstandane av høg handverks- og kunstkvalitet vakte stoltheit over fortida.  Dette er eksempel på at kulturminne også har identitetsverdi.  På midten av 1800-talet og fram mot århundreskiftet var kulturarv sentralt i oppbygging av nasjonen.  Store, forfalne byggverk som Håkonshallen i Bergen og Nidarosdomen i Trondheim blei gjenreiste på trass av trong økonomi. Fortidsminneforeninga blei stifta og Ivar Aasen gjennomførte sitt store norske språk-prosjekt. Mange kulturminne har bruksverdi.  Gamle bygningar er ofte oppført med materialval og handverk som gir soliditet og varigheit.  Eldre byggverk er ein ressurs, og bruk er ofte det beste vern.

Det kanskje mest verdifulle med kulturminna er deira  kjelde til å gi oss oppleving.  Rett formidla kan til dømes eit besøk på eit nedlagt gardsbruk, gjerne på ein vanskeleg tilgjengeleg plass, gi grunnlag for mange tankar om dagens forbruk i høve til eldre tider.  Med tolmod og sli er kulturlandskapet arbeidt fram og gjort dyrkbart.  Stein er rydda vekk og lagt i røys eller nytta til steingardar eller terrassemurar. Her måtte ein klare alt sjølv og med enkle midlar.  Det berekraftige perspektivet blir verkeleggjort på ein overtydande måte.

Å høyre til på ein stad med forankring til fortida gir tryggleik, trivsel og fellesskapskjensle.  Og over heile fylket har vi dessutan mange kulturminne som gir stor glede, berre fordi dei er vakre.

## *Regionale og nasjonale mål*

*Det regionale målet i kulturminnevernet* er i hovudsak å ta vare på og formidle dei kulturminna og kulturmiljøa som har regional verdi. Kulturminne og kulturmiljø av regional verdi er kulturminne og kulturmiljø som er fagleg vurdert til å ha verdi ut over det lokale, som avspeglar regionen si historie med viktige utviklingstrekk. Planen inneheld eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som klargjer regionen si historie.

Alle kulturminne og kulturmiljø som har nasjonal verdi, har også regional verdi.

Omgrepet kulturmiljø står på dagsorden i kulturminnevernet. Verdien av å ta vare på ei samling av fleire bygningar o.a. som står i ein samanheng fysisk og funksjonelt. I tillegg til bygningar og anlegg kjem også andre element i miljøet .

*Det nasjonale målet i kulturminnevernet* er i hovudsak å ta vare på og formidle dei kulturminna og kulturmiljøa som har nasjonal verdi. Kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi skal vere eit representativt utval som viser breidda i landet si historie. For oss i Møre og Romsdal er oppgåva å kome fram til kva vi har av kulturminne her i fylket som har nasjonal verdi. Kva har vi som skal vere med på å dokumentere og fortelje landet/ nasjonen si historie. Under kapittelet om verdisetting av kulturminne og kulturmiljø, avsnittet "vår oppgåve" er det gjort meir detaljert greie for temaet.

For å nå dei nasjonale måla er det også viktig at flest mogleg i samfunnet blir kjent med kva kulturminne og kulturmiljø som har nasjonal verdi. Alle folk bør vite kva dei har av kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi i sitt lokalmiljø.

## *Verdisetting av kulturminne og kulturmiljø*

Når ein skal gjere ei verneverdivurdering av eit kulturminne eller eit kulturmiljø må ein nytte ein metode der ein får frem kva element verneverdien er samansett av. Det kan vere hensiktsmessig å skille mellom reint vernefaglege vernekriteriar (kunnskapsverdi og opplevingsverdi) forsterkande/overbyggjande føresetnader og brukstilknytta vernekriteriar. Desse kan nyttast både til å avklare vernestatus (vernenivå) og som styringsreiskap for restaurering, skjøtsel og bruk av kulturminna.

### *Kunnskaps- og kjeldeverdi (objektiv verdi)*

Kva for kunnskap kan kulturminnet gje oss? Kunnskapsverdien er særs viktig og utgjer ofte fundament for dei andre verdikategoriane. Kulturminna betyr mykje som kjelde til kunnskap og forståing av fortida. Dette kan gjelde ulike forhold som korleis kulturminne har blitt bygd eller laga, bruken av kulturminne gjennom historia, og kva verdi det har hatt, korleis menneska har levd, korleis samfunnet har fungert, og om sameksistensen mellom menneska og naturen.

Det dreier seg om målbare og objektive eigenskapar knytt til kulturminnet sin funksjon, eksistensgrunnlag og historie som t.d. bygningshistorisk verdi, næringshistorisk verdi, levekårhistorisk verdi.

### *Opplevingsverdi (subjektiv verdi)*

Subjektive verdiar, avhengig av betraktaren sin erfaringsbakgrunn, smak, preferansar og temperament. Legg samtidig til grunn faktiske, historiske eigenskapar. Kva for opplevingar kan kulturminnet gi oss? Opplevingsverdien knyttar seg til kva folk flest

eller ulike grupper, opplever. Opplevingsverdien kan også splittast opp i fleire element som til dømes arkitektonisk verdi, alderspreg, symbolverdi, miljøskapande verdi, identitetsskapande verdi, kjensleverdi.

### *Forsterkande, overbyggande føresetnader*

Slike forsterkande, overbyggande føresetnader kan nyttast til å vurdere i kva grad kulturminnet er eigna til å formidle dei aktuelle verdiane knytt til kunnskapsverdi og opplevingsverdi. Det er snakk om føresetnader som styrkar eller svekkar dei ovanfor nemnte verdiane som autentisitet, opphavlegheit, alder, kontinuitet og sjeldanheit.

Ved samanlikning av fleire kulturminne sin verneverdi kan disse overbyggande føresetnadane nyttast til å vekte/gradere dei kulturminnefaglege vernekriteria. Dei kan dermed vere eit virkemiddel for utveljing av kva for kulturminner som skal vernast, og på kva for vernenivå dei høyrer heime (nasjonal, regional eller lokal verdi). Fleire av dei overbyggande føresetnadene er ikkje verdiar i seg sjølv, men må knyttast opp mot dei andre verneverdiane.

### *Bruksverdi*

Kva kan kulturminnet brukast til?

Freding er vern gjennom bruk, og i seinare tid har kulturminne som ein bruksressurs kome meir og meir i fokus.  På den andre side er det viktig å ha klart for seg at det kan vere konflikt mellom bruk av kulturminnet og ivaretaking av dokumentasjonsverdien/opplevingsverdien.

At kulturminnet framleis er i bruk kan vere ein viktig føresetnad for å få til vern, men bruken må vere på kulturminnet sine premissar ved å ta omsyn til dei kvalitetane som gjer det kulturminnefagleg  verneverdig.  Bruken kan resultere i verdiskaping, både økonomisk, kulturelt, sosialt og miljømessig.



*Frå Klippen bedehus, Kvernes, Averøy. Foto: Toril Skram.*

## *Kulturminner av regional verdi*

***Beskriving med eksempel***

Kulturminne av regional verdi er kulturminne som dokumenterer regionen si historie med viktige utviklingstrekk. Dei kulturminna som er med i opplistinga til planen utgjer eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø som avspeglar regionen si historie (jfr. Møre og Romsdal si kulturhistorie side 8). Kulturminna og kulturmiljøa har verdi ut over den kommunen dei ligg i. Her må vi ha med fleire kulturminne og kulturmiljø enn dei som har status som nasjonal verdi. Fokus er på kulturminne frå etter 1650 som ikkje har nasjonal verdi. Kulturminne med høg regional verdi, treng ikkje samtidig ha nasjonal verdi.

Dette er første gongen vi lager ei oversikt over kulturminne og kulturmiljø i Møre og Romsdal som er regionalt viktige.

### *Primærnæringane*

Skal vi avspegle Møre og Romsdal si historie må det takast med eit utval av minne som viser utviklinga av primærnæringane jordbruk og fiske.

For jordbruket er sjølve kulturlandskapet ein viktig historieforteljar. Innhaldet i kulturlandskapet som ulike tunskipnader og bygningskategorier for ulike funksjonar har sine særtrekk som er typiske for kvar sin del av regionen. Utnytting av utmarka med slåtte-enger og setrar har ei lang historie med bevarte minne. Bruk av skogen har vore viktig i fleire deler av fylket med tilverking av tømmer på sagbruk og i "ferdighusproduksjon".

Mange bønder i vårt fylke hadde også ein fot i fiskebåten. Fiskarbonde var eit vanleg yrke på kysten vår. Men mange hadde fiske som einaste levevegen. Fiskeria si historie finn vi att i naustmiljø, båtbyggeri, sjøbuder, nothenge og produksjonsanlegg for vegn, for fiskeprodukt og utstyr til båtane. Også her finn vi regionale særtekk.

### *Industri*

Utvikinga av industrien har hatt nær tilknyting til utbygging av elektrisk kraft. Desse to elementa er det derfor naturleg å sjå isamanheng. I mange kommunar har ein minner frå tiltak som har vore og er viktige også utanfor kommunegrensa. Vi har vore langt framme i tidleg fase av utbygging av elektrisitetsforsyning, noko som blir avspegla.




*Faksimile: Skar kraftstasjon. Tingvoll.*

### *Byggjeverksemd*

Mykje av den verksemda som pregar vår historie har sine spor i form av bygningar. Men sjølve byggjeverksemda si historie må også forteljast med byggeskikkar, forming av byar og tettstader, gjenreising etter bybrannar og spesielt verdifull arkitektur. Vi finn særtrekk og ulikskapar med tilknyting til

vestnorsk og trøndersk byggeskikk og påverknad, og ulikskaper mellom kyst og innland.

### *Bergverksdrift*

Dette blei ikkje den store næringa i vårt fylke, men det har vore mange forsøk som må dokumenterast. Og nokre har blitt til meir varig drift.

### *Samferdsel*

Først kom båten.  Dampskipsruter på fjordane har sett spor i form av kaianlegg og ekspedisjonshus. Veganlegg er noko av det mest regionale vi har.  Samband mellom bygder og kommunar har vore til dels store utfordringar, men viktige for samfunnet. Over Fursetfjellet mellom Molde og Gjemnes er det ikkje mindre enn tre ulike vegtraséar. Eit litt spesielt fenomen er veganlegg som primært er bygde som turistvegar. Jarnbanen har også ei arm inn i fylket vårt.

### *Reiseliv*

Nært knytt til samferdsel står reiselivsnæringa. Vår vakre natur med lakseelvar og bratte fjell har tidleg lokka turistar til fylket.

### *Forsvar og krig*

70 år tilbake i tid hadde vi ein femårs periode med krig og okkupasjon som har sett sine spor. Frå før, under og etter krigen har vi spor etter norsk forsvars- og motstandsverksemd.

### *Offentleg verksemd*

Dei viktigaste offentlege "institusjonane" historisk har vore justis, kyrkje og skule personifisert i lensmannen, presten og skulemeisteren. Det offentlege apparatet har utvikla seg gradvis fram mot vår tid. "Kirken den er ett gammelt hus", men her har det også kome fornyingar. Og det er eit langt spenn frå dei første fastskulane med eit klasserom til dagens høgskulekompleks. Helsestellet og kommuneadministrasjonen sine minne høyrer også med i biletet.

### *Organisasjonslivet*

Friviljuge organisasjonar er og har vore ein viktig "lim" i samfunnet som utgjer ein skilnad og har ein viktig sosial og kulturell funksjon. Mange små og store forsamlingshus fortel om ei stor og vidtfemnande verksemd.

### *Kulturlivet*

Verksemda til organisasjonane og i deira forsamlingshus var ofte ulike kulturytringar som til eksempel foredrag, tale, song, musikk og teater. Men for å dokumentere kulturlivet si historie er det også viktig å ta vare på minne knytt til markante kulturpersonar som kunstnarheimar, skrivestover, atelier og liknande.



*Kvelvingsbru, Vik i Sykkylven. Foto: Bjørn Ringstad.*



*Ungdomshus, Skodje. Foto Norske Lagsbruk*

## *Kulturminner av nasjonal verdi*

***Beskrivingar med eksempel***

Kulturminne av nasjonal verdi skal vere eit utval som prøver å vise breidda i landet si historie. Dei eldste kulturminna våre (frå før 1650) har nasjonal verdi i kraft av sin alder. Frå denne perioden av historia har vi mellom avgrensa skriftlege kjelder til dokumentasjon av historia. Kulturminna frå denne perioden er derfor særleg viktige som første hands kjelder. Ein del kulturminne har allereie fått nasjonal verdi ved fredingsvedtak eller i landsverneplanar. Alle kulturminne av nasjonal verdi har også regional verdi. Men dei kulturminna i Møre og Romsdal som får status som nasjonal verdi, vil ikkje fullt ut kunne gi eit godt bilete av fylket si kulturhistorie.

Her er det viktig å løfte fram dei kulturminna og kulturmiljøa som i dag ikkje har formelt vern med status nasjonal verdi, men som vi meiner har ein plass i den "divisjonen" ut frå vår vurdering etter vernekriterier og i høve til Riksantikvaren sin fredingsstrategi fram mot 2020 og opplysningar om kva artar det er lite av på fredingslista i dag. Utanom postvegen frå 1780-åra har vi foreslått 38 ulike kulturminne og kulturmiljø i fylket.

### *Den Trondhjemske postvei*

Den Trondhjemske postvei som blei anlagt i 1780-åra som det første "riksvegen" gjennom fylket har nasjonal verdi som samferdselsminne. Vegvesenet har teke med enkelte strekningar og deler i sin "landsverneplan", men vi meinar ein må vurdere å ta med også andre viktige strekningar som er relativt godt bevarte. Vegen går gjennom kommunane Stranda, Ørskog, Vestnes, Molde, Gjemnes, Tingvoll, Surnadal og Rindal.



*Frå Viketunet, Herøy. Foto: Toril Moltubakk.*

### *Fiskarbonden sin arv*

Fiskarbonden sin arv er ei viktig historie som er lite synleg på fredingslista. Vi har trekt fram Viketunet på Bergsøya i Herøy og Husfest i Aure som svært autentiske anlegg med stor tidsdjupne.

### *Bøen i Almklovdalen*

Eit gardstun med svært høg aldersverdi og autentisitet finn vi på Bøen i Almklovdalen i Vanylven kommune.

### *Sju samansette, større kulturmiljø*

Sju samansette, større kulturmiljø er vurderte til å ha nasjonal verdi. På kysten er det fiskeværet Alnes i Giske med fleire fiskargardstun i klynge, naustmiljø, kulturlandskap og fyrstasjon. Ulla på Haramsøya med kulturlandskap, gardstun, naustrekke handelsstad, skulehus og fyrstasjon. Og fiskeværet Grip med tett trehusmiljø og stavkyrkje frå mellomalderen. Litt lenger inn frå havet ligg Bremsnesmiljøet med gardstun, kyrkje, gravplass og steinring og Kvernes på Averøya med to kyrkjer,

prestegard, bedehus, steinring og kulturlandskap. Og i innlandet er teke med Eikesdalen i Nesset med rekketun og kulturlandskap og fjellgardane i Sunndal der det er spesielt verdifullt kulturlandskap i jordbruket (UKL).

### Svalgangssjøhus

I den nordlege delen av fylket finn vi eksempel på ein bygningskategori som er særeigen for landsdelen og som har stor tidsdjupne. Det gjeld svalgangssjøhus. Både naust og brygger er bygde med ein svalgang på eine langsida (gjerne ut mot sjøen) til opphenging og tørking av vegn. Kjerneområdet for denne bygningskategorien er i Aure kommune, men ein finn svalgangssjøhus fleire stader på Ytre Nordmøre og også i Romsdal.



*Svalgangshus, Aure. Foto :Fylkeskonservatoren*

### Sagbruk

Skogbruk og foredling av skogen er representert med tre ulike sagbruk frå ulike perioder og med ulik teknologi. Den "eldste" er oppgangssaga i Bjørkedalen, Volda. I Solemdalen i Molde står ei sirkelsag med overvasshjul og på Heggebakk i Skodje står ei mindre sirkelsag med undervasshjul. Alle tre står i relativt skogrike område med tradisjon for skog- og sagbruk.

### Fangstanlegg

Av eksisterande fangstanlegg som representerer ein lang historisk tradisjon er teke med laksevorpa på Kråknes i Halsa og lakseteina på Flatvad i Sunndal.

### Seteranlegg i intakte kulturlandskap

Godt bevarte seteranlegg i intakte kulturlandskap finn ein i Gammelsetra i Grøvudalen, Sunndal, Berildstølen i Innfjorden i Rauma og Herdalen i Norddal.

### Tidleg organisert helsestell

Frå tidleg organisert helsestell er "Jordmorgjerdet" i Tennfjorden i Haram, heimen til jordmor Berte Rønes, ein god dokumentasjon på tidleg helseverksemd på landsbygda.

### Organisert, friviljug arbeid

Minner frå eit organisert, friviljug arbeid er forsamlingshus for ulike organisasjonar. Her er teke fram søndagsskulehuset på Roald, Vigra i Giske kommune og losjehuset i Myrvåg i Herøy kommune.

### Samling av tre generasjonar med museumsbygg – Aasen-tunet

Eit viktig tiltak i nasjonsbygginga på 1800-talet var Ivar Aasen sitt arbeid med det norske språket. Året etter Aasen døydde i 1896 blei det etablert eit museum i Åsentunet i Ørsta i ei gamal stove som var tilflytta. Dette var eit av dei første personmusea i landet. Midt på 1900-talet blei det bygt ei murbygning i tunet til museumsføremål og i år 2000 blei nytt bygg teikna av arkitekt Sverre Fehn teke i bruk. Ein har ei samling av tre generasjonar med museumsbygg, det siste med høg arkitektonisk verdi, eit bevart stabbur frå det

gamle tunet, vegen som Ivar Aasen vandra mot Ekset med boksamlinga og ein bautastein.

### Tidleg industrireising

Tidleg industrireising har sine minne som har nasjonal verdi. Finnøy Motorfabrikk i Sandøy, Enge tresliperi i Valsøyfjorden i Halsa, Brunsviken reperbane i Kristiansund og Bergefabrikken på Stranda er representantar frå ulike bransjar. Frå fisketilvirking tek vi med Milnbrygga i Kristiansund.

### Tidleg friluftsliv

Anlegg som er minne frå tidleg friluftsliv har også ein plass på nasjonalt nivå. I Grødalen i Sunndalsfjella finn vi to anlegg: Vangshaugen og Alfheim som er minne med engelsk tilknyting. I same kommune finn vi Vollaskrøo i Øksendalen som er eit "gjennom-designa", privat fritidshus frå 1922.

### Svanviken arbeidsleir

Taterane/ romanifolket er ein minoritet som det er viktig å ta vare på historia til.  I 1908 blei Svanviken arbeidsleir i Eide kommune anlagt som eit tiltak for denne folkegruppa. Mykje av anlegget er intakt.

*Åbordar på  V alderøya*

På Valderøya har Bergen Sjøfartsmuseum registrert fleire eksemplar av ein spesiell og sjeldan type kulturminne.  Åbordar blei nytta til fortøying av større skuter der ein ikkje hadde fjell til å fest boltaer og ringer. Åbordane er stolper av jern som står i eit fundament av oppmura naturstein

*Vigra Radio*

Vigra Radio har spela ei viktig rolle i norsk radiohistorie.  Masta til mellombølgesenderen er no fjerna, men lokale eldsjeler har engasjert seg for å ta vare på «radio-huset» og lage museum.  Giske kommune støtter tiltaket.

### Gjenreisingsbyen Kristiansund

Gjenreisinga etter andre verdskrigen har resultert i gjennomplanlagde og einskaplege sentrumsmiljø i byane Molde og Kristiansund. Gjenreisingsbyen Kristiansund har Riksantikvaren vurdert til nasjonal verdi utan at det er formalisert i planverket.

### Kystmeldestasjonar

Den andre verdskrigen blei etterfølgt av "den kalde krigen" og forsvaret etablerte eit nettverk av kystmeldestasjonar i 1950. I vårt fylke er tre bevart: på Hammarøya på Bjørnsund i Fræna kommune, på Smørholmen i Eide kommune og på Veidholmen i Smøla kommune.

### Gjestestova i Molde sentrum - DH

I 1969 blei eit nytt utdanningstilbod innført i Norge. DH-skulane blei etablerte og ein av dei tre første starta opp i Gjestestova i Molde sentrum.

### "Mardøla-aksjonen"

Sommeren 1970 blei det skrive naturvern-historie i Møre og Romsdal. "Mardøla-aksjonen" var ein viktig milepåle for natur-vernet i landet, fekk mykje merksemd og sette Eikesdalen og Nesset på kartet.

# 5. HOVUDMÅL OG RESULTATMÅL

## 5.1 Klimaendringar

***Hovudmål:***
Verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ha minst mogleg påvirking av klimaendringane.

***Resultatmål:***

- Viktige kulturminne og kulturmiljø som er trua av klimaendringar er kartlagt
- Verneverdige kulturminne og kulturmiljø som er spesielt sårbare for klimaendringar (meir nedbør/auka fuktigheit, sterke vindar, høgare temperatur, høgare havnivå) er sikra

## 5.2 Miljøvenleg ressursutnytting

***Hovudmål:***
Verneverdige bygningar i bruk på bygningane sine premissar.

***Resultatmål:***

- Verneverdige kulturminne blir tekne vare på i staden for å bli rivne med støtte til restaurerings- og energiøkonomiserande tiltak.
- Gjenbruk av verneverdige kulturminne utan å skade kulturhistoriske verdiar
- God tilgang på spesialiserte restaureringshandverkarar
- God informasjon om økonomiske verkemiddel

## 5.3 Tap av kulturminne

***Hovudmål:***
Årlege tap av freda og verneverdige kulturminne skal ikkje vere over 0,5 prosent.

***Resultatmål:***

- Det blir ført ein medveten frigjevingspolitikk som reduserer tap av verneverdige kulturminne
- Det er etablert gode tiltak for vern gjennom bevisstgjering og gjennom innarbeiding i planverket
- Eigarane av verneverdige kulturminne og kulturmiljø er oppmuntra til å verne.

## *5.4 Verdsarv*

***Hovudmål:***
Kulturminne og kulturmiljø i verdsarvområdet sikra godt formelt vern og ein god vedlikehaldssituasjon.

***Resultatmål:***

- Geiranger - Herdalen landskapsvernområde sine verneføresegner er revidert med klare vernereglar for kulturminnevernet vedkomande vedlikehald, restaurering og istandsetjing av bygningar og anlegg og skjøtsel av kulturlandskapet
- Eigarane har nødvendig motivasjon til å setje bygningar , anlegg og kulturlandskap i god stand etter antikvariske retningsliner i samarbeid med organisasjonar (Storfjordens venner), vertskommunar, fylkeskommunen og staten
- Riksantikvaren yter årlege tilskot til restaureringsarbeidet som er på nivå med behovet
- Handverkarar med god fagleg restaureringskompetanse blir brukt til istandsetjingsarbeidet.

## *5.5 Kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid med nasjonal verdi*

***Hovudmål:***
Kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi sikra godt formelt vern og ein god vedlikehaldssituasjon

***Resultatmål:***

- Alle kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi frå nyare tid er vedtaksfreda etter kulturminnelova
- Eigarane har nødvendig motivasjon til å setje bygningar , anlegg og kulturlandskap i god stand etter antikvariske retningsliner i samarbeid med fylkeskommunen
- Riksantikvaren og Kulturminnefondet yter årlege tilskot til restaureringsarbeidet som er på nivå med behovet
- Handverkarar med god fagleg restaureringskompetanse blir brukt til istandsetjingsarbeidet.




*Skilting av miljøet kring Kvernes. Foto: Toril Skram.*

# *5.6 Automatisk freda kulturminne*

## *5.6.1 Hovudmål 1:*

Automatisk freda kulturminne og kulturmiljø sikra tilstrekkeleg vern av omgivnader/ tilhøyrande kulturlandskap.

### *Resultatmål:*

- Automatisk freda kulturminne har sikra vern av omgivnader med innarbeiding i kommuneplan og med sikringssoner i detaljplanar

## *5.6.2 Hovudmål 2:*

Eit egna utval automatisk freda kulturminne sikra skjøtsel og godt tilgjenge fysisk og i form av god informasjon

### *Resultatmål:*

- For eit utval av automatisk freda kulturminne som er egna til det er det laga skjøtselsplanar, opparbeidd stiar for lett tilkomst og sett opp skilt og tavler med kvalitetssikra informasjon om kulturminnet. Informasjon er også tilgjengeleg på nett/ sosiale media.

### *5.6.3 Hovudmål 3:*
Staten dekkjer utgiftene til arkeologiske registreringar av vanleg normal storleik

#### *Resultatmål:*
- Staten har tatt på seg ansvaret med å dekkje utgiftene til arkeologiske registreringar av vanleg normal storleik.
  Med vanleg normal storleik meiner ein inntil to vekeverk med feltarbeid, naudsynt etterarbeid og andre utgifter. Kostanden er rekna til opp til kr.100.000,-.

### *5.6.4 Hovudmål 4:*
Møre og Romsdal fylkeskommune har delegert større mynde til dispensasjonsvedtak for automatisk freda kulturminne og til ferdigstilling av arkeologiske arbeid

#### *Resultatmål:*
- Staten har delegert større mynde til fylkeskommunane til dispensasjonsvedtak for automatiske freda kulturminne og til ferdigstilling av arkeologiske arbeid

## *5.7 Kulturminne og kulturmiljø av regional verdi*

### *Hovudmål:*
Kulturminne og kulturmiljø av regional verdi er sikra godt vern og ein god vedlikehaldssituasjon

#### *Resultatmål:*
- Kulturminne og kulturmiljø av regional verdi er sikra formelt vern etter plan- og bygningslova gjennom innarbeiding i kommuneplanar og detaljplanar/ reguleringsplanar med føresegner.
- Eigarane av kulturminne og kulturmiljø av regional verdi er motiverte til naudsynt istandsetjing i samarbeid/spleiselag med lag/organisasjonar, kommunar, fylkeskommune og Kulturminnefondet.
- Handverkarar med god fagleg restaureringskompetanse blir brukt til istandsetjingsarbeidet.
- Møre og Romsdal fylkeskommune har oppretta ein tilskotspost på kulturbudsjettet til istandsetjing av kulturminne og kulturmiljø av regional verdi.
- Kulturminne og kulturmiljø av regional verdi som ligg i område godt egna for friluftsliv er sikra gjennom ordninga for statleg sikring av friluftsområde.




*Vikan Handelstad, Fræna. Foto: Anita Hector.*

# 6. GJENNOMFØRING AV PLANEN

Fylkeskommunen har ein sentral rolle som regional utviklingsaktør. Rolla er tett kopla til den demokratiske og folkevalte styringa av den regionale utviklinga, leia av fylkespolitikarane.

For å sikre god samanheng mellom plan, verkemiddel og gjennomføring skal det utarbeidast eit eige handlingsprogram til planen. Det skal rullerast årleg, i samband med rullering av Fylkesplan 2013-2016 og rullering av handlingsprogrammet for satsingsområde Kultur.

Ein sentral føresetnad for gjennomføring av planen er samarbeid med sentrale aktørar innan kulturminnevernet

## *Sentrale aktørar og samarbeidspartar i kulturminnevernet*

Innan kulturminnevernet er det mange ulike sentrale aktørar som påverkar utviklinga innanfor fagfeltet, og det er ei sentral oppgåve for fylkeskommunen å kople saman aktørar, skape møteplassar og stimulere til samarbeid mellom desse.

Dei vikitgaste sentrale aktørane i kulturminnevernet i Møre og Romsdal er:

***Klima- og miljødepartementet*** (KLD) er øvste myndigheit for kulturminnevernet i Noreg. KLD si primære oppgåve er å utforme hovudretningslinene for miljøvernpolitikken,

leie den fysiske planlegginga og arbeide for ei langsiktig ressursforvaltning. KLD har også ansvar for Kulturminnefondet.

***Kommunal- og moderniseringsdepartementet*** (KMD)

***Riksantikvaren*** (RA) er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for MD i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken.

***Dei arkeologiske landsdelsmusea og sjøfartsmusea* (**Kulturhistorisk museum i Oslo, Arkeologisk museum i Stavanger –AmS, Bergen Museum, Bergens Sjøfartsmuseum, NTNU, Vitenskapsmuseet i Trondheim, Tromsø Museum)

***Statens naturoppsyn*** (SNO) er eit statleg tilsyn med direktoratfunksjon, som har hovudoppgåver er å *"å ivareta nasjonale miljøverdiar og forebygge miljøkriminalitet" (§-1, føremålsparagrafen) gjennom* informasjon og rettleiing, kontroll med føresegnene i miljølovverket, og tilsyn med verneområdene.

***Fylkesmannen i Møre og Romsdal*** har forvaltningsansvar for mange verneområde med viktige kulturminne. Møre og Romsdal har over 200 verneområde verna etter naturmangfaldlova/naturvernlova (nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, biotopar og dyrelivsfreding), område der kulturminne og kulturmiljø ofte er ein del av verneføremålet. Naturvernområda blir forvalta etter verneføresegnene for dei enkelte områda. Fylkesmannen si landbruksavdeling har ansvar for utvalde kulturlandskap, regionalt miljøprogram, SMIL-ordninga og tiltak i verdsarvområda.

***Fylkeskommunen i Møre og Romsdal*** har mynde i kulturminnevernet etter kulturminnelova og plan- og bygningslova. Fylkeskommunen er både eit rådgivande organ og utøvande myndigheit i kulturminnevern-spørsmål. Fylkeskommunen har dessutan eit ansvar for ei heilskapleg planlegging og utvikling på fylkesnivået. I den samanheng er koordinering med andre forvaltningsorgan på regionalt nivå viktig.

***Sametinget/ Saemien sijte*** har ansvar for samiske kulturminne på linje med fylkeskommunane for andre typer kulturminne.

***Kommunane*** er ikkje pålagt oppgåver etter Kulturminnelova ut over meldplikta når det gjeld evnt. tiltak på bygningar frå før 1850. Men i høve til Plan- og bygningslova har kommunane mynde til å sjå til at det blir teke kulturminnevern omsyn i kommuneplanar, reguleringsplanar og i handsaming av byggesaker. I praksis kan kommunane ta på seg ein del oppgåver innan kulturminnevernet slik som utarbeiding av sektorplanar for kulturminne, skjøtselsoppgåver, ansvar i samband med gjennomføring av registreringar, formidlingsopplegg og initiering av istandsetjingstiltak.

***Musea*** er viktige kompetanseinstitusjonar. Oppgåvene i til musea er i første rekkje innsamling, bevaring, dokumentasjon og formidling.

***Dei friviljuge organisasjonane*.** Det finst eit stort tal foreningar som har kulturvern på dagsorden. Eit aktivt, friviljug organisasjonsliv er avgjerande for brei forankring av kulturminnevernet. Organisasjonane tek mange viktige initiativ og gjer ein stor jobb med å dokumentere, informere om, inspirere til vern av, initiere og drive restaureringstiltak og forvalte kulturminne.

***Eigarane*** er den avgjerande faktoren om ein skal lukkast med vern av kulturminna. Ein del kulturminne er ressurskrevjande å ta vare på. I mange høve er det ikkje mangel på medvit om føremålet med kulturvern som er avgjerande, men tilgangen på ressursar for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.



*Frå Kvitholmen fyr, Eide. Foto: Marit Elise Lyngstad.*

## *Korleis skal vi samarbeide?*

***Samarbeid med KLD*** handlar for fylkeskommunen om å følgje opp nasjonal kulturminnepolitikk og spele inn forslag til forbetringar sett frå regional ståstad.

***Samarbeid med KMD*** handlar om arealplansaker der KMD har ei rolle når fylkeskommunen reiser motsegn til eit reguleringsforslag på grunnlag av kulturminneinteresser. Dersom ein etter mekling ikkje kjem til semje regionalt, skal planforslaget sendast til KMD til endeleg avgjerd. Denne funksjonen låg tidlegare til Miljøvendepartementet .

***Samarbeid med RA (og Kulturminnefondet)*** handlar om å følgje opp Riksantikvaren si kulturminne-forvaltning for automatisk freda kulturminne, vedtaksfeda kulturminne, verdsarv og fartøyvern. Fylkeskommunen skal gi innspel og prioriteringar til søknader om tilskotsmidlar frå RA, fordele tildelte rammer på aktuelle prosjekt og følgje opp tiltaka med rettleiing og kontroll. I høve til sakshandsaming av kulturminneverdiar i fylka har RA viktige roller etter kulturminnelova. RA har mynde til å gjere vedtak om freding av bygningar, anlegg, områder og miljø. Ra har også mynde til å oppheve fredingar og gi dispensasjonar i høve kulturminnelova for sletting/ fjerning av automatisk freda kulturminne. Slike dispensasjonar blir i enkelte høve gitt med vilkår om vitskapleg utgraving og undersøking.

Dersom administrasjonen i fylkeskommunen legg fram sak for fylkesutvalet med innstilling om motsegnvedtak vedkomande kulturminne av nasjonal eller vesentlege regional verne-verdi, og framlegget ikkje blir vedteke, skal Riksantikvaren umiddelbart orienterast slik at dei kan vurdere om dei skal reise motsegn.

Når det gjeld tilskotsordningane for freda bygg og anlegg, er det i dag forvirrande opplysningar som det bør ryddast opp i. Riksantikvaren opplyser at berre dei og ikkje Kulturminnefondet gir tilskot til freda bygg og anlegg, medan Kulturminnefondet på si heimeside skriv at dei skal bruke ein tredjedel av tilskotssummen til freda bygg og anlegg. Her må det ryddast opp. Ei ryddig ordning kunne vere at RA har ansvar for freda bygningar og anlegg og Kulturminnefondet for andre verneverdige kulturminne. Kulturminnefondet sin praksis i tilskotssaker har ei svakheit i høve til fagleg tilsyn med tiltak undervegs og etter fullføring. Manglande kapasitet på dette området prøver dei å kompensere med svært strenge krav til opplysningar i søknad. Det siste fører til at mange aktuelle søkjarar ikkje maktar å oppfylle krava og gir opp å søkje. Dette kunne vore unngått dersom fylkeskommunen fekk ei rolle i tilskotssakene med å kvalitetssikre søknadane og følgje opp tiltaka med rådgiving og ferdigkontroll.

Dersom Kulturminnefondet skal halde fram med å gi tilskot til freda bygg og anlegg må ein formalisere eit samarbeid med fylkeskommunane sine kulturavdelingar.

***Samarbeidet med dei arkeologisk landsdelsmusea*** går ut på at mellom anna arkeologiske funn som vi blir kjent med, blir rapportert og innsendt til landsdelsmusea, og å samarbeide om utgraving av "frigitte" kulturminne.

***Samarbeid med sjøfartsmusea*** går ut på å sørge for at sjøfartsmusea får utført sitt oppdrag med å ivareta kulturminneinteresser på havbotnen og i vatn og vassdrag i samband med plan- og utbyggingssaker.

***Samarbeid med Statens Naturoppsyn*** er knytt til forvaltning, tilsyn og oppsyn med kulturminne etter ein plan for prioritering av

kva kulturminne fylkeskonservatoren ynskjer at SNO skal halde tilsyn med.

***Samarbeid med Fylkesmannen*** handlar i hovudsak om to viktige område. Det eine er samarbeid om forvaltning av kulturminna i naturvernområda i fylket. Det andre er knytt til nasjonalt viktige kulturlandskap i jordbruket. Dette gjeld rådgiving, innspel i plansaker og samarbeid om felles prosjekt.

***Samarbeid med Sametinget/ Saemien Sitje*** gjeld samiske kulturminne i Møre og Romsdal som vi finn særleg i Trollheimen. Administrasjon for forvaltninga av samiske kulturminne i Sør-Norge er lagt til institusjonen Saemien Sitje i Snåsa i Nord-Trøndelag.

***Samarbeid med kommunane*** er svært viktig for kulturminnevernet. Kulturminna ligg i kommunane. Forvaltning av kulturminne er viktig også for kommunane, sjølv om dei ikkje er pålagt oppgåver etter Kulturminnelova ut over meldplikta når det gjeld evnt. tiltak på bygningar frå før 1850. Men i høve til Plan- og bygningslova har kommunane mynde til å sjå til at det blir teke kulturminnevern omsyn i kommuneplanar, reguleringsplanar og i handsaming av byggesaker. Dette er viktige felt å samarbeide om. Kommunane har bruk for fylkeskonservatoren sin kulturvern-kompetanse mellom anna i samband med plan- og byggesaker og i arbeidet med å lage kommunale kulturminneplanar. Og fylkeskommunen er avhengig av at kommunen tek ansvar for kulturminnevernet med oppfølging av kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi i kommunen, og med særleg ansvar for kulturminne av lokal verdi. Samarbeidet kan vidareutviklast og forbetrast mellom anna når det gjeld arealplanar. Utarbeiding av ein kulturminneplan for kommunen er ein nyttig øvelse å gjere, og som vil gi eit svært tenleg resultat til bruk i forvaltninga. Ved kunngjering av oppstart av eit planarbeid, bør det vere kommunen si oppgåve å opplyse om kva kjende kulturminneverdiar som ligg i planområdet.

***Samarbeid med musea*** i fylket er viktige på mange områder. Det gjeld både innan bevaring, dokumentasjon og formidling. Eit område som er avgjerande for å få til eit godt resultat innan bygningsvernet er kompetente handverkarar. Her har fylkeskommunen eit viktig samarbeid med musea om opplæring og felles bruk av handverkarar. Spesielt interessant er næmingeprosjektet knytt til Husasnotra på Geitmuseet i Halsa.

***Samarbeid med dei friviljuge organisasjonane*** er viktig for fylkeskommunen for lokal forankring av kulturminnevernet. Hjørundfjord kulturvern-lag og Storfjordens venner har lagt ned store innsatsar med å ta ansvar i sine virkeområde for krevjande restaurerings-prosjekt som truleg elles ikkje ville blitt gjennomførte.

***Samarbeid med eigarane*** er heilt avgjerande for å få til gode vernetiltak. Mange eigarar legg ned ein stor innsats med å forvalte verdiar som også er viktige for allmenta. Fylkeskonservatoren kan mellom anna samarbeide med faglege råd til istandsetjing og rettleiing i samband med søknad om tilskot og liknande.

## Korleis samarbeid om kulturminne og kulturmiljø som ikkje har formelt vern i dag?

### *Nasjonal verdi*

Dei objekta som pr. i dag ikkje har formelt vern etter kulturminnelova, men i planforslaget er vekta til nasjonal verdi, må spelast inn til Riksantikvaren som forslag til supplering av fredingslista.   Etter ei vurdering hos Riksantikvaren, må dei objekta som eventuelt ikkje blir freda vurderast for vern etter Plan- og bygningslova..

### *Regional verdi/ RMR-liste*

Dei objekta som er foreslått til regional verdi + dei objekta som er vekta til nasjonal verdi, men som eventuelt ikkje er aktuelle for Riksantikvaren å frede, må kome på ei eiga liste, **RMR-liste** – som er ei oversikt over kulturminne og kulturmiljø i Møre og Romsdal som har regional verdi.

### *Korleis skal stat, fylke og kommunar forhalde seg til RMR-lista?*

*Staten* vil møte denne objektgruppa mellom anna i søknader til Kulturminnefondet om tilskot.  Etter fylkeskommunen si meining, bør ei vekting av kulturminne og kulturmiljø til ein slik status innverke på Kulturminnefondet si prioritering.

*Møre og Romsdal fylkeskommune* har sjølve gjeve denne objektgruppa sin status med regional verdi gjennom vedtak i fylkestinget.  Det forpliktar til å følgje opp desse kulturminna og kulturmiljøa i ulike samanhengar.  I all handsaming av arealplanar må fylkeskommunen ivareta desse verdiane på best mogleg måte.  Og i samband med handsaming av byggesaker som vedkjem kulturminne og kulturmiljø med regional verdi, skal fylkeskommune passe på at verdiane som har gitt denne vektinga, ikkje blir forringa.

Fylkeskommunen bør ha ein eigen tilskotspost for å kunne gi tilskot til tiltak som går på istandsetjing av kulturminne og kulturmiljø av regional verdi i Møre og Romsdal.

*Kommunane* i Møre og Romsdal blir oppmoda til å innarbeide kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi i sine kommuneplanar og detaljplanar og gi dei ein vernestatus.  Omsynssone etter Plan- og bygningslova er aktuelt virkemiddel.  Kulturminne og kulturmiljø av regional verdi må også takast omsyn til i utarbeiding av lokale tiltaksstrategiar som er grunnlag for fordeling av SMIL-midlar.

# Kjelder

Arentzen, Jon Gunnar (red.) 1999: *Norsk biografisk leksikon*, Kunnskapsforlaget, Oslo

Døssland, Atle 1990: *Med lengt mot havet. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal I 1671-1835.* Det Norske Samlaget, Oslo

Dyrnes, Lillian Eltvik, Hals, Gunvor, Kløvstad, Jan (red.) 1986: *Ungdomshuset.* Noregs Ungdomslag

Fjørtoft, Jan Egil 1982: *Tyske kystfort i Norge.* Agder Presse A/S, Arendal

Flatmark, Jan Olav 1994: *Sunnmøre i Festung Norwegen.* Snøhetta forlag a.s, Lesja

Flatmark, Jan Olav og Grytten, Harald 2000: *Bak fiendens linjer. Møre og Romsdal under tysk okkupasjon 1940-1945.* Nytt i Ukas Forlag, Ålesund

Holme, Jørn (red.) 2001: *Kulturminnevern. Lov, forvaltning, håndhevelse*. Bind I Økokrim, Oslo

Holme, Jørn (red.) 2001: *Kulturminnevern. Lov, forvaltning, håndhevelse*. Bind II Økokrim, Oslo

Johnsen, Arne Odd 1949: *Kristiansunds historie.*

Klungnes, Einar 1995: *Hverdagskrigen i Rauma.* Rauma kulturstyre, Åndalsnes

Kystverket 2009: *Kystverkets Landsverneplan for maritim infrastruktur.* Utkast. Statens kulturhistoriske eiendommer.

Larsen, Pio (red.) 1977: *Møre og Romsdal, by og bygd i Norge.* Gyldendal Norsk Forlag, Oslo

Løseth, Arnljot 1996: *Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal III 1920 -1972.* Det Norske Samlaget, Oslo

Meld.St.35 (2012-2013): *Framtid med fotfeste. Kulturminnepolitikken.* Det kongelige Miljøverndepartement, Oslo

Monrad-Krohn, Danckert 1997: *Norske fyr, nasjonal verneplan for fyrstasjoner.* Riksantikvaren, Oslo

NOU 2002:1 *Fortid former fremtid. Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk.* Norges offentlige utredninger.

Olsen, Terje og Grytten, Harald 2004: *Fugl Føniks.* Nytt i Ukas forlag

Ottesen, Johan 2004: *Tida flyg. Historiske flyfoto frå Sunnmøre.* Fotoarkivet, Ulsteinvik

Rasmussen, Alf Henry (red.) 1993: *Våre Kirker, Norsk kirkeleksikon.* Vanebo forlag, Oslo

Riibe, Sissel og Weywergang-Nielsen, Henning (red) 2010: *Kraftoverføringens kulturminner.* NVE, Oslo

Ringstad, Jens Peter (red.) 2000: *Plan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal, planhefte 1,2,3.* Møre og Romsdal fylkeskommune, Molde

Seve, Niels de 1962: *Molde bys historie*. Molde kommune

Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005): *Leve med kulturminner.* Det kongelige Miljøverndepartement, Oslo

Statens vegvesen 2002: *Vegvalg. Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner.* Statens vegvesen, Oslo

Stortingsmelding nr.22 (2004-2005): *Kultur og næring.* Det kongelige Miljøverndepartement, Oslo

Søvik, Helge 1995: *Storfjordens Venner 1975-1995.* Storfjordens Venner, Stranda

Torvik, Arne Inge (red.) 2000: *Om samferdsel i Møre og Romsdal. Del II: Samfunn og ferdsel.* Møre og Romsdal Fylkesbåtar as

Tvinnereim, Jon 1992: *Grotid i grenseland. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal II 1835-1920.* det Norske Samlaget, Oslo

Ulstein, Ragnar (red.) 1995: *Om samferdsel i Møre og Romsdal. Del I: Som skyttel i vev.* Møre og Romsdal Fylkesbåtar as

# Vedlegg

Vedlegg 1

Om kulturminna i planen og grunnlag for utval

Med opplisting av kulturminne og kulturmiljø og kart.

Vedlegg 2

Juridiske verkemiddel i kulturminnevernet

Vedlegg 3

Sentrale omgrep og definisjonar i kulturminnevernet

| ID | | Kommune | Namn | Kategori | Art | Art2 | Stil | Alder | Alder2 | Vekting | Status | Kunns | Opplev | Bruksv |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1105 | | Hareid | Vågelegjet, gravfelt | Kulturmiljø | Gravfelt | | gravfelt | Bronsealder - jernalder | | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 246 | 78 | Hareid | Ovra/Ovrå slagstad, gravrøyser | Kulturmiljø | Historisk arkeologisk lokalitet | Gravminne | truleg slagstad | Vikingtid - middelalder | | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 240 | 41 | Hareid | Hareid kyrkjestad, bauta | Kulturmiljø | Kirkested | kyrkjehistorisk minne | stod kyrkje før ref. | Middelalder | mellomalder | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| | | | **landsverneplan** | | | | | | | | | | | |
| 236 | 47 | Hareid | Grimstadvatnet | Kulturminne | Dam/demningsanlegg | teknisk-industr. km | vassdragsanlegg | Uviss tid | | Nasjonal | Landsverneplan | X | X | |
| | | | **område regulert til bevaring (etter Plan- og bygningslova)** | | | | | | | | | | | |
| 241 | 42-44 | Hareid | Håbakk-Hovlid-Teigene | Kulturmiljø | Gårdstun | landbruksminne | gardstun | Uviss tid | | Regional | Regulert til bevaring | X | X | X |
| 243 | 40 | Hareid | Kvitneset, Heeres-Kusten-Batt. | Kulturmiljø | Krigsminnelokalitet | krigsminne | kystfort, HKB 34/ | 1900 tallet, andre kvartal | 1942 | Regional | Regulert til bevaring | X | X | |
| | | | | | | | | | | | | | | |
| | | **Kulturminne og kulturmiljø som er foreslått verna** | | | | | | | | | | | | |
| | | **Nasjonal verdi** | | | | | | | | | | | | |
| | | | **fangstminne** | | | | | | | | | | | |
| 242 | 40 | Hareid | Ishavsnæringa, Brandal | Kulturmiljø | Fangstlokalitet | fangstminne | aktuelle objekt | Uviss tid | | Nasjonal | | X | X | |
| | | **Regional verdi** | | | | | | | | | | | | |
| | | | **kystkulturminne** | | | | | | | | | | | |
| | 41 | Hareid | Tampenbuda | Kulturminne | Fiskevær-sjøbruksanlegg | Fiskevær-sjøbruksanlegg | sjøbud | | | Regional | | X | X | |
| | | | **landbruksminne** | | | | | | | | | | | |
| 953 | 74 | Hareid | Øvre Liaset,gbnr74/1, stove | Kulturminne | Gårdstun | landbruksminne | røykstove | Senmiddelalder | 1490 | Nasjonal | | X | X | |
| 237 | 54 | Hareid | Hansgarden Øvre Rise | Kulturmiljø | Gårdstun | landbruksminne | murhus, løe, bank | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| 244 | 52 | Hareid | Kylne,Bigset | Kulturminne | Gårdstun | landbruksminne | kylne (tørkehus) | Uviss tid | | Regional | | X | X | |
| 249 | 73 | Hareid | Steinagarden, Hjørungavåg | Kulturminne | Gårdstun | landbruksminne | tun | Uviss tid | | Regional | | X | X | |
| 250 | 73 | Hareid | Stove Øvrelid, Hjørungavåg | Kulturminne | Gårdstun | landbruksminne | stovehus | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| 251 | | Hareid | Torvtaking | Kulturmiljø | Torvproduksjon | landbruksminne | torvuttak, torvløer | Uviss tid | | Regional | | X | X | |
| | | | **teknisk kulturminne** | | | | | | | | | | | |
| 245 | 60 | Hareid | Nesset kraftstasjon | Kulturmiljø | Kraftverk | teknisk-industr. km | kraftstasjon, rørg. | 1900 tallet, andre kvartal | 1947 | Regional | | X | X | X |
| | | | **museum** | | | | | | | | | | | |
| 238 | 52 | Hareid | Hareid Bygdetun, Vonheim | Kulturmiljø | Kulturinstitusjoner - forsamlin | museum | våningshus | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| | | | **kyrkjehistorisk minne** | | | | | | | | | | | |
| 247 | 41 | Hareid | Prestestova ved Hareid kyrkje | Kulturminne | Prestegård | kyrkjehistorisk minne | prestestove | Uviss tid | | Regional | | X | X | |
| | | | **skulehistorisk minne** | | | | | | | | | | | |
| 248 | 61 | Hareid | Snipsøyrdalen skule | Kulturminne | Undervisningsanlegg | skulehistorisk minne | 1.gen.skulehus | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| | | | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | | | |
| | | **HERØY KOMMUNE** | | | | | | | | | | | | |
| | | **Kulturminne med formelt vern** | | | | | | | | | | | | |

| ID | | Kommune | Namn | Kategori | Art | Art2 | Stil | Alder | Alder2 | Vekting | Status | Kunns | Opple | Bruksv |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | **verna kyrkje (kyrkjebygg frå perioden 1650 - 1850)** | | | | | | | | | | | |
| 265 | 79 | Herøy | Leikanger kyrkje, Leikong | Kulturminne | Kirkested | kyrkjehistorisk minne | åttekant kyrkje | 1800 tallet, første kvartal | 1807/1872 | Regional | Verna kyrkje | X | X | X |
| | | | **utvalde automatisk freda kulturminne** | | | | | | | | | | | |
| 278 | 67 | Herøy | Rødskar bergkunst | Kulturminne | Bergkunst | Rituell-kultisk lokalitet | bergkunst | Steinalder - bronsealder | | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 1106 | 24 | Herøy | Buholmvika, steinalderbustad | Kulturmiljø | Bosetning-aktivitetsområde | | steinalderbustad | Steinalder | | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 276 | 10 | Herøy | Runde, Akerendam | Kulturmiljø | Forlislokalitet | maritimt kulturminne | forlisstad | Uviss tid | | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 264 | 4 | Herøy | Kvalsund funnstad | Kulturmiljø | Gravfelt | Funnstad | funnstad, bauta | Yngre jernalder | | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 270 | 63 | Herøy | Løsetstranda gravrøyser | Kulturmiljø | Gravminne | | gravrøyser | Jernalder | jarnalder | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 1107 | 8 | Herøy | Golleneset, Kvalsvik | Kulturmiljø | Gravminne | | Kjemperøysa | Bronsealder - jernalder | | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 1109 | 9 | Herøy | Runde, tufter | Kulturmiljø | Gårdstufter | Gravrøyser | tufter | Jernalder - middelalder | | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 260 | 39 | Herøy | Herøy kyrkjestad | Kulturmiljø | Kirkested | kyrkjehistorisk minne | stod kyrkje før ref. | Middelalder | mellomalder | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| | | | **landsverneplan** | | | | | | | | | | | |
| 253 | 45 | Herøy | Dragsund bruvaktarbustad | Kulturminne | Vegstasjon | samferdselsminne | bruvakterbustad | 1800 tallet, fjerde kvartal | 1875 | Nasjonal | Landsverneplan | X | X | X |
| | | | **område regulert til bevaring (etter Plan- og bygningslova)** | | | | | | | | | | | |
| 271 | 23 | Herøy | Mjølstadneset | Kulturmiljø | Bosetning-aktivitetsområde | | | Uviss tid | | Nasjonal | Regulert til bevaring | X | X | |
| 257 | 34 | Herøy | Fosnavåg kystkulturmiljø | Kulturmiljø | Fiskevær-sjøbruksanlegg | kystkulturminne | fiskevær, hamn | Uviss tid | | Regional | Regulert til bevaring | X | X | X |
| | | | **vedtaksfreda (etter Kulturminnelova)** | | | | | | | | | | | |
| 274 | 9 | Herøy | Runde fyr | Kulturmiljø | Fyrstasjon-losstasjon | kystkulturminne | kystfyr | 1700 tallet, tredje kvartal | 1767 | Nasjonal | Vedtaksfreda | X | X | X |
| 273 | 58 | Herøy | Raftenes prestegard | Kulturmiljø | Prestegård | offentleg adm. teneste | prestegard | Uviss tid | | Nasjonal | Vedtaksfreda | X | X | X |
| | | | | | | | | | | | | | | |
| | | **Kulturminne og kulturmiljø som er foreslått verna** | | | | | | | | | | | | |
| | | **Nasjonal verdi** | | | | | | | | | | | | |
| 281 | 36 | Herøy | Vikane, Bergsøya | Kulturmiljø | Gårdstun | landbruksminne | gardstun | Uviss tid | | Nasjonal | | X | X | X |
| 269 | 79 | Herøy | Losjehuset, Myrvåg | Kulturminne | Kulturinstitusjoner - forsamlin | organisasjonslivsminne | losjehus | Uviss tid | | Nasjonal | | X | X | X |
| 259 | 39 | Herøy | Herøy gard | Kulturmiljø | Prestegård | museum | handelsstad | Uviss tid | | Nasjonal | | X | X | X |
| | | **Regional verdi** | | | | | | | | | | | | |
| | | | **samferdselsminne** | | | | | | | | | | | |
| 1108 | 79 | Herøy | Leikong, landingsvor | Kulturminne | Båtstø-anlegg | samferdselsminne | landingsvor | Uviss tid | | Regional | | X | X | |
| 252 | 23 | Herøy | Bruvakter Stridestraumen | Kulturminne | Vegstasjon | samferdselsminne | bruvakterbustad | 1900 tallet, første kvartal | 1901 | Regional | | X | X | |
| | | | **kystkulturminne** | | | | | | | | | | | |
| 255 | 64 | Herøy | Flåvær fyr | Kulturmiljø | Fyrstasjon-losstasjon | kystkulturminne | ledfyr | 1800 tallet, tredje kvartal | 1870 | Regional | | X | X | X |
| 267 | 9 | Herøy | Loshytte, Runde | Kulturminne | Fyrstasjon-losstasjon | kystkulturminne | loshytte | Uviss tid | | Regional | | X | X | |
| 275 | 9 | Herøy | Runde hamn | Kulturmiljø | Fyrstasjon-losstasjon | kystkulturminne | loshamn | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| | | | **kystkulturminne** | | | | | | | | | | | |

| ID | | Kommune | Namn | Kategori | Art | Art2 | Stil | Alder | Alder2 | Vekting | Status | Kunns | Opple | Bruksv |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 280 | | Herøy | Svinøy fyr | Kulturmiljø | Fyrstasjon-losstasjon | kystkulturminne | kystfyr | 1900 tallet, første kvartal | 1905 | Regional | | X | X | X |
| 254 | 64 | Herøy | Flåvær handelsstad | Kulturmiljø | Handelsplass | kystkulturminne | handelsstad | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| | | | **landbruksminne** | | | | | | | | | | | |
| 258 | 10 | Herøy | Goksøyra, Runde | Kulturmiljø | Gårdstun | landbruksminne | kulturlandskap | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| 266 | 26 | Herøy | Leinestøylen, Leine | Kulturmiljø | Gårdstun | landbruksminne | gardstun | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| 272 | 7 | Herøy | Mulevika, Nerlandsøya | Kulturmiljø | Gårdstun | landbruksminne | kulturlandskap | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| | | | **handelsminne** | | | | | | | | | | | |
| 263 | 44 | Herøy | Kjeldsund handelsstad | Kulturmiljø | Handelsplass | merkantil verksemd | handelsstad | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| | | | **helsehistorisk minne** | | | | | | | | | | | |
| 261 | 38 | Herøy | Herøy Sjukestove/ sjukeheim | Kulturminne | Humanitær institusjon | helsehistorisk minne | sjukehus | 1900 tallet, andre kvartal | 1929 | Regional | | X | X | X |
| | | | **kyrkjehisorisk minne** | | | | | | | | | | | |
| 262 | 58 | Herøy | Indre Herøy kyrkje | Kulturminne | Kirkested | kyrkjehistorisk minne | langkyrkje i tre | 1900 tallet, første kvartal | 1916 | Regional | | X | X | X |
| 282 | 37 | Herøy | Ytre Herøy kyrkje | Kulturminne | Kirkested | kyrkjehistorisk minne | langkyrkje i betong | 2000 tallet, første kvartal | 2003 | Regional | | X | X | X |
| | | | **forsvarsminne/krigsminne** | | | | | | | | | | | |
| 279 | 1 | Herøy | Sommerfjøs Skorpesundet | Kulturminne | Krigsminnelokalitet | forsvarsminne | fjøs brukt til flukt | Uviss tid | | Regional | | X | X | |
| | | | **organisasjonslivsminne** | | | | | | | | | | | |
| 268 | 79 | Herøy | Losjehus Leikong | Kulturminne | Kulturinstitusjoner - forsamlin | organisasjonslivsminne | losjehus | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| 277 | 9 | Herøy | Runde, bedehus | Kulturminne | Kulturinstitusjoner - forsamlin | organisasjonslivsminne | bedehus | Uviss tid | | Regional | | X | X | X |
| | | | **skulehistorisk minne** | | | | | | | | | | | |
| 256 | 64 | Herøy | Flåvær skule | Kulturminne | Undervisningsanlegg | skulehistorisk minne | 1.generasjon skule | 1800 tallet, fjerde kvartal | 1880 | Regional | | X | X | |

**KRISTIANSUND KOMMUNE**
**Kulturminne med formelt vern**

**"listeført kyrkje" (kyrkjebygg frå perioden etter 1850 som har særleg høg verdi)**

| ID | | Kommune | Namn | Kategori | Art | Art2 | Stil | Alder | Alder2 | Vekting | Status | Kunns | Opple | Bruksv |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 296 | 116 | Kristiansund | Frei kirke | Kulturmiljø | Kirkested | kyrkjehistorisk minne | langkyrkje i tre | 1800 tallet, fjerde kvartal | 1897 | Nasjonal | "Listeført" kyrkje | X | X | X |
| 310 | 1 | Kristiansund | Kirkelandet kirke | Kulturmiljø | Kirkested | kyrkjehistorisk minne | betongkyrkje | 1900 tallet, tredje kvartal | 1964 | Nasjonal | "Listeført" kyrkje | X | X | X |
| 320 | | Kristiansund | Nordlandet kirke | Kulturmiljø | Kirkested | kyrkjehistorisk minne | korskyrkje i stein | 1900 tallet, første kvartal | 1914 | Nasjonal | "Listeført" kyrkje | X | X | X |
| | | | **utvalde automatisk freda kulturminne** | | | | | | | | | | | |
| 329 | | Kristiansund | Vollvatnet boplass | Kulturmiljø | Bosetning-aktivitetsområde | | Fosnakulturfunn | Eldre steinalder | TM | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 1066 | | Kristiansund | Atlanten, hellar/buplass | Kulturmiljø | Bosetning-aktivitetsområde | | hellar/buplass | Steinalder - bronsealder | | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |
| 1110 | 119 | Kristiansund | Bjerkestrand, Frei | Kulturmiljø | Gravminne | | gravrøyser | Bronsealder - jernalder | | Nasjonal | Automatisk freda | X | X | |

Kulturavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | ENG | Arkivsaknr: | 2014/1190 |
| | | Arkiv: | C03 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 21/15 | Komite for næring, kultur og idrett | 20.04.2015 |
| 48/15 | Kommunestyret | 30.04.2015 |

**KYSTPILEGRIMSLEIA**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 20.04.2015**

1. Kommunestyret er positive til prosjekt Kystpilegrimsleia, og ynskjer å ha ei synleg rolle i satsinga.
2. Kommunestyret ynskjer at Herøy gard skal vere fyrtårnet for den lokale satsinga på Kystpilegrimsleia.
3. Kommunestyret ynskjer ei prosjektgruppe med ein representant kvar frå: Herøy kyrkje, Herøy kystmuseum, Herøy Næringsforum v/reiselivsgruppa og kulturkontoret. Andre ressursar vert involvert etter behov.
4. Kulturleiar har ansvar for koordinering av gruppa.

**Tilråding frå rådmannen:**

5. Kommunestyret er positive til prosjekt Kystpilegrimsleia, og ynskjer å ha ei synleg rolle i satsinga.
6. Kommunestyret ynskjer at Herøy gard skal vere fyrtårnet for den lokale satsinga på Kystpilegrimsleia.

7. Kommunestyret ynskjer ei prosjektgruppe med ein representant kvar frå: Herøy kyrkje, Herøy kystmuseum, Herøy Næringsforum v/reiselivsgruppa og kulturkontoret. Andre ressursar vert involvert etter behov.
8. Kulturleiar har ansvar for koordinering av gruppa.

Særutskrift:
Kyrkjeverja
Herøy kystmuseum v/ Håvard Hatløy
Kulturleiar
Servicetorgleiar

**Vedlegg:**
Rapport Forprosjektet
www.kystpilegrimsleia.no (uprenta)

**Saksopplysningar:**
I regi av riksantikvaren har det vore utarbeidd eit forprosjekt for å synleggjere kystpilegrimsleia frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Føremålet med forprosjektet har vore å lage ei plattform å bygge vidare på i lokalt og regionalt utviklingsarbeid, for å auke lokal verdiskaping langs kysten. I forprosjektet har det vore viktig å vise mulighetene og å trekke fram nokre av kulturminna og stoppestadane, men også fokusere på potensialet i transport, mat og overnatting.
I forprosjektet er øya Herøy, saman med Flåværleia, nemnd som moglege lokale fokuspunkt i ei slik lei. For å utvikle prosjektet vidare er det nødvendig med større samarbeid, på tvers av institusjonsgrensene, og prosjektet treng god forankring lokalt, regionalt og på nasjonalt nivå.
Kystpilegrimsleia vart lansert i 2014 med ei pilegrimsreise langs heile leia med det gamle hurtigruteskipet MS Nordstjernen. Pilegrimane besøkte Herøy den 27.juli 2014.

Bakgrunn:
Pilotprosjektet Pilegrimsleden – leia i innlandet, vart starta opp i 2006, som eit av fleire prosjekt i Riksantikvaren sitt Verdiskapingsprogram. Ein ynskte å setje fokus på pilegrimsruta mot Nidaros. I dei fleste utgreiingane var hovudfokuset på pilegrimar langs veg, og det vart peika på at det ikkje var noko fokus på pilegrimar langs kysten.

Formål:
Etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten, der ein siktar på å opprette ei Pilegrimslei (St.Olavsvegane til Nidaros) og Europeisk kulturveg utgangspunkt i kulturminne og heilagstader.

Bruk av leia skal fremje *kunnskap om historie, kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet og folkehelse*, samt **tilrettelegging** og **bruk** av kulturarv. Ein ynskjer ei internasjonal reiselivssatsing, og slik gje ei djupare oppleving av kysthistorie, pilegrimstradisjonar, kyrkjehistorie og den kristne trua, samt dei kulturhistoriske aspekta rundt dette.

Forprosjektet skal avklare og undersøkje aktuelle stadar som bør inngå i Kystpilegrimsleia, og utarbeide ein plan for eit framtidig hovudprosjekt.

Kvifor reise i pilegrim:
*Ordet pilegrim kjem frå det latinske ordet peregrinus som tyder framand eller utanlandsk, og ein pilegrim er ein person som aleine eller i flokk føretek ei reise til ein heilag stad av åndelege årsaker. (Forprosjektet. s.5)*

Også eit historisk perspektiv, som i dag, var motiva for å gå pilegrimsferder blanda. Folk gjekk pilegrimsvandringar i von om at dei skulle verte friske frå sjukdom. Mange pilegrimar, også i mellomalderen, var like mykje turistar som religiøst søkjande og dei gjekk pilegrimsturar mot viktige, religiøse mål. Truleg har både utanlandske og norske pilegrimar valfarta langs kystleia til Nidaros og mange segn vart nok spreidde av pilegrimar langs leia.

Det viktigaste valfartsmålet i Noreg var St.Olav sitt skrin i Nidaros, og eit av dei viktigaste måla langs kystleia var Selja. Funn på Selja viser fleire pilegrimsmerkjer, som indikerer at der kom pilegrimar frå mange ulike stadar.

Overnattingsmoglegheitene for pilegrimane var ofte svært primitive. Dei overnatta anten i båt eller på land, eller i gjestehus i tilknyting til kloster. Ein hadde også det ein kalla sælhus. Desse kunne vere heilt enkle. Frå slutten av 1200-talet vart det bestemt at ein skulle ha ein ny type vertshus med ei halv eller ei heil dagsreise imellom.

Etter reformasjonen i 1537 vart det slutt på helgentilbeding, og difor også pilegrimsreiser.

Kysten fortsette sjølvsagt å vere svært viktig ferdselsåre. Sjølv om det er lenge sidan pilegrimsreisene, er det framleis klare spor langs heile kysten etter aktiviteten, som kyrkjer, kloster, og kanskje steinkrossar. (Forprosjektet s.12.)

<u>Samhandling og forankring:</u>
Prosjektet baserer seg på en forprosjektrapport som vart ferdigstilt i 2013.
Kystpilegrimsleia dekkjer eit stort geografisk område, og går gjennom fem fylker langs Vestlandskysten; Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag.
Formelle prosjekteigarar er Fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trønderlag.
Prosjektet vert finansiert av Riksantikvaren saman med dei respektive fylkeskommunane. Prosjektleiar er tilsett i Sogn- og Fjordane Fylkeskommune.
Kyrkja bidreg med kompetanse og menneskelige ressursar.

<u>Verdiskapingspotensialet:</u>
Eit kulturminne og kulturmiljø representerer ikkje-fornybare ressursar. Men så lenge bruken og forvaltninga av desse er god, kan det vere eit stort potensiale for lokal og regional utvikling, og til auka verdiskaping og næringsutvikling. Den direkte økonomiske verdiskapinga er knytt til dei enkelte kulturminna / miljøet. Dette er inntekter frå varer og tenester som blir selt til andre enn lokalbefolkinga, og som gir ei direkte sysselsettings- og verdiskapingseffekt i lokalsamfunnet, og deretter indirekte økonomiske ringverknadar i form av leveransar av varer og liknande.

Både kulturminneverdiane og åndelege verdiar i dei ulike kulturmiljøa langs leia har potensiale for nye verksemder. Stadane langs Kystpilegrimsleia kan verke positivt på lokaliseringsfaktor for nyetableringar.

*Kystpilegrimsleia er såleis ein ressurs med stort potensiale for framtidsretta næringsutvikling, og leia kan fungere som eit fyrtårn for kommunane og regionen.*
(Forprosjektet s.17.)

Regjeringa legg, i følgje forprosjektet, vekt på nødvendigheita med godt samarbeid i utarbeiding av heilskapelege opplevingsprodukt som inkluderer *kultur, mat, historie, natur og aktivitetar* – i tillegg til *transport og overnatting*. Ein må ha stort fokus på natur, og det ekte og unike, då det er dette dei reisande etterspør. Tematuristar vil ha fysiske aktivitetar i naturgitte omgivnadar. Ein vil få eit "tematisk reiselivsprodukt med pilegrimsvandring, kristendom, kyrkjehistorie og kulturhistorie som tema – i eit området som samtidig vil gi fantastiske og varierte naturopplevingar." (Forprosjektet s.19) Eit viktig poeng i rapporten er også at opplevingsturisme er mindre utsett for

svingingar i konjunkturane: Desse reiser også i nedgangstider.

Forprosjektet har hatt møter med Innovasjon Norge, for å diskutere potensial og moglegheiter med næringsutvikling rundt Kystpilegrimsleia. Dersom ein kan sjå heile leia under eitt "kan det vere lettare for aktørar å danne nettverk og å søkje støtte gjennom t.d. Innovasjon Norge. Kultur i reiselivet utgjer eit av satsingsområda til Innovasjon Norge". (Forprosjektet s.19.)
Som tidlegare nemnt, er det viktig med eit berekraftig reiseliv: Ansvarlegheit, kvalitet og langsiktigheit er viktige stikkord innanfor det ein kallar "geoturisme". Geoturisme er turisme som "tek var på, forsterkar og framhevar ein stad sin lokale eigenart – miljø, kultur, estetikk, kulturarv, som kjem lokalsamfunnet til gode." (Forprosjektet s.19.) I dette ligg det også eit ansvar for å bevare natur og miljø til seinare generasjonar.
Overnatting og servering vert også sentralt. Forprosjektet legg vekt på at ein må tenke på kvalitet, og "aktørar som er linka opp mot Kystpilegrimsleia bør ha fokus på t.d vertskapsrolla" (Forprosjektet s.21.) Det står også i forprosjektet at det bør vere ulike krav til sjølvbetente og betente stadar. Ein kan også lese i rapporten om ulike forslag til brosjyrar, guidebøker, suvenirar, pilegrimseffektar osb.

<u>Herøy si rolle i satsinga:</u>
For vår kommune er øya Herøy, som den første viktige hamna nord for Stadt og som tingstad, kyrkjestad og handelsstad (Forprosjektet s. 65-67) nemnd som aktuelle kulturminne i prosjektet. I tillegg er Flåværleia omtalt som viktig lei nord for Stadtlandet mot Ålesund og som ei naturleg ferdselsåre for kystpilegrimar.
Herøy kystmuseum og Herøyspelet er teke fram som viktige aktivitetar på øya.

Det har vore gjennomført møter mellom kommunen ved kulturkontoret og Herøy kyrkje, Herøy kystmuseum og Herøyspelet i høve Kystpilegrimsseilasen 2014 og aktivitetar sommaren 2015.

Herøy som pilegrimsmål har eit stort potensiale då staden:
- har ei aktuell historie og er ein viktig stad i leia
- er tilgjengeleg for alle og når dei sjølv måtte ynskje det
- har lagt til rette for telting og reint vatn
- har bra kapasitet på museet mot. omvisning

Utfordringar knyt seg hovudsakleg til:
- manglande tilbod om båtskyss langs leia
- å legge til med båt (samtidigheit ved fleire besøkande)
- at toaletta berre tidvis er opne og at ein ikkje har finansiering til reinhald
- begrensa tilgjenge på billeg, enkel overnatting og servering i nærleiken

Dersom ein skal satse på Herøy som eit fyrtårn for Herøy, bør ein utvikle tilbodet. Det vil kome både pilegrimar som reiser aleine og som kjem i større grupper. Dei større gruppene kan gjerne avtale på førehand, men vi finne rett nivå på tilbodet til «einslege» pilegrimar.

Sjølv om det vert etablert ei prosjektgruppe er det nødvendig og viktig med lokalt engasjement både privat, offentleg og i frivillig sektor for å drive prosjektet framover. Det vil kunne ta tid å etablere eit godt konsept, men det vil truleg vere viktig å setje i gong arbeidet slik at vårt fyrtårn vert kjent og får sin plass både hos nasjonale og internasjonale pilegrimsreisande. Både i forprosjektet, og i samtale med Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, vert det framheva at kvalitet på tilbodet til reisande er viktig.

Kulturleiar er kontaktperson for Herøy kommune i prosjektet.
I mars 2015 vart den fyrste samlinga for prosjektet i Møre og Romsdal gjennomført på Giske i samarbeid med prosjektleiar, fylkeskommunen, bispedømekontoret, kyrkjene, kommunane, destinasjonsselskapet og lag/organisasjonar.

Sommaren 2015 i Herøy er det mellom anna planlagt:

1. «Sunnmørsleia 2015».
   Leiar for pilegrimsreisa er sokneprest i Giske, Geir Sakseid, og det er plass til 20 deltakarar. Reisa går frå Borgund til Selja, blant anna via øya Herøy og Kjeldsund. Roald Sporstøl vil vere omvisar når dei besøker Herøy.
2. Lokal vandring på Herøy etter den økumeniske gudstenesta, i forbindelse med Herøyspelet 2015. Håvard Hatløy vil vere omvisar.
3. Lokal vandring med omvisar på Herøy ifm. Kulturminnedagane 2015.

**Vurdering og konklusjon:**
Ei slik satsing vert vurdert som svært positiv for regionen vår. Vi ligg ikkje langt frå Selja, som i tillegg til Nidaros er det viktigaste pilegrimsmålet. Pilegrimsturar er eit godt etablert konsept, spesielt i religiøs samanheng. I 2004 gjekk 200 000 pilegrimstur i "La Camina" i Spania. (Kjelde: Wikipedia.) Som konsept er altså pilegrimsturisme godt etablert internasjonalt, og det er kanskje ikkje usannsynleg at mange ynskjer å nytte høvet til ei etablert vandring i norsk natur, som frå før er kjend langt utover landegrensene. Det er grunn til å vente at tal pilegrimar vil auke fram til markeringa av Heilag Olav sin død i 2030.

Om Herøysamfunnet skal vere med på dette, krev det ei målretta, langsiktig satsing, og samhandling mellom instansane som har ansvar for ulike delar av prosessen. Med ei prosjektgruppe som vil kunne ta imot henvendingar, innspel og førespurnadar i samband med Kystpilegrimsleia, har ein eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med prosjektet.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Andelege og kulturelle opplevingar på Herøy, samt ferdsel langs Flåværleia og i naturen elles i kommunen bidrar til god fysisk og mental folkehelse.

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Ingen ut over planlagt beredskap.

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Ingen ut over planlagt drift inneverande år.

<u>Konsekvensar for økonomi:</u>
Ingen ut over planlagt økonomi inneverande år.
Det vil vere naudsynt å vurdere økonomien til prosjektet på sikt. Dersom ein treng å nytte anna ein administrasjonsressursar, vil dette verte lagt fram som eigne saker.

Fosnavåg, 12.04.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Eileen Gjerde |
| Rådmann | Kulturleiar |

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

# Kystpilegrimsleia – Rogaland-Nidaros

Forprosjekt



# Forord

Kystpilegrimsleia langs Norskekysten var ein av dei viktigaste og kanskje mest brukte pilegrimsrutene til Nidaros, og er nemnt i skriftkjelder allereie på slutten av 1000-talet. Både norske og utanlandske pilegrimar valfarta her – anten for å reise heile vegen til Nidaros eller for å besøke mange av dei lokale pilegrimsmåla. Kystleia har vore Noregs viktigaste transportåre gjennom fleire tusen år. Dette har påverka landskapet og busetnaden, og ført til at m.a. handelsstader, byar, kyrkje, kloster og fiskevær vart etablert. Bruken av sjøvegen og landskapet langs kysten gjennom årtusenar har forma nokre av våre mest unike kulturlandskap. Dette har vi sett fokus på i forprosjektet.

Formålet med forprosjektet har vore å lage ei plattform å bygge vidare på i lokalt og regionalt utviklingsarbeid for å auke lokal verdiskaping og næringsutvikling langs kysten, og for å legge til rette for bruk og vern av kulturarv og heilagstader. Dagens reiseliv etterspør ei spissa turistsatsing, der aktivitetar, historie, kunst og kultur står i fokus. Reiselivsaktørar ønskjer fleire unike opplevingar, og her er muligheitene langs Kystpilegrimsleia store. I forprosjektet har det vore viktig å vise muligheitene og å trekke fram nokre av kulturminna og stoppestadene, men også å fokusere på potensialet i transport, mat og overnatting. Dette ser vi som nødvendig for å kunne gi eit første grunnlag å bygge vidare på for å få til ei internasjonal reiselivssatsing. Kystpilegrimsleia har potensial til å bli eit stort trekkplaster både for reiselivet og for lokale brukarar frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Leia har eit breitt spekter å spele på, og vil kunne gi dei reisande heilt unike kultur- og naturopplevingar og spennande aktivitetar på ulike nivå. Dette er viktige element både for friluftsliv og folkehelse.

Forprosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunane og bispedøma langs Vestlandskysten – frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Det er også dei fem fylkeskommunane og fire bispedøma her som har finansiert prosjektet etter vedtak i dei ulike organisasjonane. Målet er at erfaringane og ideane frå forprosjektet skal vidareførast gjennom eit hovudprosjekt, og at dette skal gjere det mulig å lansere Kystpilegrimsleia i 2014. Riksantikvaren har gitt tilsegn om delvis finansiering av prosjektet – som eit ledd i verdiskapingsarbeidet på kulturminneområdet. For å utvikle prosjektet vidare er det nødvendig å fortsette det gode samarbeidet mellom regionane og på tvers av institusjonsgrenser – og i større grad involvere og forankre prosjektet både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

# Innhald


Forord ... 0

1 Kystpilegrimsleia ... 4

1.1 Bakgrunn for forprosjektet ... 4

1.2 Formålet med prosjektet ... 5

2 Pilegrimsvandring i mellomalderen ... 5

2.1 Kristendom og kongemakt ... 7

2.2 Kystleia – landets viktigaste pilegrimsveg ... 9

3 Samhandling, forankring og arbeidet i prosjektet ... 13

4. Kartlegging av kystleia ... 14

5 Verdiskapingspotensialet i Kystpilegrimsleia ... 17

5.1 Berekraftig reiselivsutvikling ... 19

5.2 Overnattingsstader og matservering langs seglingsleia ... 21

5.2.1 Eksisterande system for overnatting og transport ... 26

5.2.2 Lokal mat og tradisjonsmat frå kysten ... 26

5.3 Europeisk kulturveg ... 28

6 Moderne pilegrimsferd ... 28

6.1 Transport ... 29

6.1.1 Fartøyvernet – ein ressurs i Kystpilegrimsleia? ... 29

6.1.2 Kystlaga og mindre opne tradisjonsbåtar ... 30

6.1.3 Skyssbåtdrift ... 31

6.1.4 Kollektiv transport ... 32

7 Formidling og produktutvikling ... 32

7.1 Den kulturelle skulesekken ... 37

7.2 Dei lokale kyrkjelydane ... 37

7.3 Forsking og utvikling ... 37

8 Kulturminne langs Kystpilegrimsleia ... 38

8.1 Rogaland ... 40

8.2 Hordaland ... 44

8.3 Sogn og Fjordane ... 53

8.4 Møre og Romsdal ... 64

8.5 Sør-Trøndelag ... 76

8.6 Spesielle kultur- og naturlandskap langs seglingsleia ... 79

8.7 Kystvandring ... 81

9 Plan for hovudprosjekt ........................................ 84
9.1 Organisasjon ........................................ 85
9.2 Behov for regionale pilegrimssenter? ........................................ 86
9.3 Plan for hovudprosjektet ........................................ 86
9.4 Budsjett og finansiering ........................................ 88
Kjelder ........................................ 90

# 1 Kystpilegrimsleia

## 1.1 Bakgrunn for forprosjektet

Pilotprosjektet Pilegrimsleden – dvs. leia i innlandet – blei starta opp i 2006 som eit av fleire prosjekt i Riksantikvaren sitt Verdiskapingsprogram. Hovudmålet med pilotprosjektet var å betre kvaliteten på pilegrimsleia til Nidaros. Prosjektet har hatt fokus på skjøtsel av sjølve vegtraseen frå Oslo til Nidaros, kulturminne langs leia, merking og overnattingstilbod. Eit anna mål har vore auka næringsutvikling, til dømes i form av fleire overnattingsstadar, organiserte turar og pakkeløysingar – fleire tilgjengelege, kommersielle produkt.

Utgreiinga "Pilegrimsmotivet som nasjonal satsing" trakk opp liner for ei nasjonal pilegrimssatsing med utgangspunkt i Nidaros som pilegrimsmål. I samband med høyringa i 2009 påpeikte mange aktørar at kysten som pilegrimsveg har fått lita merksemd i utgreiinga. I april 2010 vart ein kystpilegrimskonferanse arrangert av Selje kommune i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Bjørgvin bispedøme, Venner av Selja kloster, Nidaros pilegrimsgård og Musea i Sogn og Fjordane. Konferansen var eit initiativ til ei målretta og godt samordna satsing for å auke medvitet kring pilegrimstradisjonar langs heile kysten. Ved å løfte kystdimensjonen i den nasjonale pilegrimssatsinga, vil ein kunne styrke alle pilegrimsmiljø i Noreg - både kulturminne undervegs og hovudmålet Nidaros.

Etter initiativ frå Selje kommune vart det arrangert eit møte i Bergen i november 2010. Her møttest representantar for kulturavdelingane i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, Bjørgvin og Stavanger bispedøme, Venner av Selja og Selje kommune. Ein drøfta korleis det vidare kystpilegrimsarbeidet kunne forankrast. Det var brei semje om behovet for ei koordinert kystsatsing. Dette vil òg styrke den nasjonale pilegrimssatsinga. Møtet konkluderte med at det må lagast eit forprosjekt etter modell av det nasjonale pilotprosjektet der føremålet er å løfte fram pilegrimsleia langs vestlandskysten og aktuelle pilegrimsmål. Relevante kulturminne og heilagstader skal synleggjerast.

14.-15. juni 2011 arrangerte Stavanger bispedøme og Rogalands fylkeskommune ein kystpilegrimskonferanse på Utstein kloster. Her møtte også representantar frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar, Bjørgvin bispedøme, Møre bispedøme og Selje kommune. Målet var å komme eit steg vidare i konkret samarbeid om Kystpilegrimsleia. Konferansen konkluderte med at det skulle etableras ei arbeidsgruppe med ein representant frå dei fire fylkeskommunane og dei tre bispedøma langs vestlandskysten. Det vart bestemt å etablere ei arbeidsgruppe samansett av ein representant frå kvar av fylkeskommunane og ein representant frå kvart av bispedømma langs vestlandskysten. Målsetjinga var å samarbeide om eit forprosjekt for å utvikle Kystpilegrimsleia Rogaland - Nidaros. Ein av dei viktigaste pilegrimsvegane frå Europa i historisk tid gjekk med båt langs kysten. Med pilegrimsmotivet som strategisk satsingsområde vil ein fokusere på historiske vegar og heilagstader langs kysten og skape nye vegar der det er naturleg.

Kvar etat oppnemnde sin representant til arbeidsgruppa. Gruppa hadde første møtet i Molde 21. september 2011. Det ble vald ei gruppe på tre personar som skulle utarbeide utkast til plan for

forprosjekt. Arbeidsgruppa hadde møte i Bergen i desember 2011 for ein gjennomgang av utkastet til prosjektplan.

Eit år seinare, 29. november 2012 heldt prosjektgruppa møte i Florø. På dette møtet var også seniorrådgjevar Åse Bitustøl frå Riksantikvaren tilstade. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, tok på seg arbeidsgjevaransvar for prosjektleiar og opprette prosjektkonto. Prosjektgruppa vart einige om å tilsette Irene Baug som prosjektleiar frå 1. februar til 30. juni 2013. Prosjektgruppa er einige om at prosjektleiar skal ha ansvar og fullmakt til å hente inn fagleg kompetanse der det er å finne. Prosjektleiar skal sikre at fylkeskommunane gjer jobben sin. Prosjektgruppa har ein visjon om å kunne lansere Kystpilegrimleia i 2014.

## 1.2 Formålet med prosjektet

Eit sentralt mål er å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten – med sikte på å opprette ei Pilegrimslei (St. Olavsvegane til Nidaros) og Europeisk kulturveg med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader. Ein ønskjer slik å integrere kysten i det nasjonale pilegrimsarbeidet.

Bruk av leia skal fremme kunnskap om historie og kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet og folkehelse, samt tilrettelegging for bruk og vern av kulturarven. Prosjektet skal slik løfte fram historia langs kysten som grunnlag for utvikling av kunnskap gjennom forsking og formidling – og etablere samband med forskingsmiljø. Målet er å å få i gang ei internasjonal reiselivssatsing og gi ei djupare oppleving av kysthistorie, pilegrimstradisjonar, kyrkjehistorie og den kristne trua, samt dei kulturhistoriske aspekta rundt dette.

Det er viktig å utvikle kunnskap og formidling i forhold til pilegrimsruta langs kysten, kartlegging av heilagstader, kulturminne og reiserute og behov for forsking i forhold til dette. Det er slik eit mål å få etablert ei felles regional satsing på pilegrimsleia langs kysten ved å løfte fram kulturminne, pilegrims- og kysthistorie. Det er viktig å formidle pilegrimsferdas historiske og åndelege tradisjonar til dagens vandrarar, og leia vil slik tilby ei natur- og landskapsoppleving kombinert med eit spesielt kulturelt innhald. Målet er at dette skal auke næringsutviklinga knytt til pilegrimsaktivitet og turisme langs kysten, og prosjektet skal etablere samband med ulike reiselivsmiljø.

Forprosjekt sitt mandat er å avklare og rapportere konkret kva som skal til av tilretteleggingsarbeid og finansiering for at Kystpilegrimsleia frå Rogaland til Nidaros kan verte ei Pilegrimslei og Europeisk kulturveg. Forprosjektet skal avklare og undersøke aktuelle stader som bør inngå i Kystpilegrimsleia, og utarbeide ein plan for eit framtidig hovudprosjekt.

# 2 Pilegrimsvandring i mellomalderen

Omgrepet *pilegrim* kjem av det latinske ordet *peregrinus* som betyr framand eller utanlandsk, og ein pilegrim er ein person som åleine eller i flokk føretek ei reise til ein heilag stad av åndelege årsaker. Pilegrimsvandringar er eit viktig trekk ved mange religionar, som hinduismen, islam, jødedomen og kristendommen, og det er særleg stader der sentrale religiøse hendingar har funnet stad som utgjer viktige pilegrimsmål (Molland 1968:292). Pilegrimsreisene har gjennom historia vore mange og hatt

forskjellig karakter. Dei har likevel i stor grad handla om at menneska har anstrengt seg fysisk for å nå eit åndeleg mål (Prusac et al. 2009:7).

Dei kristne pilegrimsvandringane begynte tidleg på 300-talet, og dei tok for alvor til i 326 med mor til keisar Konstantin – Helena – si pilegrimsferd til Palestina (Molland 1968:292-293). Dei fremste valfartsstadene var Betlehem, Jerusalem og Roma. Det fanst også ei rekke valfartsstader av lågare rang, t.d. kyrkjer der ulike relikviar vart oppbevara eller stader der gravene til nasjonalhelgenar stod. Med Olav Haraldsson sitt fall på Stiklestad i 1030 fekk Noreg sin nasjonalhelgen – Olav den heilage – og skrinet hans i Nidaros vart det mest kjente pilegrimsmålet i Nord-Europa gjennom heile mellomalderen – frå 1030 til reformasjonen 500 år seinare.

Det var ulike grunnar til å gjere ei pilegrimsreise, og motiva for å delta kunne vere blanda. Generelt ser det ut til å ha vore to drivkrefter for pilegrimsfenomenet i mellomalderen. Den eine var folk sitt håp og ønskje om på mirakuløst vis å bli frisk frå sjukdom, og eit dominerande motiv i tidleg mellomalder var læking av sjukdom ved helgenrelikviar og takke-valfart etter å ha blitt frisk. Fortellingar om mirakel ved helgengraver, relikviar og krossar, var ein sterk motivasjon for mange. Pilegrimar reiste likevel ikkje berre av religiøse grunnar. Mange pilegrimar, også i mellomalderen, var like mykje turistar som religiøst søkande. Rein reiselyst eller eventyrlyst kunne såleis vere ein god grunn for å reise i pilegrim (Gilhus 2009:47). Pilegrimsreiser kunne også bli kombinert med diplomatiske oppdrag, særleg ved stormenn og geistlige sine Roma-reiser. Pilegrimane kunne komme frå alle samfunnsklassar og representerte alle sosiale grupper - både fattige og rike (Hager-Saltnes 2009:16). Den andre drivkrafta var kyrkja si interesse for makt og inntekter – som i stor grad kom til uttrykk gjennom avlatsfenomenet. Avlat er ei ettergiving av idømt straff for synd. Avlat var særleg aktuelt der pilegrimsreisa vart føreteke som eit botshandling, og dette har truleg også bidrege til å stimulere valfarten til kyrkjer med avlatsprivilegium – som t.d. domkyrkjene (Hager-Saltnes 2009:13). Mot slutten av mellomalderen utvikla avlatssystemet seg til ein reint kommersiell marknad der avlat vart gitt i bytte mot reine pengebidrag til meir eller mindre fromme formål. Avlatshandelen gav store inntekter, og besittelse av avlatsprivilegiar hadde etter alt å dømme stor økonomisk betyding for kyrkje og kloster (Bjelland 2000:22). Kyrkja si maktinteresse var sannsynlegvis mest framtredande ved dei store pilegrimsmåla, mens folk sitt behov gjerne var meir knytt til dei små, lokale pilegrimsmåla (Bjelland 2000:331-332). Pilegrimsreisa kunne slik bli gjort som ein innfriing av eit løfte og ho kunne vere ei botsgjerning for grove og straffbare synder. I slike tilfelle skulle ikkje pilegrimsreisa vere lett å gjennomføre (Hager-Saltnes 2009:12). For menneske som søkte helsebot var helgengraver og undergjerande relikviar ved pilegrimsmålet det viktigaste. Men for dei som gjennomførte pilegrimsferda som ei botshandling var den strabasiøse ferda hovudpoenget (Olsen 2013:8). Uansett motiv var det viktig at pilegrimsreisa vart gjennomført. Det vart betrakta som ei stor synd å ikkje holde eit løfte om pilegrimsferd (Hager-Saltnes 2009:11).

Pilegrimane hadde eit krav på beskyttelse, og fleire skriftkjelder frå mellomalderen omtalar forskrifter rundt vern av pilegrimar. Kong Magnus Erlingsson (1161-1184) måtte love vern for alle pilegrimar til Nidaros, og straff – i dette tilfelle landsforvising – for personar som angreip dei. Føreskrifter om vern for pilegrimar kom inn i norsk lovgivning i 1270-åra, og i 1297 utstette kong Eirik Magnusson ei rettarbot der alle som angreip pilegrimar eller deira gods blei truga med straff. Det var likevel ikkje berre angripen på pilegrimar som utgjorde eit problem, men landstrykarar og røvarar som utgav seg for å vere pilegrimar kunne utgjere ein fare for omgivnadane (NgL II, 464, 479; Molland 1968:296-297). I høgmellomalderen oppstod det difor ein skikk der biskopen eller presten

på heimstaden til pilegrimen gav han ei anbefaling – eller eit pilegrimspass – som vitna at han verkeleg var pilegrim. Utanlandske pilegrimar måtte ha med seg skriftleg vitnesbyrd eller anbefalingsbrev frå myndigheiter eller aktverdige menn frå heimstaden sin gjeldande for eit år, elles risikerte dei å bli fengsla eller utvist (Molland 1968:297). Det var dessutan vanleg at pilegrimar fekk med seg pilegrimsmerker frå dei ulike pilegrimsmåla. Plegrimsmerkene var ca. 5-12 cm store, oftast støypt i tinn eller bly, men også bronse og sølv førekom. Dette var masseproduserte relieff som vart utdelt ved valfartsstaden, og dei var eit bevis på at pilegrimen verkeleg hadde vore der (Rydbeck 1968:314). Alle dei viktigaste valfartsmåla produserte slike pilegrimsmerker, oftast med ei avbilding av den helgenen som var knytt til staden. I seinmellomalderen var det også vanleg å ta med heim att ein attest frå kyrkjelege autoritetar ved pilegrimsmålet om at ein hadde besøkt den heilage staden og føreteke botsøvingar (Molland 1968:292-293). Forutan Nidaros er det funne pilegrimsmerker ved to andre stader langs Kystpilegrimsleia – Bergen og Selja. Pilegrimsmerkene kjem frå ulike pilegrimsmål i Europa, og kan vere eit spor etter utanlandske pilegrimar på veg til Nidaros (Bjelland 2000:32-33).

## 2.1 Kristendom og kongemakt

Då Olav Haraldsson fall på Stiklestad i 1030 var kristendommen ein ny religion i landet. Kyrkja var ein del av ein overnasjonal institusjon, og med kristninga vart Noreg for alvor ein del av det europeiske fellesskapet. Religionsskiftet kom seint i Norden i forhold til på kontinentet og Dei britiske øyene. I fleire hundre år før kyrkja sine menn gjorde sitt inntog i landet hadde likevel folk i Noreg kjent til den kristne trua. Gjennom reiser, handels- og plyndringsferder til kristne område både på Dei britiske øyene og på kontinentet vart dei kjent med den kristne trua, skikkar og ritual. Kristningsprosessen var slik ein langvarig prosess, og mange hevdar at den eldste kristne innflytelsen i Skandinavia går tilbake til 500-talet. Men sjølve konversjonen – altså overgangen til kristendommen – starta seinast på midten av 900-talet og varte til slutten av 1000-talet (Skre 2004:236). I løpet av vikingtida føregjekk det slik ein djuptgåande endring i religionsforholda i dei nordiske landa. Innføringa av kristendommen som offisiell religion heng likevel saman med ei ny og ærgjerrig kongemakt som etablerte seg i sein vikingtid (Steinsland 2005:421). Religionsskiftet bør difor knytast meir til politiske og sosiale årsaker enn til den kulturelle påverknaden som hadde funne stad i fleire hundre år (Skre 2004:236).

Heidendomen var djupt vevd inn i heile det førkristne samfunnet, og det var truleg ikkje ein lett sak å skifte religion, korkje for enkeltmenneske eller for samfunnet som heile. Vikingtidas menneske oppfatta ikkje gudstru og riter som eit avgrensa fenomen i kulturen, og dei hadde ikkje eit eige ord for religion. I staden for snakka dei om *siðr* – sed eller skikk. Ved innføringa av kristendommen var det difor ikkje berre gudstrua som endra karakter – men heile samfunnet – med ei nedbryting av rotfesta kulturmønster (Steinsland 2005:423). Ein polyteistisk religion med fleire gudar og makter vart erstatta av trua på ein Gud. Ein etnisk religion utan presteskap og kultbygningar vart erstatta av ein universell frelsesreligion med eit mangfald av prestar og gudshus. Religionsskiftet innebar både eit ideologiskifte og ei mentalitetsendring – nye normer og levereglar og eit nytt verdsbilete. Kristendommen innebar ein ny orden. Perioden rundt 1000-talet var såleis ein epoke med store og dramatiske endringar på alle plan.

Overgangen til kristendommen kan vanskeleg forklarast utan kongemakta si medverknad, og religionsskiftet var først og fremst resultat av endra politiske forhold. Kongane var ein viktig årsak til

at kyrkja og den kristne trua fekk fotfeste i Noreg, og innføringa av kristendommen gjekk hand i hand med konsolideringa av kongemakta og samlinga av Noreg (Steinsland 1990:128). Motstanden mot kristninga var slik også ein politisk motstand mot kongemakta. I sagatradisjonen sin historie om religionsskiftet i Noreg står tre kristningskongar sentralt; Håkon den gode Adelsteinsfostre, Olav Tryggvason og Olav Haraldsson.

Håkon Adelsteinsfostre var konge i Noreg ca. 931-961 (Skre 2004:239), og blir gjerne rekna som den første kristningskongen. Han var Harald Hårfagre sin son og var fostra opp ved hoffet i England. Han kom til Noreg i 930-40- åra med prestar i følgjet sitt. Han hadde då god kunnskap om den angelsaksiske kyrkja si tru og misjonsinnstilling. Håkon og følgjet hans oppsøkte stormenn og høvdingar og forsøkte å få dei til å la seg døype og til å bygge kyrkjer. Men Håkon hadde ikkje tilstrekkeleg politisk styrke til å innføre kristendommen som allmenn religion i landet (Skre 2004:239). Kristningsforsøket hans stoppa på Mære i Trøndelag, der han måtte gi etter for bøndene som kravde å fortsatt få dyrke dei heidenske gudane sine (Sigurðsson 1999:92). På dødsleiet valgte kong Håkon sjølv å bli gravlagt som ein heidensk mann.

Den andre kristningskongen, Olav Tryggvasson (995-1000), kom heim til Noreg i 995 etter fleire år i viking. I følgje sagatradisjonen steig han i land på Moster på Bømlo og grunnla kyrkje der. Han var blitt døypt i England, og på same måte som Håkon hadde også Olav Tryggvason prestar med seg til Noreg. Han begynte ein systematisk og hardhendt kristningsprosess. Sannsynlegvis var den rikdommen Olav skaffa seg som vikinghøvding viktig då han gjekk inn for å etablere seg som konge i Noreg. Olav si regjeringstid varte berre i 5 år (Solberg 2000:307-308). Han forsvann sporlaust under slaget ved Svolder i år 1000 (Steinsland 2005:428).

Den neste avgjerande hendinga i kristningsporssessen skjedde gjennom Olav Haraldsson (1015-1028) sitt kristningsforsøk i 1020. Olav Haraldsson hadde også reist i viking i mange år, både i England, Spania og Frankrike. I 1013 skal Olav ha slutta seg til den engelske kong Ethelred, som hadde flykta til Frankrike etter eit angrep i England leia av kong Svein Tjugeskjegg. Olav skal ha blitt døypt i Rouen. Han reiste tilbake til England med kong Ethelred, og her samla han i 1015 ein flokk utvalte menn og sette kursen mot Noreg. Han hadde ingen stor hær med seg då han kom – berre to skip. Men med alt sølvet han hadde vunne som vikinghøvding var det lett både å verve folk og å skaffe seg støtte frå høvdingar rundt i landet. Som Olav Tryggvasson hadde gjort før han, heldt han til i Nidaros og var sentral i utviklinga av kaupangen der – som var viktig både for kongemakta og innføringa av kristendommen i Inntrøndelag. Olav prøvde likevel å få eit reelt herredøme over det meste av Noreg (Solberg 2000:308-309). I Gulatingslova og Frostatingslova sine kristendomsbolkar er det skrive ned fleire bestemmelsar som skal ha blitt forhandla fram på eit tingmøte på Moster mellom kong Olav sin hirdbiskop Grimkjell og tingmennene. Dette møtet vart truleg av samtida sett som kristendommen sitt definitive gjennombrot. Ein runestein på øya Kuli nord for Kristiansund har runeinnskrifta: *Tore og Hallvard reiste denne steinen etter (Ulvjlot)…. Tolv vintrar hadde kristendommen vore i Noreg….* (Andersen 1977:125-127 ). Arkeologiske undersøkingar har avdekka treverk frå ei bru, og steinen kan ha blitt reist då brua vart bygd, noko som var vanleg. Treverk frå brua er datert til 1034, og det stemmer godt med sagatradisjonen – at Mostertinget fann stad tidleg i 1020-åra. Dette var eit kyrkjemøte der Olav Haraldsson samla den politiske og kyrkjelege makta i landet for å vedta grunnleggande prinsipp i den norske lovgjevinga. Målet var å få utarbeida ein felles mal for den såkalla kristenretten, som skulle leggast fram for dei enkelte lagtinga til godkjenning. Innskrifta på

Kuli-steinen tyder på at skifte av religion vart oppfatta som ei skjelsettande hending som danna utgangspunktet for ei ny tidsmarkering (Steinsland 2005:423).

Olav Haraldsson bidrog ikkje berre til å innføre kristendommen, men også til å bygge opp ein riksomfattande kyrkjeleg organisasjon i landet med kyrkjer og prestar (Andersen 1977:135; Skre 2004:242). Men i 1026 endra maktforholda seg, og Olav var på vikande front. Bondesamfunnet i Trøndelag var fiendtleg innstilt mot han. Kongen sine tidlegare støttespelarar, som Erling Skjalgsson og Hårek på Tjøtta, braut med han. Det gjorde også fleire av stormennene som tidlegare hadde vore viktige for kongen sin lokale maktposisjon ulike stader i landet. I 1030 prøvde Olav å gjenvinne riket sitt, og på seinsommaren 1030 marsjerte han inn i Trøndelag med ein liten hær. Han fekk banesåret sitt i slaget på Stiklestad (Solberg 2000:310-311), men då var truleg kristninga av den norske befolkninga i stor grad gjennomført (Skre 2004:242).

Paradoksalt nok kanskje, var det kongen sin død som brakte kristendommen fram til endeleg seier i landet. Eit år etter sin død vart Olav gjort til helgen og martyr for riket, og ingen kjelder vitnar om organisert mostand mot kristendommen etter dette (Sigurðsson 1999:104; Steinsland 2005:450). I Soga om Olav den heilage skildrar Snorre Sturlasson skrinlegginga slik: *«Tolv månadar og fem netter etter kong Olav døydde, vart dei heilage leivningane hans tekne opp, og då var kista til kong Olav mest kommen opp or jorda att, og kista var liksom ny, nett som ho var nyhøvla. Grimkjell biskop kom til då dei let opp kista til kong Olav, og då stod det ein yndeleg ange av ho. Da nække bispen andletet til kongen, og han var ikkje det minste annleis i åsynet, og han var så raudlett i kinna som han nyleg hadde sovna. Dei som hadde sett kong Olav då han fall, kunne godt sjå kor mykje håret og neglene hadde vakse sidan, mest likså mykje som dei ville ha gjort om han hadde vore i live her i verda heile tida sidan han fall»* (Soga om Olav den heilage: 267). Olav vart svært populær hos folk flest, og skrinet hans i Nidaros vart eit av dei viktigaste pilegrimsmåla i Nord-Europa gjennom heile mellomalderen. Folk valfarta til grava hans – både frå Noreg og andre land, og Olav vart i løpet av kort tid heile Noregs, Nordens og også Europas helgenkonge. Pilegrimar søkte bot og helbrede ved Heilag-Olav sitt skrin i Nidaros. Etter at Kristkyrkja – Nidarosdomen – stod ferdig ca. 1320, vart Olavsskrinet oppbevara her. Dødsdagen hans, 29. juli vart feira av kyrkja som Olavsvaka, seinare olsok (Steinsland 2005:429). Olav vart *rex perpetuus Norvegiae,* Noregs evige konge. Han vart midtpunktet i ein kult som spreidde seg langt utanfor landets grenser.

## 2.2 Kystleia – landets viktigaste pilegrimsveg

Det gjekk fleire vegar mot Nidaros. Ein av dei viktigaste og kanskje mest brukte ferdselsvegane til Olav den heilage sitt skrin var langs kysten – Kystpilegrimsleia. Dette var landets hovudfartsåre. Med eit godt beskytta farvatn innbyr kysten til sjøfart. Pilegrimsreisene til Olav den heilage si grav begynte kort etter 1030, og Olavskulten si raske utbreiing i Nord-Europa førte til mange pilegrimar frå inn og utland til Nidaros (DN II, 3; Molland 1968:296). Valfartsstaden Nidaros er omtalt i historiske kjelder allereie i 1075 – i Adam av Bremen sitt «Bremens Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum». Her er også dei ulike pilegrimsrutene til Nidaros nemnt, m.a. Kystpilegrimsleia: «*Viss ein seglar frå Ålborg eller Vendsyssel i Danmark, kjem ein i løpet av ein dag over til Viken, som er ein by i Noreg* (truleg Oslo). *Derfrå held ein til venstre og seglar langs Noregs kyst, og på den femte dagen når ein fram til byen Trondheim. Ein kan også reise ein anna veg, som fører frå danskane sitt Skåne over land til Trondheim. Men denne vegen over fjella tek lengre tid, og ettersom han er farefull, blir han unngått*

*av reisande.*» (Adam av Bremen: 212-213). Sjøvegen – Kystpilegrimsleia – utgjorde såleis, ifølgje Adam av Bremen, den viktigaste mest brukte ferdselsåra til Nidaros, sjølv om også sjøvegen kunne vere farefylt med skiftande vær og piratar.

Truleg har både norske og utanlandske pilegrimar valfarta langs kystleia til Nidaros. Mest sannsynleg vart pilegrimsreiser med utgangpunkt frå stader langs Vestlandskysten føreteke langs kystleia. Også dei tyske hansakjøpmennene reiste på pilegrimsferd til Nidaros. Hansaforbundet hadde Olav som sin skytshelgen. Sannsynlegvis gjekk reisa som starta i Lübeck langs sjøvegen via Bergen til Nidaros (Bjelland 2000:118). Dei følgde kystleia. Det er likevel vanskeleg å vurdere omfanget av pilegrimstrafikken – og kor mange som reiste langs kysten i forhold til landevegen. Men i følgje Adam av Bremen føretrakk pilegrimar sjøvegen – i iallfall når dei kom frå Danmark eller Nord-Tyskland.

Det var raskare å ferdast i båt enn på land. Gode hamneforhold var viktig for ein trygg seilas. I mellomalderen nytta ein seg av naturlege hamner langs leia, og ved dei viktigaste hamnene vart det montert fortøyingsanordningar som skipa kunne fortøyast i. Dei fleste sjøfarande pilegrimar hadde ikkje eige skip. Ved ferdsel i båt og skip langs kysten måtte ein vanlegvis betale for seg, noko som nok førte til at ikkje alle hadde muligheit til å reise sjøvegen. Dei som reiste hadde som regel heller ikkje råd til å betale fullt ut for ferda. Det var difor vanleg å hyre seg som mannskap. Pilegrimar kunne ta hyre både på handels- og lasteskip (Olsen 2013:49, 55).

Olav var sjølv ein erfaren sjøfarar – ikkje minst etter å ha reist i viking i mange år – og langs heile kysten finn vi fenomen som folk har forklart gjennom helgenkongens nærleik og handlingar. Til dømes skal Olav ha opna sunda ved Tysnesøy i Sunnhordland og Korssundet ved Eivindvik i Sogn. Og i følgje lokale tradisjonar på Helgelandskysten skal det berømte holet i Torghatten ha blitt til ved at kongen segla tvers gjennom fjellet. På fjellet Hornelen i Bremanger i Sogn skal Olav ha mant eit troll i stein – som den dag i dag står i fjellsida og kan sjåast frå seglingsleia (Olsen 2013:68-69). På Ege i Egersund finn vi ein av landets finaste esker – St. Olavsormen som vart freda allereie i 1972. Dette er ein lang og buktete åsrygg av grus og stein avsett av isen, og også denne blir knytt til helgenkongens handlingar. I følgje segna er dette Midgardsormen som prøvde å komme seg frå fjorden og opp til eit vatn innafor. Her vart han drepen av kong Olav – og han vart liggande som eit bevis på kongens siger. På denne måten sette Olav sine spor både i kystlandskapet og i kystbefolkningens bevisstheit. Mange av desse segnene kan ha blitt spreidde av pilegrimane som valfarta langs leia, og pilegrimane har truleg spela ei viktig rolle som tradisjonsformidlarar.

St. Olav sitt skrin i Nidaros var det fremste valfartsmålet – og Noreg sitt einaste internasjonale pilegrimsmål. Det var likevel ikkje alle sjøfarande pilegrimar som reiste så langt. Det var også andre viktige heilagstader og pilegrimsmål ved kysten og langs leia. Desse har i hovudsak ugjort lokale og regionale pilegrimsmål – sjølv om det også er sannsynleg at utanlandske pilegrimar på veg mot Nidaros stoppa her. I mellomalderen vart det bygd fleire kloster langs kysten. Klostera fungerte ofte som overnattingsstader for langvegsfarande pilegrimar, men dei kunne også vere eit valfartsmål i seg sjølv. For mange var dei kortare ferdene til kloster og andre heilagstader i nærleiken meir overkommelege enn å ta den lange reisa mot Nidaros. Det finst likevel få skriftkjelder frå mellomalderen som kan gi informasjon om valfarten til mindre berømte helgenar og heilagstader i Noreg (Blom 1968:309), men fleire stader langs kystleia er likevel nemnt som pilegrimsmål. Dette gjeld t.d. domkyrkja i Bergen og Fana kyrkje – begge i Hordaland.

Eit av dei viktigaste og kanskje mest kjente pilegrimsmåla langs kystleia var øya Selja ved Stad som ligg midt i seglingsleia mellom Trondheim og Bergen. Legenda om den irske prinsessa Sunniva som stranda på øya Selja etter å ha lagt ut på havet i båt utan årar og segl for å komme unna ein heidensk friar er godt kjent i Vestlandet si kultur- og kyrkjehistorie. Sunniva vart skrinlagt i 996, etter ordre frå Olav Tryggvasson, og ho fekk etter kvart helgenstatus. Selja og St. Sunniva sitt skrin vart slik vårt første valfartsmål. Ved fjellet på Selja finn vi i dag ein oppmurt steinterasse frå 1100-talet, som er truleg er restane etter den liturgiske samlingsstaden for pilegrimar som besøkte anlegget (Hommedal 1995:79). Og i klosterruinane på øya er det funne fleire pilegrimsmerker frå ulike pilegrimsstader. Desse vitnar om pilegrimane som ein gong besøkte Selja (Grieg 1968:318). Selja var også ei naturleg hamn for den som måtte vente på passande vêr for å kunne passere Stad. Øya var dessutan eit av utreisepunkta og innkomststadene for ferder i vesterveg (Hommedal 1995:91).

Ikkje berre Nidaros, men også andre domkyrkjer utgjorde viktige pilegrimsmål i mellomalderen (Molland 1968:297). Dette kan vi t.d. sjå i sættargjerda frå 1277 som var eit forlik mellom erkebiskop Jon Raude og kong Magnus Håkonsson. Her står det at: *Likeledes innrømmet han på ny og bød alle pilegrimer som besøker den salige Olavs og andre helgeners og de nevnte norske katedralkirkes terskler for å tilbe, så vel innenlandske som utenlandske, skal nyte full sikkerhet, enten det er krig eller fred, både når de drar til og fra* (Norske middelalder dokumenter: 144). I følgje sættargjerda ser det såleis ut til at både norske og utanlandske pilegrimar besøkte domkyrkjene. Enkelte av desse kyrkjene – som domkyrkjene i Bergen og Stavanger – låg langs Kystpilegrimsleia. Domkyrkjene hadde ofte verdifulle relikviar. Biskopane kunne dessutan gis rett til å utstede avlatsbrev for dei som oppsøkte domkyrkjene ved dei store høgtidene.

Dei mange steinkrossane langs Vestlandskysten er eit markert innslag i landskapet på Vestlandet, og dei kan vere minne etter ei tidleg misjonstid (Birkeli 1973). Kanskje skulle steinkrossane også fungere som beskyttelse for reisande langs leia, og markere tilstadeverelsen av kristne menneske og ei kristen tru. Plasseringa av steinkrossane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane tyder på at dei som reiste krossane var knytt til Vestkysten av Noreg. Desse tre fylka, som i mellomalderen var delt inn i fire – *Rygjafylke, Hordafylke, Firdafylke* og *Sygnafylke* – representerer det opphavlege lovområdet til det gamle Gulatinget (Indrebø 1936:25; Helle 2001:76–77), som igjen utgjorde kjerneområdet til Håkon den gode. Etableringa av Gulatinget tidleg på 900-talet er blitt sett i samanheng med kongen sitt forsøk på å konsolidere makt og kristendom på Vestlandet (Helle 2001:30, 46). Den eksakte plasseringa av Gulatinget er ikkje kjent, men Eivindvik er ein av stadane som peikar seg ut. Her er det reist to steinkrossar – begge er laga ved kvernsteinsbrota i Hyllestad (Baug 2002:86).

Steinkrossane kan også ha blitt nytta i samband med utandørs gudstenester i mellomalderen før den første kyrkja vart bygd på staden. Fleire av krossane står på det som seinare vart viktige kyrkjestader – og dei kan ha fungert som samlingspunkt under bønn og gudsteneste forut for bygginga av kyrkjene. Truleg har dei også vore viktige for pilegrimane som valfarta langs kysten. Eit dokument frå 1394 viser at ein kross vart reist i Eidsskog til minne om Oav den heilage. Pilegrimar skulle kunne holde gudsteneste ved krossen, og det vart også bygd eit lite bønnehus i nærleiken for pilegrimane (DN I, 545). Kanskje har steinkrossane langs kysten hatt ein linande funksjon.

I dei tilfella der pilegrimsvandringa var ei botshandling var det ofte eit viktig poeng at reisa skulle vere fysisk krevjande. Dette gjorde at vandring til fots var det naturlege for mange. Pilegrimane som reiste langs kystleia har nok i stor grad også kombinert ferdsel til sjøs og til fots. Dette var heilt vanleg

for folk som reiste langs kystleia (Elvestad 2005a:8-9). Og på særleg utsette strekningar, som Jæren, Stad-landet og Hustadvika, var det nok mange som føretrakk å vandre til fots. Kystleia gjekk innaskjers der det var mulig, og vart kalt *tjodaleia* eller *allmannleia*. Betydinga av allmannleia kjem også til uttrykk gjennom plasseringa av dei kongelege kapella. I 1308 fekk kong Håkon Magnusson paven si godkjenning til å skille ut 14 kongelege kapell som ein eigen institusjon, som var unndregen biskopane sin styring og kontroll (DN I, 114; Norske middelalder dokumenter: 244). Dei fleste av desse kapella vart lagt til byane i mellomalderen og langs kystleia der dei utgjorde naturlege stoppestader, som t.d. Vanse på Lista, Sørbø på Rennesøy i Ryfylke, Avaldsnes på Karmøy, Fana, Tyssøy i Sund og Herdla i Øygarden. Dei kongelege kapella fekk tildelt avlatsprivilegium av paven. Dette har sannsynlegvis ført til at dei vart attraktive for pilegrimar som valfarta pga. ei botshandling. Dei fleste pilegrimar som var ilagt botsvandringar har truleg gått til dei næraste måla med avlatsrett, og mest sannsynleg har difor dei kongelege kapella i stor grad vore lokale valfartsmål (Olsen 2013:80).

Overnattingsmuligheitene for pilegrimar kunne vere svært primitive, anten dei overnatta om bord i skipet eller på land. Klostra som låg langs kysten hadde gjerne gjestehus. Dei som kunne betalte for seg, mens fattigfolk hadde rett til gratis opphald. Prestegardane vart også nytta til overnatting i mellomalderen. Ei rekke klageskriv tyder på at denne forpliktelsen vart sett som ei byrde for prestane, og at dei etterkvart tok seg betalt for å halde vertshus i prestegarden. På 1500-talet skal soknepresten på Avaldsnes ha fått kongen sin del av tiende frå soknet, som ei form for kompenasjon for å holde herberge (Olsen 2013:52, 57).

Av særleg betydning for pilegrimane var sælhusa (sálhus). Dei er nemnt i Gulatingslova som eit tilbod til reisande (G 100), og er ei ordning som i alle fal går tilbake til 1100-talet. Namnet indikerer at det fulgte velsignelse – sælebot – med å bygge dei. Dette kan tyde på at kyrkja støtta tiltaket, sjølv om det ikkje nødvendigvis var kyrkja som reiste dei. Det var ofte lagt jordeigedom til sælhusa som gav intekt til å sikre vedlikehaldet. Sælhusa var ubemanna overnattingsstader, kanskje berre eit enkelt trehus med sengebenkar og eldstad på golvet. Langs leia er det i dag ei rekke stadnamn som vitnar om denne aktiviteten – t.d. Salhus utanfor Bergen og Salhus på Karmøy. Frå slutten av 1200-talet kom det også ein ny type vertshus – tafernishus. Etter kongeleg beslutning skulle desse ligg med ein halv eller ein heil dagsreises avstand langs dei viktigaste ferdselsårene. Dei stod under kongeleg beskyttelse, og var merka med kongens våpenskjold. Dei var også fritekne frå ein del samfunnsforpliktelsar mot å holde denne type vertshus (Olsen 2013:52-53).

Valfarten til Nidaros tok slutt med den protestantiske reformasjonen i 1537. Med eit slag vart erkebispedømet, bispeembetet, klostervesenet og helgendyrkinga avskaffa. Relikvieskrina vart fjerna frå helgenmåla, og avlatsaspektet var ikkje lenger aktuelt. Valfartsfenomenet vart offisielt avslutta, og valfarten til dei store pilegrimsmåla i Noreg tok slutt. Det betydde også slutten på kysten som pilegrimslei. Leia langs Norskekysten heldt likevel fram med å fungere som vår viktigaste ferdselsåre i mange hundre år. Sjølv om det er 500 år sidan pilegrimane valfarta langs kysten på veg mot Nidaros eller andre lokale pilegrimsmål, finn vi likevel fortsatt klare spor etter denne aktiviteten. Fleire av stadene dei besøkte – som kyrkjer, kloster og kanskje steinkrossar – står langs leia den dag i dag som klare vitnesbyrd på historia og pilegrimsvandringane som fann stad her i mellomalderen.

# 3 Samhandling, forankring og arbeidet i prosjektet

Prosjektet Kystpilegrimsleia dekker eit stort geografisk område og går gjennom fem fylker langs Vestlandskysten; Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag (nord til Trondheim). Det har frå starten av vore lagt vekt på å forankre prosjektet både lokalt og regionalt, og god dialog mellom mange ulike aktørar har vore viktig. Det kan tidvis vere krevjande å legge til rette for konstruktive og effektive møter mellom ulike fylkeskommunale forvaltningsmyndigheiter, kyrkja og bispedøma, musea, kommunale instansar, frivillige organ og reiseliv. Dei fem involverte fylkeskommunane og dei fire involverte bispedøma her har hatt ei nøkkelrolle i prosjektet, noko som har vist seg å vere svært nyttig. Fylkeskommunane har kompetanse og verkemidlar på regional utvikling og næringsutvikling, og dei har ansvar for kulturminneforvaltning og stadutvikling. Bispedøma har ansvar for kyrkjene og aktivitetar rundt desse som vil utgjere ein sentral del av Kystpilegrimsleia. Dei berørte kommunane har i varierande grad vore involverte i prosjektet. Der dei har vore med har det vore viktig i forhold til lokalpolitisk forankring. Samhandling og dialog med musea har vore svært viktig. Deira kulturhistoriske kompetanse om lokalsamfunna og engasjement rundt kulturminne og kultur- og naturlandskap langs kystleia har utgjort sentrale bidrag i prosjektet.

Mange og til del sprikande ønskjer og agenda kan utgjere utfordringar, og god dialog gjennom heile prosjektarbeidet har difor vore viktig. Verdiskaping på kulturminneområdet krev samarbeid mellom mange aktørar, mellom offentlege og private, mellom fagmyndigheiter og forvaltningsnivå og mellom ulike kompetansemiljø (Kulturminner i bruk […] 2010). Samarbeid og samhandling mellom fylkeskommunale og kommunale nivå, kyrkje, kunnskapsmiljø, næringsliv og frivillige innafor kvar region har vore av stor betyding i prosjektarbeidet. Samtidig har det vore viktig med god dialog på tvers av regionane. Dette er nødvendig når ein skal arbeide med verdiskaping i ein geografisk samanheng som dekker fleire fylker og mange kommunar. Prosjektgruppa som har vore etablert i forprosjektet beståande av representantar frå Stavanger bispedømeråd, Rogaland fylkeskommune, Bjørgvin bispedømeråd, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre bispedømeråd, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune og Nidaros bispedømeråd har gjort dette mulig. I eit prosjekt der målet er å etablere ei kystpilegrimslei med status som St. Olavsveg og Europeisk kulturveg er også dialog og samhandling med Nasjonalt Pilegrimssenter i Nidaros viktig. Dei har følgt arbeidet, og på eit møte arrangert i Trondheim i regi av forprosjektet deltok Berit Lånke, leiar ved Nasjonalt Pilegrimssenter. Gjennom forprosjektet har det også vore lagt vekt å holde god kontakt og dialog med Riksantikvaren. På to av møta som har vore arrangert – eit i Stavanger og eit i Bergen – var Åse Bitustøl frå Riksantikvaren til stades. Forprosjektet Kystpilegrimsleia er også blitt presentert på den nasjonale pilegrimskonferansen i Stavanger i juni.

Det har vore arrangert fem fylkesvise arbeidsmøter der eit breitt spekter av aktørar har vore inviterte til å delta (Fig. 1), i tillegg til fleire mindre møter med ulike aktørar. Instansar og organ som forprosjektet har hatt møte med er lista i tabellen nedanfor.

| |
|---|
| Fylkeskommunane (representantar innan kultur og næring) |
| Bispedøma (representantar frå bispedømekontora og frå ulike prosti) |
| Den norske kyrkja |
| Nasjonalt Pilegrimssenter |

| |
|---|
| Riksantikvaren |
| Berørte kommunar |
| Museum med ulike ansvarsområde for aktuelle heilagstader/kulturminne/natur- og kulturlandskap langs leia |
| Forum for natur og friluftsliv (FNF) |
| Fortidsminneforeningen |
| AHKR, Universitetet i Bergen |
| Forbundet KYSTEN (ved Bergen Kystlag) |
| Oselvarverkstaden |
| NCE Tourism Fjord Norway |
| Destinasjonsselskap |
| Innovasjon Norge |

*Figur 1: Arbeidsmøte i Florø 17. april 2013*



## 4. Kartlegging av kystleia

Ferdsel på sjøen set ikkje spor slik han gjer på land, og det kan difor vere vanskeleg å finne kjelder som gir nøyaktig informasjon om mellomalderens seglingsmønster. Spora etter dei reisande til sjøs – både pilegrimar og andre – finn ein difor stort sett på land; hamnene og kulturminna langs leia. Gravhaugar og røyser frå forhistorisk tid er gjerne konsentrert rundt viktige hamner og langs dei sentrale leiene (Elvestad 2005a:27), og vitnar om ein fleire tusen år lang bruk av kysten og kystleia. Motiva for reisa ville i stor grad vere med på å bestemme reiseruta. Kulturminna og heilagstadene

som er kartlagt langs kysten og som vi veit vart nytta av pilegrimane vil difor også gi oss innblikk i kvar Kystpilegrimsleia i mellomalderen gjekk.

Utgangspunktet for oppmerkinga av Kystpilegrimsleia i forprosjektet er ei kartlegging av kystleia – allmannaleia – utført av arkeologen Bjørn Ringstad (1986). I arbeidet for å kartlegge kystleia har Ringstad tatt utgangspunktet i sagaenes fortellingar, losbøker og munnlege opplysningar frå statslosar. Det var den indre leia som utgjorde allmannaleia eller tjodaleia. Folk reiste innaskjers i rolegare farvatn der dette var mulig. Utleia vart berre nytta ved heilt spesielle tilfelle. For enkelte strekningar finst det fleire seglingsalternativ, nokre av desse er avmerkt på kartet (Fig. 2). I tilknyting til ferdsla langs kysten kan det òg ha vore vanleg å nytte seg av eida, noko fleire stadnamn vitnar om, t.d. Dragseidet på Stadtlandet. Dette er det lågaste fjellpasset over Stadhalvøya. Fartøy vart trekt over eidet for å sleppe å segle det vêrharde og farlege havstykket utanfor. Framleis kan ein sjå far detter dei gamle slepa. Sagaene nemner likevel ikkje at båtar og skip vart trekt over eida. Her kjem det i staden fram at skipa kunne ligge i vekevis og vente på bør. Dette kan tyde på at eida stort sett vart nytta i den lokale samferdsla (Ringstad 1986:261-262).

Bergens Sjøfartsmuseum har fleire gamle kart frå 1600-1700-talet som det også kan vere nyttig å vurdere i forhold til oppmerkinga av Kystpilegrimsleia. Eit nyoppdaga kart frå 1700-talet har dessutan ein ledstrek innteikna (Arild Marøy Hansen, pers. med. 26.06.2013). I hovudprosjektet vil det vere interessant å studere desse karta nærare – også i forhold til kulturminne og hamner langs leia. På denne måten kan det vere mulig å komme endå nærare seglingsmønsteret både i forhistorisk tid og i mellomalderen. Her vil det også vere viktig å få med sentrale landetappar.

*Figur 2: Kart over Kystpilegrimsleia med ulike seglingsalternativ markert i raudt. Tre landetappar er markert i blått: Dragseidet, Mannseidet og Berstadeidet – alle ved Stadtlandet.*



# 5 Verdiskapingspotensialet i Kystpilegrimsleia

Kulturminne og kulturmiljø representerer ikkje-fornybare ressursar. Så lenge dei blir brukt og forvalta på ein måte som tek vare på dei bærande kulturhistoriske verdiane har dei betyding. Dei er med på å gi menneska forankring i tilværet, og dei er ein felles kunnskaps- og erfaringsbank. Kulturminne og kulturmiljø representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar – og dei kan vere ein ressurs for ei gi utvikling av både lokalsamfunn og næringsliv (St.meld. 35 (2012–2013): punkt 1.1). Kystpilegrimsleia og dei ulike lokalitetane her kan såleis bidra til auka verdiskaping og regional utvikling.

Omgrepet verdiskaping rettar seg mot både økonomiske og ikkje økonomiske tilhøve. Verdiskaping i ei allmenn betyding uttrykker at noko er verdifullt, men som ikkje i utgangspunktet er knytt til pengeverdiar. Det kan her vere snakk om tradisjonar, historisk verdi, verdi for identitetsskaping, pedagogisk verdi, kunnskapsverdi og opplevingsverdi for å nemne nokre (Baadsvik og Daugstad 2003:7). Dette er alle heilt sentrale verdiar for heilagstadene og kulturminna i Kystpilegrimsleia. Verdiane under denne omgrepsforståinga kan i sin tur danne grunnlag for økonomisk verdiskaping. For kulturminne og kulturmiljø dreier det seg her om både direkte og indirekte verdiskaping. Den direkte økonomiske verdiskapinga er knytt til dei enkelte kulturminna/miljøet. Dette er inntekter frå varer og tenester som blir selt til andre enn lokalbefolkninga, og som gir ei direkte sysselsettings- og verdiskapingseffekt i lokalsamfunnet. Det kan her vere snakk om hotell, serveringsstader og andre bedrifter der turistar brukar pengar. Samtidig utgjer verdiskapinga også meir indirekte økonomiske ringverknader gjennom for eksempel produksjon av andre varer og tenester, først og fremst av lokale underleveransar til den ”direkte” produksjonen av varer og tenester (Baadsvik og Daugstad 2003:7; *Økonomisk verdiskaping av kulturminner* 2008:4-5).

Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros gir grunnlag for opplevingar, kunnskap og verdiskaping, og kan slik utgjere ein viktig ressurs i lokalsamfunna og næringsliv. Både kulturminneverdiane og åndelege verdiar i dei ulike kulturmiljøa langs leia har potensiale for å skape nye verksemder. Stadene langs Kystpilegrimsleia kan slik verke som positiv lokaliseringsfaktor for nyetableringar. Kystpilegrimsleia er såleis ein ressurs med stort potensiale for framtidsretta næringsutvikling, og leia kan slik fungere som eit fyrtårn for kommunane og regionen. Det er difor viktig med ein lokal bevisstgjeringsprosess omkring kva muligheiter og verdiar som ligg i dei ulike kulturminna. Dette er nødvendig for at dei historiske heilagstadene og kulturminne/kulturmiljø blir teke i bruk i utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv, samtidig som ein skaper eit attraktivt lokalsamfunn for både fastbuande og tilreisande. Det må altså vere eit samspel mellom kulturelle og økonomiske verdiar. Den økonomiske verdiskapinga heng slik saman med nyskaping og verdiskaping på andre område. Det er difor viktig å fokusere på ei brei verdiskaping, der miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar blir vektlagt. Dette er nødvendig for å fremme ei bærekraftig utvikling (Haukeland og Brandtzæg 2009:37-39), og det bør vere eit viktig fokus i hovudprosjektet.

Reiselivet er ein av verdas raskast voksande næringar (*Verdifulle opplevelser 2007:*7). Ved å fokusere på tilrettelegging av både kulturminne og kulturmiljø samt overnattingsstader og transport vil ein kunne auke næringsutvikling knytt til pilegrimsaktivitet og turismen langs kysten. Trendane i reiselivet viser auka etterspurnad etter temareiser, natur- og kulturbaserte tilbod (Baadsvik og Daugstad 2003:14). Det er eit sentralt mål at Kystpilegrimsleia skal inngå i reiselivssatsinga, samstundes som ein får dokumentert, tilrettelagt, bevart og vedlikehalde ei kulturhistorisk reiserute av nasjonal verdi. For å kunne oppnå dette er det viktig med ei styrking av lokal identitet,

stadtilhøyrigheit og stoltheit, og bruk av lokale krefter i formidlinga av dei ulike kulturminna og heilagstadene. Det er difor nødvendig å auke den lokale bevisstheita og engasjementet rundt Kystpilegrimsleia. Kulturarven er viktig for verdiskapinga i samfunnet. Kulturminner og kulturmiljø skal takast vare på som bruksressursar, og vere grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Det kan vere lønsamt for lokalsamfunnet å satse på kulturminne. Tal frå EU og EØS-landa viser at for kvar krone det offentlege investerer i vedlikehald og rehabilitering av kulturminne og kulturhistoriske verdifulle miljø, kjem 10 kroner tilbake til samfunnet. For kvar krone ein gjest brukar på eit kulturminne blir det brukt nesten 10 kroner på varer og tenester i lokalsamfunnet rundt (St.meld. nr. 16 (2004-2005): 46).

Reiselivsnæringa er i internasjonal vekst, og har eit stort potensiale for auka verdiskaping her til lands – særleg i distrikta. Regjeringa har difor valt å satse særskilt på reiselivsnæringa, og vil føre ein særleg aktiv næringspolitikk ovanfor reiselivsnæringa. For å få til ei vellukka reiselivssatsing er det m.a. viktig at dei mange forskjellige produkta – attraksjonar, transportmuligheiter, overnatting og mat – blir sett saman til ei heilskapleg oppleving. Regjeringa trekk fram nødvendigheita av samarbeid om heilskaplege opplevingsprodukt som inkluderer kultur, mat, historie, natur og aktivitetar – i tillegg til transport og overnatting (Destinasjon Norge [….] 2012: 22-24). Dette er alle aspekt som vil stå heilt sentralt i Kystpilegrimsleia – der hovudfokuset nettopp vil vere utvikle heilskaplege og unike reiselivsprodukt. Reisemålsutvikling vil såleis utgjere eit viktig arbeid. Her kan Innovasjon Norge bidra med kunnskap og hjelp m.a. overfor både destinasjonsselskap, reiselivsaktørar og kommunar. Innovasjon Norge har m.a. utarbeida ei kvitebok for å hjelpe reisemåla med langsiktige og heilskaplege strategiar (Innovasjon Norge 2008). Sterk og auka konkurranse pregar dagens internasjonale reiselivsmarknad. Dette gjer det særs viktig for den norske reiselivnæringa å spisse marknadsbodskapen (Innovasjon Norge 2008:9-10).

Det er i stor grad den særeigne naturen langs kysten som i hovudsak trekker besøkande hit. Det er også eit stadig sterkare ønske hos reisande om å kombinere natur- og kulturopplevingar. Reisande etterspør opplevingar som er ekte og unike. Kystpilegrimsleia byr på dette. Dette er ei reise som kombinerer aktivitet med kultur- og naturopplevingar. Temareiser utgjer også eit stadig større satsingsfelt innan reiselivet. Tematuristar vil ha fysisk aktivitetar i naturgitte omgjevnadar der ein samtidig får med seg kulturelle opplevingar. Kystpilegrimsleia innehar slik dei eigenskapane som skal til for å til for å kunne inngå i temareiser. Her er det eit stort potensiale for opplevingar og aktivitetar som omfattar både natur, kultur og fysiske aktivitetar både til vann og til lands. Leia og kulturminna/kulturmiljøa her representerer mangfald og breidde.

Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet, Kulturdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet og Nærings- og handelsdepartementet har fastsett ein felles statleg strategi for pilegrimssatsing. Det overordna målet er at pilegrimsleia skal gjere det mulig å vandre gjennom eit landskap som er rikt på natur, kulturarv og kulturopplevingar. Pilegrimssatsinga kan også omfatte fornying av andre leier og pilegrimstradisjonar som er under utvikling (Strategi for pilegrimssatsing 2012). Det vil her vere viktig å få auka fokus på pilegrimstradisjonane langs kysten – og slik løfte kystdimensjonen i den nasjonale pilegrimssatsinga.

Kystpilegrimsleia vil gi den reisande heilt andre opplevingar – både når det gjeld natur- og kulturlandskap – enn det ein får gjennom pilegrimsrutene i innlandet. Dette gjer at vi også kan få fokus på andre sider ved vår kulturhistorie og andre kulturminne enn det ein har i innlandet.

Kystlandskapet er variert og mangfaldig – frå holmar og skjær ut mot havet til skjermande fjordar og høge fjell lenger inne. Ein vil her også møte andre heilagstader og dermed også nye sider ved pilegrimshistoria enn det ein får gjennom dei allereie etablerte pilegrimsrutene i innlandet. Natur- og kulturlandskapet langs kysten vil by på nye og heilt andre opplevingar – både når det gjeld pilegrimserfaringar, kulturhistorie og natur og friluftsliv. Leia representerer eit tematisk reiselivsprodukt med pilegrimsvandring, kristendom, kyrkjehistorie og kulturhistorie som tema – i eit område som samtidig vil gi fantastiske og varierte naturopplevingar. Muligheitene for verdiskaping rundt kystleia er slik mange og varierte, og det er svært gode muligheiter for å utvikle gode og varierte reiselivsprodukt som kan tilpassast ulike typar menneske og målgruppe. Kystpilegrimsleia vil vere spennande både for små og store, for pilegrimar, tematuristar, skuleklassar eller andre som ønskjer å sjå og oppleve kysten og kysthistoria vår.

I hovudprosjektet vil det vere naturleg å oppretthalde kontakten vi har hatt med NCE Tourism Fjord Norway, som bør utgjere ein viktig samarbeidspartnar. NCE etterspør prosjekt og opplevingar som kan auke talet på turistar langs kysten, og her vil Kystpilegrimsleia kunne utgjere eit viktig element. I dag er det i stor grad aktivitetsleverandørane som legg grunnlaget og gjer at folk ønskjer å ta turen, og pilegrimsleia vil bli ein viktig del av det som går på opplevingsturisme. Marknaden for opplevingsturisme er mindre konjunkturutsett, og desse turistane reiser meir - sjølv i nedgangstider. NCE har valt å satse på ulike tema, der m.a. vandring, sykling, fisking, padling og arkitektur står sentralt. Vestlandsregionen har mykje å tilby innan desse temaene per i dag, men ein har også eit stort utviklingspotensiale. Kystpilegrimsleia vil kunne innehalde mange av desse aktivitetane.

Forprosjektet har også hatt møte med Innovasjon Norge – for å diskutere potensialet og muligheiter for å arbeide med lokal og regional næringsutvikling i forhold til Kystpilegrimsleia. I eit reiselivsprosjekt er det viktig å ha eit unikt produkt – og Kystpilegrimsleia kan utgjere eit slikt motiv for aktørar som ønskjer å utvikle reiseliv – anten som levebrød eller tilleggsnæring. Dette er ei reise som kan vere med å gi kysten eit nytt særpreg – som igjen kan utnyttast i næringssamanheng. Ved å sjå heile leia under eitt kan det vere lettare for aktørar å danne nettverk og å søke støtte gjennom t.d. Innovasjon Norge.  Kultur i reiselivet utgjer eit av satsingsområda til Innovasjon Norge.

## 5.1 Berekraftig reiselivsutvikling

Ei berekraftig reiselivsutvikling (sustainable tourisme) der dei unike natur- og kulturressursane langs kysten blir iveratekne for kommande generasjonar er viktig. Ansvarlegheit, kvalitet og langsiktigheit er viktige stikkord. Det er viktig at det blir lagt til rette for levedyktige lokalsamfunn, gode og stabile arbeidsplassar og økonomisk levedyktige reiselivsbedrifter samtidig som miljøperspektivet blir ivareteke (Kongevegen over Filefjell […] 2011: 86).

Kystpilegrimsleia er også ei ideell satsing innan geoturisme. Geoturisme er turisme som tek vare på, forsterkar og framhevar ein stad sin lokale eigenart – miljø, kultur, estetikk, kulturarv – som kjem lokalsamfunnet til gode. Innovasjon Noreg har forplikta seg til å basere norsk reiselivsverksemd på geoturisme, og i dag er dette ei plattform for reiselivs- og turismeutvikling (Innovasjon Noreg 2008:13). Bruken av kysten både som transportåre og ervervsgrunnlag gjennom tusenvis av år er noko av det som gjer dette området så unikt. Naturen og naturressursane her har lagt primissane for folk sitt liv og virke gjennom generasjonar, og framleis finn vi spor etter dette langs kystleia. Ei satsing på Kystpilegrimsleia og kulturminna som vi har her vil vere viktig for området sin eigenart, og det vil

også komme lokalsamfunnet til gode. Fokus på kysten i reiselivssamanheng kan vere viktig for å ivareta dei unike kulturminna her for kommande generasjonar. Reiseliv og turisme kan også bidra til å ta vare på dei mange og små lokalsamfunna langs kysten – der mange er trua av utflytting og nedlegging.

Kystpilegrimsleia har eit potensiale for å trekke fleire besøkande hit enn dei som bruker leia i dag. Det har til no vore lite fokus på pilegrimstradisjonar og kyrkje- og religionshistorie i samband med kystleia – og dette vil gi ein heilt ny dimensjon til leia og kysten. Dei reisande treng både mat og overnatting, og det blir viktig å få besøkande til å bli i nærområdet, og bruke og utforske nærmiljøa. Butikkar, kafear, gardsmatprodusentar og spisestader, hotell og andre overnattingsstader vil vere viktige aktørar. Mange stader kan det vere vanskeleg å finne god mat og overnatting, og dette er noko ein må jobbe med. Næringslivet langs kystleia vil slik kunne nyte godt av utviklinga av Kystpilegrimsleia. Det vil vere svært viktig i det vidare arbeidet med eit sterkt fokus på lokal forankring. Kartlegging, dialog og samarbeid med ulike næringslivsaktørar langs kysten er nødvendig for å få til ei lokal verdiskaping.

Dagens turistar ønskjer ekte og annleis natur- og kulturopplevingar – og marknaden for aktivitetar i naturen og autentiske reiseopplevingar er i sterk vekst. Dette er Grønt reiseliv – og døme på opplevingsaktivitetar her er vandring, padling og sykling i kombinasjon med servering av gode matopplevingar og overnatting (http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/aktuelt/nyheter/2012/aug-12/gode-rad-for-gront-reiseliv.html?id=697932), aspekt som også vil stå heilt sentralt i Kystpilegrimsleia. For Grønt reiseliv er det viktig å utvikle heilskaplege, landbruksbaserte turistprodukt, og å styre den lokale og regionale verdiskapinga (St.prp. nr. 75 (2008-2009): 7.3.9). Dette er også klare målsettingar i reiselivssatsinga rundt Kystpilegrimsleia.

Green Pilgrimage er eit tilsvarande omgrep i pilegrimssamanheng – og det er oppretta eit nettverk – Green Pilgrimage Network – der ein har fokus på og arbeider med den miljømessige sida av pilegrimsrutene og heilagstadene/kulturminna som inngår i desse. Trondheim og Nidaros bispedøme er allereie med i nettverket, (http://www.arcworld.org/projects.asp?projectID=521) og eit miljøfokus vil som nemnt vere viktig i forhold til Kystpilegrimsleia.

For å få til eit godt reiselivsprodukt og verdiskaping med Kystpilegrimsleia som tema vil både kulturminne og heilagstader, overnattingsstader, matservering og transport utgjere heilt sentrale element. Gjennom Kystpilegrimsleia vil desse settast inn i ein større og heilskapleg samanheng og slik gi stor opplevings- og kunnskapsverdi for dei reisande, og samtidig gjere det mulig for aktørar i lokalsamfunna å utnytte dette i næringssamanheng. Dette vil også kunne medverke til lokal stoltheit over kulturarven langs kysten. Ei pilegrimsferd langs Norskekysten – frå Rogaland til Nidaros – byr på mange opplevingar, spennande natur, historie og tradisjonar. Langs kysten ligg det svært mange kulturminne og heilagstader som vitnar om ferdsel og bruken av kysten gjennom årtusenar. Innafor rammene på forprosjektet har det ikkje vore mulig å gi ei fullstendig kartlegging av både kulturminne, eksisterande overnattingsstader og matservering i det store geografiske området som Kystpilegrimsleia utgjer. Dette er difor aspekt som må vidareførast i eit hovudprosjekt.

## 5.2 Overnattingsstader og matservering langs seglingsleia

Noreg er ein kystnasjon, og store delar av befolkninga har gjennom historia hatt inntektsgrunnlaget sitt frå sjøen og kysten. Langs kysten står det fortsatt fleire kulturminne som vitnar om denne aktiviteten, slik som naust, sjøhus, fyrstasjonar, bryggeanlegg og fartøy. I mange tilfelle er desse bygningane ikkje lenger i bruk. Det er difor viktig å finne ny bruk slik at bygningar og anlegg ikkje forfell (http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Fartoy_og_kystkultur/Kystkultur/). Her kan Kystpilegrimsleia vere med å opne for nye muligheiter.

På slutten av 1200-talet var det bestemt at det skulle etablerast gjestgiveri for kvar heile eller halve dagsreise (RN II, 994). Gjennomsnittsfarten for eit fartøy var ved roing ca. 3 knop, og ein ville då kunne nå ca. 36 nautiske mil på ein dag. Ved segling kom ein lenger, ca. 72 nautiske mil på ein dag (Morcken 1964:22, 38), men sjølvsagt avhengig av vær- og straumforhold. Langs kystleia låg difor gode og trygge hamner og mulige overnattingsstader for pilegrimar og andre reisande tett i tett. I dag finst det fleire overnattingsstader og stader som serverer mat som vil utgjere viktige element i ei reiselivssatsing rundt Kystpilegrimsleia. Ein del av desse stadene har lange røter som hamner og overnattingsplassar, og enkelte område kan truleg gå tilbake til mellomalderen. I forprosjektet blir berre nokre få overnattingsstader trekt fram, og ei vidare og meir systematisk kartlegging, involvering og utvikling av overnattingsstader langs leia vil utgjere ein viktig del i hovudprosjektet.

I mange tilfelle er den opphavlege bruken av kulturminna langs kysten vekke, og fleire stader står naust, sjøhus, fyrstasjonar og bryggeanlegg til forfall (http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Fartoy_og_kystkultur/Kystkultur/). Ei reiselivssatsing rundt Kystpilegrimsleia kan vere med på å finne ein ny bruk til desse kulturminna. Bygningane vil kunne utgjere viktige element i reiselivssatsinga – der det vil vere behov for etablering og utvikling av både overnattingsstader og matservering. Det er eit mål at gamle og falleferdige bygningar og anlegg langs kysten blir restaurert og sett i stand og tekne i bruk i reiselivssamanheng. På denne måten vil dei kunne takast vare på gjennom ein ny bruk.

Fleire av dei gamle fyrstasjonane og handelstadane og gjestgiveria langs kysten er allereie teke i bruk i reiselivssamanheng, og vil utgjere viktige aktørar og samarbeidspartnarar i samband med Kystpilegrimsleia. Det vil vere viktig å tenke kvalitet – og aktørar som er linka opp mot Kystpilegrimsleia bør ha fokus på t.d. vertskapsrolla. Det bør også vere ulike krav til sjølvbetjente og betjente stader, og dette er aspekt ein bør diskutere i hovudprosjektet, der ei kartlegging, involvering og utvikling av slike stader vil utgjere sentrale element. Nedanfor er eit nokre få dømer på aktuelle og ulike stader og aktørar langs kysten trekte fram. Det må presiserast at det finst langt fleire overnattingsmuligheiter enn dei nemnde som ein bør spele vidare på i hovudprosjektet:

**Dei gamle handelstadene langs kysten:**

Glesvær handelsstad i Sund kommune i Hordaland er ein av dei aller eldste handelstadene på kysten, og delar av hovudbygget går tilbake til 1600-talet. Dette var også ein gong det største fiskeværet i Hordaland. Her er det i dag kafe og muligheiter for overnatting. Det er sal av diesel på kaia, samt ferskvannsfylling. Glesvær har også gjestebrygge og serviceanlegg med toalett, dusj og vaskemaskin – og er slik ein godt eigna stad for turistar som kjem i eigen båt. I tillegg er det mulig å leige sjøbuer for overnatting for dei som ønskjer det.

Den gamle handelsstaden på Skjerjehamn som ligg ved munningen av Sognefjorden er restaurert til ein idyllisk overnattingsstad med gourmetrestaurant basert på lokale råvarer og kortreist mat: kalv frå Sande Gardsmat, laks og aure frå Firda Sea Food, skalldyr frå Gulen og Solund (Fig. 3). Det er også etablert eit samarbeid med Kinn Bryggeri i Florø. På Skjerjehamn er ein flott Sveitservilla frå 1891 teke i bruk til overnatting, og pakkhuset på kaia er restaurert med festlokale, bar/restaurant, kinosal, galleri og møterom. Her er det også ei fin hamn med plass for mange båtar. Norled sine ekspressbåtar går også innom for grupper på 10 personar eller meir (www.skjerjehamn.no).

*Figur 3: Skjerjehamn (Foto: Margun Pettersen)*



Rugsund handelsstad på austspissen av Rugsundøya i Nordfjord er også ein flott overnattingsplass med variert standard og prisklasse (Fig. 4). Handelsstaden går tilbake til 1600-talet, og vart freda av Riksantikvaren allereie i 1924. Her er det utleige av hus, rom eller leiligheiter. Det er også mulig å sette opp telt. Rugsund har ei lun og god hamn sentralt plassert ved den indre skipsleia langs kysten, som nok har vore ettertrakta av sjøfarande langt tilbake i tid. I dag er hamna mykjebesøkt av båtturistar.

Rugsund er eit godt utgangspunkt for turar til Hornelen eller Ålfotbreen, og elles flotte fjellturar i fjellområda omkring. På Rugsund er forholda også lagt til rette for dykking. Her er det kompressor for fylling av luft, båtutleige og eit stor sjøbu til opphald, plassering av utstyr og tørking av drakter. Rugsund ligg lunt til, så her kan ein dykke sjølv i kraftig vind og dårleg vær (www.rugsund.no).

*Figur 4: Rugsund handelsstad (Foto: Vidar Trædal©Riksantikvaren)*




Magerøya handelsstad og gjestgiveri ligg i Hemnes kommune i Sør-Trøndelag. Dei siste åra er det lagt ned mykje arbeid i å rydde stiar og rehabilitere det gamle kulturlandskapet på øya, og det er tilrettelagt fleire stiar for turgåarar. Det er god adkomst til øya for småbåtar ved Magerøytunet. Her er det også toalett, dusj og tilgang til vatn og straum.

**Fyrstasjonar:**

Det er mange fyrstasjonar langs kysten, og desse utgjer fasinerande attraksjonar i seg sjølv, og vil vere eit spennande innslag i Kystpilegrimsleia (Fig. 5).

*Figur 5: Utvær fyr i ytre Sula i Sogn og Fjordane det det vestlegaste fyret i landet. Utvær er eit gamalt fråflytta fiskevær, og det er også ein nedlagt kyrkjestad frå mellomalderen her som vitnar om busetnad langt tilbake i tid. Det går også ei nordsjøløype rundt øya. I sommarhalvåret blir det arrangert dagsturar til Utvær frå Hardbakke i Solund (Foto: Irene Baug)*



Ved fleire av fyrstasjonane innafor alle fei fem fylke i Kystpilegrimsleia er det tilrettelagt overnatting for reisande. Ein del av fyrstasjonane inngår i ein kystled, slik at reisande kan gå inn på kystledens nettside og finne fram til fyret der (Sjå kap. 5.2.1). Nedanfor er nokre få dømer frå kvart fylke trekte fram.

Geitungen fyr ligg på ei lita øy rett utanfor Skudeneshavn i Rogaland er eit av dei yngste fyra i Norge, og vart tent første gong i 1924. Det vart automatisert og fråflytta i 1994, og er no freda. Haugesund Turistforening driv fyret som turisthytte (http://ut.no/hytte/geitungen-fyr), og her er det mulig for reisande å overnatte.

Etter at Ryvarden fyrstasjon i Sveio kommune i Hordaland vart automatisert og fråflytta i 1984, har dei gamle bygningane fått nytt liv som kultursenteret Galleri Ryvarden – også kalla Ryvarden kulturfyr. Her er det i dag både kunstgalleri, kafé og konferansesenter. Den gamle fyrvoktarbustaden er pussa opp og blir leigd ut som overnattingsstad (http://www.fyr.no/fyrene/fyrene-sor/hordaland/529-ryvarden-fyrstasjon).

Kråkenes fyr i Vågsøy kommune i Sogn og Fjordane er eit av fyra som er lagt til rette for overnatting. Fyret er frå 1906. Her er det gode turmuligheiter i eit variert terreng. Besøkande kan t.d. også ta ein dagstur med båt til Selja og besøke Selje kloster (http://www.krakenesfyr.no/). Overnatting kan bestillast gjennom Slowtur.no.

Eit anna døme på ein fyrstasjon som kan leigast til overnatting er Runde fyr som ligg på Kvalneset på nordvestspissen av den kjente fugleøya Runde i Herøy kommune på Sunnmøre. Den nyaste fyrvoktarboligen på fyrstasjonen er gjort om til ei sjølvbetjent hytte med 24 senger. Hytta er låst med DNT-nøkkel. Her er kan besøkande kjøpe seg mat frå hytta sitt sjølvbetjeningslager og tilberede han sjølv på kjøkkenet. Det er også fine turmuligheiter her – t.d. over Rundebranden som er det tredje største fuglefjellet i Noreg – med eit yrande fugleliv og eit stort artsutval av planter.

I Sør-Trøndelag på vestsida av munninga av Trondheimsfjorden ligg Agdenes fyr – ytst på Agdeneset. Fyret vart lagt ned som bemanna fyrstasjon i 1984, og det vert i dag leigd ut som overnattingsstad til både bedrifter og private (http://www.fyr.no/fyrene/fyrene-nord/sor-trondelag/555-agdenes-fyrstasjon).

**Nedlagte småbruk:**

På Råkeneset i Solund kommune i Sogn og Fjordane ligg ein gamal husmannsplass som i dag er omgjort til overnatting. Alle bygningane her og området rundt er freda av Riksantikvaren. Råkeneset utgjer i dag DNT si vestlegaste hytte, og besøkande kan her overnatte i det 250 år gamle stovehuset. Det er også gode turmuligheiter, og nokre få høgdemeter opp frå stranda får ein ei storslagen utsikt over øyar, spannande landskap langs kysten og Nordsjøen. Råkeneset er også eit fint området for dei som ønskjer å padle (http://ut.no/hytte/r%C3%A5keneset).

**Fiskevær**

Kalvåg fiskevær i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane er eit flott og idyllisk fiskevær med eit godt bevart sjøhusmiljø som i dag er teke i bruk som overnattingsstad for turistar. Øya er omkransa av 700 holmar og skjer, og her finn ein gjestebrygge med alle service-fasilitetar. Det er også kafé, restaurant og matvarebutikk på øya. Knutholmen restaurant ligg i sentrum av fiskeværet. Dette er ein restaurant/pub/kurssenter med maritim og historisk atmosfære. Her blir gjestane servert fisk og skalldyrsrettar der råvarene er henta frå havet rett utanfor og levert av fiskaren sjølv.

Det er i dag 5 ulike overnattingsmuligheiter på Knutholmen-Kalvåg: Leiligheiter med høg standard, rom med kjøkken og bad og rorbuer i ulike storleikar – alle med kjøkken, stove og bad (http://www.fjordnorway.com/no/Produkt/?TLp=47163).

Bud i Møre og Romsdal var eit stort og viktig fiskevær og handelsstad på 1500-1600-talet. Det siste riksmøtet i Noreg vart heldt her i 1533 under leiing av erkebiskop Olav Engelbrektsson. I dag er Bud fortsatt eit aktivt fiskevær med fleire gode restaurantar og gode fasilitetar for besøkande. Her er det gjestehamn for folk som kjem i eigen båt. Det er også utleige av havhus og hytter til overnatting (http://www.visitmolde.com/no/Produkt/?TLp=32328).

### 5.2.1 Eksisterande system for overnatting og transport

Det vil vere viktig at Kystpilegrimsleia knyter seg opp mot allereie fungerande aktørar og system for overnatting og transport som finst langs kysten – som t.d. Kystled. På nettstaden www.kystled.no kan reisande enkelt finne fram til overnattingsstader og båtutleige. Kystled er ei nasjonal satsing som Friluftsrådenes Landsforbund, Forbundet Kysten, Norsk Fyrhistorisk Forening og Den Norske Turistforening (DNT) står bak. Dei fire organisasjonane har etablert ei arbeidsgruppe som arbeider for å fremme og koordinere kystledarbeidet. Kystled blir også støtta av Direktoratet for naturforvaltning. Ein ønskjer her primært legge til rette for ikkje-motorisert ferdsel, og fokuset er på kystkultur og natur og friluftsliv. Eit sentralt mål er også å få til ein fornuftig bruk av offentlege eigedomar som ikkje lenger er i bruk – t.d. fyra og forsvaret sine eigedomar. Friluftsråda, kystlaga og andre organisasjonar tilbyr hus, hytter, fyrstasjonar og naust til utleige i kystleia.

Kystled gir besøkande muligheita til å oppleve skjergarden på ein miljøvennleg måte – med robåt og enkel overnatting. Ideen er henta frå tidlegare tiders *«åreskifte»*. Når reisa føregjekk over lengre strekningar måtte den reisande skifte både rorkar og båt. Ved åreskifta låg det ofte eit gjestgiveri der dei reisande kunne kvile ut og vente på god bør. Kystled dekkar delar av kyspleigrimsleia, og er såleis eit system for overnatting og transport som det vil vere viktig å knytte seg opp mot. Kystpilegrimsleia kan truleg også bidra til å få fleire reisande til å nytte både overnattingsstadane og båtutleiga her – og slik vere med å fremme den lokale utviklinga og verdiskapinga.

Kystreise.no er eit anna nettbasert system som kan vere aktuelt for Kystpilegrimsleia. Dette er eit film- og kartbasert formidlingsprosjekt for norsk og nordisk kystkultur, sjømat og fiskeri for bruk på smarttelefonar, lesebrett og PC (www.kystreise.no). Her vil det vere mulig å lenke opp overnattingsstader og stader for matservering som inngår i Kystpilegrimsleia. Nettstaden vart lansert 21. mai, og ein bør sjå korleis nettsida utviklar seg – og i hovudprosjektet til Kystpilegrimsleia må ein så vurdere om ein skal linke aktuelle stader her opp mot Kystreise.no.

I det vidare arbeidet vil det såleis vere viktig å kople allereie eksisterande system saman – slik at det blir mulig å utvikle eit heilskapleg reiselivsprodukt med Kystpilegrimsleia som tema. På sikt bør overnattingsstader, matserveringar, butikkar etc., ligge tett, og det bør vere eit mål at det skal vere mulig å padle eller ro mellom dei ulike stadene – slik som i tidlegare tiders åreskifte.

### 5.2.2 Lokal mat og tradisjonsmat frå kysten

Mat og overnattingsmuligheiter utgjer heilt sentrale element i ei reiselivssatsing, og gode tilbod til dei reisande er heilt nødvendig for å få folk til å komme. Fleire stader langs leia er det muligheiter for å satse på kortreist mat til dei reisande der lokale leverandørar blir involvert. Det er viktig å ha tilgang til kortreiste råvarer, og det bør stimulerast til auka vekst hos lokale produsentar. Det er eit mål å ta i bruk ressursar frå landbruket over heile landet og å legge til rette for konkurransedyktige verdikjeder. Gjennom innovasjon og omstilling er det mulig å auke verdiskaping basert på landbrukets ressursar og ny kunnskap (St. Meld. 9 (2011-2012): 1.2). Her kan m.a. turistnæringa spele ei viktig rolle. Innovasjon og nytenking er viktig, og mat med særpreg frå dei ulike distrikta vil kunne utgjere eit flott innslag i reiselivssamanheng. Lokalproduserte produkt kan nå fram til forbrukarane

gjennom serveringsstader, butikkar og overnattingsstader. Dette bør såleis ha eit sentralt fokus i eit eventuelt hovudprosjekt.

Som døme trekker vi her fram Kinn bryggjeri, eit lite handverksbryggjeri i Florø som vart starta opp i 2009 som kan trekkast fram i denne samanhengen (Fig. 6). Kinn leverer i hovudsak upasteurisert og ufiltrert øl på fat og flaseke til lokale serveringsstader. Bryggjeriet produserer allereie ei rekke spennande produkt/øltypar med namn som henspeglar både på pilegrimar og kystleia – som t.d. Pilegrim, Sjelefred, Svart Hav og Vestkyst (http://www.kinn.no/).

*Figur 6: Pilegrimsøl frå Kinn bryggjeri (Foto: Knut Åland)*




Norsk Bygdeturisme og Gardsmat (NBG) er ein bransje- og marknadsorganisasjon for alle verksemder innan bygdeturisme og produksjon av gardsmat i Norge (www.hanen.no). NBG fokuserer m.a. på overnatting, servering og lokalmat i Bygde-Noreg, og er slik retta mot element som også vil stå heilt sentralt i Kystpilegrimsleia.

Slow Food også er ein aktør ein bør vurdere å knytte seg opp mot i hovudprosjektet når det gjeld mat. Slow Food er ein organisasjon som jobbar for å trygge viktige bestanddelar av jordbruket som står for matproduksjonen, og har fokus på matkulturell historie, distriktsutvikling og handverksteknikkar. Serveringsstader som ivaretek vår gastronomiske arv og miljøet rundt er ein viktig del av denne kjeda (http://www.slowfood.no). Organisasjonen er styrt av lokallaga, og her ligg det muligheiter for å kunne jobbe med lokalt engasjement og verdiskaping gjennom dei ulike lokallaga. Slow Food Sunnmøre har t.d. hatt stand med servering av villsau på Herøy Gard sin marknadsdag.

Når det gjeld tradisjonsmat frå kysten vil sjømat ha ein heilt sentral plass og eit naturleg fokus. Regjeringa har som ambisjonar at Noreg skal vere eit utstillingsvindauge for norsk sjømat med ein

levande kystkultur som byr på gode opplevingar for både fastbuande og tilreisande (St. meld. 22 (2012-2013):7). I Kystpilegrimsleia er det gode muligheiter for å skape positiv merksemd og fremme omdømmet for norsk sjømat og matkultur. Regjeringa påpeikar det store potensialet for auka bruk av sjømat hos reiselivs- og serveringsbedrifter (St. meld. 22 (2012-2013):7.4), og her kan Kystpilegrimsleia vere ein viktig arena. Langs kysten frå Rogaland til Sør-Trøndelag finst det mange små og store aktørar som det vil vere naturleg å involvere. Ei kartlegging og involvering av desse vil vere viktig i hovudprosjektet. Det kan også vere naturleg å involvere nokre av dei større organisasjonane og nettverka innafor sjømat. Stiftelsen Fiskeriforum Vest er ein marin medlemsorganisasjon som har fokus på å styrke marin næringsutvikling i Vestlandsregionen (http://www.fiskeriforum.no). Smak av kysten er eit nettverksprosjekt som skal auke bruken av sjømat ved m.a. å tilby tilreisande og turistar unike opplevingar knytt til sjømat og kystkultur. Fleire av medlemmane er lokalisert langs Kystpilegrimsleia (http://www.smakavkysten.no).

## 5.3 Europeisk kulturveg

I Europa er det eit stort tal vandreruter langs historiske ferdselsårer. Europeiske kulturvegar (Cultural Routes of Europe) er ein nettverksorganisasjon starta av Europarådet i 1987. Målet var å få fokus på reiser gjennom tid og rom, og korleis kulturarven i dei enkelte landa samla utgjer ein felles europeisk kulturarv. Rutene som får denne statusen må ha eit tema og vere felles for fleire europeiske land.

Dei innanlandske pilegrimsvegane til Nidaros har vore Noreg sin store satsing innafor Europeiske kulturveg. Pilegrimsvegane gjennom Danmark, Sverige og Noreg, under namnet St. Olav veiene, fekk status som Europeisk kulturveg i 2010. Vegane går stort sett gjennom dokumenterte vegfar frå mellomalderen, samt enkelte nye opparbeida trasear. Det bør vurderast om ein skal arbeide for å også få Kystpilegrimsleia til Nidaros godkjent som Europeisk kulturveg. I følgje skriftlege samtidskjelder var som sagt dette den mest brukte leia mot Nidaros – i alle fall for utanlandske pilegrimar (Adam av Bremen).

# 6 Moderne pilegrimsferd

Motiva for pilegrimsferd har endra seg frå mellomalderen til i dag, og det å bli frisk frå sjukdom og botshandlingar er ikkje lenger sentrale motiv. Dagens pilegrimsreiser er meir eit utrykk for religiøs eller åndeleg søken, der målet ofte er sjølvutvikling (Olsen 2013:12). Dagens pilegrimar reiser gjerne for å kunne søkje andre verdiar og auka livskvalitet enn det folk flest finn i ein travel kvardag. Dette gjeld både i åndeleg-, sosial- og kulturell samanheng. Pilegrimsreiser kan slik gi den reisande nye impulsar og opplevingar.

Pilegrimsferdene kan likevel seiast å ha ein førebyggande effekt, der friluftsliv og folkehelse står sentralt. Mange av dagens pilegrimar vel den fysiske vandringa til fots (Olsen 2013:13), og pilegrimsreiser kan slik vere ein motivasjonsfaktor for å få folk til å komme seg ut og gå. Friluftsliv og naturkontakt utgjer såleis ein heilt sentral del i dagens pilegrimsvandringar. For dagens pilegrimar har difor sjølve reisa fått auka betyding, sjølv om valfartsmålet også framstår som viktig for dei fleste.

Valfartsmålet blir i dag gjerne oppfatta som ein stad lada med fortid og tradisjon, kontinuitet og samanheng (Olsen 2013:13).

For den moderne pilegrimen har nærleik til naturen og naturkontant fått ein stadig meir sentral plass, også som begrunnelse og motivasjon for å føreta ei pilegrimsreise. Pilegrimsferd er for mange blitt eit viktig element i søken etter ei djupare naturforståing og engasjement for naturen (Olsen 2013:12). Pilegrimsferd på havet gir kanskje ei særskilt form for nærleik til naturen og naturkreftene.

Den åndelege og religiøse dimensjonen er likevel ikkje den einaste motivasjonsfaktoren for å få folk til å delta på pilegrimsreiser. Det kulturhistoriske aspektet og fokus på kysten si historie gjennom fleire tusen år vil for mange vere like viktig. Kystpilegrimsleia representerer ei historisk reiserute der unike kulturminne og kulturmiljø er med på å gi den reisande innblikk i dette. Reisa vil fremme kunnskap om historie og kulturminne langs det som tidlegare var Noregs hovudfartsåre - kystleia.

## 6.1 Transport

Det vil vere mulig å reise både med eigen båt langs kystleia og med kollektivtransport. Med eigen båt er det lett å ta seg fram. Då kan ein sjølv legge opp turen og velje kvar ein vil stoppe og kor lenge ein vil vere på dei ulike stadene. Sannsynlegvis vil dei fleste som tek turen langs Kystpilegrimsleia i stor grad vere avhengig av kollektivtransport. Det går rutebåtar langs kysten, og ein vil med desse kunne nå mange av stadene som inngår i Kystpilegrimsleia. Enkelte av heilagstadene/kulturminna, overnattingsstadene og serveringsstader ligg ikkje ved anløpsplassane til rutebåtane, og desse kan det vere lettare å nå med buss og ferje. På strekninga mellom Rogaland og Nidaros vil det såleis vere naturleg å kombinere båt og buss – dersom ein reiser kollektivt. På denne måten vil ein nå dei aller fleste stadene langs leia ved bruk av kollektivtransport. Ei reise langs Kystpilegrimsleia er slik godt eigna også for folk som ikkje kan eller ønskjer å gå så langt.

Organiserte pilegrimsreiser med båt langs kysten vil vere eit fint alternativ for mange – både norske og utanlandske besøkande – som ikkje sjølve ønskjer å organisere turen. Skuleskipet Gann har t.d. arrangert fleire pilegrims-seglas frå Stavanger til Nidaros.

### 6.1.1 Fartøyvernet – ein ressurs i Kystpilegrimsleia?

Fartøyvern er eit statleg ansvar i den forstand at ein tek vare på eit utval fartøy som er representative for den norske, maritime kulturarva. Riksantikvaren gir økonomisk tilskot til antikvarisk istandsettjing og vedlikehald av verneverdige fartøy. Sjølve fartøyvernet blir halde oppe av ein omfattande frivillig innsats som i stor grad er retta mot drift og vedlikehald av fartøy som er i aktiv bruk (http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Fartoy_og_kystkultur/). Desse verneverdige fartøya kan få ein aktuell bruk og bør kunne aktiviserast gjennom Kystpilegrimsleia. Ein har verneverdige fartøy i alle dei fem fylka som inngår i prosjektet, og desse vil kunne utgjere eit viktig innslag i ei reiselivssatsing langs leia (Fig. 7). Kystpilegrimsleia kan bli ein marknad og kanal for å få meir bruk av båtane. Med riktig og god marknadsføring kan dette på sikt utvikle seg til å bli eit godt og berekraftig reiselivsprodukt med fokus på å formidle både pilegrimsleia, bruken av kysten, fartøyet og historia knytt til dette. Dette kan gi verdiskaping lokalt og vere med på å fremme det lokale engasjementet i forhold til Kystpilegrimsleia. Forprosjektet har vore i kontakt med aktørar innan fartøyvernet, som

har signalisert ønske om eit samarbeid med Kystpilegrimsleia. I det vidare arbeidet bør det såleis leggast opp til eit tett samarbeid med fartøyvernet.

*Figur 7: Det verneverdige fartøyet Svanhild til kai i Florø, Sogn og Fjordane (Foto: Knut Åland)*



### 6.1.2 Kystlaga og mindre opne tradisjonsbåtar

Langs heile strekninga som Kystpilegrimsleia utgjer – Rogaland til Sør-Trøndelag – finn vi kystlaga, som utgjer ryggraden i Forbundet Kysten. Kystlaga har tradisjonsbåtar – opne båtar, dekka seglfartøy og større lokalbåtar – og driv aktivitetar i forhold til desse (Fig: 8). Dei driv m.a. med leirskular for barn og ungdom, turar til andre kystlag eller besøker kulturminne både i og utanfor Norge. Fokus er bevaring av kystkulturen (http://old.kysten.no/community.asp?uid=48). Dette er såleis eit system som det vil vere lett å aktivere og involvere i forhold til Kystpilegrimsleia. Vern gjennom bruk står sentralt, og båtar kan t.d. lånast eller leigast ut. I hovudprosjektet vil det vere viktig å inkludere kystlaga langs heile kysten – og dei har også signalisert interesse i å kople båtane opp mot Kystpilegrimsleia.

*Figur 8: Tradisjonelle oselvarar (Foto: Atle Ove Martinussen, Museumsenteret i Hordaland)*



I forprosjektet har vi i tillegg hatt kontakt med Oselvarverkstaden, ei stifting som Os kommune, Hordaland fylkeskommune og Os båtbyggjarlag står bak. Dei driv m.a. med reperasjon, produksjon og sal av oselvarbåtar, samtidig som dei har eit visningssenter der publikum kan komme og sjå på verkstaden og båtbygginga. Oselvarverkstaden er eit économusée der formålet er å ta vare på, utvikle og syne fram tradisjonsrike handverk og kunnskapen om desse. Oselvarverkstaden vil såleis utgjere eit spennande besøksmål, samtidig som det vil kunne vere ein viktig produktleverandør til aktørar som ønskjer å drive med aktivitetar i forhold til Kystpilegrimsleia – der dei kan få både reparert og bygd båtar.

Tilsvarande kompetanse finst også ved Museet Kystens Arv som vi også har hatt glede av å møte i forprosjektet. Dette er eit kystmuseum i Rissa kommune i Sør-Trøndelag med vekt på båtbyggertradisjonar og praktisk bruk av båten. Båtbyggjeriet ved Museet Kystens Arv heiter Båtskott Trebåtbyggeri. Dei bygger ca. 6-8 tradisjonelle opne trebåtar i året – t.d. Åfjordsbåt, Innherredsbåt, Normørsbåt, listerbåtar, notgavler og spissbåtar. Dette ein av få båtproduksjonsbedrifter i landet som framlies bygger og sel til ein marknad, og kan såleis utgjere ein viktig aktør i forhold til Kystpilegrimsleia (http://kystensarv.no).

### 6.1.3 Skyssbåtdrift

Langs Vestlandskysten er det fleire som i dag livnærer seg av både skyssbåtdrift og turisme. Det er mulig for reisande å leige eigne båtar for korte turar eller ein leiger båt med førar som tek turistar til ønska reisemål langs kysten. Dette er aktørar som bør knytast til Kystpilegrimsleia. I hovudprosjektet bør ein få ei oversikt over aktuelle selskap som driv med skyssbåtdrift – og knytte desse opp mot Kystpilegrimsleia.

### 6.1.4 Kollektiv transport

Ved eit eventuelt hovudprosjekt bør ein arbeide for å etablere ein pilegrimsbillett som gjer det mulig for reisande å kjøpe ein billett for heile Kystpilegrimsleia – frå Rogaland til Nidaros – der både rutebåtar, ferjer og bussar inngår. Dette vil gjere det lettare for reisande å reise med kollektiv transport. Her bør det vere mulig å legge inn stoppestader og vandringar undervegs etter eige ønske. Det vil her vere ei utfordring at ein er avhengig av samarbeid og avtale med fleire ulike reiseselskap. Det bør også lanserast ulike forslag til reiserute, stoppestader og kulturminne for reisande med kollektiv transport.

# 7 Formidling og produktutvikling

Informasjon bidreg til kunnskap og forståing, og er eit viktig element ved tilrettelegging av Kystpilegrimsleia. Dette vil gjere det meir interessant å ferdast her, og kan slik føre til auka bruk av leia – både av pilegrimar og andre. Målgruppa er allmenheita generelt – vaksne og born, lokalbefolkning og turistar – både pilegrimar og andre reisande og kulturhistorisk interesserte, norske og utanlandske. Informasjon bør difor føreligge på fleire språk – både informasjonsmateriell, brosjyrar og skilt. Mange av dei tilreisande vil komme med båt – både rutebåt og privat båt. Det bør difor leggast opp til informasjon ved aktuelle anløpsplassar. God informasjon stimulerer til bruk. Det kan vere ein idé å utarbeide ein marknadsføringsplan med strategiar for korleis ein ønskjer å drive marknadsføringa av Kystpilegrimsleia innafor rådande ressursar.

Forslag til formidlingsopplegg har delvis teke utganspunkt i forprosjektet «Kongevegen over Filefjell» (Kongevegen over Filefjell […] 2011: 116-122), som innehar fleire aspekt og problemstillingar rundt formidlinga som også vil vere sentrale i Kystpilegrimsleia. Tre hovudtypar informasjonsformidling bør stå sentralt:

1. Fast informasjon langs Kystpilegrimsleia: Informasjon på anløpslassar og naturlege stoppestader langs leia.
2. Informasjon gjennom publikasjonar, m.a. brosjyrer, guidbøker og internett.
3. Informasjon gjennom opplæring: skuleverket, historielag, kyrkjelydane etc.

**Skilt og informasjonstavler**

Informasjonstavler og skilt bør plasserast ved alle kaianlegg for ekspressbåtar og ferjer. Dette vil vere eit viktig verkemiddel for også å få besøkande som kanskje ikkje har planlagt det til å ta turen til dei ulike kulturminna. Skilt og informasjonstavler bør også settast opp ved dei forskjellige stadene som inngår i Kystpilegrimsleia. Ferdsel må skje på kultur- og naturlandskapet sine premiss, og skilting og informasjon er også eit verkemiddel for å beskytte kulturminneverdiane ved heilagstadene.

Forprosjektet har ikkje laga ein eigen skiltmal for Kystpilegrimsleia. I eit hovudprosjekt vil det vere nødvendig å utarbeide ein heilskapleg plan for skilting og informasjonstavler langs leia, der ein vurderer både aktuelle stader for skilting og kor mykje informasjon som skal med. Det er viktig at skilt og informasjonstavler blir sett opp med forsiktigheit slik at dette ikkje blir visuelt forstyrrande element i terrenget. Skiltinga bør ha estetiske kvalitetar og ein må tenke nøye gjennom plasseringa. Det vil vere naturleg å følgje den nasjonale standarden for skilting og gradering av turløyper og

aktivitetar, som t.d. toppturar, sykling, dykking, fisking og padling (Skilting og gradering av turløyper […] 2011).

Det er tidlegare utvikla ein eigen logo som berre gjeld for pilegrimsleier som er godkjent av Riksantikvaren. Symbolet kan berre brukast av leier som fører til Nidaros (Prosjekt pilegrimsleden 1994-1997 […]:19). Det vil vere naturleg å bruke denne logoen for å markere Kystpilegrimsleia, men ein bør vurdere om ein også skal ha ein tilleggslogo – som t.d. ei bølgje – for å markere at dette er pilegrimsleia langs kysten. Søknad om å bruke pilegrimslogoen – både med og utan bølgje – må sendast til Nasjonalt Pilegrimssenter. Dette kan først gjerast om og når Kystpilegrimsleia er blitt ei godkjent lei.

Det kan vere ønskeleg og hensiktsmessig å sette opp større informasjonstavler ved viktige anløpsplassar – med opplysningar om Kystpilegrimsleia generelt, og med kart som viser leia og dei viktigaste kulturelementa undervegs. Ved dei ulike kulturminna/heilagstadene som inngår i leia bør det settast opp mindre skilt eller informasjonstavler med kart som viser kor lang leia er og kvar på strekninga ein befinn seg.  Ved viktige landetappar bør det settast opp vegvisarskilt og piler som viser kvar ein skal gå. Alle skilt bør ettersjåast kvart år, og bytast ut dersom dei er skada.

Ulike produktleverandørar bør vurderast. Det vil vere viktig å bruke skilt som ikkje korroderar eller blir øydelagt etter nokre få år. Forprosjektet har hatt kontakt med Arkeoplan (www.arkeoplan.no) ved Hans Olav Henden som har signalisert eit sterkt ønske om samarbeid med Kystpilegrimsleia.

**Brosjyrar og guidebøker**

I tillegg til den visuelle merkinga langs leia må av det utarbeidast informasjonsmateriell over Kystpilegrimsleia og heilagstadene/kulturminna knytt til denne. Det er viktig med brosjyrar både på norsk og andre språk. Desse må vere tilgjengelege på turistinformasjonar i nært- og meir fjerntliggande byar på både Vest- og Austlandet, på anløpsplassar, butikkar og overnattingsstader.

Det bør også vere eit prioritert mål i hovudprosjektet å utarbeidd ei utfyllande guidebok/turbok for heile Kystpilegrimsleia med gode kart og gode bilete. Dette arbeidet kan starte allereie tidleg i prosessen, men må utformast etter kvart som hovudprosjektet utviklar seg. Boka bør ta for seg strekning for strekning, og innehalde mindre artiklar om dei ulike kulturminna og heilagstadene si historie og rolle. Her kan også segn og fortellingar knytt til stadane innlemmast. Det vil samtidig vere viktig å få med aktivitetar og turar som er mulig ved dei ulike lokalitetane. I tillegg er det behov for eigne brosjyrar ved dei forskjellige kulturminna og heilagstadene. Dette bør ha eit sentralt fokus i det vidare arbeidet.

På sikt bør det også vurderast om ein skal laga ei større praktbok for Kystpilegrimsleia.

**Internett og sosiale media**

Innafor eit eventuelt hovudprosjekt bør det etablerast ei eiga nettside som omhandlar Kystpilegrimsleia. Det er viktig å utarbeide ein nettbasert guide for leia som tek for seg landskapet, attraksjonar, turar, aktivitetar og arrangement. Her må det vere gode kart og lett søkbar informasjon

om rutene, kulturminna, overnattingsmuligheiter og mat. Nettsida bør koplast til eksisterande databasar, der destinasjonane allereie har tilgjengeleggjort slik informasjon. Fordelen er at informasjonen då alltid er oppdatert, og kopla vidare til portalar som Visitnorway.com og Fjordnorway.com. Når ein i hovudprosjektet startar arbeidet med verdiskaping og næringsutvikling vil det såleis vere viktig å ha tett dialog både med NCE Tourism Fjord Norway og destinasjonsselskapa. Nettsida bør utviklast på fleire språk, og ho bør også linkast opp mot den eksisterande sida *Pilegrimsleden – St. Olavsvegene til Trondheim* (http://www.pilegrim.info/).

Kystpilegrimsleia som reisemål bør også profilerast gjennom websider som *Trip Advisor* og *Google Earth*. I tillegg til at dette er gratis, er det sider som blir brukt i stor utstrekning av reisande. Mange hentar ut informasjon herifrå før ferie. Det internasjonale internettbaserte leksikonet *Wikipedia* kan også vere eit aktuelt medium å nytte. Wikipedia har svært mange brukarar, og det vil her vere viktig å legge inn tekstar, gode bilete og linkar til aktuelle stader/kulturminne langs leia så vel som til eiga heimeside. Kystpilegrimsleia vil slik på ein lett og rimeleg måte bli marknadsført både nasjonalt og internasjonalt.

Ein anna internettbasert database der brukarane sjølv kan legge ut opplysningar er *Digitalt fortalt.* Dette er ein landsdekkande formidlingssnettstad for fortellingar knytt til kulturminne og kulturarv. Her er det mulig å legge inn tekst med illustrasjonar, video, lydfiler og animasjonar. Det er også mulig å lage nettustillingar her. Dette vil vere ein god kanal for å nå ut til dei meir historieinteresserte brukarane av Kystpilegrimsleia.

*Kulturminneløypa* er også eit aktuelt internettbasert prosjekt. Kulturminneløypa vart opna i Kulturminneåret 2009 og vil bli ført vidare som ei varig løysing. Her er det mulig å lage løyper mellom kulturminne både lokalt og nasjonalt, og vil slik vere svært aktuelt i forhold til Kystpilegrimsleia. Løypene kan opplevast både digitalt og i fysisk form av vandringar og turar i terrenget. Kartfestinga som prosjektet er basert på gjer det mulig å kombinere stad og kulturminne (http://loype.kulturminneaaret2009.no/kulturminneloypa).

Under arbeidet med hovudprosjektet bør ein også vurdere å opprette ei *Facebook* side for prosjektet. Denne kan ein nytte både under prosjekttida men også etterpå.

**GPS og GIS-verktøy**

GPS blir i dag meir og meir vanleg. Innafor hovudprosjektet bør ein difor i ein tidleg fase satse på å få lagt inn opplysningar om Kystpilegrimsleia via GPS – med kartfesting av kulturminne/heilagstader, overnatting og matservering. Dette kan nyttast av reisande både med båt og bil, men også av folk med håndholdte GPS'ar til turbruk. I dag er det også vanleg med innebygde GPS og internettmottakarar i dei fleste nye mobiltelefonar. Opplysningar om Kystpilegrimsleia via GPS vil såleis gjere det mulig for reisande å hente inn opplysningar om leia mens dei er undervegs. Informasjon via GPS kan slik også fungere som eit trekkplaster, og få reisande til å legge vegen innom kulturminne og overnattingsstader langs leia.

**Mobilguide**

Eit spennande innslag for reisande langs Kystpilegrimsleia vil vere å følgje ruta med mobilguide. Ei rute der ein blir guida ved hjelp av ein applikasjon på mobilen kan gjere turen både utfordrande og spennande for besøkande i alle aldrar, men vil kanskje særleg vere ein motivasjonsfaktor for born og unge til å ta reisa. Dei fleste smarttelefonar i dag har muligheit til å laste ned applikasjonar (programvare) som kan lese QR kodar, og dermed få tilgang til informasjonen som ligg her. Ved å laste ned ein QR kode med informasjon om og kart over Kystpilegrimsleia og heilagstadene/kulturminna langs denne vil ein ved hjelp av mobilen kunne bli guida gjennom leia. På denne måten kan ein styre besøkande til aktuelle område.

Det er dessutan mulig å utvikle mobilapplikasjonar med ulik grad av avansertheit. Såkalla spelrelaterte applikasjonar med diverse utfordringar, som spørsmål og oppgåver kombinert med belønningar til brukaren, kan verke som motivasjonsfaktor for å få besøkande til å reise langs leia. Det er også mulig å linke applikasjonen opp mot sosiale nettstader som t.d. facebook – og besøkande kan slik oppdatere sin status her. Muligheitene er altså fleire og store, og mobilapplikasjonar vil gi Kystpilegrimsleia ein auka underholdningsverdi samtidig som det vil ha stor læringseffekt på besøkande.

For å kunne utvikle mobilapplikasjonar i tilknyting til leia må ein knytte til seg folk med IT-kompetanse – både i og utanfor Noreg.

**Suvenirar og pilegrimseffektar**

Etableringa av Kystpilegrimsleia opnar for å utvikle suvenirar og pilegrimseffektar knytt til denne – både for å promotere leia som eit heile – men også for å reklamere for dei enkelte heilagstadene/kulturminna som inngår i leia. Dette kan t.d. vere T-skjorter, pins, plakatar, støypejernsmerker etc. Her kan det vere muligheiter for mindre lokale verksemder.

**Padlande pilegrimar og utvikling av padleguidar**

Noreg har ei fantastisk kystlinje, og vestlandsskjærgarden er eit flott område for padleturar med havkajakk eller kano. Dette vil gi ei unik og variert naturoppleving og ein fantastisk måte å ta seg fram på langs Kystpilegrimsleia. Dei ytre delane av skjergarden er ofte eksponert med gode muligheiter for å føle på naturkreftene (Fig. 9), mens dei indre delane av skjergarden har rolegare farvatn å by på.

*Figur 9: Padling i røft farvatn utanfor Bergen (Foto: Lars Verket)*



Langs leia er det mange fantastiske friluftsområder som er eigna for rasting og telting. Padling med havkajakk blir stadig meir populært, og ei utarbeiding av padleguidar og oversikt over eigna raste- og overnattingsstader vil gjere kystleia tilgjengeleg for fleire. I kajakken eller kanoen kjem ein tett på natur og dyrelivet. Padlarar kan nyte naturen, oppleve stillheita, men også vind, bølgjer og strømningar langs kysten. Samtidig får ein god fysisk trening. Padling er ein heilårsaktivitet med muligheter for både små og lengre turar, og det vil opne for heilt nye muligheiter i pilegrimssamanheng. Padling langs pilegrimsleia kan også gjere at andre typar menneske enn den typisk vandrande pilegrimen ønskjer å ta turen (Fig. 10).

*Figur 10: Den årlege padlefestivalen på Langøy Kystkultursenter i Hordaland i mai 2013 (www.padlefestivalen.no). Langøy Kystkultursenter er ein restaurert handelstad frå 1800-talet. Her er det naust, handelsbu, eige vedfyrt bakeri og ein open kafé i sommarsesongen (Foto: Lars Verket)*



Padling langs kystleia som ferie- og fritidsform vil vere eit viktig berekraftig bidrag – utan utslepp, støyrfritt, lite slitasje på natur og stor folkehelseeffekt. Det bør utarbeidast padleguidar for Kystpilegrimsleia – med forslag til turar for anten heile eller delar av strekninga. Ein padleguide for

heile leia frå Rogaland til Nidaros kan bidra til å generere fleire og meir detaljerte guidar for ulike område. Det vil også vere viktig å trekke fram og merke etappar på særleg utstette strekningar. Det bør vidare vurderast å legge til rette for leir/teltplassar fleire stader. Padleguidar langs Kystpilegrimsleia kan utarbeidast i bokform, men det er også viktig at forslag til padleruter, posisjonar og gode teltplassar langs leia kan lastast ned på GPS.

Ei utarbeiding av padleguidar bør vurderast som eit delprosjekt innan hovudprosjektet, men finansiert gjennom eigne midlar. I det vidare arbeidet kan det vere viktig å opparbeide ei oversikt over sentrale aktørar som kan bidra til utarbeiding av padleguidar. Forprosjektet har hatt kontakt med Lars Verket, som har kartlagt og utarbeida padleguidar for Sørlandskysten, og som har signalisert eit ønske om samarbeid med Kystpilegrimsleia (Verket 2009; 2010; http://www.homoludens.no/2013/03/13/padlepilegrim/).

## 7.1 Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing i regi av Kunnskapsdepartementet og kulturdepartementet for å få meir kunst og kultur inn i skulen, og kulturarven er eit viktig element. Den kulturelle skulesekken har vore ein del av regjeringa si kulturpolitiske satsing for grunnskulen sidan 2001, og har etter kvart blitt utvida også til vidaregåande skule. Alle elevar frå 6 til 19 år blir såleis innlemma i ordninga (http://kulturradet.no/om-dks). Den kulturelle skulesekken kan også vere ein potensiell arena for formidling av Kystpilegrimsleia, og bruken av kysten generelt frå forhistorisk tid til mellomalder. Fylkeskommunane skal nytte lokale og regionale kunst- og kulturressursar i arbeidet med Den kulturelle skulesekken, og det er gode muligheiter for dei ulike regionane langs leia å få til spennande opplegg med Kystpilegrimsleia og kulturminna her som tema. Arbeidet må forankrast lokalt, i den enkelte skule, kommune og fylkeskommune.

## 7.2 Dei lokale kyrkjelydane

Dei lokale kyrkjelydane kan vere sentrale leverandørar av kyrkjelege og andelege handlingar for pilegrimar som måtte ønske det. Det vil vere viktig at reisande i stor grad blir møtt av opne kyrkjer – og her vil også dei lokale kyrkjelydane spele ei sentral rolle. Informasjon om kontaktpersonar bør gjerast tilgjengeleg på nett.

## 7.3 Forsking og utvikling

Forsking på aktuelle tema og kulturminne/heilagstader i tilknyting til Kystpilegrimsleia vil vere eit viktig element for å auke kunnskapen rundt leia og bruken av kysten. Forskingsresultat i form av tilgjengleggjering og levandegjering vil auke folk si forståing av kulturarven Kystpilegrimsleia representerer, både nasjonalt og internasjonalt. Det vil vere viktig å opprette kontakt og dialog med ulike forskingsinstitusjonar, universitet, høgskular og museum, med aktørar som kan ha interesse av å utarbeide forskingsprosjekt knytt til Kystpilegrimsleia. Det vil her vere viktig å få dei ulike institusjonane til å fange interesse for tema – og innlemma det i eige forskingsarbeid. Det vil såleis vere mulig å få til spennande prosjekt innafor dei økonomiske rammene til dei ulike forskingsinstitusjonane. Det kan t.d. vere mulig å utarbeide både mastergradsprosjekt og PhD

prosjekt – og slik innlemme aktuelle tema rundt Kystpilegrimsleia i både utdanning og forsking. Det er viktig å sikre eit godt samspel mellom ulike aktørar og FoU for å få til ei god utvikling og gode produkt.

I forprosjektet har vi hatt dialog med Institutt for arkeologi, historie, kultur og religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen, Universitetsmuseet i Bergen, Museumssenteret i Hordaland, Sunnmøre Museum ved Volda bygdetun og Ørland Kultursenter, som alle signaliserer at forsking og formidling på ulike tema knytt til pilegrimsleia eller kulturminne langs denne kan vere aktuelle satsingsområde.

Ørland kultursenter i samarbeid med Ørland kommune og Ørland kyrkjelege fellesråd held for tida på å planlegge eit forskingsprosjekt med utgangspunkt i reformasjonen: *Reformasjonsprosjektet – Austrått 1537.* Målet er her å sette søkelys på reformasjonen både i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv – og prosjektet ønskjer Austrått som ein nasjonal markeringsstad for reformasjonen i Noreg. Eit slikt prosjekt kan vere med på å sette mellomalderens pilegrimstradisjon og religionshistorie inn i ein større samanheng.

Sunnmøre Museum, Universitetsmuseet i Bergen og Møre og Romsdal fylkeskommune planlegg for tida ei revitalisering av Borgundkaupangen på Møre – som også har ein sentral plass i Kystpilegrimsleia. Sunnmøre Museum skal lage ny utstilling, og i samband med dette ønskjer ein å finne ut meir om Kaupangen.

Museumssenteret i Hordaland vurderer eit utstillingsprosjekt på eit av dei verneverdige fartøya – M/S Nybakk – som kan linkast opp mot Kystpilegrimsleia. M/S Nybakk er ein kulturbåt frå Sogn og Fjordane som driv med utstillingar – både eigne og andre sine – og vil kunne fungere som ein seglande utstillingsarena (www.msnybakk.no). Prosjektet er tenkt som eit samarbeid med andre museum langs kysten – med fokus på stader og kulturminne som inngår i Kystpilegrimsleia. Her er det også mulig å få til eit opplegg der pilegrimar kan gå på som medseglarar på heile eller delar av strekninga.

Forslag til andre aktuelle forskingstema som er kome opp i forprosjektet er:

- Kartlegging og dokumentasjon av St. Olavskyrkjene i Europa. Dette kan t.d. utgjere eit master eller PhD prosjekt innafor t.d. arkeologi, religion eller kulturvitenskap.
- Kartlegging og samla framstilling av pilegrimsmerker funnet langs Kystpilegrimsleia.
- I fleire andre land, t.d. Skottland og Spania, har ein eit godt utvikla opplegg for reiseliv knytt til pilegrisreiser. Ein studietur hit kan vere viktig for det kommande reiselivet knytt til Kystpilegrimsleia.

# 8 Kulturminne langs Kystpilegrimsleia

Eitt av måla med Kystpilegrimsleia er økonomisk verdiskaping gjennom å aktivere kulturminna og historia rundt dei. I forprosjektet er det difor vurdert som viktig å presentere ei første kartlegging av aktuelle kulturminne langs kystleia som ein kan og må bygge vidare på. Dette er heilt grunnleggande element som er nødvendige for å etablere ei tema- og kulturreise av denne typen. I denne første kartlegginga har vi valt å legge vekt på stader med ei spesiell eller historisk og/eller religiøs betyding, og fortrinnsvis utgjer dette stadar og kulturminne frå mellomalderen. Vi har også trekt inn den

immaterielle kulturarven, som segn, legender og historiar langs kysten. Då spesielt knytt til St. Olav og St. Sunniva. Dei stadene som er valt ut har vore eller er framleis kultstader, og fleire av dei utgjorde viktige pilegrimsmål og stoppestader i mellomalderen. Utvalet i forprosjektet er gjort på bakgrunn av diskusjonar og informasjon fått gjennom dei fylkesvise arbeidsmøta som har vore arrangert. Stadene som blir trekte fram i forprosjektet vil utgjere eit viktig fundament for vidare arbeid. Det vil her vere mulig for dei ulike regionane å knyte fleire stader opp mot Kystpilegrimsleia, og fokus innafor dei ulike fylka vil truleg variere. Det er viktig er at det ikkje er for stor avstand mellom stadene som ein vel å inkludere og fokusere på i Kystpilegrimsleia, og det bør vere eit mål at ein kan nå ein eller fleire av stadene i løpet av ei dagsreise.

Kystpilegrimsleia kan utgjere ein viktig muligheit for å få til eit generelt større fokus på kulturminne og bruken av kysten uavhengig av periode. I hovudprosjektet bør ein såleis vurdere å i større grad også gå både bakover og framover i tid. Ein bør legge vekt på å også innlemme kulturminne frå forhistorisk tid, som t.d. større gravrøyser som ligg langs seglingsleia, helleristningsfelt og andre (Fig. 11). I hovudprosjektet bør ein også arbeide vidare med å integrere nyare tids kulturminne langs kysten – som t.d. fyrstasjonane og dei gamle handelsstadene. Dette vil gi ei endå breiare og heilskapleg tilnærming til kysthistoria og farleia – og kulturminna som finst her. Det vil også bidra til å sette mellomalderens pilegrimshistorie inn i ein større historisk samanheng.

*Figur 11: Gravrøys langs seglingsleia i Bremanger, Sogn og Fjordane (Foto: Eva Moberg)*



Kunnskap rundt kulturminna og historia her er heilt nødvendig for å gjere dei til interessante turistmål, og slik kunne aktivere stadene gjennom eit verdiskapingsprosjekt. I turistsamanheng er det

samtidig viktig å få fram opplevingsmuligheitene ved dei ulike stadene. Kva finst det av aktivitetar og opplevingar som ein kan tilby besøkande der i dag? I den følgjande presentasjonen har vi difor lagt vekt på å trekke fram dei historiske aspekta ved det enkelte kulturminnet – samtidig som vi set fokus på tilbod og aktivitetar rundt dei ulike stadene. Dette er aspekt som heng saman, og som det er viktig å ha eit samla fokus på i reiselivs- og verdiskapingssamanheng.

## 8.1 Rogaland

### Stavanger domkyrkje

Stavanger bispedøme vart oppretta i 1125, og dette medverka stil å sette fart på byutviklinga her. Domkyrkja skal seinast ha blitt påbegynt i 1128, og ho stod ferdig på midten av 1100-talet (Bjelland 2000:297). Domkyrkja i Stavanger hadde fleire relikviar. Den viktigaste var truleg armbeinet av St. Svithun, og kyrkja var via til den heilage Swithun av Winchester. I 1275 gav erkebiskop Jon Raude biskopen i Stavanger rett til å utstede avlatsbrev – m.a. for å finansiere gjenoppbygginga av kyrkjekoret som brann opp i 1272. Etter brannen vart det gamle tårnet i vest erstatta av to nye tårn i austfronten (Olsen 2013:120). Skriftkjelder nemner likevel ikkje eksplisitt Stavanger som pilegrimsmål, og det er difor føreslått at Stavanger truleg har fungert som eit lokalt pilegrimsmål for folk i eit begrensa nærområde. Det er samtidig sannsynleg at langvegsfarande pilegrimar såg byen og kyrkja som eit delmål på vegen til Nidaros eller at byen og kyrkja utgjorde regionale pilegrimsmål som Bergen og Selja (Bjelland 2000:298).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Domkyrkja er eit flott bygg som har vore i kontinuerleg bruk sidan ho stod ferdig på midten av 1120-talet (Fig. 12). Kyrkja har ei spesiell form ved at ho er bygd etter to stilartar. Skipet er romansk (frå 1100-talet) og koret er gotisk (frå 1200-talet). Det meste av interiøret i kyrkja frå mellomalderen forsvann under reformasjonen. Ved gjenoppbygginga etter brannen i 1272 fekk koret ein døypefont i kleberstein som blir rekna som ein av landets vakraste frå gotikken. Denne er framleis i bruk. På 1600-talet vart kyrkja utsmykka med inventar i barokk stil. Preikestolen blir rekna som ein av Noregs finaste arbeid i brusbarokk (Olsen 2013:122, 124).

Kontaktinformasjon til kyrkja er: http://www.kirken.stavanger.no

*Figur 12: Stavanger domkyrkje*



## Utstein kloster

Utstein klosteret på Mosterøy i Ryfylke vart etablert som eit augustinarkloster, og var eit av mange kloster som låg tett ved kystleia. Augustinarane skulle drive utadretta diakonal verksemd – og truleg har dei husa både pilegrimar og andre reisande (Olsen 2013:125). Det er anteke at klosteret vart oppretta ca. 1270, og augustinarane ser ut til å ha overteke eit eldre kongsgardsanlegg då dei kom (Hommedal 1999:171). Nyare forsking kan likevel tyde på at klosteret vart etablert allereie på 1100-talet (Olsen 2013:125). Staden har truleg vore eit maktsentrum langt tilbake i tid.

Hamneområda ved Utstein kloster ligg svært sentralt i krysninga melom fleire sentrale leiar – den ytre og fleire indre. Dette har truleg medverka til å gjere klosteret til ein naturleg stoppestad både for pilegrimar og andre reisande langs kysten. I mellomalderen var det i stor grad den ytre leia frå Kvitsøy til Karmsundet nytta (Elvestad 2005a:20, 27).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Utstein kloster er Noregs einaste fullt restaurerte mellomalderkloster (http://www.utstein-kloster.no/). Tre klosterfløyar er framleis bevarte, og klosteret står slik i ei særstilling når det gjeld bevaring samanlikna med bygningsrestar frå dei andre norske klostera (Hommedal 1999:156). I dag blir Utstein kloster brukt som kurs- og konferansestad. Det fungerer ikkje lenger som kloster, men gir likevel besøkande ei unik ramme for innblikk i mellomalderens klosterliv.

Klosteret er bygd ut i fleire fasar, til det kvadratiske bygningskomplekset rundt ein open klostergard. Klosterkyrkja står i nordfløyen av anlegget, og er godt bevart. Publikum har tilgang til klosterkyrkja, klostergarden, refektoriet (munkane sin spisesal), munkekjøkkenet og «herregårdsstuene». I tillegg er klosterhagen med 250 år gamle bøketre open for besøkande. Det er tilrettelagte turløyper i området, og det er også utleige av kajakkar her.

I nærleiken av klosteret er Utstein pilegrimstad etablert som eit moderne senter for stillheit, bønn, pilegrimsvandring og åndeleg rettleiing. Her ønskjer ein å vidareføre noko av den gamle bønetradisjonen frå klosterlivet (http://www.utsteinpilegrimsgard.no/). Pilegrimsgarden har utarbeida ein skriftleg vandringsguide for utvalgte vandringsmål i nærmiljøet (Klosterøy, Fjøløy og Mosterøy). Pilegrimsgarden har også engasjert seg i pilegrimsverksemd i ein større samanheng, som vandringar til det etterreformatoriske valfartsmålet i Røldal og pilegrimsferd langs kystleia (Olsen 2013:127).

Utstein kloster og pilegrimsgard har lett tilkomst, og ligg berre i ca. 30 min køyreavstand frå Stavanger via Rennfast. Dette gjer Stavanger til eit godt utgangspunkt for å nå klosteret og pilegrimsgarden. Det er også gode hamneforhold her som gjer det enkelt å komme til med båt.

## Steinkrossen på Kvitsøy

Nord for Jæren var Kvitsøy ofte nytta som hamn, og truleg har også pilegrimar søkt hamn her. Ein av dei største krossane vi har på Vestlandet er plassert ved Leiasundet på Kvitsøy og er synleg frå skipsleia. I følgje sagatradisjonen skal det ha blitt inngått eit forlik mellom Olav Haraldsson og Erling Skjalgsson på Kvitsøy i 1016 (Birkeli 1973:160, 163). Krossen står midt i leia – kanskje for å vise sjøfarande veg til ei god hamn i eit utsett havstykke. I eldre kart blei Kvitsøy kalla for Kreuz-Eiland. Steinkrossen er smal og det er vanskeleg å sjå han på lang avstand. Dette gjeld også for dei andre steinkrossane langs Vestlandskysten, og dette gjer det noko usikkert om dei faktisk var meint som seglingsmerke. Det er føreslått at krossen på Kvitsøy kan ha fungert som ein hamnekross, og at han var retta mot sjøfolk og andre om bord på skip som låg for anker i hamna nedanfor (Elvestad 2005b:89-90). Steinkrossen kjem frå Hyllestad i Sogn (Baug 2002:86), men kva tid steinkrossen stammar frå og kven som ein gong reiste han er likevel noko usikkert.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Steinkrossen på Kvitsøy ragar nesten 4 meter over bakken, og er Kvitsøy sitt mest kjente kulturminne. Krossen står like ved ruinane av St. Klemenskyrkja frå 1100-talet. Frå ferjekaien på Kvitsøy er det ca 2.5 km til steinkrossen. Kvitsøy inngår i Nordsjøløypa (North Sea Trail), og det er tilrettelagt ei turløype rundt øya som over store delar også passar for barnevogn og rullestol.

## Avaldsnes

Skipsleia nordover frå Stavanger går gjennom Karmsundet, med Karmøy på babord side og Haugesund på styrbord. Avaldsnes på Karmøy ligg midt i Karmsundet, der skipsleia innaskjers er på det smalaste. Karmsundet – Nordvegen – var tidlegare hovudfartsåra til Avaldsnes. Det var også denne skipsleia – Nordvegen – som gav namn til Noreg. Avaldsnes var eit viktig maktsentrum fleire

tusen år tilbake i historia. Grunnlaget har vore kontrollen med og beskatninga av trafikken gjennom Karmsundet. Her skal det ha vore kongsgard frå Harald Hårfagre si tid, og Avaldsnes er eit av Noregs eldste kongssete. På Avaldsnes står fortsatt Olavskyrkja som kong Håkon Håkonsson bygde ca. 1250 og som stod ferdig ca 1320. Kyrkja har vore eit landemerke for sjøfararar som har reist gjennom Karmsundet de siste 750 årene (Fig. 13). Kyrkja var via til Olav den heilage (Olsen 2013:128). Ho vart skilt ut som eit kongelege kapell, noko som også gjorde at ho vart omfatta av det avlats-privilegium som var gitt til dei kongelege kapella. Kyrkja var såleis ei pilegrimskyrkje. Dette ser vi i eit paveleg privilegium frå 1308, som innebar at dei som besøkte kyrkja i dei store festdagane kunne få opptil eit års avlat (DN I, 114). Litt nord for Olavskyrkja ligg gården Salhus ved Salhusstraumen. Stadnamnet tyder på at det her var herberge for pilegrimane. Ein av dei lokale pilegrimsvegane til Karmsundet skal enno vere kjent. Denne kom austfrå og innebar båttransport over Karmsundet. Inngangen til kyrkja for pilegrimar skal ha vore gjennom ei dør på nordveggen som i dag er gjenmurt. Denne vart kalla «dei sjøfarandes dør» - kanskje fordi pilegrimane kom sjøvegen (Olsen 2013:129).

*Figur 13: Avaldsnes (Foto: Margun Pettersen)*



Truleg har pilegrimar frå både inn- og utland vore innom Karmøy i mellomalderen – dei fleste på veg mot Nidaros. I sjøen utafor Gloppehavn på Avaldsnes er restane av eit såkalla pilegrimshorn funnet – eit tydeleg bevis på pilegrimsaktiviteten. Hornet stammar truleg frå Aachen området i Tyskland. Mykje tyder likevel på at Avaldsnes var eit viktig lokalt pilegrimsmål for Olavskulten. Testamentet til Håkon V Magnusson nemner fleire relikviar i Olavskyrkja, utan å seie kva helgenar dei stamma frå. Fleire lokale stadnamn på Karmøy vitnar også om mellomalderens pilegrimstradisjon, t.d. Munkaskar på Torvastad (Fyllingsnes 2000:132-135).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Etter reformasjonen forfall Olavskyrkja, og dagens kyrkje er resultat av mange restaureringar på 1800- og 1900-talet. Men fortsatt kan ein tydeleg sjå grunnstrukturen av mellomalderkyrkja. Mot nordmuren på skipet står Noregs høgaste bautastein, kalla Jomfru Marias synål. Etter segnet vil jorda gå under når spissen på bautasteinen kjem bort i veggen på kyrkja (Rindal og Steinsland 2001:70).

I dag er det bygd eit moderne informasjons- og opplevingssenter her, Nordvegen Historiesenter, som også fungerer som eit kurs og konferansesenter. Av omsyn til Olavskyrkja, kulturminna og det historiske landskapet, er det meste av bygget lagt under bakken. Berre fasaden mot Karmsundet og inngangspartiet er synlig.

På Bukkøy, ei lita skogkledd øy nedanfor mellomalderkyrkja er det etablert ein rekonstruksjon av ein vikinggard. Gardsanlegget består av fleire hus, og er ope for publikum om sommaren. Ein årleg vikingfestival blir heldt her i juni (http://vikinggarden.no/).

Avaldsnes vart valt som Rogalands tusenårsstad i året 2000.

### Steinkrossen på Gard i Haugesund

Denne krossen står på ein naturleg haug på garden Gard. Med sine 3 meter over bakken er også dette ein av dei høgste steinkrossane på Vestlandet. Krossen er plassert i ca. 250 meter i luftlinje frå sjøen. Her ligg også tre forhistoriske graver på eit nes ut mot seglingsleia. Både gravhaugane og krossen er synlege frå leia, den viktigaste ferdselsåra i distriktet og innseglinga til Karmsundet (Gabrielsen 2007:191-193). Garden der krossen er plassert har truleg høyrt til kongen, og krossen kan representere ei tidleg markering av eit kristent område. Plasseringa tyder på at han var retta mot dei som reiste langs leia (Fyllingsnes 2000:79; Gabrielsen 2007:238). Også denne steinkrossen kjem mest truleg frå steinbrota i Hyllestad (Baug 2002:86).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Krossen er knekt, men han er reparert med eit jernkorsett og sett opp att.

Ikkje langt frå steinkrossen finn vi også Haraldstøtta – like nord for Haugesund sentrum. Denne vart oppført i 1872 til minne om Harald Hårfagre sin siger i slaget ved Hafrsfjord i 872. Dette er det einaste riksmonumentet i Noreg, og er omkransa av 29 fylkessteinar med namn på dei gamalnorske fylka.

## 8.2 Hordaland

### Halsnøy kloster

Halsnøy kloster ligg på øya Halsnøy i Kvinnherad kommune i Sunnhordland. Dette var eit augustinarkloster som i følgje ein yngre tradisjon skal ha blitt grunnlagt av adelsmannen Erling Skakka i 1163/64 (Robbestad 1952:42), mest sannsynleg i samband med kroninga av sonen hans, kong Magnus Erlingsson. I løpet av mellomalderen fekk Halsnøy kloster store eigedomar, og det var eit av

dei rikaste klostra i Noreg då det blei nedlagt i 1537.  Etter reformasjonen vart klostereigedomane overdregne til kongen og gjekk over til å vere krongods.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

I 1956 kjøpte Sunnhordland Folkemuseum klostertunet med klosterruinane, hageanlegg, naust og brygge. Bygningsrestane slik dei ser ut i dag avspeglar klosteranlegget slik det må ha sett ut på 1300-talet. Det spesielle er at det er det ytre klosteranlegget som er bevart, og ikkje klosterfirkanten slik tilfellet er ved dei fleste andre klostera (Fig. 14). Klosteret blir i dag drive av Sundhordland Museum som museum og kulturarena, og det er ope for besøk året rundt. Gjennom heile året er det ulike tilskipingar, utstillingar, konsertar og festivalar her. Det er også mulig å bli vigsla på grunnen til den gamle klosterkyrkja. Halsnøy kloster er også med i Riksantikvaren sitt ruinprosjekt (http://www.sunnhordland.museum.no).

*Figur 14: Halsnøy kloster (Foto: Alf Tore Hommedal)*



På Halsnøy er det spor etter menneskeleg aktivitet lenger tilbake i tid enn mellomalderen. Her ligg gravrøyser, langskipsnaust og ein spennande steinring, og besøkande får slik ei spennande vandring i historia frå forhistorisk tid til mellomalder.

## Moster

Lengst sør i Sunnhordland ligg øygruppa Bømlo med alle sine små øyer – over 900 til saman. Nærleiken til havet og skipsleia har prega Bømlo gjennom historia, og leia mellom fastlandet og øyane var den viktigaste allfarvegen (Rindal og Steinsland 2000:68).

Mosterhamn er ei lun og god hamn i dette kystlandskapet. Dette er også ein av dei viktigaste stadene i landets kyrkjehistorie. Som nemnt fann Mostertinget der kristendommen vart vedteke stad her tidleg i 1020-åra. Ei lita kvitkalka steinkyrkje frå 1100-talet står fortsatt i Mosterhamn (Fig. 15). Alle dei tre kristningskongane kan knytast til Moster. Olav Tryggvasson skal ha gått i land på Moster i 995 og grunnlagt kyrkje her. Med seg i følgjet sitt hadde han prestar frå England. Steinkyrkja som i dag står på Moster stammar likevel ikkje frå Olav Tryggvasson si tid, og kven som bygde kyrkja veit vi ikkje.  Håkon den gode Adelsteinsfostre stamma frå Moster på morssida – Tora Mosterstong – og kanskje har Håkon tilbragt barneåra sine på Moster. Den tredje og siste av kristningskongane, Olav Haraldsson skal som nemnt ha halde tingmøte på Moster i 1020-åra for å få utarbeida ein felles mal for den såkalla kristenretten (Rindal og Steinsland 2000:69-70).

*Figur 15: Moster gamle kyrkje (Foto: Gunnbjørg Austrheim, HFK)*



*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Det einaste som er bevart av kyrkjas mellomalderutstyr er ei kyrkjeklokke frå første del av 1200-talet med eit relieff av St. Olav støypt inn. Inventaret i kyrkja er frå 1600-talet og i renessansestil, og flotte kalkmaleri dekker store deler av veggane (Fig. 16). I 1995 feira den norske kyrkja sitt 1000 års

jubileum nettopp på Moster. I samband med dette vart det bygd hus til ei religionshistorisk utstilling: «Frå hedendom til kristendom». Her er det også forsamlingsrom og kafeteria (Rindal og Steinsland 2000:73).

*Figur 16: Inne i Moster gamle kyrkje (Foto: Moster Amfi)*



På øya kan tilreisande også besøke Moster Amfi, som er eit kalksteinsbrot frå mellomalderen. I dag er dette bygd om til ei friluftsscene, og kvart år i mai/juni blir historiespelet «Kristningskongane på Moster» framført her (Rindal og Steinsland 2000:74).

## Mellomalderens kongsgardar

Kongs- og lendmannsgardane representerte i tidleg mellomalder viktige økonomiske og administrative knutepunkt i ein rural økonomi der jord var utgangpunktet for makt. Fleire av desse var lokaliserte ved kysten, som t.d. kongsgardane Seim, Alrekstad og Fitjar i Hordaland og Utstein og Avaldsnes i Rogaland (Iversen 2008:20-21). Utstein og Avaldsnes har vi allereie trekt fram som viktige stoppestader langs Kystpilegrimsleia, men også kongsgardane i Hordaland kan utgjere spennande stoppestader i reiselivssamanheng.

Som døme trekker vi her fram Fitjar. Sagaen omtalar Fitjar som ein av Harald Hårfagres storgardar (Iversen 2008:263). Kulturminna her, som gravhaugar og større gravrøyser, hellarar, bautasteinar og

helleristningsfelt vitnar om ein lang bruk av området, og at staden også har vore av betyding forut for Harald Hårfagre. Fitjar kan også knytast direkte til kristningskongane, og Håkon den gode fall i slaget på Fitlar i 961. Det er etablert ein kulturhistorisk tursti som går mellom dei viktigaste kulturminna på Fitjar. Her er ein innom Håkonarparken der det står ein statue av Håkon den gode som vart avduka i 1961 – 1000 år etter at kongen fall. Besøkande kan også ta turen til Rimsvarden der det ligg ei stor gravrøys frå bronsealderen ligg. I mellomalderen var det også kyrkjestad på Fitjar. Ei steinkyrkje vart bygd på 1100-talet, men reven i 1867. Arkeologiske undersøkingar tyder på at sjølve kyrkjestaden er eldren enn den kjente mellomalderkyrkja (Iversen 2008:269-270).

## Lysekloster

Lysekloster var eit cisterciensarkloster som vart påbegynt rundt 1150. Munkane på Lyse kom frå Fountains i York, og har truleg teke med seg sine eigne handverkarar til bygginga av klosteret (Lidén 2000:14-15). Cistrciensarklostera skulle ligge avsondra frå omverda, og dei vart difor lagt til aude stader – noko som også er tilfelle for Lysekloster (Hommedal 1999:177). Klosteret ligg i landlige omgivnadar i noverande Os kommune, ca. 2 mil sør for Bergen sentrum.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

I dag er det berre ruinane av grunnmurane som står igjen etter klosteranlegget. Desse gir eit godt inntrykk av klosteret si grunnflate og forskjellige rom i grunnplanet, og klosterområdet framstår i dag som eit svært idyllisk område (Fig. 17).

*Figur 17: Ruinane av Lysekloster (Foto: Alf Tore Hommedal)*



## Fana kyrkje

Fana kyrkje ligg inst i Fanafjorden, og hadde såleis ei nær geografisk beliggenheit i forhold til Kystpilegrimsleia. Sannsynlegvis har sjøvegen vore den viktigaste ferdselsvegen til kyrkja. Den gamle hamna låg ved Fanahammaren, og herifrå gjekk det ein gangsti opp mot kyrkja (Luthen 1992:127; Fana. Kyrkjestad i tusen år […]:5, 10). Fana kyrkje blir første gong omtala 27. juli 1228 i eit paveleg vernebrev (DN II, 6), men er truleg noko eldre enn dette. Kyrkja er bygd i stein, og byggestilen tyder på at den eldste delen – skipet som er bygd i romansk stil – går tilbake til 1100-talet (Ekroll 1997:256). Koret i kyrkja er derimot bygd i gotisk stil og mest sannsynlegvis frå første del av 1200-talet (Fana. Kyrkjestad i tusen år…:4). Det er mulig at kyrkja opphavleg var bygd som ei fylkeskyrkje, dvs. ei hovudkyrkje innafor fylket, og at ho kan ha vore bygd så tidleg som 1050 (Bjelland 2000:218).

Som nemnt ovanfor var Fana kyrkje ei av kyrkjene som kong Håkon Magnusson i 1308 fekk paven sin godkjenning til å skille ut som kongeleg kapell. Kyrkja fekk dermed også tildelt avlatsprivilegium av paven saman med dei andre kongelege kapella. I eit brev frå 1308 lova pave Clement V 100 dagars avlat til alle som besøkte Den heilage krossen på Fana til bestemte tider (DN I, 114; Norske middelalder dokumenter: 242-244). Dette har truleg ført til at Fana kyrkje frå tidleg 1300-tal av var attraktiv for pilegrimar som valftarta pga. ei botshandling – kanskje først og fremst som eit lokalt pilegrimsmål.

Den heilage krossen i kyrkja – *Ecclesie sancte crusis de Fana* – skal i følgje tradisjonen ha vore eit berømt pilegrimsmål i mellomalderen. Krossen skal ha vore godt kjent som ein undergjerande sølvkross, og i mellomalderen skal pilegrimar ha valfarta hit for å bli friske frå sjukdom (Bjelland 2000:213).  Krossen skal ha vore funnet på Korsnes ved Korsfjorden. Folk som kom til Fana kyrkja for å bli friske kasta stokkar og krykkjer på Krykkjehaugen like ved kyrkja.

I tillegg til kyrkja var det også eit hospital her som skal ha stått like ved kyrkja. Det er noko usikkert når hospitalet vart grunnlagt, men dette kan ha skjedd allereie på 1100-talet. Det er også mulig at hospitalet i Fana hadde «klosterstatus», og var tilknytt johannitterordenen – ein riddarorden som var spesielt kjent for å ta hand om fattige og sjuke pilegrimar. Ordenen etablerte seg langs kjente pilegrimsvegar, og det er difor mulig at føremålet med eit johanitterhospital i Fana var å bistå dei utanlanske og langvegsfarande norske pilegrimane på veg til St. Olavs skrin. Hospitalet kan slik ha fungert som ein kvilestad for pilegrimar på veg langs kysten til Nidaros – muligvis også til Bergen og Selja. Ein slik kontakt med langvegsfarande pilegrimar førte truleg til at det etter kvart oppstod ein eigen valfartstradisjon knytt til kyrkja og sølvkrossen (Bjelland 2000:219-223, 228-230). Fana er også nemnt som pilegrimsmål i skriftlege samtidskjelder. I 1427 skriv ein tysk kjøpmann, Herman Thuneman, at han vil føreta ei reise til Fana og Einsiedeln – som er ein kjent pilegrimsstad i Sveits. Reisa blir kalla ei «skyldig reise», og truleg er det snakk om ei form for botsreise. At Fana her blir nemnt saman med eit godt etablert valfartsmål som Eindiedeln underbygger teorien om at kjelda omhandlar ei pilegrimsreise til Fana (Bjelland 2000:215).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Fana kyrkje er Bergen kommune sin tusenårsstad. Dette er ei relativt stor kyrkje med ca. 450 sitteplassar. Den berømte sølvkrossen i kyrkja forsvann ved reformasjonen, og i dag er det heller ingen synlege spor etter hospitalet frå mellomalderen. Kyrkja er nyleg restaurert både innvendig og utvending. Det er også bygd opp eit amfiteater og tilrettelagt ein kulturpark like ved kyrkja.

## Bergen

Bergen var i store delar av mellomalderen landets økonomiske og politiske hovudstad og eit religiøst og kulturelt senter. Ingen andre norske byar hadde så mange kyrkjelege institusjonar som Bergen. På 1300-talet hadde byen minst 20 kyrkjer, 5 kloster, 2 kyrkjelege fattighospital og bispegard med domkapittel. Det geistlege Bergen spente frå det lokale til det internasjonale samfunn – frå det minste kyrkjesokn i Nordfjord til pavekyrkja sitt sentrum og lærdomssentra i Frankrike, Italia, England og Tyskland (Tryti 1994:23). Det store talet på kyrkjer i Bergen kan truleg forklarast med den store tilstrauminga av folk utanfrå – ikkje minst kjøpmenn og handelsfolk. Bergen blei bispeby i 1170 då bispesetet for Vestlandet vart flytta frå Selja til Bergen. Det same vart som nemnt relikviane til St. Sunniva – og ho vart rekna som byens skytshelgen. Flyttinga av St. Sunniva til Bergen gjorde nok at Sunniva-kulten vart spreidd til andre land i Norden, mellom anna til Nord-Tyskland (Olsen 2013:133-134).

Bergen var ein viktig pilegrimsby, og var i seg sjølv eit valfartsmål med sine mange kyrkje, kloster og kyrkjelege institusjonar. Byen låg sentralt ved kystleia, og her var det gode overnattingsmuligheiter. Det var også gode muligheiter for pilegrimar å få seg plass og hyre på handels- og frakteskip frå Bergen. Margaretakyrkja på Nordnes var ei valfartskyrkje. Det var truleg også Olvaskyrkja – dagens domkyrkje – i regi av sin vernehelgen. Vidare har nok pilegrimar også oppsøkt Sunnivaskrinet som vart oppbevara over høgalteret i Kristkyrkja på Holmen (Bergenhus festning) (Helle 1982:591). Eit anna viktig relikvie i Bergen var ein del av Kristi Tornekrone som Magnus Lagabøte skal ha motteke i gåve frå den franske kongen i 1274. Denne vart oppbevart i ei lite privatkyrkje på Holmen (Bergenhus festning) – Apostelkyrkja. Skriftlege samtidskjelder viser også at utanlandske pilegrimar besøkte Bergen. I 1191 fekk t.d. byen besøk av danske korsfararar på veg til Det hellige land (Luthen 1992:125, 126).

I dag er det berre tre igjen av Bergens mange mellomalderkyrkjer, Mariakirken, Domkirken (fransiskanerane si Olavskyrkje) og Korskirken. Desse er alle godt bevart og vel verdt ein stopp. Mariakirken vart bygd ein gong på 1100-talet, og ho må ha stått ferdig rundt 1180 (Fig. 18). Kong Sverre og hans hærmenn – birkebeinerane – skal ha søkt tilflukt i kyrkja då dei vart overfalt av ein bondehær i 1183 (Lidén og Magerøy 1980:9; Lidén 2000:16). Dette var ei sognekyrkje (DN I, 527), men også ei gildekyrkje. Mariagildet var knytt til kyrkja, og fram til 1300-talet var kyrkjegarden byens tingstad. Maria Gildeskåle som var lagtingstad låg rett sør for kyrkja (Lidén og Magerøy 1980:9). I dag ligg berre ruinane igjen – vi finn dei mellom Mariakirken og Bryggens Museum. I 1408 fekk dei tyske kjøpmennene på Bryggen – hanseatane – råderetten over kyrkja, og Mariakirken heldt fram med å vere ei tysk kyrkje heilt til 1766 (Lidén 2000:18).

*Figur 18: Mariakirken (Foto: Ann Steindal, HFK)*



Dagens domkyrkje i Bergen er via til St. Olav. Ho blir nemnt for første gong i skriftlege kjelder i 1181 – då nokre av kong Sverre sine menn skal ha søkt tilflukt i kyrkja etter eit angrep. Kyrkja vart truleg bygd som ei sognekyrkje, men allereie på 1200-talet har franskisanermunkar overtatt kyrkja og bygd eit kloster ved sida av (Lidén og Magerøy 1983:9). Kyrkja har gjennomgått ein del endringar, og på 1600-talet vart ho utvida og fekk i grove trekk utsjånaden som vi kjenner i dag, sjølv om ho også er blitt både endra og restaurert fleire gongar – den siste gongen i 1960-åra (Lidén og Magerøy 1983:11).

Korskirken var – som det går fram av namnet – via til den heilage krossen. Kyrkja blir omtala for første gong i 1181, og må då mest sannsynleg ha stått ferdig. Igjen kan vi lese om kong Sverre sine menn som har søkt tilflukt i kyrkja etter eit angrep. Kyrkja har sidan mellomalderen gjennomgått fleire påbyggingar og endringar (Lidén og Magerøy 1983:110; Fig. 19).

*Figur 19: Korskirken i Bergen (Foto: Ann Steindal, HFK)*



*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Bergen utgjer også i dag eit naturleg stoppunkt og viktig utgangspunkt for pilegrimar og turistar som reiser langs kystleia. Herifrå er det også lett å nå både kyrkje og kloster utanfor byen som utgjorde sentrale pilegrimsmål i mellomalderen. Dei tre gjenståande mellomalderkyrkjene i byen er alle verdt eit besøk i seg sjølv.

I tillegg er kongsgardsanlegget frå mellomalderen på Holmen/Bergenhus festning verdt eit besøk. Her kan ein sjå Kristkirketomten der skrinet til St. Sunniva vart oppbevara ved høgalteret etter at det vart flytta til Bergen i 1170. I mellomalderen var dette domkyrkja i Bergen. Ho var også ei kroningskyrkje og ei kongeleg begravelseskyrkje (Lidén 2000:145). Håkonshallen og Rosenkrantztårnet som høyrde til sjølve kongsgardsanlegget på Holmen bør også besøkast. Håkonshallen vart bygd av kong Håkon Håkonsson i 1261, og utgjer i dag den største profane mellomalderbygningen i Noreg. Rosenkrantztårnet er på si side det viktigaste renesansebygget vi har her i landet, og daterer seg til 1600-talet. Delar av tårnet er likevel eldre. Dette var kastellet ved sjøen som vart bygd av kong Magnus Lagabøte i 1270-åra. Både Rosenkrantztårnet og Håkonshallen er i dag ein del av Bymuseet i Bergen, og her er det mulig for besøkande å komme inn og få omvisingar heile året gjennom (http://www.bymuseet.no).

Eit av dei mest kjente kulturminna frå byen er likevel Bryggen i Bergen. Det var her byens aller første busetnad voks fram. Den gamle trehusbusetnaden som står der i dag stammar frå 1700-talet, men er bygd over nedbrente restar av mellomalderbyen. Byggestilen har endra seg lite – og ein tur mellom dei gamle bygårdane på Bryggen gir besøkande eit godt inntrykk av korleis mellomalderbyen Bergen har sett ut. Bryggen representerer eit av verdas fremste kulturminner, og er på UNESCO's World

Heritage List (Fig. 20). På Bryggens Museum kan besøkande sjå dei arkeologiske funna som er grave fram frå mellomalderbyen, og Det Hanseatiske Museum gir eit godt innblikk i Hanseatane sin handel og leveforhold på Bryggen frå midten av 1200-talet av. Samla gir dette besøkande ei unik oppleving av Bryggen og Bergen frå mellomalderen til notid.

*Figur 20: Bryggen i Bergen (Foto: Irene Baug)*




## 8.3 Sogn og Fjordane

### Gulatingstaden

Gulatinget var ei årleg tingsamling som fann stad i Gulen frå tidleg 900-tal til ca. 1300-talet. Dette var eit av dei eldste og største tingsamlingane i Norden i mellomalderen. I byrjinga var Gulatinget truleg eit allting der alle frie menn kunne møte. Etter kvart har dette utvikla seg til eit representasjonsting der berre spesielt oppnemnde menn hadde plikt til å vere med (Helle 2001:27). På 1300-talet vart Gulatinget flytta frå Gulen til Bergen. Her heldt det fram som Gulating lagmannsrett som i dag er ein rein domstol.

Som nemnt er ikkje den eksakte plasseringa av Gulatinget kjent, men mykje tyder på at tinget var i Eivindvik der dei to steinkrossane er reist. I følgje sagatradisjonen skal Olav Haraldsson ha reist begge steinkrossane (Birkeli 1975:179), sjølv om dette må seiast å vere noko usikkert. Steinkrossane kan ha

blitt reist for å vigsle tinget, og dei kan også ha blitt brukt i utandørs gudstenester før det vart bygd kyrkje på staden. Den første kyrkja i Eivindivk er nemnt i skriftkjelder i 1327 (Helle 2001:52–61). Det er i tillegg funnet ei steinblokk her – også denne er frå Hyllestad – og i dag er ho brukt som døypefont inne i kyrkja. Den opphavlege bruken er ikkje kjent, men ho kan ha blitt brukt som behaldar for det heilage vatnet (Helle 2001:59). Ein av steinkrossane er plassert ved hovudinngangen til kyrkjegarden. Dette er ein keltisk kross med rette armar og avrunda armholer. Den andre steinkrossen er plassert eit stykke opp i ein bakke som no kallast krossteigen. Dette er ein slankare kross med store, runde harmoniske bogar mellom armane. Det er hogd ut ein mindre latinsk kross i relieff på framsida. Nedanfor den angliske krossen er det ein slak terasserygg mellom aust og vest. Denne kan ha fungert som tingvoll. Her ville ein lett kunne sjå og høyre talarar som stod oppe i bakken ved den angliske krossen (Helle 2001:57).  Under krossen er det ei oppkomme med friskt vatn – ei Olavskjelde.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

I dag er det berre ein av steinkrossane som fortsatt står – det er krossen som står ved Krossteigen. Steinkrossen som stod utanfor hovudinngangen til kyrkjegarden er knekt, og berre stammen står att. Denne krossen kjem mest sannsynleg til å bli restaurert, og vil komme opp att. Som nemnt kjem begge desse krossane frå steinbrota i Hyllestad, og på stammen av den no knekte krossen er det hoggespor etter uttak av kvernstein (Baug 2002:69).

Den noverande kyrkja i Eivindvik er ei langkyrkje frå 1863. Truleg stod mellomalderkyrkja på same staden som denne (Helle 2001:56).

I dag er det laga til ein moderne Gulatingstad i Gulen som er valt ut som tusenårsstad for Sogn og Fjordane og Gulen kommune. I eit flott parkområde er det reist monumentale kunstverk av skulptøren Bård Breivik. Besøkande kan sjå desse majestetiske installasjonane, og kunstverka «Tingveggen», Tinghelle» og «Eldsirkelen» skal minne om den innverknaden Gulatinget har hatt for Noreg som nasjon. Skulpturane er supplert av individuelle skulpturar plassert i landskapet som skal symbolisere tingmenn (http://www.gulatinget.no/).

## Steinkrossen i Korssund

Steinkrossen i Korssund er 3.85 meter høg. Han er plassert ved eit smalt sund, og han kan ha fungert som eit seglingsmerke gjennom den indre leia (Gabrielsen 2007:195-196; Fig. 21). Det er likevel noko usikkert om krossane var eigna som seglingsmerke (jf. diskusjonen ovanfor). Også denne steinkrossen vart ein gong produsert i Hyllestad (Baug 2002:86).

*Figur 21: Steinkrossen i Korssund (Foto: Irene Baug)*



*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Krossen står ca. 11 meter over havet. Han er i dag svakt hellande. Ingen andre synlege kulturminne er registrert i nærleiken. Korssund er også ein gamal gjestgivarstad. I dag er det butikk, gjestehamn og campingplass her. Det er også merka turstiar i området.

## Steinkrossbrotet i Hyllestad og Hyllestad gamle kyrkjegard

I Hyllestad finn vi eit av landets største produksjonsområde for kvernsteinar. Utvinninga her går tilbake til tidleg vikingtid, ca. 700-800-talet. Produksjonen av kvernsteinar heldt fram gjennom heile mellomalderen og inn i nyare tid. Dei siste steinane vart hogd i 1930 (Baug 2002). Det var ikkje berre kvernsteinar som vart utvunne i Hyllestad. Brota her har også vore ein stor og viktig produksjonsplass for steinkrossar, og fleire av steinkrossane langs Vestlandskysten og seglingsleia kjem frå Hyllestad. Under arkeologiske utgravingar av eit av steinbrota i Hyllestad er det funnet restar av til saman sju steinkrossar (Baug in prep.; Fig. 21). Dette er det einaste steinbrotet i landet der denne type produksjon er dokumentert, og representerer slik eit svært spesielt kulturminne. Sett i forhold til dei mange steinkrossane langs seglingsleia vil eit besøk til Hyllestad kunne gi større forståing for steinkrossane som kulturminne. Steinbrota – inkludert brotet der steinkrossar er produsert – er nominerte til UNESCO si verdsarvliste (http://whc.unesco.org/en/tentativelists/5577/). Fleire av brota ligg i nærleiken av fjorden og utskipingsplassane her (Fig. 22).

*Figur 22: Steinbrot med produksjon av steinkrossar og kvernsteinar. Kanskje kjem fleire av steinkrossane langs Vestlandskysten frå nettopp dette steinbrotet (Foto: Kim Søderstrøm & Jørgen Magnus©Riksantikvaren)*



*Figur 23: Steinbrot med produksjon av kvernsteinar heilt nede i fjæresteinane (Foto: Kim Søderstrøm & Jørgen Magnus©Riksantikvaren)*



Nokre få kilometer frå steinkrossbrotet ligg Hyllestad gamle kyrkjegard frå mellomalderen. Kyrkja er i dag reven, men i kvart av dei fire hjørna på kyrkjegarden står det ein liten steinkross – såkalla kyrkjegardskrossar. Dette er ein anna type steinkross enn dei store frittståande steinkrossane som er nemnde tidlegare. Desse krossane var mindre, og muligvis representerer dei også ein andre generasjonsfase av steinkrossar. Truleg vart dei sett opp i samband med innviing av kyrkjegarden (Baug in prep.; Fig. 24).

*Figur 24: Ein av dei fire steinkrossane ved Hyllestad gamle kyrkjegard (Foto: Irene Baug)*



*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Steinbrotet der ein produksjon av steinkrossar er dokumentert ligg like vel Kvernsteinsparken i Hyllestad, eit område i produksjonslandskapet som er tilrettelagt for besøkande med stiar og informasjon. Herifrå er det også gåavstand til Hyllestad gamle kyrkjegard.

I Hyllestad er det utarbeida forslag til ei turløype som inkluderer steinbrot og steinkrossar på ein fin måte. For besøkande som kjem med ekspressbåt eller buss til Rysjedalsvika er det mulig å gå eller sykle til Hyllestad og herifrå vidare til Korssund. Forslag til løype:

1. Rysjedalsvika – Indrefjorden – Kolgrov – Hyllestad = 10 km
2. Hyllestad – Ulvika = 12 km (på vegen passerer ein Hyllestad gamle kyrkjegard med steinkrossane)
3. Ulvika – Rutlekvia – Bjørnestad = 7 km
4. Bjørnestad – Korssund og steinkrossen her – langs veg = 17 km
5. Alternativt båt: Bjørnestad – Korssund og steinkrossen = 10 km

## Kinn

Øya Kinn ligg lengst vest i havet i Sunnfjord med det kjente seiglingsmerket Kinnaklova (Fig. 25), og er som Selja knytt til Seljumannakulten. Då St. Sunniva rømte over havet frå Irland skal ein del av følgjet hennar ha stranda på Kinn. Borgni, systra til Synniva var ein av dei som skal ha drive i land på Kinn med fylgjet sitt. Ho skal ha budd i hellaren over kyrkja – som har fått namn etter ho - Bornihellaren (Dahlberg 2012:26). I følgje Olav Tryggvassons saga vart Seljumennene dyrka slik som St. Sunniva på Selja (Soga om Olav Tryggvassonn: 78). Kinn vart truleg etablert som pilegrimsmål

samtidig med Selja, ein gong på 1000-talet. Pilegrimar besøkte sannsynlegvis øya i samband med valfart til Selja og Nidaros (Bjelland 2000:177). Men i motsetning til Selja fanst det ikkje noko kloster på Kinn som kunne bidra til å holde kulten oppe, sjølv om det på 1100-talet vart bygd ei steinkyrkje her. Truleg vart det ein nedgang i kulten i seinmellomalderen.

*Figur 25: Kinnaklova i sett frå Kinn kyrkje (Foto: Kari Leine Balog)*



*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Kyrkja på Kinn er frå 1100-talet og er den eldste i Nordfjord. Ho er bygd i romansk stil og truleg reist i to byggetrinn. Over hovudalteret i koret ligg det ei steinplate som dekker heile alteret. Her er det eit hol med eit lite marmorstykke som lokk. I holrommet under lokket skal relikviar ha blitt oppbevara. Det er likevel ikkje kjent kva relikviar denne kyrkja hadde. Det mest verdfulle interiøret frå mellomalderen er likevel det såkalla lektoriet. Det er eit galleri av tre tvers over skipet framme ved korbuen som skal framstille dommedag. Berre dei som hadde ein funksjon under gudstenesta kunne nytte lektoriet, m.a. for å komme med kunngjeringar og lese bibeltekstar (Olsen 2013:140).

Kinn kan altså ha vore ein stoppestad for pilegrimar på veg både til Selja og Nidaros. I forhold til ferdselen langs kysten var truleg Kinn sentralt plassert (Dahlberg 2012:89). I kyrkja ligg det delar av ein sundslegen steinkross som visstnok skal ha blitt funnet under kyrkjegolvet. Krossen står i dag i ein

av alternisjane i kyrkja. Også denne steinkrossen vart ein gong hoggen i steinbrota i Hyllestad (Baug 2002:86).

Kinnaspelet er ei årleg framføring som vert arrangert ved den gamle kyrkja på Kinn. Sidan premieren i 1985 har rundt 85000 personar sett Kinnaspelet (http://www.kinnaspelet.no/).

## Svanøy kyrkje og steinkross

Svanøy kyrkje hadde status som fjordungkyrkje i mellomalderen, og var plassert innafor det gamle Firdafylket. Fjordung refererer til ein fjerdedel av fylket, og er nemnd i dei eldste delane av Gulatinglova, og kan daterast tilbake til tidleg mellomalder. Den verdslege inndelinga i fjordungar innafor Gulatinglagen – området der Gulatingslova gjaldt – fell mest sannsynleg saman med den geistlege fjordungen kjent innafor Bergen bispedøme i mellomalderen (Helle 2001:77–78). Fjordungen var truleg den viktigaste geistlege og verdslege organisasjonseininga. Fjordungkyrkjene var viktige knutepunkt innafor bispedømet, og var viktige for kommunikasjonen mellom sentrale og perifere delar av bispedømet. Dei utgjorde m.a. knutepunkt innafor eit kyrkjeleg veitslesystem der store mengder varer vart samla inn før vidare distribusjon til Bergen (Tryti 1994:34–36).

På kyrkjegarden på Svanøy står det ein ca. 2 meter høg steinkross med runeinnsskrift: *'þórðr lét reisa kross þenna ept (ir..')* som er oversett til *Thur lot reise denne krossen etter….* Runeinskrifta – og dermed også steinkrossen – er datert til byrjinga av 1000-talet (NIyR IV: 223; Johnsen 1968:203). Dette er samtidig med runeinnskrifta på ein steinkross i Stavanger – der inskripsjonen truleg refererer til Erling Skjalgsson († 1028) (Liestøl 1954:75). Denne krossen står i dag utstilt i Stavanger Museum. Innskriftene kan altså tyde på at i alle fall krossen på Svanøy og krossen i Stavanger går tilbake til tida rundt 1000-talet og innføringa av kristendommen. Å bruke runer som dateringsgrunnlag åleine blir likevel sett som noko usikkert (Hagland 1998:10–11), og bør brukast med varsemd.

Vi veit ikkje kven Thur som blir nemnt på Svanøykrossen var, men muligens var dette ein bonde eller stormann. Garden Svanøy (Bru) tilhøyrde bispkopen i Bergen på 1400-talet (DN XVI 303), men eigaren av garden før biskopen er ukjent. Det er mulig at fjordungkyrkjene vart bygde som eit felles tiltak innafor bygda, men etter kongeleg initiativ. Dette gjer det også mulig at krossen kan ha blitt reist som eit felles tiltak for folk innafor fjordungen, men kanskje denne også etter kongeleg initiativ (Gabrielsen 2007:242). Steinkrossen er produsert i Hyllestad (Baug 2002:86). Steinkrossen skal i følgje tradisjonen tidlegare ha stått på Brandsøy – men utan nærare angivelse av staden. Men truleg stod han då nærare kystleia. Det er heller ikkje oppgitt når krossen skal ha blitt flytta til kyrkjegarden der han står i dag (Gabrielsen 2007:197).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Mellomalderkyrkja vart truleg reven rundt midten av 1600-talet, og ei ny kyrkje vart bygd. Denne andre kyrkja vart reven i 1872 (Gabrielsen 2007:197). Steinkrossen står fortsatt plassert i den austre delen av den gamle kyrkjegarden.

## Vilnes kyrkje og steinkross

Garden Vilnes ligg på øya Atløy i Askvoll kommune. Her står det ei trekyrkje frå 1647 (http://www.kirkesok.no/kirker/Vilnes-kyrkje). Ein 1.10 meter høg steinkross frå Hyllestad står også på kyrkjegarden (Baug 2002:86). I følgje tradisjonen skal krossen stå på gravstaden til Atle Jarl. Om dette stemmer er usikkert, men krossen er truleg eldre enn kyrkja. Krossen har vor høgare, men stammen er knekt, og den nedste delen manglar. Utanom steinkrossen står det også tre bautasteinar på kyrkjestaden. På garden er det også registrert to gravrøyser, men desse ligg utanfor sjølve kyrkjegarden. Det er dermed ein svak forbindelse til ein tidlegare heidensk kult på staden (Gabrielsen 2007:204-205).

Atløy blir nemnt i soga om Olav den heilage, og kan slik knytast til helgenkongen. Olav skal ha komme med to handelsskip frå England då han fekk vite at Håkon jarl, ein av sønene til Eirik Blodøks, var i Sogn. Olav styrde skipa sine inn i Sauesundet på austsida av Atløy og la skipa der – eitt på kvar side i sundet med ei trosse mellom dei. Håkon jarl skal ha rodd inn i sundet med eit langskip med fullt mannskap – i den tru at skipa som låg der var fredlege. Olav og mennene hans drog tauet midt under kjølen på langskipet slik at det kantra. Dette resulterte i at Olav og følgjet hans greidde å fange Håkon jarl og mennene hans. Olav skal ha bedt jarlen gjere eid på at han skulle reise ut av landet, og aldri meir legge opp til ufred med Olav (Soga om Olav den heilage: 22-23).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Kyrkja frå 1600-talet har langplan og 130 sitteplassar. Den knekte steinkrossen ragar i dag ikkje stort høgare enn gravsteinane på kyrkjegarden, men er vel verdt eit besøk. Gravrøyesene på øya i tillegg til nokre bautasteinar og eit helleristningsfelt og med båtristningar vitnar om bruk av øya også i forhistorisk tid.

## Selja

I følgje legenda var St. Sunniva ei from irsk prinsesse som rømte saman med følgjet sitt for å sleppe unna ekteskap med ein heidning. Dei reiste av garde utan segl og årer, og båtane dreiv i land ved Norskekysten – på dei to øyene Selja i Nordfjord og Kinn i Sunnfjord ca. 970. Her slo dei seg ned, og alt gjekk fint inntil lokalbefolkninga som hadde sauene sine på Selja beskyldte dei for tjuveri. Håkon Ladejarl og hans menn reiste for å undersøke dette. Då gøymte Sunniva og følgjet hennar seg i ei hole i fjellet. Steinblokker rasa ned og sperra inngangen til hola. Sunniva og mennene hennar vart først funne då Olav Tryggvasson reiste til Selja for å undersøke eit overnaturleg lys som var blitt observert over øya. I følgje legenda fann dei «velluktande knoklar» og Sunnivas legeme uskadd. Sunniva legenda blir nemnt i både latinske og norrøne kjelder (Bjelland 2000:151-153).

Selja var openbart ein veleigna stoppestad for sjøfarande pilegrimar som skulle til Nidaros. Og for pilegrimane som skulle til Nidaros 29. juli passa det fint å få med seg Seljumannamesse på Selja 8. juli. Leivningane til St. Sunniva vart som nemnt flytta til Bergen i 1170, og ho vart då rekna som Bergen sin skytshelgen. Relikviane etter Seljumennene – altså fylgjet til Sunniva – vart verande på Selja, og danna grunnlaget for kultstaden vidare utover i mellomalderen (Hommedal 1995:80). Sunniva-kulten fekk si hovudforankring i Bergen, mens seljumannakulten fortsatte å ha hovudbasen på Selja.

Dyrkinga av St. Sunniva var truleg i utgangspunktet av lokal karakter sentrert til områda nær Selja. Som eit ledd i opprustinga av bispesetet i Bergen vart Sunniva på biskopen sitt initiativ framheva som helgen med høg status i forkant av flyttinga til byen i 1170 (Bjelland 2000:162). Men sjølv om eit samla kjeldemateriale tyder på at Selja har vore eit viktig valfartsmål i mellomalderen, er det få samtidige skriftkjelder som nemner pilegrimsreiser til øya.

På byrjinga av 1100-talet vart det grunnlagt eit benediktinarkloster her – truleg det første klosteret i landet (Hommedal 1995:79-81; Fig. 26).

*Figur 26: Selja kloster (Foto: Lars Verket)*



*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

På øya Selja ved Stad kan besøkande sjå to grupper med ruinar. Ruinane knytt til helgen- og valfartsstaden ligg ca. 50-60 moh. Her ligg den store steinterassen frå 1100-talet som truleg utgjorde samlingsstad for pilegrimane på dei store festdagane, særleg Seljumannamesse 8. juli som i seinmellomalderen var ein av dei største festdagane i året. Dette er eit imponerande byggverk, og fortel noko om kor viktig Selja var som valfartsmål. Her ligg også ruinane av den romanske Sunnivakyrkja som truleg også vart oppført på 1100-talet. Rett bak denne ligg Sunnivahellaren med Sunnivahola som i mellomalderen fungerte som eit eige kapell (Fig. 27). Det var også på Selja at Vestlandet sitt første bispesete vart oppretta i 1068.

**Sunnivaleia** er allereie etablert som ei moderne pilegrimslei mellom dei to øyane Selja og Kinn (http://www.pilegrim.info/artikkel.aspx?id=4005538). Kvart år blir det arrangert pilegrimsvandring

mellom dei to øyane. Ferda tek ca. ei veke, og går langs kysten frå Florø til Kinn og vidare over Bremangerlandet til Rugsund og via Vågsøy til Selja. På dei organiserte turane er det med både prest og naturguide. Denne moderne pilegrimsruta inneberer vandring til fots – opptil 25 km kvar dag – og transport med rutebåt. Vandringa blir avslutta med seljumannamesse – gudsteneste – i klosterruinane på Selja. Det vil vere naturleg å knytte denne opp mot Kystpilegrimsleia.

*Figure 27: Utsikt frå Sunnivahellaren (Foto: Kari Leine Barlog)*



Den andre gruppa med ruinar omfattar restane av benediktinarklosteret på sletta nedanfor helgenstaden. Litt sør for klosteranlegget – utanfor sjølve kvadraturen – er der restar av tre steinbygningar – der den eine truleg vore klosteret sitt herberge, der pilegrimane overnatta (Hommedal 1995:79-81; Fig. 28).

Litt lenger nord i Selje kommune – på Stadtlandet – blir Dragseidspelet sett opp. Dette er eit historisk friluftsspel som tek utgangspunkt i Kong Olav Trygvasson sin kristningsprosess av Noreg (http://www.dragseidspelet.no).

*Figur 28: Pilegrimsvandring til Selja kloster (Foto: Kari Leine Barlog)*



## 8.4 Møre og Romsdal

### St. Jetmund kyrkje

St. Jetmund kyrkje er ei romansk steinkyrkje frå omkring 1150 i Vanylven kommune (Fig. 29). Som det går fram av namnet var kyrkje via til den engelske helgenkongen St. Edmund. Han var ein engelsk konge som leid martyrdøden på 900-talet – han vart drepen av vikingar. Ei segn fortel at den engelske helgenen St. Edmund grunnla den første kyrkje på Åheim. Han skal ha komme gåande og lagt seg til å sove på ein stein der han etterpå gjekk i gang med å bygge kyrkje. Steinen har i ettertid har fått namnet Jetmundsteinen (http://www.vanylven.kommune.no/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=870&Category.ID=973).

*Figur 29: St. Jetmund kyrkje (Foto: Bjørn Ringstad)*



Det er anteke at lokaliseringa av kyrkja må sjåast i samanheng med nærleiken til Sunnivaklosteret på Selja. Tradisjonen vil ha det til at pilgrimar på veg til Selja gjekk via Jetmundsteinen til Jentmundkyrkja. Dette var ei sognekyrkje for Vanylven prestegjeld heilt fram til 1863 då ho vart reven og erstatta av ei ny og større kyrkje lenger ute i fjorden. Stein frå kyrkja vart nytta til byggemateriale på hus rundt om i bygda, og berre stein frå grunnuren stod att. Kyrkja kan også ha fungert som sognekyrkje for nordsida av Stadlandet – særleg ved dårleg vær.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Arbeidet med å gjenreise kyrkja tok til på 1930-talet. Bygningsstein vart samla inn frå gardane i området, og kyrkja vart bygd etter skisser frå før rivinga (http://www.vanylven.kommune.no/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=870&Category.ID=973). Det er tilrettelagt ein fin tursti over Mannseidet – dvs. frå Vannylven og over mot Selje. Denne ruta kan utgjere ein fin landetappe for pilegrimar som ønskjer å vandre delar av Kystpilegrimsleia til fots.

Det er også mulig å besøke Norsk Olivinsenter som har lokale på Thue gamle skule på Åheim. Dette området har ein av verdas største førekomstar av mineralet olivin, og her er det mulig for besøkande å prøve seg som skattegravarar og leite etter dei fine steinane som skjuler seg under grusen.

## Herøy og Flåværleia

Øya Herøy ligg i Flåværleia – midt i den gamle skipsleia. Dette var den første viktige hamna nord for Stadt, og her var det tingstad og kyrkjestad i mellomalderen. Det har stått to kyrkjer på øya. I

mellomalderen – truleg på 1100-talet – vart det bygd ei steinkyrkje i romansk stil på det austlege neset på øya. Kyrkja stod på det høgaste platået, og var godt synleg frå skipsleia. Ho vart etter kvart for lita, og i 1859 vart ho reven. I dag ligg berre ruinane igjen. Same året som mellomalderkyrkja vart reven, vart det bygd ei ny og større kyrkje i lafta tømmer. Stein frå den første kyrkja vart gjenbrukt i grunnmuren på nye kyrkja og til ein ny steingard rundt gravplassen. Den nye kyrkja stod fram til 1916. Då vart også ho reven og flytta til Fosnavåg. (Thorseth 1993:6-7; http://www.heroykystmuseum.no).

På 1700-1800-talet voks det fram ein handelsstad på Herøy, og både rutebåtar og postgang var innom øya. Mellom anna var sildefisket viktig for handelstaden her. Handelen blomstra i 150 år, fram til trekyrkja vart riven i 1916 (Thorseth 1993:7).

Flåværleia har vore og er fortsatt ei viktig lei nord for Stadlandet mot Ålesund. *Prosjekt Flåværleia* omfattar delar av Sande, Herøy og Ulstein kommune, og i området definert som Flåværleia ligg Herøy sentralt. Leia ledar også inn mot Borgund. Prosjektet er ein del av felles handlingsplan for kystkultur 2011-2014, og det er del av Kystverket sin Landvernsplan for maritim infrastruktur. Målet er at prosjektet skal bidra til auka kunnskap interesse og engasjement for kystens kulturhistorie og kulturminne. Hamner og navigasjonsinnretningar skal synleggjerast og formidlast i samanheng. Prosjektet inngår i Kystverkmuseenes fellessatsing www.kystreise.no. Her vil kulturhistorisk materiale og fortellingar bli presentert på digitale plattformer i ei brukarvennleg nettbasert teneste. Det vil vere viktig og naturleg at Flåværleia knytast opp mot Kystpilegrimsleia.

I Flåværleia ligg også Borgarøya. Her er det registrert fleire steinbrot, m.a. i marmor – kanskje med uttak av bygningsstein til kyrkjer. Så langt føreligg det ikkje datering på steinbrota, og det er heller ikkje kjent kvar steinen vart distribuert (Frode Pilskog, pers.med. 29.05.13). Borgarøya og steinbrota her kan utgjere ein interessann og spennande stoppestad for reisande langs Kystpilegrimsleia og Flåværleia.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

I 1976 opna ei bru over til Herøy. Dette gjer at ein i dag kan ta seg til øya både med båt og bil. Besøkande kan enno sjå ruinane av dei to kyrkjene som ein gong låg på øya. På Herøy ligg også Herøy kystmuseum, som er ein del av Stiftinga Sunnmøre Museum. Det er den gamle handelsstaden frå 1800-talet med ulike bygningar, interiør, fiskereiskapar og båtar som utgjer Herøy Kystmuseum (Fig. 30). Museet er ein viktig formidlar av øya si historie. Samtidig er det også ein viktig bidragsytar innan handlingsboren kunnskap med vekt på dokumentasjon, registrering, nybygging og restaurering av klinkbygde småbåtar og grindbygg. Her er det dessutan mulig for besøkande å leige både lokale og båtar (http://www.heroykystmuseum.no/).

*Figur 30: Herøy kystmuseum (Foto: Bjørn Ringstad)*



Herøyspelet er eit årleg historisk spel som finn stad i juni. Herøy Amfi er bygd spesielt til dette spelet. Her er det sitteplassar til om lag 1000 personar (Fig. 31). I amfiet finn ein også hus som er bygde i «vikingstil». Desse rammer inn amfiet på ein måte som gjer at publikum får ei kjensle av å sitte midt i vikinglandsbyen. Det er også tilrettelagt for at rullestolbrukarar og andre med rørslehemming skal kunne ta seg fram til amfiet (http://www.heroyspelet.no/).

*Figur 31: Herøyspelet (Foto: Bjørn Ringstad)*



## Giske

I havet utanfor Ålesund ligg øya Giske. Her hadde den mektige Giske-ætta sete i mellomalderen, ei stormannsætt som stod kongemakta nær. Giske-ætta hadde også tette band til Borgund, og heldt ei vernande hand over byen.

På sørsida av øya ligg den einaste noverande kyrkja i Noreg som er bygd berre av marmor. Giske kyrkje er ei langkyrkje i romansk stil frå midten av 1100-talet (Fig. 32). Kapellet har truleg blitt reist som ei høgendeskyrkje, det vil seie ei privat kyrkje som stormannen på Giske sette opp på garden sin (Rindal og Steinsland 2001:129). Kyrkja var såleis truleg eit gardskapell for Giske-ætta. Den 11. juni 1345 gav pave Klemens 6. eit avlatsbrev til kapellet på Giske. Her kjem det også fram at vernehelgenane for kapellet var jomfru Maria og evangelistane Johannes og Nikolas. I pavebrevet blir det gitt 100 dagars avlat for begåtte synder til dei som besøkte kyrkja på dagane til helgenane som kyrkja var vigd til (DN I, 294). Dette avlatsbrevet gjorde dermed kyrkja på Giske til ei pilegrimskyrkje frå midten av 1300-talet av.

*Figur 32: Giske kyrkje (Foto: Bjørn Ringstad)*



*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Giske kyrkje har ca. 130 plassar. I kapellet hang det ei krossfestingsgruppe frå 1200-talet som no blir oppbevara Universitetsmuseet i Bergen (Rindal og Steinsland 2001:129). Kyrkja forfall etter reformasjonen, og stod som ein ruin i fleire tiår. Ho vart renovert på 1700-talet, og delar av interiøret, t.d. altertavla, skriv seg frå denne perioden.

Giskespelet er ei lokal teaterførestilling med historisk innhald som gjennom fleire år er oppført annankvar sommar på øya Giske. Førestillinga føregår utandørs.

Kvart år blir det arrangert ein gratis ein-dags-festival på Giske med både norske og internasjonale artistar. Publikum blir oppfordra til å ta med seg mat som blir laga til i eit mattelt der alle kan forsyne seg av det dei vil.

## Borgund

Borgund var eit urbant senter lokalisert på ei halvøy i Sunnmøre – og kan gjerne skildrast som byen i havlandet. Staden har truleg starta som ein sesongmessig marknadsplass, men spor av tettare og permanent busetnad finn ein frå ca. 1000-talet (Larsen 2008:54). Det var truleg kongemakta som stod bak den tidlege kyrkjebygginga i Borgund. Staden fungerte som urbant senter fram til omkring 1500-talet då byen blir forlatt (Lossius 1977:10, 36, 49; Helle 2006:49, 61). Borgund ligg sentralt i fjordsystemet – og har utgjort ein sentral stad langs leia. På 1100-talet utgjorde staden det største kyrkjelege senteret mellom Bergen og Nidaros. Det skal ha stått fire marmorkledde steinkyrkjer her i mellomalderen: Peterskyrkja, Margretakyrkja, Mattiaskyrkja og Kristikyrkja. I dag er det berre

Peterskyrkja som står igjen – i dag kalla Borgundkyrkja. Ein kan framleis sjå spora av dei andre kyrkjene – og  steinar frå den eine – Margarethakyrkja – vart brukt til å bygge på Borgundkyrkja i første halvdel av 1600-talet.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Borgund høyrer innunder Sunnmøre Museum, og på museumsområdet er Middelaldermusset, som ligg midt i det gamle historiske området, bygd over tufter frå Borgundkaupangen. Her er arkeologiske funn frå utgravingane stilt ut.

Museet har ulike båtar til leige – færingar av ulik storleik. Desse kan besøkande leige i perioden 1. juni til 31. august. I vår og sommarmånadane er det også mulig å bestille ein tur med vikingskipet Borgundknarren, som er ein kopi av ein original knarr frå vikingtid som vart funne i Danmark i 1962. Om sommaren går det turar med knarren der besøkande kan løyse billett og vere med (http://www.borgundgavlen.no/#cid=1).

Borgundkyrkja er ei relativt stor korskyrkje i stein med plass til 850 menneske. Kyrkja stod truleg ferdig før 1150, men ho vart utvida i 1630 årå, i 1830-åra og ho er i dag delvis ombygd etter ein brann i 1904. Inventaret med rike utskjæringar er forsøkt holdt i gamal stil.

## Veøy

Veøy er ei øy som ligg midt i det gamle Raumsdalafylket, og i mellomalderen var øya ein viktig kyrkje- og kjøpstad. Øya har ei sentral plassering midt i fjorden med gode hamneforhold (Fig. 33). Ho låg svært sentralt i forhold til ferdsel langs kysten og kontaktar mellom det indre fjordsystemet og det ytre kystområdet i Romsdal. Det er litt omdiskutert kor mange kyrkjer som var på øya i mellomalderen, og i dag er det berre ei kyrkje igjen. Dette er ei romansk steinkyrkje som truleg vart påbegynt rundt midten av 1100-talet, og sannsynlegvis er dette kyrkja som i mellomalderen var dedisert til St. Peter (Brendalsmo 2008:48; Stige 2008:75; Fig. 34). Dette var truleg allereie den gong ei fylkeskyrkje slik som ho var i seinmellomalder. Nyare utgravingar har avdekka spor av to trekyrkjer med kyrkjegardar og kristne graver som kan gå tilbake til 900-talet. Den eldste kyrkja er sett i samanheng med Håkon den gode sitt kristningsforsøk og kyrkjebygging på Møre (Solli 2008:20).

*Figur 33: Veøy (Foto: Øyvind Leren)*



*Figur 34: Veøy kyrkje (Foto: Bjørn Ringstad)*



Namnet *Veøy* blir gjerne tolka som møteplass for førkristen kultus (norrøn *vé* – heilag stad, blotstad). Men truleg har den eller dei som kontrollerte øya konvertert til kristendommen allereie omrking 950. Øya vart truleg kontrollert av ein stormannsfamilie med sterke band til det ekspanderande rikskongedøme og misjonskongane Håkon den gode og Olav Tryggvasson (Solli 2008:27). Det er likevel først ut på 1100-talet at Veøy nådde eit beskjedent bynivå i samtidas auge. Veøy hadde truleg nær økonomisk kontkat med Bergen, og har sannsynlegvis fungert som oppsamlingsstad for varer som skulle dit, og avsetningsstad for varer som kom derifrå (Helle 2006:49, 71). Øya var eit økonomisk, rettsleg og kyrkjeleg sentrum i mellomalderen, og kanskje kan det ha budd så mange som 300 menneske i kaupangen. Fylkestinget for Romsdalen vart holdt på Veøy fram til 1632 (http://www.romsdalsmuseet.no/).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Øya er i dag ubudd, og ligg forholdsvis avsides til ved at det korkje er fast båtrute eller bilveg fram. Dette kan gjere øya litt vanskeleg tilgjengeleg for besøkande. Det er lettast å ta seg ut til Veøy i privat båt, og det er tilrettelagt med flytekai slik at også større båtar kan legge til. Det er ein godt utarbeida sti på øya. Romsdalsmuseet har dei siste åra hatt stor fokus på dokumentasjon og formidling, og det er godt med informasjonsskilt plassert rundt om på øya. Dette gjer det mulig for besøkande å ta seg fram på eigen hand. For besøkande som ikkje har eigen båt er det mulig å bestille skyss. Maritim A/S skal drive skyssbåt og vil kunne ta imot bestilling på turar for større grupper. Det er også mulig for mindre grupper å få skyss over med oppsynsmannen på øya. Det er mulig å slå opp telt – t.d. i Bondevika sørvest på øya.  Det er elles ingen overnattingstad eller matservering på Veøy – så dette må besøkande som vil overnatte sørgje for å transportere med seg sjølv.

Peterskyrkja er det viktigaste og mest dominerande kulturminnet på øya, og er det første besøkande vil sjå når dei kjem i land. Kyrkja er bygd i romansk stil med runde buar, og har ca. 400 sitteplassar. Sidan bygginga har kyrkja gjennomgått ei rekke ombyggingar og restaureringar. Kyrkjegarden og prestegarden er frå midten av 1700-talet. Hovudbygningen består av to lafta tømmerhus med ståande panel på to etasjar.  Eit stort område nord på øya med kyrkja og prestegarden vart i 1970 verna som landets første landskapsvernområde. Formålet med fredinga er å bevare eit historisk kulturlandskap med eit eigenarta naturmiljø rundt kyrkja. Steinkyrkja, prestegarden og dei store asketrea i området som truleg vart planta ca. 1870 utgjer ein landskaps- og bygningsmessig heilskap av høg kulturhistorisk verdi (http://www.romsdalsmuseet.no/). Ingenting av kaupangen er bevart over bakkeplan i dag, men kjøpstaden frå mellomalderen låg innafor det som i dag er definert som landskapsvernområde.

Ein fin og alternativ måte å komme seg til Veøy på er å padle. Ein parkerer ved Nesjestranda på nedsida av vegen – her er det fint å sjøsette kajakken. Padleturen er ca. 9 km t/r (www.morotur.no).

## Kvernes – Averøy

Kvernes stavkyrkje er ei av landets yngste stavkyrkjer, bygd ca. 1300 (Fig. 35). Kyrkja ligg godt synleg i fjordkrysset på Kvernes. Kyrkja høyrer til ein spesiell type stavkyrkje, den såkalla Møretypen som berre finst langs kysten. I 1633 vart det stavbygde koret revet, og eit nytt kor vart sett opp i laftverk i heile kyrkja si breidde. Det vart bygd eit nytt dåpskor mot vest, vindauge vart sett inn og koret vart

dekorert med veggmaleri med motiv frå Bibelen (http://www.averoy.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=414&AId=313&MId2=546&MId3=495).

*Figur 35: Kvernes stavkyrkje (Foto: Bjørn Ringstad)*



På Kvernes er det også ein steinsetting som er tolka som gravminne frå ca. 200-700-talet. Det er også mulig at steinsettinga har markert ein tingstad frå eldre eller yngre jernalder. Steinsettinga vart fjerna i 1923, men vart i 1993 restaurert og oppretta på sin opphavlege plass. Det står også eit naust frå 1791 med tilhøyrande vorr, dvs. ein mur eller steinkonstruksjon som gir le til båtstøa. Desse anlegga høyrde opphavleg til prestegarden på Kvernes, og det var her kyrkjebåtane la til. På Kvernes finn vi også Gamle Kvernes bygdemuseum, som omfattar 11 gamle bygningar med ei samling på over 10 000 gjenstandar. Hovudtunet på museet dannar eit kystgårdsmiljø slik det framstod på 1700-1800-talet. Her ligg hus, stabbur og eldhus frå ulike periodar. Museet har også ei eigen sjøavdeling med rorbu og fleire naust som representerer kystkulturen og fiskarboden sitt liv og virke. Museet har dessutan ein eigen arkeologisk avdeling med funn frå steinalderen i området (http://www.nordmore.museum.no/artikkel.aspx?MId1=237&AId=518&back=1&MId2=250&MId3=252).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Kvernes Kulturområde er eit av Averøys fremste natur- og kulturbaserte opplevingsdestinasjonar. Det er også valt til kommunen sin tusenårsstad. I tillegg til stavkyrkja og ei kyrkje frå 1300-talet og Kvernes nye kyrkje frå 1893 finn ein i dag fleire kulturminne frå ulike periodar i området. Besøkande kan ta seg ein tur langs ein hulveg som passserer like ved kyrkjene. Dette er spor etter ein gamal ride- og gangveg. Ved sjøen er både naustet og steinborren nylig restaurerte, og dette er i dag ein fin plass å legge til for besøkande som kjem med eigen båt til område. Naustet er freda og fungerer som oppbevaringsstad for fleire tradisjonsbåtar.

Husa og samlingane ved Gamle Kvernes bygdemuseum gjer at besøkande vil få innblikk ei livet ved kysten her frå steinalderen og heilt fram til nyare tid. Museet har mange arrangement gjennom året, der m.a. lokale mattradisjonar og handverk står sentralt. Olsokstevnet siste helga i juli utgjer eit av dei viktigaste arrangementa ved museet. Også her står lokalmat – Nordmørsk tradisjonskost – sentralt (http://www.nordmore.museum.no/artikkel.aspx?MId1=237&AId=518&back=1&MId2=250&MId3=252).

## Kulisteinen

Kulisteinen på øya Kuløy i Smøla kommune har som nemnt ei runeinnskrift som henspeglar på innføringa av kristendommen: *Tore og Hallvard reiste denne steinen etter (Ulvjlot)…. Tolv vintrar hadde kristendommen vore i Noreg….* Truleg har slektningar reist steinen med tekst på til minne om ein avdød, og denne type innskrift er vanleg på runesteinane frå mellomalderen. Det spesielle her er at steinen kan daterast – og samtidig gi indikasjon på når kristendommen vart offisielt innført i Noreg. Som nemnt viser arkeologiske undersøkingar at det har gått ei trebru over eit myrlendt område fram til staden der Kulisteinen opphavleg stod. Det var ein vanleg skikk i Norden å bygge ei bru i tilknyting til slike bautasteinar, og det er difor sannsynleg at brua vart laga samtidig med at steinen vart reist. Brua kan slik datere steinen til 1034. Skrift og språkforma på steinen tyder også på ei datering til byrjinga av 1000-talet (Rindal og Steinsland 2001:134-135). Mykje tyder difor på at Kulisteinen viser til Mostertinget som fann stad tidleg i 1020-åra, og steinen blir gjerne rekna som Noregs dåpsattest.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Den originale kulisteinen med runeinnskrift står i dag i Vitenskapsmuseet i Trondheim, men ein kopi er sett opp på Kuløy på staden der Kulisteinen opphavleg stod (Fig. 36).

*Figur 36: Kopi av kulisteinen – plassert der originalen opphavleg stod (Foto: Margun Pettersen)*



## Edøy gamle kyrkje

I Edøyfjorden eit stykke innafor Kuløy ligg øya Edøy, også dette i Smøla kommune. Her står Edøy gamle kyrkje, ei steinkyrkje frå rundt 1190 som også kan utgjere ein naturleg stopp langs Kystpilegrimsleia i dette området. Truleg vart kyrkja bygd som eit privat kapell for kongen sin ombodsmann på Edøy. Det er også andre kulturminne på Edøy, m.a. eit fornminneområde med gravhaugar. Her ligg det også ei trearma stjernerøys. Dette tyder på at Edøy har vore ein stad av betyding tilbake til forhistorisk tid.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Kyrkja har eit rektangulært skip og eit kor som er plassert skeivt i forhold til skipet. Kyrkja vart påbygd i 1690. Ho er kvitkalka innvendig og interiøret er av nyare dato. På Edøy kjem ein med både ferje og hurtigbåt. Det er også marina og ankringsområde for privatbåtar.

På Edøy ligg også kultursenteret Gurisenteret. Her er det utstillingar av ulike slag, og ei av Noregs flottaste utescener er plassert her med plass til 1000 personar. Utescena er forma som eit gresk amfi og er m.a. arena for den årlege oppsettinga av spelet «Fru Guri av Edøy». På Gurisenteret er det også turistinformasjon, kafé og venterom for trafikantar (http://www.gurisentret.no/gurisentret). Gurisenteret bidreg til å knyte historia til øya og attraksjonane her saman. Hovudfokuset i sentret er trusskifte og mellomalder.

Det er gode muligheiter for turar i lokalområdet. Ei fin vandrerute for besøkande kan vere å gå frå Gurisenteret, via Edøy gamle kyrkje og over brua til Kuløy og Kulisteinen. Ei anna rute kan vere å gå frå Gurisenteret via stjernerøysa, kyrkja og opp på det høgaste punktet vest for Edøygarden der det ligg eit kystfort frå andre verdskrig. Dette vil gi besøkande anledning til å sjå kulturminne frå ulike tider – og innblikk i livet ved kysten frå forhistoriske tid og heilt opp til i dag.

Ca. 1/3 av landarealet og eit stort sjøareal i Smøla kommune er i dag verna i medhald av Naturmangfaldslova. Også naturkvalitetane her ligg godt til rette som attraksjon og arena for oppleving. Her er det store urørte myr- og våtmarksområde samt eit unikt skjærgårdslandskap med ein rik biologisk produksjon. Smøla er m.a. klassifisert som eitt av dei viktigaste områda for fugl i Europa, og eit av områda med størst bestand av havørn (http://www.regjeringen.no/upload/MD/Vedlegg/Kongelige_resolusjoner/Kongelig_resolusjon_Verneplan_Smola_090109.pdf). Kombinasjonen av eit spennande kulturlandskap i eit spesielt naturlandskap ved kysten vil såleis gi besøkande ei unik oppleving.

## 8.5 Sør-Trøndelag

### Austråttborg

Austråttborga er ein herregard i Ørland kommune. Austrått har sidan 1000-talet vore kjent som eit sentralt område – og eit gods med store tilhøyrande landområde. Sjølve borga slik ho står i dag er frå etterreformatorisk tid, men borganlegget er bygd rundt eit lite kapell som truleg er frå mellomalderen med ei samling av trefigurar frå same periode.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Borganlegget slik det står i dag er resultatet av fleire hundre år med utvikling, endringar og tilpassingar. Borga brant ned i 1916, og ei restaurering vart påbegynt i 1920-åra og vart ferdigstilt i 1961. Borga er open frå omvisingar i sommarmånadane.

Ein må nytte båt for å komme seg ut til Austråttborga. Det er mulig å ta rutebåt frå Trondheim til Brekstad, og herifrå er det ca. 4 km å gå til borga. Vandringa går gjennom vakker natur. På Brekstad er det dessutan mulig å leige sykkel, og besøkande kan dermed få seg ein fin sykkeltur på veg til Austråttborga.

### Rein kloster

Rein kloster vart etablert av hertug Skule ca. 1226. Dette var eit nonnekloster som truleg høyrde til Augustinarordenen – sjølv om dette siste er noko usikkert. Den bevarte klosterkyrkja har ei noko avansert form med langstrakt skip, transpet og kor med korkapell. Utforminga kjem av at klosteret overtok ei eldre krossforma steinkyrkje, som seinare vart utvida (Hommedal 1999:153, 172-173). Mor til Magnus Lagabøter kom herifrå, og ho skal ha tilbrakt sine 6 siste år på klosteret. I ca. 300 år utgjorde Rein eit viktig religiøst og kulturelt sentrum.

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Ruinane etter klosterkyrkja frå 1226 pregar framleis området, sjølv om mykje av steinen herifrå er vekke. Denne vart gjenbrukt under gjennoppbygginga av Vår Frue kyrkje i Trondheim på 1600-talet. Ein park omgir klosteret i dag, og her er det fint å vandre rundt på eigen hand. Det er sett ut informasjon som fortel den besøkande om området og historia her.

Gården Rein ligg på eit høgdedrag med utsyn over Trondheimsfjorden. Hovudproduksjonen her er i dag økologisk mjølk. I 2009 vart Reins Kloster A/S etablert, og produserer m.a. ein handverksbasert økologisk iskrem under merkenamnet Rein Iskrem. Eit anna merkevareprodukt er Reins Klosters Aquavit – som også er eit økologisk produkt. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Arcus, Rissa Utvikling og 4 økologiske gardar der den eine er Reins Kloster gard (http://reinskloster.no/).

Det er lettast å komme seg til klosteret med båt. Det er her mulig å ta hurtigbåt frå Trondheim til Hysnes, og frå Hysnes er det ca. 15 km til klosteret.

Frå klosteret kan ein gå vidare til Museet Kystens Arv. Dette er eit av seks museum som dannar Museene i Sør-Trøndelag. Museet Kystens Arv ligg flott til ned mot fjæresteinane. Her er det mulig for pilegrimar og andre besøkande å leige seg ein seglbåt med mannskap – og til dømes segle det siste stykket fram til Nidaros. På Museet Kystens Arv er det som nemnt også eit båtbyggjeri som har klinkbygde båtar som sitt spesialfalt. Dette er ein type båt som har vore brukt i over tusen år langs kysten vår. Museet er også eit kompetansesenter for segling med råsegl – og det er mulig for besøkande å lære seg korleis dette skal gjerast (http://kystensarv.no/).

## Dolmsundet

Dolmsundet ligg som ein aust-vestgåande kanal mellom Dolmøya og «Fastlands»-Hitra. På begge sider av dette sundet finst det store mengde kulturminner heilt tilbake til steinalderen og inn i mellomalderen og nyare tid. Nærare hundre buplassar frå steinalderen er registrert samt eit liknande tal gravminner frå jernalderen. Fleire gravrøyser frå bronsealderen er også påvist. I mellomalderen låg det to kyrkjestader her – Dolm og Undås. Undås kyrkje er reven, men Dolm mellomalderkyrkje står framleis. Dette er ei steinkyrkje, og var hovudkyrkja på Hitra heilt fram til ho brant i 1920 (http://www.kreativetrondelag.no/kulturminna/Vangfeltet-og-Dolmsundet/).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Dolmsundet er skilt ut som eit spesielt verdifullt område, og fylkeskommunen har fleire stader føreteke skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne i mindre skala langs sundet. Det er også gjort fleire tiltak for å kunne bruke kulturminnenen her i kommersiell samanheng. Det er m.a. reist ein kopi av eit langhus frå jernalderen etter ei utgraving på 1990-talet. Dette ligg midt i ein kulturminnepark med buplassar og gravplassar frå førhistorisk tid, og er drifta av Dolmsundet Hotell.

På Hitra finn vi også handelsstaden Hopsjø som går tilbake til 1700-talet. Her finn kanskje den eldste bevarte kramboden i Noreg. Her er det mulig å kjøpe suvenirar, gamaldags godteri og lokalt kunst- og handverk. Krambua er open kvar dag i sommarsesongen. Pakkhuset på handelsstaden er gjort om til restaurant med vekt på drikke og mat med lokal tilknyting. Det er også eit kvalfangstmuseum på området
(http://www.trondelagskysten.no/index.php?option=com_content&view=article&id=77&lang=no&It

emid=).

## Nidarosdomen

Nidarosdomen vil for mange vere det endelege målet for pilegrimsreisa også i dag – slik som det var for dei fleste i mellomalderen. Den 29. juli i det herrens år 1030 fall kong Olav Haraldsson i slaget på Stiklestad i kampen mot danskekongen Knut den mektige om makta i Noreg. Olav skal i løynd ha blitt gravlagt ved Nidelva. Etter kvart begynte mange å snakke om at den falne kong Olav var ein heilag mann – slik mange jarteikn tyda på. Liket hans vart til slutt grave opp att, og med kongens samtykke vart det avgjort at kong Olav verkeleg var ein heilag mann. Liket hans vart båre inn i Klemenskyrkja og gravsett over høgalteret. Son til Olav, Magnus den gode som vart konge i 1035, fekk laga eit skrin pryda med gull og sølv og edelsteinar. I dette skrinet vart så leivningane etter kong Olav lagt. Dei vart først plassert i ei Olavskyrkje bygd av kong Magnus, og seinare i Mariakyrkja bygd av etterfølgjaren hans, Harald Hardråde. Omkring år 1070 skal kong Olav Kyrre ha tatt ned eit lite trekapell som var reist over St. Olavs grav ved Nidelva, og han skal ha latt bygge ei steinkyrkje her. Dette var byrjinga på Nidarosdomen. I 1152/53 vart erkebispesetet oppretta i Nidaros, noko som gjorde det endå viktigare å få bygd ut kyrkja. Etter at domkyrkja i stein – Nidarosdomen – stod ferdig vart Olavsskrinet flytta hit. Kyrkja skal ha blitt reist på staden der dei først hadde jordlagt Olav, og høgalteret vart plassert over grava. Etter reformasjonen i 1537 vart truleg skrinet til Olav den heilage fjerna og øydelagt, men den inste kista med liket skal ha blitt ståande att. Kvar denne kista er i dag er det ingen som veit (Rindal og Steinsland 2001:138141).

*Dagens tilstand og tilbod til besøkande*

Det er mulig å bli med på ei historisk vandring i Nidarosdomen eller Museet Erkebispegården året rundt. I lågsesongen er det opne omvisingar i helgane, men grupper kan bestille omvisingar både på dagtid og kveldstid – og guida turar blir arrangert på fleire språk. Om sommaren er det også mulig å besøke Gravsteinskrypten som har landets største samling av minnesteinar frå mellomalderen.

Det er også eit rikt og variert musikkliv i Nidarosdomen. Det blir arrangert ulike musikalske innslag i gudstenestene, og det er i tillegg ei eiga musikkverksemd i kyrkja: Musikk i Nidarosdomen. Det blir arrangert ei rekke konsertar året gjennom. Det er eit ønske at musikkprogrammet skal være samansett av ulike stilarter og bringe vidare tradisjonen for nyskapning og modige val. Oversikt over konsertarrangement finst på nettet: http://nidarosdomen.prod.h-k.no/nb-NO/Kalender/.

Kvart år blir Olavssfestdagane arrangert rundt Olsok – i hovudsak sentrert rundt Nidarosdommen og Erkebispegården. Olavsfestdagane pleier å vare ei veke, og består av uilke arrangement – som konsertar, familie- og barneaktivitetar, gudstenester, pilegrimsvandringar, historisk marknad, foredrag etc (http://nidarosdomen.prod.h-k.no/nb-NO/besok+opplevelser/opplevelser/olavsfestdagene/olavsfestdagene.html).

Det er etablert ein kafé i Besøkssenteret i Nidaros som kan tilby god mat og drikke i unike omgjevnader. I Besøkssenteret ligg det også ein spesiell gåvebutikk knytt til Nidarosdommen, Erkebispegården og Riksregalieutstillinga. Fleire av varene her er lokalt produsert (http://www.nidarosdomen.no/nb-NO/besok+opplevelser/butikk/butikk.html).

Nidarosdomens Restaureringsverksteder (NDR) er også verdt eit besøk – her arbeider steinhoggarar, murarar, smedar, glasmeistrar, gipsmakarar og snekkarar. NDR er eit nasjonalt kompetansesenter for bevaring av verneverdige bygningar i stein. Dei utfører oppdrag som rådgjeving, opplæring av handverkarar og praktisk utførande oppgåver innafor dei ulike fagområda. Hovudfokuset er likevel å vedlikehalde og restaurere Nidarosdomen og Erkebispegarden (http://www.nidarosdomen.no/nb-NO/ndr+restaurering/ndr+i+dag/restaurering/restaurering.html).

## 8.6 Spesielle kultur- og naturlandskap langs seglingsleia

Stadene som er nemnt ovanfor vil utgjere eit viktig kulturhistorisk utgangspunkt for å få i gang ei internasjonal reiselivssatsing med Kystpilegrimsleia som tema. Som det går fram av rapporten har fleire av desse stadene utgjort viktige pilegrimsmål i mellomalderen, men enkelte av kulturminna har vi likevel liten kunnskap om i forhold til deira eventuelle rolle som valfartsmål. Både skriftlege samtidskjelder og det arkeologiske materialet frå perioden gir forholdsvis lite informasjon om pilegrimar og pilegrimsmåla i mellomalderen. Stadane si plassering langs seglingsleia og religiøse funksjon og betyding i mellomalderen gjer det likevel sannsynleg at dei var stoppestader for pilegrimar og andre som reiste langs kysten. Kulturminna og heilagstadene som er trekte fram her representerer såleis ei første kartlegging og utval av stader som kan gi ei djupare oppleving av pilegrimstradisjonar og kysthistorie – og slik gjere ei reiselivssatsing med Kystpilegrimsleia som tema mulig.

Denne gjennomgangen bør sjåast som eit viktig grunnlag for vidare arbeid. Som nemnt kan det vere fruktbart å utvide perspektivet i det vidare arbeidet, slik at ein også inkluderer andre typar kulturminne og stader langs seglingsleia enn dei som kan knytast direkte til pilegrimstradisjonar, religions- og kyrkjehistorie. Kultur- og naturlandskap utgjer verdiar som må sjåast i samanheng. Langs kysten ligg det fleire spesielle landskap – både naturlandskap og kulturlandskap som ikkje knyter seg til pilegrimstradisjonen men som vil kunne utgjere spennande stoppestader for dagens reisande langs Kystpilegrimsleia. Desse unike landskapa vil gi besøkande innblikk i livet langs kysten for både dyr og menneske. I forprosjektet er berre eit lite utval tatt med – som døme på kva som finnast – og ei nærare kartlegging må gjerast i hovudprosjektet. Det spesielle skjærgardslandskapet i Smøla kommune i Møre og Romsdal er allereie trekt fram som eit viktig element i Kystpilegrimsleia, men også andre landskapsområder vil kunne utgjere viktige arenaer for oppleving for reisande langs kystleia.

Kystlynghei:

I Noreg finn vi verdas nordlegaste kystlyngheier – eit kulturlandskap som i dag blir rekna som ein trua naturtype. På europeisk basis er kystlyngheier redusert med nærare 90 % dei siste åra. Kystlyngheier er opne, heiprega og trebare områder som er dominert av dvergbusker, først og fremst røsslyng. Landskapet er forma gjennom rydding av kratt og skog og lang tids hevd med beite, regelmessig lyngbrenning og lyngslått. Lyngheilandskapet går ca. 4000-5000 år tilbake i tid, og er blant våre eldste kulturlandskap. På Lygra i Norhordland – som ligg midt i seglingsleia – er Lyngheisenteret etablert (Fig. 37). Her arbeider ein med å ivareta denne typen kulturlandskap. Her er det mulig for besøkande å vandre på tilrettelagte stiar i eit historisk kystlandskap som går 5000 år tilbake i tid. I dag blir lyngheiene her verna gjennom aktiv gardsdrift. Lyngheisenteret på Lygra er konsolidert inn under Museeumssenteret i Hordaland, og er eit informasjonssenter som er oppretta for å ta vare på

kunnskapen og tradisjonane som knyter seg til bruken av dette landskapet (http://www.lyngheisenteret.no/om%20LHS.htm og www.muho.no). Eit spennande kulturhistorisk element her er at Lygra også kan ha utgjort ein kongsgard under Olav Haraldsson på byrjinga av 1000-talet (Iversen 2008:22).

*Figur 37: Lyngheisenteret på Lygra (Foto: Lyngheisenteret, MuHo)*



Lindås sjøsluser

Farleia frå Bergen og nordover gjennom Alverstraumen og Lurefjorden har vore ein svært viktig del av ferdselsåra langs Norskekysten gjennom fleire tusen år. I dette område ligg Lindås sjøsluser – som utgjer eit spennande reisemål i seg sjølv. Slusene stod ferdige i 1908 og var i drift fram til 1963. Etter den tid stod anlegget urørd. I dag er Lindåsslusene blitt restaurert og kan takast i buk igjen (http://www.fjordguiding.com/andrereisemal/lindas/). Dette er den eine av to sjøsluser som finst i Noreg, og dei er eit godt bilete på samferdsla si betyding langs kysten.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket – Hoddevik-Liset:

Eit felles prosjekt mellom Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet skal bidra til at spesielt verdifulle kulturlandskap får ei særskild forvaltning. Dei utvalde områda omfattar kulturlandskap i jordbruket med store biologiske og kulturhistoriske verdiar, og finst innafor fleire av

fylka. Nokre av desse ligg langs Kystpilegrimsleia, og vil kunne utgjere eit spennande innslag i denne (Utvalgte kulturlandskap i jordbruket […]Utkast 06.10.2009). Eit godt døme på denne type landskap finn vi på Stadlandet i Sogn og Fjordane. Her er særleg områda Hoddevik, Indre og Ytre Fure, Drage, Årdal, Skårbø og Liset trekte fram. Desse områda er sett som nokre av stadene som har eit unikt nasjonalt særpreg.  Her er det kulturmark med lang kontinuitet og stor artsrikdom som karakteriserer landskapet. Dei ulike grendene og gardane her er lite forstyrra av moderne inngrep (Utvalde kulturlandskap i jordbruket […]Utkast 06.10.2009; Forvaltningsplan for Hoddevik-Liset 2009-2029).

Dekkjene på Stadlandet – terrengdekkande myr:

Terrengdekkande myr, også kalla teppemyr, finn vi i kyst- og fjordstrøka frå Agder til Troms. Dette er likevel ein sterkt truga landskapstype i Noreg, m.a. på grynn av oppdyrking (NOU 2004: 28, 4.6.9). Terrengdekkande myrer dannar eit samanhengande dekke over terrenget, både over høgdedrag, flater og skråningar. Dekjene på Stadlandet er eit godt døme på denne type landskap.

Atlanterhavsveien Eide-Averøy

Mellom Eide og Averøy i Møre og Romsdal finn vi Atlanterhavsveien. Dette er ein veg- og bruforbindelse mellom holmar og skjær ytst i havgapet – i eit område med fantastisk og dramatisk natur. Langs vegen er det mange stoppestader, rasteplassar og serveringsstader. Det er eit flott turterreng på dei nakne og forblåste holmane rundt Atlanterhavsveien. Området er også kjent som eit eldorado for sportsdykkarar (http://atlanterhavsveien.info/default.asp?meny=info).

Ørlands tidevannslandskap:

I Ørland kommune i Sør-Trøndelag finn vi Ørlands tidevannslandskap som er eit av landets viktigaste våtmarksområde. Grandefjæra som er ein del av Ørlands tidevasslandskap er eit naturreservat som utgjer det største samanhengande tidevassarealet i Noreg. Den unike naturen her med sitt yrande fugleliv er ein fantastisk attraksjon for besøkande. Her kan ein også besøke Ørland Våtmarkssenter som består av ei permanent utstilling og opplevingssenter i tilknyting til Ørland Kultursenter, samt fleire naturscenar rundt i kommunen (http://www.orlandkultursenter.no/natur).

## 8.7 Kystvandring

Fleire stader langs kysten ligg forholda godt til rette for turar på land i kystlandskapet. Her ligg tusenvis av øyar med kuppert terreng som er perfekte for vandring, og på fastlandet ligg fjelltoppar med panoramautsikt over til fjordar og storhavet i vest. Fleire turløyper av ulik vanskelegheitsgrad er godt merka, og ein finn turar som passar for alle uansett form og målsetting.

Også ved fleire av kulturminna/ heilagstadene som inngår i pilegrimsleia er det gode muligheiter for vandringar i kystlandskapet. Enkelte ruter er allereie tilrettelagt, som t.d. Sunnivaleia mellom Selja og Kinn, mens andre stader kanskje vil krevje meir tilrettelegging. Anten ein reiser kollektivt eller med

eigen båt kan ein legge inn stoppestader og vandringar undervegs – etter eige ønske. Det er eit sentralt mål at pilegrimsreisene også skal fungere som ein motivasjonsfaktor for å få folk til å komme seg ut og gå.

Nordsjøløypene går gjennom lett terreng i kystnatur med rik historie, og utgjer mindre krevjande løyper. Nordsjøløypene vert utvikla av NAVE Nortrail-prosjektet som delvis er finansiert av EU sittt Interreg IIIb-Nordsjøprogram. Målet er her å lage ei rekke turvegar langs Nordsjøkysten slik at folk skal kunne få gleda av å ta både fotturrar og sykkelturar i det særeigne kystlandskapet. Her er stiar og turar avmerkt i fire av dei fem fylka som inngår i prosjektet – frå og med Rogaland i sør til og med Møre og Romsdal i nord (http://www.northseatrail.org/index.php?/no/about_the_north_sea_trail). I hovudprosjektet vil det vere viktig å gi ei samla oversikt over aktuelle ruter som går langs kystleia.

På Jæren i Rogaland er Kongeveien etablert som ein ca. 19 km lang tursti langs kysten frå Kvassheim fyr til Hå gamle Prestegard. Stien er godt merka og er delt inn i etappar, og følgjer delvis den gamle rieveien over Jæren. Dette er ein del av Jærstrendene landskapsvernområde som strekker seg frå Ogna i sør til Randaberg i nord (http://www.stavanger-turistforening.no/activity.php?ac_id=47764). Vegen vil kunne utgjere ein fin landetappe i Kystpilegrimsleia, før ein eventuelt går i båt i Stavanger. Langs Kongeveien er det dessutan merka ein pilegrimsveg, som går frå Varhaug gamle kyrkjegard og nordover til Njærheim (http://www.regionstavanger.com/no/Produkt/?TLp=40072).

I Møre og Romsdal har ein også etablert turstiar i kystnære område – såkalla kyststiar – enkelte stader heilt nede i strandsone (Fig. 38). Stiane er merkte med skilt, og det er tilrettelagt for parkering. Dette prosjektet har vore delvis finansiert gjennom tippemidlar. Stiane er mykje brukt og svært populære. M.a. blir dei også brukt gjennom NAV sitt prosjekt Aktive på dagtid. Folkehelseaspektet står sentralt her, og det er gode muligheiter for å etablere denne type stiar i dei andre regionane også.

*Figur 38: Kyststien i Fræna, Møre og Romsdal – med fyrlykt og gravrøys i bakgrunnen (Foto: Bjørn Ringstad)*



Langs Vestlandskysten finn ein også stupbratte fjell som utgjer fantastiske toppturar. Ei nærare kartlegging av kva som finst av turar og merkte løyper vil bli gjort i hovudprosjektet. Til dømes kan Hornelen (806 moh) vere ein fin tur. Dette er Nord-Europas høgste sjøklippe, og kan som nemnt knytast til ei segn og Olav den heilage. Turen opp tek ca 8 timar t/r og er svært krevjande (Fig. 39).

*Figur 39: Hornelen (Foto: Kari Leine Balog)*



# 9 Plan for hovudprosjekt

Forprosjektet *Kystpilegrimsleia – Rogaland til Nidaros* er eit første steg i arbeidet med å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs vestlandskysten, og målet er at arbeidet vil halde fram i eit hovudprosjekt. Visjonen er å lansere Kystpilegrimsleia i 2014. Dette gjer at eit framtidig hovudprosjekt bør starte opp allereie hausten 2013. Hovudprosjektet vil likevel ikkje kunne ferdigstillast før 2016.

Som det går fram av forprosjektet eksisterar det allereie system for overnatting og bestilling av dette, mat, transportmuligheiter, båtutleige etc. langs store delar av kystleia. Eit svært viktig arbeid i hovudprosjektet blir å kople desse systema saman. Det må arbeidast med logistikk og infrastruktur ut frå allereie eksisterande aktørar og system. Enkelte stader vil det også vere både behov og muligheiter for utvikling og nyetableringar. Det vil vere svært viktig å få ei kartlegging av dette i ein tidleg fase av hovudprosjektet.

## 9.1 Organisasjon

Hovudprosjektet vil truleg utvikle seg i forskjellige trinn og fasar, og hovudfokuset vil variere undervegs etter kvart som arbeidet skrider fram. I startfasen av hovudprosjekt bør ein prioritere å lage ein gjennomarbeida organiseringsmodell, ein finansieringsplan og ein framdriftsplan. Dette kapitlet lanserer eit forslag til korleis det kan gjerast.

Hovudprosjektet bør leiast av ei styringsgruppe med representantar frå alle dei fem regionane – på same måte som i forprosjektet. Det vil vere naturleg at ein her hentar aktørar frå institusjonane som er med og finansierer hovudprosjektet. Desse vil ha det formelle ansvaret og vere prosjekteigarar. Styringsgruppa godkjenner framdriftsplanar, budsjett og tek beslutningar på eit overordna nivå.

Under styringsgruppa kan det vere aktuelt å etablere to prosjektgrupper – forslag til dette er skissert under. Dette er likevel noko styringsgruppa må ta stilling til ved oppstart av hovudprosjektet. Målet er at Kystpilegrimsleia skal nyttast til beste for bebuarar langs leia, næringsliv og lokalsamfunn. Det er viktig i forhold til forankringa at skisserte aktivitetar i hovudprosjektet i størst mulig grad har sitt utspring i bedrifter og lag på lokalt nivå, samt administrativt og politisk nivå i kommunane. Eit godt samspel mellom lokalbefolkning og grunneigarar, næringsliv, offentleg forvaltning, frivillige, kyrkja og FoU er nødvendig for at ein skal lukkast med verdiskaping rundt leia. Prosjektleiarane for dei to prosjektgruppene bør difor legge vekt på å utvikle og auke samhandlingskompetansen på alle nivå for å få dette til å fungere. Det bør også vere eit stort fokus på å vidareføre og opprette samarbeid med ulike regionar og aktørar. Brei forankring gjennom tidleg informasjon til berørte partar er avgjerande for vidare framdrift.

Målet er at Kystpilegrimsleia skal bli ei offentleg godkjent lei. På sikt vil det difor vere naturleg at Nasjonalt Pilegrimssenter tek over Kystpilegrimsleia på lik linje med innlandsleiene. Dette må vurderast ut i frå kapasiteten til Pilegrimssenteret.

**Prosjektgruppe 1 – Næringsliv og verdiskaping**

Ei gruppe bør ha ansvaret for reiselivsutviklinga, og jobbe tett opp mot aktørar innan næringslivet – som t.d. destinasjonsselskapa, transportørar, overnattingsstader og serveringsstader – både lokalt og regionalt. Det vil vere viktig å opparbeide ei oversikt over aktørar som allereie arbeide innafor reiselivet, men også å arbeide mot utvikling og tilrettelegging av både overnatting og matservering på stader der dette ikkje finst frå før. Det finst t.d. mange aktørar som er involvert i tradisjonsmat og som fokuserer på kortreist mat. Desse bør involverast i Kystpilegrimsleia.

Utviklinga av turisme og reiseliv er eit langsiktig arbeid, og resultata vil ikkje komme over natta. Forprosjektet har peika på viktige behov og nødvendige tiltak som ein må arbeide med i forhold til ei reiselivssatsing langs Kystpilegrimsleia. Iverksetting av desse tiltaka i eit hovudprosjekt er eit viktig steg på vegen mot å gjere leia og stoppestadene her til framtidsretta og attraktive reisemål.

**Prosjektgruppe 2 – Formidling og kartlegging**

Den andre gruppa bør arbeide vidare med tilrettelegginga av Kystpilegrimsleia som nasjonalt kulturminne og vidare kartlegging av kulturminne og heilagstader her. Eit sentralt fokus bør vere på formidling og utvikling, skjøtsel og vedlikehald. Å oppretthalde bruk og iverataking av leia vil utgjere store framtidige utfordringar som krev oppfølging både frå kommunalt, regionalt og sentralt hold. Lokale lag og organisasjonar, museum, private aktørar, samt lokale kyrkjer og kyrkjelydar vil vere viktige samarbeidspartnarar når det gjeld utvikling og tilrettelegging av gode opplevingar langs Kystpilegrimsleia.

Det er viktig å forvalte den ferdigstilte Kystpilegrimsleia på ein god måte. Kommunane må legge Kystpilegrimsleia inn i kommunale plandokument slik at den blir teke omsyn til ved framtidig planlegging. Ei kartfesting av leia i dei ulike kommuneplanane sin kartdel er viktig, samtidig som leia bør også omtalast i tekstdelen til planane og i retningslinene.

## 9.2 Behov for regionale pilegrimssenter?

Langs innlandsleden til Nidaros er det etablert regionale pilegrimssenter. Dette kan vere ein tanke også i samband med Kystpilegrimsleia. Dei fem regionale sentra i innlandet arbeider med å formidle informasjon og rettleiing om pilegrimsvandring, arrangere fellesvandringar og bidra til utvikling av vegen og vandringa i eigen region.

## 9.3 Plan for hovudprosjektet

Behova som er påpeika og skissert i forprosjektet utgjer tiltak som bør settast i verk gjennom eit hovudprosjekt. Desse tiltak er skisserte i tabellen nedanfor. I tillegg til prosjektleiing vil det vere behov for kjøp av enkelte tenester. Forslag til omtrentlege kostnader er gitt i tabellane nedanfor.

| **Aktivitet** | **Samarbeidspartnarar** | **Tidsaspekt** |
|---|---|---|
| **Næringsliv og verdiskaping** | | |
| Opprette kontakt og samarbeid med destinasjonsselskapa – Her er t.d. hurtigruta og ekspressbåtane (Norled) viktige. | Destinasjonsselskap, NCE | 2 vekeverk |
| Skaffe til veie informasjon om eksisterande overnattingsstader, matservering, butikkar, etc. | Destinasjonsselskap, NCE, Næringslivsaktørar, fylkeskommunane, kommunane | 2 vekeverk |
| Kartlegge område med behov for utvikling og nyetablering av overnattingsstader og matservering. Prioriterte oppgåver bør her vere ny bruk av gamle bygg, t.d. fyrstasjonar, handelstader, gardsbruk etc. | Næringsliv, private eigarar, fylkeskommunane, kommunane | 12 vekeverk |
| Kople Kystpilegrimsleia opp mot eksisterande system for overnatting | NCE, destinasjonsselskapa | 4 vekeverk |

| | | |
|---|---|---|
| og transport | | |
| Forankre prosjektet og aktivere lokallag, organisasjonar, kyrkjelydar | Lokallag, organisasjonar, kyrkjelydar | 8 vekeverk |
| Inngå avtale med fartøyvernet om aktivering av fartøya i Kystpilegrimsleia. Aktivering av mindre opne båtar vil også vere viktig. | Norsk foreining for fartøyvern, Forbundet Kysten, kystlaga og musea | 4 vekeverk |
| Kople Kystpilegrimsleia opp mot lokale mattradisjonar og matprodusentar | Slow Food, lokallaga, lokale matprodusentar, Norsk Bygdeturisme og Gardsmat | 12 vekeverk |
| Arbeide for å få til pilegrimsbillett for reisande med kollektivtransport | Transportselskap – båt, buss, ferje | 2 vekeverk |
| Initiere istandsetting og restaurering av bygningsmasse langs kysten, kompetansebygging, ny bruk av fyrstasjonar, sjøhusmiljø, gardsbruk for aktivitet gjennom Kystpilegrimsleia som t.d. overnattingstader og matservering | Private eigarar, Norsk kulturminnefond, SMIL, private stiftingar og legat | 12 vekeverk |
| Kontakt med aktørar for utvikling av suvenirar - lokalt handverk og pilegrimseffektar. Skape bedriftsnettverk. | Lokale næringsaktørar, Nasjonalt pilegrimssenter, Innovasjon Norge, kommunane, fylkeskommunane (t.d. hopp.id og ungt entreprenørskap) | 12 vekeverk |
| **Formidling** | | |
| Utarbeide marknadsføringsplan/medieplan | Fylkeskommunane, bispedøma, Riksantikvaren, ekstern hjelp | 1 vekeverk |
| Utvikle eigen logo | Riksantikvaren, Nasjonalt Pilegrimssenter, fylkeskommunane, ekstern hjelp | Teneste som må kjøpast 100 000,- |
| Utarbeide skiltplan | Fylkeskommunane, Riksantikvaren, kommunane | 2 vekeverk |
| Utarbeide tekst til skilt og informasjonstavler | Fylkeskommunane, kommunane, musea | 26 vekeverk |
| Utarbeide brosjyrar | Fylkeskommunane, bispedøma, Nasjonalt pilegrimssenter, kommunane, musea | 4 vekeverk |
| Utarbeide guidebøker | Forlag | 12 vekeverk |
| Lage nettside, formidling via internett og sosiale media | Nasjonalt pilegrimssenter, fylkeskommunane, bispedøma | 2 vekeverk |
| Utarbeide informasjon via GPS og GIS-verktøy | IT-kompetanse, fylkeskommunane | Teneste som må kjøpast 400 000,- |
| Undersøke muligheitene for meir utvikla mobilguide | IT-kompetanse, fylkeskommunane | Teneste som må kjøpast 400 000,- |
| Kartlegge padleruter for heile eller delar av strekninga | Lokale padleklubbar | 2 vekeverk |
| Kartlegge og stimulere til aktivitetar langs Kystpilegrimsleia | Lokale lag og organisasjonar, musea, private aktørar | 12 vekeverk |
| Utarbeide praktbok over Kystpilegrimsleia | Fylkeskommunane, bispedøma, kommunane, museum, Nasjonalt | Ekstern aktør |

| | | |
|---|---|---|
| | pilegrimssenter, Forlag | |
| Utarbeide opplegg for Den kulturelle skulesekken | Fylkeskommunane, kommunane, musea, skulane | Ekstern aktør |
| Involvere lokale kyrkjelydar som medspelarar og ressurs i pilegrimsarbeidet – med særleg fokus på opne kyrkjer. | Bispedøma, kyrkjelydane | 1 vekeverk. Dette må sjåast i samanheng med finansieringa av hovudprosjektet. Ei delfinansiering gjennom kyrkja vil vere naturleg, og slik bidra til å forlenge tidsaspektet. |
| Opprette kontakt med forskingsinstitusjonar – og utvikle forskingsarbeid med Kystpilegrimsleia som tema | Universitet, høgskular, museum | 1 vekeverk |
| **Kartlegging** | | |
| Vidare kartlegging av kulturminne og kulturmiljø. Forslag:<br>• Større gravrøyser langs leia<br>• Kyrkjestader frå mellomalderen<br>• Nyare tids kulturminne – som fyrstasjonar, sjøhusmiljø, gamle handelsstader etc. Ein må vidare undersøke muligheiter for utvikling og ny bruk av desse i turistsamanheng.<br>• Kartlegging av spesielle kultur- og naturlandskap langs leia<br>• Studere gamle sjøkart for å få ei nærare kartlegging av leia i forhistorisk tid og mellomalder | Fylkeskommunane, museum, private eigarar | 10 vekeverk |
| Kartlegging av landetappar og turløyper. Kontakt med grunneigarar. | Fylkeskommunane, kommunane, lokale lag og organisasjonar, musea | 18 vekeverk |
| Tilrettelegging og merking av landetappar og turløyper | Fylkeskommunane, kommunane, lokale lag og organisasjonar, musea | Ekstern aktør |

## 9.4 Budsjett og finansiering

Riksantikvaren gir tilsagn om ein halv million kroner til prosjektet i 2013 – som eit ledd i verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet. Tildeldinga er avhengig av at styringsgruppa for Kystpilegrimsleia ønskjer å gå vidare med eit hovudprosjekt når forprosjektrapporten føreligg. Riksantikvaren signaliserer vidare vilje til å bidra økonomisk også utover 2013 om arbeidet blir starta

opp. Tilskotet frå Riksantikvaren vil likevel ikkje bli utbetalt før dei har sett seg inn i rapporten og fastsett vilkåra for bruk av verdiskapingsmidlane (Sjå vedlagt brev frå Riksantikvaren).

Det vil i tillegg vere gode muligheiter for bedrifter og aktørar langs Kystpilegrimsleia å søke midlar gjennom Innovasjon Norge sitt bedriftsnettverk. Dette er eit tenestetilbod som oppfordrar bedrifter til å samarbeide om nye marknadsmuligheiter. Her kan Kystpilegrimsleia fungere som eit motiv for reiselivet, og utgjere eit viktig søkegrunnlag.

**Prosjektgruppe 1 – Verdiskaping og næringsutvikling**

| | | |
|---|---|---|
| **Prosjektleiing** | 70 veker inkl. sosiale utgifter | 945 000,- |
| **Reisekostnader** | | 100 000,- |
| **Telefon og kontorutgifter** | | 60 000,- |
| **Sum** | | 1 105 000,- |

**Prosjektgruppe 2 – Formidling og vidare kartlegging**

| | | |
|---|---|---|
| **Prosjektleiing** | 91 veker inkl. sosiale utgifter | 1 228 500,- |
| **Reisekostnader** | | 180 000,- |
| **Telefon og kontorutgifter** | | 90 000,- |
| **Kjøpte teneste** | | 4 000 000,- |
| **Grunnlovsjubileet 2014** | | 250 000,- |
| **Sum** | | 5 648 500,- |

Dei to delprosjekta vil utgjere ein samla sum på kroner 6 753 500,-. Dei to prosjektgruppene vil gå over til saman vel 3 år.

| **Finansiering** | **SUM** |
|---|---|
| Riksantikvaren | 2830 |
| Fylkeskommunane | 2830 |
| Andre | 1100 |
| **SUM** | **6760** |

# Kjelder

*Adam av Bremen. Beretningen om Hamburgs stift, erkebiskopenes bedrifter og øyrikene i Norden*. Fra latin, med innledning, noter og register ved Bjørg Tosterud Danielsen og Anne Katrine Frihagen. 1993, Oslo.

Andersen, Per Sveaas 1977: *Samlingen av Noreg og kristningen av landet. 800-1130. Handbok i Noregs historie bind 2.* Oslo/Bergen/Tromsø.

Baadsvik, Karl og Karoline Daugstad 2003: *Kulturminner og kulturmiljøer som grunnlag for verdiskaping. NINA Oppdragsmelding 783.* Trondheim.

Baug, Irene 2002: *Kvernsteinsbrota i Hyllestad. Arkeologiske punktundersøkingar i steinbrotsområdet i Hyllestad, Sogn og Fjordane*. Bergverksmuseet. Skrift nr. 22. Kongsberg.

Baug, Irene in prep.: *Quarrying in Western Norway – An archaeological study of production and distribution in the Viking period and the Middle Ages.* Uferdig doktorgradsavhandling i arkeologi ved Universitetet i Bergen.

Birkeli, Fridtjov 1973: *Norske steinkors i tidlig middelalder. Et bidrag til belysning av overgangen fra norrøn religiontil kristendom. Skrifter published by Det Norske videnskaps-akademi i Oslo II. Hist. – Filos. Klasse. Ny Serie. 10.* Oslo.

Blom, Authén 1968: Pilegrimsveier. *KLNM XIII.* S. 306-310. København.

Bjelland, Ragnhild 2000: *Bot og Bedring. Den norske pilegrimstradisjonen i middelalderen.* Upublisert hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Oslo.

Brendalsmo, jan 2008: Kkirkene i Rromsdal i middelaladderen. En diskusjon av funksjon og status. *Veøy kirke. Årbok 2008. Romsdalsmuseet.* S. 30-67. Molde.

Dahlberg, Ann-Kristin 2012: *Tretten kyrkjestader i Sunnfjord. Ein arkeologisk analyse av mellomalderkyrkjestader frå kyst til innland.* Upublisert masteroppgåve i arkeologi ved AHKR, Universitetet i Bergen.

*Destinasjon Norge. Nasjonal strategi for reiselivsnæringen.* Regjeringens reiselivsstrategi. Nærings- og handelsdepartementet. 2012.

DN = *Diplomatarium Norvegicum,* utgitt av C. C. A. Lange, C. R. Unger et al. 1847–1990. Christiania/Oslo.

Ekroll, Øystein 1997: *Med kleber og kalk.* Oslo.

Elvestad, Endre 2005a: Jernalderledene i Sørvest-Noreg. *Fra Galta til Geitungen: Kystkultur og fjæresteinsarkeologi i Sørvest-Noreg.* AmS-NETT nr. 7. (Selsing, Lotte, Endre Elvestad, Harald Hamre, Jens Flemming Krøger, Anne Midtrød og Arne Johan Nærøy, red.). s.8-29. Stavanger.

Elvestad, Endre 2005b: Om varder og steinkors – tidlige sjømerker i Rogaland. *Fra Galta til Geitungen: Kystkultur og fjæresteinsarkeologi i Sørvest-Noreg.* AmS-NETT nr. 7. (Selsing, Lotte, Endre Elvestad, Harald Hamre, Jens Flemming Krøger, Anne Midtrød og Arne Johan Nærøy, red.) s. 81-91. Stavanger.

*Fana. Kyrkjestad i tusen år. Den heilage krossens kyrkje. Bergen kommune tusenårsstaden.* Norske kulturlandskap. Hordaland. Temabrosjyre nr. 11. Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune.

Fyllingsnes, Frode 2000: *Karmøys historie – med de tusen hjem. II Middelalderen.* Karmøy

G = *Gulatingslovi.* Umsett frå gamalnorsk av Knut Robberstad, Oslo, 1937. Oslo.

Gabrielsen, Kristine Holme 2007 [2003]: Vestlandets steinkors. Monumentalisme i brytningen mellom hedendom og kristendom. I: *UBAS Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter. Hovedfag/Master 2:* 115–271. Bergen.

Gilhus, Ingvild Sælid 2009:Pilegrimsreiser. I: *På spor av Gud? Pilegrimsreiser i middelalderens kristenhet.* (Prusac, Marina, Mona Bramer Solhaug og Marianne Vedeler, red.). s. 45-51. Oslo.

Grieg, Sigurd 1968: Pilgrimsmärken. Norge. *KLNM XIII.* S. 317-318. København

Hager-Saltnes, Martin 2009: Pilegrimen. I: *På spor av Gud? Pilegrimsreiser i middelalderens kristenhet.* (Prusac, Marina, Mona Bramer Solhaug og Marianne Vedeler, red.). s. 11-19. Oslo.

Hagland, Jan Ragnar 1998: Innleiing. Litt om datering på runologisk og språklig grunnlag. In: Dybdahl, Audun and Jan Ragnar Hagland (red.) *Innskrifter og datering. Dating Inscriptions. Senter for middelalderstudier Skrifter nr. 8:* 9–17. Trondheim.

Haukeland, Per Ingvar og Brandtzæg, Bent Aslak 2009: *Den brede verdiskapningen. Et berekraftig utviklingsperspektiv på natur- og kulturbasert verdiskaping. Telemarksforsking. TF-notat nr. 20/2009.*

Helle, Knut 1982: *Bergen bys historie. Bind I. Kongssete og kjøpstad. Frå opphavet til 1536.* Bergen/Oslo/Tromsø.

Helle, Knut 2001: *Gulatinget og Gulatingslova.* Leikanger.

Helle, Knut 2006: Frå opphavet til omkring 1500. I: *Norsk byhistorie. Urbanisering gjennom 1300 år.* S. 23-144. Oslo.

Hommedal, Alf Tore 1995: Dei heilage på Selja og etableringa av Kyrkja i Noreg i tidleg mellomalder. I: *Kristendommen slår rot.* Onsdagskvelder i Bryggens Museum – X (Ågotnes, Anne, red.). s. 76-100. Bergen.

Hommedal, Alf Tore 1999: Kva fortel bygningsrestane av dei norske klostera om kontinental norm og praksis innan ordensliv? I: *Norm og praksis i middelaldersamfunnet.* (Mundal, Else og Ingvild Øye, red.). s. 149-183. Bergen.

Indrebø, Gustav 1936: *Fjordung. Granskingar i eldre norsk organisasjons-soge. Bergens Museums Årbok 1936. Historisk-antikvarisk rekke. Nr. 1.* (Kolderup, Carl Fred., red.). Bergen

Innovasjon Noreg (2008). *Hvitebok for reisemålsutvikling. Rapport 1/2008.*

Iversen, Frode 2008 [2004]: *Eigedom, makt og statsdannelse. Kongsgårder og gods i Hordaland i yngre jernalder og middelalder.* UBAS, Nordisk, vol. 6. Bergen.

*KLNM = Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjon, I –XXII,* 1965–1978. København

Kongevegen over filefjell. Forprosjekt – et mulighetsstudie. 2011.

Kulturminner i bruk – verdi, vekst og vern. *Verdiskapngsprogrammet på kulturminneområdet 2006-2010.* Sluttrapport frå Riksantikvaren.

Larsen, Arne J. 2008: Borgund på Sunnmøre – de eldste konstruksjonene. I: *De første 200 årene – nytt blikk på 27 skandinaviske middelalderbyer* (Andersson, Hans, Gitte Hansen og Ingvild Øye, red.). *s. 41-56.* Bergen.

Lidén, Hans-Emil og Ellen Marie Magerøy 1980: *Noregs kirker. Bergen. Bind I.* Oslo

Lidén, Hans-Emil og Ellen Marie Magerøy 1983: *Noregs kirker. Bergen. Bind II.* Oslo.

Lidén, Hans-Emil 2000: *Mariakirken i Bergen.* Bergen.

Liestøl, Aslak 1954: Runekrossen i Muséparken i Stavanger. *Stavanger Museum Årbok 1954:* 64–77. Stavanger.

Lossius, Siri Myrvoll 1977: *Klebermaterialet fra Borgund.* Arkeologiske avhandlinger. Historisk Museum 1, Universitetet i Bergen. Bergen.

Luthen, Eivind 1992: *I pilegrimenes fotspor til Nidaros.* Spydeberg.

Molland, Einar 1968: Pilegrim. *KLNM XIII.* S. 292-295. København.

Molland, Einar 1968: Pilegrim. Noreg. *KLNM XIII.* S. 295-299. København.

Morcken, Roald 1964: *Den nautiske mil gjennom tusen år.* Bergen Sjøfartsmuseums Årshefte.

*Nasjonal standard for skilting og gradering av turløyper og andre aktivitetstilbud i naturen.* Innovativ fjellturisme as. 2. utgåve, 2011.

NgL = *Noregs gamle Love indtil 1387, 2* (utgitt av Gustav Storm og Ebbe Hertzberg). Christiania.

NOU 2004: 28. Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfald.

*Norske middelalderdokumenter*. Bagge, Sverre, Synnøve Holstad Smedsdal and Knut Helle (1973). Bergen.

NIyR IV = *Norges innskrifter med de yngre tuner. Bind IV.* Olsen, Magns and Aslak Liestøl 1957. Oslo.

Olsen, Harald 2013: *Havets pilegrimer.* Oslo.

Prosjekt pilegrimsleden 1994-1997. Resultater og erfaringer. DN-notat 1998-2. Trondheim.

Prusac, Marina, Mona Bramer Solhaug og Marianne Vedeler 2009: *På spor av Gud? Pilegrimsreiser i middelalderens kristenhet.* Oslo.

Rindal, Magnus og Gro Steinsland 2001: *Heilage stader i Noreg.* Oslo

Ringstad, Bjørn 1986: *Vestlandets største gravminner – et forsøk på lokalisering av forhistoriske maktsentra.* Upublisert magistergradsavoppgåve i arkeologi ved Universitetet i Bergen.

RN = *Regesta Norvegica. Kronologisk Fortegnelse over Dokumenter vedkommende Noreg, Nordmænd og den norske Kirkeprovins*. 1898. Christiania.

Robberstad, Knut 1952: Jordeiga til Holsnaklosteret. *Sunnhordland tidsskrift. Band XXXIII:* 42–54. Stord.

Rydbeck, Monica 1968: Pilgrimsmärken. *KLNM XIII.* S. 314-317. København

Sigurðsson, Jón Viðar 1999: *Norsk historie 800-1300. Frå høvdingmakt til konge- og kyrkjemakt.* Oslo.

*Skilting og gradering av turløyper og andre aktivitetstilbud i naturen.* Innovativ fjellturisme as. 2011.

Skre, Dagfinn 2004: Kristning, misjon og konversjon i Noregs vikingtid. I: (Lund, N. red.) *Kristendomen i Danmark før 1050.* 235-249. Roskilde.

*Soga om Olav den heilage.* Kongesoger Bind 2. Snorre Sturlasson. Oversett av Steinar Schjøtts, revidert av Olav Hr. Rue 1963, Oslo.

*Soga om Olav Tryggvasson*, etter Odd munk Snorresson. Oversett av Magnus Rindal, Oslo. 1977. Utgjeven i *Selja – heilag stad i 1000 år* (Rindal, Magnus, red.). Oslo.

Solberg, Bergljot 2000: *Jernalderen i Noreg. 500 før Kristus til 1030 etter Kristus.* Oslo.

Solli, Brit 2008: Kirke- og kjøpstedet på Veøya I middelalderen. – Et arkeologisk utsyn. *Veøy kirke. Årbok 2008. Romsdalsmuseet.* S. 8-29. Molde.

St.meld. 9 (2011-2012) *Landbruks- og matpolitikken. Velkommen til bords.*

St.meld. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner.*

St.meld. 22 (2012-2013) *Verdens fremste sjømatnasjon.*

St.meld. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste.*

St.prp. nr. 75 (2008-2009).

Steinsland, Gro 1990: The Change of Religion in the Nordic Countries – a Confrontation between Two Living Religions. *Collegium Medievale* vol. 3, 1990/2. S. 125-135. Oslo.

Steinsland, Gro 2005: *Norrøn religion. Myter, riter, samfunn.* Oslo.

Stige, Morten 2008: Veøykirken – Middelalderens bygningshistorie. I: *Veøy kirke. Årbok 2008. Romsdaldsmuseet.* S. 74-99. Molde.

*Strategi for pilegrimssatsing* 2012. Oslo.

Thorseth, Harald 1993: *Herøy. Sagaøya.* Fosnavåg.

Tryti, Anna Elisa 1994: Bergen som sentrum i bispedømmet. *By og land i middelalderen. Onsdagskvelder i Bryggens Museum – IX.* S. 23-43. Bergen.

*Utvalgte kulturlandskap i jordbruket 2009*. Brosjyre frå Landbruks- og matdepartementet og Miljø- og utviklingsdepartementet.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket – eit nasjonalt utval av spesielt verdifulle kulturlandskap. Utkast 06.10.2009. Forvaltningsplan for Hoddevik-Liset 2009-2029.

*Verdifulle opplevelser. Nasonal strategi for reiselivsnæringen. Regjeringens reiselivsstrategi. Handels- og Næringsdepartementet 2007.*

Verket, Lars 2009: *Padleguide for Aust-Agder. Lillesand, Grimstad, Arendal, Tvedestrand, Risør.* Kristiansand.

Verket, Lars 2010: *Padleguide for Dalane.*

*Økononmisk verdiskaping av kulturminner. Notat 2008-036.* Econ Pöyry 2008. Utarbeidet for Riksantikvaren

**URL**

http://loype.kulturminneaaret2009.no/kulturminneloypa

http://whc.unesco.org/en/tentativelists/5577/

http://www.arcworld.org/projects.asp?projectID=521

http://www.arkeoplan.no

http://atlanterhavsveien.info/default.asp?meny=info

http://www.averoy.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=414&AId=313&MId2=546&MId3=495

http://www.bymuseet.no

http://www.borgundgavlen.no/#cid=1

http://www.dragseidspelet.no

http://www.fiskeriforum.no

http://www.fjordguiding.com/andrereisemal/lindas/

http://www.fjordnorway.com/no/Produkt/?TLp=47163

http://www.fyr.no/fyrene/fyrene-nord/sor-trondelag/555-agdenes-fyrstasjon

http://www.fyr.no/fyrene/fyrene-sor/hordaland/529-ryvarden-fyrstasjon

http://www.gulatinget.no/

http://www.gurisentret.no/gurisentret

http://www.hanen.no

http://www.heroykystmuseum.no/

http://www.heroyspelet.no/

http://www.homoludens.no/2013/03/13/padlepilegrim/

http://www.kinn.no/

http://www.kinnaspelet.no/

http://www.kirken.stavanger.no

http://www.kirkesok.no/kirker/Vilnes-kyrkje

http://www.krakenesfyr.no/

http://www.kreativetrondelag.no/kulturminna/Vangfeltet-og-Dolmsundet/

http://kulturradet.no/om-dks

www.kystled.no

http://kystensarv.no/

http://www.kystreise.no

http://www.lyngheisenteret.no/om%20LHS.htm

http://www.nordmore.museum.no/artikkel.aspx?MId1=237&AId=518&back=1&MId2=250&MId3=252

www.morotur.no

www.muho.no

http://www.nidarosdomen.no/nb-NO/ndr+restaurering/ndr+i+dag/restaurering/restaurering.html

http://www.nidarosdomen.no/nb-NO/besok+opplevelser/butikk/butikk.html

http://nidarosdomen.prod.h-k.no/nb-NO/besok+opplevelser/opplevelser/olavsfestdagene/olavsfestdagene.html

http://nidarosdomen.prod.h-k.no/nb-NO/Kalender/

www.msnybakk.no

http://www.northseatrail.org/index.php?/no/about_the_north_sea_trail

http://www.orlandkultursenter.no/natur

www.padlefestivalen.no

http://www.pilegrim.info/

http://www.regionstavanger.com/no/Produkt/?TLp=40072

http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/aktuelt/nyheter/2012/aug-12/gode-rad-for-gront-reiseliv.html?id=697932

http://www.regjeringen.no/upload/MD/Vedlegg/Kongelige_resolusjoner/Kongelig_resolusjon_Verneplan_Smola_090109.pdf

http://reinskloster.no/

http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Fartoy_og_kystkultur/

www.rugsund.no

www.skjerjehamn.no

http://www.smakavkysten.no

http://www.stavanger-turistforening.no/activity.php?ac_id=47764

http://www.sunnhordland.museum.no

http://www.trondelagskysten.no/index.php?option=com_content&view=article&id=77&lang=no&Itemid=

http://ut.no/hytte/geitungen-fyr

http://www.utstein-kloster.no/

http://www.slowfood.no

http://www.utsteinpilegrimsgard.no/

http://www.vanylven.kommune.no/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=870&Category.ID=973

http://vikinggarden.no/

http://www.visitmolde.com/no/Produkt/?TLp=32328

HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

# SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | JS | Arkivsaknr: | 2015/342 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | A24 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 49/15 | Kommunestyret | 30.04.2015 |

## FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - SPESIALUNDERVISNING I GRUNNSKULEN

**Tilråding frå kontrollutvalet:**

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet spesialundervisning – grunnskulen Herøy kommune.

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast:
   a. Kommunen bør utarbeide vedtak også i dei tilfelle PPT ikkje tilrår spesialundervisning. Dette for å sikre rettigheiter til elev og føresette.
   b. Kommunen bør sette i verk tiltak som sikrar at dei individuelle opplæringsplanane vert utarbeida i kort tid etter at vedtak om spesialundervisning vert fatta.

3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterar om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 25.08.2015.

Særutskrift:
Kontrollutvalet
Rådmannen
Skuleavdelinga

**Vedlegg:**

1 HE 01-15 SAK 08-15 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - SPESIALUNDERVISNING I GRUNNSKULEN I HERØY KOMMUNE - UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET

Fosnavåg, 02.03.2015

Jostein Støylen
dagleg leiar Vest Kontroll

# HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

UTSKRIFT

frå

MØTEBOK

| Utval: | Sak nr.: | Arkiv: | Møtedato: |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Herøy kommune | 08/15 | 217 | 23.02.2015 |

**SAK 08/15 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – SPESIALUNDERVISNING - GRUNNSKULEN HERØY KOMMUNE**

**Vedlegg:**
Forvaltningsrevisjonsrapport – spesialundervisning grunnskulen Herøy kommune. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 26.11.2014.

**Saksopplysningar:**

**Vedtak for prosjektet**
Kontrollutvalet vedtok i sak 17/14 å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring spesialundervisning i grunnskulen. Formålet med prosjektet er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheiter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

**Problemstillingar, anbefalingar og rådmannen sine kommentarar**

**Problemstilling 1:**
**Sikrar kommunen eleven sine rettigheiter knytt til sakkyndig vurdering?**
**(Del 6 i rapporten. Side 17)**
Revisor sin konklusjon, oppsummering:

- Innhaldet i dei sakkyndige vurderingane frå PPT er i samsvar med føresetnadane i Opplæringslova.
- PPT utarbeidar ei sakkyndig vurdering med ei tilråding i forhold til krava i Opplæringslova § 5-3 for alle elever som søker om spesialundervisning, og vurderinga ligg som grunnlag for det vedtaket som vert fatta.
- I tillegg utarbeidar PPT ei årleg stadfesting av tilrådinga, eller evt. eit tillegg til sakkyndig vurdering om situasjonen for eleven har endra seg.
- Administrasjonen hevdar at skulen og PPT er i dialog med foreldra før den sakkyndige vurderinga er utarbeidd, og dei får dermed moglegheit til å kome med evt. innspel i forhold til den vurderinga som er gjort.

- Ingen av dei sakkyndige vurderinga som er sett på i dette prosjektet, og som har vore grunnlaget for enkeltvedtak skuleåret 13/14 har vore eldre enn 3-4 år. Det går også fram av vurderinga kor lenge den er gjeldande.
- Herøy kommune har gode rutinar for oppfølging av sakkyndige vurderingar.
- I dei tilfelle PPT ikkje tilrår rett til spesialundervisning, vert det hevda at PPT og skulen samarbeider slik at eleven uansett får eit tilrettelagt undervisningsopplegg innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

**Problemstilling 2:**
**Ligg det føre skrifteleg vedtak på elevar med spesialundervisning og er dei i samsvar med vedtaket?**
**(Del 7 i rapporten. Side 21)**
Revisor sin konklusjon, oppsummering:

- Vedtaket som vert fatta om tildeling av spesialundervisning bør vere så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva slags opplæringstilbod eleven skal få.
- Herøy kommune har både informasjon kring saksopplysningar samt ein vurdering og konklusjon i vedtaket. I enkelte tilfelle meiner ein at ei meir detaljert framstilling av den sakkyndige vurderinga kunne gått fram av sjølve vedtaket.
- Kommunen bør vurdere om ein er nøgd med dagens utforming, eller om tilrådinga i detalj også burde gå fram av vedtaket.
- Kommunen har gode rutinar for merking av unnateke offentlegheit på alle dokument knytt til sakene som gjeld spesialundervisning.
- Det skal i underrettinga (vedtaksteksten) opplysast om klagefrist, framgangsmåte ved klage, samt retten til å sjå saka sine dokument (innsynsrett). Når forholda tilseier (avslag) det skal det i underrettinga også gi informasjon om tilgangen til å søke fri rettshjelp, om kommunen/skulen si rettleiingsplikt og tilgangen til å få tilkjent eventuelle sakskostnadar.
- Det går ikkje fram av vedtaksteksten at ein kan få tilkjent saksomkostningar, samt at ein ikkje får nokon informasjon om tilgangen til å sjå saka sine dokument. Kommunen bør derfor utarbeide ein oppdatert vedtakstekst der desse emna inngår.
- Kommunen fattar ikkje vedtak i saker der det ikkje vert tilrådd spesialundervisning. Det går fram i utdanningsdirektoratet sin rettleiar at det skal utarbeidast enkeltvedtak også i dei tilfella der skuleeigar/skulen ikkje kjem til at eleven har behov for spesialundervisning.
- Det går fram av forvaltningslova at eleven har ein del rettigheiter i forbindelse med eit enkeltvedtak, og når det ikkje vert fatta fell desse rettigheitene vekk. Kommunen bør derfor også utarbeide vedtak i saker der det ikkje vert tildelt spesialundervisning.

**Problemstilling 3:**
**Korleis vert elevane med spesialundervisning følgt opp? (Individuell opplæringsplan og halvårs/årsrapportar)**
**(Del 8 i rapporten. Side 25)**
Revisor sin konklusjon, oppsummering:
*Individuell opplæringsplan:*

- Det går fram av Opplæringslova § 5-5 at ein IOP skal vise mål for opplæringa, innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal drivast. Det bør vere ein raud tråd mellom enkeltvedtak og den individuelle opplæringsplanen.
- Kommunen sine IOP-ar har eit innhald som oppfyller opplæringslova sine krav.

- I eit par tilfelle hadde det gått relativt langt tid frå vedtaket var fatta til planen var utarbeida.
- Kommunen burde vurdere å starte arbeidet med den individuelle opplæringsplanen før enkeltvedtaket ligg føre, slik at den er klar kort tid etter at vedtaket er fatta. Det er då viktig at forarbeidet vert innarbeidd og justert slik at det harmoniserer med enkeltvedtaket når det ligg føre.

*Halvårsrapport/årsrapport:*

- Halvårs/årsrapportane følgjer ein bestemt mal og utforming, og ein såg samanheng mellom IOPen og rapportane då det gjekk fram at det var same mål og tiltak.
- Det gjekk også fram av årsrapporten kor mange timar eleven har fått tildelt spesialundervisning, og ei vurdering over om skulen meinte denne ressursen var tilstrekkeleg.
- Kommunen sine års-/halvårsrapportar oppfyller dei krav som går fram av Opplæringslova og Utdanningsdirektoraret sin rettleiar.
- For å skape enda betre samanheng mellom IOP og halvårsrapportane, bør kommunen vurdere om ein bør implementere den tabellariske framstillinga av organiseringa av ressursen som går fram i IOPen, også i halvårs/årsrapportane med ei vurdering.

**Anbefalingar i rapporten**
**(Rapporten del 9. Side 28)**

1. Kommunen bør utarbeide vedtak også i dei tilfelle PPT ikkje tilrår spesialundervisning. Dette for å sikre rettigheitene til elev og føresette.
2. Kommunen bør sette i verk tiltak som sikrar at dei individuelle opplæringsplanane vert utarbeida i kort tid etter at vedtak om spesialundervisning vert fatta.

**Rådmannen si tilbakemelding**
**(Rapporten del 10. Side 29-30)**
«Kommentar forvaltningsrevisjon

Viser til rapport etter forvaltningsrevisjonsprosjekt av spesialundervisning i grunnskulen, mottatt på epost 19. november 2014.

Nedanfor følgjer skuleavdelinga sine kommentarar.

Revisjonen har i sine konklusjonar kome med to anbefalingar til område der Herøy kommune bør vurdere å gjere endringar:

1) Kommunen bør utarbeide vedtak også i dei tilfelle PPT ikkje tilrår spesialundervisning. Dette for å sikre rettigheitene til elev og føresette.

Kommentar:
Anbefalinga rettar seg i hovudsak mot PPT, som mottar tilvisingar om sakkunnig vurdering – av og til direkte frå føresette og av og til frå skulen. Somme saker vert avslutta i dialog mellom PPT og føresette/skule, etter kartlegging og vurdering, og der ein kjem til at eleven kan få ei tilpassa opplæring innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

Kommunen vil tak saka opp med PPT, og sjå til at det vert arbeidd rutinar for avslutning av saker som ikkje fører fram mot eit enkeltvedtak om spesialundervisning etter §5.1 – slik

revisjonen anbefaler. I dag vert slike saker avslutta i drøftingsmøte med føresette, men ikkje alltid avslutta med skriftleg vedtak.

2) Kommunen bør sette i verk tiltak som sikrar at dei individuelle opplæringsplanane vert utarbeida i kort tid etter at vedtak om spesialundervisning er fatta.

Kommentar:
Enkeltvedtak om spesialundervisning har tidlegare vore gjort fortløpande etter oversending av sakkunnig vurdering og tilråding frå PPT. Vedtaka har vorte gjort av skulefagleg rådgivar i skuleavdelinga. Sidan det er svært mange tilrådingar det skal skrivast vedtak for, har perioden vorte forholdsvis langt, gjerne frå tidleg i april – ut mai.

Skulane har så ein frist til 15. juni for å gjere ferdig dei individuelle opplæringsplanane (IOP). Årsaka til denne fristen, er at skulen skal ha eit reelt grunnlag for å skrive IOP, med bakgrunn i både sakkunnig vurdering, tilråding, vedtak og ikkje minst halvårsrapporten for vårsemesteret. Vedtaket som vert gjort om våren (april – mai) og den nye IOP'en, gjeld uansett ikkje før frå neste skuleår. Dermed har ein ikkje vurdert det slik at det hastar, og at tida mellom dokumenta må vere kortare.

Kommunen legg no likevel om rutinane, ved at kvar einskild rektor vil få delegert mynde til å utarbeide vedtak for sine elevar. Mengda saker på ein person vert dermed mindre, og treng ikkje starta prosessen med å skrive vedtak så tidleg som april. Tida mellom vedtak og IOP vil dermed bli kortare.

Kommentar til det revisjonen skriv om innhaldet i vedtaket (pkt. 7.4):
Skuleavdelinga har gjennom fleire år arbeidd med å utvikle vedtaka etter opplæringslova §5.1 og 5.7 til å blir så gode som råd, jfr lova og rettleiaren. Fylkesmannen har også hatt tilsyn på det same, utan at kommunen har fått avvik.

Vi har ei bevisst haldning til om vedtak kan gjerast endå betre, men må balansere detaljgraden i vedtaka opp mot omsynet til skulen og læraren sitt handlingsrom. Eleven si utvikling endrar seg gjennom eit skuleår, dvs. gjennom den perioden vedtaket varer for. Her må derfor vere rom for å justere både metode og organisering, til beste for eleven si læring.

Elles vil vi takke revisjonen for ein omfattande og god rapport.
Den gir støtte for at vi gjer mykje rett, og hjelper oss samstundes til å finne område for forbetring.

Med helsing

Sølvi Lillebø Remøy
Skulesjef»

**Avslutning**
Meir utfyllande og detaljert informasjon finn ein i rapporten frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, som ligg ved saka.

**Samrøystes innstilling:**

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet spesialundervisning - grunnskulen Herøy kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast:
    a. Kommunen bør utarbeide vedtak også i dei tilfelle PPT ikkje tilrår spesialundervisning. Dette for å sikre rettigheitene til elev og føresette.
    b. Kommunen bør sette i verk tiltak som sikrar at dei individuelle opplæringsplanane vert utarbeida i kort tid etter at vedtak om spesialundervisning vert fatta.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 25.08.2015.

**Rett utskrift**
Åram, 2. mars 2015

Ida B. Marholm
Ida Birgitte Marholm
Sekretær

**Utskrift til:** **Kommunestyret for behandling**
**Saka går direkte til kommunestyret**

Hareid Herøy Sande Ulstein Vanylven Volda Ørsta

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

# Spesialundervisning

# Grunnskulen



# HERØY KOMMUNE

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS**

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

# Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; *«Spesialundervisning-* ***grunnskulen Herøy kommune".***

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*" (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheiter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i henhold til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke administrasjonen i Herøy kommune for bistand i arbeidet med prosjektet.

Ulsteinvik 26.11.14

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

# Innholdsfortegnelse

SAMANDRAG ... 5
Anbefalingar ... 9
1 INNLEIING ... 10
1.1. Spesialundervisning ... 10
1.1.1 Opplæringslova lovføresegn om spesialundervisning ... 10
1.1.2 Samanheng mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring ... 10
1.1.3 Saksgong ... 10
1.1.4 Vedtakskompetanse ... 11
1.1.5 Pedagogisk- psykologisk teneste – PPT ... 11
1.1.6 Grunnskulen i Herøy ... 12
1.1.7 Fylkesmannens tilsyn ... 12
2 Målsetting og problemstilling ... 12
3 Revisjonskriterier ... 12
3.1 Innleiing ... 12
3.2 Kjelder til kriterium ... 12
4 Metode og gjennomføring ... 13
4.1 Dokument ... 13
4.2 Verifisering av data ... 13
4.3 Avgrensing ... 14
5 Analyse - ressursbruk ... 14
5.1 Rapportert ressursbruk i forhold til andre kommunar ... 14
5.2 Spesialundervisningstimar totalt per elev ... 15
5.3 Utvikling i antal elevar med spesialundervisning ... 16
5.4 Årsverk og lærartimar ... 16
6 Problemstilling 1: Sikrar kommunen eleven sine rettigheiter knytt til sakkyndig vurdering? ... 17
6. 1 Innleiing: ... 17
6.2 Revisjonskritereie: ... 17
6.3 Fakta ... 18
6.3.1 Innmelding til PPT ... 18
6.3.2 Sakkyndig vurdering ... 18
6.3.3 Sakkyndig Tilråding ... 20
6.4 Vurdering/ konklusjon ... 20
7 Problemstilling 2: Ligg det føre skrifteleg vedtak på elevar med spesialundervisning og er dei i samsvar med regelverket? ... 21
7.1 Innleiing ... 21
7.2 Revisjonskriterie ... 21

7.3 Fakta ... 23
7.3.1 Vedtaket ... 23
7.3.2 Oppbygning av vedtaket: ... 23
7.3.3 Klage og klagesaker ... 23
7.4 Vurdering / konklusjon ... 24
7.4.1 Vedtak – innhald og utforming ... 24
7.4.5 Unnateke offentlegheit ... 24
7.4.6 Klage ... 24
8 Problemstilling 3: Vert elevane med spesialundervisning følgt opp? (Individuell opplæringsplan og halvårs/årsrapportar). ... 25
8.1 Revisjonskriterie ... 25
8.1.1 Individuell opplæringsplan ... 25
8.1.2 Halvårs-/årsrapportar ... 25
8.1.3 Oppsummert ... 26
8.2 Fakta ... 26
8.2.1 Individuell opplæringsplan ... 26
8.2.2 Års-/Halvårsplan ... 27
8.3 Vurdering/ konklusjon ... 27
8.3.1 Individuell opplæringsplan ... 27
8.3.2 halvårsrapport/årsrapport ... 28
9 ANBEFALINGAR ... 28
10 RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR ... 29

# SAMANDRAG

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring spesialundervisning i grunnskulen. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om Herøy kommune på områder innanfor spesialundervisning følgjer krava som går fram av lover og føreskrifter og då spesielt mtp. vedtak, individuell opplæringsplan og års/halvårsrapportar. Kontrollperioden var skuleåret 2013/2014.

Grunnskulen i Herøy består av 7 skular (5 barneskular og 2 barne og ungdomsskular) For skuleåret 2013/14 omfattar dette 1093 elevar der 772 er knytt til 1-7 årstrinn og 321 er knytt til 8-10 årstrinn derav 74 elevar som tok i mot spesialundervisning. Dette utgjorde 6,77% av det totale elevtalet.

**Problemstilling 1: Sikrar kommunen eleven sine rettigheiter knytt til sakkyndig vurdering?**

Opplæringslova § 5-3 krev at det skal ligge føre ei sakkyndig vurdering før kommunen gjer enkeltvedtak om spesialundervisning. I følgje opplæringslova §5-6, andre ledd er det PPT i kommunen som skal sørgje for at den sakkyndige vurderinga vert utarbeida. PPT skal då utarbeide ei sakkyndig vurderinga med ei tilråding som seier om det ligg føre behov for spesialundervisning eller ikkje, og kva tilbod som eventuelt bør bli gitt, samt kva omfang.

Bakgrunnen for ei slik sakkyndig vurdering er å sikre at eleven si sak er tilstrekkeleg opplyst før det vert fatta vedtak. Om det vert konkludert med at eleven ikkje har rett på spesialundervisning skal eleven likevel ha tilrettelagt undervisninga for å nå måla i opplæringsplanen for grunnskulen sitt årstrinn.

Opplæringslova regulerer ikkje kor lenge ei sakkyndig vurdering er gyldig, men rettleiar gir føringar på at det kan vere tilstrekkeleg å utarbeide ei sakkyndig vurdering kvart tredje/ fjerde år. Dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle, men skulen pliktar for å ta omsyn til evt. større endringar som tilseier at ei ny sakkyndig vurdering bør utarbeidast. Eleven/føresette kan og krevje at PPT gjennomfører ei ny sakkyndig vurdering.

Det er kontrollert 23 av 74 elevsaker der det hadde blitt tildelt spesialundervisning. Utvalet vart gjort statistisk og fordelte seg over alle skulane i kommunen. I fleire av dei kontrollerte sakene (totalt 9 saker) var gjeldande sakkyndig vurdering utarbeida i 2011-2012. Desse låg ikkje føre i Ephorte, men i dei fysiske elevmappene. PPT utarbeidar ei årlig stadfesting eller tillegg til sakkyndig vurdering til elevane med spesialundervisning.

**Konklusjon:**

I Herøy kommune utarbeidar PPT ei sakkyndig vurdering med ei tilråding i forhold til krava i opplæringslova § 5-3 for alle elever som søker om spesialundervisning, og vurderinga ligg som grunnlag for det vedtaket som vert fatta. I tillegg utarbeidar PPT i Herøy ei årleg stadfesting av tilrådinga, eller evt. eit tillegg til sakkyndig vurdering om situasjonen for eleven har endra seg. Noko som tydar på at Herøy kommune har gode rutinar for oppfølging av sakkyndige vurderingar.

**Problemstilling 2: Ligg det føre skrifteleg vedtak på elevar med spesialundervisning og er dei i samsvar med regelverket?**

Vedtak om spesialundervisning er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova §2-1, første ledd bokstav b. Også avgjerder om avslag på spesialundervisning er enkeltvedtak i henhald til forvaltningslova. Vedtaket som vert fatta om tildeling av spesialundervisning bør være så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva slags opplæringstilbod eleven skal få. I vedtaka bør det nyttast formuleringar og omgrep som er enkle å forstå for mottakaren, det bør gå fram at eleven ikkje berre har fått tildelt ein timeressurs, men det skal også gi ei beskriving av innhaldet i opplæringa og korleis den skal gjennomførast.

I henhald til forvaltningslova har eleven ein del rettigheiter i forbindelse med enkeltvedtaket. Vedtaket skal være skrifteleg, og føresette skal underrettast om vedtaket så raskt som råd. Det går fram av utdanningsdirektoratet sin rettleiar (kap 6.6.1.1) at: *«Også i de tilfellene hvor skoleeier/skolen kommer til at eleven ikkje har behov for spesialundervisning, skal det treffes enkeltvedtak om dette. Når det fattes enkeltvedtak, utløses elevens/foreldrenes klagerett. Det er derfor viktig for eleven sin rettssikkerhet at det fattes enkeltvedtak om dette.* ***I alle tilfeller hvor skoleeier/skolen har tilmeldt eleven til PP-tjenesten skal saken avgjøres ved at det treffes et enkeltvedtak»***

Vedtak; form og innhald
Opplæringslova har ingen særskilte reglar om utforminga eller innhaldet i enkeltvedtaket, men avvik frå den sakkyndige vurderinga må grunngjevast. Krav til innehald er at enkeltvedtaket må avgjere om eleven har rett til spesialundervisning. Rettleiaren gir føringar i kva vedtaket skal innehalde. *«Enkeltvedtaket må si noe om elevens behov og kva som er et forsvarlig opplæringstilbud. Det skal blant annet si noe om innholdet i opplæringen, den organisatoriske gjennomføringen og omfanget av eventuelle støttetiltak».*

Rettleiar kring spesialundervisning seier at det er tilstrekkeleg om det går fram av vedtaket at: «det som er tilrådd i den sakkyndige vurderinga, skal ligge til grunn». Derimot er det i Ot.prp nr 46 på side 169 i merknad til §5-3 understreka at eit vedtak om spesialundervisning skal vere så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva for opplæringstilbod eleven skal få. Eit vedtak som berre tildelar eleven ein viss timeressurs utan å fastsetje nærmare kravet til innhaldet i eller den organisatoriske gjennomføringa av opplæringa er ikkje nok.

Alle vedtaka som revisjonen kontrollerte var adressert til dei føresette og følgde same mal og utforming. Av vedtaksteksten gjekk det fram saksopplysningar, samt vurdering og konklusjon. I nokre tilfelle kunne ei meir detaljert framstilling av korleis opplæringa skal organiserast/utførast gått fram av sjølve vedtaket, då det berre går fram overordna informasjon eller vert vist til den sakkyndige vurderinga. Kommunen bør derfor vurdere om ein er nøgd med dagens utforming eller om ei meir detaljert framstilling av ressurs og organisering burde gå fram av vedtaksteksten.

Unnateke offentlegheit:
Alle dei kontrollerte vedtaka gjekk det fram at dei var unnateke offentlegheit med tilhøyrande lovheimel. Dette gjekk også fram av alle tilhøyrande dokument som høyrde til og følgde saka (for eksempel sakkyndig vurdering, individuelle opplæringsplanar og halvårs-/årsrapportar).

Klage:
Kommunen fattar ikkje vedtak i saker der det ikkje vert tilrådd spesialundervisning. Det går fram av utdanningsdirektoratet sin rettleiar (kap 6.6.1.1) at: *«Også i de tilfellene hvor skoleeier/skolen kommer til at eleven ikkje har behov for spesialundervisning, skal det treffes enkeltvedtak om dette».*

**Konklusjon:**
Vedtaket som vert fatta om tildeling av spesialundervisning bør være så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva slags opplæringstilbod eleven skal få. Kommunen bør derfor vurdere om ein er nøgd med dagens utforming, eller om ein meir detaljert framstilling av organiseringa av opplæringa også bør gå fram av vedtaket.

Kommunen har gode rutinar for merking av unnateke offentlegheit på alle dokument tilknytt saker som gjeld spesialundervisning.

Det går fram av forvaltningslova at eleven har ein del rettigheiter i forbindelse med eit enkeltvedtak, og når det ikkje vert fatta vedtak fell desse rettigheitene bort. Kommunen bør derfor også utarbeide vedtak i saker der det ikkje vert tildelt spesialundervisning.

**Problemstilling 3: Korleis vert elevane med spesialundervisning følgt opp? (Individuell opplæringsplan og halvårs/årsrapportar).**

Alle elevar som har fått vedtak om spesialundervisning har rett på individuell opplæringsplan (IOP) og ei skrifteleg vurdering over den opplæring som har blitt gitt (halvårs/årsrapport).

**Individuell opplæringsplan**
Den individuelle opplæringsplanen skal vise kva mål som vert sett for opplæringa, kva innhald opplæringa skal ha og korleis opplæringa skal gjennomførast. Planen skal rullerast kvart år så lenge eleven har vedtak om spesialundervisning og skal innehalde kor mange timar med spesialundervisning i skuleåret som er spesifisert i enkeltvedtaket. Planen skal også innehalde ei oversikt over innhaldet i opplæringstilbodet, elevens si forventa faglege utvikling og mål.

Opplæringsplanane skal utarbeidast i nært samarbeid med foreldra og vert rullert etter nærmare fastsatt tid og behov. Det går fram av den individuelle opplæringsplanen til Herøy kommune informasjon om planen er utarbeid i samarbeid med føresette/eleven, om føresette/eleven har merknader til planen samt at føresette har fått kopi av planen. Til slutt

går det fram stad/dato for godkjenning med signaturfelt for lærar, rektor og føresette. I dei fleste kontrollerte sakene hadde foreldre signert opplæringsplanen, sjølv om dette ikkje er eit krav.

Sakshandsaming: Det går fram av rettleiaren at den individuelle opplæringsplanen må utarbeidast «*så snart som mulig etter at enkeltvedtaket er truffet*». I eit par tilfelle hadde det gått relativt lang tid frå vedtaket var fatta til planen var utarbeida. Gjennomsnittleg var sakshandsamingstida ca 2mnd, og kommunen burde vurdere å starte arbeidet med den individuelle opplæringsplanane før enkeltvedtaket ligg føre slik at den er klar i kort tid etter at vedtaket er fatta. Det er då viktig at forarbeidet vert innarbeidd og justert slik at det harmonisera med enkeltvedtaket når det ligg føre.

Utforming og innhald: Innanfor opplæringslova sine rammer kan ein IOP utformast på fleire måtar både når det gjeld form og innhald. Det går fram av opplæringslova §5-5 at ein IOP skal vise mål for opplæringa, innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal drivast. Det bør vere ein raud tråd mellom enkeltvedtak og den individuelle opplæringsplanen. Dette er oppfylt i stor grad då det går fram av IOP kva ressurs eleven har fått tildelt og konkrete mål for organiseringa. Ein såg ikkje avvik mellom vedtak og IOP i forhold til tildelt ressurs. Ein meiner derfor at kommunen sine IOP-ar har eit innhald som oppfyller opplæringslova sine krav.

**Årsrapport/halvårsrapport**

Gjennomgang av elektroniske elevmappene viser at skulen for skuleåret 13/14 har utarbeida halvårsrapportar. Det låg føre rapportar i alle dei 23 kontrollerte sakene. I stor grad har rapportane vore utarbeida i juni (vår) og desember (haust). Alle dei kontrollerte halvårsrapportane følgde same utforming. Ein såg i stor grad samanheng mellom halvårsrapportane og den individuelle opplæringsplanen. Tildelte ressursar og konkrete mål for satsingsområda var direkte knytt opp i mot det som gjekk fram av den individuelle opplæringsplanen. Ein meiner derfor Herøy kommune sine års/halvårsrapportar oppfyller dei krav som går fram av opplæringslova og utdanningsdirektoratet sin rettleiar.

For å skape enda betre samanheng mellom IOP og halvårsrapportane, kan kommunen vurdere om ein bør implementere den tabellariske framstillinga av den tildelte ressursen som går fram av den individuelle opplæringsplanen også i halvårs/årsrapportane. Dette vil kunne skape enda betre samanheng mellom IOP og års/halvårsrapport og vere nyttig informasjon for foreldre/føresette .

**Konklusjon:**

Individuell opplæringsplan:

Det går fram av opplæringslova §5-5 at ein IOP skal vise mål for opplæringa, innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal drivast. Det bør vere ein raud tråd mellom

enkeltvedtak og den individuelle opplæringsplanen. Kommunen sine IOP-ar har eit innhald som oppfyller opplæringslova sine krav.

I eit par tilfelle hadde det gått relativt lang tid frå vedtaket var fatta til planen var utarbeida Kommunen burde vurdere å starte arbeidet med den individuelle opplæringsplanane før enkeltvedtaket ligg føre slik at den er klar i kort tid etter at vedtaket er fatta. Det er då viktig at forarbeidet vert innarbeidd og justert slik at det harmonisera med enkeltvedtaket når det ligg føre.

Års/halvårsrapportar:
Ein meiner Herøy kommune sine års/halvårsrapportar oppfyller dei krav som går fram av opplæringslova og utdanningsdirektoratet sin rettleiar.

# Anbefalingar

1.Kommunen bør utarbeide vedtak også i dei tilfelle PPT ikkje tilrår spesialundervisning. Dette for å sikre rettigheitene til elev og føresette.

2. Kommunen bør sette i verk tiltak som sikrar at dei individuelle opplæringsplanane vert utarbeida i kort tid etter at vedtak om spesialundervisning vert fatta.

# 1 INNLEIING

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde vedtak (sak 17/14) om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring spesialundervisning i grunnskulen. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om Herøy kommune innanfor spesialundervisning følgjer krava som går fram av lover og føreskrifter og då spesielt mtp. sakkyndig vurdering, vedtak, individuell opplæringsplan og års/halvårsrapportar. I tillegg ei deskriptiv analyse over kommunen sin bruk av ressursar innanfor spesialundervisning.

## 1.1. Spesialundervisning

### 1.1.1 Opplæringslova lovføresegn om spesialundervisning

Opplæringslova §5-1 «Rett til spesialundervisning». Stadfestar at elevar som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar jfr. §2-2 og 3-2.

### 1.1.2 Samanheng mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring

Elevar med spesielle opplæringsbehov kjenneteiknast ved at eleven har blitt vist til og vurdert av pedagogisk psykologisk teneste (PPT) på grunn av sine spesielle opplæringsproblem. Opplæringslova slår samtidig fast at alle elevar skal få tilpassa opplæring. Tilpassa opplæring skal så langt det let seg gjere gi alle elevar eit godt utbytte av opplæringa innanfor rammene av det ordinære tilbodet. Spesialundervisning er den mest omfattande forma for tilpassa opplæring, og som det er knytt enkeltvedtak til. I juridisk forstand er spesialundervisning noko anna en ordinær tilpassa opplæring. Figuren nedanfor viser samanhengen mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning.

| Tilpassa opplæring | |
|---|---|
| Ordinær opplæring | Spesialundervisning |

Figur 1: Sammenheng mellom tilpassa opplæring, ordinær opplæring og spesialundervisning

### 1.1.3 Saksgong

I henhald til opplæringslova skal skulane på sjølvstendig grunnlag vurdere om elevar kan ha behov for spesialundervisning. Om skulen finn grunnlag for at eleven bør utgreiast for å finne ut om vedkomande kan ha rett på spesialundervisning, skal skulen innhente foreldra si godkjenning for at ei slik utgreiing vert gjennomført, og skal deretter tilvise eleven til kommunen si pedagogisk psykologisk teneste (PPT). PPT er ansvarleg for å utarbeide ei sakkyndig vurdering av eleven, og kjem med ei tilråding i saka. Enkeltvedtak om spesialundervisning vert fatta på bakgrunn av den sakkyndige vurderinga. Tilbod om

spesialundervisning er ein rett, og dermed frivillig. Forplikting frå kommunen si side følgjer først når spesialundervisning er godkjent, og er knytt opp i mot oppfølging av enkeltvedtaket.

Nedanfor er dei ulike fasane ved tildeling av spesialundervisning lista opp:

Fase 1: Før tilmelding og utredning
- Mistanke om at eleven ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa.
- Skulen/læraren er pliktig til å vurdere eleven sitt læringsutbytte kontinuerlig.
- Eleven og føresette har rett til å be om ei vurdering.
- Varslingsplikta- undervisningspersonalet si plikt til å vurdere om eleven treng spesialundervisning.

Fase 2: Tilmelding PPT
- Oversending av saka til PPT for sakkyndig vurdering.
- Kommunen ber PPT tenesta utgreie barnet sitt behov.

Fase 3: Sakkyndig vurdering av barnet sine behov
- PPT gjennomfører ei sakkyndig vurdering som består av utredning og tilråding.
- PPT har plikt til å rådføre seg med føresette i arbeidet med å utforme tilbod om spesialpedagogisk hjelp.
- Føresette har rett til å få kunnskap om innhaldet i den sakkyndige vurderinga.

Fase 4: Vedtak
- Kommunen er ansvarleg for at det vert fatta enkeltvedtak.
- Vedtaket skal vere i samsvar med tilrådinga til PPT. Om vedtaket ikkje er i samsvar skal dette grunngjevast særskilt.
- Vedtaket kan påklagast.

Fase 5: Planlegging og gjennomføring
- Hjelpa til barnet skal settast i verk i samsvar med enkeltvedtaket.
- Det skal utarbeidast individuell opplæringsplan til alle born som har fått godkjent spesialpedagogisk undervisning.

Fase 6: Evaluering
- Det skal utarbeidast halvårs/årsrapportar.
- Halvårs/årsrapportar skal sendast til føresette og kommunen.

### 1.1.4 Vedtakskompetanse

I Herøy kommune vert enkeltvedtak om spesialundervisning fatta av skulefageleg leiar og rådgjevar på delegert mynde frå rådmannen. Vedtaksmyndet er derfor ikkje plassert ut på rektorane ved dei enkelte skulane slik som det vert gjort i mange andre kommunar. Det er den enkelte skulen som er ansvarleg for spesialundervisninga som vert gitt til dei elevar som får vedtak på dette.

### 1.1.5 Pedagogisk- psykologisk teneste – PPT

Herøy kommune har eige pedagogisk- psykologisk teneste (PPT). På Søre Sunnmøre har Ørsta/Volda felles PP-teneste, det same har Ulstein/Hareid og Sande/Vanylven. Tenesta er heimla i opplæringslova §5-6, og lova slår fast at PPT er kommunen/fylkeskommunen sitt sakkyndige organ når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Dette er ei gjennomgåande teneste for aldersgruppa 0-19 år og for vaksne som har rett til spesialundervisning. I 2013 var 4,55 årsverk knytt til PPT-tenesta i Herøy.

### 1.1.6 Grunnskulen i Herøy

Grunnskulen i Herøy består av 7 skular (5 barneskular og 2 barne og ungdomsskular) For skuleåret 2013/14 omfattar dette 1093 elevar der 772 er knytt til 1-7 årstrinn og 321 er knytt til 8-10 årstrinn. Ved skulane i Herøy var det for skuleåret 74 elevar som hadde vedtak om spesialundervisning. Dette utgjorde 6,77% av det totale elevtalet på.

### 1.1.7 Fylkesmannens tilsyn

Fylkesmannen gjennomførte sist tilsyn i juni 2008. Tilsynet hadde som føremål å kontrollere om skuleigar (kommunen) oppfylte lova sine krav til spesialpedagogisk hjelp til barn under skulepliktig alder jf. opplæringslova § 5-7, og om skuleeigar har eit forsvarleg system for å ivareta desse oppgåvene, jf opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det vart ikkje funne grunnlag for avvik under tilsynet, og det vart heller ikkje gjort merknader ved tilsynet.

# 2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga med prosjektet er å undersøke om Herøy kommune innanfor spesialundervisning følgjer krava som går fram av lover og føreskrifter og då spesielt mtp. vedtak, individuell opplæringsplan og halvårs-/årsrapportar.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er følgjande problemstillingar være formålstenelege:

1. **Sikrar kommunen eleven sine rettigheiter knytt til sakkyndig vurdering?**
2. **Ligg det føre skrifteleg vedtak på elevar med spesialundervisning og er dei i samsvar med regelverket?**
3. **Korleis vert elevane med spesialundervisning følgt opp?**

# 3 Revisjonskriterier

## 3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriteriet i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

## 3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriterie i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- **Opplæringslova:**
  Opplæringslova regulerer all opplæringsverksemd fosterbarn samt spesialundervisning for barn, unge og vaksne. Den gjeld alle barn i opplæringspliktig alder som ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

- **Rettleiar «spesialundervisning i grunnskole og videregående opplæring» og «veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning»:** Rettleiar (2004) gir råd om tolking av opplæringslova kapittel 5. Det vart i 2009 utarbeida ein ny rettleiar innanfor spesialundervisning.

- **Forvaltningsloven**
  Det går fram av forvaltningslova §1 at lova også gjeld for spesialundervisning. Lova omfattar mange sider av sakshandsaminga. Men i forhold til prosjektet er det spesielt teke utgangspunkt i kapittel 5 «om vedtaket».

Revisjonskritereia vert vidare omtalt og utgreia i eige avsnitt under kvar enkelt problemstilling.

# 4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. I vår revisjon vil vi basere oss på analyse av relevante dokument, rutinar og korrespondanse med administrasjonen samt samtaler/ intervju med administrasjonen. Framgangsmåten i denne undersøkinga har i tillegg vore gjennomgang av enkeltsaker (saksmapper) og sakshandsamingssystemet «Ephorte».

I tillegg til blei det gjennomført ei deskriptiv analyse over kommunen sin bruk av ressursar innanfor spesialundervisning ved bruk av kommunen sin egen rapportering til KOSTRA og «skoleporten» (utdanningsdirektoratet).

## 4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er saksmapper som inneheld:

- Sakkyndige vurderingar
- Enkeltvedtak spesialundervisning
- Individuelle opplæringsplanar
- Halvårs-/årsrapportar

Kommunen har utarbeida skriftelege rutinar i høve elevar med behov for særleg tilpassing. Ein meinar at for skuleåret 13/14 kunne desse vore meir detaljerte i høve sakshandsamingsprosessen (frå før tilmelding, meldingar til PPT, sakkyndig vurdering, arbeid med enkeltvedtak, utarbeiding av IOP og halvårsvurdering osv) Ein registrerte at det var utarbeida meir detaljerte rutinar for skuleåret 14/15.

## 4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 03.11.2014. Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

### 4.3 Avgrensing

Kontrollen er avgrensa til å gjelde skuleåret 2013/14. Prosjektet inneheld ikkje spørjeundersøking til føresette og skulen, med omsyn til deira syn av barnet sitt utbytte av spesialundervisninga.

# 5 Analyse - ressursbruk

## 5.1 Rapportert ressursbruk i forhold til andre kommunar

Får å samanlikne korleis andelen spesialundervisning i Herøy kommune ligg an i forhold til nabokommunane på Søre Sunnmøre, snittet for kommunegruppe 8 som Herøy tilhøyrar i KOSTRA-samanheng og snittet for landet utanom Oslo har ein utarbeida oversikta nedanfor. Kommunegruppe 8 kjenneteiknast av mellomstore kommunar med lave bunde kostnadar pr innbyggjar, med middels frie disponible inntekter.

**Andel spesialundervisning 2013**




Figur 2: Kilde SSB/KOSTRA

Diagrammet viser at andelen spesialundervisning i Herøy for 2013 ligg relativt lågt i forholdt gjennomsnitt for kommunegruppe og landsgjennomsnittet utanom Oslo. Av nabokommunane ligg Herøy på linje med Ulstein, medan ein ligg lågare enn dei resterande nabokommunane. Hareid har høgast andel elevar med spesialundervisning (10,1%) medan Sande og Vanylven også ligg høgare enn landsgjennomsnittet med 9,7%.

Tidlig melding og vedtak om spesialundervisning kan være med å førebygge at eleven krev eit større behov for ressursar på eit seinare tidspunkt. Dermed kan ein låg terskel for å godkjenne spesialundervisning være med på å gi gode resultat på sikt.




Ser ein på timar til spesialundervisning i forhold til læretimar totalt i diagrammet over, ser vi at Herøy har lågast andel timar knytt til spesialundervisning i forhold til totale lærartimar. Dette kan bety at dei elevane som får spesialundervisning i Herøy kommune får tildelt litt færre timar enn det dei får i nabokommunane. Ulstein har ein lågare andel spesialundervisning enn Herøy kommune jfr. førre diagram (diagram 2). Dette kan bety at færre elevar i Ulstein får fleire timar spesialundervisning sett i forhold til Herøy.

## 5.2 Spesialundervisningstimar totalt per elev

Oversikta nedanfor viser undervisningstimar totalt som går med til spesialundervisning per elev. Det er interessant å sjå at dei private skulane har nesten dobbelt så mange spesialundervisningstimar per elev i forhold til dei offentlege, utan at revisjonen har sett noko nærmare på kva som kan vere bakgrunnen for dette. Dei offentlege skulane i Herøy hadde mellom 4-12 timar pr elev, men Møre barne og ungdomsskule (privat) har det desidert høgaste antal spesialundervisningstimar pr elev. Det var 6 elevar frå Herøy som mottok spesialundervisning ved skulen for skuleåret 2013/14, medan ein ikkje har oversikt over antal elevar med spesialundervisning frå andre kommunar, og som vil inngå i tabellen nedanfor.



Oversikta nedanfor viser antal elevar med spesialundervisning pr. klassetrinn i Herøy kommune skuleåret 2013/14. Ein har valgt og presentere tala for heile kommunen og ikkje pr skule av personvernsmessige årsaker. Ut i frå tala registrerar ein at fleire i «storskulen» og ungdomsskulen mottek spesialundervisning i forhold til «småskulen».

| | 1.KL | 2.KL | 3.KL | 4.KL | 5.KL | 6.KL | 7.KL | 8.KL | 9.KL | 10.KL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Antal Elevar | 5 | 4 | 5 | 7 | 7 | 11 | 6 | 11 | 7 | 11 |

## 5.3 Utvikling i antal elevar med spesialundervisning

Andelen elevar i grunnskulen i Herøy kommune som får spesialundervisning (i % av alle elevar), har i følgje KOSTRA-rapporteringa hatt følgjande utvikling dei 4 siste åra:




Oversikta viser ein auke frå 2010 til 2012 deretter registrera ein en liten reduksjon i andelen grunnskuleelevar med spesialundervisning frå 2012 og fram til 2013.

## 5.4 Årsverk og lærartimar

Oversikta nedanfor viser årsverk og lærartimar som vert nytta i Herøy. Ein registrerte små endringar mellom dei tre skuleåra.

| Herøy | 2011-12 | 2012-13 | 2013-14 |
|---|---|---|---|
| Årsverk undervisningspersonale | 98,94 | 98,91 | 98,04 |
| Årsverk assistentar grunnskule | 12,14 | 14,10 | 13,66 |

| Herøy | 2011-12 | 2012-13 | 2013-14 |
|---|---|---|---|
| Sum lærartimar som vert gitt til undervisning | 61 499 | 62 212 | 61 927 |
| Sum årstimar brukt på spesialundervisning og særskilt språkopplæring | 11 626 | 12 072 | 11 101 |
| Sum årstimar til ordinær undervisning | 49 873 | 50 140 | 50 826 |

# 6 Problemstilling 1: Sikrar kommunen eleven sine rettigheiter knytt til sakkyndig vurdering?

## 6. 1 Innleiing:

I kapittelet ser vi på om elevane i Herøy kommune får sakkyndig vurdering av PPT før det vert fatta vedtak om spesialundervisning jfr. opplæringslova §5-3.

## 6.2 Revisjonskritereie:

Opplæringslova § 5-3 krev at det skal ligge føre ei sakkyndig vurdering før kommunen kan fatte enkeltvedtak om å gi spesialundervisning. Den sakkyndige vurderinga skal innehalde:

- Eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- Eleven sine lærevanskar og andre spesielle forhold som er viktig for opplæringa
- Om eleven har behov for spesialundervisning
- Realistiske opplæringsmål for eleven
- Kva slags opplæring som bør gis
- Om eleven sine vanskar kan løysast innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- Kva opplæring som vil gi eit forsvarleg opplæringstilbod

I følgje opplæringslova §5-6, andre ledd er det PPT i kommunen som skal sørgje for at den sakkyndige vurderinga av eleven vert utarbeida. Før PPT gjennomfører ei sakkyndig vurdering er det krav om ei skrifteleg dokumentert samtykkeerklæring frå eleven sine føresette. Samtykkeerklæringa er eit uttrykk for aksept på at skulen sender ein førespurnad om ei sakkyndig vurdering , og ein aksept på at skulen drøftar forhold som gjeld den aktuelle eleven med PPT som ein ekstern instans. Når dette er på plass, kan skulen sende beskjed til PPT om å gjennomføre vurderinga.

PPT utarbeider ei sakkyndig vurdering av eleven med ei tilråding som seier om det ligg føre behov for spesialundervisning eller ikkje, og kva tilbod som eventuelt bør bli gitt, samt kva omfang.

Bakgrunnen for ei slik sakkyndig vurdering er å sikre at eleven si sak er tilstrekkeleg opplyst før det vert fatta vedtak. Om det vert konkludert med at eleven ikkje har rett på spesialundervisning har eleven likevel rett til tilpassa undervisning for å nå måla i opplæringsplanen for grunnskulen til sitt årstrinn.

Opplæringslova regulerer ikkje kor lenge ei sakkyndig vurdering er gyldig. I fleire tilfelle kan det være tilstrekkeleg å utarbeide ei sakkyndig vurdering kvart tredje/ fjerde år. Dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle, men skulen må heile tida ta omsyn til evt. større endringar som tilseier at ei ny sakkyndig vurdering bør utarbeidast. Eleven/føresette kan også krevje at PPT gjennomfører ei ny sakkyndig vurdering.

Utan ei sakkyndig vurdering kan det ikkje verte fatta vedtak i ei sak om spesialundervisning. Det må derfor utarbeidast ei sakkyndig vurdering med tilråding i forbindelse med alle henvisningar.

**Oppsummering**

- Ei sakkyndig vurdering skal utarbeidast i alle tilfelle der eleven sjølv og/eller føresette ønskjer det, også i dei tilfelle PPT vurderer det slik at eleven ikkje har rett til spesialundervisning.
- Det skal ligge føre ei sakkyndig vurdering frå PPT før skulen fattar vedtak om spesialundervisning. Vurderinga bør ikkje vere eldre enn 3-4 år.
- Den sakkyndige vurderinga skal innehalde ei tilråding.
- PPT bør gi skulen råd om korleis opplæringstilbodet kan til rette leggjast på best mogeleg måte for eleven i dei tilfelle spesialundervisning ikkje vert anbefalt.

## 6.3 Fakta

### 6.3.1 Innmelding til PPT

Rutinane i Herøy kommune tilseier at innmelding ved vurdering av spesialundervisning vert gjort av skulen i samarbeid med føresette. Ved vurdering av spesialundervisning har skulen kontinuerlig dialog med føresette. I forhold til tilvising skal føresette krysse av for kva instansar PPT kan kontakte. Administrasjonen hevdar at både PPT og skulen har eit veldig tett samarbeid med føresette gjennom denne prosessen. PPT kallar skule og føresette inn til råd, og på bakrunn av møte, og innsamla informasjon utarbeidar PPT ei sakkyndig vurdering og tilråding.

### 6.3.2 Sakkyndig vurdering

Ei sakkyndig vurdering er eit dokument der omgrepet sakkyndig vurdering går fram av tittelen og som oppfyller krava som er fastsett i opplæringslova §5-3 (sjå revisjonskriterie). Det er kommunen sin rådgjevande instans, pedagogisk – psykologisk teneste (PPT) som utarbeider den sakkyndige vurderinga for alle dei tilvisingane dei mottek om evt. rett til spesialundervisning. Dette gjeld både i dei tilfelle PPT vurderer at eleven har rett på spesialundervisning, men også i dei tilfelle PPT konkluderer med at eleven ikkje har rett på denne type undervisning.

Administrasjonen hevdar dei sakkyndige vurderingane frå PPT i Herøy er utarbeida på same måte og følgjer ein bestemt plan. Alle dei kontrollerte vurderingane hadde same oppsett. Nedanfor går fram oppstilling viser korleis dei er oppbygd:

Innleiing/oversikt

- Lovheimel Retten til spesialundervisning §5-1 og 5-3
- Kort historikk om eleven
- Bakgrunn for vurderinga

Sakkyndig vurdering:

- Eleven sitt utbyte av det ordinære opplæringstilbodet.
- Lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa
- Konklusjon om rett til spesialundervisning etter 5-1

Sakkyndig tilråding

- Kva er realistiske opplæringsmål for eleven
- Om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- Kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod

I Herøy har ein også rutinar for å utarbeide ei årleg stadfesting av tilrådinga i dei tilfelle situasjonen til eleven ikkje har endra seg. Om det har oppstått mindre endringar i situasjonen til eleven som påverkar den tildelte ressursen eleven burde få, utarbeidar PPT eit «tillegg til sakkyndig vurdering» som også blir nytta når det vert fatta nytt vedtak. Det vert derfor årleg gjort ei vurdering i forhold til om den sakkyndige vurderinga er dekkjande, eller om den bør reviderast. I henhald til rettleiar er det ikkje krav til ei slik årlig vurdering.

**Kontroll:**

Revisjonen sin kontroll gjaldt spesialundervisning knytt til skuleåret 2013/14. Ein kontrollerte i alt 23 av totalt 74 elevsaker der det hadde blitt tildelt spesialundervisning. Utvalet fordelte seg over alle skulane i kommunen. I fleire av dei kontrollerte sakene var gjeldande sakkyndig vurdering utarbeida i 2011-2012. Desse låg ikkje føre i sakshandsamingssystemet Ephorte då kommunen byrja å lagre elevmappene knytt til spesialundervisning elektronisk i 2012, men låg føre i dei fysiske elevmappene (gjaldt i alt 9 saker). Det skal derimot nemnast at stadfesting eller tillegg til sakkyndig vurdering låg føre i alle sakene.

I den sakkyndige vurderinga skal det leggjast særleg vekt på eleven sine utviklingsutsikter. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innehald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Oversikta nedanfor viser dei krav som vert stilt til innhald i den sakkyndige vurderinga som vert regulert i lova, og om Herøy kommune etterlever desse. Oversikta er basert på vår gjennomgang av dei elektroniske elevmappene i utvalet vårt ( 23 elevsaker).

| Krav til Innhald i følgje rettleiar: | Oppfylt? |
|---|---|
| Er det gjort greie for eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet? | Ja |
| Er eleven sine lærevanskar og andre spesielle forhold som er viktig for opplæringen vurdert? | Ja |
| Er det vurdert om eleven har behov for spesialundervisning? | Ja |
| Kva som er realistiske opplæringsmål for eleven? | Ja |
| Kva opplæring som bør gis? | Ja |
| Er det vurdert tiltak i forhold til om eleven sine vanskar kan løysast innfor det ordinære opplæringstilbodet? | Ja |
| Er det gjort greie for kva opplæring som vil gi eit forsvarleg opplæringstilbod? | Ja |
| Er tilrådinga ein del av sakkyndige vurderinga? | Ja |

### 6.3.3 Sakkyndig Tilråding

I følgje rettleiar frå departementet skal tilrådinga inngå som ein del av den sakkyndige vurderinga. I alle dei sakkyndige vurderingane som er utarbeida av PPT og som vi har kontrollert går det fram ei tilråding. Av den sakkyndige tilrådinga går det fram ei vurdering av dei realistiske opplæringsmåla for eleven, om eleven sine vanskar kan løysast innanfor det ordinære opplæringstilbodet og til slutt ei vurdering av kva opplæring som vil gi eit forsvarleg opplæringstilbod. Til slutt går det fram ei oversikt over antal timar spes.ped og assistent eleven bør få.

Av dei 23 sakene som vi har gjennomgått hadde alle fått ei sakkyndig vurdering, med tilhøyrande tilråding frå PPT før vedtak om spesialundervisning.

I saker der det ikkje blir tilrådd spesialundervisning blir det ikkje fatta skrifteleg vedtak. I slike tilfelle utarbeidar PPT ei tilråding der det går fram at eleven ikkje har rett på spesialundervisning. PPT knyt i slike tilfelle til ein kommentar om korleis eleven bør følgjast opp og korleis ein evt. bør tilpasse opplæringa innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

## 6.4 Vurdering/ konklusjon

Kontrollen viste at innhaldet i dei sakkyndige vurderingane frå PPT er i samsvar med føresetnadane i opplæringslova.

I den sakkyndige vurderinga går det fram  kor lenge den sakkyndige vurderinga skal vare og i dei fleste tilfelle går det fram av vurderinga at dersom ikkje andre forhold tilseier det kan denne sakkyndige vurderinga gjerast gjeldande  i inntil 3 år. I tillegg utarbeidar PPT ei årlig stadfesting eller evt. eit tillegg til den sakkyndige vurderinga.

PPT utarbeidar ei sakkyndig vurdering med ei tilråding i forhold til krava i opplæringslova § 5-3 for alle elever som søker om spesialundervisning, og vurderinga ligg som grunnlag for det vedtaket som vert fatta. Administrasjonen hevdar at skulen og PPT er i dialog med foreldra før den sakkyndige vurderinga vert utarbeida, og får dermed mogeligheit til å komme med evt. innspel i forhold til vurderinga som vert gjort. Ingen av dei sakkyndige vurderingane som vi har sett på i dette prosjektet, og som har vore grunnlaget for enkeltvedtak skuleåret 13/14 har vore eldre enn 3-4 år. Det går også fram av vurderinga kor lenge den er gjeldande. I tillegg ligg det føre  ei årleg stadfesting av tilrådinga eller evt. eit tillegg til sakkyndig vurdering om situasjonen for eleven har endra seg. Herøy kommune har gode rutinar for oppfølging av sakkyndige vurderingar.

I dei tilfelle der PPT ikkje tilrår rett til spesialundervisning, vert det hevda at  PPT og skulen samarbeider slik at eleven uansett får eit tilrettelagt undervisningsopplegg innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

# 7 Problemstilling 2: Ligg det føre skrifteleg vedtak på elevar med spesialundervisning og er dei i samsvar med regelverket?

## 7.1 Innleiing

I dette kapittelet ser vi på korleis dei krava som er knytt til enkeltvedtak om spesialundervisning, og som går fram av kapittel 5 i opplæringslova.

## 7.2 Revisjonskriterie

Vedtak om spesialundervisning er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova §2-1, første ledd bokstav b. Også avgjerder om avslag på spesialundervisning er enkeltvedtak i henhald til forvaltningslova.

God forvaltningsskikk krev at sakshandsaminga skal vere skrifteleg for å kunne dokumentere faktagrunnlaget i enkeltvedtaket slik at det er mogeleg å etterprøve at vurderingane i vedtaket ikkje er basert på utanforliggande omsyn, og manglande skriftelegheit i sakshandsaminga kan svekke tilliten til avgjerda i enkeltvedtaket.

Ei avgjerd kring tildeling av spesialundervisning vil i stor grad være eit skjønnsspørsmål, og i den samanheng vil det vere avgjerande at det ligg føre ei grundig utredning av eleven . Som tidlegare nemnt krev opplæringslova § 5-3 at det ligg føre ei sakkyndig vurdering før det vert fatta enkeltvedtak om spesialundervisning.

Den som er tildelt vedtakskompetanse i slike saker går fram av kommunen sitt delegasjonsreglement, og ei ryddig sakshandsaming bør skilje klart mellom vedtaksynde og rådgivande instans (PPT). Opplæringslova legg til grunn at kommunen sitt vedtak skal være i samsvar med tilrådinga frå PPT. Dersom det vert fatta vedtak som har avvik i forhold til den sakkyndige vurderinga, skal dette grunngjevast.

Det vedtaket som vert fatta om tildeling av spesialundervisning bør være så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva slags opplæringstilbod eleven skal få. I vedtaka bør det nyttast formuleringar og omgrep som er enkle å forstå for mottakaren, og den tildelte timeressursen skal gå fram av vedtaket. I tillegg skal vedtaket også gi ei beskriving av innhaldet i opplæringa og korleis den skal gjennomførast.

Kommunen kan ikkje avslå tilbod om spesialundervisning eller redusere dette tilbodet for elevar som har krav på spesialundervisning, på bakgrunn av økonomi. Dersom den som er ansvarleg for å fatte enkeltvedtak om spesialundervisning ser at det ikkje er tilstrekkelege budsjettmiddlar til å overhalde lov- og regelverket på dette området, pliktar vedkomande å rapportere forholdet til nærmaste overordna nivå i kommunen. Kommunen har plikt til å stille midlar til disposisjon til føremålet.

Sidan enkeltvedtak om tildeling av spesialundervisning er tidsavgrensa, bør vedtaksperioden gå fram av vedtaket, når det skal settast i verk og avsluttast. Enkeltvedtaket bør også innehalde opplysningar om vilkår som må være oppfylt for at vedtaket kan fornyast.

Saker som omhandlar søknad om spesialundervisning med nødvendige vedlegg inneheld i stor grad tausheits belagde opplysningar. Av den grunn skal denne type saker vere unnateke offentlegheit i forhold til offentleglova.

Det går fram av utdanningsdirektoratet sin rettleiar (kap 6.6.1.1) at: *«Også i de tilfellene hvor skoleeier/skolen kommer til at eleven ikkje har behov for spesialundervisning, skal det treffes enkeltvedtak om dette. Når det fattes enkeltvedtak, utløses elevens/foreldrenes klagerett. Det er derfor viktig for eleven sin rettssikkerhet at det fattes enkeltvedtak om dette.* ***I alle tilfeller hvor skoleeier/skolen har tilmeldt eleven til PP-tjenesten skal saken avgjøres ved at det treffes et enkeltvedtak».***

I henhald til forvaltningslova har eleven ein del rettigheiter i forbindelse med enkeltvedtaket. Vedtaket skal være skrifteleg, og føresette skal underrettast om vedtaket så raskt som råd, dvs ei skrifteleg melding som gir informasjon om enkeltvedtaket. Denne underretninga skal sendast partane i saka. Det skal i underrettinga opplysast om klagefrist, framgangsmåte ved klage, samt retten til å sjå saka sine dokument (innsynsrett). Når forholda tilseier det skal det i underretninga også gjevast informasjon om tilgangen til å søke fri rettshjelp, om kommunen/skulen si rettleiingsplikt og tilgangen til å få tilkjent eventuelle sakskostnadar.

Oppsummert vert følgjande revisjonskritereie lagt til grunn for våre vurderingar:

- All sakshandsaming skal dokumenterast skrifteleg i henhald til god forvaltningsskikk
- Vedtak skal fattast av skulefageleg leiar og bygge på den sakkyndige vurderinga frå PPT. Dette gjeld også avslag på spesialundervisning
- Vedtaka bør være så klare og fullstendige at det ikkje er tvil om kva opplæringstilbod eleven skal ha. Årstimane bør definerast i vedtaket, opplysning om vedtaket si eventuelle tidsavgrensing og vilkår for fornyeles bør opplysast.
- Vedtaka skal innehalde ei grunngjeving dersom det er avvik mellom PPT si tilråding og rektor sitt vedtak
- Underretninga (vedtaket) skal innehalde opplysningar om klagefrist, klageinstans, framgangsmåte ved klage, samt retten til å sjå saka sine dokument. Når forholda ligg til rette for det (ved avslag), bør underretninga også innehalde opplysningar om tilgong til å søkje fri rettshjelp, skulen si rettleiingsplikt og tilgong til ev. å få tilkjent saksomkostningar.
- De aktuelle dokumenta i ei sak om spesialundervisning skal unntakast frå offentlegheita i henhald til lova.

## 7.3 Fakta

### 7.3.1 Vedtaket

All den sakshandsaminga som vert gjort i forbindelse med spesialundervisning vert dokumentert skrifteleg. Kommunen nyttar Ephorte i si sakshandsaming, eit system som er godkjent av riksarkivaren. Den sakshandsaminga som PPT er ansvarlig for vert gjennomført i deira eige sakshandsamingssystem. Dokumentasjon som ikkje vert utarbeida i ephorte verd scanna og lagt inn. Det er i all hovudsak skulefageleg rådgjevar som har ansvar for å opprette og komplimentere dei elektroniske elevmappene knytt til spesialundervisning.

Det er skulefageleg leiar i samarbeid med skulefageleg rådgjevar som har det delegerte ansvaret for å fatte vedtak i saker som gjeld spesialundervisning i grunnskulen. Rektor ved dei ulike skulane har ansvaret for at vedtaka vert etterlevd. Vedtaka vert fatta på bakgrunn av PPT si sakkyndige vurdering av eleven med tilhøyrande tilråding.

Alle dei kontrollerte vedtaka som revisjonen gjennomgjekk var adressert til dei føresette og stempla med «unnateke offentlegheit». Av vedtaksteksten går det fram saksopplysningar, samt vurdering og konklusjon. Det går fram av rettleiaren utarbeida av utdanningsdirektoratet at i praksis kan det vere tilstrekkeleg om det i enkeltvedtaket står at det som er tilrådd i den sakkyndige vurderinga, skal ligge til grunn. Dette forutsett at den sakkyndige vurderinga er tilstrekkeleg klar, og ligg ved.

Forskrifta om startlån og Husbanken sin rettleiar er relativt generelt utforma. Difor kan kommunane utarbeide eigne retningsliner som kan klargjere problemstillingar for søkjar og lette arbeidet for sakshandsamar.

Kven kan få startlån?
Kven som kan få startlån er regulert i forskrifta § 3:

> *«Kommunen kan gi startlån til personer som ikke får lån eller tilstrekkelig lånebeløp i ordinære kredittinstitusjoner.*
>
> *Startlån skal tildeles etter en behovsprøving. I vurderingen skal kommunen legge vekt på om søkeren:*
> *a) forventes å ha langvarige problemer med å finansiere eid bolig og*
> *b) har benyttet muligheten til sparing innenfor de økonomiske mulighetene søkerens inntekter og nødvendige utgifter til livsopphold gir.*
>
> *Søkeren må ha evne til å betjene lånet over tid og fortsatt ha nødvendige midler igjen til livsopphold.*
>
> *Uavhengig av vurderingene etter annet ledd kan kommunen gi startlån i alle disse situasjonene:*
> *a) husstanden har barn eller særlige sosiale eller helsemessige utfordringer, og hensynet til å sikre en trygg, god og stabil bosituasjon innen kort tid taler for det,*
> *b) husstanden har problemer med å dekke boutgiftene, og refinansiering med startlån kan bidra til at husstanden kan bli boende i boligen sin,*
> *c) boligsituasjonen hindrer mulighetene til å opprettholde et arbeidsforhold, eller hindrer utvikling av det lokale næringslivet eller*
> *d) lånet bidrar til bedre utnyttelse av kommunalt disponerte boliger.»*

Kva kan ein få startlån til?
Kva det kan gis startlån til, er regulert i forskrifta § 4:

> *«Kommunen kan gi lån til:*
> *a) kjøp av bolig,*
> *b) utbedring og tilpasning av bolig,*
> *c) oppføring av ny bolig og*
> *d) refinansiering av dyre lån dersom det bidrar til at husstanden kan bli boende i boligen.*
>
> *Boligen skal være egnet for husstanden, nøktern og rimelig sammenliknet med prisnivået på stedet.*
>
> *Kommunen kan bruke startlånet til å fullfinansiere boligen eller som topplån der private eller Husbanken gir grunnfinansiering. Kommunen skal vurdere om samfinansiering kan oppnås.»*

Utkast til retningsliner for tildeling av startlån
Sakshandsamarane for startlån i dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre har hausten 2014 samarbeida for å lage til mest mogleg felles utfyllande kommunale retningsliner for tildeling av startlån, sjå prenta vedlegg 2.
Retningslinene som er utarbeida bygg på føreskrift og veiledar for tildeling av startlån frå Husbanken.

Med felles retningsliner i dei ulike kommunane vil det vere positivt at nabo kommunane har ein felles forståing for tildeling av startlån.
Retningslinene som er utarbeida vil kunne klargjere problemstillingar for søkar og lett arbeidet for sakshandsamar.

I dei nye retningslinene ynskjer ein å auke den administrative handsaminga på startlånsaker til kroner 500 000,-
Ein ynskjer også å prioritere bebuarar i kommunale bustadar, så dei ved hjelp av startlån kan kome over i den private bustadmarknaden.
Det er og teke med eit punkt om maksimum inntekt for å få startlån og pris på bustad. Dette for å tydeleggjere meir kven som kan vere i målgruppa for startlån.

Retningslinene for startlån legg vekt på at ein skal vere økonomisk vanskelegstilt over tid, då snakkar Husbanken om ei periode på 3-5 år. Og den legg og stor vekt på at ein skal ha utnytta moglegheita for sparing innan for dei økonomiske rammer ein har.

Herøy kommune har ikkje hatt eigne retningsliner for tildeling av startlån, men eit prinsippvedtak for bruk av startlån til toppfinansiering frå 2013. (F-sak 184/13)

**Vurdering og konklusjon:**
Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne retningslinene for tildeling av startlån.

Framlegget til kommunale retningsliner er vurdert å vere i samsvar med forskrift om startlån og Husbanken sin rettleiar for tildeling av startlån. (HB.7.C17) frå juni 2014.

Rådmannen ynskjer å ei mest mogleg likeverdig behandling av søknadar om startlån. Interne retningsliner bidreg til å sikre slik likebehandling.

Ulstein, Sande og Vanylven har vedteke utkastet til retningsliner, medan dei andre kommunane er i sluttfasa for å få dei vedtekne. At kommunane i sju-stjerna har mest mogleg like retningsliner for tildeling av startlån, er positivt og med på å sikre lik behandling av søknadar om startlån også på tvers av kommunane.

Konsekvensar for folkehelse:
Startlån kan medverke til at personar som fell utanfor den ordinære bustadmarknaden kan få seg ein stad å bu. Utan bustad er det vanskeleg å delta i samfunnet, i arbeidslivet og i sosiale relasjonar. Eit forsvarleg butilbod er difor eitt av fundamenta i den norske velferdspolitikken.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:
Startlånordninga kan frigjere kommunale bustadar til alternativ utleige.

Konsekvensar for økonomi:
Husbankordninga er i utgangspunktet sjølvfinansierande og vil ikkje ha noko økonomiske konsekvensar for kommunen, med mindre vidareutlån vert misleghalde av lånetakar og tvangssal av pantsett eigedom resulterer i økonomisk tap.

Fosnavåg, 12.03.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Robert Myklebust |
| Rådmann | Eigedomsleiar |

Sakshandsamar: Gry Dragsund- Vike

LOVDATA

# Forskrift om startlån fra Husbanken

| | |
|---|---|
| Dato | FOR-2014-03-12-273 |
| Departement | Kommunal- og moderniseringsdepartementet |
| Publisert | I 2014 hefte 3 |
| Ikrafttredelse | 01.04.2014 |
| Sist endret | |
| Endrer | FOR-2004-12-22-1759 |
| Gjelder for | Norge |
| Hjemmel | LOV-2009-05-29-30-§1 |
| Kunngjort | 18.03.2014 kl. 15.35 |
| Rettet | |
| Korttittel | Forskrift om startlån fra Husbanken |

**Hjemmel:** Fastsatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 12. mars 2014 med hjemmel i lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken § 1 fjerde ledd.

## § 1. *Formål*

Startlån skal bidra til at personer med langvarige boligfinansieringsproblemer kan skaffe seg en egnet bolig og beholde den.

## § 2. *Långiver*

Husbanken gir lån til kommuner for videre utlån av startlån til enkeltpersoner.

## § 3. *Hvem kan få startlån*

Kommunen kan gi startlån til personer som ikke får lån eller tilstrekkelig lånebeløp i ordinære kredittinstitusjoner.

Startlån skal tildeles etter en behovsprøving. I vurderingen skal kommunen legge vekt på om søkeren:

a) forventes å ha langvarige problemer med å finansiere eid bolig og
b) har benyttet muligheten til sparing innenfor de økonomiske mulighetene søkerens inntekter og nødvendige utgifter til livsopphold gir.

Søkeren må ha evne til å betjene lånet over tid og fortsatt ha nødvendige midler igjen til livsopphold.

Uavhengig av vurderingene etter annet ledd kan kommunen gi startlån i alle disse situasjonene:

a) husstanden har barn eller særlige sosiale eller helsemessige utfordringer, og hensynet til å sikre en trygg, god og stabil bosituasjon innen kort tid taler for det,
b) husstanden har problemer med å dekke boutgiftene, og refinansiering med startlån kan bidra til at husstanden kan bli boende i boligen sin,
c) boligsituasjonen hindrer mulighetene til å opprettholde et arbeidsforhold, eller hindrer utvikling av det lokale næringslivet eller
d) lånet bidrar til bedre utnyttelse av kommunalt disponerte boliger.

## § 4. *Hva det kan gis lån til*

Kommunen kan gi lån til:

a) kjøp av bolig,
b) utbedring og tilpasning av bolig,
c) oppføring av ny bolig og
d) refinansiering av dyre lån dersom det bidrar til at husstanden kan bli boende i boligen.

Boligen skal være egnet for husstanden, nøktern og rimelig sammenliknet med prisnivået på stedet.

Kommunen kan bruke startlånet til å fullfinansiere boligen eller som topplån der private eller Husbanken gir grunnfinansiering. Kommunen skal vurdere om samfinansiering kan oppnås.

**§ 5.** ***Prioriteringer***

Departementet kan gi ytterligere føringer for tildeling av startlånet.

**§ 6.** ***Rente- og avdragsvilkår***

Rente- og avdragsvilkår for lån fra Husbanken til kommunene er regulert i forskrift 25. mai 2011 nr. 550 om rente- og avdragsvilkår for Husbanken.

Startlån fra kommunen skal tilbys med utgangspunkt i Husbankens rente- og avdragsvilkår. Startlån har en nedbetalingstid på inntil 30 år. I særlige tilfeller kan kommunene innvilge en nedbetalingstid på inntil 50 år. Det forutsettes da at:

a) det dokumenteres at låntaker har varig lav inntekt,
b) det sannsynliggjøres at boligen tilfredsstiller husstandens behov over lang tid,
c) det sannsynliggjøres at tilgjengelige private leieboliger i området er uegnede og/eller innebærer en betydelig høyere utgift på lang sikt enn det aktuelle startlånet og
d) det dokumenteres at kommunen ikke anser det som økonomisk forsvarlig å gi et lån med kortere nedbetalingstid.

Vilkåret i annet ledd bokstav a kan fravikes dersom husstanden har barn eller står i fare for å miste boligen, og husstanden kan dokumentere lav, forutsigbar inntekt. Vilkårene i annet ledd bokstavene b og c kan også fravikes dersom husstanden står i fare for å miste boligen.

Kommunen gis anledning til å påplusse husbankrenten inntil 0,25 prosentpoeng til dekning av administrative kostnader. Dersom det dokumenteres at de faktiske utgiftene til administrasjon og forvaltning av låneordningen overstiger 0,25 prosentpoeng, kan kommunene i tillegg kreve gebyr for inndekning av det overskytende beløpet.

Kommunene står fritt til å tilby gunstigere rente- og avdragsvilkår, blant annet andre nedbetalingsplaner. Slike avtaler endrer ikke lånevilkårene som gjelder mellom kommunen og Husbanken.

**§ 7.** ***Sikkerhet for lånet og dekning av tap***

Lån fra Husbanken gis som gjeldsbrevslån. Startlån fra kommunen skal sikres med pant i boligen eller adkomstdokumenter til boligen.

Kommunene har tapsrisikoen for de første 25 prosent av gjenstående hovedstol samt forfalte renter og omkostninger før realisering av pant. Staten har tapsrisikoen for et eventuelt restbeløp etter realisering av pantet.

**§ 8.** ***Klageadgang***

Det er ikke klageadgang på Husbankens avgjørelse om lån til kommuner.

Det er klageadgang etter forvaltningslovens regler på kommunens vedtak om tildeling, utmåling av startlån og på avvisning og avslag på søknader om startlån.

**§ 9.** ***Oppfølging og kontroll***

Kommunene skal innhente og kontrollere opplysninger som er nødvendige for å behandle søknader om startlån og ved utbetaling av startlån.

Kommunene skal rapportere til Husbanken om bruken av midlene i samsvar med bestemmelser fastsatt av Husbanken.

**§ 10.** ***Retningslinjer***

Husbanken kan fastsette nærmere retningslinjer om beregning av tap som staten skal dekke, jf. § 7. Husbanken kan også gi retningslinjer om saksbehandling og administrering av startlån.

Kommunene kan fastsette eget regelverk i samsvar med forskriften. Kommunale retningslinjer skal sendes Husbanken til orientering.

**§ 11.** ***Ikrafttredelse***

Forskriften trer i kraft 1. april 2014. Fra samme dato oppheves forskrift 22. desember 2004 nr. 1759 om startlån fra Husbanken.

## RETNINGSLINER- STARTLÅN

Startlånordninga er regulert i Forskrift om startlån frå Husbanken, FOR-2010-03-12-273. Herøy kommune bruker Husbanken (HB) sitt til ei kvar tid gjeldande reglement for handsaming og tildeling av kommunale startlån, jf. rettleiar HB 7.C.17. Nedanfor er lista opp dei viktigaste punkta i rettleiaren, med tillegg av presiseringar og særskilte rammer for Herøy kommune

### 1 Formål

1. Startlån skal medverke til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og halde på den.
2. Bustaden må vere ein heilårsbustad å ligge i Herøy kommune, det må også vere husstanden sin primærbustad.
3. Startlån skal brukast til kjøp/bygging av bustad, til nyetablering /reetablering eller til refinansiering.
4. Startlån kan og brukast til naudsynt utbetring eller tilpassing av bustad slik at ein kan bli buande i bustanden.

### 2 Kven kan få lån- prioriterte grupper

1. Langvarig økonomisk vanskelegstilte på bustadmarknaden. Langvarig betyr ei periode på ca. 3 - 5 år.
2. Søkjarar med barn i husstanden eller med særskilte sosiale / helsemessige utfordringar.
3. Søkjarar som frigjer kommunal bustad.
4. Husstandar som ikkje får lån eller tilstrekkeleg lånebeløp i bank og har vanskar med å spare seg opp eigenkapital.
5. Husstandar som treng refinansiering av dyr lånegjeld for å behalde bustaden
6. Nordiske- og EØS-borgarar vert vurdert på linje med nordmenn. Andre må ha varig dokumentert opphaldsløyve.

### 3. Vurdering av betalingsevne

1. Kommunen kallar inn søkjar til møte for gjennomgang av søknaden og oppsett av budsjett. Kommunen brukar budsjettoppsett etter SIFO-modellen.
2. Budsjettet gir ein indikasjon på om søkjar fyller dei økonomiske vilkåra for låneopptaket.
3. Overskot i SIFO-budsjettet vert lagt til grunn for vurdering om sparepotensialet har vore utnytta
4. Sjølv om søkjar har omsettbar eigedom, kan startlån innvilgast dersom særskilte grunnar talar for det.
5. Verdivurdering kan godkjennast i staden for takst. Verdivurdering/takst skal normalt sett ikkje vere eldre enn 1 år.
6. Toppfinansieringa bør normalt ikkje overstige 15 % total finansiering.

7. Dersom andre særskilte tilhøve ikkje ligg føre, skal maksimal grense for brutto inntekt i husstanden vere: -Einsleg person 6,5 G (grunnbeløp i folketrygda) kr/år for kvart husstandmedlem.
   -Husstandar med bruttoinntekt over 9,5 G kr/år skal vanlegvis ikkje innvilgast startlån.

**4 Kva kan det gjevast lån til**

1. Bustaden skal være nøktern og rimeleg i høve dei lokale bustadprisane, husstanden si inntekt, og plass-/bustadbehov.
2. Bustaden og eventuelt arbeidet lånet omfattar, må vere i samsvar med plan– og bygningslova.
3. Både bustadlån og anna lån kan refinansierast, med pantesikring i eigedom
4. Bustaden bør vanlegvis ikkje koste over kr. 2 500 000,-
5. Ved kjøp av bustad i Herøy kommune, legg kommunen til grunn at ein må selje annan heilårsbustad, dersom søkjar eller nokon i husstanden eig dette.
6. Samla lån/gjeld på eigedomen skal normalt ikkje vere høgare enn takstverdien på eigedomen.
7. Bustad finansiert med startlån skal vanlegvis ikkje innhalde utleigedel.

**5 Søknad og saksgang**

1. Søknad skal settast fram på fastsett skjema, med alle vedlegg og opplysningar som er naudsynte for å dokumentere søknaden.
2. Alle husstandsmedlemmar omfatta av inntektsgrunnlaget for søknaden, bør normalt også vere låntakar.
3. Søknader under kr. 500.000,- vert som hovudregel handsama fortløpande med administrative delegasjonsvedtak.
4. Søknader over kr. 500.000,- vert handsama i formannskapet.
5. Ved førehandsgodkjenning treng ein ikkje vise til konkret prosjekt eller bustad. Dersom ein søkjer om lån til eit bestemt hus, skal prospekt leggast fram med pris og eventuelt takst.
6. Tilsegn om lån er gyldig i 12 månader, med høve til forlenging etter søknad
7. Sals prospekt med teikningar, takstrapport og signert kjøpekontrakt med kjøpesum og kostnader, samt eventuelle kvitteringar for utbetringsarbeid er grunnlag for utbetaling av startlånet.
8. Ved refinansiering kan det stillast vilkår om at andre kreditorar bidreg til å betre søkjar sin økonomiske situasjon.
9. Tildelt startlån kan avkortast ved utbetaling, dersom dokumentert kjøpesum og/eller utbetringskostnader vert lågare enn føresett ved handsaming av søknaden.
10. Dersom lånetilsegn eller innvilga startlån skal brukast til anna eller dyrare prosjekt, må det søkjast på nytt.
11. Ei eventuell fråråding skal gjerast skriftleg og munnleg, jf. Finansavtalelova

**6 Låneutmåling- finansieringsløysingar**

1. Hovudregelen er at kommunen yter startlån som toppfinansiering i tillegg til ordinært banklån.
2. I særlege tilfelle kan startlån brukast til fullfinansiering og eventuelt kombinerast med tilskot for etablering eller utbetring. Grunnlaget for låneutmålinga er kjøpe- og utbetringssum og lånekostnader.

## 7 Renter, avdrag og gebyr

I utgangspunktet brukar Herøy kommune følgande vilkår for lånet:

1. Annuitetslån
2. Flytande rente
3. Inntil 25 års løpetid på toppfinansiering
4. Inntil 30 års løpetid på fullfinansiering
5. Inntil 50 år i særlege tilfelle (jf. HB 7.C.17, pkt. 2.2.8)
6. Månadlege innbetalingar
7. 0,25 % rentepåslag på Husbanken sin gjeldande rente for å dekke inn kommunale utgifter knytt til lånet.
8. Der ein ser det som gunstig for sikkerheita for både låntakar og kommunen, kan ein gi tilsegn med føresetnad om fastrente.

## 8 Sikkerheit for lånet

1. Startlånet skal sikrast med tinglyst pant i bustadeigedom, vanlegvis med prioritet etter grunnfinansiering.
2. Startlån som hovudfinansiering skal normalt ha 1.prioritet i pant i eigedom.
3. Låntakar er ansvarleg i høve kommunen for at bustadeigedomen til ei kvar tid er fullverdiforsikra.
4. Ved skifte av forsikringsselskap skal dette meldast til Lindorff

## 9 Klage på vedtak

1. Det er høve til å klage på vedtaket etter forvaltningslova sine reglar. Klaga vert først handsama av instansen som handsama søknaden. Dersom instansen ikkje tek klaga til følgje, vert klagesaka endeleg handsama av klagenemnda i kommunen.
2. Det er ikkje høve til å klage på vedtaket i klageinstansen vidare, jamfør Forvaltningslova kap. V.

HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | LME | Arkivsaknr: | 2015/215 |
| | | Arkiv: | 033 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 11/15 | Valnemnd | 08.04.2015 |
| 52/15 | Kommunestyret | 30.04.2015 |

## VAL AV NY VARAMEDLEM I FORLIKSRÅDET.

**Møtebehandling:**

Venstre, Henry Jøsokbakke kom med framlegg om Magnar Taklo som ny vara.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Valnemnd - 08.04.2015**

Ny varamedlem i forliksrådet ut perioden vert vald:

Magnar Taklo

**Tilråding frå rådmannen:**

Ny varamedlem i forliksrådet vert vald:

Særutskrift:
Den valde
Leiar i forliksrådet

**Vedlegg:**

1 Frå domstollova

**Saksopplysningar:**

Odd Magne Skotnes er varamedlem i forliksrådet. Han har flytta til Ulstein kommune.

Felles forliksråd for Herøy og Sande har slik samansetning:

| Medlemer: | Varamedlemer: |
|---|---|
| John Nerem, leiar | Hallvard Fosnavåg |
| Anker Hagen | Susanne Worren Hauge |
| Ann-Kathrin (Tine) Storøy | Odd Magne Skotnes |

**Vurdering og konklusjon:**

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 20.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Lisbeth Moltu Espeseth

**Frå Domstollova:**

**§ 27**.I hver kommune skal det være et forliksråd.
Forliksrådet skal ha tre medlemmer og like mange varamedlemmer. Blant medlemmene og blant varamedlemmene skal det være både kvinner og menn. Varamedlemmene tilkalles i den rekkefølge oppnevnelsen viser.

Kommunestyret velger et av medlemmene til formann. Har denne forfall, trer den av de andre som er nevnt først i oppnevnelsen og som kan gjøre tjeneste, i dennes sted.

Med samtykke fra departementet kan kommunestyret fastsette at forliksrådet skal ha to eller flere avdelinger. Hver avdeling velges etter annet og tredje ledd. Den ene formannen velges som leder for domstolen. Den andre formannen, eller de andre formennene i den rekkefølge kommunen har fastsatt, er lederens stedfortreder som leder for domstolen.

Arbeids-, skyss- og kostgodtgjørelse til medlemmene og varamedlemmene fastsettes i samsvar med forskrift gitt av Kongen. For bestemte kommuner kan departementet fastsette at formannen og i tilfelle også de øvrige medlemmene skal ha et midlertidig tilsettingsforhold etter tjenestemannsloven.

I lensmannsdistrikter er lensmannen sekretariat for forliksrådet. I namsfogddistrikter er namsfogden sekretariat. I politistasjonsdistrikter med sivile rettspleieoppgaver er politistasjonen sekretariat. Kongen kan ved forskrift gi regler om forholdet mellom forliksrådet og sekretariatet.

Kommuner som har samme sekretariat for forliksrådet og dessuten ligger i samme domssogn, kan med tilslutning av minst 2/3 av hver av kommunestyrenes medlemmer beslutte å ha felles forliksråd dersom kommunene samtidig er enige om hvor mange medlemmer og varamedlemmer hver kommune skal velge, og om hvordan det skal sikres at det blant både medlemmene og varamedlemmene er både kvinner og menn. Felles forliksråd kan opprettes uavhengig av funksjonsperioden etter § 57.

**§ 53**. Dommere må være norske statsborgere, menn eller kvinner, som er vederheftige, og som ikke er fradømt stemmerett i offentlige anliggender. For meddommere gjelder kravene etter § 70, og for skjønnsmedlemmer kravene etter skjønnsprosessloven § 14. Er en dommer uvederheftig, blir dog ikke hans dommerhandlinger ugyldige av den grund. Heller ikke kan parterne kræve, at en dommer skal vike sæte, fordi han er uvederheftig.

**§ 56**.Forliksrådsmedlemmer må ha fylt 25 år. For øvrig gjelder § 70 annet ledd nr. 1 om en øvre aldersgrense og §§ 71-74 tilsvarende for forliksrådsmedlemmer.
Som forliksrådsmedlemmer skal bare velges personer som anses særlig egnet til oppgaven, og som behersker norsk skriftlig og muntlig godt.

Den som ikke bor i kommunen, kan nekte å ta i mot valg.

**§ 59**.Når et forliksrådsmedlem eller varamedlem dør eller flytter fra kommunen, eller når det opplyses at vedkommende mangler noen av de betingelser som nevnt i §§ 53 eller 56 første ledd, eller vedkommende ellers blir varig forhindret fra å gjøre tjeneste, foretar kommunestyret nytt valg av medlem eller varamedlem for den tid som er igjen. Valget foretas som flertallsvalg.
Kommunestyret kan tillate et medlem eller varamedlem å fratre sin stilling før tiden og foretar i så fall nytt valg etter reglene i første ledd.

Har noen forfall så forliksrådet ikke kan holde beslutningsdyktig møte, kan fylkesmannen oppnevne stedfortredere for den enkelte sak eller for inntil tre måneder. Er det ikke tid til å innhente fylkesmannens bestemmelse, kan to forrettende forliksrådsmedlemmer midlertidig tilkalle en stedfortreder når partene samtykker.

Den som oppnevnes som medlem eller varamedlem etter denne paragraf, kommer i rekkefølge etter dem som er oppnevnt tidligere. Dersom det holdes valg på nytt medlem fordi formannen har fratrådt e.l., kan kommunestyret selv velge ny formann uavhengig av første punktum.

HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | LME | Arkivsaknr: | 2015/215 |
| | | Arkiv: | 033 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 10/15 | Valnemnd | 08.04.2015 |
| 53/15 | Kommunestyret | 30.04.2015 |

## VAL AV NY VARAMEDLEM I FORLIKSRÅDET.

**Møtebehandling:**

Høgre/FrP, Knut Johan Voldsund kom med framlegg om Thor Sigmund Garvik som ny vara.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Valnemnd - 08.04.2015**

Ny varamedlem i forliksrådet ut perioden vert vald:

Thor Sigmund Garvik

**Tilråding frå rådmannen:**

Ny varamedlem i forliksrådet ut perioden vert vald:

Særutskrift:
Den valde
Leiar i forliksrådet

**Vedlegg:**

1 Søknad om fritak
2 Frå domstollova

**Saksopplysningar:**

Hallvard Fosnavåg ber om fritak frå vervet som varamedlem i forliksrådet ut perioden pga. jobb i utlandet.

Felles forliksråd for Herøy og Sande har slik samansetning:

| Medlemer: | Varamedlemer: |
|---|---|
| John Nerem, leiar | Hallvard Fosnavåg |
| Anker Hagen | Susanne Worren Hauge |
| Ann-Kathrin (Tine) Storøy | Odd Magne Skotnes |

**Vurdering og konklusjon:**

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>

<u>Konsekvensar for drift:</u>

<u>Konsekvensar for økonomi:</u>

Fosnavåg, 20.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Lisbeth Moltu Espeseth

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 9. februar 2015 08:46
**Til:** Arkiv
**Emne:** VS: Søknad om fritak.

Helsing
**HERØY KOMMUNE**
*7008 1300*
www.heroy.kommune.no

**Fra:** Hallvard Fosnavaag [mailto:Hallvard.Fosnavaag@havyard.com]
**Sendt:** 9. februar 2015 08:22
**Til:** postmottak
**Emne:** Søknad om fritak.

Hei.

Søker herved og bli fritatt fra mitt verv, som varamedlem i forliksrådet.
Da eg får lite anledning til å stille de neste 2 år, grunnet jobb i utlandet.

Best Regards
*Hallvard Fosnavaag*
Sales Manager
**Havyard Design & Solution AS**
Mobil Phone Norway : +47 900 26822
www.havyard.com

*The data contained in, or attached to this e-mail, may contain confidential information.*
*Please do not copy it for any purpose, or disclose its contents to others.*

**Frå Domstollova:**

**§ 27**.I hver kommune skal det være et forliksråd.
Forliksrådet skal ha tre medlemmer og like mange varamedlemmer. Blant medlemmene og blant varamedlemmene skal det være både kvinner og menn. Varamedlemmene tilkalles i den rekkefølge oppnevnelsen viser.

Kommunestyret velger et av medlemmene til formann. Har denne forfall, trer den av de andre som er nevnt først i oppnevnelsen og som kan gjøre tjeneste, i dennes sted.

Med samtykke fra departementet kan kommunestyret fastsette at forliksrådet skal ha to eller flere avdelinger. Hver avdeling velges etter annet og tredje ledd. Den ene formannen velges som leder for domstolen. Den andre formannen, eller de andre formennene i den rekkefølge kommunen har fastsatt, er lederens stedfortreder som leder for domstolen.

Arbeids-, skyss- og kostgodtgjørelse til medlemmene og varamedlemmene fastsettes i samsvar med forskrift gitt av Kongen. For bestemte kommuner kan departementet fastsette at formannen og i tilfelle også de øvrige medlemmene skal ha et midlertidig tilsettingsforhold etter tjenestemannsloven.

I lensmannsdistrikter er lensmannen sekretariat for forliksrådet. I namsfogddistrikter er namsfogden sekretariat. I politistasjonsdistrikter med sivile rettspleieoppgaver er politistasjonen sekretariat. Kongen kan ved forskrift gi regler om forholdet mellom forliksrådet og sekretariatet.

Kommuner som har samme sekretariat for forliksrådet og dessuten ligger i samme domssogn, kan med tilslutning av minst 2/3 av hver av kommunestyrenes medlemmer beslutte å ha felles forliksråd dersom kommunene samtidig er enige om hvor mange medlemmer og varamedlemmer hver kommune skal velge, og om hvordan det skal sikres at det blant både medlemmene og varamedlemmene er både kvinner og menn. Felles forliksråd kan opprettes uavhengig av funksjonsperioden etter § 57.

**§ 53**. Dommere må være norske statsborgere, menn eller kvinner, som er vederheftige, og som ikke er fradømt stemmerett i offentlige anliggender. For meddommere gjelder kravene etter § 70, og for skjønnsmedlemmer kravene etter skjønnsprosessloven § 14. Er en dommer uvederheftig, blir dog ikke hans dommerhandlinger ugyldige av den grund. Heller ikke kan parterne kræve, at en dommer skal vike sæte, fordi han er uvederheftig.

**§ 56**.Forliksrådsmedlemmer må ha fylt 25 år. For øvrig gjelder § 70 annet ledd nr. 1 om en øvre aldersgrense og §§ 71-74 tilsvarende for forliksrådsmedlemmer.
Som forliksrådsmedlemmer skal bare velges personer som anses særlig egnet til oppgaven, og som behersker norsk skriftlig og muntlig godt.

Den som ikke bor i kommunen, kan nekte å ta i mot valg.

**§ 59**.Når et forliksrådsmedlem eller varamedlem dør eller flytter fra kommunen, eller når det opplyses at vedkommende mangler noen av de betingelser som nevnt i §§ 53 eller 56 første ledd, eller vedkommende ellers blir varig forhindret fra å gjøre tjeneste, foretar kommunestyret nytt valg av medlem eller varamedlem for den tid som er igjen. Valget foretas som flertallsvalg.
Kommunestyret kan tillate et medlem eller varamedlem å fratre sin stilling før tiden og foretar i så fall nytt valg etter reglene i første ledd.

Har noen forfall så forliksrådet ikke kan holde beslutningsdyktig møte, kan fylkesmannen oppnevne stedfortredere for den enkelte sak eller for inntil tre måneder. Er det ikke tid til å innhente fylkesmannens bestemmelse, kan to forrettende forliksrådsmedlemmer midlertidig tilkalle en stedfortreder når partene samtykker.

Den som oppnevnes som medlem eller varamedlem etter denne paragraf, kommer i rekkefølge etter dem som er oppnevnt tidligere. Dersom det holdes valg på nytt medlem fordi formannen har fratrådt e.l., kan kommunestyret selv velge ny formann uavhengig av første punktum.

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | JS | Arkivsaknr: | 2015/341 |
| | | Arkiv: | 004 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 54/15 | Kommunestyret | 30.04.2015 |

## ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2014

**Tilråding frå kontrollutvalet:**

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2014.

Særutskrift:
Vest Kontroll

**Vedlegg:**

1 Sak 06-15 Årsmelding for kontrollutvalet 2014.

Fosnavåg, 30.03.2015

Jostein Støylen
dagleg leiar Vest Kontroll

# HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

**U T S K R I F T**

**frå**

**M Ø T E B O K**

| Utval: | Sak nr.: | Arkiv: | Møtedato: |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Herøy kommune | 06/15 | 033 | 23.02.2015 |

## SAK 06/15 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2014

**Vedlegg:**
- Årsmelding for kontrollutvalet 2014.

**Saksopplysning:**
Viser til vedlagte årsmelding for kontrollutvalet 2014.

**Samrøystes innstilling:**
Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2014.

**Rett utskrift**
Åram, 2. mars 2015

Ida B. Marholm
Ida Birgitte Marholm
Sekretær

**Utskrift til:** **Kommunestyret for behandling**
**Saka går direkte til kommunestyret**

# ÅRSMELDING

# FOR

# KONTROLLUTVALET

# 2014

# HERØY KOMMUNE

# 1. INNLEIING

## 1.1 Heimel

Ansvaret for tilsynet med kommunen er lagt til kommunestyret, jfr. Kommunelova § 76. Ordninga med kontrollutval i kommunen er heimla i kommunelova § 77 nr 1, der kommunestyret sjølve er pålagt å velje eit kontrollutval til å føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga.

Ein del av kontrollutvalet sine oppgåver er heimla direkte i Kommunelova § 77.
I medhald av Kommunelova § 77 nr. 11 har Kommunaldepartementet gjeve eiga forskrift om kontrollutval som m.a. omhandlar kontrollutvalet sitt formål, samansetjing, saksbehandling, oppgåver, teieplikt med vidare.

## 1.2 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet sitt hovudmål er å medverke til at kommunen sine oppgåver vert løyste på ein best mogleg måte i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Kontrollutvalet skal på **vegne av kommunestyret** føre det løpande tilsynet med forvaltninga i kommunen, jf. Kommunelova § 77 nr 1. Kontrollutvalet skal vidare sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte og at det årleg vert utført forvaltningsrevisjon , jf. forskrift om kontrollutval (forskrifta) § 77 nr. 4 og forskrifta § 6 og § 9.

Kontrollutvalet sitt formål er dermed todelt. Den eine oppgåva rettar seg mot tilsyn med forvaltninga i kommunen. Den andre rettar seg mot utføringa av revisjonsoppgåvene (rekneskap og forvaltningsrevisjon).

I kommunelova er det ikkje berre lagt til grunn at tilsyn og kontroll skal skje gjennom dei spesielle kontrollorgana (kontrollutval og revisjon), men at alle kommunale organ, folkevalde og administrative, har eit **sjølvstendig ansvar** for tilsyn og kontroll på egne områder.

Kontrollutvalet har som folkevalt organ både formelle og andre rammer for si verksemd. Saksbehandlinga i utvalet må skje i møte, og vedtak skjer etter vanlege prinsipp for dette.

Kontrollutvalet må i stor grad basere seg på det arbeid som blir utført av revisjonen i deira tilsyns- og kontrollverksemd.

## *1.3 Kontrollutvalet sin plass i organisasjonen*

Det **direkte underordningsforholdet til kommunestyret** medfører at kontrollutvalet har ein **uavhengig** ståstad i høve til andre kommunale politiske og administrative organ. Dette prinsippet blir kommunelova (§ 77) og forskrifta om kontrollutval ivareteke gjennom spesielle reglar om m.a. kven som kan veljast til utvalet, nyval , møte- og talerett, saksbehandling , rett til opplysningar, rett til gransking av all kommunal verksemd og til å gjere bruk av sakkunnig hjelp. Det er følgjeleg **berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet.** Kontrollutvalet er det organet som i praksis utfører det generelle tilsynsansvaret som ligg til kommunestyret.

Kontrollutvalet har då fylgjeleg **ikkje eit tilsynsansvar overfor kommunestyret**, men det hindrar ikkje utvalet i å kunne **uttale seg** om kommunestyret er i ferd med å gjere eller har gjort eit ulovleg vedtak.

Den uavhengige stillinga er grunnleggjande for kontrollutvalet sitt arbeid. Den skal medvirke til å sikre at kommunane og publikum får ei kontrollordning dei kan ha tillit til. Denne tilliten vil vere avhengig av at dei som blir kontrollerte ikkje skal kunne påverke måten kontrollarbeidet blir utført på, organiseringa av dette eller omfanget det skal ha.

Kontrollorgana må m.a.o. vere **fristilte i høve til dei som skal kontrollerast**, dersom kontrollen skal vere truverdig.

### 1.4 Kontrollutvalet si samansetjing

For valperioden 2011- 2015 har kontrollutvalet slik samansetjing:

| | | | |
|---|---|---|---|
| (H, Frp): | | | |
| Nestleiar: | Frank Lied | 1. vara: | Terje Krogset |
| Medlem: | Selma Håkonsholm | 2. vara: | Aksel Kvalsvik |
| Medlem: | Ingunn Tandberg | 3. vara: | Sæmund Helde |
| | | 4. vara: | Hilde Ulstein Klungsøyr |
| | | 5. vara | Lena Vågsholm Sævik |
| (AP, Folk/SP, Krf, V): | | | |
| Leiar: | Gerhard Ole Furø | 1. vara: | Herdis V. Rødskar |
| Medlem: | Oddbjørg Remøy | 2. vara: | Kåre A. Sævik |
| | | 3. vara: | Anna Aasmo |
| | | 4. vara: | Gunnar Sævik |

Gerhard Furø er kommunen sin representant i styret for Vest kontroll med Frank Lied som vara.

## 2. MØTER, SAKSBEHANDLING OG SAKER

### 2.1 Møteverksemd

Kontrollutvalet har i 2014 hatt **4 møte og behandla 35 saker**. Ei oversikt over sakene følgjer under. Møtebøkene frå utvalet sine møte vart sende kommunestyret som melding etter kvart.

### 2.2 Saksbehandling/rolle

I kommunelova § 77 og Forskriftene om kontrollutval fastset rollene for kontrollutvalet m.m.

Kontrollutvalet:
Oppgåver ved rekneskapsrevisjon (kap. 4)
Oppgåver ved forvaltningsrev. (kap. 5)
Selskapskontroll (kap. 6)
Særlege oppgåver (kap. 7)

Sekretariatet
Vert ivareteken av Vest kontroll. Medlemskommunane i samarbeidet er: Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørsta, Selje og Vågsøy.

Revisjonen

sitt arbeid og tilhøve revisjonen tek opp eller informerer om vil framleis vere tilhøve i kontrollutvalet sitt arbeid. Utan omsyn til revisjonsform (rekneskapsrevisjon, revisjon av intern kontroll, forvaltningsrevisjon) er utgangspunktet for revisjonsarbeidet at det skal rettast mot dei **risikoutsette** områda i kommunen.
Revisjonen sitt arbeid vil i stor grad vere avgrensa til å omfatte revisjon av rekneskapen og vurdere økonomiforvaltninga m.m. i kommunen ved å utføre forvaltningsrevisjon, medan kontrollutvalet sitt tilsynsansvar omfattar *alle* deler av forvaltninga.

Rådmannen:
har innanfor kontrollutvalet sitt mynde ikkje høve til å instruere eller avgjere noko overfor sekretariatet.

## 2.3 Saker i året

| | |
|---|---|
| **Møte nr. 1.** | **10. februar** |
| Sak 01 | Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen |
| Sak 02 | Gjennomgang av møteprotokollen frå siste møte |
| Sak 03 | Meldingar |
| Sak 04 | Gjennomgang av møteprotokollar 2013 |
| Sak 05 | Gjennomgang av møteprotokollar 2014 |
| Sak 06 | Forvaltningsrevisjonsprosjekt – konsekvens av manglande vedlikehald Av kommunale bygg i Herøy kommune |
| Sak 07 | Møteplan 2014 |
| Sak 08 | Årsmelding for kontrollutvalet 2013 |
| Sak 09 | Kommunalt næringsfond |
| **Møte nr. 2.** | **25. mai** |
| Sak 10 | Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen |
| Sak 11 | Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte |
| Sak 12 | Meldingar |
| Sak 13 | Gjennomgang av møteprotokollar 2014 |
| Sak 14 | Kontrollrapport – årsmelding 2013 Skatteoppkrevjarfunksjonen |
| Sak 15 | Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2013 |
| Sak 16 | Kommunerekneskapen m/ årsmelding 2013 |
| Sak 17 | Neste forvaltningsrevisjonsprosjekt |
| Sak 18 | Ymse |
| Sak 19 | Orientering frå ordførar og rådmann vedkomande postregistrering |
| **Møte nr. 3.** | **16. oktober** |
| Sak 20 | Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen |
| Sak 21 | Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte |
| Sak 22 | Meldingar |
| Sak 23 | Gjennomgang av møteprotokollar 2014 |
| Sak 23 | Revisjonsstrategi 2013 – Finansiell revisjon |
| Sak 24 | Budsjett for kontrollutvalet 2014 |
| Sak 25 | Samarbeidsavtale med revisjonen |
| Sak 26 | Revisjonsstrategi 2014 – Finansiell revisjon |
| Sak 27 | Kommunen sin likviditet og økonomi |
| Sak 28 | Orientering frå ordføraren |
| **Møte nr. 4.** | **10. november** |

| | |
|---|---|
| Sak 29 | Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen |
| Sak 30 | Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte |
| Sak 31 | Meldingar |
| Sak 32 | Gjennomgang av møteprotokollar 2014 |
| Sak 33 | Orientering ved rådmannen |
| Sak 34 | Orientering ved brannsjefen |
| Sak 35 | Tilsynsrapport – Herøy kommune sitt arbeid med oppfølging av barn i Fosterheim |

Det vert vist til kommunestyret sine møteprotokollar for saker frå kontrollutvalet som har vore behandla der.

## 3. MEIR OM KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER

### 3.1 Omfang og avgrensing

Kontrollutvalet sine oppgåver er nærare lista opp i forskrift om kontrollutval kap. 3 til kap. 7.

### 3.2 Oppgåver

#### 3.2.1 Alminnelege reglar om kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver. Kap. 3 i forskriftene.

§ 4. Tilsyn og kontroll.
Kontrollutvalet skal føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, i dette sjå til at kommunen har ei forsvarlig revisjonsordning. Utvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringa som er gjort av kommunen sine folkevalde organ.

§ 5. Henting av opplysningar
Kontrollutvalet kan hos kommunen utan hinder av teieplikt, krevje alle opplysningar, utgreiingar og alle dokument og gjere dei undersøkingar som dei finner nødvendig for å gjennomføre oppgåvene. For kontrollutvalet sine medlemer og deira sekretariat gjelder forvaltningslova sine alminnelige føresegner om teieplikt, jf. Forvaltningsloven § 13 mv.»

- Kontrollutvalet har, med dei tilgjengelege ressursar dei har hatt, ført tilsyn med forvaltninga og revisjonen.
- Utvalet har fått alle opplysningar dei har bede om.

#### 3.2.2 Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon. Kap 4 i forskriftene.

§ 6 Rekneskapsrevisjon.
Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og kommunale føretak sine årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte, i dette halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette går føre seg i samsvar med dei føresegner som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar og avtaler med revisor.

- Kommunen sin årsrekneskap for **2013** som har vore avlagde i året, har vore reviderte av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Så langt kontrollutvalet kjenner til var lover, forskrifter og standar for revisjon følgde.
- Kontrollutvalet har i sak **15/14** hatt opp sak om revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for **2013.**
- Revisor har gitt skriftlege og munnlege orienteringar om arbeidet sitt til kontrollutvalet.

§ 7 Uttale om årsrekneskapet
Når kontrollutvalet fått revisjonsmeldinga frå revisor, skal utvalet gi uttale om årsrekneskapen før det vert vedteke av kommunestyret. Uttalen vert gitt til kommunestyret. Kopi av uttalelen skal formannskapet ha tidsnok til at det kan ta omsyn til den før organet gir tilråding/innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret/fylkestinget."

- Kontrollutvalet har i sak **16/14** uttala seg om kommunerekneskapen for **2013.**

§ 8 Oppfølging av revisjonsmerknader.
Kontrollutvalet skal sjå til at tilhøve som revisor peikar på vert følgt opp.
Også tidlegare saker som utvalet meiner ikkje er følg opp på ein tilfredsstillande måte skal det rapporterast om. Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret korleis revisjonen sine merknader er følgt opp.

- Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om merknader som ikkje er følgt opp.

### 3.2.3 Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon. Kap. 5 i forskriftene.

§ 9 Forvaltningsrevisjon
.Kontrollutvalet skal sjå til at det kvart år vert utført forvaltningsrevisjon i kommunen eller kommunen sine verksemder.

- Det er kommunestyret som i siste instans må sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon.

§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon
Kontrollutvalet skal minst en gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.
Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.
Planen skal bygge på ein overordna analyse av kommunen si verksemd ut frå risiko- og vesentlege vurderingar, med den hensikt identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike sektorane og verksemdene.

- Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016 vart behandla i kontrollutvalet i **sak 31/12** og kommunestyret **sak 220/12.**

§ 11 Rapporter om forvaltningsrevisjon.
Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om kva for forvaltningsrevisjonar som er gjennomført og om resultata av desse.
I kommunen er etablert praksis at kvar enkelt forvaltningsrevisjonsrapport vert behandla i kommunestyret, som såleis også gjer endeleg vedtak.

- Kontrollutvalet behandla i sak 06/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – Konsekvens av manglande vedlikehald av kommunale bygg i Herøy kommune. Kommunestyresak 18/14.

"§ 12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med behandlinga av forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp.
Kontrollutvalet skal gi rapporter til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt følgt opp. Det skal også rapporterast om tidligare saker som utvalet meiner ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Kontrollutvalet har ikkje følgt opp forvaltningsrevisjonsrapportar i 2014.

**3.2.4 Selskapskontroll. Kap. 6 i forskriftene.**
§13 Selskapskontroll.
Kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.
Kontrollutvalet skal minst en gang i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.
Kontrollutvalet avgjer sjølv kven som på deira vegne skal gjennomføre selskapskontroll. Hittil er selskapskontroll utført av kommunerevisjonen.

- Plan og retningsliner for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016 vart behandla i kontrollutvalet **sak 30/12,** og i kommunestyret **sak 219/12.**

§ 14 Selskapskontrollens innhald.
Kontrollutvalet skal sjå til det vert ført kontroll med forvaltninga av interessene ved å eige i dei selskap som er omfatta av slik kontroll, i dette kontrollere om den som utøver kommunen si interesse ved å eige i selskapa gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og vilkår(eigarskapskontroll).
Selskapskontroll kan også omfatte forvaltningsrevisjon.

§ 15 Rapportering om selskapskontrollen.
Kontrollutvalet fastset sjølv korleis utført selskapskontroll skal rapporterast til utvalet, i dette kva innhald slik rapport skal ha. Eit selskap som er omfatta av selskapskontrollen, og den som utøve kommunen sin eigarfunksjon, skal givast høve til å gi uttrykk for sitt syn på dei forhold som omtales i rapporten. Eventuelle kommentarar skal gå fram av rapporten.
Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av selskapskontroll skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret kva kontroller som er gjennomført samt resultata av desse"
I kommunen er etablert praksis at kvar enkelt selskapskontroll vert behandla i kommunestyret, som såleis også gjer endeleg vedtak.

- Kommunestyre vedtok i **sak 183/07** Retningsliner og rutinar for Eigarskapskontroll og økonomiske engasjement. I denne saka går kommunen sine eigne rutinar for kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement fram.
  Etter vedteken plan for selskapskontroll er ei av oppgåvene til kontrollutvalet å sjå til at nemnde sake vert følgt opp tilfredsstillande frå kommunen si side.
- Rådmennene på Søre Sunnmøre, tidlegare sekretær for Regionrådet og Vest kontroll utarbeida ei totaloversikt over kommunale selskap, samarbeid m.v. i 2014.
  Ein har no betre oversikt, som då vil lette det totale arbeidet med kontrollane, både for rådmennene og kontrollutvala.
- Når tilhøva no er lagt til rette vert det forventa at kommunen framover fylgjer opp kommunestyresak 183/07 på ein tilfredsstillande måte.

### 3.3 Tilsynsrapportar frå fylkesmannen/statlege tilsyn

Det er etablert eit samarbeid med fylkesmannen vedkomande tilsynsrapportar: Tilsynsrapportar som vert sendt sekretariata frå Fylkesmannen skal leggast fram for kontrollutvalet til orientering. Kontrollutvalet skal ha seg førelagt kopi av kommunens svar til Fylkesmannen/tilsynsorganet på rapporten, og ser at evt. avvik vert følgt opp av kommunen. Fylkesmannen oppmodar om at tilsynsrapportar vert behandla i folkevalte organ i kommunen. Rutinen kan supplerast med rapportering frå kontrollutalet til kommunestyret om oppfølginga av tilsynsrapporten.

Kontrollutvalet har hatt flg. tilsynsrapportar til oppfølging/orientering i 2014:

- Herøy kommune sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim, sak 35/14.

### 3.4 Andre oppgaver

Kontrollutvalet godkjende samarbeidsavtalen med revisjonen i sak 25/14.

**Kontrollutvalet i Herøy kommune, 23. februar 2015**

Gerhard Ole Furø
Leiar

Jostein Støylen
Dagleg leiar Vest kontroll

HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | HS | Arkivsaknr: | 2014/978 |
| | | Arkiv: | 014 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Valstyret | 30.04.2015 |
| 55/15 | Kommunestyret | 30.04.2015 |

## VAL OG DELEGERING AV VAL TIL RØYSTESTYRA

### Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret vel fylgjande medlemer og varamedlemer til røystestyra:

| | |
|---|---|
| **Nerlandsøy krins:**<br>Leiar<br>Nestleiar Håkon Kopperstad<br>Medlem Roger Kvalsund<br>Medlem<br>Varamedlem Jan Magne Goksøyr<br>Varamedlem | **Kvalsvik krins:**<br>Leiar Janita Skår<br>Nestleiar Kristine J. Kvalsvik<br>Medlem Oddvar Sandnes<br>Varamedlem Helen F. Kvalsvik<br>Varamedlem |
| **Runde krins:**<br>Leiar Solveig B. Goksøyr<br>Nestleiar Hilde Pareliussen<br>Medlem Rolf Huus<br>Varamedlem Olav Tjervåg<br>Varamedlem Agnes Kirste | **Remøy krins:**<br>Leiar Egil Remøy<br>Nestleiar Liv Kruse Sævik<br>Medlem Jostein Remøy<br>Medlem Janne Smoge Sævik<br>Varamedlem Robert Myklebust<br>Varamedlem |
| **Einedalen krins:**<br>Leiar Svein Rune Smådal<br>Nestleiar<br>Medlem Merethe Hjertø Flusund<br>Medlem Anne Lise S. Frøystad<br>Medlem<br>Medlem<br>Varamedlem Sigrun Voldsund<br>Varamedlem | **Bø krins:**<br>Leiar Leif Gjelseth<br>Nestleiar Liv Hilde Furesund<br>Medlem Karin Bø<br>Varamedlem Terje Hungnes<br>Varamedlem Marit Sæter |
| | |

| | |
|---|---|
| **Bergsøy krins I:**<br>Leiar Narve Lied<br>Nestleiar Per Botn<br>Medlem Guri Djupvik<br>Medlem Tone Nørvåg<br>Medlem Oddbjørn Vinjevoll<br>Medlem<br>Varamedlem: Robert Kvalsvik<br>Varamedlem: Fred Arnesen<br>Varamedlem:Adeleide Kvalsvik | **Bergsøy krins II:**<br>Leiar Martin Slåttelid<br>Nestleiar Gisle Vike<br>Medlem Guri Aasen<br>Medlem Sylvi Varhaugvik<br>Medlem Ingolf Leikanger<br>Medlem |
| **Moltu krins:**<br>Leiar Per Ståle Moltu<br>Nestleiar Bjørg Warholm<br>Medlem Eldbjørg Torvholm<br>Medlem Frank Roy Moltu<br>Varamedlem Kenneth Moltu<br>Varamedlem Beate Sandvik | **Tjørvåg krins:**<br>Leiar Sigrunn Bigset<br>Nestleiar<br>Medlem Inger Baltzersen<br>Medlem Stig Vattøy<br>Varamedlem Kristoffer Aksnes<br>Varamedlem Oddhild Dybvik Aas |
| **Myrvåg krins:**<br>Leiar Alf Gunnar Skogen<br>Nestleiar Kaja Husøy Ingebrigtsen<br>Medlem<br>Medlem Mette Kløvjan<br>Varamedlem Irene Kopperstad<br>Varamedlem Endre Fuglseth | **Leikanger krins:**<br>Leiar Sølvi Nykrem<br>Nestleiar Nils I. Taklo<br>Medlem Brit Dimmen<br>Medlem Hans Ove Vattøy<br>Varamedlem Bjørn Leikanger<br>Varamedlem Anne Taklo |

2.Kommunestyret delegerer val av røystestyre til valstyret

Særutskrift:
Dei valde
Fellessekretariatet

**Vedlegg:**
Ingen

**Saksopplysningar:**

I kvart vallokale i kommunen skal eit eige røystestyre leie gjennomføringa av valet på valdagen. Røystestyre skal bestå av minst tre medlemmer.

Listekandidatar ved gjeldande val er ikkje valbare til røystestyra.

Det er ikkje krav om at val av røystestyre skal skje blant personar som bur i vedkomande røystekrins. Varamedlemer til røystestyra kan også kallast inn på tvers av krinsane.

Val av røystestyre kan delegarast til valstyre, jf. Vallova §4-2.

**Vurdering og konklusjon:**

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>

<u>Konsekvensar for drift:</u>

<u>Konsekvensar for økonomi:</u>

Fosnavåg, 21.04.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes

Delegerte saker frå avdelingane

DS 103/15 Børre Oddmund Waagan - 79/129 - IG tømrerarbeid og mindre endring fasade og plan 13.04.2015 00:00:00 Magne Bergseth Sivilarkitekt MNAL

DS 104/15 Kjøp av gnr 45 bnr 155 i Dragsund, Herøy kommune 24.03.2015 00:00:00 Bjarne Hildre

DS 105/15 Hallvar Vassvik 48/7 - Frådeling av grunneigedom til bustadføremål 17.04.2015 00:00:00 Hallvard Vassvik

DS 106/15 Per Arne Måløy 46/71 - Ferdigattest 31.03.2015 00:00:00 Per Arne Måløy

DS 107/15 Christina og Leif Ove Vorren 45/168 - Løyve til oppføring av einebustad 24.03.2015 00:00:00 Enerbygg Bolig AS

DS 108/15 Mellombels bruksløyve - 37/257 og 280 08.04.2015 00:00:00 Meisterbygg Møre as

DS 109/15 Trond Vegard Vatne og Ines Vatne 12/289 - Løyve til tiltak 23.03.2015 00:00:00 Leite og Howden Arkitekt- og ingeniørkontor AS

DS 110/15 Herøy Vasslag - 29/148, 151 og 214 - Legging ny vassledning 18.03.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 111/15 Tømrer Service AS 45/163 - Løyve til oppføring av tomannsbustad med garasje 24.03.2015 00:00:00 Tømrer Service AS

DS 112/15 Heidi Synnøve Skjeret Kvalsvik - 6/10 - Hagestue 09.04.2015 00:00:00 Herøy Byggsenter as

DS 113/15 Tanja Ørnhaug Solem - 38/54- Carport 25.03.2015 00:00:00 Tanja Ørnhaug Solem

DS 114/15 Johan Skorpen 3/58 - Løyve til oppføring av frittliggende garasje 13.04.2015 00:00:00 Johan Skorpen

DS 115/15 Lisa og Christian Holm - 5/58 - Einebustad 10.04.2015 00:00:00

Ørsta Byggservice as

DS 116/15 David Sollibakke - 35/154 sekjson 11 - Carport 30.03.2015 00:00:00 David Sollibakke

DS 117/15 Marianne Nærø og Christer Torvik 24/16 - Ferdigattest 30.03.2015 00:00:00 Christer Torvik

DS 118/15 Sigmund Aksnes 56/106 - Ferdigattest 19.03.2015 00:00:00 Sigmund Aksnes

DS 119/15 Truls Are Voldsund Torvik og Natalia Gjerde - 26/231 - Igangsettingsløyve 13.04.2015 00:00:00 Myklegard Consult as

DS 120/15 Kirsti Myklebusthaug og Lene Solemsaunet - 12/157 - Einebustad med frittliggane garasje 25.03.2015 00:00:00 Tema Vest as

DS 121/15 Erik Iversen m fl - 5/65 - Bruksendring 10.04.2015 00:00:00 Bygg og System as

DS 122/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for eitt bestemt arrangement 30.03.2015 00:00:00 NJARDAR AS

DS 123/15 Møre barne- og ungdomsskule 45/141 - Løyve til oppføring av tilbygg 13.04.2015 00:00:00 Prosjektbygg AS

DS 124/15 Julie A. Kvalsund og Ole M.Furø - 4/51 - Tilbygg 15.04.2015 00:00:00 Bygg og System as

DS 125/15 Synnøve Leine- 26/118 - tilbygg,altan,garasje 23.03.2015 00:00:00 Synnøve Leine

DS 126/15 Herøy kommune - 29/89, 148 og 159 - Parkeringsplass 10.04.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 127/15 Mantas Prabisas - 12/309 - Garasjebygg 30.03.2015 00:00:00 Mantas Prabisas

DS 128/15 Oddvar Torvik 17/4 Frådeling av 3 parsellar til bustadføremål

07.04.2015 00:00:00 Oddvar Torvik

DS 129/15 Knut Ove Aspevik 50/4 - fradeling av naustområde 07.04.2015 00:00:00 Knut Ove Aspevik

DS 130/15 Mellombels bruksløyve - 12/319 seksjon A 27.03.2015 00:00:00 Bygg og System as

DS 131/15 Alf-Sigmund Hjelmeset 29/32 - Igangsetjingsløyve for oppføring av einebustad 08.04.2015 00:00:00 ANEBYHUS AS

DS 132/15 Truls Are Voldsund Torvik og Natalie Gjerde - 26/231 - Einebustad 04.03.2015 00:00:00 Myklegard Consult as

DS 133/15 Mix Video Vest avd. Eggesbønes 37/217 - Ferdigattest 30.03.2015 00:00:00 Brand Factory Norge AS avd. Østfold

DS 134/15 Alf-Sigmund Hjelmeset 29/32 - Rammeløyve for oppføring av einebustad med to utleigeeiningar 08.04.2015 00:00:00 ANEBYHUS AS

DS 135/15 Herøy Vasslag SA /Roar Evensen - 11/100 m fl - VA og ledningsanlegg Sævik 27.03.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 136/15 Ferdigattest -  19/17 08.04.2015 00:00:00 Nystøl og Fagerhol as

DS 137/15 Ferdigattest -  12/30 13.04.2015 00:00:00 Gisle Vinjevoll Thrane

DS 138/15 Laila og Stig Lillerovde 40/50 - Løyve til oppføring av bustadhus 30.03.2015 00:00:00 ØRSTA BYGGSERVICE AS

DS 139/15 Mellombels bruksløyve - 29/124 - IVan Myklebusthaug 27.03.2015 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as

DS 140/15 Sunnmørshus AS 30/83 - Løyve til oppføring av to tomannsbustadar på gnr 30 bnr 83 og 84. 17.04.2015 00:00:00 SUNNMØRSHUS AS

DS 141/15 Tommy Tandberg 48/3 - Løyve til oppføring av einebustad med garasje 30.03.2015 00:00:00 VESTLANDSHUS AS

DS 142/15 Thomas Notøy - 16/113 - Tilbygg 18.03.2015 00:00:00 Thomas Notøy

DS 143/15 Lars Erik Torvik Eikenæs 28/4 - Løyve til bruksendring og fasadeendring 17.04.2015 00:00:00 Lars Erik Torvik Eikenæs

DS 144/15 Ferdigattest - 12/309 seksjon nr 1 og 2 27.03.2015 00:00:00 Ørsta Byggservice as

DS 145/15 Ferdigattest tribunetak - 29/151 18.03.2015 00:00:00 Christie & Opsahl

DS 146/15 Mellombels bruksløyve - 60/430 - seksjon 1+2 08.04.2015 00:00:00 Tømrer Service as

DS 147/15 Mellombels bruksløyve - 40/74 08.04.2015 00:00:00 Roar Sandvik

Referatsaker

Referatsaker

HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga

Møre og Romsdal fylke

Fylkeshuset
6404 Molde

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2012/594 | Q12 | | UTV / JMM | 25.03.2015 |

**FV 654 SKARABAKKEN -SØKNAD OM FORSKOTTERING**

Tiltaket gjeld breddeutviding og fortau i Skarabakken og planane er i tråd med kommunestyresak 51/12, jfr. sak 12/594. Kommunen har fått dei første skissene av prosjektet med statens vegvesen og har hatt kontakt med grunneigarar som er berørte.

Tiltaket ligg inne i MR fylke sitt investeringsprogram på programområde **mindre utbetringar** med kr 18 700 000. Det er planlagd oppstart av prosjektet i 2017 med ein kostnad på kr 10 000 000. Restbeløpet ligg inne i periode 2018-23. Tiltaket har kome fram to plassar på investeringsprogrammet og står no med prioritet 4.

Herøy kommunestyre har i ny økonomiplan frå 2015 lagt inn midlar med siktemål å forskottere prosjektet.

Økonomiplanen-
2015 : 500 000 kroner (planleggingsmidler)
2016 : 8 200 000 kroner (utbygging)
2017 . 10 000 000 kroner (midlar frå fylkeskommunen, økonomiplan)

Refusjon av kostnadar til kommunen vert då etter 2018.

Ein ber om at det vert lagt fram sak om forskottering av vegprosjektet.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Utviklingsleiar
*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.*

Kopi:
Statens vegvesen Region midt Fylkeshuset 6404 Molde

ei båtlengd føre
Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

# Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

# Rekneskap 2014

ika Møre og Romsdal
Arkiv og kulturformidling

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Representantskapet i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

## REVISJONSUTTALE 2014

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS for 2014.
Årsrekneskapen består av årsmelding, driftsrekneskap og balanse pr 31.12.2014 samt notar som beskriv nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar.
Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat (mindreforbruk) på kr 767.953,- og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 502.015,00.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk. Styret og dagleg leiar har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

*Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå den nødvendige tryggleiken for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for verksemda si utarbeiding av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ein meining om effektiviteten av verksemda sin interne kontroll. Revisjonen omfatter og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ein vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

**Uttale om andre forhold**

*Årsmelding:*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

*Årsrekneskapet:*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi at budsjett er i samsvar med budsjettvedtak og det er rimleg samvar mellom rekneskap og budsjettvedtak. Leiinga har og oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av verksemda sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

**Konklusjon:**

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS pr 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Ulsteinvik 11. mars 2015

Bodill Skeide

Reg. revisor

# Årsmelding

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) er organisert som eit interkommunalt selskap etter Lov om interkommunale selskap av 29/1-1999. Org. nummer 982 330 459. Eigarane er alle kommunane og fylkeskommunen i Møre og Romsdal. Eigar- og ansvarsdelane er fordelt i høve til folketal samt ein grunnsum som er lik for alle kommunane. Fylkeskommunen sin eigardel er rekna ut frå ein basissum og folketalet, men etter ein annan nøkkel enn kommunane.

Kontingenten i 2014 var kr. 40.420 per kommune og kr 9,64 per innbyggjar. Fylkeskommunen betalte kr. 58.272 i grunnkontingent og kr. 2,90 per innbyggjar. I tillegg kjem depotleige for eldre arkiv. Kontingenten dekkjer personregistermateriale og elektronisk deponering.

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemene eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal vere depotinstitusjon for medlemmenes melde- og konsesjonspliktige arkiv i høve til Personopplysningslova.

Selskapet skal i samråd med medlemene arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos medlemene, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for medlemmane.

Selskapet utfører arbeid for den einskilde medlem som står i høve til medlemens del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha eigne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle medlemene, eller medlemene vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor arkivets hovudføremål.

Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom arkivets ordinære arbeidsoppgåver, blir det søkt finansiering mellom medlemer eller andre som spesielt ønskjer prosjektet gjennomført.

Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betaler for tenestene og det ikkje går ut over arkivets hovudoppgåver.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmande. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

KDRS er skipa i juni 2010. IKAMR har ein eigardel på kr. 100.000 i dette tiltaket som er organisert som eit samvirke mellom 10 kommunearkivinstitusjonar pr. 1/1 2014.

Netto driftsresultat er på kr. 767.953. Når ein korrigerer for bruk og avsetning til bundne fond på nett kr. 373.560 blir regnskapsmessige mindreforbruk på kr. 502.015. Ein foreslår at mindreforbruket blir lagt til disposisjonsfondet. Årsak til det positive resultatet er i hovudsak auka sal av arkivplass og det forhold at vi har fått refundert sjukepengar utan inntak av vikar.

Lønnsføring, utbetalingar og rekeskapsføring er utført av Ålesund kommune. Revisjonen er utført av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS ved revisor Bodill Skeide. Dagleg leiar, Arnt Ola Fidjestøl sa opp stillinga med verknad frå 31.12.2014. Geir Håvard Ellingseter vart tilsett som ny dagleg leiar frå 16.03.2015.

Økonomien i selskapet vert vurdert som god, og det er godt grunnlag for vidare drift.

Styret i IKAMR er etter representantskapsmøtet 2014 samansett av fem medlemmar, tre menn og to kvinner. Av varamedlemmane er tre kvinner og to menn. Av dei elleve fast tilsette ved slutten av 2014 var sju menn og fire kvinner. Ei stilling var i 2014 utleigd til KDRS. Det er ved årsskiftet 1- ei kvinne på kontrakt. Selskapet har ein løns- og tilsetjingspolitikk som ikkje diskriminerer mellom kjønna. Det var ein del sjukefråvær i 2014. Sjukefråværet er fordelt på fleire personar og utgjer litt over eitt månadsverk til saman.

Selskapet si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Ein viser elles til utvida årsmelding om selskapet.

Ålesund 31/12-2014 / 11/3-2015

Perry Ulvestad
Styreleiar

Karl Kjetil Skuseth
Nestleiar

Liv Grete Orvik

Synnøve Hunnes

Geir Håvard Ellingseter

konst. dagleg leiar
Jan Aakvik

# RESULTATREGNSKAP 2014

| | Rekneskap 2014 | Budsjettt 2014 | Rekneskap 2013 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| **Driftsinntekter** | | | |
| Avgiftspliktige salgsinntekter | 776 931 | 464 000 | 348 250 |
| Tilskudd kommuner (note 1) | 6 774 508 | 7 741 000 | 6 759 626 |
| Eksterne tilskudd (note 1) | 3 911 017 | 3 088 000 | 3 363 753 |
| Andre overføinger (kun 2013) | | | 954 812 |
| Refusjon merverdiavgift | 1 014 876 | | 904 995 |
| Motpost avskrivninger | 351 251 | | 351 251 |
| Sum driftsinntekter | 12 828 583 | 11 293 000 | 12 682 687 |
| **Driftskostnader** | | | |
| Lønninger, folketrygd, pensjon (note 2) | 6 085 790 | 6 446 100 | 6 233 906 |
| Andre kostnader (note 3) | 4 751 585 | 4 736 500 | 4 288 961 |
| Merverdiavgift | 1 014 876 | | 904 995 |
| Avskrivninger (note 7) | 351 251 | | 351 251 |
| Sum driftskostnader | 12 203 502 | 11 182 600 | 11 779 113 |
| **Brutto driftsresultat** | 625 081 | 110 400 | 903 574 |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Renteinntekter | 198 503 | | 103 956 |
| Renteutgifter | -22 651 | -110 400 | -41 151 |
| Avdrag lån | -32 980 | | |
| **Netto finansinntekter** | 142 872 | -110 400 | 62 805 |
| **Netto driftsresultat** | **767 953** | 0 | 966 379 |
| **Interne finansieringstransaksjoner** | | | |
| Bruk av fond (note 4) | 107 621 | | 0 |
| Bruk av tidligere års mindreforbruk | | | 678 904 |
| **Sum bruk av avsetninger** | **107 621** | | **678 904** |
| Avsetning til disposisjonsfond | | | 678904 |
| Avsetning fond (note 4) | 373 560 | | 385 893 |
| Overføring til investeringsregnskapet | - | | 0 |
| **Sum avsetninger** | **373 560** | | **385 893** |
| **Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk** | **502 015** | | 580 486 |

**BALANSE PR. 31.12.14**

| | 2 014 | 2013 |
|---|---|---|
| **EIENDELER** | | |
| **Omløpsmidler** | | |
| Fordringer: | | |
| Merverdiavgift | 820 644 | 920 973 |
| Andre kortsiktige fordringer | 246 835 | 231 107 |
| Kundefordringer (note 5) | 8 454 002 | 753 299 |
| Sum fordringer | 9 521 481 | 1 905 379 |
| Bankinnskudd, kontanter (note 6) | 4 208 600 | 1 621 692 |
| **Sum omløpsmidler** | **13 730 081** | **3 527 071** |
| **Anleggsmidler** | | |
| Utstyr, maskiner og transportmidler (note 7) | 1 704 380 | 2 055 631 |
| Egenkapitalinnskudd KLP | 23 606 | 16 884 |
| Innskudd KDRS | 100 000 | 100 000 |
| **Sum anleggsmidler** | **1 827 986** | **2 172 515** |
| **SUM EIENDELER** | **15 558 067** | **5 699 586** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | |
| **Egenkapital** | | |
| Disposisjonsfond | 2 590 679 | 2 010 193 |
| Bundne fond (note 4): | 1 731 442 | 1 465 504 |
| Underskudd Investeringer | -1 318 977 | -1 318 977 |
| Kapitalkonto (note 10) | 1 254 148 | 1 572 419 |
| Ikke disponert resultat | - | 580 486 |
| Årets mer-/mindreforbruk | **502 015** | - |
| **Sum egenkapital** | **4 759 307** | **4 309 625** |
| Langsiktig gjeld (note 9) | 1 286 020 | |
| Kortsiktig gjeld: | | |
| Mva. (2013) | | 87 063 |
| Offentlige avgifter | 351 441 | 316 711 |
| Forskudd fra kunder (note 5) | 8 088 858 | 100 800 |
| Leverandørgjeld | 307 211 | 228 170 |
| Annen kortsiktig gjeld (note 8) | 765 231 | 657 217 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | **9 512 740** | **1 389 961** |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | **15 558 067** | **5 699 586** |
| Låneopptak | 1 319 000 | |
| Ubrukte lånemiddel | -1 319 000 | |

**Ålesund 31.12.14**

**Perry Ulvestad**
**styreleiar**

**Karl Kjetil Skuseth**
**nestleiar**

**Kirsti Hoel** tom 1.4.
**Liv Grete Orvik** fom 1.4.
**styremedlem**

**Geir H. Ellingseter**
**styremedlem**

**Oddny Krogsæter Løvik** tom 1.4
**Synnøve Hunnes** fom 1.4
**styremedlem**

## NOTER TIL REGNSKAPET

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapslovens bestemmelser og god regnskapsskikk.
Klassifisering og vurdering av balanseposter.
Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som foraller til betaling innen et år.
Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet

**Organisering av verksemda**

Verksemda er organisert som ei eining. Kulturnett er ein del av IKAMR sjølv om det er eit fylkeskommunalt tiltak der Møre og Romsdal fylkeskommune finansierer det fullt ut. IKAMR er ein av dei fem skiparane av Kommunearkiv-institusjonane sitt Digitale Ressurssenter SA (KDRS) som er eit samvirkeforetak. Det er per 1/1-2014 ti medlemmer, Eigardelen til IKAMR er no 10,0 % mot 16,7 % ved utgangen av 2011.

| **Note 1 - Driftsinntekter** | **2 014** | **2013** |
|---|---|---|
| ***Tilskudd kommuner:*** | | |
| SANDE KOMMUNE | 65 831 | 64 426 |
| HERØY KOMMUNE | 182 533 | 178 439 |
| MOLDE KOMMUNE | 433 592 | 420 963 |
| ÅLESUND KOMMUNE | 670 663 | 690 721 |
| VANYLVEN KOMMUNE | 129 079 | 131 355 |
| ULSTEIN KOMMUNE | 161 048 | 155 215 |
| HAREID KOMMUNE | 124 522 | 154 267 |
| VOLDA KOMMUNE | 303 614 | 301 320 |
| ØRSTA KOMMUNE | 234 057 | 232 411 |
| ØRSKOG KOMMUNE | 91 016 | 88 106 |
| NORDDAL KOMMUNE | 128 836 | 129 126 |
| STRANDA KOMMUNE | 157 091 | 158 868 |
| STORDAL KOMMUNE | 64 604 | 62 987 |
| SYKKYLVEN KOMMUNE | 171 765 | 166 594 |
| SKODJE KOMMUNE | 139 539 | 135 153 |
| SULA KOMMUNE | 152 230 | 147 018 |
| GISKE KOMMUNE | 200 265 | 203 030 |
| HARAM KOMMUNE | 189 370 | 183 904 |
| VESTNES KOMMUNE | 189 430 | 184 859 |
| RAUMA KOMMUNE | 291 855 | 293 441 |
| NESSET KOMMUNE | 126 178 | 122 882 |
| MIDSUND KOMMUNE | 60 047 | 58 038 |
| SANDØY KOMMUNE | 81 221 | 79 158 |
| AUKRA KOMMUNE | 134 354 | 130 618 |
| FRÆNA KOMMUNE | 304 604 | 310 964 |
| EIDE KOMMUNE | 163 674 | 159 525 |
| AVERØY KOMMUNE | 180 484 | 175 564 |
| GJEMNES KOMMUNE | 126 527 | 123 279 |
| TINGVOLL KOMMUNE | 142 130 | 139 043 |
| SUNNDAL KOMMUNE | 201 039 | 214 948 |
| SURNADAL KOMMUNE | 275 128 | 268 063 |
| RINDAL KOMMUNE | 81 453 | 79 477 |
| HALSA KOMMUNE | 55 661 | 54 434 |
| SMØLA KOMMUNE | 145 749 | 146 160 |
| AURE KOMMUNE | 136 282 | 146 205 |
| KRISTIANSUND KOMMUNE | 479 037 | 469 066 |
| | 6 774 508 | 6 759 626 |
| ***Eksterne tilskudd:*** | | |
| Refusjon fra fylkeskommunen | 3 491 046 | 3 363 753 |
| Refusjon fra private | 414 971 | 173 972 |
| Refusjon fellesareal | - | 0 |
| Overføring fra andre kommuner | 5 000 | |
| | 3 911 017 | 3 537 725 |

| **Note 2 - Lønnskostnader** | **2 014** | | **2013** |
|---|---|---|---|
| Lønn i fast stilling | 5 414 620 | | 4 820 887 |
| Lønn ekstrahjelp | 113 578 | | 231 588 |
| Refusjon sykelønn | -203 742 | | -184 580 |
| Trekkpliktig honorar | | | 0 |
| Godtgjørelse styre | 35 000 | | 26 993 |
| Møtegodtgjørelse | | | 0 |
| Pensjonsutgifter | 512 535 | | 550 387 |
| Arbeidsgiveravgift | 833 432 | | 771 391 |
| Gruppelivsforsikring / Ulykkesforsikring | 9 607 | | 8 860 |
| Diettgodtgjørelse | 990 | | 4 780 |
| Reiseutgifter oppgavepliktig | | | 0 |
| Lønn naturalytelse | 1 200 | | 3 600 |
| Kilometergodtgjørelse oppg. pliktig | 63 045 | | 41 987 |
| Diettgodtgjørelse oppg. Pliktig | 44 385 | | 35 250 |
| Refusjon fra staten lønn | -738 860 | | -780 840 |
| | 6 085 790 | - | 5 530 303 |

| | 2 014 | 2 013 |
|---|---|---|
| **Tal årsverk og godtgjersle til dagleg leiar, styre og revisjon:** | | |
| Faste årsverk | 10,5 | 9,90 |
| Mellombels o vikariat, årsverk | 0,8 | 0,80 |
| Godtgjersle dagleg leiar | 637 508 | 611 132 |
| Godtgjersle styre | 35 000 | 26 993 |
| Godtgjersle revisor, revisjonstenester | 9 468 | 14 862 |
| Godtgjersle revisor, konsulenttenester (se bilag 500534) | 27 615 | 9 425 |

Dagleg leiar har i tillegg fri mobiltelefon og datakommunikasjon.
Godtgjersle revisor er oppgitt eks. mva.

| **Note 3 - Andre kostnader** | **2 014** | | **2013** |
|---|---|---|---|
| Kontormateriell | 42 597 | | 39 229 |
| Andre EDB-Utgifter | 6 669 | | 10 241 |
| Abonnement, aviser, fagtidsskrifter | 15 674 | | 3 582 |
| Annet undervisningsmateriell | 10 250 | | |
| Bevertning møter, kurs | 44 738 | | 26 812 |
| Renholdsmateriell | | | 214 |
| Arbeidsklær | 318 | | 2 857 |
| Velferdstiltak ansatte | 17 750 | | 0 |
| Tjenestekjøp | 78 000 | | 68 188 |
| Materiell til bygg, maskiner, utstyr og inventar | 24 095 | | 6 769 |
| Annet forbruksmateriell og tjenester | 110 554 | | 6 172 |
| Telefonutgifter | 73 300 | | 41 665 |
| Porto | 18 260 | | 12 063 |
| Datakommunikasjon | 25 363 | | 51 769 |
| Betalingsformidling | 2 075 | | 11 387 |
| Annonser, reklame, informasjon | 253 438 | | 62 955 |
| Representasjon | 2 835 | | 0 |
| Reiseutgifter, ikke oppgavepliktige | 95 857 | | 50 802 |
| Kursutgifter, ikke oppgavepliktig | 53 775 | | 100 720 |
| Utgifter til kursholder/foreleser | 3 252 | | 51 656 |
| Transportutgifter | 704 | | 12 280 |
| Lys og oppvarming | 177 591 | | 153 749 |
| Forsikring | 6 080 | | 7 021 |
| Ulykkesforsikring, ikke oppgavepliktig | 1 342 | | 2 731 |
| Vakt og alarmtjenester | 20 153 | | 17 530 |
| Husleie | 2 578 750 | | 2 529 118 |
| Lisenser | 113 964 | | 64 141 |
| Kontingenter | 1 000 | | 22 224 |
| Andre avgifter og gebyr | 50 734 | | 288 433 |
| Inventar og utstyr | 165 948 | | 174 400 |
| Kontormaskiner | 89 092 | | 27 463 |
| EDB-Utstyr (leasing) | 166 651 | | 177 738 |
| Leie av driftsmidler | | | 0 |
| Kjøp av eksterne bygge-/vedl.h.tjen. | 111 767 | | |
| Rehabilitering/ombygging | 31 644 | | |
| Serviceavtaler/reparasjoner EDB | 3 825 | | 30 593 |
| Serviceavtaler/reparasjoner annet | 13 945 | | 7 712 |
| Materialer til vedlikehold | 18 828 | | 0 |
| Kjøp av renholdstjenester | 25 814 | | 39 824 |
| Konsulenttjenester | 3 000 | | 79 200 |
| Betaling til fylkeskommune | | | 0 |
| Betaling til andre kommuner | 291 953 | | 30 486 |
| | 4 751 585 | - | 4 211 724 |

| **Note 4 - Bundne fond per 31.12** | **2 014** | **2013** |
|---|---|---|
| Arkivplan.no | **30 774** | 30 774 |
| Privatarkivprosjekt 2006 | **128 802** | 128 802 |
| Privatarkiv | **84 336** | 84 336 |
| **Kulturnett** | | |
| I:B. 01.01.2014 | 915 422 | |
| Inntekter | 815 968 | |
| Utgifter | 923 590 | |
| Bruk bundne fond | 107 621 | |
| Balanse 31.12.2014 | **807 801** | 915 422 |
| **Fylkesfoto** | | |
| I.B. 01.01.2014 | 206 765 | |
| Inntekter | 1 062 043 | |
| Utgifter | 828 422 | |
| Avsetning bundne fond | 233 621 | |
| Balanse 31.12.2014 | **440 386** | 206 765 |
| **Sedak** | | |
| I.B. 01.01.2014 | 99 404 | |
| Inntekter | 1 154 967 | |
| Utgifter | 1 015 029 | |
| Avsetning bundne fond | 139 938 | |
| Balanse 31.12.2014 | **239 343** | 99 404 |
| Sum bundne fond | 1 731 442 | 1 465 503 |

| **Note 5 - Kundefordringer** | **2 014** | **2013** |
|---|---|---|
| Kortsiktig fordringer - kommuner | 7 930 004 | 282 218 |
| Kortsiktig fordringer - stat | | - |
| Kortsiktig fordringer - private foretak | 523 998 | 471 081 |
| Forskudd fra kunder, overført til 2015 (utfakt.des) | -8 088 858 | |
| | 365 144 | 753 299 |

**Note 6 - Bankinnskudd**

I posten bankinnskudd er inkludert bundne skattetrekksmidler med kr. 253.879

| **Note 7 - Utstyr, maskiner og transportmidler** | **2 014** | **2013** |
|---|---|---|
| IT - Investeringer | 1 | 1 |
| Kontormøbler | 479 628 | 719442 |
| Inventar sentraldepot | - | 77500 |
| Compactus 2008 | 1 224 751 | 1258688 |
| | 1 704 380 | 2 055 631 |
| Årets tilgang | - | 0 |
| Årets avskrivninger | 351 251 | 351 251 |

| **Note 8 - Kortsiktig gjeld** | |
|---|---|
| Feriegodtgjørelse | 600 527 |
| AGA påløpte feriepenger | 85 091 |
| AKG. Periodisering leverandører, renteutg.styrehonorar | 79 613 |
| | 765 231 |

| **Note 9 - Langsiktig gjeld** | |
|---|---|
| IKA MR har tatt opp lån i Kommunalbanken i 2014 | 1 319 000 |
| Ubrukte lånemidler | 1 319 000 |

| **Note 10 Kapitalkonto** | |
|---|---|
| IB | 1 572 419 |
| Lån avdrag | 32 980 |
| Avskr. | -351 251 |
| UB | 1 254 148 |

**Note 11 - Garatiansvar**

IKAMR har ikkje garantiansvar

## Budsjett 2015 Interkommunalt Møre og Romsdal IKS

| | Budsjett 2014 IKAMR | Budsjett 2014 Total | Budsjett 2015 IKAMR | Budsjett 2015 Kulturnett | Budsjett 2015 Fylkesfoto | Budsjett 2015 SEDAK | Budsjett 2015 Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Overføring fylket | 165000 | 2275000 | 170 200 | 825 600 | 712 080 | 642 080 | 2 349 960 |
| Kontingent | 4776152 | 4776152 | 4928989 | | | | 4928989 |
| Depotleige | 2964539 | 2964539 | 3122769 | | | | 3122769 |
| Privatarkiv | 68300 | | 68 300 | | | | 68300 |
| Ekstern depot | 91651 | | 122513 | | | | 122513 |
| Ordningsoppdrag IKA | 184400 | 464351 | 492 100 | | | | 492100 |
| Refusjon NAV/KDRS | 812882 | 812882 | 457 780 | | | | 457780 |
| Andre eigeninntekter/ref | | | | | | 123 840 | 123 840 |
| **Sum inntekt** | **9062924** | **11292924** | **9 362 651** | **825 600** | **712 080** | **765 920** | **11 666 251** |
| | | | | | | | |
| Brutto lønn | | | 3 980 462 | 551 088 | 474 780 | 459 240 | 5 465 570 |
| KLP og arbavg | | | 1 114 529 | 154 305 | 132 922 | 128 587 | 1 530 343 |
| Brutto lønn sosiale utgifter | 4687537 | 6446117 | 5 094 991 | 705 393 | 607 702 | 587 827 | 6 995 913 |
| EDB-kostnader 1) | | | 134 160 | 51 600 | 15 480 | 15 480 | 216 720 |
| KDRS | 286000 | | 288 000 | 0 | 0 | 0 | 288 000 |
| Byggeprosjekt | | | | | | | |
| Husleige | 2505000 | | 2 545 789 | 36 120 | 36 120 | 79 464 | 2 697 493 |
| Straum, varme | 185000 | | 181 632 | 3 096 | 3 096 | 3 096 | 190 920 |
| Mva | | | | | | | |
| Avskrivinger | | | | | | | |
| Avdrag på lån 3) | 110214 | 110214 | 110 214 | | | | 110 214 |
| Andre driftskostnader 2) | 1289173 | 4736593 | 1 007 865 | 29 391 | 49 682 | 80 053 | 1 166 991 |
| **Sum utgift** | **9062924** | **11292924** | **9362651** | **825600** | **712080** | **765920** | **11666251** |
| Resultat | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

1) I 2014-budsjettet inngår dette i andre driftsutgifter, men utskilt på eigen linje frå 2015
2) Andre driftsutgifter for IKA drift er redusert i planperioden med ca 150`
3) Avdrag på lån vil felle bort i planperioden 2016 -2019 når lånet vert innfridd i 2015 jfr styrevedtak (budsjettendring)

## Økonomisk plan 2016 - 2019 Interkommmunalt arkiv Møre og Romsdal IKS

| | Øk.plan 2016 IKAMR | Øk.plan 2016 Total | Øk.plan 2017 IKAMR | Øk.plan 2017 Total | Øk.plan 2018 IKAMR | Øk.plan 2018 Total | Øk.plan 2019 IKAMR | Øk.plan 2019 Total |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Overføring fylket | 170 200 | 2 349 360 | 170 200 | 2 349 360 | 170 200 | 2 349 360 | 170 200 | 2 349 360 |
| Kontingent | 4 928 989 | 4 928 989 | 4 928 989 | 4 928 989 | 4 928 989 | 4 928 989 | 4 928 989 | 4 928 989 |
| Depotleige | 3 122 769 | 3 122 769 | 3 122 769 | 3 122 769 | 3 122 769 | 3 122 769 | 3 122 769 | 3 122 769 |
| Privatarkiv | 68 300 | 68 300 | 68 300 | 68 300 | 68 300 | 68 300 | 68 300 | 68 300 |
| Ekstern depot | 122 513 | 122 513 | 122 513 | 122 513 | 122 513 | 122 513 | 122 513 | 122 513 |
| Ordningsoppdrag IKA | 492 100 | 492 100 | 492 100 | 492 100 | 492 100 | 492 100 | 492 100 | 492 100 |
| Refusjon Nav | 457 780 | 457 780 | 457 780 | 457 780 | 457 780 | 457 780 | 457 780 | 457 780 |
| Andre eigeninntekter/ref | | 123 840 | | 123 840 | | 123 840 | | 123 840 |
| Sum | **9 362 651** | **11 666 251** | **9 362 651** | **11 666 251** | **9 362 651** | **11 666 251** | **9 362 651** | **11 666 251** |
| | | | | | | | | |
| Brutto lønn | 3 980 462 | 5 465 570 | 3980462 | 5 465 570 | 3980462 | 5 465 570 | 3980462 | 5 465 570 |
| KLP og arbavg | 1 114 529 | 1 530 343 | 1114529 | 1 530 343 | 1114529 | 1 530 343 | 1114529 | 1 530 343 |
| Brutto lønn m KLP og arbavg. | 5 094 991 | 6 995 913 | 5094991 | 6 995 913 | 5094991 | 6 995 913 | 5094991 | 6 995 913 |
| EDB-kostnader | 134 160 | 216 720 | 134160 | 216 720 | 134160 | 216 720 | 134160 | 216 720 |
| KDRS | 288 000 | 288 000 | 288000 | 288 000 | 288000 | 288 000 | 288000 | 288 000 |
| Husleige | 2 545 789 | 2 697 493 | 2545789 | 2 697 493 | 2545789 | 2 697 493 | 2545789 | 2 697 493 |
| Straum, varme | 181 632 | 190 920 | 181632 | 190 920 | 181632 | 190 920 | 181632 | 190 920 |
| Andre driftskostnader | 1007865 | 1 166 991 | 1007865 | 1 166 991 | 1007865 | 1 166 991 | 1007865 | 1 166 991 |
| Disposisjonsfond | 110214 | 110 214 | 110214 | 110214 | 110214 | 110 214 | 110214 | 110 214 |
| **Sum utgift** | **9 362 651** | **11 666 251** | **9 362 651** | **11 666 251** | **9 362 651** | **11 666 251** | **9 362 651** | **11 666 251** |
| | | | | | | | | |
| **Resultat** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

# Fortid
# & notid
# for framtid

Arkiv og kulturformidling

## ÅRSMELDING 2014
## IKA Møre og Romsdal

ika Møre og Romsdal
Arkiv og kulturformidling




Vibeke Lunheim Jan Aakvik Ragnar H. Albertsen
Ottar André Breivik Anderson

Foto: Ole Martinus Breivik

**Open dag**

Tysdag 03.06.2014 ønskte IKAMR på vegner av Norsk Kulturråd velkomen til open dag. Tema var ”Mine, dine og våre historier”.

# Innhald

1. Innleiing....4
2. IKA Møre og Romsdal IKS ....4
3. Føremål og ansvarsområde ....6
4. Styremøte ....6
5. Representantskapsmøte ....6
6. Likestilling ....6
7. Forureining....6
8. Økonomi....7
9. Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal - generell del ....7
9.1 Eldre og avslutta arkiv i depot....7
9.2 Personregister ....9
9.3 Elektroniske arkiv ....10
9.4 Privatarkivarbeid....12
9.5 Kulturnett Møre og Romsdal....12
9.6 FylkesFOTOarkivet....15
9.7 Fylkessenter for digitalisering av kulturarven – SEDAK ....18
10. Kurs, konferansar og andre arrangement....19
10.1 Kontaktkonferansen....19
10.2 KAI-konferansen....20
10.3 Andre IKA arrangement: Seminar, kurs og foredrag ....21
11. Deltaking i utval, redaksjonar, prosjekt og møte ....21
12. Kompetanseutvikling ....23
13. Publikasjonar/SKRIV ....23
14. Nye nettsider....23
15. Arkivdagen 2014 ....23
16. Oversikt over deponert arkiv i 2014 ....25

Vedlegg : Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal - Kommunevis oversyn

# 1. INNLEIING

Ei av kjerneoppgåvene til IKA Møre og Romsdal (IKAMR) er å handtere eldre og avslutta arkiv. Dette er svært komplisert av først og fremst to grunnar:

1. Kvaliteten og kompleksiteten i det materialet som vert avlevert varierer mykje. Bakgrunnen for dette ligg som regel generasjonar attende i tid og kan ikkje tilskrivast dei som arbeider i kommunane i dag. Dette kompliserer ytterlegare.

2. Bruksområdet og tilnærminga til dette materialet varierer også mykje.

I sum har såleis IKAMR og kommunane store utfordringar i handteringa av dette materialet. Det er derfor svært tilfredstillande å konstatere at samarbeidet mellom kommunane og IKAMR ser ut til å fungere godt. I alle fall når ein ser på tala ifrå 2014. 43 deponeringar fordelt på 21 kommunar med eit omfang på 554 hyllemeter er svært bra, når ein tenker på kor mykje arbeid kommunane legg ned i deponeringsarbeidet. Dette tyder også at det arbeidet som er blitt lagt ned av IKAMR dei seinare åra i magasinutviding og  rutinebeskrivingar har bore frukter. I mai 2014 vart den siste rutinebeskrivinga ferdigstilt, noko som både skal forenkle avleveringsprosessane i alle ledd, men også forbetre kvaliteten og gjere oss i stand til å ta imot større mengder med arkiv i framtida. Ein effekt som ein allereie kan tilskrive dei nye rutinane er at talet på arkiv registrert i arkivregistreringssystemet ASTA har hatt ein formidabel auke i 2014. Dette har sjølvsagt også auka tilgangen til dette materialet.

På bakgrunn av erfaringar frå 2013 i ordninga av saksarkiv frå Aure kommune tok vi kontakt med kommunane for å kartlegge interessa for at IKAMR tok på seg ordningsoppdrag for kommunane. Attendemeldinga var stor. 14 kommunar meldte si  interesse. Det mest omfattande oppdraget kom frå Sandøy kommune som ynskte at IKAMR skulle ordne alle dei papirbaserte arkiva. Avtale med kommunen er no signert og arbeidet vil bli utført i dei komande åra. Eit anna oppdrag som må nemnast, er oppdraget IKAMR har fått frå NORSE Digital (”Documaster”) og Herøy kommune. Oppdraget er todelt, og inneber både ordning og digitalisering. Dermed slår Herøy to fluger i ein smekk. Dei løyser bevaringspåbodet og tilgangsbehovet i ein operasjon. Det må her leggast til at IKAMR parallelt med dette arbeidet digitaliserer «on demand» sidan mykje av dette arkivet framleis er i aktiv bruk.  Digitaliseringsarbeidet er eit arbeid vi kan ta på oss sidan fylkeskommunen har lagt eit digitaliseringssenter til IKAMR.

Det siste som bør nemnast innleiingsvis er at IKAMR arrangerte tre regionvise grunnkurs i Arkivplan.no på haustparten i 2014. Alle kursa hadde stor oppslutnad og dei fleste kommunane i fylket var representert. I tillegg arrangerte IKAMR ei arkivplanveke der kommunane vart inviterte til å sitte i IKAMR sine lokale og arbeide med arkivplanen sin, eller sitte lokalt å arbeide. IKAMR sette av ressursar som var dedikerte til å arbeide med arkivplan denne veka. Også dette fekk god oppslutnad og IKAMR har motteke positive attendemeldingar på dette tiltaket.

Totalt kan ein trygt seie at 2014 har vore eit innhaldsrikt år både arbeids-, fag- og idemessig.

# 2. IKA MØRE OG ROMSDAL IKS

Selskapet vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28.06.2000. På eit ekstraordinært representantskapsmøte i desember 2007 vart dei fire siste kommunane i fylket innlemma i selskapet slik at det no er 37 eigarar inkludert Møre og Romsdal fylkeskommune.

**Styret i 2014**

| Styremedlemar | Personlege varamedlemar |
|---|---|
| Perry Ulvestad, Rauma (leiar) frå 25.04.2013 | Jan Olav Szontheimer frå 25.04.2013 |
| Karl Kjetil Skuseth, Kristiansund (nestleiar) frå 25.04.2013 | Helga Grødal, Sunndal frå 25.04.2013 |
| Geir Håvard Ellingseter, Møre og Romsdal fylkeskommune, frå 25.04.2013 | Nils-Gunnar Solli, Møre og Romsdal fylkeskommune, frå 25.04.2013 |
| Liv Grete Orvik, Ålesund kommune,frå 10.04.2014 | Eldar Øye, Ørsta kommune, frå 10.04.2014 |
| Synnøve Hunnes, Sykkylven, frå 10.04.2014 | Evelyn Omenås, Stranda kommune, frå 10.04.2014. |

Representantskapsleiar: Anita Vadseth Valle, Ålesund kommune
Nestleiar: Torbjørn Fylling, Ørskog kommune

**Tilsette i selskapet var i 2014:**
Arnt Ola Fidjestøl - Dagleg leiar til 31.12.2014
Torbjørn Aasen - IT-rådgjevar
Gunnar O. Morsund - Prosjektkoordinator
Vibeke Lunheim - Arkivar
Guro Flø - Arkivar
Åsta Vadset - Arkivar
Ingunn Vestnes - Arkivar (50 % stilling) - delvis finansiert med tilskot frå NAV
Kristian Hove - Arkivmedarbeidar - delvis finansiert med tilskot frå NAV
Sølvi J. Knudsen – Arkivmedarbeidar (deltid digitalisering og ordningsprosjekt)
Jan Aakvik - Redaktør for Kulturnett Møre og Romsdal - finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune
Ragnar H. Albertsen - FylkesFOTOarkivar
Ottar André Breivik Anderson - Leiar SEDAK/fotograf
Axel Karlsen - KDRS (engasjert ved Kommunenes Digitale Ressurssenter i Trondheim og delvis finansiert med tilskot frå NAV).

Det fysiske arbeidsmiljøet ved selskapet har vore fullt ut tilfredsstillande. Det var ein del sjukefråvær i 2014. Sjukefråværet er fordelt på fleire personar og utgjer litt over eitt månadsverk til saman. Arbeidsmiljøet er ikkje årsaka til sjukefråværet. Selskapet har elles eit bevisst forhold til likestilling i tilsetjingssamanheng.


Arnt Ola Fidjestøl
Dagleg leiar


Torbjørn Aasen
IT-Rådgjevar


Gunnar Morsund
Prosjektkoordinator


Vibeke Lunheim
Arkivar


Guro Flø
Arkivar


Åsta Vadset
Arkivar


Ingunn Vestnes
Arkivar


Kristian Hove
Arkivmedarbeidar


Jan Aakvik
Redaktør Kulturnett MR


Ragnar H. Albertsen
Fotoarkivar
FylkesFOTOarkivet


Ottar André Breivik Anderson
Leiar SEDAK/fotograf


Sølvi J. Knudsen
Arkivmedarbeidar

**Fotograf: Ottar André Breivik Anderson**

## 3. FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemane eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal vere depotinstitusjon for medlemane sine melde- og konsesjonspliktige arkiv i høve til Personopplysningslova.

Selskapet skal i samråd med medlemane arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hjå medlemane, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for medlemane.

Selskapet utfører arbeid for den einskilde medlem som står i høve til medlemen sin del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha eigne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle medlemane, eller medlemane vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor hovudføremål til arkivet.

Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom dei ordinære arbeidsgåvene til arkivet, blir det søkt finansiering frå medlemar eller andre som spesielt ønskjer prosjektet gjennomført.

Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betalar for tenestene og det ikkje går ut over hovudoppgåvene til arkivet.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmande. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

## 4. STYREMØTE

Styret hadde fem ordinære møte i 2014, og i tillegg eitt i samband med representantskapsmøtet. Styret handsama 48 saker i 2014.

## 5. REPRESENTANTSKAPSMØTE

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane. Representantskapsmøtet 2014 vart halde på Vestnes Fjordhotell 10.04.2014.
23 av eigarane var representert, som utgjorde 76,896 % av eigardelane.
Årsmelding og rekneskap vart godkjent. Kirsti Hoel, Vanylven kommune og Oddny Løvik, Haram kommune takka av frå styret. Dei vart erstatta av Liv Grete Orvik frå Ålesund kommune og Synnøve Hunnes frå Sykkylven kommune. Vara for Synnøve Hunnes vart Evelyn Omenås frå Stranda kommune og vara for Liv Grete Orvik vart Eldar Øye frå Ørsta kommune.

## 6. LIKESTILLING

Styret i IKAMR er etter representantskapsmøtet 2014 samansett av fem medlemar, tre menn og to kvinner. Av varamedlemane er to kvinner og tre menn. Av dei tolv fast tilsette ved slutten av 2014 var åtte menn og fire kvinner. Ein tilsett på engasjement er kvinne. Selskapet har ein løns- og tilsetjingspolitikk som ikkje diskriminerer mellom kjønna.

## 7. FORUREINING

Selskapet si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

# 8. ØKONOMI

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS er organisert som eit interkommunalt selskap etter Lov om interkommunale selskap av 29.01.1999. Eigarane er alle kommunane og fylkeskommunen i Møre og Romsdal. Eigar- og ansvarsdelane er fordelt i høve til folketal samt ein grunnsum som er lik for alle kommunane. Fylkeskommunen sin eigardel er rekna ut frå ein basissum og folketalet, men etter ein annan nøkkel enn kommunane.

Kontingenten i 2014 var kr 40 420,- per kommune og kr 9,64,- per innbyggjar. Fylkeskommunen betalte kr. 58 272,- i grunnkontingent og kr. 2,90,- per innbyggjar. I tillegg kjem depotleige for eldre arkiv. Kontingenten dekkjer personregistermateriale og elektronisk deponering.

IKAMR har no depot både i Kirkegata 10 og i Kirkegata 42 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringssystem.

Selskapet har lånegjeld ved årsskiftet på kr. 1.286.020.

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs fylkeskommunen og kommunane og lagt opp i samsvar med denne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til privatarkivarbeidet og finansierer drifta av Kulturnett, SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet av desse tre blir balansert mot bunde fond slik at IKAMR i seg sjølv korkje blir belasta kostnadar eller tar ut forteneste av desse.

Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS)[1] vart skipa i juni 2010. IKAMR har ein eigardel på kr 100.000 i dette tiltaket som er organisert som eit samvirke mellom åtte kommunearkivinstitusjonar frå 01.01.2012. I 2014 økte samvirket til 10 kommunearkivinstitusjonar.

Resultat på ordinær drift er kr 502 015,- som vert føreslått overført disposisjonsfond. Driftsresultat på prosjekt som vert direkte finansiert utanfor ordinær drift vert ført mot bunde fond på gjeldande prosjekt.

Lønsføring, utbetalingar og rekneskapsføring er utført av Ålesund kommune. Revisjonen er utført av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS ved revisor Bodill Skeide.

Økonomien i selskapet vert vurdert som god, og det er godt grunnlag for vidare utvikling, investeringar og drift.

# 9. DET FAGLEGE ARBEIDET TIL IKA MØRE OG ROMSDAL - GENERELL DEL

## 9.1 Eldre og avslutta arkiv i depot

Arbeidet med eldre arkiv har i 2014 i hovudsak bestått av å sette i gang dei nye avleveringsrutinane, rettleie kommunane i ordningsarbeidet, planlegge og ta imot arkiv, sette opp arkiv i reolar og svare på førespurnader frå både kommunar og privatpersonar.

**Avleveringar**
I 2014 mottok vi 43 deponeringar av både uordna, grovordna og ordna arkiv frå kommunane fordelt på 663,1 hyllemeter. 21 kommunar, tre interkommunale selskap og sju private aktørar avleverte arkiv.

Dette er ein oppgang på tre deponeringar i forhold til året før, men ein nedgang i mengde hyllemeter på 236,9 hyllemeter. Årsaka til at ein tok imot så mykje arkiv i 2013 var at ein tok i bruk eit nytt magasin, og mykje stod på vent for å bli avlevert.

[1] KDRS er eid av medlemmene som er kommunearkivinstitusjoner frå hele landet. KDRS skal tilby tenester og kompetanse til sine medlemmer og aktivt bidra til å utvikle og effektivisere langtidslagring av digitale arkiv innan kommunal og fylkeskommunal sektor

Av deponeringane i 2014 var 364,9 hyllemeter eldre arkiv. 14 kommunar og to interkommunale selskap deponerte i 2014. Herøy kommune deponerte mest arkiv i 2014, tett fylgd av Ålesund kommune. Hareid, Ørskog og Averøy har også avlevert mykje arkiv i året som gjekk.

Å ta imot arkiv er ei krevjande oppgåve for eit arkivdepot. Dette er oppgåver som, i tillegg til god arkivfagleg og datateknisk kompetanse, også krev kunnskap om kommunal administrasjonshistorie og om utviklinga av lovverka for offentleg sektor dei siste to hundre åra. For å effektivisere avleveringsprosessen, lette arbeidet med oppsetting i reolar og syte for gjenfinning, har ein tatt i bruk dei nye avleveringsrutinane, samt starta arbeidet med å få tatt i bruk depotstyringsmodulen i Asta både på personregister og eldre arkiv.

Kvaliteten på avleveringane varierar stort. IKAMR ser seg nøydd til å sende tilbake noko av arkivmaterialet som kom i 2014.

**Nye avleveringsrutinar**
I 2014 utarbeidde IKAMR nye avleveringsrutinar. Desse blei nedfelt i eit hjelpehefte, til bruk for alle som skal avlevere arkiv til depot i Ålesund. Dei nye rutinane og heftet blei presentert på årets kontaktkonferanse.

Å innføre nye rutinar tar tid. I tillegg til å arbeide inn rutinane internt ved IKAMR, har vi arbeidd mykje med opplæring og rettleiing eksternt ut mot kommunane. IKAMR tok i bruk dei nye avleveringsrutinane for alvor etter kontaktkonferansen i mai 2014, og det har resultert i 248 førespurnader om avleveringslister. Å avlevere arkiv er tidkrevjande både for den som avleverer og depot. Vi ser at der vi har kompetente superbrukarar (IKAMR sin kontaktperson i kommunen) går prosessen mykje lettare. Ved å følgje avleveringsrutinane skal det vere nok med to-tre omgangar med kontakt til IKA. På 248 førespurnader har vi nærare tusen journalpostar. Då er ikkje telefonsamtalar notert.

Vi har lært mykje, og fått mange gode tilbakemeldingar. Likevel skal dei nye rutinane gjennomgåast i 2015 for å gjere det enno meir effektivt både for dei tilsette og for eigarane våre.

**Ordningsoppdrag**

I 2014 sende IKAMR ut ein førespurnad til alle kommunane om at vi kunne ta på oss ordningsoppdrag. 14 kommunar svarte at dei var interessert i ordninga. Av desse har vi i 2014 skrive kontrakt med Averøy, Hareid og Sandøy kommunar på til saman 203 hyllemeter.

I 2014 blei oppdraga frå Aure (gamle Tustna), Sunnmøre Regionråd, Ålesund havnevesen og arkivet etter Liaaen ferdig ordna. I tillegg starta ein arbeidet med Averøy og Hareid. Arkivet til Sandøy er forventa i starten av 2015.

På slutten av 2014 kom også byggesaksarkivet til Herøy til ordning, registrering og digitalisering. Arkivet er på 72 hyllemeter. IKAMR blir betalt av NORSE Digital for å ordne arkivet til digitalisering ved SEDAK.

**Asta**
Det har blitt registrert 117 arkiv, 969 seriar og 4505 arkivstykke og 34159[2] mapper i arkivmodulen Asta i 2014. Dette er en enorm oppgang frå 2013, og noko av oppgangen skuldast dei nye importrutinane våre. I tillegg har IKA Møre og Romsdal arbeidd mykje med ordning og registrering av arkiv på oppdrag frå kommunar. Ålesund, Herøy, Ørskog, Skodje og Averøy er kommunar med flest importar. I overgangsperioden til nye avleveringsrutinar har det også blitt avlevert arkiv i 2014 etter gamal mal, som ikkje har blitt importert i Asta.

[2] Reell mengde mapper mottatt ved IKA er mykje større enn 34159, då personregister (personsensitiv informasjon) ikkje blir registrert på mappenivå i Asta.

**Depot**
Magasina våre er i stadig endring. Arkivmengda i depota våre har tredobla seg dei siste fem åra. Det inneber ikkje berre eit auka krav til effektivitet og nytenking, men også ei betydeleg større mengde materiale å plassere, registrere, og ikkje minst ekspedere i ved spørsmål etter dokumentasjon. I 2014 starta vi arbeidet med å ta i bruk depotstyringsmodulen i Asta, og vi håper å kunne kome i mål med depotstyringa i 2015.

**Førespurnader**
I 2014 har IKAMR hatt, i samarbeid med kommunane, fokus på ordning, registrering, tilgjengeleggjering og formidling av arkiv via ulike formidlingskanalar som Arkivportalen og bruk av media. Dette har ført til at institusjonen blir meir synleg for brukarar av arkiv.

Ein auke på over 500 hyllemeter med arkiv fører til at det blir fleire førespurnader frå folk som ynskjer å få ut informasjon frå det vi har i magasina. Talet på førespurnader aukar frå år til år. Til saman er det registrert 2177 journalpostar i 2014. Over 1000 av desse er inngåande. I 2014 markerte vi 200-års jubileum for grunnlova. Trass i dette har vi ikkje sett stor mengde spørsmål kring temaet. IKAMR tek imot flest førespurnader frå kommunane sjølv. Det gjeld innsyn i skulearkiv, fattigstyre, barnevernsarkiv, personalarkiv frå ulike einingar, formannskapsarkiv, kommunestyrearkiv og tekniske arkiv.

I kjølvatnet av NRK-serien ”Hvem tror du at du er?” såg vi ein oppsving i førespurnader som gjaldt slektsforsking. Det er tydeleg at programmet når ut til folk og gjer fleire interessert i å finne ut kva dei kan finne om *sine* slektningar og forfedrar.

Lesesalen var nytta 49 gongar i fjor. Dei aller fleste som kjem innom er frå Sunnmøre, men vi har brukarar frå heile fylket, og frå ulike delar av landet. Dei aller fleste er på jakt etter slektningar eller informasjon om staden dei slektar til.

Nokre av besøka krev mykje arbeid på førehand. Kommunaldepartementet nedsette eit utval leia av Knut Vollebæk, som granskar og skildrar utviklinga av politikk og tiltak gjort av norske myndigheiter, institusjonar, organisasjonar og andre verksemder ovanfor tater/romani-folket fram til i dag.

I samband med dette har representantar frå dette utvalet vore og sett på arkivet skapt av Eide kommune, som omtalar Svanviken arbeidsleir og dei som budde der. Heile 20 hyllemeter arkiv, både personregister og eldre arkiv vart gjennomgått av utvalet. Rapporten skal ligge klar i juni 2015.

## 9.2 Personregister

IKAMR hadde per desember 2014 totalt fått inn 1705 hyllemeter med personregister. 196,2 av desse hyllemeterane blei mottatt i 2014.

I 2014 vart det registrert 203 førespurnader i Acos Websak på dette arkivmaterialet, mot 167 saker i 2013. Arbeidsmengda knytt til førespurnader varierer stort. Dokumentasjon av rettar krev til dømes at ein også må leite fram i arkiv som ikkje er av typen personregister. Sakshandsamingstida kan i slike tilfelle bli opp mot ei veke.

Det vart registrert 119 saker i 2014 vedkomande godkjenning av lister og etikettar av personregistermateriale for deponering. I 2013 var også talet 119 saker.

Det er brukt tid på innsyn, gjenfinning og mottak av personregister. Det er betydeleg auke i talet på førespurnader vedkomande reglar, rutinar og lovverk i helse- og sosial-, skule- og barnehagesektoren. Denne type førespurnader kan vere alt frå innkjøp av lim til etikettar, kassasjon og bevaringsvurderingar, til journalføring i sak- og journalsystem. I tillegg kjem mange spørsmål vedkomande fagsystem, særleg i helse- og omsorg og skule.

## 9.3 Elektroniske arkiv

**Kommunane - Arkivplan**
IKAMR brukar skjemaet for elektroniske system i arkivplan.no som eit verktøy når kommunane sin bruk av sakarkiv- og fagsystem skal dokumenterast. I tillegg er utfylte felt i skjemaet viktige metadata som blir bevart når systemet blir levert inn til IKAMR sitt elektroniske depot. Dette skjemaet skal koplast opp mot Betty[3], Arkivverket og KAI (Kommunale arkivinstitusjonar) sitt plansystem for oversikt over arkivdanning og uttrekk/deponering av papir- og elektroniske system. IKAMR sin oppstart av Betty blei dessverre utsett, men vi har dialog med Riksarkivet om pilotoppstart av Betty for IKAMR i 2015.

Mange av kommunane har brukt arkivplan.no aktivt gjennom året og mange har brukt IKAMR som samtalepartnar om bruken. Statsarkivet i Trondheim brukar arkivplan.no aktivt når dei gjennomfører sine tilsyn med kommunar i Møre og Romsdal og IKAMR har også brukt arkivplan.no som grunnlag for eit kartleggingsprosjekt av elektroniske system og bevaringa av desse.

**Kommunane – Noark sak- og arkivsystem**
IKAMR har framleis ikkje motteke uttrekk i Noark 4 eller 5-format med eller utan fullelektroniske dokument. Hovudårsaka er som tidlegare manglar i leverandørane sine system og uttrekksmodular, samt høge konsulentkostnadar og manglande avtalar i leveransar av sakarkivsystem. Sak- og arkivsystem i uttrekk og under arbeid i digitalt depot er derfor baserte på tabelluttrekk og det er greitt å handtere fordi mottatte system i hovudsak er KOARK (Noark 3)-baserte.

IKAMR har arbeidd med sak- og arkivsystemuttrekk frå systema Forum Winsak og Cinet Symfoni (KOARK/Noark 3), nyare system Kontor 2000, ePhorte og ESA (KOARK/Noark 3 og Noark 4 utan og med fullelektroniske dokument). IKAMR har deltatt på seminar med Acos i Bergen for å kunne bidra saman med kommunane når dei skal ta uttrekk av desse systema. Acos Websak-system som er oppdaterte til Noark 5 har no eit godt verktøy for uttrekk, medan eldre versjonar av Acos Websak krev meir førebuande arbeid før kommunen kan få tatt eit godt Noark 4-uttrekk.

Statsarkivet i Trondheim sine tilsyn i nokre av kommunane i Møre og Romsdal viser at kommunane i større grad må aktivt planlegge uttrekk og innlevering av sakarkivsystemet sine arkivdelar. Dette gjeld også arkivdelar som har vore avslutta og som ofte ligg i systemet som historisk arkivdel.

Fleire kommunar arbeider med uttrekk og planlegging av desse frå sine sakarkivsystem. Uttrekk og innlevering av desse frå IKT-Orkide, eKommune Sunnmøre, Molde-regionen og Søre Sunnmøre har høg prioritet.

Sak- og arkivsystem i digitalt depot IKAMR
- Ferdig arkivpakke (AIP): 25 stk
- Arkivpakke SIP (innlevert uttrekk frå kommunar) mottatt/under arbeid: 45 stk
- Total mengde sak- og arkivsystem i digitalt depot IKAMR: 70 stk
- Nye sak- og arkivsystem arkivpakke SIP mottatt i 2014: 4 stk

**Kommunane - Fagsystem**
IKAMR har mottatt og handsama fagsystem frå kommunane, der dei ulike systema også er testa med nye verktøy for å validere, migrere og gjere desse tilgjengelege frå langtidslager i IKAMR sitt digitale depot.

IKAMR har samarbeidd med andre KAI for å kunne ta vare på gamle fagsystem med dokument og pasientjournalar frå Visma Unique. Kommunen kan då søke om dispensasjon frå Riksarkivaren for å sleppe papirutskrift av fagsystemet, men i staden få deponert systemet elektronisk i digitalt depot.

---
[3] Betty er Arkivverket og KAI sitt nye plansystem for oversikt over arkivdanning og uttrekk/deponering av papir- og elektroniske system.

Fagsystem i digitalt depot IKAMR
- Ferdig arkivpakke AIP: 13 stk
- Arkivpakke SIP mottatt/under arbeid: 31 stk
- Total mengde fagsystem i digitalt depot IKAMR: 44 stk
- Nye fagsystem arkivpakke SIP mottatt i 2014: 2 stk

**Handsaming av datauttrekk og digitalt depot**
Riksarkivet og KDRS testar det nye nasjonale/regionale depotforvaltingssystemet ESSARch, men dette arbeidet er dessverre enno forsinka slik at oppstart blir i starten av 2015. Dei enkelte Noark sak- og arkivsystem og fagsystem som er arbeidd med vil bli brukt som mal for andre kommunar med tilsvarande system. Dei fleste kommunane vil ha nytte av den tida som er brukt for å definere tabellar og generell beskriving av desse systema.

Uttrekk som er ferdig i arkivformat/arkivpakke (AIP) er derfor laga med utgangspunkt i eit standard tabelluttrekk der beskriving av tabellar, felt og koplingsnøklar er dokumenterte i tilhøyrande ADDML-fil (teknisk skildring av uttrekk/metadata) slik Riksarkivaren si forskrift krev.

Uttrekk som ikkje er ferdig i arkivformat blir lagra som ein uttrekkspakke (SIP) i digitalt depot i påvente av arbeidet mot arkivformat/arkivpakke (AIP). Metodar kan der vere standard tabelluttrekk eller valt Noark arkivformat 3 (KOARK), 4 eller 5. Gamle uttrekk blir utan fullelektroniske dokument, medan nyare uttrekk kan bli laga som eit fullverdig Noark-uttrekk, til dømes med Acos uttrekksmodul, ePhorte uttrekksmodul, SIARD frå det Sveitsiske Riksarkivet eller andre verktøy.

KDRS og IT- arkivarar frå dei kommunale arkivinstitusjonane (KAI) som utgjer fagmiljøet for bevaring av elektroniske arkiv arbeider mot ei felles produksjonslinje for uttrekk og bevaring av datauttrekk frå elektroniske system. Dette er ei av dei viktigaste oppgåvene i åra som kjem!

**Formidling av avleverte system**
IKAMR arbeider saman med KDRS og Riksarkivet for bruk av open kjeldeekode -program som verktøy i prosessane frå uttrekk, via omarbeiding vidare til formidling av avleverte system. Dette arbeidet fortset og IKAMR har planane klare for ei enkel løysing for formidling av ferdige arkivpakkar (AIP). Kommunen kan då gjere oppslag mot innleverte fagsystem og sakarkivsystem frå Noark 3, 4 og etter kvart 5.

**Prosjekt innan digitale arkiv**
IKAMR deltek i Betty-prosjektet si referansegruppe. Betty er Arkivverket og KAI sitt plansystem for oversikt over arkivdanning og uttrekk/deponering av papir- og elektroniske system som Riksarkivet sette i drift i 2014. IKAMR har avtalt pilotinstallasjon av Betty første halvdel av 2015.

IKAMR deltek i KDRS - prosjektet ”Utforming av felles prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale”. KDRS skal saman med sine medlemar skape felles prosessar og rutinar basert på TRAC-standarden (Internasjonal standard for digitalt depotforvaltningssystem). Det skal i utforminga av prosessar og rutinar takast omsyn til KAI sine utfordringar, samt leggast til rette for bruk av depotstyringssystem som Riksarkivet har valt. Desse rutinane fører til at dei ulike KAI vil samlast om einsarta rutinar for arkivdanning, arkivforvaltning, uttrekk, formidling og arbeid med arkivpakkar i depotforvaltningssystemet.

IKAMR deltek i testfasen av Riksarkivprosjektet ”Ny metodikk for bevaring og tilgjengeleggjøring”. Prosjektet testar nye verktøy for uttrekk av elektroniske system og formidling av systema i ettertid. Arbeidet i prosjektet har gitt gode resultat og vil bidra til kvalitet og kvantitet i IKAMR sine uttrekk i tida som kjem.

## 9.4 Privatarkivarbeid

Arkivet etter A.M.Liaaen vart ferdig ordna og etikettert i desember 2014. Arkivet går over 120 hyllemeter, i tillegg til 12 skap med teikningar og to spesiallagde hyller for teikningsrullar. Arkivet er publisert på arkivportalen.no. Materialet er fysisk oppbevart ved Liaaen Eiendom AS.
Dette var eit oppdrag betalt av Liaaen og utført av Åsta Vadset. Det vart søkt Kulturrådet om midlar til digitalisering av delar av Liaaenarkivet og ordning av arkivet etter Ålesund Mekaniske Verkstad, men tilskotsordninga vart avvikla i samband med statsbudsjettet for 2015.

Vi samarbeider med Tingvoll Museum/Nordmøre Museum om å berge arkivet etter Tingvoll Ullvarefabrikk. Tingvoll Museum vil deponere arkivet. Det vart på same måte som for Liaaen søkt Kulturrådet om prosjektmidlar, men ordninga er avvikla. Vi vil i 2015 i alle fall sikre oppbevaring av arkivet etter denne viktige verksemda.

Det vart i 2014 tatt imot fleire mindre arkiv frå lag og organisasjonar i dei kommunane som er med i privatarkivordninga. Vi har og tatt imot fleire mindre arkiv frå arbeidarrørsla og eitt større arkiv frå Fellesforbundet (Jern og Metall). Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal (DNA, LO og AOF) betalar for deponering av deira arkiv.

IKAMR har deponert mellombels eit større arkiv etter UNIDOS/Saltfiskeksportørenes Forening som er lagt ned. Dette var landsomfattande organisasjonar som var sentrale i norsk fiskerinæring. Etter grovordning og desimering må ein prøve å få arkivet deponert hjå nasjonal arkivinstitusjon då IKAMR ikkje har kapasitet. Blant materialet var film og video der nitratfilm vart sendt til Nasjonalbiblioteket.

Privatarkivmaterialet utgjer no 360 hyllemeter pluss to arkiv med skipsteikningar (Voldnes og Bolsønes der det siste blir mellombels oppbevart for Romsdalsmuseet inntil depotet der er ferdig). Inkludert i privatarkiv er Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal med 85 hyllemeter og mellombels oppbevart Unidosmateriale med 53 hm. Inkludert er også Kjell Holms arkiv som stiftinga betalar for.

## 9.5 Kulturnett Møre og Romsdal

Kulturnett har i 2014 hatt hovudfokus på å skape innhald i nettstaden 1814-2014.
Frå starten på året til ut på hausten 2014 var fokuset på innhald i jubileumsnettstaden 1814-2014. Nettstaden er eit samarbeid mellom ABM-institusjonar i fylket om Noregs 200-års jubileum. Kulturnett fekk ein stor del av sjølve arbeidet som følgje av store omskiftingar i redaksjonsgruppa. Innhaldet vart av god kvalitet.

<u>Kulturkalender</u>
Kulturkalender ligg i snitt på omtrent 300-400 arrangement konstant. Spesielt gledeleg er det at to ny kommunar, Eide og Tingvoll, har tatt i bruk løysinga vi tilbyr i bruk på eigen nettstad.

<u>Digitalt fortalt (Df) – Database med historiske forteljingar</u>
Som følgje av satsinga på 1814-2014 jubileet vart det ikkje noko fokus på artikkelskriving til denne nettstaden. Digitalt fortalt vaks enno på landsbasis og skal også i åra som kjem vere Norsk Kulturråd sitt verktøy på forteljarsida. Pr. i dag er der 4150 forteljingar. 384 er frå Møre og Romsdal.

<u>Månadens kulturminne</u>
Månadens kulturminne som er kopla mot Digital fortalt er, som tidlegare år, den mest leste artikkelserien vi har.

<u>Stadnamn</u>
Hareid er den einaste kommunen som vi har jobba opp mot i 2014. Arnstein Slinning som er medlem av DIS har hatt kontorplass hjå IKAMR og har skrive fonetisk skrift inn på stadnamna for Hareid. Arbeidet vart som avtalt ferdig i 2014 og skal no kontrollerast før det vert lasta opp i Stadnamnbasen. I tillegg har vi henta inn stadnamna frå Volda. Desse har vore oppbevart på Høgskulen i Volda og vart henta 24.10.2014.

Samarbeidspartnarar i fylket
Samarbeidspartnarane for Kulturnett er dei same som føregåande år. Kommunane er viktige for kulturnett og dei fleste er formelt interessert i kulturdugnaden og dei digitale tenester. Kulturnyhende frå kommunane kjem sjeldan til Kulturnett Møre og Romsdal. Det er større institusjonar innanfor kulturfeltet som sender pressemeldingar og anna redaksjonelt stoff som vi nyttar som nyheiter på heimesida vår. Vi vil for 2014 trekkje fram Møre og Romsdal fylkeskommune, Moldejazz, Nordic Light, Ivar Aasen-tunet, Ålesund Kunstforening, Operaen i Kristiansund, Kunstsenteret i Møre og Romsdal, Galleri EogE.

Forholdet til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
Vi er ikkje nøgd med databasetenesta frå Sogn og Fjordane og det vart på slutten av 2014 avtalt at vi skal ha ein gjennomgang av tenestene dei leverer. Dette møtet vil bli halde i mars 2015. Det er særs viktig, etter at FylkesFOTOarkivet vart flytta til IKAMR, at denne tenesta vert stabil igjen. Kort fortalt er det ein gamal base som treng å flyttast utan at vi mister noko metadata.

Forholdet til Kulturnett.no og Norsk Kulturåd
Sidan Norsk Kulturråd (NK) legg ned dei fleste tenester som ABM-utvikling stod for så er ikkje det store samarbeidsgrunnlaget til stades. Vi ser det som positivt at vi har fått midlar til 1814-2014 prosjektet. Vi ser også at store omstruktureringar på søknadsmidlar gjer at mange prosjekt og gode idear no ikkje vert gjennomført. I tillegg har vi, over fleire år, vore lova nye tenester som Kunstnarleksikon, men har ikkje høyrt noko meir. Det er framleis usikkert om storsatsinga på Natur- og Kulturreise kan overførast til regionane og om Kulturnetta skal ha noko rolle i arbeidet.

**Deltaking i prosjekt**

**1814-2014 Grunnlovsjubileet**
Kulturnett Møre og Romsdal har saman med ABM-sektoren i fylket oppretta ein nettstad http://1814mrfylke.no for 200-årsjubileet. Kulturnett fekk allereie 19. desember 2012, 250 000,- til prosjektet. I mai 2013 heldt vi kurs i WordPress for ABM-sektoren i Molde. Dette var eit førebuande kurs for dei som skal fylle nettstaden med innhald. Prosjektet er eit godt eksempel på eit godt tverrfagleg samarbeid. IKAMR v/ Kulturnett er den formelle søkaren og har hovudansvar for prosjektet. Redaktørgruppa klarte ikkje å få på plass ny nettstad hausten 2013. Mykje av forklaringa ligg i at to personar slutta i sine stillingar, medan ein tredje var på veg ut av si prosjektstilling. Dette kunne kanskje vore handtert betre frå vår side, men andre situasjonar gjorde at dette ikkje vart prioritert. Midlane vart sett på fond til 2013, og deretter til fond for 2014.

**Arbeid med nettstaden**
Det har vore lagt ned ein betydeleg innsats frå dei tilsette ved institusjonane, og innhaldet på nettstaden er så breitt som ein hadde håpa på. Ein merkar likevel at medlemane i prosjektgruppa slit med å mase på kollegaer om leveransar av artiklar.

Prosjektgruppa har hatt fleire møte, og over tid er det ein mindre kjerne som har tatt avgjersler for å drive arbeidet framover.

Redaktørgruppa har berre eitt medlem igjen av dei opphavlege. Dette medførte at det vart gjort eit par grep for å få nettstaden klar til lansering. Det vart avgjort at ein måtte hente inn profesjonell hjelp til å få laga nettstaden. I tillegg gjekk Anders Aanes og Jan Aakvik inn i redaktørgruppa og Ivar Aasen-tunet tok ansvar for kravspesifikasjon, innhenting av tilbod og var aktivt med i utforming av nettstaden.

Nettstaden 1814-2014 vart ferdig i mars 2014 og pressemelding gjekk ut til alle aviser i fylket i slutten av mars og fekk spalteplass i dei fleste.
Etter nokre dagar vart det sendt ut infoskriv til alle vidaregåande skular i fylket med påfølgjande ringerunde til kvar skule. Dette var eit tilbod om å ta i bruk nettstaden www.1814mrfylke.no. Nettstaden vil vere særleg relevant å ta i bruk i historie-, samfunnsfags- og norsktimar. For dei som har media og kommunikasjon som fag vil det også vere særskilt interessant å kunne lage digitale forteljingar til nettstaden.

Vi følgde opp med telefonsamtalar til dei einskilde skulane.
I tillegg vart det sendt ut informasjonsskriv til kvar enkelt kommune og kvart folkebibliotek.

27. oktober gjekk det ut ny oppmoding til alle vidaregåande skular om å bruke nettstaden før jubileumsåret er omme.

**Møter 1814-2014**
15.10.2014 Møte i prosjektgruppa
11.04. 2014 Møte i redaktørgruppa
05.03. 2014 Møte i prosjektgruppa
26.02.2014 Møte i redaktørgruppa
07.02. 2014 Skypemøte med utviklar
30.01.2014 Presentasjon Kulturtorget
03.-10.01.2014 Val av leverandør

**Aktivitet**
Aktivitet på konferansar og foredrag har vore lågt. Det skyldast i hovudsak prioritering av 1814-2014-prosjektet og meir administrativt arbeid.

<u>Konferanse</u>
Deltok ikkje på nokon konferansar.

<u>Foredrag</u>
Foredrag for Guideforeininga 03.04.2014
Foredrag på møte om regionalt kultursamarbeid på Sunnmøre, Ålesund 12.02.2014

<u>Kurs</u>
Kurs i HMS som verneombod 18.11.2014-19.11.2014

<u>Møte</u> *(Interne formøte og avdelingsmøte er ikkje teke med)*
Møte med rekneskap Ålesund kommune 08.01.2014
Møte med revisor 13.01.2014
Styremøte 06.02.2015 på Vestnes
Møte med foredrag 12.02.2014
Møte med revisor 14.02.2014
Styremøte 20.03.2014
Møte med Stiftinga Sunnmøre museum 11.04.2014
Møte med Ass. Kulturdirektør 27.05.2014
Møte vedkomande Stadnamn Hareid 13.08.2014
Møte med rekneskap i Ålesund kommune 20.08.2015
Møte med Stiftinga Sunnmøre museum og MR fylkeskommune 26.08.2014
Styremøte Kristiansund 27.08.2015
Møte med Stiftinga Sunnmøre museum 03.09.2014
Møte vedkomande Folkemusikkarkivet 25.09.2014
Kontaktmøte med Kulturavdelinga 09.10.2015
Møte med Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga 17.10.2014
Styremøte 22.10.2014 på Vestnes
Møte med Folkemusikkarkivet i Volda 24102014
Møte med Fylkesbiblioteket om Kirkegt. 10. 04.12.2014
Møte med NAV 12.12.2014
Styremøte 16.12.2014

**Anna**
DIS Dugnad. Ansvarleg på dugnad for foto 6 gongar i 2014
Internasjonale arkivdag: Europeana Awareness 03.06.2014
Arkivdagen 8. november 2014. Høgdepunktet i 2014.

## 9.6 FylkesFOTOarkivet

**Innleiing**
FylkesFOTOarkivet (FAK) sitt 2. driftsår under IKAMR markerer ein overgang frå arbeid med mindre fotosamlingar til større fotografarkiv.

Dugnadsarbeidet med "DIS-gjengen" har vore konsentrert om registrering og digitalisering av fotografarkiv frå perioden 1940-1980. I tillegg har DIS ajourført brukaropplysningar som har kome inn i nettbasen.

Jubileet "Fotografiet 175 år" vart markert som hovudtema under "Arkivdagen 2014".

Frå Norsk Kulturråd/Norsk kulturfond fekk FAK kr 80.000 til digitalisering av fotograf Magne Mulvik sitt arkiv frå Sunndal.

**Hovudoppgåver 2014**
Digitalisering og registrering av fotografarkiv
Formidlingsarbeid og eksterne oppdrag
Konsulentarbeid og digitalisering for og ved Nordmøre museum
Hovudansvar for «Arkivdagen 2014» med tema «Fotografiet 175 år»

**Fagleg arbeid, internt**
FAK har i 2014 hatt fokus på arbeid med arkiva etter dei profesjonelle fotografane. Mottak av fotograf Sverre Oksavik (1927-2007, Haram) sitt arkiv på slutten av 2013, og fotograf Håkon Haug (1907-1969, Ålesund og Skodje) sitt arkiv i 2014, har for alvor endra arbeidsoppgåvene.

I tillegg har det vore arbeidd mykje med arkiva etter Magne Mulvik (Sunndal) og fotograf Martin Velle sitt arkiv (Ørsta).

Oppgradering av fotodatabasen i Sogn og Fjordane har teke mykje lenger tid enn planlagt. Dette har medført redusert oppetid, ustabilitet og frustrasjon. Ein direkte konsekvens av dette er at det har vore ein nedgang på 50% av brukarkommentarane[4]. I tillegg har det vore stopp i opplasting av nye bilete.

Fotoarkivaren avslutta i 2014 arbeidet med digitalisering av SEFRAK-skjema for Fylkeskulturavdelinga.

**Fagleg arbeid, eksternt**
Samarbeid med museum:
Nordmøre museum - digitalisering, registrering og konsulentarbeid

Samarbeid med sogelag:
Ørskog Historielag - Nyregistrering og digitalisering av bilete

Samarbeid med kommunar:
Sunndal kommune - Mulvikarkivet, digitalisering og registrering
Ørsta kommune - Vellearkivet, digitalisering og registrering

Samarbeid, nasjonalt:
Overføring av Widerøebilete til Nasjonalbiblioteket og samarbeid gjennom det nasjonale nettverket for foto som FAK/IKAMR er medlem av

Samarbeid, andre:
Sunnmøre politidistrikt - digitalisering og registrering

[4] Brukarkommentarar er opplysningar om bileta som publikum kan legge inn direkte knytt til det einskilde biletet.

**Formidling**
FAK sine bilete vert formidla gjennom databasen Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Delingsfilosofi, sjølvbetening og fri nedlasting av bileta som ligg ope på nett dominerer. I alt var det 50 tingingar med rekning. Samla bruttoinntekter i 2014 var kr 240.000.

Kjell Skorgevik si bok *«Fotografer i Ålesund i glassplatenes tid»* vart lagt på nett som søkbar «blabok».

**Arkivdagen 2014**
Laurdag 8. november inviterte IKAMR til ”Arkivdagen 2014” med utstillingar og foredrag. Tema var ”Fotografiet 175 år”. I samband med grunnlovsjubileet hadde Britt Walle Ekroll sydd saman eit foredrag med utsøkte bilete av ålesundskvinner i sin beste stas.

Hovudforedraget var *«Fotografi som nasjonsbyggar - norsk fotohistorie 1840-1940».* Historikar Roger Seemann Erlandsen heldt dette foredraget i Sunnmørsposten sitt auditorium. Lektor i media ved Høgskulen i Volda, fotografmeister Gaute Hareide, kunne same stad syne fram, ta i mot og fortelje om gamle fotografiske teknikkar.

I Kirkegata 10B var det fullt med foto heile dagen.
Fotoutstilling med fotograf Martin Velle (1905-1989) sine premiebilete.
Malvin og Øyvind Dalhus administrerte ei kamerautstilling.
DIS-gjengen hadde ekstra dugnadsøkt og fotoarkivaren heldt lynkurs og demonstrasjon av søk av bilete i databasen.

**«DIS-gjengen»**
DIS-gjengen er nemnd innleiingsvis. I alt var det 36 dugnadskveldar i 2014. Omsett i ”kveldsverk” à 3 timar tilsvarte dugnadsinnsatsen i 2014 over 800 arbeidstimar!

Fylkesbiblioteket stiller lokale til disposisjon. Til administrasjon av dugnadskveldane, klargjering og etterarbeid, brukar FAK om lag 20% av arbeidstida. IKAMR sin leiar for Kulturnett har vore med på 6 av dugnadskveldane i 2014.



Dugnad med DIS: Kåre Stafset og Reidun Vinje Collao digitaliserer fotografarkiv
Fotograf: Ragnar H. Albertsen

**FylkesFOTOarkivet i tal**

| | | 31.12.2013 | 31.12.2014 | Tilvekst 2014 |
|---|---|---|---|---|
| Bilete i alt * | | 254 418 | 255 268 | 850 |
| Bilete i nettbasen, internt søk | | 172 239 | 174 290 | 2 051 |
| Bilete i nettbasen, eksternt søk | | 153 531 | 157 707 | 4 176 |
| Brukarkommentarar | | 10 000 ca | 10 610 | 610 |
| Av desse: Nordmøre museum | | 27 383 | 27 606 | 223 |
| Arkiv/samlingar under FAK | | 1 244 | 1 255 | 11 |

I omgrepet «bilete» meiner vi her negativ, glasplater og papirkopiar (reflekskopiar) eksklusive dublettar.

* Tal bilete FAK disponerer iflg. register. I tillegg kjem materiale i fotografarkiv det er uråd å setje tal på før dei er digitaliserte. Tek vi med bilete frå eigen dokumentasjon nærmar samla tal bilete FAK eig og disponerer 600.000 stk.

**Heimesider**
FAK sine heimesider, www.fylkesfotoarkivet.no, vart jamt oppdatert med småhendingar frå arbeidet gjennom heile året.

**Magasinarbeid**
Den største fysiske tilveksten er arkiva etter fotograf Håkon Haug og Sissel Haug Strømmen. FAK fekk desse arkiva i gåve frå Siri Strømmen Briskemyr hausten 2014.

10 hyllemeter med 250.000 negativar frå SEFRAK-prosjektet vart i 2014 flytta frå Fylkeskulturavdelinga til permanent oppbevaring i klimamagasinet. Arkivet inneheld negativ med bilete av 44.788 gamle bygningar i fylket.

**Seminar – Møter – Reiser (Utvalde)**
16.01.2014: Møte med Sunnmørsposten om digitalisering av pressearkiv
07.02.2014: Møte, Jugendstilsenteret, Elsebeth Jørgensen
14.02.2014: Reise Volda, Austefjord, registreringsopplæring
15.02.2014: Reise Nordfjord, Sandane, registreringsopplæring
24.02.2014: Årsmøte, Møre og Romsdal fotograflaug
02.03.2014: Reise: Surnadal, opplæring i databaseregistrering
13.03.2014: Reise, Årsmøte og seminar, IFF - Institusjonsfotografenes forening, Oslo
27.03.2014: Reise, Arbeid med ETC-arkivet, Kristiansund bibliotek
03.04.2014: Møte, Ålesund Guideforening
05.05.2014: Reise, Landskonferanse i Fotobevaring, Oslo 5. og 6. mai
07.05.2014: Reise, Nettverks møte fotobevaring, Oslo 7. mai
08.05.2014: Reise, Sunndalsøra, møte i kulturutvalet, ope møte "1814-2014"
03.09.2014: Kveldssete i Ørskog Historielag, om FAK
07.09.2014: Haustmøte, Møre og Romsdal fotograflaug
11.09.2014: Haustmøte, Institusjonsfotografenes forening, Lillehammer
17.09.2014: Reise, Rindal, opplæring i nettbaseregistrering
29.09.2014: Reise, nettverksmøte, Preus museum i Horten
09.10.2014: Reise, møte med Fylkeskultursjefen
08.11.2014: Arkivdagen 2014, foto som tema
19.11.2014: Møte Ellingsøy kirke, fotoforedrag: "Bilete og folk frå Ellingsøy".

I tillegg har fotoarkivaren hatt ti reiser med doble arbeidsdagar ved Nordmøre museum i Kristiansund.

**Ekstrahjelp**
Erlend Aakvik og Vegard Aasen arbeidde ved FAK som sommarhjelp i tre veker kvar. Arbeidet var digitalisering av fotoarkivet etter fotograf Magne Mulvik i Sunndal og transkribering av protokollar.

Sølvi J. Knudsen digitaliserte i 2014 pressebilete for Sunnmørsposten og digitaliserte negativ frå Hornearkivet for Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

**Utstyr**
Det vart kjøpt inn nytt digitalt fotoapparat og 2 stk berbare datamaskiner. Utstyret har vore viktige investeringar til arbeidet for sommarhjelp og under DIS-dugnadane.

**Økonomi - Ressursar**
FAK sine inntekter i 2014 var på ca kr 240.000. Hovudinntektene i 2014 kom frå eksterne oppdrag. Økonomien ved FAK er god med eit rekneskap for 2014 med god margin på plussida.

FAK har god nytte av IKAMR sine interne ressursar. Her nemnast særskilt hjelp til datadrift og dagleg samarbeid med leiar for Kulturnett.

**Flytting av Fylkesfotoarkivet**
I samband med flytting av FAK frå Ålesund Museum til IKAMR har det i 2014 vore fleire møter mellom partane for å avklare rettar og bruk av FAK sitt arkiv. Desse samtalene var ikkje ferdige ved årsskiftet.

## 9.7 Fylkessenter for digitalisering av kulturarven – SEDAK

**Innleiing**
Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) vart fast etablert 01.01.2013. Finansiert med ei 100% stilling av Møre og Romsdal fylkeskommune. Organisatorisk knytt til IKA Møre og Romsdal, og lokalisert saman med IKA Møre og Romsdal, Kulturnett og FylkesFOTOarkivet.

**Hovudoppgåver**
- Digitaliseringsoppdrag
- Vidareutvikling og kvalitetssikring av arbeidsmetodikk

**Oppdrag**
Jugendstilsenteret – digitalisering av Fürst-arkivet
Kunstmuseet Kube – dokumentasjon av utstillingar
NORSE Digital / Herøy Kommune – digitalisering byggesaksarkiv
Møre og Romsdal fylkeskommune – SEFRAK / Kulturvernavdelinga objektarkiv
Fylkesbiblioteket – fotografering tilsette / MøreRom database
Elsebeth Jørgensen (DK) / Jugendstilsenteret – digitalisering / utstillingsproduksjon
Nynorsk kultursentrum / Ivar Aasen tunet – formidling av digitalisert materiale

**Oppdrag internt**
SEDAK har vore involvert i fylgjande prosjekt internt for IKA Møre og Romsdal:

- Arbeidet med dei nye nettsidene til IKA Møre og Romsdal
- Arbeid med bakgrunnsmaterialet til Arkivdagen 2014, deriblant radiointervju på NRK radio i same høvet
- Deltaking med både fagleg innhald og praktisk arbeid til Kontaktkonferansen 2014
- Open dag i høve Norsk Kulturråd sin Europeana Awareness
- Arbeid med strategiplan og lønnspolitikk
- Illustrasjonsfotografering og utforming av julekort
- Utforming av kontrakt i høve ordningsarbeid
- Delaktig med henting og avleveringar av arkiv til IKA Møre og Romsdal
- Kontaktmøte med kulturavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune

**Fagleg arbeid**
Vidareutvikling og kvalitetssikring av arbeidsmetode på utstyr og programvare er ein viktig del av arbeidet til SEDAK. Opparbeiding av eit fagleg nettverk knytt opp mot dette arbeidet har vore prioritert.

**Faglege besøk**
Riksarkivet, Seksjon for digitalisering og konservering, Oslo
Geomatikk, digitaliseringsavdelinga, Trondheim
PhaseOne AS, Köln, Tyskland

**Bemanning**
I tillegg til leiar Ottar Andre Breivik Anderson har Sølvi J. Knudsen jobba med digitaliseringsarbeid av SEFRAK arkivet for Møre og Romsdal fylkeskommune.

**Ekstern verksemd**
Presentasjon til Regional kultursamling, Høgskolen i Ålesund
Presentasjon av digitaliseringsteknikk til Liaaen-brørne
Besøk frå Art Nouveau nettverk, Riga Latvia

**Søknader**
SEDAK var delsøkar i søknad til Norsk Kulturråd i høve arbeidet med ordning/digitalisering av privatarkivet til Liaaen. Søknaden har blitt sett på vent sidan Norsk Kulturråd omorganiserer tildelingane sine til privatarkiv gjennom tippemidlane.

**Kurs – konferanse**
- Capture One software, Phase One (1 dag), Oslo
- Konferanse digitalarkiv 2014, Geomatikk, (2 dagar), Trondheim
- Fagdag felles autoritetar og URI, Riksarkivet (2 dagar), Oslo
- Photokina, fagmesse, (3 dagar), Köln, Tyskland

# 10. KURS, KONFERANSAR OG ANDRE ARRANGEMENT

## 10.1 Kontaktkonferansen

Konferansen var på Grand Hotel i Kristiansund 27.- 28. mai. Det var 75 deltakarar frå 32 kommunar, fylkeskommunen og Ålesund havnevesen. I tillegg var det ti personar frå IKAMR og fire eksterne foredragshaldarar.

Eksterne foredragshaldarar: (Bilete henta frå Internett)


*Gudmund Valderhaug*


*Erik Andås*


*Torbjørn Nystadnes*


*Astrid Øksenvåg*

Tema var:
- Orientering om arbeidet ved IKA Møre og Romsdal ved Arnt Ola Fidjestøl, IKAMR
- Mellom barken og veden - Arkiv og fagetikk
  ved Gudmund Valderhaug, høgskolerektor ved Høgskolen i Oslo og Akershus.
- Dei nye avleveringsrutinane til IKAMR – Kvifor og korleis? ved Vibeke Lunheim, IKAMR
- Gjennomgang av de nye bevaringsreglane ved Erik Andås, IKA Trøndelag IKS
- Dialogkafe – Dei nye bevaringsreglane
- Revisjon av EPJ-standarden med hovudvekt på kapittel 5, arkivuttrekk
  ved Torbjørn Nystadnes, seniorrådgjevar ved Helsedirektoratet
- Digitaliseringsarbeid for kommunen - kva kan SEDAK gjere?
  ved Ottar A. B. Anderson, IKAMR/SEDAK
- Avleverte arkivsystem – kva er statusen på IKAMR sine uttrekk ved Torbjørn Aasen, IKAMR

- ”Innsyn i uttrekk” – Demonstrasjon av tilgjengelegheita til avleverte data ved Torbjørn Aasen, IKAMR
- KS SvarUT – digital post til innbyggjarar og næringsliv ved Astrid Øksenvåg, rådgjevar og dagleg leiar i EKOR
- Spørjetime – Spørsmål sendt inn f rå kommunane – svart på i plenum

Besøk av munkane var eit artig og populært innslag.



*Vibeke Torbjørn Åsta Gunnar Ottar*
Foto: Arnt Ola Fidjestøl

Gunnar Morsund var som vanleg ein framifrå Quizstyrar.

Quiz-vinnarar



Fotograf: Ottar André Breivik Anderson

Vi tok imot evalueringsskjema frå 56% av deltakarane. Det var litt blanda tilbakemeldingar. Nokre var veldig fornøgde, andre litt misfornøgde. Det var mange interessante tema, men alle tema var ikkje like interessant for alle. Mange meiner at det mest positive med konferansen er at ein får treffe kollegaer frå andre kommunar og kan dele erfaringar. Dette er ein viktig samlingsplass.

Til no har konferansen blitt heldt på omgang mellom fire faste plassar. I 2015 møtest vi i Molde, men i 2016 kan vi kanskje prøve ein ny plass. På konferansen kom det forslag om Geiranger, Finnøy, Bjørnsund, Herøy, Smøla og Vestnes.

## 10.2 KAI-konferansen

Kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen) var i 2014 i Bodø, med arkiv i Nordland som vert. Konferansen hadde tre hovudtema - tenester på nett, privatarkiv og arkivdanning. Konferansen samlar tilsette frå kommunearkivinstitusjonar over heile landet. I tilknyting til konferansen vert det lagt diverse samarbeidsmøte for desse arkivinstitusjonane. IKAMR var på konferansen representert ved Vibeke Lunheim, Torbjørn Aasen, Guro Flø og Arnt Ola Fidjestøl. Lunheim deltok på eigarmøte Arkheion. Fidjestøl deltok på leiarmøte og var møteleiar på eigarmøte i Arkivplan.no. Aasen deltok på nettverksmøte eArkivar.

## 10.3 Andre IKA arrangement: Seminar, kurs og foredrag

- I mars kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst
- I mai kurs i elevdokumentasjon for SS7-kommunane
- I mars kurs i ordning, føring og avlevering for skulane og PPT i Herøy kommune
- I oktober på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune kurs i ordning og avlevering for dei vidaregåande skulane i fylket
- I september på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune eit testkurs i ordning og avlevering for Molde vidaregåande skule og Kristiansund vidaregåande skule
- I mars kurs i ordning og avlevering for merkantilt tilsette i fylkeskommunen.
- Grunnkurs i arkivplan.no for Nordmørsregionen
- Grunnkurs i arkivplan.no for Sunnmørsregionen
- Grunnkurs i arkivplan.no for Romsdalsregionen
- Foredrag om arkivplan.no og bevaringsmodell på IKA Trøndelag sin kontaktkonferanse
- Foredrag om arkivplan.no og bevaringsmodell på IKA Møre og Romsdal sin kontaktkonferanse
- Arkivplanveke i veke 48 med deltakarar frå Rauma, Stordal og Skodje

# 11. DELTAKING I UTVAL, REDAKSJONAR, PROSJEKT OG MØTE

**Betty, Riksarkivet**
Betty er Arkivverket og KAI-sitt nye plansystem for oversikt over arkivdanning og uttrekk/deponering av papir- og elektroniske system. Betty er allereie sett i drift i Riksarkivet og kan settast i drift hjå andre arkivinstitusjonar (utsett oppstart pilot til 2015). For meir informasjon sjå under punkt 9.3.

**KDRS/Riksarkivet**
Utforming av felles prosesser og rutinar for digitalt skapt materiale.

**SAMDOK-prosjektet**
Riksarkivet har sett ned tre grupper for oppfølging av Arkivmeldinga. Desse skal arbeide med strategi som skal gi retning til arbeidet framover. Gruppene fordeler seg på følgjande satsingsområde:

Kommunale arkiv
Privatarkiv
Arkiv i e-forvaltning

Fidjestøl deltok i gruppa for Privatarkiv. Han deltok på fem møte i 2014. I tillegg deltok han på ei studiereise til Stockholm i regi av dette prosjektet der ein besøkte Centrum for Næringslivshistorie.

Aasen deltok i prosjektet "Ny metodikk for bevaring og tilgjengeleggjøring" for å betre uttrekk og bevaring av desse for kommunane. Han deltok på workshop i Bergen i mars.

Aasen har sendt informasjon til arbeidsgruppe for "Kartlegging av digitalt skapt materiale". Denne gruppa har metodikk og skjema for registrering og kategorisering av elektroniske system som IKAMR vil nytte saman med kommunane.

**Standardiseringsprosjektet**
Vibeke representerer IKAMR i standardiseringsprosjektet. Målet med prosjektet er å utarbeide ein standardisert og eintydig registrering av kommunale, fylkeskommunale og private arkivskaparar og arkiv. Føremålet er å lette tilgongen til arkivinformasjon for vanlege arkivbrukarar. "Arkivarar bør søke å fremme størst mulig tilgang til arkivmateriale" (Yrkesetiske retningslinjer for arkivarar, nr 6).
Standarden gjeld for alle arkiv uansett medium.
Prosjektgruppa har hatt fire møte. IKAMR har deltatt på tre.

**Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurs Senter (KDRS)**
IKAMR deltok på to KDRS elarkivseminar på DORA i Trondheim, åtte telefonmøte med KDRS elarkivgruppe og eitt møte om IKAMR implementering av prosjektet KDRS prosessar og rutinar. Fidjestøl deltok på eitt eigarmøte.

**Arkivarforeningen**
Lunheim var i 2014 leiar i Arkivarforeningen , ei fagpolitisk foreining under Forskerforbundet. Styret har hatt åtte ordinære styremøte i 2014. I tillegg har det vore eitt arbeidsgruppemøte 28. oktober. To av styremøta ble halde via Skype, og tre av møta vart halde i tilknyting til andre arrangement/styreseminar.

**Fagbladet Arkheion**
Vibeke sat som redaktør for haustutgjevinga av Arkheion. Det var ikkje andre møte enn eigarmøtet i Bodø i 2014.

**KS sin faggruppe for arkiv**
Fidjestøl deltok på to møte.

**Referansegruppe KS sitt FOU-prosjekt – om handtering av dokumentasjon i EPJ/sakarkivsystem**
Fidjestøl deltok på to møte derav eitt telefonmøte.

**Leiarmøte for kommunale arkivinstitusjonar**
Fidjestøl deltok på to leiarmøte.

**Arkivplan.no**
Fidjestøl deltok på eitt møte med NORSE Digital der verktøyet vart presentert for Riksarkivet med tanke på framtidig samarbeid.

**Kommunesamarbeidsmøte Møre og Romsdal**
Aasen deltok på møte med IKT-Orkide om ePhorteuttrekk i mars.

**Møte med fylkeskommunen og Sunnmøre Museum i høve flytting av Fylkesfotoarkivet frå Sunnmøre Museum til IKA Møre og Romsdal**
Fidjestøl og Aakvik deltok på tre møte med fylkeskommunen og Sunnmøre Museum.

**ASTA-stiftelsen**
Fidjestøl deltok på to møte som vararepresentant i styret.

**Samhandling med Statsarkivet i Trondheim**
IKAMR har hatt telefon- og e-postdialog med Statsarkivet i Trondheim og Ulstein, Hareid, Ørsta, Volda, Herøy, Ålesund og Kristiansund kommunar etter tilsyn i desse. Tema var gjennomgang av elektroniske sakarkiv- og fagsystem i arkivplan og planlegging av uttrekk og innlevering til digitalt depot i IKAMR.

**Møte med fylkeskommunen og folkemusikkmiljøet om IKA Møre og Romsdal si rolle i folkemusikkarkivet si framtid**
Fidjestøl og Aakvik deltok på to møte.

**Møte ROR-IKT (Romsdal Regionsråd)**
Fidjestøl deltok på to møte om arkivplan.no.

**Møte med Riksarkivet og ROR_IKT**
Fidjestøl deltok på møte om Noark5.

**IKA Kongsberg**
Fidjestøl deltok ved opninga av IKA Kongsberg sitt nye bygg Archon.

# 12. KOMPETANSEUTVIKLING

- KDRS SQL elarkivkurs i Trondheim - Aasen
- ICA årlege konferanse "Archives and Cultural Industries" i Girona - Lunheim
- Arkivarforeningen sitt vårseminar og generalforsamling. Tema Storingsmelding om arkiv - Lunheim
- Workshop metodikk for bestandsanalyse og samfunnsanalyse som grunnlag for bevaringsplanar for privatarkiv - Lunheim

# 13. PUBLIKASJONAR/SKRIV

- Prosedyre for IKA Møre og Romsdal. Ordning, føring og avlevering av offentlege arkiv og av dei privatarkiv som er pålagde å følgje arkivlova og arkivforskriftene ("Hjelpeheftet")
- 25 artiklar på IKAMR si nye heimeside. Ny heimeside vart teken i bruk frå mai.

# 14. NYE NETTSIDER

Sommaren 2014 vart IKAMR sine nye nettsider ferdigstilt. Åsta Vadset og Ottar André Breivik Anderson har samarbeidd med webutviklar NyMedia i Trondheim om nettsidene, som har fått eit moderne og enkelt grensesnitt

# 15. ARKIVDAGEN 2014

Arkivdagen blir arrangert kvart år og er eit samarbeid mellom arkiv i heile Norden og omfattar alle typar arkivinstitusjonar. Hensikta med Arkivdagen er å vekkje interesse for arkiva som samfunnet sitt minne – både for fortid og framtid.




Arkivdagen 2014 ved IKAMR, med "Fotografiet 175 år" som hovudtema, vart eit vellukka arrangement 8. november.

Skal vi tru dei som forsøkte å telje var det nesten like mange til stades som i fjor, dvs. minst 150 personar innom arrangementet i Kirkegata 10b.

Programmet var stort. Det var fotoutstillingar, demonstrasjon av ulike kamera og DIS-gjengen hadde ekstra dugnad. I Kirkegata 10b var Britt Walle Ekroll sitt foredrag om "Kvinnemoter i Ålesund i 1914" avgjort høydaren. Det var "stinn brakke" og tung luft i det lille møterommet i 3.etg., heilt frå opninga då fotoarkivaren hadde ein kursdemo i korleis ein søker i fotodatabasen. Det var romslegare og betre luft då det fotofaglege høgdepunktet vart presentert av historikar Roger Seemann Erlandsen i auditoriet i Sunnmørsposten seinare på ettermiddagen.



Frå utstillinga med fotograf Martin Velle sine premiebilete.
(Fotograf: Ottar André Breivik Anderson)


Roger S. Erlandsen (t.v.) heldt hovudforedraget under Arkivdagen 2014. Medialektor Gaute Hareide til høgre.
(Fotograf: Ragnar H. Albertsen)



Britt Valle Ekroll sitt foredrag om moter anno 1917 var eit høgdepunkt!
(Fotograf: Ragnar H. Albertsen)


"Stinn brakke" under moteforedraget
(Fotograf: Ragnar H. Albertsen)


Frå "Barnerommet".
(Fotograf: Ottar André Breivik Anderson)


Utan mat og drikke.....
(Fotograf: Ottar André Breivik Anderson)

# 16. OVERSIKT OVER DEPONERT ARKIV I 2014

Diagrammet viser tal på hyllemeter arkivmateriale som vart deponert i 2014.
Lista er sortert etter kommunenamn.




| Kommune | Avleveringar | Hyllemeter | Eldre arkiv | Privat | Personregister |
|---|---|---|---|---|---|
| Averøy | 1 | 29,2 | 28,3 | 0,0 | 0,9 |
| Eide | 1 | 26,8 | 0,0 | 0,0 | 26,8 |
| Fræna | 1 | 12,6 | 1,1 | 0,0 | 11,5 |
| Hareid | 2 | 48,7 | 42,0 | 0,0 | 6,7 |
| Herøy | 2 | 101,8 | 100,6 | 0,0 | 1,2 |
| Molde | 1 | 24,1 | 11,1 | 0,0 | 13,0 |
| Nesset | 1 | 24,2 | 24,2 | 0,0 | 0,0 |
| PPT for Sunndal, Tingvoll og Nesset | 1 | 4,5 | 1,5 | 0,0 | 3,0 |
| Private aktører | 7 | 60,0 | 0,0 | 60,0 | 0,0 |
| Skodje | 1 | 10,0 | 8,0 | 0,0 | 2,0 |
| Smøla | 1 | 9,4 | 0,0 | 0,0 | 9,4 |
| Storfjorden PPT | 1 | 1,1 | 0,0 | 0,0 | 1,1 |
| Stranda | 2 | 5,9 | 0,0 | 0,0 | 5,9 |
| Sula | 3 | 13,8 | 3,0 | 0,0 | 10,8 |
| Sunndal | 1 | 3,6 | 0,0 | 0,0 | 3,6 |
| Sykkylven | 2 | 12,0 | 9,0 | 0,0 | 3,0 |
| Syns og audiopedagogtjenesten Nordmøre | 1 | 4,3 | 0,2 | 0,0 | 4,1 |
| Tingvoll | 1 | 0,3 | 0,0 | 0,0 | 0,3 |
| Ulstein | 1 | 1,5 | 1,5 | 0,0 | 0,0 |
| Vanylven | 1 | 5,8 | 0,0 | 0,0 | 5,8 |
| Volda | 3 | 51,4 | 13,5 | 0,0 | 37,9 |
| Ørskog | 3 | 32,4 | 23,9 | 0,0 | 8,5 |
| Ørsta | 2 | 32,2 | 6,0 | 0,0 | 26,2 |
| Ålesund | 3 | 98,8 | 91,0 | 0,0 | 7,8 |
| | | | | | |
| **Sum** | 43 | 614,4 | 364,9 | 60,0 | 188,6 |

# Fortid
# & notid
# for framtid

Arkiv og kulturformidling

ika Møre og Romsdal
Arkiv og kulturformidling

ika Møre og Romsdal
Arkiv og kulturformidling




# Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal
# Kommunevis oversyn

Vedlegg til årsmelding 2014

## Innhald

1. Det faglege arbeidet til Møre og Romsdal - kommunevis oversyn ... 3
1.1 Aukra kommune ... 3
1.2 Aure kommune ... 3
1.3 Averøy kommune ... 3
1.4 Eide kommune ... 4
1.5 Fræna kommune ... 4
1.6 Giske kommune ... 4
1.7 Gjemnes kommune ... 5
1.8 Halsa kommune ... 5
1.9 Haram kommune ... 6
1.10 Hareid kommune ... 6
1.11 Herøy kommune ... 6
1.12 Kristiansund kommune ... 7
1.13 Midsund kommune ... 7
1.14 Molde kommune ... 8
1.15 Møre og Romsdal fylkeskommune ... 8
1.16 Nesset kommune ... 8
1.17 Norddal kommune ... 9
1.18 Rauma kommune ... 9
1.19 Rindal kommune ... 10
1.20 Sande kommune ... 10
1.21 Sandøy kommune ... 10
1.22 Skodje kommune ... 11
1.23 Smøla kommune ... 11
1.24 Stordal kommune ... 12
1.25 Stranda kommune ... 12
1.26 Sula kommune ... 12
1.27 Sunndal kommune ... 13
1.28 Surnadal kommune ... 13
1.29 Sykkylven kommune ... 14
1.30 Tingvoll kommune ... 14
1.31 Ulstein kommune ... 14
1.32 Vanylven kommune ... 15
1.33 Vestnes kommune ... 15
1.34 Volda kommune ... 16
1.35 Ørskog kommune ... 16
1.36 Ørsta kommune ... 16
1.37 Ålesund kommune ... 17

# 1. DET FAGLEGE ARBEIDET TIL MØRE OG ROMSDAL - KOMMUNEVIS OVERSYN

## 1.1 Aukra kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Aukra kommune har per 31.12.2014 ikkje avlevert personregister til IKAMR bortsett frå at dei er tilhøyrande i serien PPT Aukra, Midsund, Molde og Nesset kommune. Serien er plassert under Molde kommune då dei var vertskommune for arkivet.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister, to arkivfaglege/administrative førespurnader.

**Digitale arkiv:** Ingen registrerte uttrekk av digitale arkiv.

## 1.2 Aure kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 fire registrerte førespurnader om avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og to førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Aure kommune har per 31.12.2014 avlevert 25,5 hyllemeter personarkiv. Ingen avleveringar i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister, to arkivfaglege/administrative førespurnader og to førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
6 system (Kontor 2000, BV-Pro, Socio, FSYS3000) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
1 søk i arkivpakke Aure og Tustna etter førespurnad frå Aure kommune.
Vurderer nytt uttrekk frå WinMed.

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.

## 1.3 Averøy kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 to registrerte førespurnader om avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ein førespurnad om innsyn/kopi av deponert personregister.

Averøy kommune har per 31.12.2014 totalt deponert 41,3 hyllemeter personregister til IKAMR. Ei avlevering på 0,9 hyllemeter i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 to registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister, to arkivfaglege/administrative førespurnader og to førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv (slektsgransking).

**Digitale arkiv:**
2 system (Kontor 2000, BV-Pro) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.

## 1.4 Eide kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 tre førespurnader om avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og fire førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Eide kommune har per 31.12.2014 avlevert totalt 31,9 hyllemeter personregister til IKAMR. Av desse er 26,8 hyllemeter avlevert i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, to arkivfaglege/administrative førespurnader frå kommunen og ein førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP (Gerica).
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.

## 1.5 Fræna kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrert førespurnad om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og seks førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Fræna kommune har per 31.12.2014 deponert totalt 27 hyllemeter med personregister til IKAMR. Av desse er 11,15 hyllemeter avleverte i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ein registrert førespurnad om godkjenning av avleveringslister, ti arkivfaglege førespurnader og fem førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.

## 1.6 Giske kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ein registrert førespurnad om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og fire førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Giske kommune har per 31.12.2014 totalt deponert 21,2 hyllemeter. Ingen avleveringar i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ein registrert ny førespurnad om godkjenning av avleveringslister, ingen arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ein førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
12 system (Profil, Oskar, Bokbase, Ergfbase, Marsofie, Marthe, Omsorg, Omssofie, Flyktning, Ostiltak, Osksofie, Walter) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP. Planlagt prøveuttrekk frå Acos Websak.




*__Hjelpeheftet__*
*Det er laga eit eige hefte for ordning, føring og avlevering. Heftet blei delt ut til alle kommunane på kontaktkonferansen.*



*__Kurs i ordning, føring og avlevering__*
*Saman med fylkeskommunen heldt vi kurs for dei vidaregåande skulane om ordning og avlevering av arkiv.*

Foto: Guro Flø, IKAMR

## 1.7 Gjemnes kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og sju førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Gjemnes kommune har per 31.12.2014 deponert 16,7 hyllemeter personregister til IKAMR. Ingen avleveringar i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, fem arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ingen førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.

## 1.8 Halsa kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Halsa kommune har per 31.12.2014 totalt deponert 2,4 hyllemeter personregister frå PPT Surnadal, Rindal og Halsa. Dette materialet står plassert under Surnadal kommune.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ingen arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ingen førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.

## 1.9 Haram kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ein førespurnad om innsyn/kopi av deponert personregister.

Haram kommune har per 31.12.2014 deponert 38 hyllemeter med personregister. Ingen avleveringar av personarkiv i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ingen arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ein førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:** Ingen registrerte uttrekk av digitale arkiv

## 1.10 Hareid kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 fem registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og åtte førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Hareid kommune har per 31.12.2014 deponert 35,7 hyllemeter. Av desse vart 6,7 hyllemeter avlevert i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 fem registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, tre arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ein førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:** 1 system (Kontor 2000) deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).

**Elles:** I mars var IKAMR på synfaring ved arkivet i kommunen. I mai 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for SS7-kommunane.

## 1.11 Herøy kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 elleve registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og to førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Herøy kommune har per 31.12.2014 deponert 62,5 hyllemeter personregister. 1,2 av desse vart avlevert i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 17 registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, fem arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og fem førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
2 system (Lotus Notes Cinet Symfoni) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
1 nytt SIP uttrekk i 2014 (Lotus Cinet Symfoni).

**Elles:** I mars var IKAMR på synfaring hjå arkivleiar i kommunen. Same dagen heldt IKAMR kurs i ordning, føring og avlevering for skulane og PPT i Herøy kommune. I mai 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for SS7-kommunane.



***Faste avleveringsveker***
*Frå 2014 skal avleveringar skje i fastsette veker. Desse vekene kan vere hektiske og det er viktig at flyttekassene og arkivboksene er godt merka.*

Foto: Guro Flø

## 1.12 Kristiansund kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 13 registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og fire førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Kristiansund kommune har per 31.12.2014 deponert 130,75 hyllemeter personregister. Av desse vart 24,7 hyllemeter avlevert i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 10 registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, tolv arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og fem førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
6 system godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.
2 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.

## 1.13 Midsund kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrert førespurnad om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnad om innsyn/kopi av deponert personregister.

Midsund kommune har per 31.12.2014 totalt deponert 20,9 hyllemeter personregister. Personarkiv frå PPT Molde, Midsund og Aukra som er plassert under Molde kommune haldast utanom.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 registrerte ingen nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ingen arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen.

**Digitale arkiv:** Ingen registrerte uttrekk av digitale arkiv.

**Elles:** I februar var IKAMR på synfaring hjå arkivansvarlege i kommunen.

## 1.14 Molde kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 seks registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og 16 førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Molde kommune har per 31.12.2014 deponert totalt 104,5 hyllemeter personregister. Av dei vart 13 hyllemeter avlevert i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 seks registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ein arkivfagleg eller administrative førespurnad frå kommunen og to førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:** 1 system (Forum Winsak) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.

**Elles:** I oktober var IKAMR på synfaring hjå arkivleiar i kommunen.

## 1.15 Møre og Romsdal fylkeskommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 to registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og 57 førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Møre og Romsdal fylkeskommune deponert 178,75 hyllemeter med personregistermateriale. Ingen avleveringar i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 tre registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ingen arkivfaglege eller administrative førespurnader og ingen førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
4 system (Lotus Notes postjournal på 30 og 65 databasar, 2 stk. InfoDent) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
1 system (ODA barnevern) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.

**Elles:** IKAMR heldt kurs for dei vidaregåande skulande i fylket og representantar frå fylkeskommunen i ordning og avlevering av arkiv i oktober.

## 1.16 Nesset kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og tre førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Nesset kommune deponert 18,55 hyllemeter. Ingen avleveringar i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 tre registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, fem arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ingen førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.







***Bruk av arkivet - kunstnar***
*Den danske biletkunstnar Elsebeth Jørgensen leita hjå IKAMR etter materiale til utstillinga "Frå arkivet" som blei utstilt på Jugendstilsenteret/Kunstmuseet Kube i Ålesund.*
Foto: Ragnar H. Albertsen, IKAMR

## 1.17 Norddal kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Norddal kommune har per 31.12.2013 deponert totalt 5,8 hyllemeter med personregister ved IKAMR. Norddal kommune har ikkje deponert personregister i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, fire arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ein førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:** 1 system (MD-Forlik) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.

## 1.18 Rauma kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Rauma kommune har per 31.12.2014 deponert 80,9 hyllemeter til IKAMR. Ingen avleveringar i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, tre arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og to førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:** Ingen registrerte uttrekk av digitale arkiv. Planlagt uttrekk frå BV-PRO.

## 1.19 Rindal kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Rindal kommune har per 31.12.2014 deponert 11,6 hyllemeter til IKAMR. Ingen avleveringar i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ingen arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ingen førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:** 2 system (Kontor 2000) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.

## 1.20 Sande kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ein førespurnad om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Sande kommune deponert 34,3 hyllemeter personregister til IKAMR. Sande kommune deponerte ikkje personregister i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ein arkivfaglege eller administrative førespurnad frå kommunen og ingen førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system (Kontor 2000) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.
1 system (Kontor 2000) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP

**Elles:** I mai 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for SS7-kommunane.

## 1.21 Sandøy kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ein registrert førespurnad om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Sandøy kommune deponert totalt 10,2 hyllemeter. Ingen avleveringar i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, tre arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og to førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system (Forum Winsak) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.
1 system (Forum Winsak) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.

## 1.22 Skodje kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 fem registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnad om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Skodje kommune deponert 16,8 hyllemeter personregister til IKAMR. Av desse vart 2 hyllemeter avlevert i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 13 registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, sju arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og to førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
3 system (2 stk. Kontor 2000, NIT Kontorsak) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.
5 system deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
1 nytt SIP uttrekk i 2014 (ESA sakarkiv-system).

## 1.23 Smøla kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 fire registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Smøla kommune deponert 9,4 hyllemeter personregister. Desse vart avleverte i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ein arkivfagleg eller administrative førespurnad frå kommunen og ingen førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.






***Bruk av arkivet – turistguidar***
*20 medlemar av Ålesund Guideforeining var på besøk hos IKAMR. Dei fekk omvising i magasina og orientering om kva som finst i arkiva og på nettet.*

Foto: Ragnar H. Albertsen, IKAMR

## 1.24 Stordal kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Stordal kommune deponert 5,7 hyllemeter personregister. Stordal kommune deponerte ikkje personregister i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ingen arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ein førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:** Ingen registrerte uttrekk av digitale arkiv

## 1.25 Stranda kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 åtte registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og to førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Stranda kommune deponert totalt 22,7 hyllemeter med personregister til IKAMR. Stranda kommune avleverte 5,9 av desse i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 to registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ein arkivfagleg eller administrativ førespurnad frå kommunen og to førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:** Ingen registrerte uttrekk av digitale arkiv.

## 1.26 Sula kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 tre registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og fire førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Sula kommune har per 31.12.2014 deponert 49,8 hyllemeter personregister til IKAMR. Av desse vart 10,8 hyllemeter avleverte i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, tre arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og to førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
4 system (Humanus, Familia, Kontor 2000, NIT Kontorsak) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.
2 system deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
Planlagt uttrekk av Acos Sosial.
Vurderer nytt uttrekk frå Kontor 2000.

## 1.27 Sunndal kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 fire registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og to førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Sunndal kommune deponert 72,5 hyllemeter med personregister til IKAMR. 4,8 av desse hyllemeterane vart avleverte i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, to arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ingen førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
2 system (Kontor 2000, MD-Forlik) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.
1 system deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.

## 1.28 Surnadal kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ein registrert førespurnad om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og ingen førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Surnadal kommune har per 31.12.2014 deponert 12,9 hyllemeter personregister til IKAMR. Ingen avleveringar av personarkiv i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, seks arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og to førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.



***Grunnkurs i arkivplan.no***
*IKAMR heldt tre kurs i 2014 om arkivplan.no. Kursa vart halde i Ålesund, Molde og Kristiansund.*



***Arkivplanveke – veke 48***
*Fleire kommunar kom til IKAMR i Ålesund for å jobbe med arkivplanen. På biletet tilsette hjå Stordal kommune.*

## 1.29 Sykkylven kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 to registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og tre førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Sykkylven kommune deponert 26,6 hyllemeter personregister. Av dei vart 3 hyllemeter avleverte i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, to arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og fire førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
3 system (sakarkiv mapper, BvPro) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
3 nye SIP uttrekk i 2014 (sakarkiv mapper, BvPro).
Planlagt uttrekk ePhorte.

## 1.30 Tingvoll kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 fire registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og to førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Tingvoll kommune har per 31.12.2014 deponert 26,4 hyllemeter personregister til IKAMR. Av dei vart 0,3 deponert i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, fem arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ingen førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
3 system (Kontor 2000, BV-Pro, MD-Flyktning) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
1 system deponert SIP som historisk database ePhorte (avslutta saksarkiv).
Planlagt uttrekk ePhorte (Orkide).

**Elles:** I mars 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for IKT ORKidé Oppvekst.

## 1.31 Ulstein kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ein registrert førespurnad om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og fire førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Ulstein kommune deponert 15,4 hyllemeter personregister. Ingen avleveringar i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, seks arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ein førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system (NIT Kontorsak/Kontor 2000) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.
4 system deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
1 nytt SIP uttrekk i 2014 (BvPro).

**Elles:** I mai 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for SS7-kommunane. Fidjestøl hadde møte med kommunen vedkomande oppfølging av Statsarkivet sin tilsynsrapport.

## 1.32 Vanylven kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og to førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Vanylven kommune deponert 30,5 hyllemeter personregister. Av desse vart 5,7 deponerte i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 fem registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ingen arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og ingen førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
4 system (2 stk. NIT Kontorsak, MS-Sosial, Gerica) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.
4 system deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.

**Elles:** I januar var IKAMR på synfaring hjå arkivleiar i kommunen. I mai 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for SS7-kommunane.

## 1.33 Vestnes kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ein registrert førespurnad om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og fire førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Vestnes kommune deponert 34,8 hyllemeter personregister til IKAMR. Vestnes kommune deponerte ikkje personregister i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 ingen registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ein arkivfagleg eller administrativ førespurnad frå kommunen og ein førespurnad om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:** 1 system (MF-Forlik) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.

**Elles:** I juli var IKAMR på besøk hjå arkivleiar i kommunen.



***Avskjedslunsj***
*IKAMR og fylkesbiblioteket tek avskjed med Arnt Ola* *Foto: Ragnar H. Albertsen, IKAMR*

## 1.34 Volda kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 fem registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og to førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister

Per 31.12.2014 har Volda kommune deponert totalt 55,8 hyllemeter personregister til IKAMR. Av desse vart 37,9 hyllemeter avleverte i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 to registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, fire arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og fem førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
3 system (2 stk. Kontor 2000, NIT Kontorsak) godkjent ferdig arkiv AIP i digitalt depot.
3 system deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.

**Elles:** I mai 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for SS7-kommunane.

## 1.35 Ørskog kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 åtte registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og to førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Ørskog kommune deponert 15,6 hyllemeter personregister til IKAMR. Av desse vart 8,5 hyllemeter avlevert i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 16 registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, ein arkivfagleg eller administrativ førespurnad frå kommunen og to førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:** 1 system (Forum Winsak) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.

## 1.36 Ørsta kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 ni registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og åtte førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Ørsta kommune deponert 57,4 hyllemeter personregister. Av desse vart 26,2 hyllemeter avleverte i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 fem registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, tre arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og fem førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system (Kontor 2000) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
Planlagt uttrekk frå fagsystem.

**Elles:** I april var IKAMR på synfaring ved arkivet i kommunen. I mai 2014 heldt IKAMR kurs i elevdokumentasjon for SS7-kommunane.

## 1.37 Ålesund kommune

**Personregister:** IKAMR mottok i 2014 17 registrerte førespurnader om godkjenning av avleveringslister og etikettar til ordning av personregister for deponering, og 28 førespurnader om innsyn/kopi av deponert personregister.

Per 31.12.2014 har Ålesund kommune deponert 332,5 hyllemeter personregister til IKAMR. Av dei vart 7,8 hyllemeter deponert i 2014.

**Eldre arkiv:** IKAMR mottok i 2014 53 registrerte nye førespurnader om godkjenning av avleveringslister, 40 arkivfaglege eller administrative førespurnader frå kommunen og 32 førespurnader om innsyn/kopi av eldre arkiv.

**Digitale arkiv:**
1 system (Sosial avslutta Access database) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
4 system prøveuttrekk frå MSSQL backup (Unique: Marthe, Omsorg, Oskar, Profil) deponert lagra SIP i digitalt depot, ikkje ferdig arkiv AIP.
Vurdere uttrekk frå Familia og Profil.



***Avskjedsgåver***
*Det blir mange middagar av dette!*



*Flott glasskål i fargane til IKAMR*



***Klar for ny jobb***
*Startar 1. januar 2015 som ny fylkesarkivar ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane*

Foto: Ragnar H. Albertsen, IKAMR

# Fortid
# & notid
# for framtid

Arkiv og kulturformidling

ika Møre og Romsdal
Arkiv og kulturformidling

# HOVUDUTSKRIFT

## FOR

## SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

## REPRESENTANTSKAPSMØTE

---

Møtedato: 7. november 2014
Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.53

---

Som medlemmer møtte:
Per Kristian Furø, Karly Ingunn Teige
Knut Erik Engh, Eli Skaatun
Anders Riise
Dag Vaagen

Følgande medlemmer møtte ikkje: Arnulf Goksøyr, Camilla Storøy Hermansen, Magne Gurskevik, Annika Brandal og Annbjørg R. Frågodt

Som varamedlemmer møtte: Tor-Sindre Steinsvik (for Goksøyr), Kjell Runde (for Hermansen, minus sakene R16/14, R17/14 og R18/14), Renathe Rossi-Kaldhol (for Gurskevik) og Linda Dyrhol (for Frågodt)

Frå styret møtte:
George Fulford, Einar Warholm, Edel K. Goksøyr, Margaret Leinebø og Ole Andreas Sæther

Frå administrasjonen møtte:
Einar Heimdal, Laila Fure og Martine Holm

Andre som møtte:
Revisor Einar Giljarhus Løkken

---

Saker som vart handsama: Sakene R11/14 – R18/14

---

Forts.

**Vedtakssaker:**

**SAK NR R11/14**
**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**Vedtak samr.:**
Innkallinga og saklista vart godkjend.

**SAK NR R12/14**
**VALG AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)**

**Vedtak, samr.:**
Eli Skaatun og Anders Riise skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

**SAK NR R13/14**
**BUDSJETT 2015 INKL. GEBYRREGULATIV FOR 2015**

I budsjettet for 2015 er det ikkje lagt opp til gebyrendring på renovasjonen i forhold til 2014, medan prisen på slamtøming for private tankar blir redusert. I budsjettet er det for renovasjonen lagt opp til eit overskot på vel 3 millionar kroner. Hovuddiskusjonen i budsjettsaka vart om nedgravde løysingar.

**Vedtak, samr.:**
1) Representantskapet vedtar budsjettet og gebyrregulativet for 2015 med følgande endring: Abonnementsgebyret for nedgravde løysingar vert sett likt med standardabonnementet.
2) Representantskapet ber kommunane intensivere arbeidet med å utarbeide felles reglar for nedgravde løysingar, herunder finansiering av slike anlegg gjennom utbyggingsavtaler.

Forts.

**SAK NR R14/14**
**ØKONOMIPLAN 2015 – 2018**

I økonomiplanen er det lagt opp til 0 % årleg gebyrauke i åra framover. Miljøstasjonar er lagt inn i økonomiplanen, men investeringstidspunkta er foreløpig litt usikre. Renter og avskrivingar er berekna ut i frå sannsynlege investeringstidspunkt, inkl. litt bufferar på renteutgifter.

**Vedtak, samr.:**
Representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2015 – 2018.

**SAK NR R15/14**
**UTBYGGING AV NYTT HOVUDANLEGG**

Det har etter kvart blitt klart at ein har to alternative måtar å løyse utfordringa med utbyggingar på. Det eine alternativet er å bygge nytt hovudanlegg i Dragsund eller der omkring. Det andre alternativet er å bygge ut på og rundt eksisterande anlegg i Saunesmarka, pluss nye lokalmottak i Herøy og i Sande.

**Vedtak, samr.:**
1) Representantskapet vedtar å arbeide vidare med planlegginga av den alternative løysinga – utbygging og ombygging av eksisterande anlegg i Saunesmarka og nye miljøstasjonar i Sande og Herøy.
2) Representantskapet ber også Herøy kommune om snarast råd, og seinast innan 15. mars 2015, avklare framtidig utnytting av industriarealet i Myrvåg samt ein tidshorisont på når dette området kan vere byggeklart.
3) Representantskapet handsamer saka vidare på neste møte.

**SAK NR R16/14**
**ANBOD REVISORTENESTER**

**Vedtak, samr.:**
Representantskapet vedtar at revisortenester for selskapet blir lagt ut på anbod vinteren 2015 og at saka kjem opp att som vedtakssak våren 2015.

Forts.

**Orienteringssaker:**

**SAK NR R17/14**
**ØKONOMISK RESULTAT ANDRE TERTIAL OG ESTIMAT / PROGNOSE FOR 2014**
Generell orientering om økonomien i 2014, utan at det vart gjort vedtak i saka.

**SAK NR R18/14**
**ORIENTERING OM DRIFTA I SSR V/STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR**
Generell orientering om div. saker, inkl. «Neste generasjon SSR», utan at det vart gjort vedtak i saka.

---

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Ulsteinvik, 17. november 2014

Knut Erik Engh
representantskapsleiar

Eli Skaatun

Anders Riise

Einar Heimdal
dagleg leiar

**Fra:** Einar Heimdal [mailto:einar@reinhaldsverket.no]
**Sendt:** 19. mars 2015 14:08
**Til:** Arnulf Goksøyr; Camilla Storøy Hermansen; Camilla Storøy Hermansen 2 (camillash@tussa.com); per.kristian.furo@rolls-royce.com; kingteig@online.no; Magne Gurskevik (magne.gurskevik@klevenmaritime.no); elskaatu@online.no; eli.skaatun@helse-mr.no; Knut Erik Engh (kee@marinteknikk.no); Knut Erik Engh (knutengh@hotmail.com); Anders Riise (anders.riise@hareid.kommune.no); Annika Brandal 1 (annika.brandal@gmail.com); Annika Brandal 2 (annika.brandal@hareid.kommune.no); Annika Brandal 3 (annika.brandal@ulstein.kommune.no); Dag Vaagen (dag.vaagen@sande-mr.kommune.no) ; Linda Dyrhol (lisold@online.no)
**Kopi:** Tor Sindre Steinsvik; Kjell Runde; kjell.runde@ulstein.kommune.no; Olaug Andreassen; olaugandreassen@hotmail.com; solveig.baatsvik@gmail.com; Renathe Rossi-Kaldhol; perly.pedersen@tussa.com; heidi.strand@tussa.com; heidi.strand@ulstein.kommune.no; dag-audun.eliassen@husqvarnagroup.com; siv.kaldhol@hareid.kommune.no; hs@brimer.no; Jostein Støylen (jostein@vkus.no); Einar G. Løkken (einar.lokken@bdo.no) ; Camilla Fylling Moltu (Camilla.Moltu@bdo.no); George Fulford (fulford@fpadvokat.no) ; Einar Warholm (einar.warholm@dimo.no) ; Edel Kvalsund Goksøyr; Edel K. Goksøyr p (edelkg@hotmail.com); Margaret Leinebø (margaret.leinebo@sparebanken.no); Håkon Vestnes (heiakon@outlook.com) ; Gro Anita Engh (gro_anita.engh@rolls-royce.com); Ole Andreas Sæther (ole.andereas@gmail.com); Helene Jessen; Laila Fure; Rune Tarberg; Jostein Husøy; Sentralbord SSR; Vetk2; Vekt1; geir.moldskred@tussa.com; Jan Berset (ordforar@ulstein.kommune.no) ; Olaus-Jon Kopperstad; Einar Vik Arset (einar.arset@ulstein.kommune.no); Bent Arild Grytten (bent.arild.grytten@hareid.kommune.no); Asbjørn Moltudal (asmo@sande-mr.kommune.no); Jarl Martin Møller; Jon Rune Våge; Arne Runar Vik (arne.runar.vik@ulstein.kommune.no); Nils Yngve Nupen (nils.nupen@hareid.kommune.no); Oddbjørn Indregård (oi@sande-mr.kommune.no); Kjell Martin Vikene (kmv@sande-mr.kommune.no); ytre@smp.no; redaksjon@heroynytt.no; redaksjon@vestlandsnytt.no; endre@vestlandsnytt.no; redaksjon@vikebladet.no; sande.kommune@sande-mr.kommune.no; postmottak; Postmottak Ulstein kommune (postmottak@ulstein.kommune.no); Postmottak Hareid kommune (postmottak@hareid.kommune.no)
**Emne:** SSR - Neste møte i repr.skapet + ferdigsignert protokoll frå 7/11-2014

Hei !

Vedlagt finn de signert protokoll frå møtet i representantskapet 7. november 2014.

Neste møte i representantskapet er fastsett til tirsdag 12. mai 2015 kl. 10.00 i Saunesmarka, Ulsteinvik.

Ha ei fin veke vidare!

Med helsing
Einar Heimdal
SSR